

FLORA I SELBU
GREND A OG FOLKET

AV

BARDO FLAKNE

BOKA ER UTGJEVI AV GRENDA VED

EI NEMND SOM HAR SØKT

OG FATT STØNAD

FRA DESSE:

SELBU SPAREBANK

FLOREN HANDELSFORENING

TRONDHJEM ELEKTRISITETSVERK

THOMAS ANGELLS STIFTELSE

SELBU KOMMUNE

SATS, TRYKK,
KLISJEER OG BIND
AKTIETRYKKERIEET I TRONDHJEM
TRONDHEIM 1970

Føreord

Når boka om heimgrenda mi Flora i Selbu no kjem ut, er det mange eg har å takke for god hjelp.

Boka, som i første rekkje er ei gards- og ættesoge for grenda, er bygd på dei vanlege kjeldene for lokalhistorisk granskning, på munnleg tradisjon og anna lokal opplysning i dokument, blad og bøker.

Arbeidet med boka har gått på i fleire år og har vori drivi som fritidsarbeid. Det vart teki opp etter oppmoding av direktør Olav Hogna som og har gjevi stort og verdifullt tilskot til arbeidet. Hogna har utført mest alt arkivarbeid og såleis lagt til rette ein stor part av tilfanget. Bror min, lærar O. B. Flakne, som har liggjande bygdehistorisk stoff han har samla, har og vori til hjelp. Hjelp er og yda med biletstoffet og korrekturlesinga.

Så vil eg få takke dosent Bjørkvik for Føreord, nemnda som har teki seg av utgjevinga av boka, dei som har gjevi økonomisk stønad til trykkinga og grendefolk for godvilje og stor interesse.

Bardo Flakne.

Ein av dei mest trugne slitarane innanfor den store flokken av sjølvværdede lokalhistorikarar her i landet, vestlendingen Nas Lauvskard, såg som 75-åring tilbake på livsvegen sin, og han konkluderte med at «dei åri eg arbeidde med bygdeboki er dei rikaste eg har livt. Det var som å sjå ut yver eit stort lende der bygdi og bygdefolket stig fram gjenom hundreåri» (Heimen VII, s. 418). Gløymt var det tunge slitet og nattarbeidet, gløymt var dei personlege forsakingane og oppofringane, den elendige økonomien. Han gjorde alt arbeidet

gratis og kunne berre takka for at han slapp å bera prentekostnadene; det var heradstyret som tok dei på si kappe. Korleis kunne han då seia at desse tunge slitaråra hadde vori dei rikaste han hadde levd? Han har sjølv gjevi svaret: «Ingen kjenner det sterkare enn den som er burte frå barneheimen, kor alle hans finaste hjarterøter er fastgrodde i fedrajordi. Aldri kann me gløyma den gamle garden ... , og der til stundar me til vår døyande dag, um so stovedøri er stengd fyr oss, og ingen av våre hegnar um dei minnerike stader» (Samnanger. Soga um bygdi, gardarne og ætterne, 1930, s. 157).

Det var kjærleiken til heimebygda og heimegarden som gav Lauvskard inspirasjon og dreiv han til verket. Og den ekte kjærleiken krev ikkje, den er berre innstilt på å gje. Den grunnen han var runnen av, var heilag jord, heimen var eit tempel. Dette gav perspektiv over livet, og det gav kvardagen og slitet meining; «forsona koma atter gamle tankar.» Ein av dei yngre lokalhistorikarane, og samstundes ein av dei fremste faghistorikarane her i landet, har funni ord for den same grunnkjensla med eit konkret og målande bilete. På heimegarden står enno tre gamle eiker, som «må ha fylgt garden gjennom hundreåra. Dei sto der den gong det budde folk på Espeland og Gamle Øygarden, på Lille Mykland og Lauvås. Dei sto der då Ola Mikkelson kom til garden og den gong det vart reist ei lita firkanta kyrkje i skoghollet vest for Oppistog. Dei sto der då Vrål Tellefsen vendte heim etter å ha sont straffa på Akershus, og den gong då stor-Notto og Ragnhild Gunnarsdotter tok poteter aust i jordet i Nedistog. Vår forteljing om Myklandsgarden sluttar i 1966. Men dei tre gamle eikene skal fylgje Myklandsgrenda vidare inn i komande hundreår, då også vår generasjon høyrer fortida til» (Knut Mykland:

Myklands historie. Gard, ætt, grend, 1967, s. 107).

Kvar på sin måte har den sjølv lærde amatørhistorikaren og den universitetsutdana faghistorikaren gjevi uttrykk for dei same tankane. Det som er sams, er nett kjærleiken til heimegarden og forståinga av det verdet det har å få klårlagt røtene og ættelinene bakover.

Den same grunninnstillinga, kjærleiken til bygd, grend, gard og plass, er også merkande hjå *Bardo Flakne*. Han har teki for seg Floragrenda i Selbu, ikkje noko stort samfunn, avstengt og ukjent for dei fleste. Men nett fordi det er heimegrenda som Flakne kjenner ut og inn, føler seg knytt til og dregen mot, har forteljinga fått liv. Og det at grenda er lita, har ein føremon: Flakne har kunna dra inn dei minste detaljar og fletta dei inn i heilskapen. Dei framfarne generasjonane stig fram for oss, ikkje berre gardbrukarane, men også plass-

mennene og dei som stod lenger nede på den sosiale stigen, vi lærer dei å kjenna, og vi får forståing av dei forholda dei levde under og dei vanskane dei hadde å stri med. Og det blir alt i alt mange generasjonar og tusentals menneske som ned gjennom hundreåra har hatt tilknytning til grenda, har vorti fødte her, har vaksi opp, har dregi ut og kanskje følt den såre lengten og draginga tilbake, har vorti førde til den siste kvila. Meir enn noko anna er det Bardo Flaknes store fortene at han har greitt å få fram breidda, variasjonen, samklangen og vekslinga mellom generasjonane. Det ville vori uråd om han ikkje sjølv hadde følt seg så sterkt bunden til grenda og heimegarden. Det er også forklåringa på at han kunne gå inn i eit så tidkrevjande arbeid og gjennomføra det utan godtgjersle av noko slag.

Framstillinga gjev inntrykk av å kvila på eit solid kjeldegrunnlag, og dei viktigaste kjeldekategoriane til gards- og bygdesoga er arbeidde inn og utnytta på ein skjønnsam måte (lens- og futerekneskapar, matriklar, jordebøker og folketeljingar, tingbøker, pantebøker, skifteprotokollar og kyrkjebøker). Verdfullt er det også at stoff frå bygda er fletta inn i så høg grad. Det gjeld tradisjon, opplysningar om gardgrenser o.a., men det gjeld i første rekkje den systematiske innsamlinga og fine presentasjonen av det rike namnematerialet i grenda. Her er det gjennomført eit innsamlingsarbeid av høg kulturhistorisk verdi.

Boka om Floragrenda er Bardo Flaknes verk, og han fortener takk, både av grendafolket og av historisk interesserte utanfor bygda.

Trondheim i januar 1970.

Halvard Bjørkvik.

Med denne boka er eir verdfullt kulturhistorisk materiale sikra for ettertida og komande slekter. Når dette har vori mogleg, så kan det tilskrivast forfattaren, Bardo Flakne. Hans djupe interesse for historie og historisk gransking har her komi den lokale historia til gode.

Som lærar i Flora i 46 år, var han ein sentral mann i grenda og vart millom anna bindelekk millom den lokale tradisjonen på den eine sida og vår felles historiske arv på den andre. Med denne spennvidda i perspektivet gav han alle oss som hadde den glede å sitje framfor kateteret hans, mange ugløymande timar. I denne boka vil elevane hans få friska opp att mange av dei soger og segner han fortalde.

Heile dette arbeidet er utført utan godtgjerdsle av noko slag. Det er kjærleiken til heimstaden, og truskapen mot tradisjonane hos forfattar og hjelpesmenn som her har gjevi rik grøde. Vi er lykkelege over at grenda har fostra menn som utan eigennytte kunne ta på seg så stor ei oppgåve. Alle vi som er runne av bygdesamfunnet i Flora, har røter attende som bind oss til staden. Og vi veit alle difor å verd- setje denne boka.

Med stor vørndnad for det arbeidet som er lagt ned, og i glede over at boka no kjem ut, takkar vi frå hjarta dei som med dette har gjevi oss del i denne rike historiske arven.

Utgjevingsnemnda.



Bardo Flakne.

Grenda

NATURTILHØVE

Flora i Selbu er ei lita bygd langt oppe i Neadalføret, opp mot Tydal. Frå grendene Gressli og Hilma i Tydal er dalen svært trong nedover og ubygd og med tjukke granskogen på b e sider. S a vidar dalen seg ut med flater langs elvbreiddene og djuplendte bakkar og lier og l agare lende i utmarka slik at det var lugumt for busetting av gard som med tida utvikla seg til ei fager grend og fekk det vakre namnet «Frol». Sj olve dalretninga er slik at det vart god solgang i grenda, det vaks godt, og «bl omde i lier». B ade haver og bygg modnast og gav gr ode b ade for folk og fe.

Slik ligg denne vesle dalbygda i dag og, som ei lita perle i den tronge renna elva Nea har gravi ut  t seg i berglandet. Ja, for straks nedanfor grenda, der tverrelva Us ma smett framgjennom ein trong dal fr a fjellheimen mot Gauldalen, der knip dalen seg atter saman med illbratte, h oge og ofte berglendte bj orger p a b e sidene av den vassrike elva. Men ho g ar med jamn straum i dalbotnen. Fr a Gresslifossen i Tydal og like ned i «S al asj oen», eit strok p a over 3 mils lengde, er det ikkje s a mykje som eit meterh ogt fossefall. P a vintertida hadde ein da og den finaste isveg ein kunne  nskje seg her heile dalen oppover til fossar og stryk tvinga folk p a land. Etter elva er det fari sommars tid og, med t ommerfl atar og plankfl atar som vart losa nedover under flaum. Og i eldgammal tid har truleg den lette elvb aten, sauma ihop av skinn, vori nytta b ade ned- og oppover elva. Namnet p a elvstryket «E-e» (Eidet) tyder p a det.

Elva var ellest ikkje   sp oke med. Etter eit d ogns silregn, eller

i seine vårflommar vart ho mektig stor og stengte mest for all overferdsel, for elva er så brei, at det fanst ikkje bru over henne frå gammalt før ein kom opp til Hilmo i Tydal. Om vinteren var elva heller ikkje å lita på alltid. Linnver med regn kunne føre til at ho gjorde isdam og kom brytande med bulder og brak heilt oppe frå Krokane eller like frå Gresslifossen og strauk ut i Kvitlene i Øverbygda og enda lenger somtid. Da kunne ho gjera stor skade og var til stort mein for ferdsla.

Dalføret på dette stroket mellom Selbu hovudbygda og Tydal går i nordleg retning. I same retning har Flor-markene si største utstrekning, 18-19 km frå Bukkhammaren i sør til tverelva Rotla i nord. Andre vegen, aust-vest, rekk dei nok ikkje så langt, berre 7-8 km. Heile flatevidda er kring 135 km².

Mesteparten er fjell og ryer eller anna lite nyttbar mark. Høge fjell ligg og stengjer på alle leider mest og gjerder bygda inn.

Bukkhammaren ligg i sør og er høgst av fjella, nær 1100 m. Her grensar Flora mot Haltdal kommune. Det er gammal vegleid over fjellet her til Gauldal. Her kom general Armfeldt med storhæren sin i 1718 og her har bygdefolk køyrd kvernsteinane som dei selde på Røros. Her har det og fari hopar av onnefolk frå Stjørdal og andre fjordbygder, folk som tok arbeid kring Røros.

Mot vest er og flormarkene avgrensa av fjell, her mot hovudbygda.

Her ligg Bringen og ruvar i landskapet mest like høg som Bukkhammaren. Lenger nord ligg Vorfjellet som tøyser seg like fram mot dalsida og stengjer for utsynet.


Frå Vorfjellet held høgdedraget fram nordover langs dalsida og lagar grenseskil.

Ved Ørås går grensa over dalen, og held fram over Våttåfjellet på nordre side. Her stod Øråsveten. Og ein meir ideell plass for ein vete kunne ein knapt finne.

Frå Våttåfjellet går grenselina i Roda, som lagar naturleg grenseskil mellom markene, Ved Svartbekken støyter Flora mot Rotldal statsallmenning. Sidan er det fjell att som set skil. Her ligg tre store fjell:

Gruvfjellet, Måltoppfjellet og Melshogna. Melshogna er 1033 m høg. Dei andre eit par hundre meter lågare. Alle tre ligg frampå dalsida og stengjer på denne leia, som Vorfjellet gjer det på den andre.

Gruvfjellet har namn etter Gammalgruva. Det vart funni malm her i 1708, og i 1719 var Koparverket i full gang med smelthytte på Mølnå. Malmvegen gjekk etter ryane mellom dei to dalføra, og over Øråsen og ned i dalen ved Rolset. Elles køyrde dei etter elvane når det var isveg.



Parti frå Flora.

På Melshogna støyter Flora mot Tydal kommune. Herfrå går grensa etter beine liner over dalen mot Bukkhammaren. På nordsida kjem grensa ned omlag midtveges mellom grendene. Den nær mila lange elvbjørga her kallest Kubjørga. Her gjekk allmannvegen i nær hundre år og var audkjend for sine mange kroker og svingar og bratte brauter. I den tronge dalglipa elva her har gravi ut står Hegsetdammen som demmer opp ein sjø som rekk oppover til Hilma. Damfestet ligg på nordre side på Flora sin grunn. På sørsida ligg det på Hilma, da grenselina på denne side går lenger vest.

På sørsida elva er landskapet lågare med myrer og skogåsar i jamn stigning mot fjellet. Her ligg bureisningsfeltet Nekåbjørga.

Frå fjell og myr leitar bekkene seg fram mot dalen, lagar vatn og innsjøar og fell til slutt i «Storelva» som bekker, åer eller elvar. Størst av dei er Rotla som kjem frå Roddalen og renn i Nea ved Rolset. Nest største elva er Usma som kjem frå Bukkhammaren. Ho lagar Usmsjøen som ligg like under fjellet. Renn så rett mot vest til ho møter Garåa som kjem frå Bringen. Held så fram gjennom den djupe og tronge Usmdalen.

I Usma har det vori fløtt tømmer frå utgammal tid. I 1890-åra bygde Th. Angells stiftelser, som eig mesteparten av skogen langs elva, fløtingsdam for Usmsjøen.

Ei mindre elv kjem frå Lid-Kalvsjø ved Bringen. Det er Råna som

renn bak Vorfjellet og stuper utfor elvbjørga i ein prektig foss eit stykke nedanfor Usma. Framande som reiser gjennom dalen stanar gjerne for å sjå den veldige fossen, om elva går i flom. Det har ho truleg gjort da Gerhard Schønning reiste her i 1773, for han omtaler fossen i reiseskildringane sine, «en artig cascade», skriv han.

Lengst nord renn Storbekken ut for bergsvada i elvbjørga nede ved Eidet og lagar grenseskil mot Øverbygda.

Gjer me så eit hopp attende, har me oppe mot Hilmo ei lita elv som heiter Nekåa. Ho kjem frå Evsjøen og renn i Nea etter eit stutt men nifst elvefar som truleg har gjevi elva namn. Også her har det vori fløtt tømmer. Huitfeldt som åtte skogen her kosta på elva i 1920-åra og bygde dam for sjøen, og det vart sidan fløtt tømmer her i mest 30 år, til vegar og bilar tok over. Etter den oppdemde sjøen kunne dei fløte tømmeret frå myrane langt innafor. Nedanfor dammen sørgde damvatnet for å skysse tømmeret på Storelva. Men Nekåa var ei hard fløtingselv som gjorde kål på mang ein spir, men var likevel lønsom.

Så eit par ord om Fjoromsbekken. Han kjem ned midt i bygda og er grensebekk mellom Neset og Uthus - Tuset si utmark. Nede i dalbotnen renn bekken vestover under elvbjørga og blir kalla Melabekken etter garden der den renn i Nea. Denne part av bekken er omtala i ei rettssak på Neset 1750 og er kalla Krokbecken som høvde godt, så mange krokar bekken gjorde her før han vart beinka.

På nordre side dalen er det berre mindre åer og bekker. Størst er Hærdalsåa eller Halvdagsåa. Ho kjem frå Måltopptjønna og renn etter ei lita dalskor ned Kubjørga til ho stuper i elva. Det er ellest mange bekker i Hegsetbjørga, som den part av Kubjørga som høyrer til Flora kallest. Ein har Brannbekken, Hellbekkene og Øybekken som er dei største. Hellbekkene har truleg namn etter «heller». Dei renn tett saman og køyrer seg i elva utfor eit meir enn 30 meters høgt stup, medan Øybekken pilar ned etter ei renne i berget som etter ei kverntro. Ned i grenda på denne sida kjem tre større bekker. Den største kjem ned midt i grenda og kalles t Brynnåa. Dei andre to er Hegsetbekken og Kvennbekken ved Flaknan. I alle tre har det vori kvernhus. Men Kvennbekken var industribekken over dei alle. Der stod det 5 kvernhus og ei tystampe i siste halvpart av førre hundreåret. Bekken kjem frå Øråstjønna som dei hadde dam for. Opphavleg har bekken hatt utlaupet sitt i elva lenger nede ved Flakne-Engene der ei grein av han framleis går. Men bekken er truleg frå gammalt grøfta mot garden for å gje kvernvatn. Til slutt skal ein nemne Øråsbekken eller Vollabekken ved Øråsvollen.

I Rotlbjørga, som dei kallar Flormarkene nord ved Roda, har me alt nemnt Svarvbekken som renn gjennom Svarttjønna. Frå Kjerringtjønna og Elgtjønna renn det bekker med namn etter tjønnene. Største bekken her er Libekken som kjem frå Grossvolltjønna og renn ned Låsane.

Flora er ei typisk skogsbygd. Myr og fjell dekker rett nok mesteparten av området, men her er kring 60 000 da barskog, og av det 50 000 som er produktiv. Ståande kubikkmasse er rekna til 200 000 m³ med ein årleg tilvekst på rundt 4000 m³ brutto.

Skogen veks godt i dei tronge dalane og kan nå svære dimensjonar, som t.d. kjempegrana dei hogg i Buåsдалen nedanfor Flaknan i 1908. Ho var 25" på 14 alen og heldt 9" på 46. Der hadde grana kløft med spir som heldt 4" på 6 alen. Lengda på grana er rekna til 37 m og massen til 7 m³.

Jordsbruket har vori viktigaste næringsvegen, og den samla dyrkajorda er på ca. 1500 dekar. Jordsmonnet er leir, aur og myr. Nedbørsmengda er på 795 mm og medeltemperaturen 7°. For sommarmånadene juni-august er temperaturen 13°. Nedbør og temperatur ligg godt til rette for jordsbruket, og det veks godt.

Frå gammalt har det vori 11 gardar i Flora, ført i matrikkelen under numra 108-117. 8 av dei gamle bruka ligg på nordsida elva og 3 på den søre sida. No er det 44 bruk, jamnt fordelt på dalsidene. Vel fjerdeparten er bureist i 30-åra, mest alle på bureisningsfeltet Nekåbjørga. Feltet, som ligg på Bakkmyrane, ligg omlag 400 meter o.h. Men her blir fullmogi korn *i* normale år. Likeeins potet. Dalbotnen ligg på ca. 250 o.h. Det blir varmt om somrane *i* den tronge dalgryta, og ein reknar med årvisst kornavling.

Storfonna i Vorfjellet ligg rett nok langt utover somrane, men når ho til slutt tinar bort etter først å ha delt seg *i* to, har åkeren skoti aks. Derfor heiter det frå gammalt: «Når det er ku og kalv i Vor'n, er det måttå korn i Flor'n.»

OLDFUNN

Det er i sjølve Flora ikkje gjort mange oldfunn som kan tidfestast serleg langt attende. Ingen gravhaug er påvist, og ikkje noko sikkert gravfunn er gjort frå før-kristen tid.

Men at folk har ferdast i traktene heilt attende til steinalderen viser ein pilspiss av skifer som er funnen 500 meter nordaust frå Bellingsjøen


i Bukkhammaren. Såvidt ein kan skjønne er det på Flortrakter. Men funnet er gjort av ein haltdaling, og det er registrert som Haldalsfunn.

Utanom pilspissen som er omtala ovafor, er det og i dei

aller siste år funni ein pilspiss, av skifer. Det var oppe på Øråsmarka, og den er innlevert og registrert av Vetskapsselskapet i Trondheim. Like eins ei jarnøks fra vikingtida, på Skogan øvre, sør for husa.

Eit tilslipa steinstykke - mest som eit avbroti handtak av eit eller anna handfeng - vart funni av John Olsen Flakne i 1855 Jd han grov kjellar under stugulåna sine. Han tok vare på funnet og det er registrert i våre dagar. Det er av kvartsit, og det er gissa på at det har vori bruka til hein.

Det er elles i grenda gjort funn i jorda av heinar på ein 2-3 stader, etter det folk har fortalt. Det låg fleire saman og ein stad var dei nokså lange og grannvorne, men av fin blåheintype. Heinene er alle «forhågå» og inkje er registrert.



Øks frå vikingtida, funni på Skogan øvre,

Ymse funn av jarn, som godt 'kan vera gamle, er og gjort, men desse funna er vonde å tidfeste. Merkelegast er kanskje tre sakser, på skap som vanlege sausakser funni i Branden og på Fossen. Den eine av dei skilde seg ut ved at det på handtaket var påfesta nokre metalringar til stas. Konservator Pettersen sa at dei kunne gå att på 1400- talet, men at forma var den same også langt tilbake i jarnalderen.

ELDSTE GARDEN I GRENDA

I dei fleste grender er det svært vanskeleg, for ikkje å seie umogeleg, å finne fram til med noko nær visse kva for ein gard som er den eldste eller kvar den eldste garden låg.


Det finst fleire vegar til å røkje etter dette: gardsnamna eg alderen på dei, storleiken på gardane, arki vgranskingar, kva tradisjonen seier, og så bortetter.

Det er ikkje uvanleg at den eldste garden set namn på grenda eller bygda. Dersom me i dag hadde hatt ein - og berre ein - gard med

namnet Flora, hadde det vori eit omlag sikkert prov for at det var eldste garden i grenda, Men no finst det ingen gard med namnet Flora eller eit liknande namn.

Frå gamle dokument i Riksarkivet i Oslo går det fram at det i gammal tid, og heilt fram til omlag 1600, fanst ein gard med eit slikt namn.

I 1520 er nemnt ein gard Ffroell (N. R. J. Bind II s. 194). I 1559 er nemnt garden Fraal (Liste over skipsskatten av Trondhj. len 1557- 59), og i 1593 er nemnt garden Ffrolen (Ludvik Muneks jordebok over ledingen 1592-93).



Slagbord for oppstandarvev, funni under skoggrøfting på Brynnåmyra, Tuset austre.

Det er ingen tvil om at grendenamnet kjem frå denne garden da grenda på den tid heitte det same (Friol, Frolen, Ffrolen osv.), og den dag i dag seier tydalingane Frola.

Men så står det att å finne ut kva gard det var som heitte slik:

Me kan truleg sjå bort frå gardane på sørsida av elva, for den første busettaren ville knapt slå seg ned på «husmåssåsida».

På solsida er Flaknan, Uthus, Tuset, Bjørka og Hegset gamle gardar. Tuset er den garden me finn først nemnt i arkiva. I erkebiskop Aslak Bolts jordebok som er frå åra 1430-1440 står det:

«af Thufuasætre ½ mr. wegin b.f.

«½ spann j Friol.

Det var i tidsbolken 600-1000 svært vanleg å gje gardsnamna endinga -set i Trøndelag, men nyare tids gransking viser at gardar med denne endinga som regel er bureisingsbruk i utkanten av ein eldre gard. På reint språkleg grunnlag kan en difor seie at både Tuset og Hegset er gått ut frå ein gard i Flora som er eldre. Det finst heller ingen ting i arkiva eller tradisjonen som peikar i den lei at korkje Tuset-gardane eller Hegset har skift namn.

Uthus derimot treng ikkje vera noko opphavleg eller sers gammalt namn, Uthus tyder den ytre garden akkurat som Utigarn, Utistugu osv. Namnet kan komme av at den er ytste garden i ei grend, eller den ytste av 2 gardar som opphavleg har vori ein, men som seinare er delt. Det ser ut til at professor Rygh i sitt verk «Norske Gaardnavne» har

nøgd seg med den første forklaring. Han seier: «Den ydre Gaard, «den ligger nederst i Florens Hovedgrænd».

Lat oss sjå nærare på det:

I Ludvik Muneks jordebok som Jigg ved lensrekneskapen for året 1592-93 og finst i Riksarkivet, er ledingen ført opp med:

(Same liste finst omlag ubrigda for 1590-91).

Flagne	4	mc S (dvs. smør)		mc miell
Froren	16	«	«	F c <
Ness	8	«	«	1/2 < <
Hegsett	11	«	«	r c <
Udhus	16	«	«	F c <
Tuersett {	8	«	«	1/2 < <
Tuersett				
Birckenn	1 1/2	«	«	2 1/2 mc <

Me skal seinare sjå at det truleg er eit mistak i denne lista, men dette kan ein ikkje seie for visst. Lat oss difor først gå ut frå at lista er heilt rett.

Her er altså alle dei gamle gardane i den eigentlege Florgrenda nemnt. Båe Tusetgardane er nemnt, men berre ein Uthusgard. Kva annan gard kan då «Froren» vera enn ein av Uthusgardane?


Froren og Uthus svara som me ser nett like stor leding. Det bn tyde på at dei har vori ein gard og så vorti delt på 2 sysken ein gong i tida. Men som nemnt, er det helst truleg eit mistak i desse to ledingslistene, og denne slutninga har ein kome til i samråd med Riksarkivaren. Også i det høvet fører vegen fram til Uthus.

Truleg vart gardsnamnet Frolog Uthus brukt om kvarandre om ein og same gard på denne tida. Døme på ein slik «kamp» mellom to gardnamn finst frå fleire stader i landet. Etter ei tid får så det eine namnet overtaket, og det andre namnet går i gløyme eller - som i dette høvet - går att som grendenamn. Den som har skrivi ledingslista kan me gå ut frå ikkje har vori lokalkjent i Flora, og så har både «Froren» og «Udhuss» kommi med enda det var ein og same gard.

Når ein er kommen til denne slutninga så er det av desse grunnar:

I dei skattelistingene som finst frå denne tidsbolken der *namnet på brukarane* er ført opp, finst aldri «Froren» og Uthus på *same lista*, Anten finst det berre «Froren» eller berre Uthus.

I rekneskapen for Steinvikholm len for 1548-49 står det: «Iffuer



Hestgreie, okskrok og kløftreke,

paa Uthus», og berre 10 år seinare, i lista over skipsskatten av Trondheims len for 1557-59 står det: «Iffuer paa Fraal». Altså heiter brukaren det same i båe høve.

Den første skattelista som finst etter 1592-93 er frå 1600, men korkje der eller i seinare lister er nemnt garden «Froren». Så framt den var slegi saman med ein annan gard, skulle ein ha venta å finna at ledingen for den garden hade auka med 16 merker smør og 1 pund mjøl. Men ledingen er den same som før for alle gardane.

Hovudregelen var at ledingen var 8 merker smør pr. spann landskyld. Det går mellom anna fram av ei klage frå bøndene i Gauldal i 1575 då lensherren Evert Bild ville auke ledingen til 12 merker. Landskylda for Uthus (dei 2 gardpartane) var på 2 spann, og det høver til ein leding på 16 merker smør. Av lista frå 1592-93 ser me at Uthus og Froren tilsaman har 32 merker smør i leding, altså 16 merker pr. spann. For Tuset (båe gardane) var ledingen 8 merker smør og landskylda 1 spann. For Hegset var ledingen 11 merker smør og landskylda 1 spann 1 øre (1 spann = 3 øre), og det svarar til 8 merker smør pr. spann. Sjølvom det aldri var nokon *heilt sikker* samanheng mellom storleiken på landskylda og ledingen

fordi somme gardar fikk ledingen utrekna etter særreglar, peikar

like vel dette sterkt i den lei at «Frorem) og «Udhuss» i listene frå 1590-åra er ein og same gard.

Det var gjerne slik at eldste garden i ei grend vart den største garden.

Heilt til Uthusgarden vart delt for godt i 1660-åra, var han den største garden i Flora. Han var den einaste som i alle jordbøkene vart ført opp som «fullgard». Grensa for ein «fullgard» var frå 1648 ei landskyld på 2 spann, men i alle lister som finst, er bonden på Uthus rekna som «fullgardsbonde». Dermed hadde han og utetter ein høgare sosial standard enn dei andre bøndene i grenda.

Av det me no har gått igjennom, er ikkje noko prov funni som er så sterkt at det *åleine* er fullgodt til å peike ut Uthus som den eldste garden i Flora, men alle prov peikar i same lei, og det er difor ingen grunn ta å tvile på at Uthus er den eldgamle Frol-garden, og som har gjevi grenda namn.

Kvifor namnet kom bort er ikkje godt å seie, men det er ikkje uvanleg at eit gardsnamn kjem bort, men går att som grendenamn eller bygdenamn.

Mest truleg er det at den opphavelige Frol-garden ein gong i eldgammal tid har vorti delt i to gardar - på same måten som Uthus vart det i 1660-åra - og slik har den ytste fått namnet Uthus. Etter *ei* tid har gardane vorti slegne saman att, og dermed vart det bruk for berre eitt namn og dermed sigr smått om senn Uthus-namnet.

NÆRINGSVEGAR GJENNOM TIDENE

Dei naturlege næringsvegane *i* grenda er jordsbruk, jakt og fiske og skogsbruk. Ved sida av dei har gruvedrift og den eldgamle kversteinsdrifta spela ei viktig rolle, så lenge dei vara.

Når det gjeld jordsbruket, kan ein gå ut frå at det alt frå første stund har vori eit viktig grunnlag for levemåten. Det er truleg at den første jorddyrking var å grava opp den første vesle åkerreita. Desse var lagt i solvendte bratte lier og bakkar, gjerne ved sida av vollen eller jordet bureisaren etter kvart rydda kring husa. Og åkeren var på same rom år etter år, også etter han kom inn på jordet. Om det gamle reitbruket har ein minne *i* stadnamna Retinn på Ørås og i Øverdalen, ein fjellgard nord for Rotla. På båe stadene ligg reitene til sides for jordet og har i seinare tid vori bruka til engslætte. Nede i hovud-



Smørtraug, ostkjerald, smørform og smørøskjer.

grenda og har ein minne frå reirbruket. Det er på Tuset-gardane. Der har dei første åkrane legi på toppen av liene, oppe i kammene dei kallar, der ein enno kan sjå åkerreinene.

Ved sida av jordsbruket har jakt og fiske vori viktige næringsveggar, for bureisarane truleg den viktigaste. Det har vori nøgda av fugl og anna vilt dei kunne fange i snarer og feller, - jaga eller lure seg innpå med skott. Større dyr fanga dei i dyregraver som ein har minne om i stadnamn som Elsgrovane i Nesmarka i Flora og Grovane og Grava i grannegrendene. Truleg skriv namn som Elgslåttinn og Elgstjønninn seg og frå denne fangstmåten.

Etter fisken vart det slengt i bekker, tjønn og elvar, og dei freista storfisken med frosk eller små-fisk i hølær og norer i flom og regnver. Og dei traska i lyng og fynne til sjøar og fjellvatn og freista fisken med oter og line. Men likaste fisket var tidfisket. Da vart storfisken teken med lyster på tidstadene i Nea, og i tidbekkene vart fisken jaga i hov og bekkryskjer eller teken med hendene.

Tidstadene og tidbekkene var verdfulle lunnende som hørde gardane til, og som dei ugjerne ville misse. Ein som fekk tidbekken sin øydelagt av sutlvatn frå Gammalgruva sa at han heller ville ha mist ei ku enn å misse bekken. No var det vel med tidfisket som med alt anna at det ikkje slo til like godt alltid, det var storvarpa som vart hugsa og fortalt. Det var og stor skilnad på tidstadene. Tidfisket var i full gang til slutten av førre hundreåret, og det er fleire soger om storfiske. Ein småbrukar som hadde tids tad like ved jordet sitt er det fortalt det om at det hende han tok så mykje fisk på kvelden at han hadde stor møde med å bera han til gards. Men storvarpet skal ein eg så vidt hug-

sar ha gjort. Han råka på ein stim som var på sig nedover elva. Han stappasåmangehan vann, og sprang så til næraste tidstad. Slik heldt han på til det gråna av morgonen, og da hadde han teki så mykje fisk at det var jamgodt med slaktet av ein bagge.

Men korkje fiske, jakt eller jordbruk kasta større av seg i pengar, Mest alt saman gjekk til hushaldet og vart eti opp på garden. Det einaste dei kunne vende i mynt av jakta, var skinn og pelsverk.

Men så hadde dei skogen, og den har dei siste 400 år gjevi varer dei kunne bytte i mot pengar eller ting dei laut ha'. Dei eldste produkt skogen har gjevi, må ha vori never og tjøre. Både desse ting var seljande vare i byen, og arbeidet både med neverløyping og tjørebrenning hadde sine onnetider. Tjøra vart brent i myr, og hol i myrane etter tjørebrenninga er enno å sjå. Tjøreflaken, som innretninga vart kalla, var ein lem av kløyvde furustokkar lagt over holet som var oppkasta. Dette måtte stå fyllt av vatn oppunder lemnen. På den vart så tjøremila lagt og ,brent. Tjøra rann så gjennom lemnen og sokk til botnen. Ei stor mile kunne gje fleire tynner tjøre.

Etter gruvene og smelthyttene kom i gang, kom arbeidet med kolbrenning og levering av settved.

Ved sida av alt dette har det vori levert tømmer på elvmelen frå lang tid attende, og det var leiglendingen som hogg tømmeret på garden sin. Etter lov og festebrev skulle det ikkje takast anna enn skrapskog til settved og kolmiler. Tømmerskogen skulle gå til sagbruka. Men tømmerhogginga har nok ikkje dreid seg om serleg store kvanta. Ei oppgåve frå Schøllersagene i 1770 har desse tal frå Flora:

Ørás, 10 tylfter, 2de Tuset, 23 tylfter, Flaknan, 25 tylfter, Bjørken, 15 tylfter, Neset 19 og Bakken, 20 tylfter. Frå dei benefiserte gardane Hegset og Uthus, austre, var det levert 24 og 36 tylfter. Uthus vestre hørde til Thomas Angell, og Langsmoen som var sjølveigar, er ikkje med i oppgåva.

Til gammal industri må ein nemna jarnblåsteren. At den har vori drivi i Flora har ein fleire vitnemål om. Både Neset og Flaknan har sin «Blisterås». Blisteråsen på Flaknan har vori seter. Her ligg ein stor slagghaug etter jarnblåsteren. Malmen er nok komen frå dei mange hola i myrane langs Øråstjønna. I Rotlbjørga er det og store slagghaugar. Om denne industri har vori drivi utover det smeden trong av jarn sjølv, er det vanskeleg å seie noko om.

Når det gjeld kvernsteinsarbeidet, veit ein ikkje kor langt attende itida det går, men det er i alle høve eldre enn gruvarbeidet. Alt først på 1600-talet er det likt til det var ålment kvernarbeid på gardane i



Langleik (1669), øldankar, ostkløft og mjølksil, trakt og kaffestrokk, smørform, våpen og mjølkflaske, Våpna etter bjørneskyttaren Ole J. Flakne.

Øverbygda. Gerhard Schøning skriv at selbyggene går til kvernarbeidet som til ei høgtid. Arbeidet var på vintertida. Det vart drivi til etter hundreårsskiftet. Kvernsteinsdrifta var på sitt høgste i siste halvpart av atten-hundreåret. Da skal rundt 300 mann ha arbeidd i kvernfjellet.

Flaringane hadde brota sine sør for Rotla på Rotlmelen, Svartåsen og Hundrya. I eldste tid braut dei kvernar nede i bygda og, i Kjerringberget. Og så var det kvernbrot i Fjellstugudalen. Da drifta var på det likaste, flytta floringane nordom Rotla og tok opp gamle brot på Floane. I eitt av dei stod det trekilar i berget, så dei laut hjelpe seg med enkle råder gammalkarene,

Om jordsbruket har ein opplysning frå Kvegskatten 1657. Det er ført opp 11 bruk i Flora med i alt 12 hestar, 103 storfe og 127 småfe.

Og etter matrikkelen for 1668 har gardane i Flora svara tidende med 13 tynner 6 ½ skjepp korn. Seinare år har nok vori skralare og gjevi ringare avling. I 1684 har tienden minka til 7 tynner 2 1½ skjepp korn, og i froståret 1687 til berre 1 1½ tynne. Dette året fraus kornet på Neset og Flaknan, Langsmoen og Øråsen og i Øverdalen og på Lunden.

Det gjekk ein kaldbolck over landet i slutten av 1600-talet som truleg gjorde sitt til at jordsbruket gjekk tilbake og at gardar van lagt øyde. Ved manntalet 1701 ligg Ørås øyde, og Langsmoen og på det næraste, og Tuset-gardane var slegne i hop og vart drivi under eitt.

Men no vart det arbeidsrørsle ved at koparverket kom i gang, og folketalet auka. Nokon oppsving kan ein likevel ikkje merke når det gjeld åkerbruket, men krøterhaldet har auka. Det var 10 hestar, 56 naut og 51 småfe i 1723. Ved matrikuleringa i 1824 var det 12 hestar, 75 naut og 172 småfe igrenda.

Samanlikna med auken i krøterhaldet dei neste 50 år, er dette mest for ingenting å rekne. Krøtertellinga i Flora 1875 gjev opp 20 hestar, 18 køyroksar, 254 naut, 304 sauer og 219 geiter.

No skriv noko av framgangen seg frå stinginga i antal bruk og folketal i same tida. Grenda auka da frå 21 bruk med 127 ibuarar i 1824 til 38 bruk med 234 ibuarar i 1875 og nådde topp med 264 ibuarar i 1900.

Aldri har myrane vori skråpa så langt til fjells, og aldri har beitet vori utnytta så vel som i siste halvpart av førre hundreåret.

Det var og litt framgang i korndyrkinga, men det billige innførte kornet gjorde folk mindre bundi til eigen avl. Potetdyrkinga gjekk derimot fram, så den obligatoriske potettyinna i utsåd på gardane ved matrikuleringa 1824, var auka til gjennomsnitt 3 tynner i 1875.

I 1828 vart Schøllergodset eller Krogh-godset realisert og Schøller-

leiglendingane i Flora kjøpte gardane sine alle. *Dei* to benefiserte gardane gjekk og over til sjølveigarbruk, men det er ikkje likt til at Jet hjelpte på økonomien, i alle fall i første omgang, snarare motsett, da bøndene fekk full hyre med å greie renta og avdraga på kjøpesummen. Fleire laut selja skogen att eller sleppe frå seg heile garden. Det gjekk på handsaging og kolbrenning attåt merkingstømmer dei fekk levere, men det vart lite att for det. Riktig fart i tømmerhogginga vart det best i 1870-åra da dei svenske herrane Erikson og Hedmann kom ned i dalføret og kjøpte opp blinkar som dei dreiv ut. Det kom skogsfolk frå Sverige og ned i Tydal, og dei skal ha vori dei første som brukte bakkjelke i dalføret. Før hadde det nok vori berre sleipkøyning.

Hogstkontraktene var på 25 år, og dette førte til at mykje sjølveigarskog kom på framande hender att. Huitfeldt som hadde kommi seg på beina etter konkursen i 60-åra, kjøpte uthogstrettane av svenskane og vart i mange tilfelle kjøpar av grunnen og.

I 80-åra kom sirkelsagene i bruk.

Første sirkelsaga i Flora og visstnok i dalføret og, var Tusetsaga.

Ho vart sett opp i 1883, og stod på elvmelen på sørsida Nea, i Sagbekken der den tidlegare oppstandarsaga stod. Det var John Sakariassen Tuset som bygde saga, Eit sagbruk i grenda ville vera til nytte for alle, ikkje minst for grunneigaren som slett ikkje tok seg opp på tomta. For den vart rekna berre 20 kroner. Byggmeisteren var frå Singsås, og saga vart bygd med storhjul og utvekslingshjul, alt av tre så nær som kamgangen på reimhjulåsen. Saga var i drift kvar vår i 50 år i bekken til ho vart flytta nordom elva for motordrift.

Sirkelsagene kom no opp for endes *i* dalføret, og før hundreåret var ute hadde Flora fått 4 sirkelsager. Med sirkelsagene vart det slutt på det seige og langdryge handsagararbeidet, men samtidig slutt på eit arbeid som gjennom lang tid hadde vori rekna med *i* mange heimar. Og slik over alt. Den gamle kvernsteinsindustrien tok og slutt kring hundreårsskiftet. Ny tida var på marsj inn i det gamle bygdemiljøet, med slåmaskinar og tryskemaskinar, springvatn til fjøsa, kunsteng og kunstfrau og mykje, mykje meir som gjorde det lettare å vera til, men som på same tid innskrenka arbeidshjelpa på gardane. Husmenn og småbrukarar hadde frå gammal tid teki arbeid i onnene utanfor bygda og, på Strinda og andre storbygder, ei årviss om naudlita arbeidsinnkomme. Men no vart det slutt, og folk laut sjå seg om etter nye arbeidsplassar.

Og i det fjerne vinka Amerika. *Torstein* og *Mali Hegset* skal ha vori dei første som utvandra frå Flora. Dei for i 1866, og no bar det

i veg. Mellom 60 og 70 personar vandra ut frå FJora innan hundreårsskiftet, og utvandringa heldt fram enda eit ti års tid.

Ei av dei gamle næringsgreinene som heldt seg lengst, var småviltjakta, som for det meste vart drivi av småbrukarar. Snarefangsten gjorde mest av seg, og Rotldalen var likaste terrenget, og mang ei tung bør er bori fram over fjellet gjennom tidene. Rekorden i så måte har sikkert *Anders f. Bjerken* og *Ole P. Bjerken* som kom att med 142 fuglar ein gong frå Drøydalen. Det var i 1907, det var så mykje rype nokre år da. Karane var heilt kvite av fugl dei hadde festa på seg.

Heimeyrket har eigentleg ikkje hatt større å seie før i seinare tid.

Folk laga det dei trong sjølve på gardane, og det kunne slompe det vart levert ein eller annan ting, men slikt var sjeldan. Ein og annan kunne og ta med sleiver o.l. når han for på storbygdene på onnearbeid, men slikt forslo så lite. Det vart kvinnfolka som skapte husfliden i bygda, først og fremst med totrådbindinga, men og med veving av åklede, strømpband og meir.

VEGAR OG ANDRE KOMMUNIKASJONAR

Innestengd som Neadalføret ligg med fjell på alle leider og med øyde og uevgsame strandliner langs Selbusjøen, har dalføret hatt svært dårleg vegsamband med byen og grannebygdene. Det var sjøen som var framkomstmiddel. Det var båten om somrane og isvegen om vintrane, stuttare eller lengre stykke nedover sjøen. Frå Teigen i Klæbu var det veg, som karakteristisk nok er kalla «Ståggån». Vintervegen gjekk over Draksjøholla til Jonsvatnet med som regel avkjørsel av Selbusjøen ved Amdal.

I 1860-åra fekk bygda veg frå Jervan til Fuglem. Men det var ein dårleg veg, og om sommaren gjekk hovudferdsla framleis etter sjøen, og no med veg frå Brøtttem. Først ved hundreårsskiftet fekk bygda skikkeleg veg med hovudvegane frå Hommelvik og Hell.

Innan bygda var det ikkje nokon vognveg før i slutten av 1820- åra. Da vart det bygd veg oppover dalen til Tydal.

Vegen kom stort set til å følgje den gamle kløvvegen og van lagt på nordre side dalen med overgang over elva i Flora, og vidare over myrane til Hilmo, med bru over elva der.

I Flora var det ikkje snakk om å byggje bru, og her vart det ferje-

stad som før. Den var ved Skog an der det både var skyss-skifte og ferjemann. Var elva lita, trong dei ikkje båt, men kørde over elva på eit eller anna vad. Eit av dei var «Langvadet», som gjekk frå Melan til Flaknan. Ved å fara der slapp dei bakkane over Stortrøa.

Nyvegen kleivellest over alle moar utmed elva som kløvvegen hadde gjort før. Den bratte dalsida nord for Øråsplassen var verste vegstykket med hamrar og stup. Her er Presthammaren, der ein prest skal ha ridi utover og slegi seg i hel. Straks nedafor er Hestspranget med minne om hestar som har teki ut og sprungi i dauen. Det må ha vori med ei viss lette ferdamannen nådde fram på Rolset-leitet og kunne sjå folk og gardar att. Mykje tyder på at det har vori kløvveg på søre side elva og her, med overfart ved Langsmoen. Djupe vegraser herifrå tyder på det, og ein har stadnamnet Båstofætta.

Det vart bygd ny bru ved Hilmo. Over Rotla vart det og oppsett ny bru, i 1806. Joris Christian Norbye var lensmann da, og namnet hans og årstalet er hoggi på ein stabbestein på brukaret. Den gamle Rotlbrua brann opp det året. Det var ei stokkbru lagt over eit «midtikar», ein brubukk montert på eit berg i elva. Brua stod 40-50 m lenger oppe enn nybrua. Berget, «Brusteinen» jigg på same stad. Det var mykje never på brua, og dei trudde den hadde fata eld ved at fiskarar hadde fari over og vori uvarsame med varmen.

Tre bruer har vori bygde etter kvarandre på same stad her. Den siste vart sett opp i 1888 av John O. Midtstokke som og har tått namnet sitt og årstalet på stabbesteinen. Denne brua var ei bogebru. Bru nummer to var bygd i 1845. Berekonstruksjonen på den var to føre bogar som var nagla saman av plankar med tjøreapp mellom og montert i feste av støypejam i brukara. Byggmeisteren var utanbygds frå. Likeeins den første brusmeden. Denne smeden laga første hjuldoningen på Rolset. Karane slakra og lo da dei sette seg på vognåsen og kørde bort etter jordat, er det fortald.

Dei gamle kløvvegane trong og «bruer» over dike og myrar. Dei var av kløyvd vyrke. Klomningane vart lagt på langs, to og to saman. Det greidde seg å hestane. Slike bruer kan ein enno støyte på i gamle vegleier. Namna Spongane i Gressli og Brutjønmyra i Flora er minne om slike bruer. Ellest minner andre stadnamn som «Brekka» i Hilmo og «Bogen» i Flora om dei gamle ferdslvegane.

Vegen oppover frå Flora var litt av eit problem. I 1860 vart han lagt nordom elva gjennom Kubjörga og kom da så høgt opp at han vart ei plage for dei som måtte fara etter han. Vegen vart da og omlagt etter vel 30 år. Den nye veglina gjennom Kubjörga vart bygd i 1891

og var i bruk til 1951 da nyvegen mellom Flora og Gressli vart opna. Han vart lagt på sørsida elva med ei svær kabelbru ved Hegset og ei mindre bru i stålkonstruksjon ved Hilmo. Dei tok til med arbeidet hausten 1946. Nyvegen mellom Øverbygd og Flora vart ferdig 1960.

I Flora van det gjort krav på å få bru framme i grenda og samtidig veg over bureisingsfeltet på Nekåbjørga. Og ei line med bru over elva ved Skogan vart stukki, men den andre lina vart valt, og grenda laut berga seg med den gamle brua si. Den vart sett opp i 1916 for frivilljuge gaver med 4000 kr. i tilskott frå kommune og fylke. Brua var teikna av byggmeister *Sivert Gunnes*, Rennebu og bygd av *Isak Tillerås*, Singsås. No er ho avløyst av ny bru, bygd for offentlige midlar og teki i bruk 1970.

I den seinare tid har vi fått to gjennomgangsvegar sørover fjellet frå Stugudal: anleggsvegen til Trondheim E-verk til Reitan i Alen og ein privat veg bygd over Ridalen til Brekken. Båe vegane er opne berre om sommaren. E-verket har og bygd fleire anleggsvegar i Tydal til anlegga sine på nordre side. Kommunane er interessert og dalføret får snart vegsamband med Meråker og.

I gammal tid hadde dalen ikkje så liten gjennomgangstrafikk. Den gjekk over Skardøra. Her var det pilgrimsveg og, som heldt fram nedover dalføret til Nidaros og Olavsskrinet. Men her har bygdefolk fari og frå utgammal tid. Veggen over Skardøra var ein av dei store gjennomgangsvegar før i tida. Den er teikna på det vidkjende «Carta marina» av svensken Olaus Magnus. Kartet vart trykt i Venezia 1539. Der er veggen kalla «Via Montanorum» og det står uttrykkeleg at han var både vinter- og sommarveg. Veggen over dei vidstrakte fjella er skildra i oppglødde ord: «Maken fins knapt i Europa.»

Om denne veggen skriv Schönning at herigjennom går no ein allminneleg landsveg mellom Norge og Jamtland, men før, da Jamtland hørde til Norge, gjekk det ein ordentleg postveg her til Jamtland og Herdalen. I «Herjedalens ortnamn och bygdesegner» skriv E. Modin at dette var den gamle pilgrimsvegen for ferdamenn frå Halsingland og andre stader i denne del av landet.

Skardørsvegen har vori i bruk gjennom alle hundreåra framover, og gamle folk mintes køyrrastrøene nedetter dalen når jongdølene for til byen for å bytte varene sine i slikt dei hadde bruk for. Det var særskilte «farastallar» på gardane nedover dalføret så hestane fekk komme i hus.

Det vart slutt med køyringa nedover dalen da Størenbanen vart bygd.

Men framleis kom jongdølene over Skardøra, men køyrdet no over Ri-

dalen til Røros. Først i 1890-åra da den svenske innlandsbanen vart bygd, vart det slutt med køyringa over Skardøra.

Her skal og nemnast ei gjennomgangsferdsle på ein annan stad. Den gjekk føre seg på sommartida av arbeidsfolk, mest onnefolk frå Stjørdal og andre bygder ved fjorden som kvar sommar drog til Haldal og Røros på onnearbeid. Frå Flora tok dei over fjellet, gjekk over Bukkhammaren til Haldal og vidare oppover til Røros. Dei kom mange i følge, heile strøer, kvinnfolka i side stripete vadmelsstakkar og sjal, og karane med linsekker over akslene med tyriet dei hadde med seg.

Denne trafikken gjorde og Størenbanen slutt på, men Bukkhammarvegen er enno synleg, og vasskjeldene langs vegen ligg med same svalande nektar. Bukkhammarvegen går over Usma ved Limtjønna. Køyrvegen eller vintervegen gjekk etter Usmsjøen og opp fjellsida langs Rysta dei kallar. Her har grendefolk fari med kvernllass til Rørosmarknaden, og over Bukkhammaren har dei og køyrd seinare tll jarnvegsstasjonen med kvernar og etter ferdalass. Det vart køyrd her til fram mot første verdskrigen.

Med biltransporten vart det slutt på all fjelltransport og anna lasskøyring og. Kring 1920 kom det i gang private person- og lastebilr uter oppover dalen, og i 1925 tok Selburuta til, først berre til Nesta, og etter kvart til heile dalføret.

Post og telefon har grenda hatt sidan før hundreårsskiftet. Flaknan poståpneri vart oppretta i 1883. I 1898 fekk grenda telefon, samtidig som Tydal. Flora søkte og fekk 400 kroner i tilskot av Selbu sparebank. Floringane heldt stolpane frå Mølnå til Hegset. Det var berre 5 abonnentar i Flora, men alle som hadde skog gav stolpar. I 1945 fekk grenda sentral og abonnentalet er no kring 25.

Med posten var det ikkje så storveges for å begynne med. Det var gåande post ein dag for veka, og *Esten Græsli*, han Post-Estinn var postfører. Han bar eitt einaste brev første turen, og det henta han på Seterå-hytta, hos «Patronen». Han gjekk nedom han på turane sine.

I 1893 vart det to postturar for veka med ein køyretur, og i 1906 vart bae turar køyrrarpost. Postruta gjekk frå Haverneset til Ås, og Esten var åleine om henne. Han budde i Gressli og henta posten på Ås om kvelden. Neste dag gjekk turen til Haverneset og oppatt til *Lars Rolset* der han overnatta. Neste dag gjekk han til Ås og heimatt. Når sønene vaks til, bytta dei med faren, og både *Hans* og *Per E. Græsli* gjekk mykje med postvekse. Etter Esten slutta, var først *Oliver Græsli* postfører, seinare *Ingebrigt* og *Per* som hadde ansvaret for kvar si rute

etter at ruta vart delt med skilje på Flaknan. Men dei køyrde igjennom som før og køyrde kvar sin dag. I 1909 vart det oppretta landpostrute frå Flaknan til Svelmo, og Ingebrigt tok over den.


Ole J.Flakne var første poståpnar i Flora, og posthuset var på Flaknan til 1939 det vart flytta til Handelsforeninga.

SJØREGULERING OG ELVUTBYGGING

Stillsleg og roleg låg sjøane oppe i fjell-landskapa gjennom alle hundreåra og gjorde teneste som farvegar vinter- og sommarsleite og gav rikeleg med fisk til mette for folk, også sommar som vinter. Med elvane var det omtrent på same måten. Men dei kunne fløyne styggeleg opp og gjera stor skade på åker og eng, og vinters tid komme brytande med is- og snødam som vart til stort mein for overfart og samferdsle på vekesvis. Sams for både elv og sjø var det at om dei var til stort gagn og useieleg nytte og glede for alle menneske, så var dei og på same tid noko farlege å omgås med. Var ein uforsiktig og ikkje omtensksom nok, 'Så var ikkje venskapen større frå verken elv eller sjø enn at dei bae var lumske nok til å plukke åt seg både den eine og den andre inn i drukningsdøden når ulykka var ute. «Å nei, Vatnet e' faleg, det. Tryggast e'det å vårrå på land,» sa dei da.

Sjøar og vatn, elvar og bekkar hadde gjennom tusenåra sett sin mektige stempel på naturen og har vori med å leggje trivnad og romantikk over heile landskapet. Men bårskvulp, elvsus, bekkesilder og fossedur, - alt dette som høyrer romantikken til, fekk anna å vita av da 1900-åra kom med fosseutbygging, elvregulering og oppdemning av sjøar og vatn.

Det var Trondheim by som starta opp med å byggje ut Nedre- og Øvre Leirfoss. Så kom regulering av Selbusjøen. Og så bar det til å sikre seg rettar med tanke på oppdemning og fosseutbygging i Tydal. Såleis vart Nea kraftverk til og Essandsjøen og Stuesjøen og ein stor nylaga sjø, Sylsjøen, oppdemde. Hittil hadde ikkje Flora vori så serleg med *i* alt eventyret. Men elva Nea tok til å slå vri på seg. Det var synbert at ho mislika seg, for ho skapa seg til på ein annan og heilt ulik måte enn ho hadde gjort før. Ho ville ikkje vera snill å leggje seg *i* ro og sova under det kvite isdekket til vinters, som ho hadde hatt for vane før. I staden gjekk ho open og botngrøn og gav frå seg ein kaldsur kvit frostrøyk som trengde seg inn og la rim på uthusveg-



Hegset-dammen.

gene hos dei som budde nær elva. Verst var det at det laga seg sorr og is-sørpe på elva, og som vart tjukkare og breiare dess lenger nedover det bar. Og til slutt pakka det seg saman og demde opp heile elvlaufet, laga katastrofal isskruing og stengde samferdsla til Flora og Tydal, så det vart nausynt å frakte med helikopter ei tid. Vitskapleg sak-kunne og andre vettuge sa at grunnen til det heile var det sommaroppvermde vatnet som no om hausten og utover vinteren smått om senn vart slept ut av dei svære magasinane oppe i grensestrøka. Den varme temperaturen i elvvatnet var årsak til at elva ikkje isla seg, men gjekk open. Og slik ville det framleies komme til å bli.

Dette vart eit stygt strek i rekninga, og det var greitt at ein måtte finne rådbot som var verksam. Og rådbota var å leggje elva i tunnel og byggje eit nytt kraftverk. Og såleis vart

Hegsetfoss Kraftverk

planlagt og bygd ut på ganske kort tid 1959-62. Og dermed kom Flora og med i den giganviske utbygginga av Neavassdraget.

Utbyggingsjefen var overingeniør *Tormod Moxness*. Og det som no kjem er eit utdrag av ein artikkel overingeniøren skreiv i Adresseavisen 20. september 1963.

Hegsetfoss kraftverk ligg ved Nea, for ein del i Tydal, men mest i Selbu. Nedslagsfeltet åt Nea er 1550 kvkm ovafor Hegset, og vatnet

blir her utnytta i eit langstrakt fall på 37 m, Ei oppdemning tvers over dalen ved Hegsetdammen løfter fallhøgda med 35 m til ei samla fallhøgde på 72 m. Nea kjem frå Jamtland, og på svensk side ligg Sylsjøen, laga ved ein 28 m høg dam. Sylsjømagasinet rømer 185 mill. kbm. og saman med Essand med 145 mill. kbm. og Stugusjø med volum 20 mill. kbm., kan desse magasin og felt ved Hegsetdammen og inntaket jamt over gi ei regulert vassføring på 38 kbm. pr. sekund. Nea kraftverk hør fallhøgde mellom kote 674 og 298 d. v. s. 376 m. Hegsetfoss mellom kote 255 og 183 med brutto fall på 72 m. Frå inntaket ved Hegset til utlaupet ved Hestspranget går det ein driftstunnel, og frå demninga og oppover dalen mot Gressli blir det demt opp ein sjø 5 km i lengde, slik at ein på ei strekkje på 20 km hindrar vatnet i å laga sorr i elvdalen. Ein annan fordel med denne oppdemte sjøen er at han blir ein verksam regulator for varierende forbruk av driftsvatn ved Nea kraftverk.

Inntabdammen står på fast fjell. Ein måtte gå 18 m under elvlægjet før ein nådde fast berggrunn å bygge unngjælet på. Oppå dette kjem så sjølve oppdemningsdammen 32 m høg. Begge står i boge mot 'Tass-sida. Det var mange vanskar å stri med under arbeidet. Inntaket er godt 100 m ovafor dammen. Tillauspunnelen er 10,5 km lang og 43 kvm i tverrnål. Det var gjennomgåande fint fjell, somstad med litt spreng av svovelkis. Dei svære steinmengdene vart fint uttenkt bruka til fylling av ein 8 km ny veg langs elva, 7 til 12 m brei og høg til vern mot all flom og isgang. Tiltaket med nyvegen var både nyttigt og praktisk i så måte at steinmassene i staden for å skjemma naturen i dalføret, på ein fortrinleg måte fell naturleg inn i landskapet og heller forskjønner det.

Gjennom utjammingsbasseng og trykksjakt ber det så inn i sjølve kraftstasjonen som ligg innsprengt inne i berget ved Hestspranget vel 100 m frå hovudvegen. Golvet er 50 x 14 m og høgt oppe er montert ei kran som kan løfte 105 tonn. Kraftstasjonen har ein turbin på 45000 HK direkte kobla til ein 40000 kVA generator. Generatoren har 10000 volt spenning som ved transformator aukar spenningen opp til 132 000 volt.

Hegsetfoss kraftverk, som blir styrt frå Nea kraftverk i Tydal, er eit utprega lågtrykksanlegg og bygd ferdig i 1963. Krafta går i 20 år austover grensa, til Stockholm til og med. Den går til avbetaling på svensk lånekapital og rente. Sjølve anlegget var kostnadsrekna opphavelg til 58 million kroner. Men innkortning av arbeidsveka og prisstigning gjorde at kostnaden auka til 63 millionar.

Transportproblemet fram til Hestspranget med dei tunge maskinkolli gikk mest betre enn venta. Transformatoren var på 42 tonn og vart køyrd på ei 32 hjuls tilhengarvogn. 5 dieselvogner framfor drog heile doningen, som samanlagt vog 72 tonn. Dei tok «vadet» på gammalviset breidd den altfor veike brua over Væla, men både Hilmobrua og den nye brua ved Hageset greidde overfarten godt, men med ei viss spenning mellom dei som såg på er det fortalt.

Eit anna problem viste seg etterpå. Det var vassproblemet i Flora for dei som tok drikkevandet frå brunnar som hadde tilsiget frå elva. No vart vassføringa i elva så lita at brunnvatnet ikkje fekk fornye seg og vart surt eller heilt kom bort. Så måtte det bli bygd vassverk, og samstundes eit trykkbasseng med tanke og på eit resservoar i tilfelle brann.

Mykje er og gjort for mest moleg å minske verknaden av at «elva er teki bort» 15 km av sitt laup. Men tørrlagte elvar grin alltid utriveleg mot ein. Og ein merkar også i den fagre fjellbygda Flora at «sølvåra» er kommi bort i dalføret.

BJØRN OG ANNA UDYR

Av rovdyra var det bjørnen, vargen og gaupa som var dei eigentlege udyra, Det var desse rovdyra som drap og skamfor krøtera og som bumannen frå første stund måtte ta opp kampen mot.

Av desse tre var bjørnen den verste. Så seint som i 1851 slo bjørnen ihel 21 naut i Selbu attåt alt småfeet han gjorde etter med, enda bjørnen var på retur i Trøndelag da, så skottpremien var sett ned. Det hadde nok vori enda verre før.

Det var lite det dei kunne sette opp mot bjørnen. A prøve å skyte han om sommaren, var mest ikkje å tenkje på. Bjørnen var vidfarande og kunne vera langt unna når skyttaren kom. Ellest var bjørnen god til å gjømme seg, så han var ikkje lett å komme innpå.

Det var ,ikkje anna råd enn å passe krøtera seint og tidleg. Ei god hjelp hadde seterfolka i hundane, Dei var pågåande og var ikkje redde for å hengje seg på bjørnen når han kom mot buskapen. Ei god råd var å skræme han. Seterdeiene banka på storkjelen og slo i veggene med økshammaren og kauka, gjerne med grovt mål, så bjørnen skulle tru det var karfolk til stades.

Men bjørnen var ikkje så god på det han heller. Ein mann som

hadde kommi på setra for å jaga bjørnen, vart berre heit da han oppdaga at bjørnen lura etter han og var like i hælane på han da han gjekk til volls att. På somme setervollar kunne bjørnen bli så arm at dei beint fram laut slutte å bruke dei. Det skal vera tilfelle med fleire setrar i Flora. Folk var og redde for å arge på seg rovdyra. Ein skulle såleis ikkje nemne rovdyra på namn, når ein var i skogen, for ikkje å kalle på dei.

Denne trua hang i så lenge det var bjørn på traktene. «Du skal ratt sjå at bjørnen kjem åt deg, du som nemner han på namn», skjente ei seterjente på veninna si ein dag dei var i gjetlskogen. Ho hadde undrast om det kunne vera bjørn som skrærnte geitene for dei. No kom bjørnen og, men til den andre.

Det var no ikkje noko moro å møte bjørnen. Denne bjørnen stod brått framfor seter tause og hamla etter ein killing, men veik unna for kaukinga og ullsjalet som ho slo mot han med.

Dette hende kring 1870. Bjørnen kom bort ved den tid, og denne bjørnen skal ha vori den siste som viste seg på markene her.

No var ikkje alle bjørnar farlege. Ungbjørnar som ikkje hadde fått smaken på rov, kunne mest gå og beite i lag med krøtera. Grastuskar kalla dei slike bjørnar. Men ingen kunne vita om bjørnen var ufarleg eller ikkje, og ein kan tenkje seg korleis det måtte kjennast å møte skogsens konge slik for verjelause folk.

Hadde bjørnen vori framme og slegi ned dyr, frista dei å lokke han under bjørnefoll, eller ta han med sjølvsjott (bjørngilder). Det var eit apparat med tre-fire børseløp montert på eit Brett med ei innretning slik at alle skotta gjekk av samtidig. I seinare tid kom gleksa i bruk. Det hende det vart teki bjørn på jakt og, helst når han kleiv opp i tre for å gjømmе seg.

Dei fleste bjørnar vart tekne i hi. Bjørnehia kunne dei tilfeldigvis støyte på om vintrane, men dei fleste hi visste dei om frå hausten. Dei lurte på bjørnen og kvervde han inn, gjekk trøer kring han og gjorde ringane mindre og mindre og fann på den måten ut kvar omlag bjørnen roa seg. På etterjulsvinteren leita dei så opp hiet og skaut han.

Dei som var så heldige å kverve inn bjørn, hadde både pengar og mat i vente. Det var berre å få med ein dugande bjørneskyttar. Utan det var jakta for vågsam.

Eit bomskott mot ein tirra og rasande bjørn, kunne få farlege følgjer.

Det var ikkje moro å komme ut for bjørnen. Det gjekk på nervane for seterfolk å sjå og vera vitne til at bjørnen i ein handvending

slakta ei ku. Det var ikkje rart det stod redsle av han, og ein må berre undre seg over at folk torde vera på setra med krøter om somrane.

Enno lever minnet om bjørnen i mangfoldige soger som har vorti hugsa og fortalt. Her er nokre av dei:

Ein sommar tok bjørnen ei ku for *Kari Bjørken*, Ho setra på Svarttjønnvollen. Krøtera var komne til volls som vanleg, var hatt i hus og både folk og fe hadde roa seg. Midt på natta vakna kona av bæljing og styr frå fjøset. Ho opp og ut. Borte på, vollen stod ein stor bjørn og vera mot fjøset. Ho hugsa brått den dårlege stengsla for inngangen. Det var ikkje skikkeleg dør, berre nokre strengar som var reist for dørholet. Korleis skulle dette ende tru? Inne i fjøset var det eit underleg styr. Kyrne hadde sliti seg, og der hufsa bjøllekua stengsla frå døråpninga og kom settande ut. Og no fekk *Kari* sjå eit syn ho mest ikkje hadde kunna drøymt om. Utan å bry seg om seterdeia som kauka og skreik, sprang bjørnen på bjøllekua, slo henne ned med eit einaste slag av labben og reiv juret unna henne.

Dei andre kyrne som no storma ut, vart som ville. Dei sette mot bjørnen med hovuda mot jorda for å ta han. Bjørnen som ikkje kjende seg trygg lenger, tok til røminga med den rasande bølingen etter seg. Seterdeia hadde *sitt* fulle hyre med å roa dei og få dei til volls att. Småfeet hadde og stroki til skogs. Men bjørnen såg dei ikkje dusta av meir på heile sommaren.

I Hegsetbjørga kom det bort ei ku ein sommar. Etter lang leiting fann dei henne dau på toppen av ein haug. Det var nok bjørnen som hadde vori på ferde. Men korleis var kua komi oppå haugen? Bjørnen måtte ha dregi henne dit. Til stor undring fann dei bjørnen og, like dau som kua. Han må ha vorti skadd i kampen, og etterpå asa seg ut *i* maset med å slita den tunge kuskrotten opp på haugen.

Folk var ikkje trygge for udyret nede i bygda heller. Ein haustkveld slo bjørnen ihel likaste kua til *Ragnhild Brautan*, berre nokre steg frå husa.

På Blisteråsen, ei seter under Flaknan, var bjørnen framme rett som det var, men gjorde ikkje serleg fangst. Krøtera vart gjette .som over alt, og fjøset var godt trygda med klampar, 4 toms digre plankar lagde oppå kvarandre i dørholet. Bjørnen greidde nok ikkje å slå sund denne stengsla, men kasta til gjengjeld møkkdynga frå gluggen ein gong og prøvde å komme seg inn der.

Ein merkeleg bjørn var han som sette nasen inn i kofteryggen på *Torkjel Klevan*, Torkjel, ein gammal gubbe i sikofte, var på veg til setra. Komen opp i åsane, sette han seg på ei tuve og kvilte, og da

helste bjørnen på han. Gubben ana ingen ting før han kjende bjørnesnuten mot ryggen. Han skyna straks kva kar som var ute og for, men gjorde ikkje meir oppstyr av det enn å skuve til bjørnen med handbogen. «Husj,» sa han «gå din veg!» Og som om bjørnen skulle ha skyna :både ord og geberder, luffa han vekk like stille som han hadde kommi.

Ein annan gong såg ikkje møtet så venskepeleg ut, men denne gongen gjekk det og vel. Dei gjette attpå bjørga, og best det var hadde dei ein bjørn midt inne i krøterhopen. Den eine budeia (det var to av dei) vart vettskræmt og la på sprang og bjørnen etter. Ingen veit korleis dette ville ha enda, men lycka var at budeia snåva og vart liggjande langflat. Bjørnen bråstansa med ein labb på kvar side av henne. Den andre budeia skråla og skreik, og før dei visste ordet av det, var bjørnen som sokken i jorda, og ikke så mykje som ein killing hadde han teki.

Budeiene kunne vera utruleg herduge. Om ei er det fortalt at ho tok att ein killing midt framfor nasen på bjørnen som hamla etter han med labben. Setra låg midt i tjukke skogen, og bjørnen kom drivande med geitflokk inn på vollen. Geitene sprang mot fjøsporten og bjørnen etter for å henta seg ei steik. Dei hadde ein halvstor gjetargut, som hadde sagt seg så berg at han skulle jaga bjørnen om han kom, men no vart det ingen ting med han, livredd som han var, vart han standande berre å stire og ynke seg. Det var ein til og som var redd, og det var hundskvelpen, som gjømte seg i seterskjølet. Men gammalhunden hang på bakenden av bjørnen og reiv og sleit så hårskura stod. Han var sprek enno, gammalhunden, enda det var tanken åbytte han ut no. Budeia var heller ikkje borte. No måtte hundskvelpen herdast, og ho inn i skjølet etter han. Geitene var no komne like til fjøsdøra, og bjørnen hamla alt etter ein killing, da budeia kom ut med kvelpen i fanget og hivde han bort på bjørnen samtidig som ho nappa killingen frå han. Men da kjende ho dei strie verhåra på snuten hans mot handbaken sm.

Ulv og gaupe gjorde og stor skade på krøtera. I 1890-åra var det reint slem.

Største skade på buskap vart gjort av varg på Vorvollen om hausten 1899. Då reiv 2 vargar ihel 29 sauer på ein times tid og mange til vart bitne.



Gaupjakt i Hegsetbjørnga 1924.

1. rad frå venstre: Einar Flalene, Anders Bjerken, Edvard Sørflakne, Peder Hegli, Jakob Næss, Peder P. Bjerken og Johan Bjerken. 2. rad: Johan Næssmo, Torsten J. Hegset, John J. Bjerken, John Tuset, John Næss, Peder Hegset og John A. Bjerken.

Dei hadde ikkje fjøs til småfeet, og sauene låg ute på vollen. Vargane kom frå Bringene der dei hadde vori sett av jegrar dagen før. Dei kom i 6-tida om morgonen og dreiv sauene ned i bjørnga og innover mot Storbekken. Over alt låg det daue og halvdaue sauer etter den blodige ferda. Vargane berre drap ned, tok så vegen til fjells att utan å gjera seg til gode med eit einaste dyr.

Om vinteren kunne ulven vera nærgåande. På Øråsplassen stod to ulvar og stira inn fjøsgluggen ein morgon kona skulle gå til fjøset. Ho trudde det var revar og sprang inn og varsla karane. Dei vart fort var kva slag «revar» som hadde vori framme. Det vart sett i gang jakt på udyra, men utan resultat.

Ein køyrar var og ute for vargen ein vinterkveld, og det på allmannvegen og. Det var i 1897 midt på etterjulsvinteren. Mannen som hadde kona med, hadde vori i gjestebod nede i Øverbygda og var på veg heim til Flora. Det var seint på kvelden, klårt og kaldt. Komne opp til Langsetenget visste dei ikkje ordet av før ein grå skugge skaut fram unna ei grantelle neda vegen. Det var ein ulv som no gav seg til å langkute i elvsteiga jamnsides hesten, tydeleg for å nå framom han. Hesten tok ut, og i rasande fart gjekk den uhyggelege ferda etter den smale vegråsa. Kring 1 km lenger opp, ved Flakne-Engene, vart det for åpent

lende for vargen som svingte av over elva. Men hesten var framleis *ikkje* til å styre. Han rente på med same ville fart heilt opp til Moabrauta. Der lykkast det endeleg å roe han. Litt oppskaka var nok dei som satt i spiss-sleden og. Det hadde ikkje smolli ordet i nokon av dei med kapplauget stod på.

Det var mykje gaupe og i desse åra.

På Øråsplassen gjorde gaupa stor skade ein haust. Ho beit ihel 7 småfe for dei på ein gong. Å få has på udyra var ikkje å tenkje på. Men tre år seinare fekk mannen att litt for umaken. Han tok to gauper på gift. Heradstyret hadde da løyvd ekstrapremie på gaupe og varg, så mannen gjorde eit godt kast. Det vart 130 kroner for gaupene.

Etter hundreårsskiftet var det stille for udyr til fram i 20-åra, Da var gaupa framme att, og no vart det teki tre gauper på traktene her. To vart skotne i Hegsetbjørga og ei gjekk seg på gift ved Rolset. Den siste jakta var ikkje så lite dramatisk. Mannen hadde lagt ut åte til reven, og ei natt var han komen og dreiv og grov i snøen etter det. Så hadde gaupa kommi lurande. Det synte etterpå kvar ho hadde stått og sett på reven til ho med eit veldig hopp hadde teki han. Mannen som på dette viset hadde tapt reven, la no ut gift til gaupa, og nokre dagar seinare hadde han henne. Det var ei kjempe av eit eksemplar. Skrotten vart senda til Bergens museum.

Det kom no ei fredeleg tid att for udyr. Men i 60-åra har gaupa vori på ferde att, og det er felt tre dyr, alle på Øråsmarkene, som er slikt eit gaupeterreng. Det vart skoti to i 1965 og eit dyr året etter. Dei to første er utstoppa og er gjevi, den eine til Øverbygda skule og den andre til skulen på Bell,

I 1957 fann dei bjørnespor i Hegsetbjørga. Eit saukadaver og andre merke etter bjørnen fann dei og. Sidan vart det stilt om bjørnen i fleire år til dei i 1964 fann både spor og drepne sauer etter han både i Flora og i Øverbygda. Andre året var det likeins. Bjøllesauer var han hadsk etter. Det var som han ikkje tolde bjølla, Ein stad fann dei ei bjølle slegi flat mat ein stein. Bjørnen heldt til i Øverdals- og Rotlbjörgtraktene. Her såg det ut som han tenkte å roe seg og. I Litlvollbjørga hadde han emna på hi å seg. Det var hatt ut så mye jord som det skulle ha vori tufta til eit hus, Men ingen såg dusta til sjølve bjørnen. Sommaren etter heldt bjørnen til i traktene kring Singsås og

Støren og reiv mykje sauer der. Det vart jakta på han og, men utan resultat.

Våren 1967 fann dei bjørnespor i Flora att og følgde faret mot Øråstraktene, og no var det nære på dei skulle ha teki bjørnen. Jaktlaget som drog i veg, fann han i Rotlbjørnga og dreiv han framover mot Ørås der det var sett ut vaktpostar. Men bjørnen lukta lunta, svinga og gjømte seg i det stygge terrenget i Hesjedalen. Seinare la han vegen attende til Gauldalen der han truleg og hadde hatt vinterlosjiet sitt, og der vart han skoten.

Veglina mellom dei to jaktterenga til bjørnen gjekk om Rotldalen, og Essandsjøen og over Tya ved Stugusjøen.

NAMNGJETNE BJØRNESKYTT ARAR

Det har vori mange namngjetne bjørneskyttarar i dalføret, men meisteren over dei alle har truleg *Ole Pedersen Tuset* i Flora vori. Han var fødd i 1709 og vart 82 år gammal. Han låg og baska med bjørnen seint og tidleg og vart kjend både vidt og breitt utover bygdene og i byen og, for den saks skuld.

o skaut han ikkje berre bjørn han Ola, han jakta på mykje anna og, rev og fugl og alt slags vilt. Ein gong hadde han 12 tiurar på ryggen da han kom rennande utover Tusetlia om kvelden. Ein gong skaut han ein elg og. Han hadde kommi på sporet og sette etter på ski og trøytt ut dyret.

Men det var bjørnskytinga han vart namngjeten for. Dei henta han Ola langvegs unna for å ha han med på bjørnejakt. Men så vart det bjørnjakt som forslo og, - 82 bjørnar skal *Ole Pedersen* ha vori med og teki etter det segna vil veta, eller like mange bjørnar som han var år gammal da han døydde.

Men dette talet er nok i høgaste laget og trulg vorti til ved ei slags ombyutting av tal og hendingar. Talet på bjørnar han tok skal truleg vera 72. I 1781 var *Ole Pedersen Tuset* 72 år gammal, og det året har han fått 20 dalar av Vitskapsselskapet i Trondheim «for utryddelse av rovdyr». Då hadde han skoti 72 bjørnar, altså like mange bjørnar som han var år gammal. Og det er vel lite truleg det vart større bjørnskyting etter den tid.

Men mang *ein* våe var han Ola borti på bjørnjaktene sine, og sogene om *Ole Pedersen* eller *Ol'Persen* som han er kalla, var ganske levande

enda kring siste hundreårsskiftet. Her eit par soger, mest etter «Selbyggen», der dei stod i 1892.

Ein vinter hadde nokre høykøyrarar i Øverbygda merka seg at ikkje alt var som det skulle vera oppi Hesjedalsbjørga. Dei meinte det måtte vera bjørnehi oppi der ein stad. Da dette spurtest oppi Flora, ville Ola iveg og leite opp hiet med ein gong, og ein morgon var han på veg med børse og stelling for å finne bjørnehiet, følgd aven dunge med karar som ville vera med på leiken.

Komne ut på elvbjørga i Hesjedalen, sette dei seg for å kvile, og her vart brennevinskaggen tømt. Dei hadde no smaka på han før og, på vegen, og Ola Var no ikkje den som heldt seg unna når det galdt slikt, så bror hans syntes han laut tala åt honom, for dei visste alle, at skulle det bli noko bjørnskyting på far, laut dei ha han Ola på stellinginn. Men han Ola meinte det var ikkje så farleg med det, og best det var klemte han iveg utover elvbjørga så fort at dei andre ikkje vann å følgje han. Komen ned i bjørga eit stykke, fekk han sjå bjørnhiet og stelte seg borttil, stakk skistaven inn gjennom opninga og kauka inn til bjørnen: «Er du vaken må du kom ut, for ikkje vil eg stela livet av deg.»

Før han visste ordet av, kom ein svær rugg aven bjørn bry tande utor hiet og grein og flekte tenner mot han. Og da var det ikkje fritt anna enn han vart litt klomsen han Ola. Men her var berre eitt å gjera - han fekk ta flukta - og utover den illbratte elvbjørga bar det med den rasande bjørnen etter, ferdig til å kaste seg over han. Komne ned på Rotla, heldt kapplauget fram, og med det gjekk slik i tvikut nedetter elva, fekk han Ola vridd børsa av aksla og stakk henne under venstre armen med rotten peikande mot bjørnen. Og så brente han laust. Bjørnen gav ut ein kallkauk så det reiv i bjørgene, og da han Ola stana på for å sjå attende, låg bjørnen og drogst med siste andtakom. Da kameratane kom etter, satt Ola midt oppå bjørnen nokså roleg, og skulle *til* å få seg mat, hadde funni fram både smørøskja og flatbrødet utor sekken, og han kunne vel trenga ein matbit og etter denne turen.

Ja, det var nok på nippet med han Ola da han skaut bjørnen i Hesjedalen, men verste basket han var borti, var nok likevel da han skaut kvitbjørnen på Namdalseidet.

Dei var så ille plaga av ein kvitbjørn der. Bjørnen heldt til i ein gørrfloe attmed allfarvegen, ålgalen etter krøter. Folkvond var han og. Mange hadde prøvd seg på å skyte han, men til inga nytte. Så spurtes det at det skulle vera glupe bjørnskyttarar oppi Selbu, og med ein gong

gjorde dei iverge ein kar, eins ærend for å få tak i ein. Komen til Selbu, vart han vist oppi Flora åt'a Ol'Persa. Og namdalingen i veg og fann fram til Tuset.

Etter å ha seti ei stund, bar han fram ærendet, men Tuset'n var ikkje retteleg låten på å vera med, men det vart så han lova det til slutt, og om morgonen skura dei iverge på skiom,

Da dei kom vil byen, og sølvmedane fekk vita kva som var på ferde, støypte dei ei kule av sølv og gav han, for da skulle han vera sikker på å ta bjørnen, meinte dei.

Men da han Ola kom åt Namdalseidi, torde ingen følgje han og visa han kvar udyret heldt til. Til slutt truga dei med honom ein finn, som dei tykte dei kunne ombera om gali ,skulle vera.

Komne oppåt floen, sprang no finnfarken sin veg, og Ola vart ståande att, mo åleine. Medan han stod der og glåmte etter bjørnen, fekk han sjå han. Bjørnen stod og drog ver, han kjente nok lukta av kristen manns blod, og meir og meir yr vart han. Ola drog seg nærare og nærare, og der fikk bjørnen auge på skyttaren og kom leggande i tvikut over myra berre så spruten stod, og det var berre så vidt at han Ola fekk tid til å spennan hanen på børsa si og ta sikte og brenne av, før udyret var kommi så nær at det var ferdig til å kaste seg utover han. Men da skottet small, fekk han alltid daudhogget sitt bjørnen og. Kula hadde råka bjørnen midt i bringa så han stupte stein daud. Sølvkula var god ho.

Da Namdalseidingane fikk vita korleis det hade gått, visste dei ikkje kva velgode dei skulle gjera han Ola, og så la dei på han retteleg ei ryggbør med pengar, som han skulle ha for umaken.

Siste bjørnjakta Ola var med på, var han ikkje så uvleg ein kar lenger. Dei laut draga han til skogs den gongen. Han var så herja av gikt at han greidde .ikkje å gå. Men han Ola måtte dei ha med, skulle det bli bjørn, meinte dei, og så sette dei han på ein langslede og drog han til skogs, og sitjande på langsleden, skaut Ol 'Persen sin siste bjørn.

Ein annan namngjeten bjørneskyttar i Flora var *Ole Johnsen Flakne*.

Han levde mest hundre år seinare. Han tok ikkje så mange bjørnar som namnen på Tuset, men når det galdt mot, stod han nok ikkje attanfor føremannen.

Ole Johnsen var med og tok 14 bjørnar, og som med Ol 'Persen hadde halvparten av dei falli for hans eiga hand. Ein av bjørmane felte han med spjut, som ikkje var vanleg lenger.

Talet på bjørnar Ole Flakne tok, er attestert av lensmann *Schive* i ein søknad bjørneveidaren sende amtstinget i 1853 om ein ekstrapremie for innsatsen han hadde gjort. Nokon premie vart det ikkje, men innsatsen var like stor for det, for det var ikkje liten skade bjørnen enda gjorde i bygda. I 1851 hadde bjørnen slegi ihjel 21 naut i bygda attåt alt småfeet han gjorde kål på, opplyser fogden.

Men første jakta Ola Jonsen var med på gjekk ikkje så bra. Det var lite om å gjera det hadde gått menneskeliv den gongen.

Denne bjørnjakta gjekk føre seg i Usmbjørga i 1821 og bar slik til:

Karane møttest tidleg ein morgon på etterjulsvinteren, 5 mann i talet på Sørflakne og drog i veg for å ta bjørnen. Dei 5 var *Ingebrigt Øråsplassen*, brørne *Ola* og *John Flakne*, *Knut Tuset* og naboen *Ota O. Tuset*.

Knut og John rente innover Usma og skulle leggje seg på post der.

John hadde enda militærgevær. Han var på eksis. Dei andre tre karane rente inn bjørga og skulle ta hiet som var på vestre sida av dalen. Det gjekk fort å finne det. Bjørnen hadde gjømt seg under ein berghammar i den bratte elvbjørga, og det var ikkje lett å komme inn på han. Ola Johnsen kleiv ned på hammaren og kunne derifrå så vidt sjå baken av bjørnen. Han gav han eit skott. Men det gjorde ikkje bjørnen større skade. Bjørnen fræs a opp, steig på to og flekte tenner og grov med labbane inn på hammaren til skyttaren, men greidde ikkje komme opp. Til Ola hadde vunni å få ny kule i børsa, hadde bjørnen gjømt seg, og neste skott gjorde ikkje meir skade enn det første, men no tok bjørnen ut, og beint nedover bjørga bar det med han.

Skyttarane som låg på post nede på elva, hørde skotta og trudde jakta var avgjort da dei hørde andre skottet. No var dei på full fart over elva for å komme seg til dei andre da bjørnen brått smatt fram or tellskogen og kom rett i mot dei. Karane tok til røming. Men det tok ikkje bjørnen lang tid å nå dei, og han Knut som var sist av dei, vart riven over ende, og bjørnen la seg på han. Kameraten fekk geværet av aksla i ein viss fart. Å skyte var ikkje å tenkje på, slik mann og bjørn låg tvinna om kvarandre, men John fekk gjevi bjørnen eit drag over skallen med geværkolben, og den dasken redda truleg livet hans Knut. Bjørnen dovnå av slaget, men fritt om at han slepte karen han hadde under seg, og John vart standande og slå og slå til han stod att med snaue børsepipa. Det var ellest ikkje så like til å slå heller, for det styn slik i Knut unna kvar dask, at det var som det skulle vera han som fekk slaga.

Endeleg slepte bjørnen taket - raga frå karane mot elvbjørga der

han vart liggjande. No såg John at snuten på bjørnen peika til vers. Han hadde nok slegi av øverkjeven på bjørnen. Dette gav og forklaringa på at det var liv i han Knut enno. Med avbrotten kjeve var det lite bjørnen greidde å bite. Knut hadde og fått godt tak i øyrstalane på bjørnen, og det hadde nok og gjort sitt.

Karane oppe i bjørga som hadde høyrd skriket og kaukinga kom no springande. Knut var så utasa at det var mest ikkje pust att i han. Stygge sår hadde han og etter bjørnetennene, både i brystet og i eine overarmen. Han vart no dregen fram på Aunet (Sørflakne), og køyrd heim. Bjørnen var dau. Han hadde truva hovudet under ei flurtelle i elvmelen før han seig ned.

Med Knut var det så ille som det kunne bli. Han vart liggjande veke etter veke utan at såra ville gro. Folk hadde elles t ikkje stor tru for at Knut ville berge heller, for bjørnbett skulle ikkje gro anten det var på folk eller fe, heitte det. Men da jongdølene kom på si årvisse ferd nedover dalen til byen, vart det råd for han Knut og. Dei visste om smurning som kunne grøde bjørnbett, og da dei fekk tak i den frå apoteket, grodde såra hans Knut og han kom på føtene og vart kar att.

Han som slo ihel bjørnen, miste visst all lyst på bjørnejakt, for han var aldri med meir, men broren, han Ola vart med på mange bjørnjakter, både dramatiske og til å le åt.

Ein finn hadde funni eit bjørnehi ein gong, og hadde fått med seg Ola og ein til. Finnen hadde børse han og. «Men jag tok til å dildra, jag,» fortalde han etterpå. Det skulle ellest ikkje vera noko vakkert syn når bjørnen kom setjande or vinterlega si. Snøspruten stod som ein foss unna han, er det fortalt.

Ein gong vart både Ola og lagskameraten hans snytte for jakta. Mannen som hadde tinga dei, skaut i snøhaugen straks det tok til å sprute unna bjørnen, og alt vart blikkande stilt. Kula hadde råka, og bjørnen var drepen. Dei to skyttarane stod der med skotta i børsene og tykte dei måtte seie eitkvart, og så kom det frå Ola: «Å, eg ville no ha sett hovudet før eg hadde skoti.» «Eg ville ha sett halve sida og, eg,» svara den andre.

Dei gjorde gode pengar dei som kvervde hi og tok bjørn. Men var det mange å dela på, vart ikkje fangsten så stor likevel.

Ein gong hadde Ola kvervd bjørn sjølv på heimmarka, og den tok han utan anna hjelp enn frå dei to gutane sine, den eine 15 år og den andre berre 12.

Hiet var i Høgli på andre sida elva. Ola hadde ikkje nemnt ordet til nokon om at han visste om bjørnehi. Men ein morgon sa han til kvinnfolka at han kom att med bjørn til kvelds, han dreiv på det hardaste med høykjøring frå utmarka, og hadde hest og høyslede denne dagen og. Kvinnene trudde han berre for med gap, og tausa som stamma litt, svara med same mynt: «Ska-ska mi te å hengpå gry-gryta, kanskji?» spøkte ho. På det fekk ho ikkje noko svar, men han Ola kom att med bjørn om kvelden, og det tre og. Attåt binna som han skaut, kom han att med to ungar som han tok levande. Han hadde to børser med den gongen. Yngste sonen stod og heldt den eine, medan den eldre sonen tirra bjørnen ut or hiet med ei stang.

Bjørnungane vart tamme som hundkvelpar og var til mykje moro.

Om våren når småfeet vart slept ut, leika kvelpane med killingane, fanga dei og heldt dei med labbane, men øvde aldri på å bite. Ola hadde dei heime til St. Hansmarknaden. Da vart dei selde.

Siste bjørnejakta hans Ola gjorde han svært så namngjeten. Det var den gongen han brukte spjutet.

Ola hadde mang ein gong tykt han sakna dette våpenet, og til sist fekk han son *sin* til å smide seg eit spjut. Sjølv var han visst ingen kar i smia. Han var innpå 60 år han Ola da, og ingen trudde vel han skulle få bruk for spjutet. Men det vart no slik likevel.

Sjølmannen på Hegset hadde kvervd bjørn denne gongen. Hiet var på Nekåbjørnga, og denne løyndomen hadde dei to haldi tett med til det var høveleg tid å ta bjørnen. Da drog dei avstad, Ola med hunden, som han hadde bundi i beltesreima si, og det nye våpenet som var skjefte på skistaven med ei slire over. Bjørnbørsera var og med sjølvsgagt.

Komme til staden der hiet skulle vera, høvde det slik at kameraten måtte gjera eit ærend for seg sjølv. Ola ville nytte tida og sjå seg om, om han kunne finne bjørnehiet, og slepte til nedover hallinga mot elvbrettet. Da hende det underlege at han rente rett over hiet. Bjørnen vart tirra og kom ut i full fart. For Ola kom dette reint uventa, men her var berre eitt å gjera. Skulle det bli bjørn, måtte det bli med spjutet. Børsera hang godt innsurra over aksla. Han sleit i slira for å få henne av, men no feklast det litt for han, og det hadde så nær kosta han livet. Det seinka så mykje at han ikkje råka bjørnen som han skulle. Spjutet glei på bogfjøla og gjekk i bakkroppen, og no vart det kamp. Bjørnen ville innpå karen og han måtte med all makt halde han frå seg. Kampen enda like brått som han tok til. Bjørn og mann kom på kvar si side av eit tre på stupet mot elvbjørnga. Der rauk skistaven, og bjørnen tulla rundt og for utfor hammaren og kom ikkje att.

Oppelda av kampen skyndte jegeren seg opp til hiet og kom tidsnok til å skyte ungen som flekte tenner mot han i hiåpninga. No først kom kameraten, og karane kunne fara heim. Binna fann dei dagen etter. Ho låg daud oppå bjørga på andre sida og hadde spjutet i seg.

Binna vart køyrd til Hegset og slakta inne i daglegstugu slik skikken var ved bjørnslakting.

Kona som fortalte saga hugsar karane. Ola var i si fulle manndomskraft enda, rauleitt og brusen.

Denne bjørnjakta gjekk føre seg i 1853 og vart siste jakta hans Ola.

Han døydde 2 år etter, 62 år gammal.

SKULEN OG LÆRARANE

Da kong Christian VI sende ut si «Forordning om skolen i Norge» i 1739, vekte den slik motstand at kongen laut lempe på reglane. I ein plakat, som kom fire år seinare, vart det overlata til bygdene sjølve kvar for seg i samråd med biskop og stiftamtman å sette skulen i gang etter kvart som dei fekk råd til det. Det var først og fremst utgiftene som ville følgje skuleordninga, og med dei nye skattar, som skapte uvilje. Demest at folk tykte dei ikkje ombar borna i arbeidet.

Sjølve krava til skuleordninga vart det og minka på,. Etter «Forordninga» og innstruksen som følgde den, vart klokkarane tilhaldne under «-embeds fortabelse-» å halde ordendeg dansk skule både vinter og sommar. Dette vart det lempa på så det skulle vere berre vinterskule.

Attåt klokkarane skulle det tilsettast så mange lærarar i bygda som bisp og stiftamtman fann at det trongst.

I Selbu kom ikkje skulen i gang før i 1748. Biskopen, *Ludvig Harboe*, heldt *visitas* i bygda den våren, og han har nok purra på om å få skulen i gang. Det var *Rosenvinge* som var prest her da, og han laut nok sette all sin autoritet og fysiske styrke attpå, segnest det, for å få skulen i gang.

Den 7. juni har så presten med 12 av dei beste mennene i bygda vedteke skulefundatsen for Selbu.

Bygda vart delt i 3 skuledistrikt: 1. Stranda - Innbygda, 2. Mebond - Øverbygda, 3. Mosletta - Vikvarvet - Sjøbygda.

Flora skulle leggjast til Tydal som hadde kommi i gang med skulen for fleire år attende. Det skulle vera ein skulehaldar i kvart distrikt,

og lønna var 20 dalar om læraren kunne lese og skrive og katekisere så nokon lunde. Kunne han berre lære dei å lese og litt skrivning, skulle han ha halv lønn. Ein ny skatt, skuleskatten skulle skaffe pengane.

Alle som dreiv jord skulle svare 12 skilling. Ungkarar over 15 år skulle betale 6 skilling og jenter over 15 år skulle betale 5 skilling. Læraren sjølv skulle krevje inn skatten.

Det skulle vera omgangsskule frå mikjelsmess til mai, og alle gardbrukarar hadde plikt til å halde skulen med rom ei tid kvar, og læraren skulle ha kosten og losjiet der han var. Borna frå dei næraste gardane skulle møte, og vart skulen halden på ei travel tid, skulle berre dei minste borna møte.

I Tydal kom skulen i gang frå januar 1740. Dei slapp skuleskatten der. Dei ordna det slik at kyrkja som hadde faste inntekter av eigedom, skulle løne læraren av sine årlege inntekter så lenge ho hadde noko *til* overs, «men skulde Kirchen lide fattelse, da have Almuen det i mellom sig aftalt, at ville selv lønne sig en Skolemester», står det. Vedtaket er gjort i mars 1740 i nærvær av soknepresten, og «er hannem (læraren) af os undertegnede bleven accorderet 26 Rdlr. aarlig.»» *Peder Hansen Klokker, Peder Olufsøn* og *Bersvend Larsen Ystebyen* har skrivi under, og vedtaket er approbert av soknepresten.

Første omgangsskulelæraren i Tydal heitte *Sven Olsøn Helen*. Han var utanbygds frå. Attåt skulearbeidet dreiv han som skinnfeldmakar. Satt med feldarbeidet attåt han passa på borna. Han hadde ein svær saum ring som var laga av reinshorn, og den stod det respekt av. Den *sam* ikkje satt roleg eller fann på eitkvart, kunne vente seg ein knipp i panna av saumringen.

Etter *Sven Olsøn*, må det vera klokkaren som har haldi skule, og han var truleg første læraren i Flora. Han var frå *Per-Hansa-garden* i Gressli og skreiv seg for *Peder Hansen Greslien*.

Det finst to manntal etter han, eit over Tydal og eit over Flora og Stormoen. Det første er dagsett 3. novbr. 1762 og underskrivi. Det andre har korkje dato eller underskrift, men er sikkert frå same tid. Berre vaksne og born over 12 år er oppført.

I Flora var det da 10 gardar, 9 husmannsplassar og 6 inderstar.

Det var 42 mannspersonar og 52 kvinner, i alt 94 ibuarar, born under 12 år frårekna. På Stormoen var det 10 menn og 6 kvinner.

Peder Hansen Greslien døydde i 1777, 76 år gammal. Son hans, *Hans Pedersen* er og kalla skolemester og har nok hjelpt faren med skulearbeidet. Han vart berre 41 år gammal, døydde 3 år før far sin.

Etter desse vart *Bernt Saksesen* Skolemester, lærar i Tydal. Han

var bror til *Henning Saksesen Stuedal*, og var ifølgje med han til Danmark i 1777. Dei bar fram søknad til kongen om å få drifta ved Granskar-gruvene i gang att, da det vart slik stor naud etter dei vart nedlagde.

Bernt Saksesen var siste tydalslæraren som heldt skule i Flora. Flora gjekk frå i 1795, og den lønn læraren tapte ved det, skulle kyrkja spe til. Det var framleis same ordninga med lønna til læraren i Tydal.

I denne tida da Flora var lagt til Tydal skuledistrikt, vart borna og konfirmerte i Tydal. Folketalet auka mykje i Flora i denne tida, og det var ofte mange konfirmantar frå grenda. I 1781 var det *eit* rekordår såleis med i alt 10 konfirmantar frå Flora. Utjamna var det litt over 3 for året.

I 1795 fekk Flora lærar i hop med Øverbygda, og *Renald Skule* kom som lærar. Han var da alt kommen opp i åra, hadde vori lærar i Mebond - Øverbygda frå 1781. Han heldt på til 1827 og hadde da vori lærar i 46 år. Han skreiv seg for *Reinholdt Pedersen*, Han var gift og budde på Skulbakken i Mebond. Det er fortalt mange soger om han. Han skulle ha det med å skjenke seg litt, men skulle ellest stå på god fot med borna.


Ein gong han flytta tyriet sitt frå Rønsberg til Rolset, gjorde dei han eit spell lell, men *Renald* lest ikkje som han ansa det. Han hadde bedi dei største gutane hjelpe seg å dra kjelken, og så fekk dei likesågodt læraren til å sette seg på kjelken og. No hadde det vori regn, og det var vasskjøver i vegen, og så bar det beint igjennom dei, så spruten stod og læraren vart gjennomblaut til dei kom fram. Da kjerringa på garden ville til å lekse opp med kniktane, berre hyssa han *Renald* på henne og sa: «Sei ingen ting, *Marit*, gutane hjelper meg dei.»

Etter *Renald* vart *Jens Johnsen Sesseng* lærar i Flora. Øverbygda hadde da vorti skuledistrikt for seg sjølv, og Flora, Mosletta og Kolset slegi ihop til eitt skuledistrikt.

Jens Sesseng var sterkt religiøs og var ein samvitsfull lærar. Han brukte sandkasse som borna fekk skrive i, og dei flinkaste lærte både å rekne og skrive. Det var helst gutane som fekk denne opplæringa, fortalde ei kone som hadde hatt han som lærar.

Jens var ikkje helsesterk og vart ikkje lærar så svært lenge. Han budde i Sessengsjaret som han og var i frå, og døydde der. Han var ugift.

Etter han kom Thomas Berntsen Overvik, og han var siste omgangsskulelæraren i Flora. Han hadde same skuledistriktet som *Sesseng*. Han



Lærer J. Jørgensen.

var fødd på Overvik i 1821, var *lærling hos Ingebrigt Arntsen Vigen* i 2 år før han vart tilsett som lærar. Han var gift med *Ingeborg Torkildsdatter Eidem*, og frå 1847 budde dei på Uthuslia på Mosletta. Dei hadde fleire born. Skuledirektør *Bernt Thomassen Overvik* var son deira. *Thomas Berntsen* slutta som lærar stutt tid etter skulelova av 1860 kom. Han døydde i 1896.

Etter den nye skulelova skulle det ikkje vera omgangsskule lenger. Skulen skulle vera fast og i egne skulerom.

I Flora vart det leigd skulestove på Tuset austre. Dei leigde nystova, og der held skulen til i 28 år.

Skulen vart to-delt med 9 veker skule ikvar klasse. Amdal krins vart lagt attåt Flora, og der var det og 9 veker, men samla skule.

Jensens lesebok vart teki i bruk, og fleire nye fag vart innført i skulen.

Som ny lærar i Flora kom *Jørgen Jørgensen*, tilsett i posten i 1866, same år som han tok eksamen på Klæbu seminar. Før han hadde *Petter Furan* haldi skule her, men det finst ingen protokoll før 1868, så ein veit ikkje nøykje når den siste omgangsskulelæraren slutta.

Jørgensen var fødd på Slind i Vikvarvet 1846. Foreldra var *Jørgen Olsen Slind* og *Ragnhild Torsteinsd. f. Lilleevjen*. *Jørgensen* vart gift med *Brynhild Ingebrigtsd. Hårstad* og budde på Hårstad, austre som han hadde kjøpt.

Jørgensen var lærar i Flora til 1903 då han vart sjuk og døydde.

Han hadde da vore lærar i grenda i 37 år.

I 1889 kom det ny skulelov, og skuletida vart da utvida til 12 veker i kvar klasse. Læraren i Flora som hadde hatt 9 veker i Amdal fekk no 6 skuleveker på Kolset i staden. Siste året hans i Amdal var vinteren 1890-1891.

Naturfag og geografi vart no sjølvstendige fag. Dei hadde før vori knytt til leseboka.

I 1888 flytta skulen inn i nybygd skulestove. Den stod på Skogan like ved allmannvegen, som kom til å tene som leikeplass. Skule-

stugu var av dei vanlege, einhøgdes, med eitt klasserom og gang og kammers. Stugu hadde ei grunnflate på 10 x 15 alen med kvadratisk klasserom. Det var stubbgolv og underloft, utvendig bordkledning og skifertak. Stugu var gulmåla utvendig. Innvendig var berre dører og vinduer måla, og det var berre tømmerveggene over alt.

Det gamle inventaret, ein skulepult på fire bein og langpultar med lause benker vart flytta med, men i 1894 fekk skulen to-mannspultar og nytt kateter.

Skulestugu vart og det sjølvsagde forsamlingslokale ved bibellesningar og misjonsmøte.

I 1922 vart det sett opp ny skulestugu i Flora, etter teikning av skuledirektør *Thomassen Overvik*. Den har 2 klasserom og lærarbustad.

Hausten 1916 vart lærarposten i Flora utlyst med 36 veker skule, derav 10 i Mebond. Veketalet i storskulen var da auka *til* 14 veker. I 1922 vart det full lærarpost i Flora med 33 veker skule, av det 18 i storskulen og 15 i småskulen.

Etter *J. Jørgensen* har desse vori lærarar i Flora.

<i>Johan Furan,</i>	1903-1904
<i>Olav Austad, Innerøy</i>	1904-1908
<i>M. L. Uglem, Selbu</i>	1908-1912
<i>A. Ø. Frøysadal, Sunnylvn</i>	1913-1916
<i>Bardo Flakne, Selbu</i>	1917-1962
<i>John Bjarne Lien, Selbu (konst.)</i>	1962-1967
<i>Oddrun Kulset, Selbu</i>	1967-1969
<i>Hanne Lise Barmann, Trondheim</i>	1969-1970
<i>Sverre Hegset,</i>	Selbu 1970-

LAGSVERKSEMD

Det gjekk som eit vårver av idealisme over landet i slutten av førre hundreåret. Det kom i gang folkevæpningsslag og frilynte ungdomslag utover bygdene. Fråhaldsrørsla hadde og vind i segla, og det vart stifta samanslutningar av meir økonomisk karakter. Fleire spareforeningar kom i gang.

Til vår grend nådde og ideane. Me fekk rett nok ikkje folkevæpningslag i grenda, men fleire ungdommar rådde seg med børser og øvde seg i skyting, og var truleg med i folkevæpningslaget nedi hovudbygda. Men grenda fekk både ungdomslag og avhaldslag, og ei spareforening og i 90-åra.

4

49

Ungdomslaget kom først. Det vart stifta om våren i 1894. Me veit ikkje så mykje om skipinga av laget eller arbeidet i denne tida da det ikkje er teki vare på møtebok eller anna, men laget vart stifta av lærar *Johannes Løvås* etter det folk har fortald.

Striden om flagget var på det kvassaste i denne tida, og det «reine» flagget (utan unionsmerke) vart samlingsmerke for dei frilynte ungdomslaga. Ungdomslaget i Flora, som hadde fått namnet Dalrosa, rådde seg og med reint flagg, fortel lokalbladet Selbyggen.

Syttendemaifeiringa var fast post på programma for ungdomslaga, og 17. mai 1894 vart flagget heisa for første gong. Det var i lang tid det einaste flagget i Flora. Flaggstonga var reist attmed skulestugu, og det som gjer at den historiske hendinga har vorti hugsa, er truleg det at snora hoppa av trinsa så ein av ungdommane laut klive opp.

På festen, som vart halden på Skogan, var det tale av læraren *J. Jørgensen*, og så var det taler av *Ole Flakne* og av *Bersv, Tuset*, fortel lokalbladet. Dette skal ha vori første syttendemaifesten i Flora, det ein veit.

I 1896 vart og syttendemaifesten halden på Skogan fortel bladet. Da var det og festtale av læraren med taleretterpå av garvar *O, Paulsen, Berge* og *Ole Ørås*, for fedrelandet og for flagget.

Kva ungdomslaget ellest dreiv med, veit me lite om, men det var ungdomslaget som gjorde opptaket til at Spareforeninga vart stifta, og laget har nok og hatt føre seg spørsmålet om kapell for grenda og. Kvenn som var formann er ukjent, men mykje tyder på at det var *John J. Tuset*, Lagsarbeidet dovna i medan av, og ved hundreårsskiftet var det heilt stille.

Det same var tilfelle med avholdslaget. Det vart stifta året etter ungdomslaget, den 8. desember 1895. Denne lagsstiftinga var godt førebudd. Stonalaren *Peder Svendsen* hadde fari gjennom dalen og haldi foredrag her ein månad før, den 7. november. Han reiste for IOGT, og 14 stykke meldte seg til ei losje. Nokor losje har det ikkje vorti, og grenda fekk eit totalavhaldslag i staden. Dette vart stifta av redaktør *O, Aas* med same antal medlemmar som dei som melde seg til losjen.

Laget fekk *Ole Ørås* til formann, *O. Flakne* til nestformann og *J. Tuset* til skrivar. Men laget arbeidde tungt, og etter eit par-tre år vart det nedlagt.

Meir levedyktig var tredje laget som vart stifta, Florens sparefoming. Den vart stifta 26. november 1894 etter opptak av ungdomslaget, som hadde sett ned ei nemnd til å førebu saka. Med i nemnda var

Ole Ørås, Ole J. Skogan og John Tuset. Dei kalla inn til allmannamøte som vedtok lover og valde John Tuset, Peder B. Hegset, Ole O Tuset, Ole G. Drivold og Ole J. Flakne som styre med Ole Ørås, John B. Hegset og Bersvend T. Tuset som varamenn.

I føremålsparagrafen står det at foreningen skulle arbeide for flit og sparsomhet ved å ta i mot spareinnskott, små som store og sette dei på felles konto i sparebanken. *John Tuset* vart vald som formann og rekneskapsfører, kan ein seie, for han skulle hjelpe til med renteutrekninga og årsoppgjær. *Peder B. Hegset* vart kasserar og *O. Flakne* og *Ole Ørås* vart revisorar. I 1898 hadde foreninga 59 innskyttarar og eit samla innskott på 2056 kroner.

Formannen bad seg da fri dette vervet, og det førte til at det ikkje vart halde årsmøte eller val på styre på mange år. Men spareforeninga hadde no vorti ein institusjon i grenda som alle rekna med som sjølvstøtt, og da tillitsmennene heldt fram med arbeidet, gjekk maskineriet likevel.

Det var først i 1915 at det vart haldi årsmøte att. Da hadde laget 66 innskyttarar med ein kapital på 11 443 kroner. I 1918, da det atter vart haldi årsmøte, var summen auka til vel 18000 kroner og talet på innskyttarar til 117. No vart det vedteki å flytte over ein part av kapitalen på 6/m oppseiing.

Dei gamle tillitsmenn, *Peder B. Hegset* og *John Tuset* slutta no i verva sine, og *John P. Solli* vart vald til kasserar med ei godtgjerdsle på 25 kroner for året, som var første og einaste lønskonto denne bankforretninga hadde, *John B. Hegset* som vart formann i 1915 vart attvald med *P. O. Flakne*, *J. Sjørflakne* og *J. Tuset* i styret. Dei gamle revisorane slutta i 1915 og *Anton Hegset*, *John Tuset*, jr, og *Baro Flakne* kom i staden.

Vedtaket om å flytte over pengar på 6/m oppseiing vart gjort for å få inn pengar til løner og anna udegg, men det skulle vise seg å vera eit uheldig tiltak. Pengane vart sett i Handelsbanken som leid same lagnad som så mange andre bankar. Banken gjekk konkurs, og spareforeninga tapte mange pengar. Ved nyåret 1924 hadde spareforeninga 25 900 kroner i Handelsbanken som no vart sperra. Spareforeninga hadde da i alt 141 innskyttarar med eit samla innskott på rundt 43 000 kroner.

Bankkrakket vart sjølvstøtt eit krakk for spareforeninga og, som førebels laut sperra 40 % av innskotta, men når Spareforeninga alt året etter slutta å ta imot innskott, var nok det av andre grunnar.

Med den nye sparebanklova som kom i 1924, vart det ikkje høve

til å halde fram med spareforeningane. Floren spareforening kunne likevel ikkje løysast opp før buet til Handelsbanken var oppgjort, og det tok lang tid. Siste utlotning kom i november 1935 og dermed hadde banken utbetalt nær 40 % av innskotta. Spareforeninga som hadde betalt ut etter kvart til dei som ønskte det, gjorde no opp rekneskapen ved å overføre pengane, 8657 kr. i alt, til personlege konti i sparebanken. På generalforsamling 31. mars 1936 vart så Flaren spareforening oppløyst. Eigenkapitalen foreningen hadde lagt seg opp, vart gjevi bort med 900 kroner til kapellet og 610 kroner til ungdomslaget som tilskott til bad.

Når det gjeld ungdomslaget, kom det i gang att på 10-årsdagen for starten, nær sagt. Det vart sett i gang av den nye læraren, *igrenda.*, *Johan Furan*, Sidan har laget vori i gang.

Alt i 1906 sette ungdomslaget opp sit første lokale. Det var ikkje så svære greier nettopp, ein sal på 10 x 14 alen med eit galleri til kjøken og restaurant, men så kosta det ikkje så mykje heller. Bøndene gav fritt tømmer og ungdommen sytte for at det kom på tomta. *Ole H. Næss* som tømra opp huset, hadde 50 kroner for arbeidet. *Johannes o rås*, som da var snikkaren i bygda, laga dør og vinduer. Slik stod huset til kring 1930 da det vart påtømra to kvarv i høgda og kjøken med gang og litlsal vart tilbygd.

No har grenda fått nytt og moderne møtelokale. Det nye lokalet står på Næsmelen, på same tomt som det førre, men er mykje større. Det vart innvigd jula 1952 under leiing av *Kristian Lindset* som var formann. Lokalet har storsal med scene, kjøken og litlsal, garderobe og bibliotekrom. Seinare er kjellaren utgraven, og lokalet som har fått tilbygd stor gang, har no romsleg kokkhus i kjellaren med bad og toalett. Rommet under storsalen skal bli peisestove, men er ikkje heilt ferdig enno.

Slik det nye ungdomslokalet Folkvang no står, er det ein pryd for grenda attåt det er til uvurderleg nytte som møte- og festlokale. Her møtes folk både i glede og i sorg, for her blir no praktisk tala alle gjestebod i grenda haldne.

Skal ein til slutt nemne litt om arbeidet i ungdomslaget, kan det vera verd å nemne at det er innmeld i Noregs ungdomslag gjennom Neadal ungdomssamband. Ungdomssambandet vart stifta i 1914, men gjekk i stå etter to-tre år. I 1923 kom sambandet i gang att etter opptak frå ungdomslaget Dalrosa. Ungdomslaget var og med og fekk i gang Flora folkeboksamling som vart skipa i 1919.



Ungdomslaget og lokalet (1914).

1. rad frå venstre: Jørgen Næssmo, Bardo J.Hegset, Beret Tuset, Brynhild Haugen, Brynhild Skogan, Ane Haugen, Beret O, Næss, Beret J.Flakne, Emilie Drivvoll, Johanna Hegset og Ragnhild Næssmo, 2, rad: Torstein T. Tuset, John Tuset, Birger Flakne, Peder Hegli, Gunnar Haugan, John Solli, Anton Hegset, John J.

Bjerken, Bardo P. Hegset og Ole P. Bjerken.

Det er haldi fleire ungdomsstemne i grenda, og i 1968 var U. I.Dalrosa med og tok mot landsstemna åt Noregs ungdomslag som vart haldi i Selbu.

I samarbeid med fylkeslaget og andre institusjonar har laget hatt fleire kurs i sløyd og handarbeid. Laget har og gjort mykje for idretten ved å ordne tevlingar i hopp og langrenn, først berre innan laget, seinare saman med ungdomslaget i Gressli.

I 1930-åra var skisporten kommi så langt i grenda at det vart skipa eige idrettslag. Laget fekk opparbeidd skibakke og det vart haldi skirenn i fleire år framover til krigen kom. Sidan har idrettslaget legi nede.

Me har så vidt nemnt folkevæpningslaga. Dei vart seinare kalla skyttarlag. Nedi hovudbygda i Selbu kom det i gang skyttarlag i fleire krinsar, og i 1912 vart Flori skyttarlag skipa. Namnet er kanskje litt uheldig, men grendenamnet Floren var teki i bruk før av Floren skytterlag i Hegra så dei laut vri på det.


Flori skytterlag kunne aldri bli noko stort skyttarlag og har ikkje

vori det heller, men laget har vori i gang heile tida, frårekna krigsåra, så underleg det høyrest. Minst interesse var det kanskje for skyttarsaka i 1920- og 1930- åra, men laget heldt liv i seg med ordinær skyting og premieskytingar kvart år. Ei original premieskyting hadde laget i skytinga om «Den evige pokal» som han vart kalla. Det var ein fin sølvpokal som måtte vinnast tre gonger, men reglane for poengutrekninga var slik at nybegynnarar kunne tevle på like fot med dei beste skyttarane. Denne pokalskytinga som galdt berre for lagsfolk, var derfor svært populær. Eit hinder for skyttarlaget har det alltid vori at det ikkje har hatt eigen skytebane, men laut skyta på tilfeldige banar, Brynnårmyra og andre. Etter krigen skaut dei mot Nonshaugen og i Tusettrøa. No har laget skytebane på Nekåmyra.

Når det gjeld fråhaldsrørsla, så vart det skipa avhaldslag i grenda att i 1914. Det var eit totalavhaldslag, eit felles barn- og vakselag stifta av sekreter frå D. N. T. frk. *Rasmussen*. Fleire ungdommar melde seg inn i laget som medrekna borna fekk mellom 30 og 40 medlemmer. Laget vart kalla Folkets vel. Ø. *Frøysadal*, som da var lærar i grenda var formann til han reiste frå bygda. Laget gjekk i vel 7 år. Mange medlemmer hadde da fari ut or bygda, og dei som var att, fann det rettast å legge ned laget. 3 år seinare fekk grenda eit nytt totalavhaldslag. Nokre av dei gamle vart med i det nye laget, men mest unge, og med borna (for dette laget var og eit felleslag) fekk dette laget og omlag like mange medlemmer. Dette laget vart stifta av reisesekretær frk. *Anna Birkeland* som og gjesta laget seinare med sine rikholdige og interessante taler. Laget fekk namnet Von. Det vart drivi med serskilde møte for borna. Laget virka i om lag like lang tid som det førre. Skulesalen vart brukt til møterom, og laget møblerte opp med fine benker. Dei vart overlati til ungdomslaget og har vori i bruk hittil.

Juletefestane tok til å komme på møte i den tida Folkets vel vart stifta, og avhaldslaget heldt den første juletefesten i Flora. Det var i jula 1914. Jultrefestane vart haldne både for born og vaksne og vart så godt omtykt at grenda ikkje ville misse dei om fråhaldslaget vart nedlagt, og tradisjonen er halden ved like. Ungdomslaget tok seg av festane og har stått føre dei sidan.

For skuleborna har det seinare og vori ordna med ymse lag: songog musikklag, 4-H lag, og sist skulemusikkorps. Flora skulemusikkorps vart stifta i 1959 etter opptak av *Gunnar Dullum* som heile tida har dirigert korpset. Flora sk.m.korps kom i gang først av skulekorpsa i Selbu frårekna Mebond.



Flora skulemusikkorps, dirigenten til høgre.

Korpset har vori svært populært og har spela ved mange anledningar, i kyrkja i jula, under 17. maifeiringa og ved mange høve. På sangens- og musikkens dag har korpset vori med i fellesfeiringa over bygda, og korpset var vori på fleire turar.

RELIGIØST LIV - KYRKJA

Det religiøse livet har vori knytt til kyrkja. Dit gjekk vegen ved så mange høve, og folk vart bundi til kyrkja med sterke band. Kyrkjebakken var .samlingsstaden for allmugen, som her fekk høyre nytt og ellest hadde mangt føre seg. Men presten var midtstolpen. Det stod både age og vyrdnad av han. For dei fleste var presten «han far» som dei såg opp til.

Av prestar veit ein berre om to før 1600, *Annfinn* og *Torfinn*, den siste var prest her i 1541. Så kjem *Laurits*, prest her i 1627. Sidan har ein samanhagande rekkjefølgje: *Povel Pedersen*, *Svend Henriksen* og *Melcior Meyer*, den siste svigerson til føremannen. Kona heitte *Riborg*. Føremennene var gift med kvar si syster, *Anna* og *Margrethe Bernhoft*,

Kyrkja er gammal. Den eldste delen av henne trur dei er frå 1100-

talet. Tårnstupulen, som står litt frå kyrkja, er sett opp noko seinare og har spissboga inngangsport i motsetnad til gammalkyrkja som er bygd i romansk stil. Stupulen er truleg sett opp i erkebiskop *Øystein* si tid. Han var til Selbu på kyrkjevigsel, seiast det. Inngangsportalen til kyrkja var på vestveggen og har i lange tider gjort teneste som adkomst til tårnfooten. Den eldgamle inngangsdøra er og til. Altartavla og preikestolen er frå 1600-talet. Altartavla har årstalet 1662.

Det gamle tretårnet som stod på stupulen i 1773 da *Gerhard Schønning* var her, var alt skeivt da, som ein kan sjå av teikninga han laga av kyrkja. Tårnet skeiv a av meir og meir, men stod til 1833 eller 34 det vart velta ned. Det var da så skralt at folk var redd det kunne falle ned. Fløya bar årstalet 1682. Men det stod eit høgt tårn på stupulen før denne tida og, i 1564 da svenskane storma kyrkja, fortel *J. P. Sand* i boka «Segner og historier frå Selbu». Tårnet frå 1682 skulle vera så høgt at spiret nådde over vegen på Prestegardsmyra da det vart saga ned.

Det gamle inventaret og det høge tretårnet skreiv seg frå tida åt dei to prestane, *Svend Henriksen* og *Melchior Meyer*. *Povel Pedersen* var prest her i 1650-åra og *Melchior Meyer* døydde i august 1686.

Etter *Meyer* kom *Mag. Christen Jensen Bloch* som prest til Selbu og haddeembetet til 1718. Han døydde i 1725. G. m. *Sophie Bredahl*. Han var ein uredd kar som ikkje la fingrane i mellom når han refsa sokneborna sine.

Etter han følgde sonen *Jens Bloch*, f. ca. 1690, res. kap. i Melhus 1714, misjonær i Troms og Finnmark saman med von Westen 1716-19, så personel kapellan hos faren til han fekk kallet etter han i 1725.

Både far og son er kjend frå hendingane under Armfeldttoget. Det var alvorlege tider for bygda. Fiendheren som hadde legi i Melhus, var dregi oppover Gauldalen og kom til Haltdal ved juletid og kunne vera ventande over fjellet kva tid som helst. To gonger måtte presten avlyse gudstenesta. Først på sjølvaste juldagen, «fordi svensken gjorda allarm og kom med sine fortroppar i Frolen ->», skriv presten.

Neste gong var søndagen 28. desember, «thi svensken kom da med ald sin krigsmact over Buchhammeren og tog sin Mars igienem Tydalen til Sveg, belagde Frolen med et stercht parti til hest saa i nogle dager var ingen kundskab at faa herom ->», held han fram.

Jens Bloch er mest kjend for sitt arbeid mellom samane. Me har nemnt misjonsreisene hans saman med von Westen. I Selbu preika han og for finnane, og på deira eige mål.

Jens Bloch fekk ei syrgjeleg avferd. Han brann inne ikkje mange

år etter han fekk embetet. Han hadde vori i soknebod på Stranda og kunne ikkje komme over sjøen att for uver. Så råka det slik at det vart brann på garden der han låg, og i ståket med å berge folk og dyr, var det ingen som hugsa på presten som låg i nystugu, før det var for seint. Dette hende på Balstad i 1736. Kona, *Sophie Amalie Madsen* satt att i tronge kår med 3 born. Ho døydde som almisselem på St. Jørgens hus i Trondheim 1764. Embetet stod no ledig til 1737 da *Peter Kaasbøll Rosenvinge* fikk det. *Rosenvinge* var riktig ein kraftkar. Han var gift to gonger og hadde 19 born. Stor og svær var han, mest som ei kjempe, og skal ha bodi seg til å jule opp kven som helst av allmugen som våga å gå i mot han. Han var ein viljesterk kar som fekk i gang omgangsskulen. Prestegardsbygninga vart og sett opp i hans tid. *Rosenvinge* døydde i 1767 - «avet ulykkleigt Fald der bibragte ham et Stød i Siden,» står det.

Både *Rosenvinge* og føremannen hans hadde gått Wittenbergskulen og kunne si svartebok, trudde folk. Segnene om «Herr-Pætter» har levd på folkemunne hittil. Det var nok hans kvasse forstand, store talegaver og ualminnelege kundskapar som gjorde at folk trudde han stod i samband med overnaturlige makter. Fleire segner er skrivi ned av

P. Sand, Her er eit par som var allment kjende enda da eg voks opp. «Herr-Pætter» sa det skulle bli by på Nesta og at vognene skulle gå etter berga utan hestar. Han sa og at dørhylla utafør kyrkjedøra skulle sprekke, og ein kan vel seie at alt dette har sanna seg.

Når han døydde skulle dei få varsel om korleis det hadde gått med han. Det skulle komme to korpar, ein svart og ein kvit, og ein av dei skulle sette seg på grava hans. Var det den kvite, hadde alt gått vel, var det derimot den svarte, hadde han fari ille. Og korpane skal ha kommi og kvit skal han ha vori han som sette seg på grava.

Enda ei segn skal forteljast om da «Herr-Petter» søkte utburden. Verre plage for folk enn å bli ute for utburden fanst ikkje. Han var helst framme der det var småborn. På ein gard var dei svært så plaga av han ein vår. Utysket heldt til i ei skogbjørg midt for garden og heldt leven: - peip og pistra, hakra og lo som ein kar og gret som eit barn. Han viste seg i alle slags skikkelser. Ein liten grå fugl som trippa etter låvtaket var nok utburden som hadde forkledd seg, og tidleg ein morgon satt han som det reine utyske på burstaket så folk skyndte seg inn for å slippe sjå slikt.

Ein morgon kom han enda inn i stugu, forkledd som ein gutunge som bad om ein barnklut. Men kona tenkte seg brått om og svara at dei ombar ingen, og med den børa laut han gå.

Da levenet ikkje ville ta slutt, laut dei tala med presten, og da vart det ei råd. «Herr-Pætter» fall på kne ute på jordet der han stod og bad for dei arme folka og det så kveldt at dei hørde han til gards alt med han fekta og slo med armane. Men så vart det stilt borti bjørga og. Det var som utysket var søkt ned.

Etter *Rosenvinge* kom prestane *Frugaard*, *Hersleb* og *Widerøe*, *Frugaard* var jyde og tala jydsk. Det skal ha vori han som tok til å skrive Nestved om prestgarden, etter namnet på heimstaden hans i Danmark, segjest det. Han var prest her til 1792 og er mest kjent for sitt strev med å få bøndene til å ta i bruk den nye matplanta, poteten.

Folketalet i bygda hadde auka mykje dette hundreåret Koparverket hadde vori i drift. Gardar og plassar hadde meir enn tvidobla seg. Den gamle kyrkja vart reint for lita, og i *Hersleb* si tid, 1804-1806 vart «Nykyrkja» sett attåt. Ho er breiare enn gammalkyrkja, og taket kviler på store trepillarar - fire kjempefuruer frå Varmdalssko-gen. Kyrkja vart bygd ved dugnadsarbeid, og steinen vart køyrd opp på murane. På takfløya står årstalet 1806. Kyrkja hadde ikkje tilbygg for kor før i 1888.

Både *Hersleb* og *Widerøe* gjorde mykje for skulen. *Widerøe* såg om lærarane ofte, og det stod «ågå» av presten når han tro inn i skulestugu.

I 1826 vart *Suhrland* prest i bygda. I Flora er vel han mest kjend for sitt prisverdige tiltak med å få i gang postill-andakter på uversdagar da folk var hindre i å komme til kyrkje, heiter det. Postillen som er utdrag av *Martin Luthers* kyrkje- og huspostillar er til enno. Postillen var elles t ei gåve frå det sikstinske legat. Grenda ordna seg sjølv med opplesar eller forstandar, som dei kalla han.

Suhrland d. i 1834. Han var gift to gonger. Siste kona, *Anne Haumann* fekk Litl-Evjen eller Segjendet til enkjesete. Husa stod på Libekkeøya, eller Surlandsøya, som øya og har vori kalla etter henne.

Etter *Suhrland* kom *Sandborg*. Han vart bygda sin første ordførar, Så kom *Emil Tybring* som var prest her frå 1847 til 1862, og som er så kjend for alt han gjorde for bygda og for å hjelpe folk. Han fekk oppretta eit legat for verdig trengende. Han var interessert i folkeopplysninga og fekk istand ei allmueboksamling. I Tybring si tid vart og kyrkja kjøpt. Ho hadde vori i privat eige til da. Sparebanken vart og oppretta i hans tid.

Hansteen kom etter *Tybring* og var prest i Selbu i 25 år. Han var *ein* prinsipsterk kar som vende lesarborn når dei ikkje kunne leksene, og han hugsa «knektane» og. «Du gjekk i to, men du skulle ha gått

i tre du,» sa han til ein gut som yppa seg mot han ein sundagsmorgon presten kom ut og taura på kyrkjekøyrarane for at dei slo pjaksar i husveggene enda presten hadde fått gjort krokar til å smette grimtaumane på.

Etter *Hansteen* fekk soknet residerande kapellani. *P. V. Deinboll* vart da sokneprest og *H. W. Domaas* første kapellan.

Domaas fylgde etter *Deinboll* som sokneprest i 1896. Da kom N.

Hornemann som kapellan og han og *Domaas* var prestar i Selbu kring 20 år båe to.

Folk møtte mannjamt ved kyrkja, og dei fleste gjekk. I høgtidene vart det køyrd, og da skulle alle vera med, born som vaksne. I pinstihelga kom floringane på tømmerflåtar og plankeflåtar til kyrkje. Det var ein spennande kyrkjeskys, iser for born og ungdom. Folk nede i Øverbygda nytta og denne kyrkjeskysen, - kyrkjefolk stod og venta på laglege plassar ved elva og fekk stige på flåtane.

I jula vart det køyrd til kyrkje, og langsleden var lenge einaste skyssdoningen. Seinare kom kjermene og sist spiss-sleden og sluffene.

Sommars dag og i bryllup skulle ridesalane brukast. Det var stor stas med ridesalane, og skikken med ridande bryllup heldt seg fram mot 1870-åra.

Vognene var vanlege godsvogner med stolsete som var i bruk til karjolane, giggane og fjervognene kom i bruk kring hundreårsskiftet.

Kyrkjeshøknaden heldt seg likeeins hundreåret ut og enda lenger.

Folk ville gjerne til kyrkje, og det vart køyrd både juledag og andredagen. Det var triveleg med kyrkjeturane i jula med mange i følgje nedover dalen i halvmørket tidleg om morgonen med dombjøller på hestane. Stod så skogen kvit av rynje, var turen så mykje meir triveleg, for rynje i skogen julemorgonen tydde fred i året som var i vente.

Etter me fekk 2 prestar i bygda, vart det ordna med bibellesning i Flora andre juledag. Det vart da slutt med å køyre til kyrkje andredagen, men første juledag vart det køyrd som før frå Flora, heilt til grenda fekk eige kapell.

år det gjeld den frivillige teneste, så veit ein at det var huspostillar i grenda så tidleg som i midten av 1700-talet.

Postillandaktene *Suhrland* fekk i gang i Flora var truleg dei første samlingar til oppbygging i grenda. Seinare kom emmissærane eller lesarane som dei har vori kalla.

Hauge-rørsla fekk truleg ikkje så mykje å seie i første omgang. Men alt i 1830- og 40-åra tok det til å fara lekpreikarar, flinke og dyktige folk, ofte langsveges frå. *John Tørseth*, «Jo

Sengjinn», som dei kalla

59

han, var kanskje mest kjend. Han gav ut ei bok og, Tørseth-boka. *Tørseth* var lam i føtene og vart frakta i seng. Når han skulle halde møte, vart senga bori inn i stugu og sett på bordet, og *John* sat i senga og tala. Han skal ha tale ved kyrkja og. *John Tørseth* var frå Rindal.

Mange lekpreikarar fór som emissærar for Det norske misjonsselskap, og det vart stifta misjonsforeningar utover bygdene.

Flora fekk si misjonsforening i 1875. Ein utsending frå misjonsselskapet, *Ole Kallem*, hadde nyst vori i bygda og oppmoda folk i grenda til å stifte misjonsforening. *Kattem* var frå Ryfylke. Misjonsforeninga vart stifta den 2. mai 1875 på Tuset, austre, av *John Knutsen Ørås* som åpna møtet med salmen «Vær trøstig Zion Kristi brud.»

John Knutsen Ørås var floring, f. på Tuset, vestre. Han var ein kjent lekpreikar, myndig og sterk i forkyninga. Han reiste som emissær for misjonsselskapet ei tid.

Floren misjonsforening gjekk i over 50 år. Det var ei mannsforening, nærast. Møta vart haldi berre på helgedagar og i middagstida. Det var vanlege oppbyggjelege møte med utlegging av teksten og opplesing av stykke fra Misjonstidende. Møta vart alltid avslutta med opptak av kollekt. Den første tida heldt dei misjonsmøta på gardane. Etter skulestugu vart bygd, vart dei haldne i den. *Gunder Drivold* var første formann. Etter hundreårsskiftet var det sonen, *Ole Drivold* som var formann og heldt møta. *Ole Drivold* tok mot lekpreikarane og var den sjølvsgade leiar av det åndelige arbeidet innan grenda. Han tala ved gravferder og introduserte prestane og tilreisande. I grenda var han den sjølvsgade sjelesyrgjaren som vart henta til dei sjuke, eller han gjekk sjølv mint og var til hjelp for mange. Han døydde påskemorgonen 1940.

Ved sida av denne misjonsforeninga var det misjonskvinneforening. I den seinare tid har det frivillige arbeid helst vori samla om sjukepleie og sanitet.

FLORA KAPELL

Flora kapell vart innvigd 9. oktober 1936. Det var *ein* stor dag for grenda som det hadde vori sett fram i mot i lang tid. Det van litt av eit omskifte og. Frå å ha ein kyrkjeveg på over 2 mil, stod no Gudshuset midt i grenda.

Avsides som Flora har legi med både lang og tung kyrkjeveg, var



Kapellet.

det rimeleg at tanken om eige kapell for grenda alt tidleg måtte melde seg. Vegen var litt av eit problem til alle tider på året, med bakke opp og bakke ned og den eine lange vegbrauta etter den andre. Men verre var sunnastormane om vintrane, for stroket nedover frå Flora er eit av dei værhardaste i heile dalføret. Dalen opnar seg mot fjellet her og stormen kan ta noko forferdeleg, og born og vaksne med har lidi meir enn dei hadde godt av. Kom det lindver og føret slo opp, var det å bruke trugane, og gravfølgje hadde vori opptil 4 timar på vegen.

Alt i 90-åra var spørsmålet om kapell for grenda oppe utan at det førte til noko. Eit slikt tiltak ville nok vera over evne for grenda trudde dei. Men tanken om eit kapell heldt seg levande og var vanleg samtalemne, helst ved gravferder.

Det var først i 1920-åra at spørsmålet om kapell for Flora vart teki opp for alvor. Grenda fekk nytt skulehus da og det gamle skulle avhendast. Den gamle skulestugu var lenge einaste forsamlingslokale i grenda og vart brukt til religiøse møte også etter at ungdomslokalet vart bygd. Skulestugu hadde såleis rik tradisjon som møtelokale. Der var prestane med bibellesningane. Likeeins emissærar som før, og der hadde misjonsmøta vori haldne. Det ville bli eit sagn om stova skulle komme bort, og noko måtte gjerast så den kunne bli verande.

Pastor *Hesselberg* som var kapellan i Selbu da, tok seg av saka og reiste samtidig spørsmålet om kapell og hjelpekyrkjegard for grenda. *Hesselberg* reiste frå Selbu dette året og saka vart no liggjande førebels.

To år seinare vart saka teki opp att av soknepresten *P. Gamkinn*. Det vart vald ny komite; vesentleg dei same, med lærar *Bardo Flakne* som formann, *Peder B. Hegset* som nestformann, *Didrik Næss* som kasserar og ellest *Elias J. Skogan*, *Ingeborg L. Bakken* og *Ingeborg P. Hegset*.

Møtet vart halde den 25. februar 1925. Nemnda gjekk straks i gang med innsamlingsarbeidet som fekk ein god start. På ein basar som vart haldi i påskehelga kom det inn 386 kroner, og det vart teikna over 4000 kroner i direkte tilskot og mange dagsverk fritt arbeid attåt. Julebasaren nådde og 300 kroner. Åra som følgde kom nok ikkje opp mot det første. Men dei teikna tilskota gjekk jamnt inn, og no og da kom det pene gåver til kapellet. Th. Angells Stiftelser yta 500 kroner i staden for bygningstømmer som det vart bedi om. Seinare vart summen auka til 1000 kroner. Banken yta 500 kroner og Floren spareforening 600. På liste som vart bari rundt i Øverbygda og Mosletta kom det inn mykje. Like eins på loddosal i ungdomslaga. Eit juloffer i kyrkja gav og vakre pengar. Frå Amerika kom det pengar frå dei gamle utvandrarane. *Lars O. Næss*, *John a~ Flakne*, *Klevan*, *Beret Haugan Drivold* sende 50 kroner kvar, og *Ola G. Haugan*, som reiste i slutten av 80-åra, sendte i alt 2000 kroner, som var det største direkte tilskotet til kapellet. Ellest kom pengane inn ved basarar, tilstelningar og tilfældige gaver.

Ei viktig sak var spørsmålet om tomt. Her spela mange moment inn ikkje minst kjenslene. Det var fleire som tykte at kapellet burde stå på den gamle samlingsstaden. Men da det viste seg umogeleg å få høveleg plass der, samlast krinsen om ei tomt på garden Bakken. Det skulle seinare syne seg at ein ikkje var ferdig med tomtesaka med det.

Til faghjelp fekk komiteen arkitekt *Anton Kjeldstad*, Trondheim.

Han gjorde seg fort ferdig med utkast og kostnadsoverslag for kapellet, og alt i juli 1926 kunne komiteen sende søknad om byggjeløyve. Men søknaden kom førebels ikkje lenger enn til heradsstyret. Spørsmålet galdt tomta som viste seg å vere steinet, og søknaden kom att med henstilling om val av eventuell anna tomt. Men å finne ei ny tomt som krinsen kunne samlast om, var ikkje så lett, og det tok lang tid før saka klårna. Denne saka vart løyst på ein svært god måte ved kjøp av tomt på granneeigedomen etter at formannskapet hadde gjevi til-

sagn om garanti. Men tida gjekk, og det var først i 1929 saka vart ordna og søknaden kunne gå til departementet.

Men det skulle vise seg å vera fleire skjær i sjøen. Statens bygningsinspektør hadde sine merknader, og nærmast ved ein incurie i søknaden vart det nødvendig å leggje garantierklæringa enda ein gong for heradsstyret. Endeleg kravde departementet full garanti for byggjesummen før løyve kunne gjevast. Arkitekt *Kjeldstad* som hadde gått inn for oppgåva med ein eineståande interesse, forma no ut det endelege utkast som vart godkjent. Kostnadsoverslaget var på vel 23 000 kroner, ein liten sum etter pengeverdien no, men seig nok å nå den gongen. Noko tilskot var ikkje å få. Og å binde grenda til eit større lån meinte ein Ville vera uheldig, så ein fekk ta den tida ein trong, og drive på med innsamlingsarbeidet til ein hadde midlane. Først i 1934 meinte ein å kunne fylle krava. Mykje av byggematerialet var da kommi på tomta, såleis alt hustømmer som var gjevi. Boks og bord til tak og paneling vart og levert i grenda, hoggi etter mål utan tillegg i prisen. Arbeidet på grunnmuren var bortsett og ein hadde tilbod frå byggmeister på oppføring av kapellet. Og med dei vel 14000 kroner ein no hadde i pengar skulle ein greie seg med tilskot av eit mindre lån, og den 18. november 1934 gjekk søknaden inn til departementet. Den 24. mai 1935 vart det ved kongeleg resolusjon gjevi løyve til å byggje eit kapell i Flora etter teikning av arkitekt *Anton Kjeldstad*. Det var ein triveleg bodskap som no kom over radio og aviser. Hadde folk vori gavmilde før, vart dei så mykje ivrigare no. «Sørg ikkje for altarduk, den kommer til kirkens innvielse», stod det i eit brev, utan anna opplysning. Og pengar og tilbod om gaver beint fram strøymde på.

Arbeidet med grunnmuren kom i gang først det vart berr jord, og den 4. juli vart oppføringa av kapellet bortsett til byggmeister *Iver B. Gylland*, Horg, som tok akkorden for 5.122,- kroner. Byggmeisteren skulle levere spiret og alt materialet til blikkenslagerarbeidet. *Gylland* kom med 5 mann etter slåttonna og fekk kapellet under tak til jul med vinduer og dører innsett. Desse vart levert av Samson Fabrikker, Melhus. Tårnet er tekt med kopar og taket med Alta-skifer.

Inventaret vart snekra i Selbu. Benkene ble levert av *Sivert Brudal* som tok 15,- kroner benken i arbeidsløn, oppsett i kapellet. Korsranke, knefall, døypefont, preikestol og altar er laga av snikkarane *Olav Engen* og *John Renå* som leverte det heile for 800,- kroner. Brørne *Johan* og *Trygve Lien* sørge for at i teriøret fekk dei farger det skulle ha. Arkitekten tenestgjorde som fargekonsulent. Men kapellet stod


framleis utan bordkledning og det tok til å bli spennande om ein kunne få det innvigd denne hausten. Men no kom og *Gylland* att og bordkledde kapellet, og brødrene *Lien* stod føre målinga her og.

Og no strøynde gavene på, mest som utstyr, mange av dei er signerte. Kapellet fekk 2 kyrkjeklokker og 2 lysekroner. Den eine av kyrkjeklokkene, storklokka er «Gåvå frå utflytta grendefolk» som det står på henne. Den andre er gjevi av *Mali* og *Peder B. Hegset*~ Den eine lyskrana er frå Gammelgruben a/b til eit minne om Selbo Kobberverk som var så nær knytt til Flora. Den andre lyskrana er gjevi av *Gurine* og *Didrik Næss*. Alterbiletet er gave frå arkitekten som og har måla det. Altarduken er sauma og gjevi av fruene *Anna Melan* og *Ragnhild Landrø*. Messehakelen er gjevi av *Ingeborg* og *Bardo Flakne*. Altarbøkene er gave frå Tydal kyrkje, og den trearma lysestaken er gjevi av *Anne* og *John G. Drivold*. Serkalkane vart gjevi av Selbu sanitetsforening og av prestane *Børset* og *Lange*, og altarsølvet ellest er gave frå Floren spareforening. Det kom og opp gardiner i kor og sakristi, arbeid og gjevi av *Johanna Bakken Marienborg*, Skogn. Her skal og nemnast at innlegginga av det elektriske lyset vart kosta av *Ole O. Tuset*, og at trappene er snekra og gjevi av *Johannes Ørås* og at inventaret i sakristiet er kosta av *Ole J. Flakne*. Til orgel vart det gamle frå Selbustrand kapell teki i bruk etter å ha vorti restaurert. Dette arbeidet vart gjort av *Torkelsen*, Åsen. Ein sel bygg der, lærar og organist *Ole Amdal*, gjorde mykje for å få dette ordna, og etter innbyding møtte han og opp og spela under innviinga~

Vigseldagen stod kapellet ferdig med inventar og alt som hørde til. Kapellet vart vigsla av biskop *Støren* med følgje av prostane *Castberg*, *Strinda* og *Hoem*, *Stjørdal*, sokneprestane *Børset*, *Selbu*, *Skjaanes*, *Klæbu*, *Hovde*, *Byneset* og *Rostad*, *Malvik*, sokneprest *Hornemann* og pastor *Hesselberg*, Trondheim og res. kap. *Lange*, *Selbu*.

Innviinga vart ei høgtidsstund som ikkje vart gløymd av dei som var med. I grenda hadde folk gått mann av huse og ein stor flokk av utflytta grendefolk hadde møtt opp, og frå alle stader i dalføret, like frå *Stugudal* var det kommi folk for å vera med på høgtida.

Prosesjonen gjekk ut frå næraste gard og med kyrkjeklokkene klang ut over den flaggprydde grenda, gjekk det høgtidelege toget inn i kyrkjeset med altarbøkene og dei heilage kar som no kom på plass. Mellom 300 og 400 menneske var samla ved kapellet som denne dagen vart altfor lite. Kring halvparten måtte nøye seg med å følgje handlinga gjennom høgtalar. Eit kor av songarar frå *Melhus* under leiding av *O. B. Flakne* song «Min sjel, min sjel lov Herren», og



Flora kapell, interiør.

res. kap. *Lange* las inngangsbøna. Vigselsritualet vart føredregi av biskopen som preika over eit avsnitt av *Davids* 84. salme: «Salig er det menneske som har sin styrke i Gud.» Han slutta preika med ei bon om at det frå grendene og opp til det nye Gudshuset måtte bli ein åpen veg som ikkje måtte få gro att. Biskopen stod og føre resten av altartenesta og lyste kyrkja og kyrkjegarden innvigd. Høgtida vart

å avslutta med «Kirkeklokke, ei til hovedsteder» sungi av koret.

Etter innviinga vart det teki opp offer på alteret for å dekke litt av kyrkja si gjeld, som var på 1600 kroner. Ved kveldsgudstenesta som prestane *Hornemann* og *Hesselberg* heldt, vart det og teki opp offer og det kom inn kring 300 kroner.

Ved middagen etterpå, som vart haldi i skulestugu, gjorde formannen lærar *Flakne* greie for byggjearbeidet og stykjunker *Næss* for innsamlinga og rekneskapen. Det var ellest talar av pastor *Hesselberg*, ordførar *Kjøsnes*, formannen i soknerådet, *Lars Bårdsgård*, arkitekt *Kjeldstad*, sokneprest *Børset* og fl., og til sist av biskopen.

Kapellet med tomt og gravplass kom på 22 600 kroner, derav 7200 kroner til inventaret. Bygget var som nemt, reist for friviljuge gaver utan noko tilskott frå det offentlege. Som byggjenemnd fungerte no

Bardo Flakne, Peder B. Hegset, Didrik Næss, John G. Drivold, sokneprest Børset med Ole P. Sandmo som varamann.

Kapellet vart ein kjær samlingsstad for grenda med stort oppmøte til gudstenestene i mange, mange år framover, og det har alltid vori omfatta med godhug både i grenda og av utflytta. Nye gaver er kommi og mykje frivillig arbeid er nedlagt for å gjera Gudshuset og kyrkjegarden vakker. Kapellet har fått plysj teppe framfor alteret, kosta av *Ingeborg* og *Ole Bakken*, og i skipet er det kommi opp gardiner for vindua og løper på golvet, ordna og kosta av utflytta damer.

Palmesundag 1959 vart det nye orgelet innvigd. Det er laga av Brødrene *Torkildsen*, Åsen og kom på vel 33.000,- kroner. Kommunen yta 16000,- kroner. Resten er innsamla. Seinare har kapellet fått flomlys, og no arbeider dei med steingjerde kring kyrkjegarden. Det er ferdig mot vegen, og ein vakker handsmidd jamport pryder no innkjørsla.

Gard og ætt **EIGEDOMSTILHØVE**

Før reformasjonen var kyrkja største jordeigaren her i landet. Dernest kom Kongen. Etter reformasjonen tok Kongen over alt bispegodset og det meste av det andre kyrkjegodset. Det gamle bispegodset vart kalla Stigtens gods. Ein støyter og på namn som canonigods eller kannikgods, kapitelgods og forleningsgods. Mest alltid er dette gammalt kyrkjegods.

Etter kvatt som Kongen kom i pengeknipe, måtte han til å avhende jorda. Serleg i 1660-åra pantsatte og selde han mykje, mest til kjøpmenn og rike embetsmenn.

I denne tida var det ikkje uvanleg at det var fleire eigarar om same gard, men berre ein hadde bygselretten eller var bygselrådige over garden, som det heitte. Han kunne avgjera kven som skulle bygsle eigdommen. Han hadde og visse serrettar. Han kunne t. d. hogge i skogen for sal om det var meir enn nok skog til husbehov. Den bygselrådige eigar hadde og krav på serskilte avgifter av leiglendingen førstetake og tredjeårstake.

Landskylda for den delen av garden det ikkje følgde bygselrådighet med, vart frå omlag 1700 ofte kalla laus landskyld.

I Flora fanst det «løs landskyld» som ikkje vart innløyst før på dette hundreåret.

Så seint som i 1661 hadde Kongen bygselrådighet over alle gardane i Flora unnateki Hegset og Neset, men han åtte ikkje all skylda. Halvparten av Uthus høyrde til Hospitalet i Trondheim, og Hemne kyrkje åtte partar i Tuset og Bakken.

Jordboka for 1668 viser at Kongen i mellomtida hadde seld alle

eigedomane sine i Flora unnateke *Langsmoen*, til *Christopher Caspersen*, viselagmann og stor godseigar i Trondheim. *Langsmoen* vart seld semare.

Mesteparten av landskylda og bygselretten over gardane i Flora kom no under proprietærar, rike ættet som rådde over større og mindre delar av jorda i Flora i lange tider.

Eit par ord om desse ættene vil derfor vera på sin plass.

Schøller-ætta

Dei norske *Schøller-ane* ættar frå Holstein. Ein *Caspar Schøller* kom til Noreg på 1600-talet, var fut over Bakke klostergods, kjøpte storgarden Gjølme i Orkdal og ei mengd jordgods over alt i distriktet. Han døydde i 1661.

Ein av sønene hans heitte *Christopher*, og det var han som kjøpte gardane i Flora. Han oppnådde å bli vise lagmann i Trondheim. Han åtte hovudgardane Munkvoll ved Trondheim og Gjølme i Orkdal, og heldt fram med gardoppsamling i stor stil som faren. Kona hans, Maren

Meldahl, hørde til ei ætt som og samla på jordgods.

Eit av borna deira heitte *Anders* (1664-1724). Han skaffa seg tittel av kommerceråd, åtte storgarden Leira i Strinda med kvern og sagbruk i Leirfossen og var ein rik mann etter tida sin mælestav.

Me finn namnet hans i matrikkelen for Selbu frå 1721. Buet etter faren kan ikkje ha vorti oppgjort før, for før den tid er *Schøllers* arvingar ført som eigarar.

Mange av gardane i Flora som *Christopher Caspersen* kjøpte, hadde ellest gått over på andre hender etter han døydde i 1680_

I matrikkelen for året 1706 finn ein *Friis'es* arvingar som eigar av Uthus, *Brix'es* arvingar som eigarar av gardane Tuset, Bjørken og Bakken, medan Ørås har vorti bondeodel med enkja på Krogstad som eigar.

I 1715 er stillinga den same, men i 1723 står commerseråd *Schøller* som eigar av alle desse gardane unnateke Uthus, *Schøller* hadde da fått tak i ein annen gard i grenda, odels garden Neset som måtte gje tapt Som odelsgods på bondehand.

Etter *Anders Schøller* var død, vart jordgodset hans m.m. utlagt til arvingar og fordringshavarar. Enkja, *Anna* f. *Tønsberg*, vart i 1727 gift med ein major *Johan Henrik Weinigel*, og ein finn namnet hans i matrikkelen frå den tida, medan *Schøllers* arvingar opptre som jordgodseigarar i 1726.

Anders og *Anna Schøller* hadde mellom andre born ein son som heitte *Sti Tønsberg Schøller*. Han levde i åra 1700-1769, og skaffa seg tittel både som etatsråd og som kammerherre. Han vart gift første gong med *ei Elisabeth Angell*. Ho døydde i 1742, og *Sti Tønsberg Schøller* gifta seg oppatt same året med generalsdottera *Cesilie Christine Frølich*.

Ein vil seinare få sjå at namnet til *Sti Tønsberg Schøller* er knytt til gardane i Flora frå 1746, medan geheimerådinne *Schøller* er nemnt i same eigenskap i matriklane frå 1778. (Ho vart no ellest ikkje geheimerådinne før i 1780 etter at ho hadde flytta til Kjøbenhavn, med ei formue på 450.000 riksdalar, seier tradisjonen).

I Trøndelag er ho best kjend for si rivalisering med lagmannsfrue *Møllmann*. Da fru *Møllmann* bygde den ,flotte garden Harmonien, sette fru *Schøller* i gang oppføringa av Stiftsgarden, som unekteleg ber prisen av alle trepalassa i Trondheim, så fru *Møllmann* vart slegi ut i den kappestriden. Då bygnaden stod ferdig, skal den byrge frua ha sagt: «Ja, no kan fru *Møllmann* ha det så godt.»

Slik lyder segna om storverka til dei to Trondheims-damene på 1700- talet, meir nøkternt sett, kan læra bli den at geheimerådinna sine leiglendingar i Flora og var med og ytte sine tilskot (om ikkje så store) til oppføringa av den noverande kongeboligen i Trondheim.

Sti Tønsberg Schøller skal ha freista å halde igjen, elles t er det lite å høyre om han. Nesten 20 års enkjestand gav geheimerådinna luft under vengene, og ho visste å svinge seg opp til respektable sosiale høgder.

Sti Tønsberg og *Cesilie Christine Schøller* hadde ei dotter, *Elisabeth Schøller* som i 1760 vart gift med oberst *Georg Fredrik Krogh*, den seinare general *Krogh*. Den mektige svigermora døydde i 1786, og i matrikkelen frå 1790 er *Krogh* å finne som eigar av landskyldpartane i Flora.

Med kona fekk han ein masse jordegods, for det meste i Trøndelag.

Også Leira gard med industrianlegga ved fossane i nærleiken vart hans eigedom ved giftarmålet.

Ekteskapet vart stutt. *Elisabeth Krogh* døydde i 1763 frå mann og ein nyfødd son, seinare major *Sti Tønsberg Schøller Krogh*.

General *Krogh* vart gift for andre gongen i 1765 med admiralsdotter *Margrethe Lerche*, ei myndig dame, etter tradisjonen.

I dette ekteskapet fekk *Krogh* fleire born. Ein son, *Georg Fredrik*,

1777, vart militær og avanserte til oberst. Han fekk og rang og tittel som kammerjunker, og han vart eigar av storgarden Leira og var distrik-

tets leidande industriherre. At han hadde fått mesteparten av det vidt spreidde jordgodset sitt ved arv, gjorde velstandsgrunnlaget traustare.

Oberst *Krogh* kunne gle seg ved velstand ei tid, men etter 1814 kan tida karakteriserast som den nyare tids verste deflasjonsperiode. Formuer gjekk fløyten i den, og trelastmarknaden vart fullstendig død. Jordleiga hadde ikkje følgd med tida, så bort-bygsling av gardar gav mager inntekt. Vilkårå for næringsdrift etter *Krogh* sine idear var dei slettast moglege etter frigjeringa, så det solide grunnlaget for hans eigen og ætta sin økonomi smuldra bort.

Oberst *Krogh* døydde i 1826 nærast som ein utarma mann. Ikkje lenge etter (1828) vart mesteparten av buet, det store jordegodset, realisert. Dei 7 gardane i Flora som Leira-godset åtte eller åtte del i, vart alle selde til dei som brukte gardane.

Den eines død er den annens brød, lyder ordtaket. For leiglendingsbøndene i Flora og andre med, førte *Kroghs* økonomiske misere til at dei etter måten tidleg fekk kjøpe gardane sine.

Ættene Brix og Friis

I matrikkelen for Selbu vil ein for året 1706 finne både *Brix-* og *Friis'es* arvingar som eigarar av gardar i Flora. Det gjeld gardane Uthus vestre, Tuset, Bjørka og Bakken. Dei hadde høyrd til *Schøller-godset* før, alle, men må ha vorti fråselde i tida etter *Christopher Caspersens* død. For *Brix-ane* sitt vedkomande vara dette eigedomstilhøve til først på 1720-åra da desse gardane atter går over til *Schøllers*.

Den første *Brix* har tittel av president, og må ha vori *Laurits Pedersen Brix*, som var borgarmester i Trondheim. At ætta laut gje slepp på eigedomane, heng truleg saman med at son til Laurits, *Gregorius Christopher Brix* døydde i 1722 og let etter seg eit fallittbu. Matrikkelen for 1723 fører så ny eigar.

Gregorius Christopher Brix var auditør og regimentskvartermester i Trondheim. Krigsåra kan ha teke knekken på han både økonomisk og sjeleleg.

Garden Uthus som *Friis'es* arvingar er ført som eigarar av, kom og på andre hender att, men aldri meir til *Schøllers*. Den høyrde til *Vineens Friis'es* arvingar i 1723 og, men matrikkelen for 1742 viser at da var garden seld til *Thomas Angell*.

Vineens Friis var truleg son til *Jens Friis Nilsen* som var fut på

Inderøya, så sonen må ha bytt namn. Vineens var kyrkjevevje i byen, og hadde borgarskap, var gift med ei *Anna Mortensdatter Lerche*. Ho og mannen var barnlaus, og skifte etter henne vart halde i 1726 på Tyholt ved Trondheim. Uthus er ikkje nemnt i skiftet etter *Anna Friis*, og det kan ein ikkje vente heller. Matrikkelen 1721 viser at *Vineens Friis'es* arvingar, - det vil seie mannens arvingar, alt i 1706 har fått eigedomsrett til denne garden.

Overgangen frå 16- til 1700 må ha vori ei dårleg tid for dei som bygsla bort jord. I Flora låg Uthusgardane øyde båe to, enda dei var millom dei største og beste gardane i grenda. For Uthus vestre sitt vedkomande er det og likt til at det var uklårt kven som var landdrott til dette bruket. I ei rettssak som vart haldi i Flora i 1755 om ein grensetvist som millom anna galdt Uthus, opplyste eit vitne at garden låg øyde kring hundreårsskiftet og at ingen visste kven som var landdrott før - «en *Persohn* øster fra Norge kom til Tronhiem og bortsolgte dette Spand i Udhuus».

Det må ha vori ein av *Schøllers* ættlingar som då selde garden til Vincens. *Schøllers* arvingar opptrer som eigarar til dei andre gardane i Flora etter *Christopher Caspersen* heilt til 1723 undateke Ørås som vart bondeodel ved hundreårsskiftet.

Angell

Som me alt har sett, så hadde *Thomas Angell* kjøpt garden Uthus vestre i 1742. *Angell* dreiv systematisk oppkjøp av jord med skog og gruver, fabrikkar og bygardar. Hans testamente som er rettsgrunnlaget for *De Angellske stiftelser*, talar eit tydeleg språk om hans økonomiske makt.

Thomas Angell arva ellest mykje av jordgodset sitt, iser i Selbu.

Dansken, etatsråd *Hendric Muller*, ein av kong Fredrik den tredjes største kreditorar, og som tok over mykje jordgods i Norge, skøyta bort desse gardane i Selbu og Tydal til *Thomas Hammond*:

«Solem, Sullum, Høybye, Engum, Sandwigen, Stamnes toe gårder, Punde toe gårde, - Langlie, Borset, Berge 1, Berge 2, Lien, Stubben, Kalder, Mølhuus, Meebust toe gårder, Rønsberg tre gårder, Rølset, Nerwig, Øfne, Slinden 1, Slinden 2 toe gårder, Åsum, Kiøsnes toe gårder, Espe, Udhus, Af tret, Aas, Østbye, Fossum, Løfås. - »

Dokumentet (skøyte) vart opplesi på Håve «i tingalmuens bi værelse 11. july 1681».

Thomas Hammand var *Thomas Angells* bestefar på morsida.

Thoning Ovesen og Huitfeldt

Da buet etter oberst *Krogh* vart realisert i 1828, møtte ein ukjend person opp og baud av storgarden Leira med tilhøyrande gods etter at bøndene hadde kjøpt det dei ville. På spurdnad om kausjon, skal han ha klappa på lommeboka og svara: Eg sjølv, kontant, segnes det. Mannen var *Thoning Ovesen*, kjøpmann m.m. i Trondheim. Han residerte så på storgarden Leira til sin død i 1881. Inkje av det gamle *Schøllergodset* i Flora var att da Ovesen kjøpte godset, men i den tronge tida for bøndene i siste halvdel av førre hundreåret, kjøpte *Ovesen* ein part av Uthus austre i Flora. Da buet etter *Ovesen* vart realisert, gjekk denne parsellen av Uthus-garden over til *De Angellske stiftelser*. Parsellen, saman med Hilmogardane og Aftretsåsen vart seld til Stiftelsene for 250.000 kroner. Det var i 1895 handelen vart gjort. Dei hadde alt før kjøpt mesteparten av skogen på Uthus austre, og åtte frå no av mesteparten av skogen på dei to gardane.

Konsul *Arild Huitfeldt* steig fram som skogkjøpar i Selbu alt i 1850- åra. I Flora kjøpte han Hegsetskogen og ein parsel av Flaknan, og noko seinare mesteparten av skogen i Bjørken. Hegsetskogen gjekk frå att, men firmaet som dreiv oppkjøp av skog med og utan eigedomsgrunn, kjøpte mesteparten av skogen på Neset, og seinare garden Bakken. I 1920-åra gjorde firmaet buslit og mesteparten av eigedommen firmaet åtte i dalføret, gjekk over på andre hender.

LANDSKYLD OG SKATTAR

I avsnittet om dei einskilde gardane vil ein ofte finne uttrykk som «landskyld», «leding», «tiend» osb., og me skal difor her gje ei stutt utgreiing om dette.

Alt frå utgammal tid har dei funni det praktisk med eit verdimål på gardane, anten dei var leilendingsgardar eller sjøleigebruk. I mellomalderen var dei fleste bruk leilendingsgardar, og den leiga dei betalte vart kalla landskyld. Det var difor naturleg at landskylda vart brukt som *verdimål* på alle gardilr, også sjøleigebruka.

I Trøndelag - utanom fiskarstroka - vart landskylda rekna i spann smør ti 3 øre ti 24 marklag. Eit spann smør vog 15,4 kg. Ein gard på

minst 2 spann vart rekna for ein «fullgard», og bonden på ein slik gard vart kalla «fullbonde» og stod sosialt over dei andre bøndene. I Flora var det berre bonden på Friol (Uthus) som vart rekna som fullbonde, og det berre før garden vart delt sist på 1600 talet.

Sjølv sagt vart ikkje landskylda alltid betalt i smør. Dei kunne betale med andre varer eller med pengar.

Landskylda vart og etter kvart nytta som grunnlag for utrekninga av ymse skattar.

Ein av dei hardaste skattane var ledingen, dvs. forsvarsskatten. Det var ein skatt til Kongen, dvs. statsskatt. Nokon ubroten samanheng mellom landskyld og leding var det ikkje, men ledingen vart i fredstid vanlegvis sett til 1/8 av landskylda. Heilt sikkert veit me at sist på 1500-talet var ledingen i Gauldal 8 merker smør pr. spann skyld. Det svarar til 1/9 av landskylda.

Ti enda var og ein hard skatt. Som namnet seier måtte bøndene betala 1/10 av bruttoavlen, og av dette gjekk 1/4 til soknepresten, 1/4 til biskopen, 1/4 til bygdekyrkja og den siste fjerdedelen til fatighjelp («bondeluten»). Også ti enda kunne betalast med andre varer eller reide pengar.

Utanom leding og tiend var det ei mengd andre skattar, serleg i ufredstider, men det vil føre for langt å komme nærare inn på dei her.

Til sist kan nemnast at før «spann smør» vart gjennomført som verdinål for gardane, brukte dei einingane «fullgard», «halv gard» og «øydegard», dvs. kvart gard, og desse nemningane heldt seg langt opp gjennom tida ved sida av «spann»-skylda.

Frå 1838 vart «spann»-skylda ombytt med skylddalar a 5 ort a 24 skilling, men alt i 1886 vart skylddalararen bytt om til den eining som no gjeld: Skyldmark a 100 øre.

Dei einskilde bruk

ØRÅS **G. nr. 108.**

Ørås ligg lengst vest av gardane i Flora og grensar mot Rolset, øvste garden i hovudbygda Selbu. Utmarka ligg mellom Nea og Rotla og rekk omlag 3 km oppover dalen.

Garden stod frå først av oppå elvbjørga der ein framleis har det gamle Ørås-jordet. Det har vori brukt til seter etter at den gamle garden i nok så tidleg tid vart lagt øyde.

For godt og vel hundre år tilbake vart halvparten av garden, bruks nr. 1 av Ørås busett att og nytt tun teki i bruk nede i dalen. Andre halvparten er framleis underbruk eller avlsgard.

Tydinga av gardsnamnet er usikker. Prof. *Rygh* tenkjer seg at første delen av namnet kan vera avleidd av g.n. (gammalnorsk) ore som kan tyde både olderved og olderskog, men held tydinga for «en usikker formodning».

Av eldre skriftformer, har ein berre to avvik frå Øraas som er det vanlege. Ein einskild gong er namnet skrivi Oeraas, og ein gong har ein skrivemåten Øffrås.

I dagleg tale får gardsnamnet bundi form: Øråsen, dat. Øråsa. I tilstad- og påstadnemning blir preposisjonane åt og i bruka.

Landskylda var frå gammalt 12 marklag eller ½øre. Denne skylda var uforandra heilt til 1838. Garden var da delt, og kvar av dei to gardpattane vart pålagt 2 ort 23 skilling i skyld. Etter den siste revisjon og omrekning av landskylda fekk br.nr. 1 ei skyld på 2,70 mark, medan br.nr. 2 vart pålagt 2,30 mark i skyld.

I Selbu festna det seg ikkje faste nummer til gardane før fram mot 1750. Ørås er da ført snart som nr. 742, snart som 803 eller 805. Til



Ørås.

slutt fekk garden det faste matriknr. 824 som i 1838 vart byta i 105. Garden var framleis delt i to partar som fekk laupenumra 138 a og 138 b. Etter at matrikkelrevisjonen i 1860-åra var fullført, fekk Ørås gardsnr. 108.

Ørås er ført i lensrekneskapa frå først på 1600-talet, men busettinga går lenger att. Ein veit ikkje tida for denne og når garden har vorti skyldsett.

Første oppsittar som er nemnt var ein *østenn Øraas*, ført i lensrekneskapan 1611. Han er ført som odelsbonde med ei skyld på 2 øre. Talet svarar ikkje med landskylda. Ørås hadde ei skyld på ½øre hugsar me, så østen må ha hatt anna jord attåt. Sumt tyder på at det kan ha vori eit slag sambruk med grannegarden Flaknan i denne tida. Skylda på dei to bruka er 2 øre samanlagt. Andre ting tyder og på at dei to gardane har vori drevne under eitt i denne tida.

Med bondeodelen har det nok gått ille. Ørås er seinare ført som leiglendingsgard.

I 1647 låg Ørås under Holrnbs Goeds, og frå 1650 høyrde garden til Kronens Gods. Seinare, i 1660-åra kom Ørås og ei rekke andre gardar i dalføret under *Schøller-ane* i Trondheim_

Som oppsittar på Ørås i 1624 finn ein *Berette Øraas*, truleg enkje etter *østenn*. *Berette* svara ein leding på 2 merker smør og 2 merker

mjøl. Seinare er ledingen ført med ½ mark smør og 3 merker mjøl. I 1626 er Peder Ørås } eller Øffraas, ført som leiglending på garden.

Det er ellest ikkje så mykje å fortelje om Ørås i denne tida, da fleire skatteregister ikkje nemner garden. Først i 1640 er garden ført att.

Oppsittaren er da og kalla Peder. Under Koppskatten 1645/46 er Peder Øraas ført med Høstrue, Sønner 1 og Tienestepiger 2. Ledingsskatten var 5 ort.

I 1657 var skatten berre halvparten. 2 112 ort 4 skilling.

Det var da kommi ny leiglending på garden, Anders Øraas, truleg son til føremannen.

Same år fører skattelista ein husmann under garden, Joen Øraas som til liks med ein annan husmann i Flora, «efter Deris yderste formue var taxerit for half Skatt» med 112 dalar.

Det var tilsprang til bureising i denne tida, truleg for den livlege avsetting av trelast og alt arbeid som følgde med det. I Flora var det både garddeling og bureising av husmannsplassar. Husmannen på Ørås har truleg halde til på Øråsplassen.

Kvegskatten frå 1657 har desse tal for Ørås: 1 hest, 11 naut, 7 geiter og 8 sauer. Husmannen hadde hest, men nøgde seg med 3 kyr, 3 geiter og 1 sau.

I jordboka for 1661 er og skatten for engslætte ført med 8 skilling, men skatt for Qvernsted har ikkje Ørås svara. Ørås-mannen skal etter segna ha meli kornet sitt på kverna åt Langsmomannen, og den kverna har nok ikkje skattefuten hatt greie på, for den stod oppå elvbjørga på andre sida i tverelva Råna.

I rentekammerantalet 1664/66 er Anders Ørås borte og Enchen er ført som «besidder» . Til hjelp på garden hadde ho to søner: *Joen*, 40 år og *Gunder*, 26.

Og så hadde ho ein tenestekar, *Joen*, også 40 år gammal.

I jordboka for 1668 er «Enchen» ført med førenamn. Ho heitte *Kari*.

Christoffer Caspersen er da eigar. Skylda er da ført med berre 8 marklag. Ledingsskatten var svært låg over alt det året og utgjorde for Ørås berre ½ ort. Tienden var derimot vanleg: 112 skjeppe bygg og 3 skjeppe havre.

Det gamle Øråsjordet som ligg med fritt utsyn oppover dalen frå den høge dalsida, vender mot sør og ligg såleis lagleg til for korndyrking. Det same er tilfelle med «Reitene» som ligg lenger ute i dalsida. I den bratte lia, som no er tilvaksi med older og anna skog, har gamlekarane dyrka kornet sitt. Det vart ikkje avling kvart år. Garden ligg

høgt og var utsett for frost. I 1687 melder tiendemanntalet at åkeren var «affrøsen». Det må ellest ha vori eit frostår utom det vanlege, for da fraus åkeren nede i dalen og både på Langsmoen, Flaknan og Neset. Likeeins på Lunden. Underleg er det å sjå at på fire av dei fem gardane «var ej noget saaed» året etter, truleg av skort på såkorn.

På Ørås var det da ny brukar. Enkja er fort i matrikkelen så seint som i 1673, men i 1684 er ho etterfylgd av sonen *Joen Ørås*, og med han blir det slutt med desse folka på Ørås og med busettinga på garden og, førebels.

Joen Øraas var Laugrettismann. Han dreiv garden enda i 1695, men ved manntalet i 1701 låg Ørås øyde, og *Joen* var fråflytta. Han døydde i 1707 og vart gravlagt 7. s. i triening. I kyrkjeboka les ein: «*Jon Øraas* af Frolen, fattig, alder 83». Same år, «Dom 17. Trin» er *Kirsten Øraas* gravlagt, 36 år gammal. Ho var nok dotter til Jon, og er den einaste som er funni nemnt av folka hans. Men her er ei segn om ei jente som skal ha drukna, og som truleg var frå Ørås. Jenta heitte *Kari* og har fått namnet sitt festa til staden der ulykka bar til. Stellet ligg sør for Øråstjønna. Det er ein liten myrfloe som dei kallar Kariholet. Det veks litt molte kring floen som jenta truleg har tøygd seg etter. Floen ligg like ved Øråsvegen. Ei ry like ved, som veggen går over, har og namnet hennar og kallest *Karirya*.

Framkomsten til Ørås opp dalsida var ikkje lett. Veggen er svært bratt og har det karakteristiske namnet Øråsberget. Oppå elvbjørga hadde garden etter måten gode farlei der både nedover til Rolset og oppover til Flora. Denne farleida kan og ha vori brukt som gjennomfartsveg nedover dalen.

På 1700-talet, da Selbu koparverk gjekk, hadde dei malmveg her til smeltehytta på Mølnå. «Gruvvegen», som dei kallar vegleida, vart brukt både til vinter- og sommarveg. Den gjekk over Grosvollrya og Ørås og ned ved Rolset. Veggen var brulagt over myrane.

Elvbjørga mellom Ørås og Rolset er høgare enn elvbjørga ovafor.

Her er det svært vidsynt, både nedover og oppover dalen. Det var såleis eit lagleg stelle for vete. Her stod da og den kjente Øråsveten. Den skal frå først av ha stått lenger vest, på «Våttåhaugen». Seinare stod veten like ved Ørås, der det no kalles t «Våttånn». Det er snautt for skog her, og høgda her kalles da og for Våttåfjellet. Ørås-veten er nemnt i ein militær rapport frå 1766, og der står det at veten på «Øraas-Haugen under gården Øraas udi Selboe Prestegjelds Hoved Sogn er på et beqvemt Sted».

Ørås-veten tok varsel frå ein vete på Gullbrandsegga ved Hilmo og

skal ha senda blind allarm ein gong det brann eit sommarfjøs på Hilmo.

Nedover dalen skulle Ørås-veten varsle ein vete på Hoemshaugane, og derifrå gjekk meldinga om Våttåfjellet på Selbustranda og enda om ein vete til varslet nådde Sverresborg og byen.

Det var vakt ved vetane i spente tider. Den som sist vakta Ør ås veten skal ha vori ei kvinne som heitte *Guri*, Gråtar-Guri, kalla dei henne. Vaktstugu som det har synt vister etter hittil, stod i skogsnaret like bak veten. Av veten er der derimot ingen ting att_ Han stod i fullt stand enda i 1860-åra da to gjetargutar sette fyr på han. Det var ein pinstimorgon med sol over alt og med veggen full av kyrkjefolk nedetter bygda.

Etter segna skal det ha stått kross attpå Våttå. «Dei i Øråsa trong ikkje gå til kjørkje dei,» seier segna. «De var berre å gå til krossen attpå Våttå, det.»

Ei anna segn lyder slik:

Ein gong skal det ha vori to svenske kvinner som dreiv Ørås'n. Dei var systrer, og båe to var spellmenn. Dei spela på langspell eller langleik, dei kallar. Dei hadde taus, og ho låg i fjøset, som skikken var. Alt var som det skulle vera på garden, hadde det ikkje vori for taus. Ho gjekk berre og stura dagane lange og heldt seg for seg sjølv. Men ein sundagsmorgon var det slik ein song i fjøset, da den eine av systrene kom ut på tunet. Ho inn til den andre og fortalde: «Det sjungar så vackert i fjøsen i dag.» «Va er det for nå det sjungar då?» ville den andre vita. «Å, det sjungar så vent: «Av hjertans grunn», svara ho. Det er ein song som tok til slik. Det var ellest ikkje så rart at det var song i fjøset. Han Josop Langsmoen, tausmågen, var komen heim-att, etter å ha vori borte frå bygda.

I 1701 låg Ørås øyde, hugsar me, garden var bortleigd til slåtteland til ei enkje på Krogstad, *Ragnhild Erichsdotter*.

Ikkje så svært lang tid etter (1706) har *Ragnhild Erichsdotter* vorti eigar av garden og er ført som proprietær i lens rekneskapen. Om enkja på Krogstad var i skyld med *Joen Ørås* eller ikkje er ukjent.

Det var ikkje lett for bønder å halde på odel i denne tida, slik og for *Ragnhild Erichsdotter*. I 1727, den 17. februar har *Ragnhild Krogstad* ferda ut skøyte på Ørås til enkjefru *Anna Tønsberg Schøller*. Men i matrikkelen er *Schøller* ført som eigar alt i 1723, så det er truleg at *Ragnhild* har mått gje slepp på garden tidlegar, men ho syrgde i alle høve for at ein av folka hennar fekk bygsel på garden.

Det var ellest i proprietæren si interesse, å få garden bortleigd på vanlege vilkår, og i 1726 finn ein *Jokum Erichsen* som bygselsmann

på Ørås. Han var son til Erich Ejstensen Moslet og soneson til Ragnhild Krogstad.

Enkjefru *Schøller* vart gift i denne tida med major *Weinigel*, og i 1728 pantsatte han Ørås og ei mengd andre gardar i Selbu og Tydal for eit større pengelån til *Jonas Angell*. For Ørås førte ikkje det til noko forandring i eigedomsforholdet, men garden skulle likevel snart koma til å skifte eigar.

Folka etter *Ragnhild* gløynde ikkje at mor deira hadde ått Øråsen, og i 1738 kunngjorde *Erich Ejstensen Moslet* at han rekna seg odelsboren til Ørås, og at han akta å løyse inn garden så snart han fann utveg til det, det vil seia å skaffe pengar.

Aret etter, den 11. juni 1739 overlet så daverande eigar av Ørås, *Stie Tønsberg Schøller* ved skøyte, garden til oppsittaren, *Jocum Erichsen Ørås* for 250 riksdalar. I skøytet har seljaren teki atterhald om at alt tømmer den nye eigaren dreiv fram av Ørås-skogen skulle leverast på seljaren sine sagbruk. Pengane lånte *Jocum* av Klæbupresten, *Jens Lemvik* mot panterett i eigedommen og i lausøyren m.v. Prestane dreiv jamnt med utlånsverksemd, og visste å gardera seg mot tap.

I Prøvematrikkelen, 1723 er Ørås kalla Marcheplatz. Garden bruktes enda som forland og var ikkje tilsådd. Den var ellest «meget frost undergivent», som det heiter. Foraviinga er oppgjevi til 20 lass, og garden kunne føda 3 kyr. Et engeslet giver 8 skilling, står det.

Ørås var såleis ingen storgard, men 3 kyr må ha vori i minste laget, slike markaslætte som det finst rundt garden, og krøtertiljinga 1657 viser at garden hamla opp med dei andre når det gald krøterhaldet. Ellest hadde dei både gruva og hytta i *Jocum* si tid som skaffa arbeid og forteneste.

Jocum var komen til Ørås alt i 1726 har me sett. Han hadde da vaksne born, og i midten av 30-åra er dei 3 huslydar på Ørås. Ei *Birgitte Jocumsdotter*, truleg dotter til *Jocum*, g.m. *Simon Uthus(?)*, losjerte på Ørås i 1734 og hadde ein son, *Anders* til dåpen. I 1736 vart sonen, *Erich Jocumsen* g.m. *Gloria Estensdotter Giøsten(?)* og dei hadde same år ein son, *Jocum* til dåpen.

Ein yngre son av *Jocum Ørås*, *Jocum Jocumsen* har vorti mest kjent av desse folka. Han fraus ihel i 1769 på Roltdalen i følgje med ein 13 år gamal son. *Jocum* budde på Stormoen, og han og sonen, *Olle Jocumsen* arbeidde på Lit-fjellet. Da dei slutta til jul dette året og skulle heim sjursmessdagen, omkom dei baa på vegen. Dei kom ut for snøstorm og vart liggjande ute. *Jocum* og *Olle* vart gravlagt på Tydal kyrkjegard helligtrekonger 1770. I kyrkjeboka finn ein dette: «*Jochum*

Jochumsen Stoermoen, 43 år gl. *Olle Jochumsen Stoermoen*, 13 år gl. hvilken 2de p: Fader og Søn frøs ihjel på Fjeldet d. 22 Dec:.» Det skulle vera frykteleg til uver Jocum og Olle kom ut for. I Flora har dei hittil tala om «Jocumsver» når det ryk opp til riktig storstorm.

Folka etter Jocum vart flytta ned i bygda, til Bårdsgard som hørde verket til. Ei dotter, *Catrine* vart g.m. *Olle Hansen Mebust*. Klækista etter *Catrine* er no kommi til Stormoen der *Catrine* ein gong sprang omkring som barn. Kista står i peisestova på turisthytta.

Om gamle *Jocum Ørås* har ikkje kjeldene meir å fortelje. Søner og døtrer var knytte til Koparverket har me sett, og flytta etter som arbeidsplassane skifta. Foreldra var truleg åleine til slutt, og *Jocum Ørås* har loti gjeva opp garden. 250 riksdalar var heller ikkje så lett å forrente. I 1746 har Jocum-folka fari frå ørås. Garden ligg atter øyde og *Sti Tønsberg Schøller* er atter eigar.

Ørås vart no bortleigd som engslætte til mennene på Tuset som delte bruket. I 1801 er Ørås ført i matrikkelen som to sjølvstendige bruk med 6 marklag i skyld på kvart. I den trykte matrikkelen for 1838 har dei to bruka laupenumra 138 a og 138 b, og skylda var delt likt på dei med 2 ort 23 skilling på kvart av dei.

Ørås vart drivi som slåtteland eller underbruk under Tuset i nær hundre år. Av leigarar nemner matrikkelen *Ole* og *Ole* i 1768 og *Ole* og *Knud* i 1769, *Knud* fekk bygselbrev på sin part i 1783 og stod som brukar til 1818, da sonesonen, *Knud Jonsen* tok over.

Andre Øråsparten vart i 1801 drivi av *Gunder Johnsen Tuset*. Ettermannen hans, stedsonen *Ole Olsen Tuset* fekk sitt bygselbrev same dag som *Knud* fekk sitt, båe utstedd den 14/11 1821 av general *Krogh*.

I 1828 vart *Krog-godset* som konkursbu for ein stor del realisert, og leiglendingane på alle Krogh-gardane i Flora gjekk da over til sjølveigarar. Oppsittarane fekk skjøta av auksjonsforvalteren, og alle er dagsett 27. november 1828.

For Ørås var kjøpesummen 100 spesiedalar for kvart av bruka. Båe kjøparane lånte pengane i Norges bank, men ingen av dei kom til å halde på eiedomane. *Ole Olsen* skjøta alt i 1831 sin part til svogeren *John Flakne*. *Knud* slepte først frå seg halvparten av heimegarden for å lette på gjeldsbyrda. Seinare bytta han frå seg andre halvparten mot å bli eigar av heile Ørås-garden. Dermed tok ei ny busetting til på ørås.

Det er ikkje tinglyst nokon kjøpekontrakt på den siste byttehandelen, og noko skjøte har heller ikkje vorti skrivi, så dei to vart stand-



Anne og John O. Ørås.

ande som offisielle eigarar av bruka dei hadde bytta frå seg. Noko ordning vart det heller ikkje for det første, men *Knud* og *John* flytta inn på dei nye gardane sine. Av skjøte som *John* seinare fekk på Tuset, går det fram at det har vori rekna med same kjøpesum på gardpartane som ved kjøpet i 1828.

Av grunnar nemnt ovafor, veit ein heller ikkje tida da *Knud Tuset* kom til Ørås, men etter det som går fram av kyrkjeboka, hadde han flytta til Ørås seinast våren 1835.

Denne busettinga på Ørås vart ellest ikkje lang-varig. *Knud* berga seg ikkje på Ørås heller. Broren og svogeren la ut for han, fleire gonger, men hjelpa vart berre ei utsetting for det som måtte komme. Pengar til rente og avdrag var ikkje til å oppdrive, og da banken ikkje fekk sitt til rett tid, vart garden sett til auksjons. Det var i 1837. Ein bør merka seg at Noregs bank gjekk temmeleg hardhendt fram mot låntakarane, i det minste så lenge banken sjølv stod veikt. Tvangsauksjonar rekvirert av Norges bank herja bygdene som ein pest. Berginga for mange vart, trass alt, Norges Hypotekbank da den endeleg vart til i 1851.

På auksjonen vart Ørås kjøpt av broren *Sakarias Tuset* og svogeren *Ole J. Flakne*. Tilslaget vart 70 spd. for kvart av bruka. Dermed hadde banken fått sitt. Før auksjonsskjøte kunne stedast ut, laut det ordnast med skylddeling og skjøte på jordtransaksjonane til *Knud*. Først i 1846 var dette ordna og auksjonsskjøta til kjøparane vart utstedd.

Knud Ørås fekk utlagt husmannsplass åt seg på Øråsvoll som ligg nede i dalen midt for det gamle Øråsjordet. Om *Knud* og huslyden hans får ein vita meir i stykka om Tuset og Øråsvoll.

Ørås vart no delt att som før. *Sakarias Tuset* tok over laupenr. 138 b som før hadde høyrd til Tuset vestre, og denne part av ørås har sidan vori drivi som underbruk av denne garden.

Laupenr. 138 a, som *Ole J. Flakne* tok over, vart busett kort tid etter.

Ole Johnsen Flakne selde sin part av Ørås til nesteldste sonen, *John Olsen* i 1855, og han busette garden. *John Olsen* flytta til Ørås i 1857, men vart ikkje verande lenge på den gamle gardstufta. Berre 4 år etter vart Øråsplassen ledig, og *John* flytta ned på plassen som no vart hovudbruk.

Det var hefta kårtyngingsplikt på Ørås til mor til *John, Ingeborg Johnsdotter*. No vart det hefta ei t nytt kår på garden til husmannsfolka, *Ingebrigt Johnsen* og *Anne Olsd.*

Det nye tunet som i dagleg tale blir kalla Øråsplassen, eller Plassen, ligg like ved grensa mot Øverbygda. Garden ligg på ein mo, så ein ser han ikkje frå almannvegen som følgjer elva.

I 1863-1870 vart heile Øråsgarden utskifta etter det først var haldi merkesoppgang mot Rolset. Dei to Øråspartane vart delt med ei line frå plassen Øråsvoll som vart liggjande med ein halvpart under kvart av bruka. Delingslina går over Øråsjordet og nordover til Rotla, med *John Olsen* som eigar av vestre part og *Sakarias Tuset* som eigar av den austre.

John Olsen, f. 1824 og g. 1851 m. *Anne Olsd. Tuset*, f. 1823. Dei hadde 7 born:

1. *Ole*, f. 1852, tok over garden.
2. *Ragnhild*, f. 1854, g. 1876 m. *John Johannessen Moslet*, budde i Trondh., 8 born: Johannes, John, Ole, Gurine, Olav, Alle, Johan og Inga.
3. *Ole*, f. 1856, farmar i Park River N. Dakota, g.m. *Gina Borsgard* frå Selbu, 7 born.
4. *John*, f. 1857, g.m. *Kirsti Berntsd. Lien*, dreiv Lien, 6 born: John, Ole, Sigrid, Johannes, Bernt og Ane.
5. *Ingeborg*, f. 1859, g.m. *Sam Sorensen*, Newfolden, Minn., 9 born, ein svigerson, *Chr. Oswood*, T,acoma Wash., på besøk her i 1966.
6. *Johannes*, f. 1861, skreddar og snikkar, ug., flytta til Evjemo 1924, d. 1944.
7. *Ingebrigt*, f. 1863, til Am., g.m. *Bertha Arneson*, 9 born, dei fleste i Alberta og Sask., Canada.



Gravferda til Kari Ørås.

Sitjande til venstre, Ole og Johannes Ørås, til hogre Ane og Peder Ørås.

Som ein ser var det mange munnar å mette på Ørås. Jordbruksteljinga i 1875 fortel litt om levebrødet. Den ser slik ut: 1 hest, 1 okse, 6 kyr, 4 ungnaut, 14 sauer og 13 geiter. Det vart sådd $\frac{1}{2}$ tynne bygg, $\frac{1}{2}$ t. blandkorn og sett 4 t. potet.

John Olsen Ørås d. 1898, 74 år gl. *Anne Olsd.* d. 1914, 91 år. I 1899 overtok *Ole J. Ørås* garden for 2500 kroner og kår til mora, *Anne Olsdotter*.

Ole Ørås vart g. 1877 m. *Kari Pedersd. Eidem*, Brennan, f. 1852. Dei hadde 2 born:

1. *John*, f. 1877, d. 1903.
2. *Ane*, f. 1891, g. 1919 m. *Peder Grimsen Rønsberg*, f. 1894.

I 1910 selde *Ole Ørås* parsellen Hesjedalen ved Rotla til *Johanne Huitfeldt* for 7000 kroner. Parsellen fekk ei skyld på 1 mark. Hesjedalen med fleire skogstykke i Rotlbjørga vart i 1936 seld av Huitfeldts konkursbo til brukseigar *Ingebrigt Kjeldstad*, Selbu.

I 1923 overlet *Ole Ørås* hovudbruket til svigersonen for 2000 kroner og kår til seg sjølv og kone, *Kari Pedersdotter*.

Ole J. Ørås d. 1933, 81 år gl.

Kari Pedersdtr. Ørås d. 1927, 75 år gl.

Peder og *Ane Rønsberg, Ørås* hadde 5 born:

1. *Ole*, f. 1919, handelsstyrar i Bangsund, d. 1969.

2. *Gunnar*, f. 1920, drosjesjåfør, villa på Evjen i Øverbygda, g. 1952 m. *Kari Pedersd. Hilmo*, f. 1923, barn: Ane Jorunn.
3. *Kari*, f. 1922, g. 1942 m. *Halvdan Kvam*, handelsstyrar, Soknedal, born: *Aud, Astrid* og *Harald*.
4. *John*, f. 1924, tekniker, villa på Strinda, g. 1951 m. *Elvida Olsø*, Strinda, barn: *Ingunn*.
5. *Kristine*, f. 1925, g. 1951 m. *Ole Larsen Græsli*, f. 1924, born: *Lars, Per Arne, Bjørn, Kjell Olav*.

Alle søskena skreiv seg for Ørås.

Peder Rønsberg innskrenka setringa, hadde krøtera heime til jordet var avfora, flytta så på ørås. Der nydyrka *Peder Rønsberg* vel 10 mål attåt det gamle jordet. *Peder* hadde fleire tillidsverv.

Peder Rønsberg d. 1961, 67 år gl. *Ane Rønsberg* d. 1968, 77 år. *Ane Rønsberg* flytta frå Ørås da mannen døydde og garden vart da lagt øyde. Den eldste av sønene tok over eigedommen da mora døydde.

ØRÅSPLASSEN Nedl. plass.

Øråsplassen låg der Ørås-garden ligg no. Plassen vart bureist kriri,?; 1760. I manntalet 1762 er plassen kalla Murmandsplads, truleg etter yrke bureisaren hadde på gruva eller hytta der han sikkert hadde arbeid.

Bureisaren heitte *Peder Jonsen* og kona *Beret Olsdotter*. Dei hadde 10 born:

1. *Ragnhild*, f. 1759, d. 1784.
2. *Marit*, f. 1760, g. 1783 m.
3. Haldo Torehildsen Rolset på Stormoen. 3_ *Jon*, f. 1763, konf. 1781.
4. *Ole*, f. 1766, tok over plassen.
5. *Anders*, f. 1768, konf. 1787.
6. *Peder*, f. 1771.
7. *Magnhild*, f. 1774.
8. *Peder*, f. 1776_
9. *Jon*, f. 1778, g. 1802 m.

Giertrud Iversd. Rolset, budde på Koieplassen.

10. *Peder*, f. 1780, g. 1802 m. *Brynhild Pedersd.* Flakne, budde på Uthusplass.

Peder Jonsen d. 1783, 55 år gl. *Beret Olsd.* d. 1824, 84 år.

Ole Pedersen Øråsplass vart g. 1789 m. *Marit Hemingsd.* Bjørken, 1756.

Dei hadde 4 born:

1. *Peder*, f. 1789, drukna i «Storelven» 28/5 1801.
2. *Anne*, f. 1792, g. 1814 m. *Ingebrigt Jonsen Lien*, tok over plassen.
3. *Ragnhild*, f. 1800, d. 5 ½ måned g.
4. *Ragnhild*, f. 1802-1804.
d. 1838 og *Marit Hemingsd.* 1840.

Ole Peders.

Ingebrigt Johnsen og *Anne Olsd.* hadde 4 born:

1. *Brynhild*, f. 1815, g. 1841 m. *Einer O. Marstad.*
2. *Ole*, f. 1817, d. 1819.
3. *Ole*, f. 1819, g. 1842 m. *Ingeborg Pedersd.* Rolset.
4. *Marit*, f. 1821.

Ingebrigt Johnsen var halvmåneblåser ved Meragerske skiløberkompani. *Ingebrigt* var bjørneskyttar, var med da dei tok bjørnen i Usmabjörga, den som var i far med *Knut Tuset*.

I 1861 gav *Ingebrigt* og *Anne* opp plassen og fekk føderåd av husbonden, *John Olsen* som flytta til Øråsplassen som frå då har vori hovudbruk på garden.

Ingebrigt d. 1870, 82 år gl. *Anne Olsd.* d. 1862.

ØRASVOLL

G. nr. 108, br. nr. 4 og 5.

Øråsvoll, som har vori plass under Ørås, ligg rett ned for det gamle Øråsjordet. Plassen vart bureist kring 1840 av *Knut Ørås*.

Som me har sett, så var *Knut* frå *Tuset* vestre, var eldste son og dreiv garden i mange år, men laut gje opp heimgarden etter dei kjøpte gardane i 1828, og hadde sist prøvd seg på ørås. Da han gav

opp denne garaen, fekk han bygsel på Øråsvoll som han bureiste. Stugu som han sette opp åt seg på det nye bruket var i bruk til 1914 da ny stugu vart sett opp.

Knut o rås, som han no skreiv seg for, var f. 1790 og g. 1816 m. *Marit Johnsd. Uthus*, f. 1794.

Dei hadde 12 born:

1. *John*, f. og d. 1816.
2. *John*, f. 1817, tok over plassen.
3. *Ingeborg*, 1819-1820. .
4. *Ingeborg*, f. 1819, g.m. *Peder Estensen Kulsetås*, 2 døtre, *Marit* og *Anne*.
5. *Guri*, f. 1823, g.m. *Ole Torkelsen Flakne, Klevan*.
6. *John*, f. 1825, reiste til Trondh., teknikar, teikna bru over Nea i Flora.
7. *Ingeborg*, f. 1826, g.m. *Petter Olsen Bakken*.
8. *Marit*, f. 1829, g.m. *Peder Hansen Rolset*, bureiste Rønsbergsjare, 2 born: *Peder* og *Brynhild*.
9. *Halvor*, f. 1831, g. 1863 m. *Anne Estensd. Aftret*, til Am. 1865, farm med Olstead Co., Minn., seinare Dexter, stille alvorleg kar.
10. *Anne*, f. og d. 1833.
11. *Anne*, f. 1835, ug. d. 1884.
12. *Knut*, f. 1838, d. 1840.

Fire av borna vart att nedi bygda da *Knut* flytta til ørås: Dei to *John-ane* voks opp på Hegset, *Guri* på Uthus og *Ingeborg*, g.m. *Petter Olsen* voks opp på Tuset, hos farbroren.

Anne var vanfør og kom i pleie på Nesmoen. Ei rik tante i byen som hadde bore henne til dåpen og som ho var oppkalla etter, betalte for henne. *John* reiste til denne tanta si og vart verande i byen.

Knut Ørås tok alt slags arbeid, var i skogen om vintrane og på onnearbeid på Strinda og i Stjørdal vår og haust. I ledige stunder laga han tvarer og sleiver som han selde på storbygdene. Han laga pottoske og, eit tolmosamt arbeid, men bra betaling for produktet .

Knut Ørås vart ikkje gammal. Han døydde brått om hausten 1845.

Han var på arbeid nede i Stjørdal, dreiv og handtryska.

Øråsvoll var ingen ring plass, og *Marit Johnsdotter* hadde god hjelp av borna Både *John* og *Halvor* var heime, og i 1865 viser krøtertiljinga ein buskap mest som på ein gard, med hest, kyr og småfe. Her er tala:



Øråsvoll.

1 hest, 5 naut, 5 sauer og 3 geiter. Og dei sådde ½ tynne korn og sette 2 tynner potet.

Marit Johnsd. d. i 1869.

John Knutsen Ørås vart g. 1852 m. Ingeborg Fredriksd. Røsset. Dei haddse 6 born:

1. *Knut*, f. 1854, tok over plassen.
2. *Anne*, f. 1856, g.m. *Peder P. Hegset*, Brautan.
3. *Marit*, f. 1861, til Am., g.m. *Gunder J. Drivold*, ikkje born.
4. *Ingeborg*, f. 1863, g. m. *Ingebrigt O. Tuset*.
5. *Fredrik*, f. 1867, g. 1896 m. *Gjertrud Evjemo*, tok over Røssethaugen, born: *John, Ole* og *Ingeborg*.
6. *Johanna*, f. 1873, g. 1900 m. *Peder O. Evjemo*, born: *Johanna, Ole, Ingeborg* og *Ane*.

Det var voldsom utvandring frå Selbu i 1870-åra. Heile huslydar drog over. Slik frå Røssethaugen og. Der for alle, og *John Knutsen* og *Ingeborg* tok da over plassen og flytta dit. Men dei gav ikkje opp Øråsvollen. Dei dreiv båe plassane, flytta til Øråsvoll når det leid på somma-

ren og var der til dei hadde stilt opp foret. Øråsvoll låg såleis øyde under jordbruksteljinga 1875.

John Knutsen var skomakar, hadde distriktet sitt mellom Hegset og Røssethaugen. Han var ein pus-sam kar. Han brukte å hengje opp vassflaske framfor talglyset for å få betre lys. Men vatnet vart ikkje heilt klårt før det hadde vori minst tre år på flaska, sa han og stakk henne ned i skomakarkista si når dagen var slutt.

John var sterkt religiøs og dreiv som predikant, var namngjeten såleis. Det var no ingen som Knutsinn, sa folk. Og skikk og orden heldt han og i stroket sitt. Det var nokre lesarar som heldt til i Øverbygda. Dei var svenskar og samla mykje folk. Dei tala på at kjerringane tok med seg småborna sine. Da dette kom Knutsinn for øre, tok han seg ein tur oppover og vart sjølvsagt oppfordra til å tale. Og kva anna tekst kunne høva betre her enn den han valde om borna som vart utestengde.

John reiste som emissær for det norske misjonsselskap og ei tid. *John Knutsen* d. i 1893. *Ingebor'g Fredriksd.* d. i 1886.

Knut Ørås vart g. 1878 m. *Mali P. Hegset, Brautan.*

Dei flytta til Øråsvoll i 1885, hadde før budd eit par år hos fastera på Smeplassen. Ho kom seinare til Øråsvoll i pleie.

Knut og *Mali* hadde 10 born:

1. *John*, f. 1879, til Am. 1903, g. 1912 m. *Serine Uthus*, Bakken, budde i Libby Mont, 3 søner: *Karl, Palmer* og *Melvin*.
2. *Peder*, f. 1882, g. I m. *Sigrid O. Stokke*, II m. *Mali H. Krogstad*, budde på Dalen (Stokke), 6 born: *John, Kristian, Inga, Ole, Håkon* og *Sverre*.
3. *Ingeborg*, f. 1883, ug., d. 1954.
4. *Ole*, f. 1886, underof.sk., til Argentina, krøterfarming, g. 4 born: *Carlos, Luis, Oscar* og *Jose*.
5. *Olaf*, f. 1889, d. 1903.
6. *Kristen*, f. 1892, til Am. 1910, krøterf. i Argentina som broren, g., 2 born: *Kristen Edvardor* og *Delia Rut*.
7. *Ragnhild*, f. 1894, d. 1906.
8. *John*, f. 1897, fl. skular, g.m. *Signe Skjele*, Skogn, til Argent. 1929. Krøterf. 3 born: *Målfrid, Jarle* og *Grete*. (Dei i Amerika har vori heim på besøk alle.)
9. *Anton*, f. 1898, ein tur til Am., kom att og vart g. m. *Oline Kyllobekken*, tok over heimegarden hennar.
10. *Kristine Marie*, f. 1900, g.m. *Ole J. Uthus*, tok over bruket.



Mali og Knut Ørås.

Knut Ørås var skomakar, hadde framifrå lag til arbeidet og kunne laga dei finaste sko og det finaste salarbeid. Skoarbeidet var eit hardt yrke. Leret skulle både svertes og smørjast.

Knut Ørås d. i 1925, 72 år gl. *Mali* d. 1943, 88 år.

Husa på Øråsvoll var dei same til 1914, da det vart sett opp ny stugu. Seinare vart det nytt fjøs. I 1922 vart halvparten av plassen kjøpt og i 1936 den andre. Ingeborg var heime, men på onna om somrane, var raksterjente l 20 år og av det 15 år på Tuset vestre.

I 1941 tok *Kristine* og *Ole Uthus* over bruket. Før hadde dei budd på Langsetenget.

Ole Uthus, f. 1908 vart g. 1936 m. *Kristine Marie Ørås*.

Dei har 1 son, *John*, f. 1938, g. 1963 m. *Lilian Fredriksen*, f. 1942, barn *Ann Kristin*.

I 1958 vart Øråsvoll lagt øyde. Trondh. E-verk som gjorde innslag til vass-tunnelen ved Øråsvoll, kjøpte husa og gardstufta. Husa vart selde og flytta vekk, og tufta jamna ut. Egedomen ellest vart ikkje seld.

Ole flytta til Oppijare, Rolset som han hadde kjøpt. Øråvollen hadde da vori busett i over hundre år.

FLAKNAN G. nr. 109

Flaknan ligg omlag ei halv mil ovafor den gamle Øråsgarden. Garden ligg einsleg, men har utsyn til tre bruk på andre sida elva. Utmarka som høyrer til, ligg på baa sider av elvdalen. På nordsida grensar garden mot Uthus både mot aust og nord. Grensa følger vass-skilet mot Brynnåa og Rotla til merkjes med Ørås. Frå Øråstjønna renn Kvernbecken og lagar ein ganske fin og flåldnt seterdal framover heilt til han renn ned elvbjørga tett ved garden. øvst oppe i dette bekkfaret ligg Blisteråsen. Her hadde garden vårsetra si. Namnet er minne om jarnblåster . Slagghaugen som ligg på volltrøa er synleg den dag i dag. Haustsetra låg nede i dalen på Engmoen (seinare på Engene). Der var det slåtteng og rikeleg beite.


Utmarka på sørsida av dalen går frå tverrelva Usma til Vorfjellet og vestetter elvbrettet til Råna. På dette setervaldet ligg Vorvollen.

Enda eit setervald hadde garden frå gammalt. Det låg ved Rotla og var kaUa Rotlbjørga. Utmarka her vart seld til A. *Huitfeldt* i 1853. Slætte og hamnerett gjekk frå garden ved utskiftinga i 1901. Her og i Vora tok garden markaforet sitt, og dei to områda hadde skiftevis sine seterår og slåttår. I Rotlbjørga har det vori brent myrmalm, som på Blisteråsen, og der er slagghaugen større end på andre setra.

Etter gamle segn, fortalt m.a. av «Gammel-Aunbesta» skal «Flaktngardn» ha ått all elvbjørga på sørsida av elva, heilt nedover mot Langsmoen. Men så døydde vaksifolket frå ein stor barneflokk ein gong, og da vart Aunet, Drivvollen, Uthus-brande n og dei to øyane, Fossen og Langsetenget fråskild og gjevi bort for oppfostinga, ein lott for kvart av borna. Ein gut som kom til Hegset, fekk Fossen og skal ha budd der, er det sagt.

Det segnast og at garden først vart bygd på sørsida, men flytta nordom elva sia. Meir sætande er vel segna om at den merkelege gamle låven før 1910, som skulle ha overlevd 3 svenskekrigar, har vori flytta frå Aunet til Flaknan. Han var sjåleg nok til det, og dei flytta ofte hus i gamle dagar. Det er og sagt at «Flak» i gardsnamnet har sin grunn i at dei «flaka» seg over elva på tømmerHåtar, men vetskaperen seier at dette er berre fri fantasi som korkje språkleg eller historisk har noko for seg.

Eit par andre segn skal ein også nemne, kanskje mest fordi dei har



Flaknan med Sørflakne og Drivvoll.

vori meir påakta enn dei andre. Først om ein gammalungkar som dreiv garden ein gong. Han var svært velhalden, og så grov han ned rikdomen sin framfor ein berghammar rett under brettet oppfor garden. Slik gjorde dei ofte i krigstilfelle. Gjomslestaden såg han så vel frå smiedøra si. Men mannen fall frå, og skogen vaks for, og både sølvskatten og jamvel staden der han skulle liggje, vart folk heilt likvise på å finne. Men Smihaugen der smia stod, ligg der den dag i dag og kan gi eit sikkert utgangspunkt for alle som kan ha hug til å freiste lykka på skattejakt.

Enda meir lokkande skulle det vera å finne sølvgruva i Engberget, som den andre segna fortel om. Den var det ein gjetargut som kom over. Inn under ein berghammar vart han var noko skinande blankt. Det hang som to kuspentar å sjå til, og måtte vera skire sølvvet. Dei var mjuke og bøyelege å ta i, men alt han vrei og benda, så måtte han gjeva seg på å få nokon av dei laus frå berget. Han måtte gå sin veg, og alt han sia leita, så var det ikkje råd å finne att staden heller.

Når det gjeld tydinga av gardsnamnet, så har ikkje fagfolk makta å stille opp nokor sikker tolking. Namnet er så sjeldsynt. Det er visstnok berre ein gard til i landet som har same namnet. Det er ein av Åsenhus-gardane i Soknedal (S-Tr.lag) som i dagleg tale blir kalla

«Flakknann». Men dei skriv alltid Åsenhus, og korkje der eller i Selbu fins gardsnamnet i gammalnorsk skriveform. Og da er det alltid verre å tolke namna. Men både i Soknedal og i Selbu er det stor likskap i naturleg plassering. På båe steller ligg gardane oppe på ei flate, men med høg, tverbratt bakke utafor, om det har noko å seie. *Rygh* minner i Norske Gaardnavne om Flakkene i *Høylandet i Namdalen til samanlikning*, og nemner og Flaket og Flakene «i Navne på flade Fjelde.» Men han kjem ikkje til nokor sikker forklaring.

Namnet er skrivi Flagne i 1590, Flachne og Flaekene 1629, Flache 1668 og Flaehen i 1728. - I dagleg tale blir det sagt Flakknænn og i dativ Flakknåm, og det blir sagt «åt Flakknåm og i Flakknåm». Somtid kan ein høyre som ein t inni namnet: Flaktnænn, Flaktnåm, Flaktn-fælkje.» Sjå elles t nedafør namnet *Østenn Flacktnne*.

Den gamle skylda var 1 ½ øre og stod uforandra til 1838. Flaknan vart da pålagt 1 dalar 4 ort 10 skilling i skyld. Ved matrikkelrevisjonen vart det omrekna til 8,74 mark.

Kor gammal garden kan vera er uvisst. Men at gards tufta er gammal, er sikkert. Omlag ei alen nede i jorda støyter ein på eit brannlag som rekk over heile tufta. Det når ned på det opphavelige mat jordlaget og er 3-4 cm tjukt.

I dei eldste skriftlege kjelder er garden ført som Stigtens gods. Garden må såleis ha høyrd til Domkyrkja eller erkebispestolen før reformasjonen. I 1668 har *Christopher Caspersen* vorti eigar. Han grunnla *Schøller-godset* i Trondheim, som garden vart liggjande under heilt til 1828 da den vart kjøpt av oppsittaren.

Den første oppsittar eller brukar ein kjenner til, heitte *Østenn Flacktnne*, ført under Landboholdt med 1 m og lort i avgift i året 1600. Ti år seinare heitte brukaren *Peder Flachne*, og han dreiv garden til kring 1650.

I hans tid er både skyld og leding ført med høgare tal enn ellest.

Skylda er auka med ½ øre og ledingen tilsvarande. Ledingen som før hadde vori på 4 merker smør, 6 merker mjøl, var da auka til 5 ½ og 8 ½ merker. Stinginga svarar til skylda og ledingen på Ørås, så ein mest må tru at gardane har vori drivne under eitt. Det er og eit pussig treff at oppsittarane på dei to gardane hadde same førenamn i denne tida.

I koppskatten er *Peder Flachne* ført med Høstrue, 2 tenestekarar og 2 tenestejenter, utan at søner eller døtre er nemnt. Men *Peder* har nok hatt søner likevel. I skatteregisteret for bønders sønner for full skatt for året 1650 er *Joen Flachne* oppført, og seinare møter me han. I 1657, i Kvegskatten, står *Joen Flachne* som oppsittar.

Krøterhaldet på Flachne er ført med: 1 hest, 9 naut, 7 geiter og 6 sauer.

I 1650 var ledingen på 2 rdlr og i 1661 1 ½ I 1668 var den enda lægre, «Formedels Elfuebrud ey bedre Eragtet», står det.

Av andre utreidsler var det skatt for Qvernsted med 6 skilling, Småtidende, 20 skilling. (1668) Tienden var same år på 2 skjepper bygg 4 skjepper havre, som ser ut til å ha vori vanlege tal for garden.

I 1664 er *Joen Flachne* avløyst av *Olle Joensen*. Han var ingen ungdom nettopp, 64 år. Det viser at dei drygde med ny bygsel, for åspara utgifter.

Olle hadde ein son, *Gunner*, 20 år og ein tenestekar, *Joen*~, 70 år. I 1683 er det kommi nytt folk til gards. Oppsittaren som er ført i matrikkelen da, heitte *Ingebrigt Evensen*, og han dreiv garden til etter hundreårsskiftet. I manntalet 1701 er *Ingebrigt* ført med 3 søner: *Gunder*, 16 år, *Efuen*, 13 år og *Joen*, 10 år. Sjølv var *Ingebrigt* 50 år.

Kona heitte *Ane*. Farsnamn er ikkje ført, men det ligg nær å tru ho var dotter til den før nemnte *Gunner Olsen*.

Ane døydde i 1699. *Ingebrigt* var nøydd til å ha hushaldar, og eit par år etter kona døydde, vart han gift att med ei *Ingeborg Pedersdotter*.

Ved dødsfall av ektefelle, følgde alltid registrering og skiftesamling, og mange hadde vondt økonomisk for å komme over den. Slik må det ha vori med *Ingebrigt* og. Han gav opp garden, men vart buande heime og gjekk i dagleie hos den nye bygselmannen.

Ingebrigt hadde 3 born med den seinare kona og: *Ane*, f. 1701, *Peder*, f. 1702 og *Ingebrigt*, f. 1713.

Ingebrigt Evensen d. i 1713 eit par månader før guten vart fødd.

Barnet fekk namnet etter faren. Huslyden budde framleis på garden, og vart kanskje verande der så lenge den andre huslyden heldt til på garden. Men ein veit ikkje kvar det vart av dei. Berre eitt av borna har ein støytt på seinare. Det er *Ane Ingebrigtsdotter*, som tente på garden i midten av 20-åra, men for nye folk.

Bygselmannen som tok over etter *Ingebrigt*, heitte *Peder*. Kona hans heitte og *Ingeborg*. Dei fekk ei dotter i 1705, *Eli*. Ho var 4de barnet deira. I 1709 hadde dei sitt 6te barn til dåpen, også ei jente, *Ranni*, og til slutt, enda ei jente, *Ingeborg Flachne*, døypt i 1714.

I eit skattemanntal frå 1711 er *Peder Flachne* ført med Høstrue og 2 born, så fleire av borna har nok falle frå. Andre skattelister nemner både dreng og taus: *Biørn* og *Berit*. Tøsens løn, 1 dalar tyder på at ho

må ha vori berre jentungen, da vanleg tausløn var 2 dalar. Om *Peder* er det ellest opplyst at han var sagemester på Boche(?) (Børsøe) sag, ei av sagene i Selbu som hørde til rådmann Holst i Trondheim.

Peder Flachne døydde om hausten 1717, og dermed går hans ætt og ut or garden. Enchen er rett nok ført i ei skattliste over «krigstyn» for 1719, men det året låg garden øyde, opplyser matrikkelen. Mykje tyder på at *Ingeborg* gav opp gardsbruket og flytta frå om våren 1718. Det ser i alle høve ikkje ut for at det har budd folk på garden da general *Armfeldts* karar gjesta Flaknan. Dei fann korkje mat eller klede, og ikkje har dei funne kroter heller. Berre korn, hay og halm har dei fari med, og ein tømmerlunn som var køyrd fram og som dei brende opp og varma seg på.

Enchen er heller ikkje ført som skadelidande i takstprotokollen, men ein *Baro Olsen*. Det var truleg mannen på Uthus austre, han heitte *Baro Olsen* og hadde truleg drivi garden om sommaren.

Skadetaksten kom opp i 51 rdr. 2 ort 13 skilling. Karolinane hadde brent opp 11 tylfter hustømmer og fari med 10 tynner havre, 9 lass halm og 40 lass høy. Noko gardsreidskap har dei og teki med seg eller øydelagt.

I 1719 kom det nytt folk til gardan att. Den nye leiglendingen heitte *Paul Torehelsen*. Ein veit ikkje sikkert kvar han ætta frå, men sumt tyder på at han var son etter *Torehel Paulsen Hegset* som døydde i 1701. *Paul* var gift med Gunhild Einarsdotter, ganske sikkert dotter til Einar Marstad. *Gunhild* døydde i 1728, 41 år gl. Dei hadde 4 born:

Torehel, 8 år gl., Einar, 6, Goro, 7 og Kirsti, 2 år.

Om jordsbruket på garden opplyser provematrikkelen at utsæden var 112 t. bygg og 2 ½ t. havre. Foravlinga var på 40 Jass, same lasstal som svenskane for med. Krøterhalftet synest vera lite: 1 hest, 3 kyr, 2 ungnaut, 4 geiter og 2 sauer. Samanlikna med krøtertalet i 1657 blir det ikkje stort meir enn halvparten.

Men *Paul* tok sikkert til på berr bakke, og arveskiftet etter kona i 1728 viser kor trongt han må ha seti i det. Ikkje eit einaste kroter er nemnt i registreringa, så han må ha hatt heile buskapen på for. Og ikkje er det mykje det som er opprekna av innbu, reidskap og klede heller. Her er eit utdrag som viser kor lite av innbu og reidskap dei greidde seg med.

«I Dagligstuen: 1 maled Røeskap, 1 Madskap, 1 Jerngryde og 1 sønder Dito, 3 Trefad, 2 Hugøkser, 1 Dald, 1 Ask og 1 Strøch.

I Sengestuen: 1 lidet Bord m. Bordstol, 1 Rensskind, 2 Gjedskind,

1 liden Dyne, 2 gl. Eegetræe Ankkerer (brennevinsflasker), 1 liden t Skrin og Ilidet Roste Kar.

På Stabburet: Ilidet gl. Kar, 1 Bonke, 1 Dald, 2 gl. Liaar, 3 Skjerrer, 1 gl. liden Bielde og 1 liden Kobberkiele, Brom.

Gårdsredskab: 1 Slibesteen, 2 gl. Langslæder, 1 gl. Arbeidsgreie, 2 par gl. Skjæker og 2 gl. Ohre Reeb.»

Kornet vart verdsett om hausten og utgjorde 2 t. 2 skjep. bygg - 5 t. 5 skjep. havre når tienden var levert.

Takstsummen kom opp i berre 18 rdr., medan gjelda var på 68 rdr.

Ei *Ingebor Torehelsd.* fekk forrett til 4 rdr. i tausløn for siste år medan Ane Ingebrigtsdotter, som hadde eit eldre krav, ikkje fekk noko. Da retten hadde dekkja sitt, stod det att 10 ½ rdr. som jordrotten fekk pant for. Han hadde *elles* t 40 rdr. til gode. Men ingen trong tapa noko, for dei fekk regress for krava sine alle hos arvingane som korkje hadde gått frå arv *eller* gjeld, truleg i den von, at kjem tid, kjem råd.

Og slik gjekk det denne gongen. Da buet etter *Paul Torehelsen* kring 30 år seinare (1756) vart oppgjort, hadde det ei Indgieldd på nær 149 rdr., medan Udgielden var berre 24 rdr. Da var dei 6 søsken om buet. Dei fire hadde fått to halvsøsken: *Gunhild*, f. 1730, *Jens*,

1733.

Paul hadde gift seg att. Andre kona heitte *Brynhild Jensdotter*. Det vart haldi arveskifte både etter henne og *Paul* i 1756, så dei må ha døydd båe dette året. Som alt opplyst vart det ikkje så lite til delings etter dei. Dei tre sønene fekk 37 rdr. 2 ort 22 4/9 skilling kvar, rekna i pengar. Døtrene laut nøye seg med halv arv mot brørne, slik loven fastsette.

Av døtrene var Goro (Guru) ugift enda. Kirsten var g. m. Ole Paulsen Berge, og *Gunhild* var g. m. Didrik Knutsen Bakken.

Brørne var heime alle tre. I matrikkelen er *Ejner Flachne* ført som oppsittar i 1760 og 1765. Seinare er det *Torchel* og frå 1775 er det *Jens*.

Etter segna skal dei tre brørne ha vori gift med kvar si *Beret*, og det var tilfelle og. Ekteskapet til *Ejner* var ellest kort, vara berre eit par år. Kona hans heitte *Beret Christensdatter* og var frå Neset. Dei hadde ei dotter, *Gunhild*, f. og d. 1748. Mora døydde året etter.

Etter segna skal *Ejner* ha reist frå Flora og kommi til Flønes. Vart truleg gift og fekk andre kona si derifrå. Han brukte det gamle Flakne-bumerket på den nye garden sin, og dette gav høve til mykje leven mellom kallane på dei to gardane seinare, jamvel i bestefar, *John O. Flakne* si tid. Mannen på Flønes-garden heitte og *John Olsen* da,

så dei hadde same førebokstavane og, og dei moroa seg med å «mista» ferdaskrina åt kverandre. Det var nok ikkje fritt anna enn at dei kjende skyldskap mellom gardane, enda så lang tid det var sidan *Einar* flytta dit.

Ein veit ikkje når *Einar* flytta til Flønes, men han var i alle høve borte frå Flora i 1762. I manntalet for dette året, finn ein desse folka på Flaknan:

«Torchel Pålsen, opsid., Beret Gundersdatter, Brynhild Torehelsd. Peder Thorehelsen, 13 år.
Broderen gift, Jens Pålsen, Beret Andersdatter.

Tjenestepige, Kari Bernsdatter.

Inderst, Einer Gundersen, Mali Elevsdatter.

Siri Ejnersdatter, 15 år.»

Manntalet galdt alle så nær som born under 12 år.

Einar Gundersen var frå Bakken, og blir omtala under den garden.

Han losjerte på Flaknan frå kring 1745 til 1775. Han arbeidde på gruva eller hytta. Det same gjorde nok *Jens Paulsen*.

Frå 1775 står *Jens* som brukar på garden. Broren hadde da truleg fått kår.

Jens skal ha vori ein hardkar til å arbeide. Han hadde høyløe på Rotlfætta, er det fortalt, da han dreiv på det likaste. Men så hadde han ein stor flokk å streve for og. *Beret Andersdotter* og *Jens* hadde 8 born:

Paul, Anders, Brynhild, Beret, Ole, Sigrid, Ingebor og Paul. Den første fødd i 1759, den siste i 1782.

Det var nok ikkje så godt å få endane til å møtast, og det gjekk sjølvsgat i første rekkje ut over dei sjølv. *Jens* skal «ha beri seg» for det ein gong: «Bonna et opp maten for oss, så eg går klar til eg kjem opp på Litlvollen», skal han ha sagt. Det er ei seter nede i dalen oppfor Drivvoll.

I 1788 gjekk det ei fæl sott over bygda. Mange døydde. På Flaknan var det reint ille. Der døydde i alt fire, og det innan halvåret å seie. Først døydde *Ole*, son til *Jens*, 18 ½ år gl. Så *Torchel*, 68 år og *Beret Andersdotter*, kona til *Jens*, 56 år. I januar 1789 kom fjerde dødsfallet med kona til *Torehel*, *Beret Gundersdotter*, 61 år gammal.

Etter dette ulykkesåret er det at *Jens Paulsen* gjev opp gardsdrifta og vert vilkårsmann, som det heitte.

Jens Paulsen Flachne døydde i 1797, 64 år gl. Dottera, *Brynhild*, vart gift 1788 med *John Pedersen Håve*. Sonen, *Paul Jensen Flaknen*, vart kon f. 1798, 16 år gl. Det er alt ein har støytt på seinare, om folka etter *Jens*.

Som ny bygselmann kom *John Torchelsen* som var frå Rolset. Han kom til Flaknan våren 1789. Men bygselsetelen er utstedd først i 1793, og er den første tinglyste festesetel ein veit om på Flaknan.

John Torehelsen var f. 1754 og g. 1784 m. Brynhild Olsd. Ugle m,

1758. Dei hadde 8 born, men først litt om dei sjølve.

Far til *Brynhild, Ola Uglem*, døydde tidleg, og mor hennar, som truleg heitte *Ragnhild*, vart gift att med *Hååkå (Håvar) Derstu*. *Hååkå* flytta både brura og borna i kolkorga si, er det fortalt. *Brynhild* vaks ikkje opp hos stedfaren, men i Nordigarden Rønsberg, hos *Tomas Grimsen*.

Foreldra til John var Torehel Johnsen og Beret Haldosd. Rolset.

Beret var truleg frå Grøbb-plassen. *Torehel* var son til *John Halvorsen* og kona *Marit Torchelsd. Hegset*. Garden, den noverande Utigarden Rolset, som da stod lengst aust av Rolset-gardane, vart delt mellom fleire sysken. Da *John Torehelsen* fekk bygsel på Flaknan, gav dei opp jordstykket sitt på Rolset og flytta oppover med heile huslyden, 6 i talet. Dei to 'tjona og systrene *Brynhild* og *Sophie* - den siste seinare g. m. gruvearb. *Ole Rønning* og losjerte i Bjørka. Ei tredje syster, *Helke*, g. og losjerte på Flaknan i 1801 og blir omtala seinare. *John* hadde ein bror, *Haldo Torehelsen*, g. m. *Marit Pedersd. Øråsplassen*. Dei budde på Stormoen til 1812, flytta til Byåsen og har stor slekt etter seg.

Beret Haldosd. døydde i 1797, 70 år gl. *Torehel Johnsen* d. i 1813, 96 år, og var soleis f. i 1717.

John og *Brynhild* hadde 8 born:

1. *Torkjel*, f. 1786, g. 2 Trin 1805 m. *Magnille(hild) Olsd. Tuset*, bureiste plassen Klevan.
2. *Ragnhild*, f. 1789, g. m. *Ole Olsen*, Tuset austre.
3. *Beret*, f. og d. 1792.
4. *Ole*, f. 1793, tok over garden.
5. *John*, f. 1797, g. m. *Gunhild Gundersd. Tuset*, kjøpte Tuset, Nordigarn.
6. *Ole*, f. og d. 1799.
7. *Beret*, f. 1800, g. m. *Sakarias Tuset*, Nordistugu.
8. *Ole*, f. 1804, g. I m. *Ingeborg G. Rønsberg*, II m. *Marit Larsd. Neset*.

Om det er aldri så mange barn, så har ein ingen å misse, er det sagt. *Brynhild* var uheldig med eit av barna. Ho vart ute for å kjøve det i senga, og det var svært som det tok på henne. Den store og

kraftige kvinna greidde ikkje å halde seg oppe da ho etterpå stod til skrøftings i kyrkja. To karar laut halde henne under skrøftinga.

Brynhild hadde mykje å gå igjennom. Mannen var soldat, og i 1804 om våren vart han kalla inn på teneste. *Brynhild* følgde han til ytre brauta i Kolbjørgliene og vart standande der så lenge ho kunne sjå han, da seig ho ned. Brødlause var dei og hadde nådd siste fleskskinka.

John Torehelsen døydde i 1812, den 9. mai, 58 år gammal. Det var sein vår. Da sønene gjekk bort til senga og spurde kva dei skulle gjera, frågå'n ut om det var nokon berrfleck på jordet, og han bad dei begynne å køyre frau dit om det berka nedpå. Og det gjorde det så vidt på Fletten, så det namngjetne uåret tok nok til med sein vår, som me veit.

Arveskiftet etter *John* gav 975 daler til delings. Dette synest svært ut, men når ein hugsar den oppblåste pengeverdien, svinn velstanden inn, og blir til det ein kallar jamne kår og ikkje noko meir.

Brynhild vart førebels sitjande på festebrevet til mannen, og det vart ikkje så greitt å komme gjennom uåret og den kalde sommaren.

Året etter kneip det med grønet over alt, men det var svært fløtt dette året, og folk kunne ta av årvegen tidleg på sommaren. *Brynhild* for heim frå Vor vollen, skar dei likaste flekkene i åkeren, gnudde tu kornet, tørka, mol på handkverna og 'kom att med flatbrød. Det var så godt, har yngste dottera fortalt, at dei (borna) maula opp leiven ho hadde gjevi dei før dei rett ansa seg.

I 1821 gav *Brynhild* frå seg gardsdrifta, og nesteidste son, *Ole Johnsen* fekk feste på garden.

Brynhild Olsdotter vart 91 år gammal. Ho døydde i 1849.

Ole Johnsen Flakne vart g. 1818 m. *Ingeborg Johnsd. Tuset, vestre*, f. 1792_

Dei hadde 5 born:

1. *Brynhild*, f. og d. 1819.
2. *John*, f. 1820, tok over garden.
3. *John*, f. 1824, g.m. *Anne Olsd. Tuset*, austre, tok over Øråsen.
4. *Brynhild*, f. 1827, g. m. *Baro Johnsen Uthus*, Skogan, bygsla Haugen.
5. *Ingeborg*, f. 1834, g. m. *Gunder O. Tuset*, austre, bureiste Drivvoll, austre.

Festebrevet *Ole Johnsen* fikk på garden vart utstedd av kammerjunker *Krogh* i 1821. Det lyder på Flakne og «Hvilstenmoen». *Ole John-*

sen skulle svare 10 spesidalar i pengar og 12 mils skyss i årleg avgift for garden. Hvilstenmoen er ukjend namn no, men det er greitt det er plassen Klevan det gjeld. Men Kvilsteinmoen, har gått i gløymeboke for det andre namnet Klevan.

I 1828 kjøpte *Ole Johnsen* garden til odel og eige for ein sum på 350 spdLr. Skjøte er dagsett 27. novbr. og vart tinglyst 2. des. same år, saman med ei rekkje liknande dokument over gardar i dalføret.

Pengane vart lånt i Norges Bank.

Det er trongrømt der Flakne-garden ligg. Den gamle kløv-vegen gjekk gjennom garden. Vegen kom inn på tunet gjennom fjøsporten og gjekk ut att gjennom eit overbygd portrom mellom låven og sommarstugu. Seinare vart vegen omlagt og kom oppom garden.

Kvernbekken som renn i Nea like ved garden, fekk namnet sitt med rette. Det vanta ikkje på kvernhaus der i *Ole Johnsen*s tid og seinare og. - Vi har sett at garden svare skatt for Qvernsted. Kvernhuset må ha stått i denne bekken, enda den må ha vori i minste laget til kvernbekk frå først av. No kjem bekken frå Øråstjønna, men den har opphavelag stupa seg utover Engbjørge og kommi ned v~ed Engene. I tidleg tid har dei sett at det gjekk an å ta denne Øråsbekken i grøft over til Kvernbekken ved Flakne. Og da det vart gjort, vart det rikeleg med kvernvatn i bekken, i alle fall ved nedbør. Demninga mot det gamle bekkfaret vart kalla Engdammen.

I regn tørre haustar kunne det nok knipe stygt for kvernvatn mange stader. Men ikkje her var det noko trongsmål til det. Det var berre å sette demning for Øråstjønna, så fekk ein nøgda med vatn til kverna, same korleis veret vart om hausten. Ein slik dam vart sett opp truleg i 1820-åra.

Mest heile grenda bygde kvernhaus åt seg. Frå vegen og oppover stod dei etter kvarandre: Hegsethuset, Skoghuset, Flaktnhuset, Ustigardshuset og Uthushuset øvst. Og ned a vegen stod det sjette, men det vart teki vekk, og *Ole Johnsen* bygde ty-stampe i staden. Det dura godt når bekken drog stampa og alle 5 kvernane på same gong, og ikkje mindre leven og kommers og kåte påfunn var det av alle mølnarane heller som ville ha moro. Det gjekk dag og natt, så lenge damvatnet strokk til. - Båda stampa og dei fleste av kvernhusa var i bruk til kring 1890. Hegsethuset var først teki, og på den tufta kom ein tjærefloke i staden. Gardshuset og Skogshuset var i teneste til etter første verdskrigen.

Dammen for Øråstjønna rann ut for dei, og da kan det hende det vart flom i Kvernbekken, som «flaug opp og fylte dalen» er det for-

talt. Men til all lykke for møln-industrien i Kvernebekkdalen så tok hovudmassen av vass flaumen det gamle bekkfaret og stupa seg utover den høge Engbjørga. Jord og skog og stokk og stein sopa vass massen med seg og la opp i stor haug nedunder, så nytt bekklaup og svære utgravningar vart gjort i den fine sandjorda nede på flata.

Ole Johnsen dreiv garden godt og bygde mange hus. Utmed elvdalen, der skrinnslåttan auka år for år, bygde han opp Merkjesludu, Kolbjørgliludu og Storengsludu yterst på Engene. Øvst oppe stod Gamalludu frå før. - Heime retta han opp fjøset, og han bygde ei nystugu i ende med den eldre frå før, og så den vel forseggjorde sommarstugu.

Han sette opp nye seterhus og, både på Blisteråsen og i Rotlbjørga.

Bjørnen vart meir og meir nærgåande på baa vollane, så dei måtte gjera seg sers for med seterfjøsa. På baa setrane vart portinngangen stengt med klampar. Dei var 4 tom føre og vart lagde oppå kvarandre i gottingar hoggi ut i beitskiene. Det skulle ingen bjørnelabb greie å slå inn denne stengsla.


Ole Johnsen Flakne var ein namngjeten bjørnejeger. Han var med og tok 14 bjørnar, og ein av dei stakk han i hel med spjut. Det var ei stor binne som bau ka seg ut av hiet, og som han berre kunne møte på den måten.

Ole Johnsen var for si tid godt opplyst. Han var politisk interessert i *John Neergaards* bondereising, og stod i spissen for å få til ei «kvernecontract» som skulle få betre skikk på omsetninga av kvernesteinshandelen frå bygda. Framlegg om dette vart lagt fram i Selbu formannskap 11. juni 1839. Sjølv vart han vald i 1845 som representant til heradstyret, 52 år gammal, og den første i dette ombud frå Flora. Han var viljesterk og heldt streng orden i sitt hus. Han var glad i brennevin, men tolde ikkje noko slinger i valsen når forbodet mot heimbrenninga kom.

I 1855 vart han sjuk og gav da over garden til sonen, *John Flakne* for 400 spd. og kår til han sjølv og kona.

Det kvilte to lån på bruket da, eit på 225 spd. til Norges bank, og eit på 100 spd. til «Statslånet» av 1848.

To år før hadde *Ole Johnsen* seld Rotlbjørga. Parsellen som har mykje skog, vart i 1853 avhenda til brukseigar *Arild Huitfeldt* for 200 spd. Eigedomen fekk bruksnr. 2 og ei skyld på 0,65 mark. Det var berre skogen som vart seld, som det heitte, markaslætta og setra skulle framleis høyre til garden. I 1936 gjekk denne eigedomen over til brukseigar *I. Kjeldstad*, Selbu, som kjøpte av Huitfeldts konkursbo.



Beret og John O. Flakne.

Rotlbjörgsetra grensar mot Libekken og Rotla, og mot gardane Bjørken og Hegset. Merkeslina mot den siste vart oppgått i 1879.

Samtidig som *Ole J. Flakne* overdrog heimgarden til eldste son, selde han sin part av Ørås til den nesteldste, som hadde same førenamn som broren. På hans gardpart vart det og hefta kår til kona til seljaren, *Ingeborg Johnsdotter Flakne*.

Ole Johnsen døydde i 1855.

Ingeborg Johnsdotter levde til 1866.

John Olsen Flakne vart g. 1845 m *Beret Pedersd. Hegset*, f. 1824.

Dei hadde 8 born:

1. *Ingeborg*, f. 1845, reiste til Mpls. til son sin, d. 1922.
2. *Ole*, f. og d. 1847.
3. *Beret*, f. 1849, g. 1867 m. *Ole Moslet*, Litlstugu, reiste til Beltrami, Minn.
4. *Ole*, f. 1853, tok over garden.
5. *Brynhild*, f. 1857, g. m. *John O. Uthus*, bygsla Klevan.
6. *Ragnhild*, f. og d. 1862.
7. *Peder* f. og d. 1864.
8. *Ragnhild*, f. 1866, g. m. *John J. Tuset*.

John Johnsen Flakne, f. 1866, son til *Ingeborg*, reiste til Am., budde i Mpls. gift, og hadde fleire born, d. 1961.

Under jordbruksteljinga i 1865 var det 2 hestar, 19 naut, 16 sauer og 3 geiter på garden, og dei sådde 2 1/4 tynne korn og sette 2 t. potet. I 1875 var potetåkeren utvida til 3 tynner, ellest er tala omlag dei same.

Den gamle åkerjorda på Flaknan låg i lia aust for garden. Der hadde kornåkeren vori frå uminnelege tider. Kring 1860 la *John Flakne* om drefta, - la att gammalåkeren og pløyde nyland eller «riste» som dei kalla det. Eit fælt ugras som mest kjøvde all avling, tvinga han beint fram til å legge att åkeren. Ei ny tid var no elles t i frammarsj, og *John* var ikkje den første i grenda som la om åkerbruket.

John Olsen flidde vekk dei gamle steinrøysene. Under arbeid med å søkkje stein, fann han ein jarnklump i jorda. Det var ved Vintervegen, ei nedkjørsel til elva, så jarnet var nok bortkøyrd ein gong i tida. Klumpen var så stor at *John* fekk to slådrag av han, usliteleg sterke.

John dyrka nyland på Engene, og flytta setra dit. Det gamle seterskjølet hadde stått på Engnoen, og der føre hadde kjølet stått lenger utmed elva på Gammalvollen midt for Langsetenget. Der skal bjørnen ha vorti så brysam at dei laut flytte setra. Det var ikkje fjøs på setrane enda. På Engene vart det no oppsett både kuf jøs og smefjøs med portrom mellom, og høylem over, og løene kunne rivast.

Når Engene vart rydda til slåttland, veit ein ikkje. Enda så seint som i 1723 er det ikkje ført opp noko skatt for engslætte. Segna seier at skogen stod tett i tett over flata, og da er det vel kolbrenninga som har rydda veg for ljaen. Og utover langs elva var det nok på same viset. Her kan ein sjå tomter i stort tal etter -kolmilbotnane den dag i dag. Og namnet Kolbjørgliene fortel til overmål om den verksemda som har gått for seg her. I fantasien kan vi berre tenkje oss all storskogen vi måtte sjå på både sider av elvdalen frå Engmodden og så langt synet kunne nå.

Men skogen kom bort, og lendet vart etter kvart til slåttland. Kring slutten av 1800-talet slo dei på lag 40 lass skrinfor ut-med elva attåt ækerforet på Engene som etter kvart vart pløgd og lagt ut til ækerland. - Men det var farleg å legge i veg med åker der. Engene låg så lågt at elva somtid kom innover, og da jordsmonnet for det meste var støvfin sand, kunne det gå reint på skade. Verst var det i 1864. Da var våren så sein at elvisen var kjørbar den 28. mai. Men så kom det ei varmversbøye som vara i 8 døgn, og da gjekk dal- og fjellsnøen samtidig og laga den største vårflaumen i manns minne. Alfarvegen gjekk den gongen i bein line oppover Engene, og nye veggrofter var spadd opp på både sider året før. Det var dette elva fekk slik tak i, og ho grov ut heile vegen og meir til i ei djup rås fleire hundre meter, og tok ut stygge sår og kjellarar i lendet breiddmed og.

Vegen vart no lagt i krokar opp under bjørga, og der vart han liggjande til etter krigen i 1945. Innbrottet vart prøvd forbygd på beste måten av *Jon Olsen Flakne* med tømring av tredammar og stein, men elva kom att både i 1879 og i 1882, og no såg det ut som ho var tenkt til å ta det heile. Det måtte derfor bli tale om ei kraftig forbygging, også for nye innbrott, så det ville bli stor kostnad.

Staten kom no inn gjennom Kanalvesenet, som arbeidde ut forbyggingsplaner. Jordet vart oppmålt og viste seg å vera 40 mål og det

vart ytt tilskott til forbygging, men arbeidet vart både stort og kostbart. Det vart lagt opp ein lang jordtipp som dekte alle innbrotta og den vart dekt med svære steinheller mot elva. Jorda vart trilla frå in nunder bjørga, og steinen frakta frå andre sida elva. Da ingeniør *Nysom*, som seinare vart statsråd, kom på inspeksjon da arbeidet var fullført, fekk dei skryt: «Dette var riktig bra gjort av selbyggene, det,» sa han. Og det fekk han rett i. For «Tippen» stod røkken mot både storflom og isdam i alle år heilt til vår tid.

Men nå «står» han ikkje lenger. Da Trondheim E-verk slo den lange tunnelen frå Hegsetbjørga til Hestspranget og tok ut i dagen dei veldige steinmassane ved Øråsvollen, fann dei på den heldige løysinga å nytte steinen til veg, og vern mot elva oppover dalen, så no ligg Tippen godt gjømt under ein 1.klasses bilveg som samstundes, og for all framtid, er det sikraste vern mot storflaum og isgang frå den farlege Nea. Med full grunn kan ein no snu på lovorda og seie: «Dette var riktig bra gjort av E-verket, det.»

Det vart hoggi mykje tømmer i John si tid. Dei hogg ikkje berre merkjingstømmer. Ein god slump vart handsaga. Det var ikkje berre bøndene sjølve som saga plankar. Mange, serleg husmenn, leigde skog og saga for eiga rekning .Leiga eller skogtollen vart rekna etter lasstalet. Mykje av skogen på Flaknan låg lugum til for denne industrien. Det gjekk og mykje skog til alle vedflåtane som vart fløtt ned i Selbusjøen. Dei reknar med at det vart nedrodd 30 vedflåtar for året i 1860-70 åra frå Flakneskogen.

John Flakne dreiv sjølv alle vintrane i kvernfjellet heile si tid. Gamle *Peder Uthusplassen* var hans første lagsmann. Sia var han saman med *John P. Uthus*. Kvernsteinsarbeidet vart drivi seinare og på garden heilt til 1910.

I 1880-åra -kom sirkelsagene i bruk, og *John* var mellom dei første i dalføret som rådde seg med sag. *John O. Midtstokke* var byggmester for saga, som vart sett opp på Engene. Det skal ha vori tredje sirkelsaga i Selbu.

Det var heljer knapt om drikkevatn heime på garden. Svall det bort i Kvernbekken om vintrane, hende det at dei måtte bera frå elva. I 1850-åra for det ein vassmann som kunne finne vatn og mure djupe brunnar. Han vart kalla Ol-svensk, men han var kanskje frå Røros. Han grov seg ned norda garden eit stykke, mates 10 alen og heilt ned på blanke berget utan å finne vatn. Men *John* tapte ikkje trua. Han

var nedi med krut og lunte, og «tok ein sprett i berget» og straks olla vassåra fram. Og så mura dei med stor mesterskap ei rund brunnpipe og garden hadde det beste drikkvatn og så sikkert at det aldri traud. Seinare vart det kasta vasskjelde ova garden og springvatn lagt til fjøset. Dei bora hol etter mergen frå både endane i furustokkar og skjøtte dei saman med jarnringar så det vart tett. Det var «røyrgongen» og den kunne liggje lenge i jorda.

John sette opp nytt fjøs og bygde nye stugulån kring 1860. Stilen var den gamle og tufta den same som før: stugu mot nord og fjøset mot vest. Slik vart husa standane på garden fram til 1890.

Låven og stallen var dei eldste husa. Dei var av rundtømmer og truleg frå 1700-talet, låven kanskje enda eldre. Han var einhøgda og bygd likeins som låven på Uthus, men mindre. Stallen stod mot sør og var utstyrt med svaler mot tunet der kjellbrua og gjekk opp. Det var farastall og rettstall med stallport tvers over på austre ende. På vestre side av stallbygningen var -kvernporten, der ein finhogg og sandmol kvernsteinane.

Under nyfjøset var det mura ein romsleg fraukjellar. Det var nytt med kjellar under fjøsa, og folk var redd denne nymoten. Det skulle ha hendt at golvåsane hadde svinga, golvet hadde dotti ned og kyrne hangande etter kubanda. Men denne kjellaren var ikkje farleg såleis. Kyrne stod trygt i jordbåsar inne på sjølve kjellarmurane med nedsette steinhyller til bolkar mellom kvar ku, og med pallstakk mot fraurennene. Det var telningar (kløyvdvyrke) både i golvet og i rennene. I portrommet mellom ku- og saufjøset stod fjøsmuren med lauggryta. Og i kråa ved fjøsdøra stod fjøssenga. Framfor inngangsdøra var det fjøssval.

Stugulåna stod på høg syllmur med kjellarar under både stuguromma.

Potetkjellaren var mykje forseggjort, djup og frostfri, og med digre steinhyller over, så han truleg var brannfri og. Dette stugulånet, som vart sett opp i 1857, hadde langkammers ved sida av rettstugu som var ny skikk. «Yter-dør og klåvå» mellom dei to stuguromma var det og sjølvsagt. Årstal og namnet på husbonden stod måla oppfor inngangsport alen, og glaskledningane mot tunet var måla. -

Buret, som gjorde teneste i godt 150 år, bar årstalet 1809. Det var pent tømra. Eldhuset sto vestafor garden og var eldgammalt. Breiddmed var bads-stu, som vart nedrivi i 1860-åra, og lengst vest stod smidja. I eldhuset vart det lagt inn tørkhelle for å tørke kornet før maling, bygd av 2 store omnsplater av malm og ei gråsteinshylle.

John var bjørnskyttar som far sin. Men han måtte nøye seg med mindre fengd. Bjørnen kom etter kvart bort i 1860-70 åra, og det var



Beret og Ole J. Flakne.

truleg siste bjørnen som vart teken i Flora, den som *John* var med og skaut i Hegsetbjørga. Det var nok ikkje liten stas med denne bjørnjakta. Lensmannen var med, og *John* lada børsa si att, så lensmannen fekk den æra å gi bjørnen sjølve dauskottet. Da karane kom køyrande til gards med bjørnen, satt han oppreist på sleden, med framstrekke labbar til helsing. -

John hadde under denne bjørnejakta eit framifrå skytevåpen. Han hadde under eit oppgjør for leverte plankar til *A. Huitfeldt* vorti eigar av ei retteleg stasbørse. Det var ei real, grovkalibra kulbørse i fin innfatning og med digre sølvbeslag og inskripsjon. Denne bjørnbørsa eller sølvbørsa som ho skiftevis vart kalla er over 100 år gammal no og høyrer husbondsfolket på garden til som eit kjærte klenodium.

John var hendig. Han snekra dei første dragsenger, sargbord og stolar på garden, og han laga mange nette og pene ting som han kom heim med frå dei lange kvelds-setene dei hadde i kvemfjellet.

I 1893 overlet han garden til sonen, for 3200 kroner og kår. *John Olsen Flakne* døydde i 1899. *Beret Pedersd.* i 1913.

Ole Johnsen Flakne vart g. 1874 m. Beret Tomasd. Rønsberg, f. 1853.

Dei hadde 11 born:

1. *John*, f. 1874, reiste til Beltrami, Minn. 1894, d. 1900.
2. *Tomas*, f. 1875, ug. arbeidde på garden, d. 1963.
3. *Beret*, f. 1877, g. 1899 m. Sivert Uthus, Brudal, born: *Ole, Ole, Marie og Beret Oline*.
4. *Peder*, f. 1880, tok over garden.
5. *Ole*, f. 1881, underofiserssk., d. 1905.
6. *Gurine*, f. 1884, g. 1907 m. *Jakob Næss*.
7. *Ingeborg*, f. 1887, g. 1909 m. *John P. Uthus*, *Gullbrekken*, born: *Petter, Ole, Ivar og John*.
8. *Gunder*, f. 1889, d. 1918.
9. *Hans*, f. 1891, d. 1910.
10. *Bardo*, f. 1894, g. m. *Ingeborg J. Rolset*, f. 1903, lærar i Flora.
11. *Olaus Birger*, f. 1897, g. 1921 m. *Emilie Serine Drivvoll*, f. 1898, lærar på Gauldal folkehøgskule. Born: *Ola, Olve, Bjørg, Ingegjerd, Grim Frode og Bjørn*.

I 90-åra gjorde landbruksmaskinane sitt inntog i bygda. På Flaknan kom det både slåmaskine og tryskmaskine, separator og symaskine. Kunstnetget og kunstfrauen vann og innpass, og i 1893 slo *Ole Flakne* si første timoteiækre på Engene, der han dreiv og dyrka nyland.

I 1899 sette *Ole* opp ny stallbygning, seinare restaurerte han stugulåna og la på steintak. I 1911 og 12 sette han opp ny låve og sommarstugu.

Ole Flakne fekk oppretta Flaknan poståpneri og var poståpnar i over 40 år. Han var medlem både i skule- og heradstyre og hadde t.l. tillidsverv. I 1904 selde han eit skogstykke i Usmbjørga til Stiftelsene for 1500 kroner. Det var eit uthoggi skogremm han fekk i utskriftinga.

I 1925 overlet han garden til sonen *Peder* for 12.000 kroner og kår til seljar og kone.

Ole J. Flakne døyddde i 1942. *Beret Tomasd.* døyddde i 1936.

Peder O. Flakne vart g. 1910 m. *Karen I. Melan*, f. 1886. Dei hadde 4 born:

1. *Beret*, f. 1910, g. 1935 m. *Kristian J. Evjen*, f. 1906.
2. *Ole*, f. 1912, tok over garden.
3. *Ingebrigt*, f. 1917, g.m. *Kari Anna Gellein*, Stjørna, bur på Fremo.
4. *Ragnhild*, f. 1919, g. m. *Olav Bjerken*, Viengtrøa.



Onnefolk på Flaknan 1904, låven og sommerstugu.

Frå venstre: Dortea Flakne, Beret Pedersdtr., Gurine, Beret Tomasdatr, Ingeborg, Olaus Birger og OleJ. Flakne, Peder E. Flakne og Tomas Flakne.

Peder Flakne døydde i 1932.

Han gjorde om den gamle vass-saga til flyttbar motorsag. Han var poståpnar, var medlem av herad st yret og hadde fl. tillidsverv.

Karen Flakne heldt fram med gardsdrifta til 1938, da ho selde garden til eldste son for same kjøpesum som dei sjølv kjøpte han for.

Beret Pedersdotter vart poståpnar etter far sin og losjerte heime.

Ho og *Kristian*, som var lastebilkøyrar, hadde 3 born:

1. *Marit*, f. 1935, handelssk., g. 1960 m. *Erling Busklein*, Leinstrand. Barn: Bente.
2. *John*, f. 1937, real- og handelssk., heradskasserar i Tydal, g. 1970 m. *Randi Ottem*, Tydal. Barn: Berit.
3. *Peder Kåre*, f. 1937, tvilling med *John*, landbrukskand., stilling ved NLH bygningsteknisk institutt, ÅS, g. 1967 m. *Jorunn Hauge*, Våler i Østfold. Barn: *Bjørn Håvard*.

Kristian Evjen døydde i 1939. *Beret Pedersd.* døydde i 1944. *John Kristiansen* voks opp

på Evjen, dei andre to på Flaknan.

Ola P. Flakne vart g. 1935 m. *Olga Marie Græsli*, f. 1912.

5 born:

1. *Per*, f. 1936, g. 1958 m. *Solveig Kristine Rønsberg*, Drivvoll, f. 1938, tok over garden i 1968.
2. *Karen*, f. 1937, d. 1938.
3. *Bersvein*, f. 1940, EDB-programmerer.
4. *Kolbjørn*, f. 1943, cand.,rea-1. g. 1970 m. *Johanne Slind* f. 1947.
5. *Johanna*, f. 1947, Levanger Lærarskule.

I *Ola P. Flakne* si tid har både jordsbruket og skogsbruket vorti omlagt. Alt før han tok over garden, vart det oppsett moderne gardssag, og tømmeret som vart drivi fram, vart saga heime i mange år. No er skogsbruket heilt modernisert, med driftsplan, skogsvegar, snauhogst og planting, og mest alt tømmer leveres ved bilveg.

Jordbruket vart drivi stort sett som før til 50-åra, og det vart oppsett nye seterhus både på Blisteråsen og på Vorvollen. I 1951 var siste året dei setra. Skrinnslåttan utmed elva vart no teki til beite og seinare tilplanta med skog, og beitetrø utlagt på jordet.

Ola har bygd mykje: Ny driftsbygning (fjøs og låve) 1941 og ny stugulån i 1961, på ny tuft, der stallane stod før. I 1947 vart det bygd elektrisitetsverk i Kvernbecken og ny dam sett for Øråstjønna. Berre nytt har dei restaurert sommarstugu og innreidd henne til kårstugu. Både *Ola* og *Olga Flakne* har hatt kommunale tillitsverv.

Solveig Kristine og Per Flakne har 4born: Ola Morten, f. 1958, Odd Ivar f. 1962, Pål Steinar, f. 1964 og Ingeborg f. 1970.

KLEVAN

nr. 109, b. nr. 5.

Klevan ligg omlag 1 km nedanfor Flaknan. Namnet kjem av dei mange og bratte kleiver eller brauter i vegen der før nyvegen kom.

Klevan vart bureist som husm.plass først på 1800-talet, men etter segna skal det ha budd folk der før. I boka *Svensken i Selbu og Tydal* fortel *J. P. Sand* at svenskan brende Klevan i 1718 til hemn for militær motstand ved Hestspranget. Men garden må i så fall ikkje ha vorti oppattbygd, for det var ingen husmann under Flaknan i 1723 da Prøvematrikkelen var teken.

Det var mykje folk og lite av jordvegar i Flora da Klevan vart bureist. På Flaknan var det to unge par som såg seg om etter heimstad,

- han som kom til Klevan og var son på garden, og ein som losjerte der. Skogen stod nok tett ned til elva på dei fleste stader enda, men der Klevan vart bureist, var det ein hogster karane hadde sett seg ut som høveleg rønningsland, og no vart det det reine kappspranget til byen for å treffe *Krogh-en* på Leeren. *Ole Johnsen Flakne*, bror til bureisaren utførte ærendet for han, og møtte rivalen på stugutrappa på Leeren da han var på veg ut.

Bureisaren på Klevan heitte *Torkjel Johnsen Flakne*, var f. 1786 og g. 1805 m. *Magnhild Olsd. Tuset austre*, f. 1784, ei gåverik kone, er det fortalt.

Dei hadde 5 born:

1. *Ingeborg*, f. 1806, g. 1828 m. Hans Larsen Bårdsgård.
2. *Brynhild*, f. 1810, g. m. *John J Tuset*, busette Viengtrøa.
3. *John*, f. 1816, g. m. *Beret Olsd. Næs* på Sandmo.
4. *Ole*, f. 1820, tok over plassen.
5. *Beret*, tvilling med *Ole*, ug., budde heime.

Torkjel set-te opp stugu, fjøs og låve. Stugu stod øvst. Det var daglegstugu og langkammers, med inngangsdør beinast til daglegstugu, loftsvindu på endeveggen.

Jordvegen var liten, berre 7-8 mål og delt i to av allmannvegen som det var sett geilær i mot. Akerjorda var på nertrøa. Attåt plassen hørde eit løe-eng utmed elva og markaslætta Ivarlia og Bergslåtten i Vara.

Torkjel var med i krigen i 1808, fortel *Sand*. Han va'rt 81 år gammal og tok seg litt nasjonal ut til slutt i sikofta som han ikkje ville gje slepp på, enda moten forlengst hadde svinga over til den vel kjende styttkufta.

Torkjel Flakne d. i 1867. *Magnbild Olsd.* nær tretti år før, i 1840. Om jordsbruket på Klevan ved den tid *Torkjel* døydde, fortel jordbruksteLj'inga at dei hadde 3 naut, 6 sauer og 6 geiter. Nokon stor kornåker var det nok ikkje, berre 18 t. i utsåd, men dei sette 3 t. potet.

Ole Torkelsen vart g. 1849 m. *Guri Knutsd. Tuset*, f. 1823. Dei hadde 4 born:

1. *Torkild*, f. 1850, d. 1867.
2. *Marit*, f. 1852, g. 1877 m. *Ole Simensen Havdal*, Rennebu.
3. *John*, f. 1855, g. i Tjøtta kyrkje 1881 m. *Jennie Petrine Johansen*,

Tjøtta, reiste 1882 til Am., farm ved Norman Co., Minn.

4. *Knut*, f. 1861, reiste til Am., same år som broren og tork land ved Beltrami.

Det var mange ungdommar som fm til Nordland på arbeid i den tida. Me har sett at *John* fann sin make på Tjøtta. Likeeins med *Marit*.

Ole Simensen var frå Oppdal, men bygsla plass på Havdal i Rennebu. Han d. først på 90-åra, og i 1894 reiste *Marit* over til Amerika, til broren *Knut*, som hadde kommi seg godt til. Alle tre søskena hadde fleire born. To av sønene til *Marit*, *Ole* og *Simen* var f. på KJevan. *Ole* var her på besøk i 1956.

Dei tre søskena på Klevan hadde som alt nemnt store familier, og borna kom seg godt fram. Ein av sønene til *Knut*, *Kleve Flakne* var ein kjend saksførar i Minneapolis.

Ola og *Guri* vart som me ser att åleine heime, og i 1893 gav dei opp plassen og reiste etter til Amerika, til *Knut* dei og.

Ola Klevan var litt av ein original. Han kunne koma med gode fynnord. «Om avunda hadde feber, ville heile verda vårrå sjuk,» er det herma etter han. Han kunne finne på dei mest utrulege ting. «Ein skal kle ut varmen,» sa han ein gong han kom til grannegarden i hundskinnsmudd midt på blanke sommardagen.

Beret Torkildsdotter Flakne vart verande heime på Klevan da broren reiste. Siste åra ho levde, var ho i pleie på Ørås. Ho døydde nyårsdagen 1908.

Klevan vart no bygsla av *John O. Uthus* eller *Flakne* som han frå da av skreiv seg for. *John* var frå Uthus austre, f. 1850 og g. m. *Brynhild Johnsd. Flakne*, f. 1857.

Dei hadde 7 born:

1. *John*, f. 1881, reiste til Am. 1903, budde i Mnpls., g. m. *Petrine Nesta* og hadde 6 born: *Julius*, *John*, *Ingvald*, *Morris*, *Phyllis* og *Pauline*.
 2. *John (Litl-Jo Kleivan)* f. 1886 d. 1899, 13 år gl.
 3. *Marit*, f. 1887, g. 1910 m. *Nils Telebond*, Røros.
 4. *Beret*, f. 1894, tok over plassen.
 5. *Ole*, f. 1896, d. 1915.
 6. *Petrine*, f. 1899, d. 1910.
 7. *Johanna*, f. 1904, d. 1910.
- Marit* hadde 7 born og alle g.: *Elisabet* m. *Alfred Kvernmo*, *John* m. *Signe Opphus*, *Otto* m. *Klara Langen* (bur i Sarpsborg) *Margit* m.

Ingar Løkken, Emma m. Johan Græsli, Tydal, Hjørdis m. Arne Høsøen og Ruth m. Leif Kverneng. Alle fekk makane frå Røros så nær som *Emma*, og alle bur der så nær som ho og Otto.

John O. Flakne dreiv tømmerhogging og fløting. Frå 1905 hadde han fast arbeid hos Meraker bruk med køyring. I 1910 vart han liggjande sjuk i gikt og kom ikkje av senga meir. Han låg i 15 år og kona passa han heile tida.

John O. Flakne d. i 1925, og Brynhild Johnsd. i 1928.

Husa på Klevan stod slik bureisaren hadde bygd dei enda da *John Olsen* kom der. Han flytta fjøset til vestsida tunet og mura fraukjellar, sette til vedbu på øvre ende og sval langs heile bygningen mot tunet og måla uthuset. Den gamle låven av rund ømmer som hadde stått i ende med fjøset, var det ikkje bruk for lenger, og den vart rivi og tunet vart døopi mot vegen.

Plassen var bygsla på to mannsaldrar, og Beret, som hadde vori heime tok over bruket etter foreldra. Ho har ein son, *John Flakne*, f. 1924. Under krigen reiste han over til Sverige og gjekk inn i dei norske politistyrkene der og kom att i lag med den herstyrken som tok over vakt-haldet i Oslo. *John* har sidan drevi anleggsarbeid, først i Sverige nokre år, seinare på heimlege trakter. Heime har han sett opp moderne bustadbygning. Plassen vart kjøpt i 1950. Dei driv ikkje jorda lenger, men leiger bort avforinga.

MOEN

G. nr. 109, br. nr. 4.

Moen ligg vest for Klevan. Bruket vart bureist som husmannsplass i 1860-åra. Namnet kjem av landskapet. Det var tett skog her da bureisaren, *Einar Andersen* tok til.

Einar Andersen var frå Åsen, ein plass under Bjørken. Han kom til Flaknan som gjetargut, 8 år gammal og vart verande der til han gifta seg og flytta til Moen.

Einar Andersen Flakne, f. 1834, vart g. 1862 m. *Brynhild Pedersd.*

Uthusplass, f. 1838.

Dei hadde 4 born:

1. *Anne*, f. 1862, d. 1866.
2. *Ingeborg*, f. og d. 1865.

Peder, f. 1870, tok over plassen.

Ingeborg, f. 1876, ug., heime og hjelpte foreldra.

Einar Andersen var ein liten, men gaver arbeidskar. *Brynhild* var stor og før. Båe var hardbalne og helsuge folk. *Brynhild* kasta sokkane først det vart berr jord om vårane og tok dei kje att før seinhaustes. Ho gjekk i lågsko heile sommaren.

Einar sette opp stugu og heldt bryllaupet sitt i den nye heimen sin.

Han rудde opp heile jordet. Han svara ikkje onneveka for plassen, og hadde såleis heile sommaren for seg sjølv. Han leigde markaslått attåt dei som følgde plassen og hadde stor buskap. Alt i 1865 hadde han 3 naut og 5 småfe. I 1875 hadde han køyrokse, 3 kyr, 7 sauer og 4 geiter og sådde 1/4 t. bygg og sette 2 112 t. potet. Seinare hadde *Einar* hest og.

Dei brukte lang dag i slåttonna i den tida, og folk vann over mykje arbeid når det kneip. *Einar* og *Brynhild* gjekk frå Lauvet, ein markaslått i Hegsetmarka, til Flakne-Vora ein gong og høya og sette opp 8 lass til kvelds. I Rotlbjørga ein gong det var slikt drivande ver, sette dei opp lasset for dagen på kar og kvinnfolk dei andre som var der, men *Brynhild* og *Einar* hadde 7 høystakkar da helga kom. Men så hadde ikkje *Einar* tid til å eta heller før han gjekk ut om morgonane. Han stakk ein kakuende, som han sa i beltesreima si og åt attåt han slo.

Saman med *Ola Klevan*, sette *Einar* opp seterhus, og dei to setra i lag med husbonden. Det var *Guri Klevan* som var i setra. Seinare hadde *Einar* og *Brynhild* krøtera sine i Tydal om somrane, hos *John Olsen Østbyhaug*, og *Ingeborg* følgde dei og var raksterjente. Dei hadde kyrne der i nær 30 år.

Etter foreldra vart gamle, leigde *Ingeborg* slåttkar og dreiv plassen med dei levde.

Einar A. Flakne døydde i 1922. *Brynhild Pedersd.* døydde i 1927, 89 år gl.

Sonen *Peder E. Flakne* tok da over bruket. *Ingeborg*, som hadde fått stugu heime flytta den til ny tomt ved Flaknan, og livnærte seg sidan med handarbeid.

Ingeborg E. Flakne døydde i 1951, 75 år gl.

Peder E. Flakne vart g. 1894 m. *Dorteia Johnsd. Hegset*, f. 1870. Dei hadde 3 born.

1. *Einar*, f. 1894, tok over bruket.
2. *John*, f. 1898, d. 1900.
3. *Brynhild*, f. 1900, handelssk., d. 1917.

Peder Einarsen kjøpte plassen som fekk tillagt skog og beite. Kjøpesummen var 1900 kroner. *Peder* sette opp ny stugu utpå lia der låven stod før. Han hadde budd heime heile tida og hadde tømra opp nystugu åt seg, men budde i kovekammerset. Han fora i marka og hadde både ku og småfe. I 1908 pakta han Smeplassen og sidan hadde han hest og.

Peder E. Flakne døydde i 1929, 59 år gamal. *Dorteia Johnsd.* døydde i 1957, 87 år.

Einar P. Flakne vart g. 1921 m. *Anna J. Hegset*, f. 1895. Dei hadde 2 born:

1. *Dagrunn*, f. 1921, g. m. *Gunnar Næss*.
2. *Peder*, f. 1927, befalssk., tilsett i hæren, bur i Trondheim, g. 1957 m. *Anne-Lise Løken*, Oslo, 4born: *Astri, Einar, Mari og Holger*.

Einar flytta heim da faren døydde, men tok ikkje over bruket før i 1944.

Jordsbruket vart drevi som før, men Smeplassen gjekk frå da faren døydde.

Einar støypte kjellar under fjøset og moderniserte stugu.

I 1964 overlet *Einar* og *Anna* bruket til sonen *Peder*. Dei hadde da slutta med drifta, og avforinga blir bortleigd.

Anna Flakne døydde i 1966, 71 år gl.

STORTRØA (Sandrommet)

Nedl. plass.

Stortrøa, eller Sandrommet som plassen til vanleg vart kalla, låg oppi bakkane aust for Flaknan ved den gamle vegen over Stortrøa. Plassen vart bureist kring 1885 av *Ole Olsen Moslet*. Han var frå Sanda uta Dragsta, og vart til vanleg kalla *Ole Sand*. Sjølv skreiv han seg for *Moslet*, for han hadde vaksi opp på Mosletta.

Ole Moslet, f. 1836 vart g. 1879 m. *Ingeborg Barosd. Uthus*, Haugen, f. 1852.

Dei hadde 9 horn, som alle tok namnet Flakne.

1. *Kristine*, f. 1879, g. 1920 m. *Olaf Røkke*saune, Skatval, 3 born: *Inga, Oddmund* og *Ingeborg-Anna*.

2. Oline, f. 1880, reiste til Amerika, g. 1912 m. farmar Sivert P. Moslet, Polk Co., Wash., 7 born: Palmer, Ingvard, Oscar, Eldor, Bruce, Stanly og Alise.
3. *Berntine*, f. 1883, g. 1920 m. *Nils Berge*, bur på Stjørdal, 3 born: *Olaf*, reiste til Amerika, *Vilhelm* og *Maren*.
4. *Olaf*, f. 1886, reiste til Amerika, budde i Mnpls., ug. d. 1965.
5. Beret, f. 1888, g. 1907 m. Ole E. Græsli, bur på Aune, 4 born: Inga, Elfrida, Olive Johanne og Osvald Bernhard.
6. *Bernhard*, f. 1890, g. 1911 m. *Krisine Lilleflor*, budde i Meråker, 3 born: *Ole* meieristyrar, *Ørneshamn*, *Sylvia*, g.m. gullsmed *Hansen*, T.heim, *Odd*, bur på Stjørdal.
7. *Johannes*, f. 1894, d. 1896.
8. *Ingeborg*, f. og d. 1895.
9. *Johanna*, f. 1897, g. m. *Anders Øyamo*, Orkanger, Villa på Lena, Toten, 1 barn: *Peder Osvald*, småbrukar.

Ole Moslet reiste til Amerika med familien eit par år etter han vart gift, men kom att da kona ikkje tolde klimaet. Han rudd opp den vesle plassen der han hadde sett opp stugu og fjøs. *Ole* var handsagar og hadde baka tømmeret i stugu si på sags telling. Han var snikkar og laggar og laga fine ting. Høvelbenken stod inne, der det elles t var kråskåp, seng og matbord. Skorsteinen stod i kammerkråa med kokomn i grua. Seinare vart det komfyr. I 1915 gav *Ole* opp plassen, og kom i forpleining.

Ole O. Moslett døydde på aldersheimen i 1929, 90 år gammal. *Ingeborg Barosd.* døydde i 1904, 52 år.

Ole Moslet var musikalsk. Spela først klanet, sidan fele. Ein slått etter han, «Sandleiken», er sers vakker.

STORTRØA (Domrommet)

Nedl. bustad.

Domrommet var ikkje nokon plass, berre ei stugu. Men her var både jorde og gjerde, jamnvel steingjerde så det såg ut som det skulle vera plass. Domrommet låg like ved andre Stortrøgarden. Stugu vart oppsett i slutten av 1860-åra. Det var ei lågstugu nærast, med loft i rystet med vindu. Stugu hadde både gang og kammers.

Det var *Ingeborg Eriksdotter Sørflakne* d.y. som sette opp stugu, og budde her. Ho gjekk i dagleie og livnærte seg ellest med handarbeid. Ho hadde ein son, *Peder Sørflakne*, f. 1853, sjølv var ho fødd i 1825.

I 1879 kjøpte *Peder Sørflakne* heimgarden og flytta med mor si heim.

Da tok *Ingeborg Eriksdotter* d.e., ei syster av den første, over stugu på Domrommet og flytta inn med ein bror, *Peder Eriksen*. Han var døv, «dom» som dei seier her. Derav namnet Domrommet. «*Stor-Ingeborg*», var 60 år gammal da, og broren, som var i pleie hos henne var 13 år yngre.

Broren hadde gått døvskulen og hadde lært skomakaryrket, men kunne ikkje brødføda seg. *Stor-Ingeborg* gjekk i dagleie som systera, og dreiv sjølv sagt med handarbeid ho og.

«Domminn», som *Peder* vart kalla, likte seg godt på Trøa, og det var han som braut opp stein og mura gjerde mot gammalvegen. «Det er *John* og jeg som driver gården, *John* på Flakne og jeg på Trøen,» sa han. Han tala etter boka, etter han gjekk døvskulen. Han var lesefor, og heldt ei vekeavis saman med dei på Flaknan. Det var truleg første bladhaldet i Flora. Var det noko som stod på, kunne han bli reint oppøst. Da *Jakob Gråe* for i isdammet, drømte han at han skulle finne han på Stokkhølen den «L maiested», som han sa. Han meinte den 1. mai. Da dagen kom, var han ikkje til å halde, han la i veg på leiting og var enda meir oppskaka da han kom att frå elva. Han påstod han hadde sett *Jakob*, men at han for å strauråsa for han.

Både *Jakob* og hesten fanst att seinare på våren i isdammet, eit stykke nedafor.

Peder Eriksen kom og til å lide drukningsdøden. Det var om hausten 1895. *Peder* var 74 år gammal da, men elles fyrig som vanleg. Denne dagen hadde han vori til broren, *Baro Eriksen* etter potet, og måtte ha snåva da han skulle gå i båten, trudde folk. Dei fann han ganske fort ved øyane i el va like nedafor.

Søstera, *Stor-Ingeborg* døyde fire år seinare i pleie hos broren, *Baro Eriksen*, 81 år gammal.

Stugu på Domrommet vart kjøpt av *Arnt O. Tuset* som flytta dit. *Arnt O. Tuset*, f. 1870 var frå Tuset-åsen, son til *Ole Ingebrigten* og *Marit Olsdotter*. *Arnt* vart g. i 1893 m. *Mali Barosd. Uthus*, f. 1869.

Dei hadde 2 born:

1. *Ole*, f. 1893.
2. *Anna Marie*, f. 1900.

Arnt Olsen døydde i 1900 i hjernebetennelse etter ei stutt sjukelege.

Mali flytta da heim til Haugen og losjerte nokre år, men kom attende til Stortrøa, og vart buande her til våren 1929. Ho vart tidleg øydelagt av gikt. Ole hadde og vorti invalid etter tuberkulose, og søstera pleia dei. I 1929 hadde dei sett opp ny stugu aust i bygda like ved Haugen. Villaen fekk namnet Ulset og er omtala i boka.

Både mora og borna skreiv seg for Uthus.

UTHUS nr. 110 og 111. (Den gamle gard)

Uthus ligg ca. 1 1/2 km ovafor Flaknan. Dalen er trong her mellom dei to gardane og svingar sterkt så ein ser ikkje mellom dei. Lenger oppover er dalen åpen, og her ligg hovudgrenda i Flora med gardar og småbruk tett innpå kvarandre.


Uthus er nemnt i skriftlege kjelder frå 1520. Garden, som hadde ei skyld på 2 spann og var største garden i grenda, er da ført i eitt bruk. Seinare vart garden delt. Utmarka til denne storgarden rakk frå grensefjella i sør til Rotla i nord. Like langt rakk utmarka til grannegarden Tuset og, og desse gardane hadde utmark i teigskifte til hopehavet vart utskifta ved siste hundreårsskifte.

Gardsnamnet tyder den ytre gard, anten den ytre av to gardar, eller den ytste i grenda. «Norske Gaardnavn» peikar i det høve på at Uthus ligg nederst i grenda, men namnet har vel helst vorti festa til garden under ei tidlegare garddeling. I dei eldste skriftlege kjelder har garden grendanamnet: Ffroel i 1520, - Fraal 1557 og Frorenn i 1590.

Gardsnamnet Uthus, som ganske fort vart einerådande, er mest like gammalt i kjeldene, finst for første gong i 1548. (Garden Uthus i *Olav Engelbrektsens* jordbok (1530) som Norske Gårdnavne fører som Uthus i Flora, gjeld nok ein annan gard i Selbu, Uthus på Mosletta. Denne garden er nemleg ført mellom Kraackstad og Viick. Skylda på garden svarar heller ikkje med Uthus i Flora).

I 1548 er gardsnamnet skrivi rett og slett Uthus, i 1590 har ein Udhus. På 1600-talet finn ein skrivemåten Wdhus og Wdhuus. I 1723 har ein så Udhuus att.

Namnet blir uttala Utthus og blir brukt berre i ubundi form, og



Uthus austre og vestre og Bakken på toppen av lia. Lenger vest, Ulset, Haugen, Haugan og Rønning.

får soleis ikkje dativ. Ved tilstad- og påstadnemning segjer ein: til Utthus og å (på) Utthus.

år det gjeld alder og busetting, så er det mykje som tyder på at Uthus er eldste garden og at garden har hatt namnet Frol frå først av. Sjå elles t avsnittet Eldste garden i grenda.

I 1520 vart garden brukt av *Jon Froel*. Han måtte svara for 1 lod sølv i skatt. I 1548 er det *Iffuer* paa *Wthuss*. Ledingen er ført med 16 marck smør og 1 pund t miell.

Same person si t med garden i 1557, men er da kalla *Iffuer* paa *F raal*.

Munks-reknskapa føret berre gardsnamna så ein har ikkje fleire mannsnamn før i 1611 da oppsittaren på Uthus heitte *Esten* eller *østen* som namnet og er skrivi. Ein dreng, *Joen Udhus*, er og oppført, på halv lønn.

I koppskatten, 1645-46 er *Esten Udhus* ført med 2 søner, 1 dotter og 2 tenestejenter. Ein husmann, *Olle Udhus* med høsruue finn ein og i skattelista.

Estenn W dhues dreiv garden enda i 1650. Halvparten av garden eller 1 spann, er ført som *Kranens gods*, medan andre halvparten høyrde til *Hospitalet* i Trondheim.

I 1657 har garden to oppsittarar, *Iffuer* och *Hallffuor Udhus*. Kvegskatten er ført under eitt med 3 hestar, 21 kyr og kviger, 13 geiter og 15 får og lam, så det vanta ikkje på krøtter til to gardar. Garden er ført

under eitt i 1661 og. Ledingskatten var da på 6 Rd. Attåt kom 12 sk. for Qvernsted og 20 for et Engeslet.

Iver Estensen var kring 60 år og broren 46. Båe hadde søner: *Olle Iffuersen*, 26 år, *Esten* og *Anders Halffrs* 12 og 4 år. Husmannen, *Olluf* var 36 år.

Brørne dreiv garden, eller rettare sagt, gardane til i 1670-åra. Garden går da ut or slekta er det likt til. Matrikkelen for 1680 har nytt folk og fører berre ein brukar på Uthus. Om han er det ikkje stort meir me får vita enn at han heitte *Joen*. Det er likt til at han hadde bygsel berre på den eine av gardpartane, den som hørde til Kronens gods. Andre parten låg øyde og vart brukt til leige, truleg av *Joen*. Hospitalsstiftelsen klagar da og over at dei ikkje hadde noko inntekt av garden i denne tida. Dette er opplyst i ei rettssak som vart halde på Neset i 1750.

Joen Uthus døydde truleg i 1690. Det året reiste ei 11 år gammal dotter frå garden, og kom ikkje heimatt. Om sønene til *Joen* er det fortalt i same rettssak at dei var utfatige. Tiefisket hørde med til det faste næringsgrunnlaget, og eit år det slo feil på deira tiestad, som låg på nordre side av elva, spurte dei *Halvor Nes* om lov til å bruke tiestaden hans, som låg på den søre sida.

Alt før 1701 må sønene etter *Joen Uthus* ha fari frå garden, for denne part av Uthus-garden låg og øyde nokre år føre hundreårsskiftet.

Systema deira, som reiste heimefrå heitte *Beret* og vart seinare kone på Hegset. Ho møtte som vitne i den ovanfor nemnde rettssaka og har gjevi full vita.

Det er fortalt før om ledingskatten og andre faste utreidsler på garden. Her skal ein berre leggje til at Små tienden er oppført med 3 ort i jordboka for 1668. Korntienden på den samla Uthusgarden utgjorde da 1 112 tynne bygg og 3 ½ tynne havre. I 1684 er tala langt lågare og gjeld nok berre den parten av garden som *Joen* hadde bygsel på. For dette året er tienden ført med 3 skjepper bygg og 1 tynne 2 skjepper havre.

Kronens part i Uthus-garden er først ført som Stigtens gods som viser at garden hadde høyrd til Domkyrkja føre reformasjonen. I 1660-åra kom dette spann i garden under *Schøller*. Frå hundreårsskiftet hørde Kranens part av Uthus til *Vin ses Friis* arvingar. Andre halvpart av garden hørde Hospitalsstiftelsen til, har me sett.

I 1701 hadde garden to oppsittarar att, og sidan har garden vori delt. Dei to gardane, Uthus vestre og Uthus austre vil derfor bli omtala kvar for seg.

UTHUS vestre

G. nr. 110.

Manntalet for 1701 har *Joen Biørnsen* som oppsittar på Uthus vestre.

Han var 40 år gammal og hadde sonen *Biørn* som og er ført i manntalet. Av kyrkjeboka for Selbu som tek til i 1699, går det fram at «*Biørn Uthus* i Frolen» vart døypt 23. april 1699. Han er den første floring som er ført i kyrkjebok. Fadrane er *Oluf Stocke*, *Erich Tuset*, *Oluf Backe*, *Kari Hegset* og *Siri Haarsta*. I kyrkjeboka har ein og namnet til kona. Ho heitte *Anne*. Meir om huslyden veit ein ikkje. Det er moleg at kona var i slekt med brukaren som dreiv garden før, dotter hans kanskje, men ein veit ikkje noko visst om det. *Joen Biørnsen* vart ikkje verande lenge på garden. Matrikkelen for 1705 fører ein annan *Joen* som brukar. Han heitte *Joen Torchildsen*, og frå hans ettermann att har ein opplysning både om han sjølv og føremannen. Denne brukaren heitte *Joen Jensen*. Han var vitne i rettssaka på Neset i 1750, og gjev opp eigne vita og fortel om tilhøva på garden.

Joen Jensen kom til Uthus i 1712. Han nemner ikkje *Joen Biørnsen*, men fortel at garden låg øyde da føremannen hans, *Joen Torchildsen*, kom til garden. Folk visste ikkje heller kven som var jorddrott - dør en Person øster fra Norge kom til Trondhjem og bortsolgte dette Spand i Uthus».

Joen Torchildsen flytta ikkje frå garden da *Joen Jensen* kom, men vart verandre på Uthus og gjekk idagleige hos ettermannen.

Joen Jensen var fødd på Tuset austre og var heime til sitt tjuande år, fortel han. Han tente deretter på Rønsberg i 14 år, så på StorEften i 2 år, vart så gift -«og kom til Uthus i Floren at bo».

Joen dreiv garden i 18 år og fekk soleis den æra åta mot *Armfelts* karolinar, og det på sjølvaste julkvelden. Første heravdelinga *Armfelt* sende over fjellet frå Haltdal til vårt dalføre, kom ned i Flora julkvelden 1718 etter gammal rekning.

Det var nok ei spanande tid for folk i heile dalføret, men all mest i Flora, som venta fienden over fjellet når som helst, og mange segner er fortalt om det som hende da svenskane kom. Folk var vettskremte, for det ryktas at fienden herja og brente gardane for svartes. Så bar det til å gjømme unna alt som kunne gjømmast, til husa stod tomme. Berre kvinnfolk og ungar vart verande heime, karfolka gjømte seg for

ikkje å bli tekne til gislar. På Uthus for alle, segnes det. Men da det bar til stykke, ville ikkje gubben følgje med. Han var ikkje så skvetten, let han, og han skulle vel alltid finne seg eit gjømselrom der han kunne vera trygg. Han ville sjå kva dei tok seg til med, og så gjømte han seg i saufrjøset. Fienden kom ned åsane på andre sida elva, og best det var, aula dei inn på garden. Det bar no til å leite etter mat. Dei storma inn i stugu og opp i buret og leitte krå og krikje. Men det var lite å finne. Så sette dei iver til fjøset og stallen og for rundt i alle hus, men det var like snautt all stad, det var ikkje matsåa å finne. Og da vart dei arge til gangs, så han som i fjøset satt, hørde kor dei banna og svor over dei som hadde gjort det så snautt. Og no skulle dei hemne seg. Dei skulle svi av garden.

Så gjorde dei opp varme ute på tunet og fyrte med kornstaur, hommelstenger og anna som var for handa. Gjerdesgarden braut dei opp og bar på varmen og -, og no tok dei til å bera ut halm å brenne.

Men det var utryska korn på låven, og gubben såg kor dei kom med band etter band og kasta på varmen. «Når det ikkje var matsåa å finne, skulle ikkje kornet sparast heller,» skreik dei. «Heile garden skulle dei svi av,» og der strauk ein av dei iver med ein brann inn på låven.

Da torde ikkje gubben liggje i fjøset lenger. Han kraup ut og tok hyven opp geilane. Dei vart var han og sette etter. Men gubben var sprek og kom seg unna. Dei skaut etter han og, men gubben berre klappa seg bak og sprang vidare.

Nokor avsviing av garden vart det ikkje. Han som skulle tende fekk det ikkje til å brenne, og da han hadde freista tre gonger, tok dei det som varsel om at garden ikkje skulle brennast, sluttar segna.

Skade på hus, brent skigard og kornstaur	12 -	«
	3-	
1 tynne bygg	2-	«
	1-	
6 ty.ner havre	9-	«
	«-	
6 Jass halm	2-	«
	2-	
16 lass høy	8-	«
	«-	
6 kyr	21 -	«
	« -	
1 okse	1-	«
	2-	

Men lat oss sjå frå segn til soge. Tek ein for seg skadetakst-protokollen, ser ein snart at det ikkje var så reint snautt, enda om mykje var gjeomt unna. Fienden har forsynt seg både med korn og høy, og i fjøset har dei gjort reint bord, er det likt til. Taksten kom i alt opp i 76 Rd. 2 Ort og 12 Sk. og fordeler seg slik:

3 småfe	1-2-	«
Gardsreidskap	10 -	«
	2-	«
Sengklede og husgeråd	5 - 2 - 12	
Mat	2-«-	«

Om dei hadde gjømt unna noko, var dette truleg bori opp til eit bur som må ha stått i den næraste utmarka, for det kallest Litl-bursåsen der, den dag i dag.

Om gardsbruket på Uthus, vestre, opplyser Prøvematrikkelen 1723 at garden låg i solli, var «tæmmelig» til eng var «lætvunden», men var frostlendt og våtlendt og «uviss» til korn. Garden fødte 1 hest, 6 kyr, 1 ungnaut, 4 sauer og 2 geiter. Dei avla 50 lass høøy, sådde 1 tynne bygg og 4 tynner havre.

Garden svara 10 sk for engslaette og 6 sk. for halvparten ei «quemsted». Om skylda skriv dei: «Denne Gaard maa paa grund af sin Ringhed noget aftagis».

Om huslyden til *Joen Jensen* er å fortelje at kona heitte *Brynhild Pedersdatter*, og dei hadde ei dotter, *Gunhild* f. 1721. Dei hadde hatt ein gut før, *Jens*, f. 1715, men han døydde truleg 1719 da - «2de bøm fra Uthus i Frolen» vart gravlagt.

Brynhild Pedersdatter døydde 1730, 56 år gammal, og den 19. juni

same år vart det halde arveskifte etter henne.

Det er ført 2 hestar, 16 og 18 år, og verdsett til 8 og 4 Rd. Fire kyr: «Svane, Drøplin, Havgås og Dokke» a 3 til 3 112 Rd. Vidare: fire geiter og seks sauer.

Av innbu er m.a. nemnt eit lite kråskap inne og to små kister stabburet. Ellest er det vanleg reidskap.

Seng- og gangklede: 1 forloden og 1 snau skinnfeld, og ein kalvskinnfeld.

Klede etter kona: 1 svart vadmellsskjørt og 1 ditto trøye, 1 snøreliv, 1 serk med lerrets overdel og blå sokker.

Av køyrereidskap er nemnt greie med lin taum ar, skjæker med jarntaug, slede med jambolt, vanleg slede, verd 20 sk. stallslede (?) 4 sk. Kløvsal med meiser og pute verd lort. skinn, ljaar og sigder, or-reip, og til sist, «Sagtømmer i skogen» v. lort. Det er og opplyst kor mykje som var sådd: 2 tynner bygg og 2 tynner havre.

Buet kom opp i vel 47 Rd. til delings på far og dotter. Alle fekk sitt, utlagt i det som var registrert.

Joen Jensen gav no opp gardsdrifta på Uthus, flytta til Rønsberg som tenestdreng og vart verande der i fire år. Frå Rønsberg bar det ned

i Stjørdalen, til Bjørgan, der han framleis var i tenest da han i 1750 møtte *som* frivillig vime i rettssaka på Neset.

Det er fortalt før at *Vineens Friises* arvingar åtte Uthus, vestre, ved hundreårsskiftet. I matriklane er same eigar ført heilt til 1727. Men i 1728 har ein offiser, *Johan Mangelsen*, så vidt ein kan skjøne fått auksjons-skjøte på 1 spann i Uthus. I skjøtet er brukaren kalla *Joen Jensen*, så det er ingen tvil om at det gjeld Uthus i Flora.

Johan Mangelsen samla på gardar og sagbruk også i Selbu. Mest alt han skrapa saman, fall i hendene på *Thomas Angell*, som er ført som eigar i matrikkelen 1742.

Etter *Angell* si tid gjekk Uthus inn i Stiftelseenes jordegods i Selbu og Tydal, og vart dermed underlagt forstandarane sin administrasjon.

Leiglendingen som kom på garden etter *Joen Jensen* heitte *Ole Olsen*. Kona heitte *Siri Joensdatter*. Kvar dei var frå er ukjent. *Ole* kan ha vori frå den andre Uthus-garden, son til *Ole Simensen*, men ein veit ikkje noko visst om det. *Ole Olsen* vart 68 år gammal og dreiv garden til han døydde i 1767. «Opsidderen *Ole Olsen* i Frolen» har presten ført i kyrkjeboka. Kona «*Sigri Joensdatter*» døydde 1773, 73 år gammal.

Ole og *Sigri* hadde ein son som og heitte *Ole*. Kona hans heitte *Marit Olsdotter*, og ho var frå Krogstad. I manntalet frå 1762 er forutan dei to hjona fort ein dreng, *Ole Joensen*, og ei tenestjente, *Marit Bjørnsdatter*. Det er vidare ført ein husmann: *Joen Olsen* med kone *Kari Joensdatter* og son *Simen Olsen*.

Til slutt er ført:

«gammel Sengeliggende *Beret Olsdatter*. En gammel Svag Enke med en vissen Hånd, *Ingeborg Thorehildsdatter*.»

Den første døydde 1766, 80 år gammal. *Ingeborg Thoreheldsdatter* døydde på Tuset 1772,82 år. Dei to var truleg legdesfolk.

Husmannen er i kyrkjeboka ført med *Branden* til etternamn. Han har truleg halde til i *Branden* som ligg vest for Drivvoll og hatt eit slags krypinn der. Uthus vestre åtte eit stykke av elvbjørga der, mellom dei to Brandbekkene. Garden hadde seinare engslætte der.

Joen og *Kari Branden* hadde desse borna:

Helge, f. og d. 1758, *Ragnhild*, f. 1763 og *Helge*, f. 1769. Seinare har det og budd folk der. I 1794 har ei *Mar'ite Jonsdatter Branden* vorti tildelt fatigpengar.

Sjølfolka på Uthus vestre, hadde ikkje livsarvingar, og i 1777 opp-

retta dei gjensidig testament med kvarandre. Testamentet som var i behold' til 1930, det gjekk da med i ein gardsbrand, var skrivi av presten *Frugaard*. Bror til kona, *Ole Olsen Krogstad* og ein *Aren Gundersen* var vitne. Dokumentet hadde fått kongeleg konfirmasjon på Christiansborg slott. Testamentet slo fast etter mange krusedullar at det som var att elter dei to ved lengstlevandes død, skulle delast mellom lovlege arvingar med mindre lengstlevande trong om å ta sytning åt seg, da skulle han ha det som var att. For det tilfelle at lengstlevande gifte seg oppatt, skulle han og sitte i udelt bu.

Ole Olsen Uthus døydde i 1791,56 år gammal.

Året etter fletførte enkja, *Marit Olsdatter* seg til broren, *Jon Olsen Krogstad*. Ho har skrivi under dokumentet med *Knut Knutsen Tuset* som laverje og *Hans Larsen Bårdsgården* og *Simen Torgersen Mebust* som vitne. Same år har Stiftelsesernes forstander, *Christian Fredrik Meyer* overlati denne part av Uthus på leilendings vilkår til *Jon Olsen Krogstad*.

Marit Olsdatter døydde i 1804,65 år gammal.

Den nye leiglendingen, *Jon Olsen* var fødd 1751 og vart gift 1793 med *Guri Olsdatter Gresli*, f. 1760.

Guri var frå Jensgarden og hadde ei syster i Flora, *Beret Olsdatter Bakken*. *Jon Olsen* var smeltar ved Tydals hytte da han vart gift.

Jon og *Guri* hadde fire born:

1. *Marit*, f. 1794, g. m. /*nut Jonsen Tuset*.
2. *Ole*, f. 1796, ugift, fekk bygsel på plassen Haugan.
3. *Ole*, f. 1798, vart verande heime og fekk bygsel på garden.
4. *Reinholdt*, f. 1803, død året etter.

I folketeljinga 1801 er det ført to tenestfolk på garden: *Ole Estensen*, 13 år og *Dordi Sivatsdatter*, 50 år. *Dordi* hadde tre born: *Beret Olsdt.* 20 år, *Siri Jonsdtr.* 10 år og *Sivert Ols.* 7 år. *Dordi Sivertsdatter* døydde 1833, 82 år gammal. Kvar borna tok vegen er ukjent.

Dei to Uthus-gardane låg i teigskifte til 1824 da innmarka og den næraste utmarka vart utskifta. Einskilde stykke som gardane åtte for seg, vart haldi utanfor. Det galdt to trøer vest for Uthus-bekken som gardane åtte kvar si av. Likeeins ei trø på søre side *Nea* som vestre garden var åleine om. Til denne garden hørde Branden, stykket vest for Drivvoll. Likeins øya i elva beint for, medan austre garden åtte den øvre øya og øya ved Uthusplassen.

Frå gammalt hadde kløvvegen gått gjennom garden. Da vognvegen kom, vart leia omlagt.

Den gamle matrikkel galdt heilt til 1820-åra, da det vart haldi ny matrikulering. Uthus vestre fekk no matr. nr. 107 og laupenr. 140. Den nye skylda vart 2 dalar 2 ort og 23 skilling, som ved siste revisjon og omrekning vart til 6, 21 mark.

For å sleppe oppattaking for kvar gard, tek ein her med nokre data frå matrikuleringa. Oppgåvene gjeld året 1824.

Ørås: 6 kyr, 24 sauer, Utsæd: 1 tynne korn som gav 3 fold, 2 poeng tillegg for skog.

Flaknan: 1 hest, 8 kyr, 18 sauer. Det vart sådd 3 tynner korn som gav 3 fold, og det vart sett 1 tynne potet, og den gav det 8-dobbelte. Garden fikk 4 poeng tillagt for skog.

Båe *Uthusgardane* vart stilt likt med 2 hestar, 9 kyr og 29 sauer på kvar. 5 tynner korn vart sådd, og det gav 3 fold, medan potettyinna som vart sett i jorda, gav berre 6 fold på Uthus. Kvar av Uthusgardane vart tillagt 4 poeng for skog.

Dei to- *Tusetgardane* vart og sett likt seg i mellom, med 1 hest, 9 kyr og 24 sauer på kvar. Utsæd: 4 tynner korn a3 fold 1 tynne potet a6 fold. 2 poeng for skog.

Bjørken: 1 hest, 4 kyr og 9 sauer. 1 *Yl* tynne korn gav 3 fold. 2 poeng for skog.

Hegset: 2 hestar, 18 kyr, 30 sauer. 8 tynner korn gav 3 fold. 2 tynner potet - 6 fold. 8 poeng for skog.

Bakken: 1 hest, 3 kyr, 12 sauer. 1 tynne korn. 3 *Yl* tynne potet gav vanlig fold. 2 poeng for skog.

Neset: 1 hest, 6 kyr, 15 sauer. 2 tynner korn og 1 tynne potet gav vanlig fold. 2 poeng for skog.

For plassane Einbakken, Nesmoen, dei to Mælen-plassane og SørFlakne tillagt henholdsvis 2, 3, 1, 1 og 5 poeng.

Langsmoen: 4 kyr, 15 sauer. Ingen utsæd. 2 poeng tillagt for skog. Det var berre Neset som fekk tillagt poeng for husmenn enda det var husmenn under fleire av gardane.

På Uthus vestre er det ført opp tre husmenn i 1801, men plassane var truleg nedlagde alle da matrikuleringa vart teki. Men ein ny hus mann var komen i staden. Stiftelserne hadde nok ikkje noko i mot å auke husmannstalet på gardane sine i Selbu og Tydal, ikkje minst av omsyn til den arbeidskrafta som dermed vart stadbundi.

Uthus vestre fekk sin andre husmannsplass i 1828, og frå 1860-åra er det tre husmannsplassar på garden.

Plassen som vart bygsla i 1828 vart kalla Haugan. Det var eldste son på garden, *Ole Jonsen* som fekk utlagt 15 mål av trøa vesta bekken til plass åt seg. Han var ugift, og hadde truleg ikkje serleg bruk for garden heller.

Faren, *Joen Olsen* satt med bygsla til han døydde i 1832. Han var da 82 år gammal. Kona, *Guri Olsdotter*, levde til 1844. Ho vart 84 år.

Da gamle *John Uthus* var død, auksjonerte stiftelsene hort bruks.retten og overlet den til *Ole Jonsen Uthus* d.y. som skulle betale 6 spdlr. i årleg forpaktningavgift.

Det skal ikkje ha vori så like til å ta over gardsdrifta for ungfolka.

Det er fortalt at dei tok seg to leige kyr da dei tok over. *Ola* sette opp nytt fjøs. Ny stugu sette han og opp.

Ole Jonsen Uthus, vart g. 1825 med Brynhild Gundersdotter Rolset, f. 1802.

Dei hadde 4 born:


1. *John*, f. 1826, tok over garden.
2. *Marit*, f. 1829, g.m. *Baro Eriksen Nes*, bygsla Uthustrøa.
3. *Gunder*, f. 1837, gift og bygsla plassen Haugan.
4. *Guri*, f. 1840, g. 1866 m. *Ole Hansen Rolsetgjerdet*. Han og broren kjøpte ein av Uthusgardane på Mosletta som dei delte. Born: *Hans, Gunder, Peder, Marit og John*.

Ole Jonsen var ein gastvint kar som fekk arbeidet til å gå unna.

Lett til sins var han og. Han slo ifrå kjerringa ein gong, dei var i Ytervoll-liene med slåttén. Da Brynhild nådde att på toppen av lia, sa ho: «Bepre den som hadde sloppi å gå nedom att.» De slo *Ola* neste temmet ovafrå.

Me har sett at *Ola* og *Brynhild* tok til med kyr på leige. Litt onnorleis stod det til i fjøset mot slutten av deira tid. Landbruksteljinga 1865 har desse tal: 2 hestar, 14 storfe, 13 sauer og 13 geiter. Dei sådde 3 *Yl* tynne korn, og sette 4 tynner potet. Dei var 11 menneske i hushaldet med dreng og taus. Ved teljinga 10 år seinare er krøterhaldet det same å seie, berre litt mindre småfe, men utsådet har minka til 3 tynner korn og 3 tynner potet. Huslyden hadde og minka til 8 personar ved at bestemora hadde falli frå, og ved at dei ikkje trong tenestfolk lenger. Ungfolka, *John Olsen* og kona hadde da teki over drifta.

Ole Johnsen Uthus d. i 1883, 85 år gl. *Brynhild Gundersd.* d. i 1871, 69 år.




Det gamle tun, bur og låve etter Bidrag til Bondesamfundets Historie.

John Uthus vart g. i 1853 m. *Brynhild Sakariasd. Tuset*, f. 1829_ Dei hadde 7 born:

1. *Ole*, f. 1854, d. 1858.
2. *Sakarias*, f. 1856, tok over garden.
3. *Ole*, f. 1859, g. 1891 m. *Ragnhil G. Drivold*, kjøpte Meium på Selbustranda, 8 born: *Inga*, *Brynhild*, *John*, *Gunnar*, *Beret*, *Ole*, *Olaus* og *Ragna*.
4. *John*, f. 1862, g. m. *Ragnhild Johnsd. Næss*, kjøpte Næssmoen.
5. *Johannes*, f. 1865, g. 1892 m. *Kari Olsd. Næs*, 7 horn: *Ola*, bur i Snåsa, *Olaus*, i Bergen, *John*, på Notodden, *Brynhild* g. *Sæther*, i Canada, *Gunerius*, i Bergen, *Kristian*, i Kvam og *Bjarne*, i Bergen.
6. *Gunder*, f. og d. 1871.
7. *Beret*, f. og d. 1874.
Johannes og *Kari* budde i Tydal til kring 1920. Sidan i Skogn.

Båe er gravlagt på Flora kyrkjegard.

Tunet på Uthus var bygd etter den tradisjonelle stil med husa i ein firkant kring gardsplassen. Hovudlånet stod mot nord, låven mot aust, fjøset mot sør og stallen mot vest, buret mellom fjøset og låven, og ei gammal stugu brukt til sommarstugu, vest for hovudlånet. Smie og eld-



Fjøs og stall.

hus stod vest for garden, smia på reina ned a innkjørselsvegen, eldhuset ovafor.

Sommarstugu, låven og stallen var eldst av bygningane, alle med svaler mot tunet. I stugusvala var det tropp til loftet. Stallen var av øksa furu tømmer, stugu og låven av rundtømmer. I stallen var det to rom, gardsstall og farastall, som over alt i bygda. I ende med stallen var det innkjørselsport, eller gardsle, dei kalla. Ovafor der att var kvernporten, eit rom som og fanst over alt på gardane. Kvernporten var åpen mot tunet. Her vart kvernane finhoggi og sandmeli. Låven var brattrysta og hadde bordtak. Dei andre husa hadde jordtak.

Fjøset var av dei vanlege med kufjøs og smefjøs og portrom imellom.

Smefjøset utan golv. Dette var skild med heil vegg frå portrommet. Kufjøset derimot berre med stutte kinnugar.

Det vart mura kjellar under kufjøset i 1860-åra, før var det frauhus under kjellbrua mellom fjøset og stallen.

I stugulånet var det to stugurom, daglegstugu og nystugu med gang og kove i mellom, potetkjellar under daglegstugu og matkjellar under den andre. I portalen var det to dører. Denne og delvis vindauga var pynta med kledning ar og måling.

Det hadde frå gammalt vori drivi kvernsteinsarbeid på garden, og

John heldt fram med dette yrket heile si tid og hadde ymse lagskarar. Om våren trong dei ekstra hjelp til kvernhogginga, og arbeidet med dei tunge kvernsteinane var ikkje heilt ufarleg. På Uthus hende ei ulykke i 1891 som fekk ein alvorleg utgang. Ein leigkar, *Peder Johnsen Stokno* skulle rette på ei kvern han tykte stod us.tø. «~Den her steinen er reist for bratt mot veggjen,» sa han, «gutane kan velta han over seg.» Karane stod ferdige og skulle fara til kvern f jellet. Da hende ulykka. Steinen tok velde frå *Peder*, som kom under han og fekk avslage eine lårbeinet.

Det hadde vori doktor lenge i bygda da, men folk var ikkje så snar til å hente han. Eit beinbrot var elles t mest som ein kvardagsleg ting, og det var fleire som kunne gje hjelp i slike høve. *Ola P. Mebust*, Nedpåjern, var flink. Det fanst ikkje hans make til å leggje ihop beinbrot, og *John Uthus* beisla Storbrunen og kørde etter han. Men brotet var nok meir komplisert enn dei trudde, smertene ville ikkje gje seg, og *Peder Johnsen* døydde om natta.

I 1895 overlet *John O. Uthus* garden til sonen *Sakarias* og flytta med kona til nystugu, som gjorde teneste som kårstugu.

John Olsen Uthus og *Brynhild Sakariasd.* døydde båe i 1915. *John* vart 89 år gl. og *Brynhild* 86 år.

Garden, som frå gammalt låg i teigskifte med Uthus austre i heimemarka, fekk dette ordna ved utskifting i 1824. Ved overutskifting, slutta 1901 vart hopehavet mellom Uthus- og Tusetgardane utskifta. Dermed vart det slutt på det gamle skiftebruket med «slåttår» og «seterår». På Åsane, sør for Nea, hadde gardane kvar sine setrar som vart brukt både til vårsetring og haustsetring. Dei vårsetra annakvart år her, og på Grossvollen. Der var det berre ein setervoll. Utmarka sør for Usma var delt i to vald: Ytervollen, der alle fire gardane hadde inngjerda setertrøer. Hit flytta dei frå Åsvollane, og for da om Sørflakne og Drivvoll for ikkje å fara gjennom den freda slåttemarka innafør. På indre setervaldet var det 3 setervollar: Litjvollen som ligg framma Usma og hørde til Uthus vestre, og Kløftvollen inna Usma som hørde Tuset til. Lenger inne og på vestre side Garåa ligg Storvollen som hørde Uthus austre til, og der Uthus vestre og hadde seterhus. Til denne utmarka flytta dei frå Grossvollen og for da beinaste leia etter Dalvegen som går opp ved Uthus trøa. Same leia kom dei att om haustane - også frå Ytervollen. Det hende dei hefta ei veke eller to på Innerdalen når dei flytta frå Ytervollen, for å beita av nylåen på vollane.

I utskiftninga fekk Uthusgardane setervald på Gardalen, medan utmarka langs Roda vart delt mellom Tuset-gardane. På Dalen fekk Uthus vestre Ytervollen, og Uthus austre Kløftvollen. Men Tuset vestre fekk og eit remm på vestsida Garåa, likeeins Tuset aust're. Begge brukte si utmark her berre til markaslætte.



Sakarias Uthus

Sigrid Larsd. Krogstad, f. 1857.

Dei hadde 6 born:

1. *John*, f. 1880, g. og budde heime. Sigrid og Sakarias Uthus.
2. *Ragnhild*, f. 1883, reiste til Am. 1908, g. 1 barn, d. 1920.
3. *Brynhild*, f. 1886, g. I m. *Ole O. Næss*, 1 barn: *Olaus Uthus*, f. 1907, voks opp på Uthus, til Am. 1928, g., ikkje born, d. 1956. *Brynhild*, g. II m. *Ingebrigt H. Kulset*, ikkje born.
4. *Lars*, f. 1890 og d. 1892.
5. *Beret*, f. 1893, ug., var heime, d. 1960, gjetar og seterdeie i 30 år.
6. *Lars*, f. 1899, tok over garden.

John S. Uthus vart g. i 1904 m. *Ragnhild Olsd. Hegset*, f. 1877. Dei hadde 2 born:

1. *Sakarias*, f. 1906, g. 1932 m. *Ane Evjemo*, f. 1906, bur på Evjemo, ikkje born.
2. *Ole*, f. 1908, g. 1936 m. *Kristine Marie Øråsvoll*, f. 1900, kjøpte Langsetenget.

John S. Uthus d. i 1913. *Ragnhild* reiste no frå Uthus, tok teneste på Tuset austre der ho hadde

vaksi opp. *Sakarias* kom til Uthustrøa, og *Ole* følgde mor si.

Det vart slutt med kvernsteinsindustrien på Uthus da bestefargubben gav opp. *Sakarias* dreiv skogsbruk, tok på seg teigar, leigde hoggarar og kørde sjølv.

Sakarias sette opp ei stugu på vestre side tunet, reiv sommarstugu og portroma. I 1920 vart *Sakarias* sjølveigar, kjøpte da garden som

9

129

samman med plassane Haugan og Uthusplassen fekk all skog på nordre side dalen. På sørre side fekk garden setra Uthus-Åsvollen m. hamnerett og fjellsetra Ytervollen.

Uthus vestre var ikkje skylddelt eller oppdelt før i 1920. Ved delingsforretninga den 30. august vart desse bruka utskilde:

Uthus vestre	br. nr.	2,	skyld	1,77	mark	
Uthus-trøa,	«	3,	«	0,43	«	
Uthushaugen,	«	4,	«	0,37	«	
Uthusplassen,	«	5.	«	0,34	«	

I 1927 overlet *Sakarias J. Uthus* garden til sonen *Lars Uthus*. *Sakarias Uthus* d. i 1941, 85 år gammal, *Sigrid Larsd.* d. i 1919 spanskesjuka, 62 år.

Lars Uthus vart g. 1928 m. *Johanna Halvorsd. Kulset*, f. 1895. Dei hadde 3 born:

1. *Sigrid*, f. 1928, g. 1956 m. ingeniør *Arne Huse*, Hærøya, bur på Blommenholm. 3 born: *Eva Jorunn*, *Ann Britt* og *Lars Paul*.
2. *Sakarias*, f. 1930, har teki over garden.
3. *Ingeborg*, f. 1933, g. 1953 m. *Kristian Grimsmo*, Kristiansund, bur i Molde, 2 born: *Mai* og *Lars Peter*.

Lars Uthus bygde opp heile garden frå nytt av. Låve og stall i 1944, fjøs 1948 og stugulån i 1963. Berre eldhuset og buret står att av gammalhusa. Han har og sett opp sirkelsag for gardsbruket.

Fjøset av stein står mot aust i vinkel med låven som står øvst.

Stugu står langs bakken vest for gardsplassen.

Da *Lars* tok over bruket, var det alt slutt med markaforinga. Berre setervollane med litt myrslått kring vart slegi. Setringa van drivi til først i 50-åra.

Lars Uthus døydde i 1969, 70 år gammal.

UTHUSPLASSEN

G. nr. 110, b. nr. 5

Uthusplassen eller Plassen som det blir sagt i dagleg tale ligg like ved vegen omlag midtveges mellom Uthus og Flaknan.

Ein veit ikkje sikkert kven som bureste Plassen, men mykje tyder på at ein huslyd som hadde plass under Uthus kring 1790 har budd her.

Denne huslyden gav seinare opp plassen sin, som me seinare skal sjå, og nett da fekk stamfaren for dei folka som seinare har budd her, bygsel på Uthusplassen. Manntalet frå 1801 fører ikkje opp namn på plassane, og ettertida har gløymt kvar husmannen frå 1790 budde. Men det tilfelle at det kjem unge folk til Plassen på same tid som ein tidlegare husmenn under garden flytter frå, tyder på at den Iførre husmannen og har budd her, og han har i så fall vori bureisar.

Om bureisaren i Plassen går den segna at han skal ha teki til på sørsida elva, men fekk ikkje potet der og laut over til nordsida med den, og har så flytta etter sjolv og fekk slå seg ned der.

Husmannen som fekk plass under Uthus i 1790, heitte *Peder Pedersen*. Denne *Peder Pedersen Uthuus* i Frolen, som det står i kyrkjeboka, døydde i 1800, 58 år gammal. Enkja, *Gjertrud Einersd.* er ført som husmann med jord i manntalet året etter. Ho var 57 år da. Dei var da 4 i huslyden, - sønene *Einar Pedersen*, 21 år, *Peder Pedersen*, 13 år og dottera, *Gjertrud*, 8 år.

Av kyrkjeboka går det fram at *Peder Pedersen* og *Gjertrud Einersd.* vart g. i 1770. *Gjertrud*, som må ha vori frå Marstad, tente på Flaknan. Kvar *Peder* var frå er ukjent. Dei losjerte først eit par år på Flaknan, flytta så til Uthus, så til Tuset og fekk endeleg plass under Uthus j 1790, som fortalt før. *Peder* og *Gjertrud* hadde 9 born i alt. Dei 6 utanom dei som er nemnt: *Anne*, 1770 - *Mali*, 1774 - *Sigrid*, 1776 - *Jon*, 1781 - *Peder*, 1783 og *Ole*, 1784. Korkje desse eller dei to yngste veit ein meir om. *Einar* var soldat ved skiløperne. Han vart gift i 1802 m. *Mali Pedersd. Hegset*. Dei hadde ein son, *Peder*, f. 1802. Kring 1807 fekk *Einar* bygsel på Brautan under Hegset og flytta dit med heile huslyden. *Gjertrud Einersd.* d. i 1818.

Mannen som kom til Uthusplassen kring 1807 var frå Øråsplass og heitte *Peder Pedersen*, var f. i 1780 og g. i 1805 m. *Brynhild Pedersd. Flakne*, f. 1782. Ho var dotter til *Helke Torkelsd. Rolset*, som losjerte hos broren *Jon Torkelsen Flakne*. Ho følgde svigersonen og dottera til Uthusplassen. *Helke* d. i 1830, 81 år gl.

Peder Pedersen var ein litenvoren kar. Han var tømrrar og snikkar, - hadde både høvelbenk og fleire sortar høvlar. Ellest arbeidde *Peder Pedersen* i kvernfjellet som han dreiv så lenge han kunne.

Peder Pedersen d. i 1855, 75 år gl. *Brynhild Pedersd.* d. i 1870, 88 år.

Dei hadde 1 barn: *Peder*, f. 1808.

Sonen, *Peder P. Uthus*, som heldt fram etter faren, vart g. 1830 m.

Anne Einersd. Hegset, f. 1812. Ho var dotter til *Mali* og *Einar Brautan* som er omtala ovafor.

Anne og *Peder* hadde 8 born:

1. *Helke*, f. 1831, g. m. *Sivert Kjøsnes*, Spilderbakkane, Strinda.
2. *Mali*, f. 1833, g. m. *Peder P. Punde*, bygsla plass under Skogan.
3. *Brynhild*, f. 1838, g. m. *Einar A. Flakne*.
4. *Peder*, f. 1841, g. m. *Brynhild Johnsdtr. Moslet*, for til Am.
5. *Einar*, f. 1844, tok over plassen.
6. *Ole*, f. 1847, til Am., kom att og g. m. *Magnhild Johnsd. Næs*, Sandrno.
7. *Peder*, f. 1851.
8. *John*, f. 1855. Både han og *Peder* reiste til Amerika, vart gift og hadde fl. born.

Det vart som ein ser mange Pe-ar på garden, både Stor-Pe og LitlPe. Faren, som var mann i huset vart kalla Mann-Pe.

Mann-Pe dreiv kvernfjellet som far sin, og gutane leut tidleg vera med. Stor-Pe gjekk som halv-kar (hadde halv lott) det året han gjekk for presten. Han hadde spørsmålsboka med og las i eldsskinet frå gruva om kveldane. Ellest var det arbeid ,i skogen, og plasskarane var gode handsagarar .

Faren, *Peder P. Uthus* d. i 1861, 53 år gl. *Anne Einersd.* vart 83 år i 1895.

Av jordbruksteljinga 1865 går det fram lit krøterhaldet da var på 3 naut, 5 sauer, og 4 geiter, og at dei sådde 3 skjepper av kvart slag, bygg og havre og sette 3 t. potet. *Anne Einersd.*, som er 53 år gammal, har 5 søner eg 1 dotter heime, og bestemora som var 83 år.

Jordvegen var liten, og det er fortalt at gutane drog skog uti elva og trilla på stein og jord for å auke han.

I 1875 er oldemora borte, døydde i 1870, 88 år, har me sett. Av dei mange brørne er no berre 2 igjen, *Einar* og *John*. Dei andre hadde alt teki vegen over til Amerika. Systema, *Mali* var gift, og losjerte heime. *Einar* hadde teki over plassen.

Einar P. Uthus vart g. i 1873 m. *Sessel Ellevsd. Sams tad*, f. 1850. Dei hadde 6 born:

1. *Anne*, f. 1873, g. 1897 m. *Ismael Ramlo*, Ranøyen, Haltdal. Born: *John*, *Martin*, *Einar*, *Peder*, *Ingvald*, *Signe*, *Marit*, *Anna* og *Borghild*.



Sessel, Einar, Beret og Signe Uthus.

2. *Ingeborg*, f. 1876, g. 1901 m. *Ole Løvdal, Ålen*. Born: *Bjørn, Jørgen, Einar, Bjarne, Monrad, Signe, Marit Hilda og Otelie*.
3. *Brynhild*, f. 1879, d. 1885.
4. *Peder*, f. 1882, g. 1904 m. *Gidsken Hilmo*, reiste til Am., mange born.
5. *Brynhild*, f. 1885, g. 1912 m. *John Rasmussen*, Tynset. Born: *Elta Sofie og Ingeborg*.
6. *Beret Oline*, f. 1889, tok over bruket etter foreldra.

Einar Uthus hadde auka krøterhaldet frå 3 til 4 kyr i 1875 og så hadde han køyrokse og småfehaldet var og auka til 12 i alt. Kring hundreårsskiftet hadde han hest og *Einar* fekk auka jordvegen som før rakk berre mellom bekkene, men største «auken» var nok «Storbekkdalen», eit markaslætte *Einar* fekk leige på Hegsetdalen. Der kunne h-an bæ opp til 20 vinterlass fm året og heldt til der langt på sommaren etter foringa på heimejordet var ferdig.

Om vintrane var han i kvernfjellet, arbeidde i lag med *Ola P. Næss*, bror sin. Han var ein av dei som heldt ut lengst - til 1904. *Einar* tok mykje reparasjonsarbeid på veggen. Det var vanleg med utglidingar i gammalvegen.

I 1904 sette *Einar* opp nytt fjøs, og seinare flytta han stugu og tømra til nystugu.

Det var vanleg med steinhylle i staden for tregolv i skåpkråa i stuguene i gamle dagar. Desse steinhyllene, større eller mindre etter som høve hadde vori, kom etter kvart utom husa, gjerne som tropphyller. I Plassen låg steinhylla til *Einar* flytta stugu.

Einar P. Uthus d. i 1916, 72 år gl.

Sessel som no vart att åleine, heldt fram med bruket.

I 1920 kjøpte ho bruket som fikk tillagt skog og seter og betalte 2600 kroner. Ho leigde hjelp i onnene og greidde seg ellest åleine.

Dotterdottera, *Elta Sofie Rasmussen* var hos bestemora til ho vart vaksen og gift.

Ella Rasmussen f. 1912, vart g. m. *Jørgen Andreas Olsen*, Oslo. Har drivi ein liten grønsakhandel. Dei har ikkje born.

Sessel Uthus døydde i 1930, 80 år gammal.

Bruket \ art da overdregi av arvingane til yngste dottera, *Beret Oline Uthus* for 7000 kroner.

Beret som var f. i 1889 budde i Dalsbygda i Os, Østerdal, og hadde 5 born:

1. *Signe*, f. 1909, g. m. *Helmer Lilletrøen*, Dalsbygda og har 6 born: *Anna*, *Jenny*, *Solveig*, *Helga*, *Liv* og *Norvald* ...
2. *Beret*, f. 1916, g. m. jernbanearb. *Sigurd Hansen*, Sula, bur i Trondheim og har 2 born: *Brit Heidi* og *Roger Arne*.
3. *Einar*, f. 1917, vegvokter, g.m. *Borghild O. Haugen*, har bygd eigen villa.
4. *Gunvor Pauline*, f. 1925, handelssk., butikkdame på Løkken, g. m. arb.form. *Torgeir Svinsås*, Meldal. 1 barn, *Else*, g. *Einum*, Løkken.
5. *Sverre Bjarne*, f. 1928, ug.

Jordsbruket kom no i full drift att, og det vart på ny fora i marka og like mykje som i bestefaren si tid. Det vart og kosta på husa.

Stugu vart nedrivi og retta opp frå grunnen, opprysta og fikk steintak, og moderne innreiding. *Einar* var hendig og utførte det meste av arbeidet.

Beret Oline Uthus døydde i 1962, 73 år gammal.

Bruket var overdregi til yngste sonen. Han har fari frå grenda og bruket ligg øyde.



Ragnhild, Marit og Gunder Haugan.



Berit og John J. Drivald.

U T H U S H A U G A N (Haugan)

G. nr. 110, b. nr. 4.

Haugan, som dette bruket har vori kalla, ligg vest for Uthus og vart utlagt som husmannsplass så tidleg som i 1828. Det var eldste son på Uthus vestre, *Ole Johnsen*, f. 1796 som fekk utlagt dette stykke, ca. 15 mål, til plass. *Ole* var ugift og kom ikkje til å setja opp hus eller rydje jord. Han vart verande heime på garden hos broren. *Ole* døydde i 1856.

I 1863 vart plassen bygsla på ny av brorsonen, *Gunder O. Uthus*, og han bureiste plassen.

Gunder O. Uthus, f. 1837 vart g. 1861 m. *Ragnhild Pedersd. Hegset*, 1837. Dei hadde 8 born:

1. *Beret*, f. 1861, g. 1888 m. *John Johnsen Drivvoll*, for til Am., til Beltrami, Minn.
2. *Ole*, f. 1862, for til Am., d. 1949 i Spokane, Wash., ugift.
3. *Brynchild*, f. 1866, var heime.
4. *Ole*, f. 1868, d. s. år.

5. *Peder*, f. 1872, for til Am., d. i Beltrami 1899, ugift.
6. *Gurine*, f. 1874, lærarprøva, g. m. *Didrik Næss*.
7. *Ragnhild*, f. 1878, g. m. *Ole P. Uthus*, Sandmo.
8. *Marit*, 1881, g. 1914 m. gruvarb. *Per Rønning*, Foldal, 2 døtre: *Margit Gunelie* og *Ragnhild*.

Det var stor utvandring frå grenda. Mange for til Beltrami. Biletet er frå 1895.

Brynhild Haugan vart g. i 1892 m. *Torstein Nilsen Tuset*. Han hadde vori til Am. og hadde teki til med handel i nystugu på Tuset austre som han hadde leigd. Det var første handelsforretninga i Flora.

Da *Torstein* gifte seg, flytta han til Næssmoen og dreiv plassen der eit par år som sytning, men fekk ikkje kjøpe plassen. Handelen gjekk berre så som så, og i 1894 reiste *Torstein* over «dammen» att, som så mange gjorde. Kone og barn skulle vera igjen. Dei hadde da flytta til Haugan, og *Brynhild* skulle vera heime. *Torstein* kom ikkje heim til Flora meir. Han vart sjuk på båten på heimvegen og kom ikkje lenger enn til Trondheim. Han døydde i 1897.

Brynhild og Torstein hadde 2 born:

Anna, f. 1892 og *Gunnar*, f. 1894.

Om jordsbruket på Haugan er å fortelje at alt i 1865 hadde *Gunder* og *Ragnhild* 4 naut, 2 sauer og 4 geiter og hest sjølvsagt som *Gunder* alltid hadde. Dei hadde åker og sådde 1/4 t. bygg og like mykje havre og sette 1 t. potet. Ti år seinare hadde potetåkeren vakse til 3 tynner i utsåd. Ellest var både utsåd og krøtterhald på det same som ved førre teljinga.

Gunder var i skogen om vintrane og tok helst køyring. Han brukte skinnklede og var nok ikkje frosen. Han ville alltid ha plassen nærast koiedøra. Han heldt på gammaltida ellest og, og var av dei siste i grenda som brukte stuttkofte og lokkbukse. Langt hår hadde han og, men avklipt i nakken.

Han var morosam. «Det er itte farleg for oss som sitt på Stifti,» kunne han more seg med å seie når det var tale om arbeid og vinterbruk. Dei hadde nok ikkje så serleg stor betaling.

Gunder sette opp ei stor stugu. Ho stod frå først av litt lenger vest enn ho gjer no. Det var kring hundreårsskiftet ho var't flytta og nystugu samtidig tilsett. Dei bala og med uthusa og sette opp nytt fjøs på same tid. *Ragnhild* var og med i arbeidet, trilla jord og arbeidde som ein kar.



*1. rad: Peder Hal/gan, Torsten Nilsen Tuset, og John Torkelsen Tuset.
2. rad: Ola Haugan, John O. Flakne, Ola J. Hegset øvre, Ola O Bakken, John O. Geving og
John Nilsen Tuset.*

Etter hundreårsskiftet var *Ragnhild* i setra med krøttera saman med dei på Melan, først i Storlia, seinare på Sjøvollen inna Usmsjøen.

Gunder O. Uthus d. i 1921, 84 år gl. *Ragnhild Pedersd.* vart 94 år. Ho døydde i 1931.

Gunder stod som husmann til bruket vart kjøpt i 1920. Dottersonen, *Gunnar Haugan* steig da inn som kjøpar. Mor hans, *Brynhild Haugan*, som heile tida hadde vori hjelpa til foreldra, heldt fram som hushaldar for sonen.

Anna Haugan tente i mange år hos Jensen og frue på Sjøvoll, seinare hos andre. Ho var heime om somrane og hjelpte til med slåttan. Ho flytta heim for godt da mora ikkje greidde hushaldet lenger.

Brynhild Haugan d. i 1952, 86 år gl. *Gunnar T. Haugan* d. I 1961, 67 år.

Gunnar moderniserte stugu og sette opp ny låve. *Anna* bur heime.

Ho har seld bruket til *Bernhard Fjeset* som driv det i hop med småbruket Sandrno.

UTHUS TRØA

G. nr. 110, br. nr. 3.

Uthus trøa har vori plass under Uthus vestre. Bruket ligg på søre sida av Nea og vart bureist av *Baro Eriksen Næss*, Sørflakne, som fekk festesetel på plassen i 1859.

Baro Eriksen var f. i 1823 og vart g. i 1855 m.*Marit Olsd. Uthus*,

1829. *Marit* var frå Uthus vestre.

Baro og *Marit* budde først nokre år på Næssmoen eller Påleinn som denne plassen var kalla da. *Baro* hadde ei møster der som var einsam og som han dreiv plassen for. Ein eldre bror av *Baro*, *Jens Næss*, fekk i medan bygsel på plassen, og *Baro* fekk da bygsel på Uthustrøa. Men namnet Pålen n kom til å følge han vil den nye plassen, medan Næssmoen vart kalla Jensenn etter broren.

Stiftelseshusmennene laut halde hustømmeret sjølv og åtte såleis husa dei sette opp i motsetnad til bøndene som fekk utvist hustømmer fritt, men som til gjengjeld ikkje åtte så mykje som spikaren i veggen når han var islægen. Til vanleg fekk husmennene utvist skog til billig pris, men *Baro* fekk tømmeret til stugu si av *Gammal-Jo Nordigarda Tuset* som han hadde tent hos i ungdomstida. Det var ei tohøgda stugu med gang og kove attåt daglegstugu. Seinare vart det tilsett nystugu.

Baro Eriksen skreiv seg no for *Uthus*. *Marit* og *Baro* hadde 2 born:

Erik, 1862, og *Brynhild*, 1866. Ingen av dei vart gift, og baa vart verande heime.

I 1865 hadde *Baro Eriksen* 1 hest, 4 naut og 2 sauer, og sådde 1/4 t. bygg og sette 1 t. potet. I 1875 var hesten bytta i køyrokse, og da hadde dei 2 kyr, 2 ungnaut, 5 sauer og lam og 5 geiter og killingar.

Baro Eriksen Uthus d. i 1913, 90 år gammal. *Marit Olsd.* d. i 1909, 80 år.

Erik B. Uthus tok over plassen og systema vart hushaldar.

Det var arbeidsplikt for husmennene på stiftelsesgardane som hos sjølveigarbøndene, *Erik* gjorde plikten kvart år og arbeidde hos husbonden ellest, og fikk Norges Vels medalje for lang og tru teneste.

Erik var tømrrar og var med på mange bygg. Heime sette han opp nytt fjøs. Han hadde hest, fleire kyr og småfe.

I 1920 kjøpte *Erik* plassen med tillegg av dyrkingsland, skog og seter. *Brynhild* hadde vakre kyr, var ei klok kvinne og var vel eigentleg den som stod føre på garden.

Sakarias J.Uthus, son til *John* og *Ragnhild Uthus* voks opp i Uthustrøa. *Sakarias* var f. i 1906 og vart g. i 1932 m. *Anne P. Evjemo* og flytta til heimgarden hennar.

I 1942 overlet *Erik* eigedomen til *Baro Eiriksen Uthus* på Mosletta og tok unna kår til seg sjølv og systera.

Erik døydde i 1948, 86 år gl. *Brynhild* d. i 1956, nær 90 år.

Bardo Uthus er frå Mosletta, f. 1915. Ein slektning, *John O. Uthus* budde hos *Baro* i mange år. Han var i pleie, men kunne stelle både i huset og stelle krøtera, var i setra og.

John Uthus d. i 1960, 79 år gl.

I 1967 brann stugu i Uthus trøa og fleire gamle verdifulle ting brann opp, m.a. eit stOrt skatthold, gamle *Marit Olsdotter* hadde fått i arv heime på Uthus.

RØNNING

G. nr. 110, br. nr. 6.

Rønning er ein villa vest for Haugan. Den er oppsett av *Jørgen æssmo* som tok den i bruk i 1947.

Jørgen Næssmo, f. 1897 vart g. 1929 m. *Marit I. Næss*, f. 1894. 1 barn: *John Ragnar*, f. 1929.

Jørgen dreiv heimegarden til 1933 då han overlet den til ein yngre bror på grunn av sjukdom. Seinare har *Jørgen* drivi som vegarbeidar. *Marit* hadde strikkemaskin og dreiv med selbubinding. *John Ragnar* er bygningssnikkar.

Marit Næssmo d. i 1963, 69 år gl.

HÅGÅNN Nedl. plass

Hågånn låg ova vegen like ved gjerdesgarden mot Tuset og hadde namn etter den. I 1801 budde følgjande huslyd der:

Sivert Olsen, 42 år gl., husm. m. jord,

Beret Sivertsd., hans kone, 32 år,

Siri Sivertsd.) deres datter, 2 år, *Ølegård Pedersd.*, konens moder, 73 år. *Ølegård* d. i 1805.

Seinare fekk ekteparet ein son, *Sivert*, f. 1809.

Desse folka budde på plassen enda i 1811, men ved manntalet i 1825 er plassen nedlagd. Folka må ha fari frå grenda, berre dottera, *Siri* var att, var tenestejente på eit par gardar, vart gift i 1834 med *John Jensen Næsno*.

Sivert Olsen hadde truleg ikkje bygsel på plassen, men dreiv på bygselretten til vermor si, som hadde hatt plassen før.

Ølegård hadde eit lite kjent namn, og ho var utan tvil innflyttar, men ein veit ikkje kvar ho var frå. Ho var kommi til Flora i 1762 og tente da på Hegset. I 1765 vart ho g. m. *Sjur Olsen Tuset*, og dei fekk bygsel på Hågånn. *Sjur Olsen*, som frå da skreiv seg for *Uthus*, omkom i kvernfjellet i 1785, - ihelslagen ved et ulykkelig skud ved en sten, 45 år gammal.

Ølegård flytta no frå plassen og tente på gardane att, m.a. på Uthus. Ho hadde 3 born i alt, men berre 1 levde opp: *Beret*, f. 1768, g. m. *Sivert Olsen*.

KOIEPLASSEN

Nedl. plass

Koieplassen låg vest for koiebekken. Den vesle jordvegen høyrer no til Haugan og drives frå dette bruket.

Koieplassen vart bureist kring føre hundreårsskiftet. Bureisarfolka er ført i manntalet for 1801. Det var *John Pedersen Øråsplassen*, f. 1778, g. 1802 m. *Gjertrud Iversd. Rolset*. Dei hadde 1 barn: *Peder*, f. og d. 1802.

John Pedersen døydde i 1819. *Gjertrud* har da truleg fari frå plassen og vori i teneste, truleg Nedl Øverbygda. Seinare har ho kommi att og budde åleine, og det er frå den tid tradisjonen har gøymt på minne om «*a Jatru Koienn*», som dei kalla henne.

Det er truleg at desse folka budde i koie frå først av etter som namnet har festa seg til plassen. Men koia må ha vorti bytta i stugu til slutt, for ho *Gjertrud* hadde stugu ho, som ho budde i. Rett nok var ho lita, meir som eit eldhus med inngangsdør frå endevegg og berre eitt

rom. Fjøs var det og, men ikkje i bruk siste åra *Gjertrud* levde, for da var det far skralt til at krøter kunne berge livet over i det om vinteren. Men *Gjertrud* hadde dei siste krøtera sine inne i stugu med seg, og der leid dei inga naud, for her var det skorstein og all ting.

Det var berre sauer ho hadde da. Ho hadde hatt ku og, men ho var halt, sa folk. Forlaus var ho nok ikkje, men ho slepte ut sauene før alle andre om vårane, og det var nok mykje det som gjorde at folk snakka så mykje om henne. Ho gjekk etter almanakken i så måte. Så visst som vårfrumess kom, slepte ho *Gjertrud Koien* ut sauene sine, same kor djup snøen var. Og ho visste kvar det var mat å finne å dei. Ho følgde dei til Øråsen, og der gjekk dei til seinhaustes ho tok dei att. Ho tykte vel ho hadde som ein slags rett til å ha sauene sine der.

Dødsåret hennar er ikkje funni, men det må ha vori før folketeljinga 1865.

STORTRØHAUGE **Nedl. plass**

Denne plassen låg i Rønningen, ein snauhogst vest for Haugan.

I 1801 budde ein huslyd på 5 personar her. Mannen, *Gunder Estensen*, er kalla nyrytter. Han var 34 år og var truleg bror til kona på Tuset austre, *Anne Estensd.* som var frå Gullset.

Kona til *Gunder* heitte *Beret Mikkelsd.*, 24 år gl. Dei 3 borna var *Mikkel*, 6 år, *Kiersti*, 4 år og *Esten*, 2 år gammal.

Gunder Estensen Uthuus iFrolen d. 13/4 1802, opplyser kyrkjeboka.

Beret Mikkelsd. som satt att med dei tre borna, har så fari frå plassen som vart nedlagt.

UTHUS austre (Skogan) **G. nr. 111.**

Den gamle Uthus-garden vart delt i to gardar på 1600-talet som me har sett. Det var to brør, *lffuer* og *Halffr. Østenssøner* som i midten av 1650-åra bygsla kvar sitt spann av «Eullgarden» Uthus, så frå den tid har Uthus vori to bruk.

Som første brukar på Uthus austre kan ein rekne *Halffr* som var

den yngste av dei to. Han var 46 år i 1664 da det vart teki manntal. Broren var 60. Det er truleg at *Halffr* bygde den nye garden som kom til å omfate Hospitalsparten. Me hugsar at Hospitalet i Trondheim åtte 1 spann i Uthus og at det andre spannet høyrde til Kranens gods.

Den nye garden vart bygd like ved den gamle. *Halffr* dreiv garden til 1670-åra, men frå 1680 er det ført berre ein oppsittar på Uthus, og han har nok hatt bygsel på den vestre garden. Hospitalsgarden låg øyde ei tid og vart brukt mot avgift. Hospitalet har da og klaga over at dei ikkje hadde nokor inntekt av garden.

I 1701 var det kommi folk til gards att, og garden var da bygsla på vanlege vilkår. Manntalet fører berre mannspersonar, men ved hjelp av kyrkjeboka kan ein så nokonlunde rekonstruere huslyden.

Sjølmannen heitte *Olle Simensen* og var 43 år i 1701. Tre søner er ført i manntalet: *Baroe Ols*, 10 år, *Siu r* 8 og *Simen* 6. I kyrkjeboka er ført 4 born til: *Brynhild*, f. 1699, *Ole*, f. 1701, *Joen*, f. 1704 og *Mali*, f. 1707. Kona til *Olle Simensen* heitte *Ingeborg*, og ei gammal kone, *Brynhild Uthus*, som døydde i 1700, 72 år gammal, var truleg mor til *Olle Simensen*.

Ole Simensen døydde i 1713, 54 år gammal, og kona, *Ingeborg*, døydde fem år etter, 56 år.

Den eldste av sønene vart verande på garden, dei to neste har og haldi til i Flora. *Siur* har vori med og skrivi under på ein søknad til Kongen om skattelette for Koparverket da det la ned arbeidet 1733. Medskrivarane var *Halvor Mølnhus* og *Peder Barosen Hegset*.

Simen Uthus var gift med Beret Olsdotter Berge og hadde 2 born:

Ole, f. 1721, d. som soldat 1746. *Marit*, f. 1725 d. 1727. Kona døydde i 1725. Truleg vart *Simen* gift att og budde på Simaplassen.

Sjå stykket om Simaplassen.

Den ~fjerde av gutane til *Olle Simensen* heitte *Ole*, og det er mogleg at det var han som bygsla Uthus vestre i 1730.

Dottera, *Brynhild* vart gift i 1717 med ein innflytta gruvarbeidar, *Jørgen Brefsmed*. Seinare er han kalla rett og slett *Jørgen smed*. Dei budde på Uthus austre og hadde fleire born: *Oluf* 1717, *Mali* f. 1719, *Ingebor*, f. 1720. Eit barn, namn ikkje skrivi, er døypt 1723, *Mali*,

1727.

Da svenskane kom i 1718, skal veslebarnt til *Jørgen*, (*Oluf*) ha vorti lagt i knadetrauet og stukki opp på slinda - tverbjelken under loftsbjelkene - før soldatane storma inn i stugu.

Jørgen reiste til Vikvarvet, bygsla *Jørgarden* på Slind, som har namn etter han.

Som neste ættlekk på Uthus austre får me så eldste sonen til *Olle Simensen, Baro Olsen U. f. 1691* (?), g. 1714 m. *Ingebor Halvorsdotter*, f. 1691 (?).

Desse to, og systera *Brynhild* og svogeren og truleg fleire av syskena som enda var heime, var det som fekk ta i mot svenskane da dei kom.

Etter skadetakstprotokollen å dømme, må Karolinane» ha gjort det snauvt etter seg her og, som på dei andre gardane. Takstsummen fordeler seg slik:

Hus oppbrent, skade på gjerdesgår	
og oppbrent ved	16 - 3 - «
1 ½ tynne bygg	3 - 1 - 12
1 tynne havre	1-2-»
Havre i halmen	7-2-««~
4 lass halm	2 -« -«
12 lass høy	6-«-«
6 kyr	21 -« -«
4 ungnaut	2 -« -«
1 båt øydelagt	5-«-«
Gardsreidskap øydelagt	3-3-«
Gang- og sengklede og anna husgeråd	14 - 3 -«
Matvarer	1 - « - 12

Tala syner at gardane i Flora vart plyndra etter alle kunstens reglar av svenskane i 1718.

Det tok til å vera ganske folksamt i Flora alt da svenskane for her.

Fleire av gruvearbeidarane budde i stuguer som dei sette opp åt seg eller leigde. Einskilde fekk jordveg attåt og grunnla vanlege husmanns plassar, men dei fleste budde i gruvestuguer utan å ha noko attåt. Dei var husmenn av Verkets folk, og «såer iche», som det heiter.

Dei fleste av desse «husmennene», låg under Uthus austre. Prøvematrikkelen av 1723 fører opp 9 i talet.

Desse stuguene har truleg stått på flata nede ved elva der Uthus austre er no. Det var urydda mark der enda. Ækra mellom Uthus austre og *Tuse t* vart først rydd i 1860-åra, og da var det merke etter fleire hustuffer der.

Her litt om jordsbruket. Prøvematrikkelen gjev opp utsåden til 1 tynne bygg og 5 tynner havre, og høyavlinga til 60 lass. Dei hadde 1 hest, 6 kyr, 1 ungnaut, 4 sauer og 2 geiter.

Garden svara 10 skilling for engslætte og 12 skilling for Qvernsted. Når det gjeld lende, er garden samanlikna med Berge i Selbu. «I Soellie, kornvis, god til eng, men tungvunden». Garden kunne bli ståande for si leige så lenge «Kobberverket driver», sluttar vurderinga.

Baro Olsen Uthus, var gift med ei Ingebor Halvorsdotter, truleg dotter til Halvor Nes. Baro og Ingebor hadde desse borna:

1. *Ingebor*, f. 1716, g. m. *Erick Henningsen*, som fekk husmannsplass under garden og er omtala i stykket om Haugen.
2. *Halvor*, f. 1720, truleg d. som barn.
3. *Marit*, f. 1722, enkje i 1762, budde da hos broren *Ole*.
4. *Ole*, f. 1726, bygsla garden etter faren.
5. *Magli*, f. 1729, ugift, d. 1763.
6. *Halvor*, f. 1735, g. og budde i Flora.

I 1762 var Uthus austre delt i to bruk, slik det går fram av manntalet ein har over Flora frå den tid.

Eldste son til *Baro Olsen* hadde teki over eine halvparten og bygd ny gard åt seg nede på flata der Uthus austre, eller Skogan står. Faren budde i det gamle tunet og dreiv halvparten av garden saman med sonen *Halvor* som var nyleg gift.

Halvor var gift med ei *Brynhild Olsdotter* og hadde 7 born:

1. *Ingebor*, f. 1762, d. året etter.
2. *Baroe*, f. og d. 1765.
3. *Marit*, f. og d. 1766.
4. *Marit*, f. 1768.
5. *Baro*, f. 1771.
6. *Ole*, f. 1775.
7. *Kirsten*, f. 1778.

I restanselista over Extraskatten 1762-67 er faren, *Baroe Udhuus* ført for sin part av garden med ein utlikna skatt på 9 rd. 14 skilling. Husmannen *Erich* og k. med 1 rd. 48 sk., og *Halvor* med 6 rd. 6 skilling. Sist kjem *Ole Barosen* med ein skatt på 16 rd. 20 skilling som svarar nokså nøye til det faren, svogeren og broren skulle betale. Både *Ole* og *Halvor* er titla som husmenn. Alle fire er erklært ikkje i stand til å betale.

Erich Henningsen er ført som husmann under Uthus austre, kvar plassen var, veit me ikkje, men det må ha vori plassen Haugen.

Kona til *Erich Henningsen* heitte *Ingebor Barosdatter*, truleg dotter til *Baro Olsen Uthus*, som før fortalt.

Erich og *Ingebol'* hadde 6 born:

1. *Henning*, f. 1740, gift og budde hos foreldra, truleg.
2. *Ingebor*, f. 1743, d. 1746.
3. *Dordi*, f. 1745, d. 1768, 23 år gammal.
4. *Ingebor*, f. 1747, d. 1749.
5. *Ingebor*, f. 1750, g. 1784 med *Jens Estensen Nettet*, (Sørflakne).
6. *Baro*, f. 1753. Han var truleg same person som *Baro Erichsen Stormoen* som vart gift i 1788 med gardbr.datter *Ingebor Micheldtr. Veive*. Forlovarar var *Thomas Biørnsen Effen* og *Hans Larsen Baardsgaard*.

Baro Erichen omkom «<blev ihjelslagen paa gruben ved et vaadeskud, 1791, 38 år gammel».

Dordie Erichsdatter døydde i 1768 etter åha fått tvillingar, som og døydde, slik det går fram av kyrkjeboka: «*Dorethe Erichsd. Udhuus*, 23 aar, og hendes 2de sønner, *Peder* og *Erich* 4 ug: gl:»

Bestefaren, *Erich Henningsen U.* døydde same år, 56 år. Bestemora, *Ingebor Barosdotter* døydde i 1796, 82 år gammal, «En Lægds Qvinde fra Frolen».

Eldste son, *Henning Erichen* var gift med ei *Marit Pedersdatter* og hadde 5 born:

1. *Erich*, f. 1762
2. *Mali*, f. 1765.
3. *Dorthe*, f. 1768.
4. *Peder*, f. 1771.
5. *Baro*, f. 1776.

Alle desse borna er ført i kyrkjeboka med *Uthus* som etternamn, men huslyden har flytta frå *Uthus* kring 1790, og i folketeljinga for 1801 sit *Henning Erichsen* som husmann på *Hegset*, 62 år gammal med sin son, *Baro Henningsen*, 25 år. Kona heiter *Marit Eriksdtr.*, 66 år gammal. Det er hans første, og hennes annet ekteskap, men det må vera feilskriving for det omvendte.

Kvar det vart av dei andre i huslyden, veit ein ikkje.

Baro Olsen Uthus døydde i 1765, 86 år gammal, og kona *Ingeborg Halvorsdatter* døydde to år seinare, 76 år gammal.

Om huslyden til *Halvor* er det fortalt ovanfor. Han vart verande på *Uthus* etter foreldra døydde og, i ti år omlag. Men i 1778, da siste barnet deira vart døypt, har han skifta bustad. Både barn og foreldre er

ført med Hegset til ettermamn, så da har han truleg flytta inn i ei gruvstugu på Hegset. Sjølv har han sikkert hatt arbeid på gruva.

Halvor døydde i 1783, berre 48 år gammal, og det er det siste ein har funni om hans huslyd.

Den eldre broren satt no med heile garden etter at den hadde vori delt i 20-30 år. Husa på den gamle garden var truleg forfalne og vart ikkje retta opp. Namnet gjekk og or bruk for Skogan som den nye garden hadde vorti kalla. Namnet viser og at det var urydd mark der garden vart bygd. Lia ovafor Uthus austre er og rydda i seinare tid enn lia vestafor.

Ole Ba-rosen Uthus, f. 1726 vart gift i 1750 med ei *Siri Apsalonsdotter*. Kvar ho var frå er ukjent.

Dei hadde 7 born:

1. *Baro*, f. 1751 d. 1755.
2. *Ingebor*, f. 1752, g. 1775 m. *Ole Olsen Tuset* austre.
3. *Ole*, f. 1754, bygsla garden etter faren.
4. *Absalon* (1756-1803) g. 1781 m. *Ingebor Eriksdotter Rønsberg*, dreiv heimgarden til kona.
5. *Baro*, f. 1757, bygsla plassen *Haugen* under Uthus austre.
6. *John*, f. 1757, veit ikkje meir om han.
7. *Siur*, f. 1761, g. 1799 m. *Berthe Siursdotter Uthus*, bygsla «Hågånn», plass under Uthus vestre.

Inger (1763-1788) fall frå i den store sotta som gjekk over bygda.

Siri Apsalonsdotter døydde truleg alt om sommaren 1775, *Ole Barosen* vart 70 år gammal og døydde i 1796.

Etter dei strenge reglane for attkalling, skulle ein no ha venta ein *Baro* på garden, men odelsguten har falli ifrå, som me ser, og nesteldste rykte opp.

Ole Olsen Uthus (Skogan) vart gift 1776 med ei *Malene Olsdatter*.

Ho skal ha vori frå *Evjen* i *Selbu*.

Dei fekk 6 born, og alle var gutar:

1. *Ole*, f. 1777, g. 1800 m. *Ingebor Ingebrigtsdtr. Evjen*.
2. *Ole*, f. 1780, g. 1804 m. *Gjertrud Estensdtr. Evjen*.
3. *Baro*, f. 1785, g. 1809 m. *Ingeborg Ingebrigtsdtr. Sesseng* (Bruråk), bureis-te plassen *Myra* under Uthus austre.
4. *Jon*, f. 1790, tok over garden.

5. *Severin*, f. 1793, g. 1817 m. *Gunhild Olsd. Bakken* i Flora, bygsla heimgarden til kona.
6. *Simen*, f. 1797, d.1799.

Alle var heime enda ved folketeljinga i 1801. Den eldste av gutane som alt var gift er ført med eigen huslyd, men var i fellesskap med husbonden. Han er kalla Færgemand. Nesteldste er kalla skyss-skaffar. Skyss-skifte var på Skogan.

Ole Olsen og *Ingebor Ingebrigtsdtr.* flytta heimanfrå truleg i 1805 og bygsla Kjøsnesneset som var plass under Nordpå. Dei hadde 6 born, mellom *anna Ole*, f. 1801, g. og hadde fl. born.

Den nesteldste av sønene på Uthus austre bygsla Nordigarden Evjegerdet og flytta dit kring 1812. Han og kona, *Gjertrud Estensdtr.* hadde 4 born: *Malene*, f. 1805, g. m. *Sjur Mikkelsen Veive*. *Ole* f. 1807, g. m. *Marit Eriksdtr. Evjen*. Bygsla plass på Evjemoane, Midtimoen, var namngjeten handsagar. *Ingeborg*, f. 1810 g. m. *Haldo Olsen Rønsberg*, Slågå. *Gjertrud*, g. m. *Jon Trondset*, Merradalen, 1 barn, oppattgift m. enkjemann *Ole Trondset*.

Det var som nemnt både skyss-skifte og ferjestad på Skogan. Det var ikkje vognveg oppover dalen enda. Den vart bygd seinare, 'kring 1830 og vart lagt over myrane til Hilmo, der kløvvegen og hadde gått. I Flora vart det ferjestad som før. Elva var nok for brei her for bru-bygging. Kløvvegen hadde gått over Stortrøa til Flaknan og der kom vognvegen og. På Uthus vestre hadde kløvvegen gått gjennom garden som på Flaknan, no vart den lagt ned på flata. Før gjekk vegen oppi liene og ned ved Skogan der ferjestaden var. Var elva lita brukte dei vadestader. Eit av dei, Langvaet, gjekk frå Melan til Flaknan og var kring 1000 meter langt. Men her var grunn og fin elvøyr, og så slapp dei bakkane over Stortrøa ved å nytte dette vadet. Kring 1850 vart det bygd køyrveg gjennom Kubjørga og rostaden ved Skogan vart da nedlagt, men skyssskiftet, og seinare skyssstasjonen, vart på Skogan heilt til 1891, han vart flytta til Hegset.

Sjølmannen på Skogan, *Ole Olsen Uthus*, døydde i 1810,56 år gammal. Det var da att berre tre av den store huslyden: enkja, *Malene Olsdotter* som no vart standande for styret, og dei to yngste sønene. *Severin* var gift i 1817, men det var ikkje likt til at *Jon* brydde seg om nokon make, og det er fortalt at *Malene* la på seg dette, sukka og sa: «Berre guji det villa lågå seg slik at'n *Jo* og kunn kåmmå attåt fælkji.» Og det laga seg slik. *Jon* vart gift så *Malene* kunne ha fred for det, men ho vart likevel sitjande med garden førebels.

Dei to Uthusgardane låg framleis i teigbytte, men om våren 1824 kravde *Malene Olsdotter* på vegne av Hospitalsstiftelsen utskiftning. Denne vart avheimla av forlikskommisjonen i Selbu. All innmark og den næraste utmarka vart utskifta, medan utmarka lenger unna som gardane hadde i fellesskap med Tuset-gardane, vart haldi utanfor. *Malene* møtte med *Gunder O. Rolset* som laverje.

Malene d. i 1827, 72 år gammal.

Jon Olsen Uthus, vart gift 1819 med Ingeborg Barosdr. Hegset,

1795. *Ingeborg* kom med 5 kyr i heimanfølgje.

Det hadde no vorti høve til å kjøpe benefisert jord etter ny lov om slikt gods av 20. august 1821, og i 1824 gjekk Uthus over til sjølveigargard og 15/5 1825 fekk *Jon Olsen Uthus* kongeskjøte på garden. Dokumentet viser mellom anna at kjøparen skulle betala 800 spd. for garden, samt svara jordavgift og kamrente med 5 tynner, 2 skjeeper og 2 $\frac{4}{9}$ fjerdingkar sædebygg årleg.

Kornrenta kom til frådrag i kjøpesummen, i dette tilfelle med 13 av denne. *Jon Olsen* fekk derfor avgjort handelen ved å ste ut ein panteobligasjon til Trondheim Hospital på 533 13 spd. *Torsten Arntsen Lilleevjen* kausjonerte for låntakaren.

Jon Olsen Uthus og *Ingeborg Barosdr.* hadde 5 born:


1. *Magdalena*, f. og d. 1820.
2. *Malena*, f. 1821, g. m. *Sivert Nervik*, Tomashaugen, Vikvarvet.
3. *Ole*, f. 1824, gift og budde heime.
4. *Baro*, f. 1826, fekk arvefeste på plassen Haugen.
5. *Beret*, f. 1830, g. 1853 m. *Ole Severinsen Bakken*, på Bakkhaugen.

Ei halv søster: *Ingeborg*, f. 1815, dotter til *John* og *Kirsten Tomasdr.*, vaks opp på Skogan og vart gift til ein plass Solhaug under Sæter i Vikvarvet.

Eldste son til *Jon Olsen*, *Ole Jonsen Uthus* vart gift 1844 med *Marit Jonsdr. Mebust*, og hadde 4 born. Gamlefolka satt framleis med garden, og dei unge var i hushald med dei.

I 1855 døydde *Ole Jonsen* av ein svulst på pulsåra, står det. Det var ikkje lett å ta farvel med borna for den 31 år gamle faren. «Ser du borna mine på allfare vegar, (med tiggargstaven) så må du hjelpe dem», sa han til morbroren som vitja han.

Jon Olsen fekk det no andsamnt med å ordne eigedomstilhøva på garden. Samme året som *Ole* døydde, utstedde han arvefeste på plassane



Peder P. Punde.



John P. Uthus, Punde

Haugen og Myra til nesteldste sonen, *Baro Johnsen*. Året etter selde han ein skogstrekning på søre side Nea til *Thoning Ovesen* på Leren i Strinda for 390 spd. Skogstrekningen vart skyldsett 1856 og fekk pålagt 23 skilling i skyld, og fekk laupenummer 141 b. Skjøtet var utstedd samme år.

Denne skogstrekning vart seinare, i 1895 saman med Hilmagardane og fleire skogstrekningar i dalføret som *Ovesen* hadde ått, seld til *T. h. Angells stiftelser* for 250 000 kroner.

Om våren 1857 den 21. juli overlet *Jon Olsen* resten av garden til *John Pedersen Punde* som i mellomtida hadde vorti gift med svigerdotra, *Marit Johnsdatter*. Kjøpesummen vart sett til

400 spdlr. og kår til seljar og kona. Kjøpesummen vart avgjort ved at kjøparen tok over to pantelån som kvilte på garden. Det eine til Opplysningsvesenets fond på 300 spdlr. og det andre til ne nødlidendes legat i Selbu på 100 spdlr.

John Olsen Uthus døydde i 1864, 73 år gammal. Kona, *Ingeborg Barosdotter*, vart 80 år gammal. Ho døydde i 1875.

John Pedersen Punde vart g. 1857 m. enkje Marit Johnsdotter Uthus,

Mebost. Dei fekk 3 born. Med dei 4 frå hennar første ekteskap vart det 7:

2. *John Olsen*, f. 1846, g. 1868 m. *Anne Didriksdtr. Hegset*, flytta til Hegset øvre.

2. *Ingeborg Olsd.*, f. 1848, g. 1872 m. *Petter Pettersen Nes (Melan)*, bygsla pl. Bakken under Uthus austre.
3. *John Ols.*, f. 1850, g. 1885 m. *Brynhild Johnsdtr. Flakne*, bygsla pl. Klevan under Flaknan.
4. *Beret Olsd.*, f. 1853, g. 1894 m. *Bernt Paulsen Stamnes*, hadde ein son, *Ole Skogan*, f. 1880 som tok over småbruket til stefaren.
5. *Ole Johnsen*, f. 1858, tok over garden.
6. *Marit Johnsd.*, f. 1861, g. 1885 m. *Peder J. Tuset*, kjøpte gard Meråker.
7. *Peder*, f. 1863, var ein tur til Amerika, d. 1891.

Det vart soleis ein stor barneflokk til *John* og *Marit*. Dei var 10 personar i huslyden ved manntalet i 1865, og meir skulle det bli da eldste son nokre år seinare gifte seg og flytta kona heim.

I 1875 var soleis huslyden auka til 12 personar. Alle gjekk til same bord, og om alle borna står det at dei hjelper foreldrene.


Manntalet fortel og litt om næringsgrunnlaget. Dei hadde 2 hestar, 1 køyrøkse, 12 kyr, 7 ungnaut, 17 sauer, 20 geiter og 1 gris, og dei sådde 3 t. korn og sette 5 tynner potet.

John Pedersen, som no skreiv seg for Uthus, måtte som sin føremann på garden gå til salg av skog. I 1874, under høgkonjunkturen etter den tysk-franske krig, selde *John* saman med fleire andre all skog på Gardalen til dei svenske herrane *Gustaf Eriksen* og *E. Hedmann* til uthogst. Dei dreiv og kjøpte skog i dalføret og hadde store tømmerdrifter.

Same året selde *John P. Uthus* «Åsskoven» som parsellen vart kalla, til *Th. Angeils stiftelser* for 700 spd. Stykket som ligg på søre side Nea, omfattar resten av skogen som hørde garden til her. Skogstykket vart skyldsett i 1882 og fekk tillagt ei skyld på 10 ort 12 skilling. Seljaren heldt unna eigedoms- og bruksrett til setrar og slåttland.

Kona til *John*, *Marit Johnsd. Uthus*, døydde i 1881, 59 år gammal.

I 1889 overlet *John P. Uthus* garden til sin eldste son, *Ole Johnsen Skogan*, som han skreiv seg for. Han var heime, var gift og hadde fl. born, (1g var no den einaste som var heime av sønene etter *Marit*). Dei to *Johanne* hadde flytta heimafrå, og *Peder* hadde fari til Amerika. Kjøpesummen var sett til 900 kroner og kår til *John Pedersen* og kona. *John P. Uthus* hadde vorti gift att og hadde 3 born i det nye ekteskapet da han overlet garden.



Frå tunet på Skogan 1885, fjøset og buret, etter teikning.

Mest ingen stad i Flora hadde kvernsteinsindustrien vori drivi så intenst som på Skogan. Ingen hadde vori så uthaldande som *John P. Uthus*, som arbeidde i kvernfjellet om vintrane heile si tid. Han dreiv kvernfjellet etter han vart kårmann og. Dei siste lagsmennene hans var Tusetkarane, (Tuset austre) og *Ole J. Falkne*. Ved hundreårsskiftet slutta dei fleste med kvernsteinsbrytinga. Lagsmennene til *John* fall og frå, og like etter hundreårsskiftet var *John* att for seg sjølv med ein av dei yngste sønene i kvernfjellet. Men no laga det seg med lott-karar

att. *Ole J. Flakne* og seinare *John J. Lillestokke* gav seg med, og desse karane heldt det ganginge heilt til 1910) og var siste arbeidslaget i kvern fjellet i Flora.

Ole Johnsen Skogan vart g. 1885 m. Marit Paulsd. Berge (Einan),

1863. Dei hadde 8 born:

Beret, f. og d. 1885, *John*, f. 1887, d. 1901, *Paul* f. 1889, *Marit*, 1892, *Ole* f. 1894, *Brynhild*, f. 1897, *Peder*, f. 1900 og *Johanna*, 1902.

Skyss-stasjonen var framleis på garden og *Ole Johnsen Skogan* som han skreiv seg for, hadde spreke hestar, men stasjonen var på åremål og vart bortsett etter anbud, og i 1891 vart stasjonen flytta til Hegset. *Ola* hadde mange jarn i elden. Han hadde ikkje skog sjølv, men tok på seg skogsbruk og anna akkordarbeid i bygdene og skaffa arbeid til mange. Han var ein god flåtelos, den beste i dalføret vart det sagt, og han tok på seg flåteloinga åt bøndene på Aune i Tydal. Dei hadde rådd seg med sirkelsag og saga plankar som dei køyrde til Gresslifassen. Til dette arbeidet leigde *Ola* hjelp, og her var flinke losar. *Gunder Bjerken* var vel den som kom *Ola* nærast som flåtelos.

Største akkordane hadde *Ola* på Killingdalen da taubanen vart bygd, og i Meråker der han hadde mest halve grenda med på handsaging og øksing av slipers.

Men det ville vera nøye reknskap til med å få slikt til å gå, og siste året gjekk det ille. *Ola* kom opp i stor gjeld. I 1901 vart han slegen konkurs og i 1903 vart garden seld.

Ola og *Marit* flytta da frå Flora, pakta og seinare kjøpte gard i Skjølstadmarka i Hegra. *Paul* vart gift og tok over ein av nabogardane. Og *Ole* tok over garden etter foreldra.

John P. Uthus vart gift for andre gong i 1882 m. *Beret Eliasd. Mebust*, f. 1846.

Dei hadde 4 born:

1. *Marit*, f. 1884, g. 1906 m. *Kristen Larsen Uglem*.
2. *Elia's*, f. 1887.
3. *John*, f. 1889.
4. *Brynhild*, f. 1891, d. 1919 i spanskesjuka.

På auksjonen i 1903 kjøpte *John P. Uthus* att garden for 1300 kroner og sette inn sønene *Elias* og *John Johnssøner* som eigarar, 16 og 14 år gamle.



Mote om skogsdrift på Skogan.

1. rad frå venstre: Ola J. Skogan, John O.Hegset, ovre, John S.Tuset og Sakarias Uthus (mannen foran er ukjent). No. 2, 5 og 6 i andre rad: John Næssmo, John Næss og Peder Tuset. Bak gutane: John P. Uthus, Per Hegset-Brauten, Johan og Gunder Bjerken og ein ukjent. No. 1, 3 og 5 i neste rad: Ole T. Tuset, Johannes Uthus og Peder E. Flakne.

Og no var det å ta til på nytt att med jordsbruket, men kvernarbei-

det gav han ikkje opp, har me sett.

John P. Uthus d. i 1913,81 år gammal. *Beret Elias* d. i 1928,82 år.

Elias og *John Johnssøner*, som skreiv seg for Skogan, dreiv garden i lag til 1933. Da vart parsellane «Skogås» og «Skogan øvre» skilt ut og overteki av *John Skogan*. «Skogan øvre» vart no utlagt til bureisingsfelt og *John* bygde ny gard åt seg der.

Elias tok over hovudbruket.

Elias J.Skogan vart g. 1920 m. *Ingeborg Pedersd. Aune*, f. 1888. Dei hadde 4 born:

1. *John*, f. 1920, har teki over garden.
2. *Anlaug*, f. 1923, g. 1946 m. *Bjarne Sørflakne*, bilverkstad i Mebonden. Born: *Jarle, Eugen, Ingebjørg* og *Sigrid*.
3. *Borghild*, f. 1927, g. 1955 m. *Tolger Tuset*, Trondheim, born: *Ingrid* og *Terje*.
4. *Peder*, f. 1929, seljar for maskinfirma i Trondheim, g. 1962 m. *Turid Oddrun Guttvik, Jøssund*, born: *Per Terje* og *Else Iren*.

Elias Skogan restaurerte stugu og sette opp ny låve. I 1945 da det vart oppretta telefonsentral i Flora, tok han den, og den har vori på Skogan sidan. I 1947 vart garden overdregen til eldste son, *Jon E. Skogan*.

Elias Skogan d. 1947, 60 år gl.

John E. Skogan vart g. 1953 m. Borgny Nilsen, Trondheim. Dei har 2 born: *Eli* og *Hilde*.

John E. Skogan bur i Trondheim, arbeider som mekanikar på maskinverkstad. Gardsbruket er omlagt til sauhald og kornavl.

Mora, *Ingeborg Pedersd. Skogan* bur heime. Ho var på setra i mange somrar på Gardalen, og var den siste som setra der. 1960 var siste sommaren. Med markaforinga vart det slutt i midten av 50-åra.

SKOGAN ØVRE **G. nr. 111, br. nr. 6.**

Skogan øvre ligg oppå Skogliene. Garden, som er bureisingsbruk vart utskild frå Uthus austre i 1933 som fortalt før. Noko av jorda var dyrka. Parsellen, som fekk ei skyld på 1,80 mark, vart overtatt av *John J. Skogan*.

John J. Skogan, f. 1889 vart g. 1924 m. *Ane Tomasd. Hegset*, Solbakken, f. 1888.


Dei har 3 born:

1. *John Birger*, f. 1924, landbrukssk., er heime.
2. *Bjarne Teodor*, f. 1927, ingeniør, Norsk Hydro, Porsgrunn, g. 1965 m. *Irene Kaspersen*, Vevelstad, 2 born: *Joar* og *Rune*.
3. *Johan Alfred*, f. 1930, sivilagronom, distrikts'sjef i Statens kornforretning, Tønsberg, g. 1957 m. *Hildur Johanne Leren*, Lånke, 2 born: *Jon Olav* og *Kjell Arne*.

John Birger Skogan vart g. 1958 m. *Jenny Haugen*, Stemshaug, Nordmøre, f. 1924.

Born: *Anne Audhild*, f. 1959, *Jorun Kristine*, f. 1961, *Berit Johanne*,

1966.



Skogan øvre.

HAUGEN

G. nr. 111, br. nr. 9.

Haugen ligg ved almannavegen vest for Uthus. Bruket som er på 17 mål vart bygsla som arvefeste i 1855, av ættfaren til dei som no bur der. Men plassen er eldre. Ja, Haugen har eigentleg vori to plassar: Haugen og Myra. Av dei var Haugen den eldste og tunet stod der garden er no. Myra vart bygsla seinare og husa på den plassen stod lenger vest.

Under manntalet i 1801 var det berre ein plass enda. Bygselmannen heitte *Baro Olsen* og var frå Uthus austre, eller Skogan. Men det har utan tvil budd folk der før *Baro* si tid og.

I omtalen av Uthus austre er nemnt ein husmann under garden som heitte *Erich Henningsen*. Kona hans var frå Uthus, og dei hadde plass under garden i 1762 og er ført i manntalet ein har frå den tid. Dei hadde fleire born, og sonen, *Henning Eriksen* budde på plassen til fram mot 1790. Faren var død for fleire år attende. Mora, *Ingeborg Barosd.* levde ,enda men fall frå i 1796, 62 år gl., «Ho var da på legd.» som viser at ho har mått gje opp plassen.

Nett ved denne tid kom *Baro Olsen* til Haugen. Han var og frå Uthus som kona ta husmannen frå 1762.

Baro Olsen var f. 1757 og g. 1795 m. *Mette Hansd. As.* Dei hadde 2 jenter, b   heitte *Sigr  d*, og b   d  ydde for dei. I 1800 d  ydde mora, *Mette Hansd.* berre 39   r gammal.

I 1819 vart «Enkemand *Baroe Olsen Udhuus* i Frolen» gift att m.

Brynhild Didriksd. Bakken, f. 1760. Dei hadde ikkje born.

Baro Olsen d. i 1831 og *Brynhild Didriksd.* i 1838.

Da var plassen *Myra* bureist av ein annan *Baro Olsen* fr   *Skogan*, og no, *Haugen* vart ledig, kom enda ein *Baro*, rett nok *Baro Johnsen*, men fr   same gard, og til same plass.

Baro Johnsen, som var son til *John O. Uthus*, fekk arvefeste b  de p   *Haugen* og *Myra* i 1855. *Haugen* tok han over to   r seinare da faren gav fr   seg garden. *Myra* skulle han ta over n  r plassen vart ledig. *Ingeborg Ingebrigtsdotter*, enkja etter *Baro Myr'n*, som hadde rett til plassen, d  ydde i 1867, men hadde gjevi opp plassen for fleire   r sidan da, og var i forpleining hos *Baro Johnsen*.

Baro Johnsen, f. 1826 vart g. 1852 m. *Brynhild Olsd. Flakne*, f. 1827.

Dei hadde 7 born:

1. *Ingeborg*, f. 1852, g. m. *Ole O. Moslet*, bureiste plassen *Stortr  a, Flaknan*.
2. *John*, f. 1855, tok over plassen.
3. *Ingeborg*, L 1857, g. 1904 m. enkjemann *Ole Haldosen Voldset*, *Selbu*.
4. *Beret*, f. 1859, g. 1883 m. *Kristen J. Evjetr  a*, reiste til *Madison, Minn.* 3 born: *Karen Bertine, Joseph Bernhard, Cora Belinda*.
5. *Brynhild*, f. 1862, g. 1886 m. *Bersvend Olsen Mog  rd (Bever Olsen)*, reiste til *Minn.*, 1 son, *Oscar*.
6. *Ole*, f. 1864, g. 1900 m. *Serine Olsd. Bakken*, bureiste pl. *  vermo, Neset*.
7. *Mali*, f. 1869, g. 1893 m. *Arnt O. Tuset*, kj  pte stugu p   *Stortr  a. Ole Gundersen Uthus*, f. 1880, son til *Ingeborg* d.y. voks opp p   *Haugen*, flytta til *Voldset*, kj  pte garden av stefaren, g. m. *Marie Kvelloaune*, born: *Even, Magna og Bjarne*.

I 1865 var dei 9 personar i huslyden p   *Haugen*. Att  t sj  lvfolka og borna budde da *Ingeborg Ingebrigtsdotter*, *Myrabesta* dei kalla hos dei.

Levem  ten var 3 naut, og 5 sauer og eit   kerland p   3/4 tynne korn og 2 tynner potet i uts  d. Det var   ker p   heile stykket mellom gam-

malvegen og nyvegen og ein åker oppå jordet, og desse vart brukte heile tida så lenge *John Haugen* dreiv plassen også. Her var nok det gamle åkerbruket i bruk lengst i Flora. Det var ikkje anna skifte enn mellom potet og korn, og berre på stykket neda vege.

Husa var gamle, kanskje frå bureisaren si tid. Stugu hadde jamvel sjåvindu på eit rom, kammerset. Ellest var stugu som vanleg med gang, rettstugu og kammers, og loft med vindu på endeveggen. Det var loftsluke inne i stugu, og stigen stod ved sengenden.

Med så stor ein barn hop som *Baro* og *Brynhild* hadde, vart det sjølsagt både slitsomt og trøngt mang ein gong, men dei streva så godt dei kunne, og teljinga i 1875 viser at både krøterhald og avling hadde auka: 4 naut og 16 småfe og 3 t. potet i utsåd.

Baro Johnsen Uthus d. i 1900, 74 år gammal. *Brynhild Olsdotter* vart 97 år. Ho døydde i 1924.

Brynhild var ei lita men kraftig kvinne. Ho var fast fødselshjelp, «løsmo» i bygda og hadde nok teki mot dei fleste i grenda da ho døydde.



Brynhild og Baro J. Uthus.

John Barosen Uthus vart g. 1887 m. *Gunhild Nilsd. Tuset*, f. 1855. Det var 4 born:

1. *Nils*, f. 1885, dreivanleggsarb., kjøpte Havdal i Lånke, g. m. *Anne Løvås*, Langstein, born: *John, Gustav, Magnar, Mali, Olav, Norun, Nils* og *Egil*.
2. *Brynhild*, f. 1888, g. m. *Ole O. Hegset*, tok over plassen.
3. *Ane*, f. 1890, g. 1915 i Amerika m. *Ole O. Rolset*, Libby Mont., 7 born: *Odin, Hilda, Gladys, Borghild, Jenny, Albert, Thelma*. Alle gift.
4. *Bardo*. f. 1893. d. 1919.

John Barosen var ein hendt og iherdig arbeidskar med god innsikt.

Han var tømrrar, og sette opp både ny stugu og nytt fjøs heime, fjø-

set etter at *Bardo* vart vaksen. *John* var jeger og skaut mange storfuglar. *Han* var *spelemann*, *spela fele* i over 40 *brøllopp* i *Flora*.

John Barosen d. i 1933. *Kona, Gunhild Nilsdotter* d. i 1911, 56 år.

Ole. O. Hegset, f. 1879 vart g. 1921 m. *Brynhild J. Uthus*. Dei hadde 3 born:

1. *Gudrun*, f. 1922, g. 1955 m. *Edvin Bråttvik*, Tingvoll, eige hus på Sundalsøra, born: *Inger Bodil, Tor Olav*.
2. *John*, f. 1925, har teki over bruket.
3. *Borghild*, f. 1933, g. m. vegvaktar *Einar Uthus*, villa i *Flora*.

Alle borna tok namn etter heimgarden og skreiv seg for *Haugen*.

Faren, *Ola Haugen*, som han vart kalla til kvardags, var frå *HegsetBrautan*, son til *Ole P.* og *Brynhild O_ Hegset*. Han var i *Amerika* ei tid, i *Libby, Mont.*

Ole O. Hegset, d. i 1944, 65 år gl.

I 1953 kjøpte *Brynhild Johnsdotter* plassen som fekk namnet *Haugen* og bruksnr. 9. I 1962 overlet ho bruket til sonen *John Haugen*.

MYRA Nedl. plass

Myra eller *Myra-plassen* låg like vest for *Haugen*. *Jordvegen* er lagt til dette bruket. Namnet kjem av at det er *myr* der plassen var.

Plassen vart bygsla kring 1810 av *Baro Olsen Uthus* frå *Uthus austre*.

Baro Olsen, f. 1785 vart g. 1809 m. *Ingeborg Ingebrigtsdotter Sesseng Brurok*, dotter til *klokkar Brurok, Selbu*, f. 1786.

Dei hadde 3 born: *Sigrid, Ingebrigt* og *Guri*.

1. *Sigrid*, f. 1810 vart g. 1832 m. *Ole Tomassen Grøtem*, vart enkje og g. att i 1835 m. *John Johnsen Lien*. I første ekteskap ei dotter, *Marit*, d. som barn. *John* og *Sigrid* hadde 5 born: *Sofie*, g. m. *Halvor Berge* på *Hoem*, *John* tok over garden, *Ole* og *Ingeborg* d. som born og *Ingeborg*, f. 1851, g. m. *John Bjørnsen Berge*.
2. *Ingebrigt*, f. 1818, budde heime.

1. *Guri*, f. 1821, g. m. *Ole Johnsen Rønsberg*, (frå ein plass under Rønsberg) kjøpte Krogstad vestre som dei dreiv til 1864 og tok namn etter, - budde sidan på Segjendet, hadde 6 born: *John*, g. m. *Guri Hammer*, reiste til Amerika, - *Baro*, f. 1859, reiste til Hammerdal i Jemtland, g. og har slekt etter seg. *Sigrid*, d. i Amerika 1882, - *Ingebrigt*, f. 1855, handelsmann, først på Os, sidan (frå 1898) i Trondheim, fisk og kolonial, - *Ingeborg*, f. 1860 og *Sigrid*, f. 1867, tok til med handelsforretning på Hyttbakken, «Søstrene Krogstad».

Ingebrigt Barosen Uthus vart g. 1843 m. *Brynhild Haldorsdotter Slinden*. Dei hadde 5 born:

2. *Ingeborg*, f. 1844, voks opp på Hegset, g. m. *Anders Kvelloaunet*.
3. *Brynhild*, f. og d. 1845.
4. *Brynhild*, f. 1847, voks opp i Vikvarvet, g. m. *Ole Andersen Uglem*.
5. *Baro*, f. 1859, voks opp på Flønes, g. m. *Gjertrud Pedersd. Af tret*.
6. *Haldo*, f. 1852, voks opp i Vikvarvet, g. m. *Johanna Voldset*.

Som ein alt vil ha skjøna, så vart desse borna foreldreause. Båe foreldra døydde, og det så nære innpå kvarandre at dei vart ført samtidig, ei sørgjeleg hending som folk snakka om lenge etter.

Brynhild vart sjuk og liggjande etter ho fekk siste barnet, og alle såg at det kom til å gå berre ein veg. Dette gjekk så hardt innpå *Ingebrigt* at han vart sjuk han og. Han vart «styrenn», så det laut karmakt til å halde han i senga. Hjarta hans hadde sprungi av sorg, meinte folk.

Ingebrigt og *Brynhild Uthus* d. i 1853.

Bestefaren, *Baro Olsen Uthus* d. to år etter, 70 år gammal. Kona, *Ingeborg Ingebrigtsdotter* vart 81 år. Ho d. i 1867.

Ho gav opp plassen og kom i forpleining hos mannen på Haugen som overtok jorda.

«Myrabesta», som dei kalla henne, skulle vera flink til å arbeide og ha godt handlag. Ho grøypte 12 merker ull for dagen på storkardar, er det fortalt.

Ho hadde eit lyst sinn og var visst aldri bitter enda ho som andre kunne få nei i neven. «Det er ingen ting mindre det er godt for noko,» sa ho når ho kom heimatt tomhendes. «Når ein ikkje har fått noko, er ein ikkje skuldig noko heller.» Ho kom på legd og døydde nede i hovudbygda.

BAKKEN
G. nr. 111, br. nr. 7.

Bakken ligg oppfor Haugen. Bruket va'rt bureist som h.m.plass først på 1870-åra av *Petter Pettersen Næs*. Han hadde kona si frå Uthus austre og fekk jord til plass åt seg mellom bekkene her, 15-16 mål. Kontrakten er skriven i 1876, men *Petter* hadde bygd hus og flytta inn alt i 1875, og skreiv seg for Uthus da manntalet vart haldi. Det var smått med buskapen enda, berre 2 sauer, men *Petter* hadde rudd åkerland til ½ tynne korn og 3 tynner potet.

Petter Pettersen var f. 1843 og g. 1872 m. Ingeborg Olsd. Uthus,

1848.

Dei hadde 8 born:

1. *Peder Olaf*, f. 1872, ein tur til Amerika, var sidan i Mostamarka, og vart gift m. Gunhild-Marta Venn. Dei bureiste småbruket Molund som dei tok namn etter. Dei hadde 12 born: *Oskar, Ida, Alma, Ilmar, Karen Margit, Peder, John, Gunda, Arnold, Sigvart og Kåre*.
2. *John*, f. 1874, tok over plassen.
3. *Kari*, f. 1876, g. 1908 m. *Johannes T. Tuset*, flytta til Skogn, 1 son, *Torstein*.
4. *Ole*, f. 1878, g. 1916 m. *Ragnhild G. Haugan*, kjøpte småbruket Sandmo.
5. *Marit*, f. 1880, reiste til Amerika i 1906, g., fl. born.
6. *Imil*, f. 1883, omkom ved ulykkestilfelle på gruva 1903.
7. *John*, f. 1886, g. 1909 m. *Ingeborg O. Flakne*, kjøpte Gullbrekken i Hilma og tok dette namnet, 4 søner: *Petter, Ole, Ivar og John*.
8. *Serine*, f. 1889, g. 1912 m. *John Knutsen o rås*, reiste til Libby, Mont. 3 søner: *Karl, Palmer og Melvin*.

Petter Bakken, som han vart kalla i dagleg tale, var stuttvokst, men velbygd og kraftig, var munter til sinns og hadde eit ubryteleg mot. Kona var og kraftig, men vart ikkje gammal, berre 44 år, så *Petter* vart tidleg åleine med barneflokken, og det galdt om å nytte alle høve for å få tak i skillingen, og folk var ikkje nøye på umaken i den tida. Ein av sønene har fortalt at han var med far sin og braut ut Ijåheinar i Hilmalia ein vår. Dei bar heinene i striesekker til Næsssetra. Derifrå kløvja faren heinene over fjellet til Nord-aune, lånte vogn, kørde til Eidet i Alen og selde dei der.

Petter hadde hest mest heile tida, og dreiv mykje med køyring.

Petter Pettersen Uthus d. i 1934, 91 år gammal. *Ingeborg Olsdotter* i 1892.

John Pettersen Uthus, f. 1874 vart g. 1907 m. Ane Pedersd. Sørflakne, f. 1881. Dei hadde 7 born:

1. *Petter*, f. 1907, reiste til Libby, Mont., g. m. *Sylvia Lauden*, Kalispell og har 2 jenter: *Judy* og *Linda Ruth*.
2. *Petra*, f. 1908, g. 1931 m. Ole Megård, Hegra, born: *Jalhn*, *Gunnar*, *Ola* og *Solveig*.
3. *Peder*, f. 1909, har teki over bruket.
4. *Ingmar*, f. 1912, g. m. *Gurine Evjen*, har bureisingsbruk på Nekåbjørga.
5. *Ole Martin*, f. 1914, har eigen villa på Neset.
6. *Ingeborg*, f. 1921, g. 1944 m. John Næsimo, Hegra, 4 born: *Inger*, *Anne*, *Jostein* og *Jan Inge*.
7. *Jon Alfred*, f. 1925, sivilingeniør, g. 1961 m. *Signe Plein*, Sauda, 2 born: *Jon Petter* og *Ase Borghild*.

Borna tok namn etter heimgarden og skriv seg for Bakken.

John Pettersen Uthus var stor og kraftig og ein iherdig arbeidskar, dreiv tømmerhogging, skogsgrøfting og fløting. Var i skogen kvar vinter å seia, og var fløtar i Nea i over 40 år, den siste tida som fløtarbas.

John kjøpte plassen i 1936. Den har bruksnr. 7.

Jon P. Uthus d. i 1953, 79 år gl. *Ane Pedersd.* d. i 1961, 80 år.

Peder Bakken, nesteidste son til *John* og *Ane* var heime og hjelpte foreldra. Han tok over bruket i 1944. *Peder* har og arbeidd i tømmer skogen. I seinare tid har han drivi bygningsarbeid, har vært med og sett opp turisthytta på Stormoen og mange andre bygg. Heime har han bygd nytt fjøs med låve og modernisert stugu.

Peder Bakken vart g. i 1962 m. *Gunbjørg Røkke*, Hegra, f. 1921.

ULSET

Gr. nr. 111, br. nr. 8.

Ulset er ei villatomt, oppfor småbr. Haugen. *Ole A. Uthus* kjøpte tomta og sette opp stugu her i 1930, og flytta hit med mor si, *Mali Barosdotter Uthus* og søstera *Anna Marie Uthus*. Før budde dei på Stortrøa. Stugu dei hadde der vart revit.

Mali Uthus låg i mange år i leddgikt. Ho døydde i 1931, 62 år gammal. *Mali*, som vart enkje da borna var små, ernærte seg med handarbeid og tilfeldig arbeid, var raksterjente om somrane, skar åker og dreiv flatbrødbaking, spann og strikka. Selbu-vottane hennar var namnspurte.

Ole Uthus, f. 1893 var og helselause da dei flytta. Han hadde vori anleggsarbeidar og hadde fått tuberkulose. Han stod over sjukdomen, men vann ikkje att helsa. Han d. i 1967, 74 år gammal.

Anna Uthus, f. 1900, drog som vaksi ut på arbeid, men kom heim da mora vart sjuk. Sidan har ho stelt for broren. Ho har og same handlaget som mor si og driv selbustrikking.

BAKKEN

(Kong-Pe-rommet) Nedl. plass

Denne plassen låg ei t stykke nedanfor Skagan øvre. Plassen vart bureist i slutten av 1880 av *Peder P. Punde*, Kong-Peen, dei kalla.

Peder var fødd på Punde 1826 og vart g. 1866 m. *Mali Pedersd.*

Uthusplassen, f. 1833. Dei losjerte i Flora heile tida til dei flytta til Bakken. Dei var ikkje så nøye på husværa i den tida. *Peder* og *Mali* losjerte i mange år i seterskjølet på Hegsetbrauta. Dei hadde ikkje krøter anna enn hest der. Hest hadde *Peder* heile tida til han flytta til Bakken. Der nøyde dei seg med ku og eit par sauer. Da han var på Hegsetbrauta fora han på Rotldalen. *Peder* var kvernarbeidar og dreiv køyring. Han braut ut ljàheinar i «Heinberget» og selde på St. Hansmarknaden, stod dagen igjennom og fallbaud «straksteinane» sine sem vart selde for 30-40 øyre stykket. Her gjekk han under namnet Hein-Peen. Andre tilnamnet var arv etter faren som dei kalla Kon-

gen. Dei var 18 søsken som hadde fått dåp og kristendom, fortalde *Peder*.

Peder P. Punde la ikkje om kletrakta og gammalmoten. Gjekk i stuttkofte og topphuve og hadde langt hår som skjulte ansiktet.

Peder P. Punde d. i 1910, 83 år. Mali, kona, d. året før, 76 år gl.

SIMAPLASSE **Nedl. plass**

Simaplassen eller Uthusvollen som han og kallest, var korkje setervoll eller plass kan ein mest seie. Plassen ligg vest for Melan, og høyrer til Uthus vestre og er dyrka. I gammal tid har truleg båe gardane vori saman om Simaplassen. I 17 30-åra har ein *Simen Olsen* frå Uthus austre sett seg ned her, men busettinga vart ikkje lang, berre 4-5 år så flytta han frå att. Det vart så setra eit par år av Uthus-mennene. Sida har det korkje vori setra eller vori nokor busetting her. I 1738 og 1750 var det tvist med Neset som hadde reksterveg her da Uthus-mennene gjerda inn vollen.

Om *Simen Olsen* er det fortalt under omtalen av Uthus austre.

TUSET **Den gamle gard**

Tuset som no er to gardar ligg aust for Uthus. Gardane ligg tett ved kvarandre og like ved allmannvegen.

Som grannegardane Uthus har Tuset og utmark på båe sider av Nea, og den lengst bortliggjande utmarka som Tuset hadde i teig skifte med Uthus, rakk til tverelva Rotla i nord og til fjells i sør. Den næraste utmarka på nordre side ligg langs Brynnåa som renn i Nea ved Tuset, og grensar mot Uthus i vest og mot Bjørken i aust. Den næraste utmarka på sørsida grensar og mot Uthus i vest. Mot aust grensar utmarka mot Neset, og der er det merkesbekk, Fjoromsbekken eller Sagbekken, som han kallest Nedl dalen. Her låg Åsvoll-setrane som vart brukt til vår-

og haustsetring. Både desse utmarkstykkar har vori delt og så underleg det enn høyrst, så har den austre garden dei vestre remma og omvendt.

Ved utskiftinga 1901 vart hopehavet med Uthus utskifta, og Tuset fekk da alt setervald ved Roda, austre garden fekk den gamle vårsetra Grossvollen, og den vestre garden ei anna - seter nærare Rotla.

På Gardalen, sør for Usma der Uthus og Tuset frå gammalt hadde hatt sommarsetring, fekk Tuset-gardane kvar sitt mindre stykke vest for Garåa.

Utanom denne utmarka som må reknast som samanhangande, har Tuset-gardane hatt kvar sitt stykke av elvbjørga nord for Usmosen, som har vori brukt til geitsetring om vårane. Tuset austre åtte Drivvollen, og Tuset vestre åtte Langsetenget. Drivvollen og halvparten av Langsetenget vart bureist på attenhundreåret.

Etter det dei lærde meiner, er Tuset ein av dei eldste gardane i Flora. Busetjinga av gardar som endar på -set skal gå attende til yngre jernalder (800-1000 e. Kr.) meiner dei.

I N. G. sett *O. Rygh* gardsnamnet i samband med det gammalnorske ordet tufa (tuve) «i Ordets Brug om Høider og Fjelde». Etter det skulle garden frå først av ha stått oppå liene som ikkje er så umogeleg. Ein viser ellest til avsnittet om Eldste garden. Men om garden er flytta ein gong i tida, har han nok mange hundre år på seg der han står, og tufta har ikkje briga seg så reint lite sidan dei første husa vart tufta. Jordskre og sig frå liene ovafor og sand og slam etter storfloer i elva, har frå kvar si lei hjulpt til å auke jordsmonnet, så kulturlaget er 70-80 cm djupt. Lengst nede ligg her som på Flaknan eit brannlag, her 5-6 cm tjukt. Det rekk over heile vestre gards tufta og til midten på den austre. Lendet hallar unna her, og brannlaget er her dekt av eit lag kvikksand som elva har lagt att.

Å tidfeste brannen blir sjølvsagt berre gjetting, men det ligg nær å tenkje på sjuårskrigen 1563-70 eller straffetaktet til general *Carl Sparre* ned i Tydalen i 1678, da han brende denne bygda til og med Aune, 13 gardar i alt, 6 i ÅS, 5 i Østby, og Lauvøya og Aune. Etter segna var han ned til Rolset der han laut snu for norske styrker, og skal ha brent gardar i Flora og.

Når det gjeld sandlaget som dekkjer brandlaget på det lågaste, så kan det skriva seg frå 1689. Det var ualminneleg stor flom dette året med stygge elvbrot.

Tuset i Frolen er nemnt i *Aslak Bolts* jordebok. Der er gardsnamnet skrivi Thufuasætre, og det er denne skrivemåten som ligg til grunn for namne tolkinga.



Tuset austre og vestre. På andre sida av elva frå vestre: Kapellet, Neset, Skulestugu og Ungdomslokalet.

I *Olav Engelbrekts* Jordebok er same gardsnamnet skrivi Tuffueszeter. Frå 1520 har ein forma Twesetter og 1559: Tuesetter. I 1590 har ein både Thuersett og Tuset. I 1626: Thuzet, og i 1668: Tuuzet, og i 1723 har ein Tuset att.

Gardsnamnet har tostavings tonelag og brukes t berre i ei form. Som gardsnamna Uthus og Hegset får det prepasjonane te (til) og å (på) i tilstad- og påstadnemning_

Som me alt har sett, så åtte erkebispstolen landskyldrett på Tuset.

Hos *Aslak Bolt* er denne ført med $\frac{1}{2}$ mark vege sølv, men bygselmannen svara berre $\frac{1}{2}$ spann (smør eller korn). I *Olav Engelbrekts* jordebok er skylda på erkebisen sin del av Tuset oppgjeve til 2 $\frac{1}{2}$ øre. Etter reformasjonen da alt kyrkjegods vart lagd under Kronen, finn me i rekneskapen for Steinviksholm len (1549) Tusetthem ført under Stiihtens landskyld med 2 øre. I 1590 er denne skyldpart lagt under Kranens landskyld. Same år har oppsittaren på Tuset svara $\frac{1}{2}$ dalar i landskyld til Bakke Klosters gods som må ha ått resten av garden. Denne skyldpart som utgjorde 1 øre, er 1650 gått over i privat eige, til ein Casper, men vart stutt tid etter benefisert Hemne kyrkje. Denne skyldret: som var delt på dei to bruka vart seinare omgjort til såkalla laus landskyld og kvilte som ei tyngsel på gardane i lange tider. Først i vår tid er den innløyst.

Kranens part, som og var delt likt på bruka, gjekk ved det store gardsalet i 1660-åra over til *Christopher Caspersen* og følgde sidan *Schøller-huset* og arvingar til gardane vart kjøpt av oppsittarane i 1828.

Som første oppsittar ein støyter på i dei skriftlege kjelder, kjem *Jon* i *Twesetter*, som etter skattemanntalet for Trondh. erkebispedøme 1520 skulle betala 6 skilling i skatt. Etter han kjem *Jogenn* paa *T usetthern* (1548-49). Skipsskatten, 1557-59 har ein og *Jonn* på *Twesetter* med dalaren som var lik for alle i denne skatteutreidsla. Ein kan vel gå ut frå at dei tre *Jon-ane* er same person. To tenestedrenger, *Anders* og *Erich* på Tuset er ført i siste skatteregister.

Går me så fram til 1590, finn me ein *Oluf Tusetter* som oppsittar, og to år etter *Encken Tuset*, baa med ½ dalar i tredjetage, ei avgift jordrottane hadde fått godkjent. På same tid er ein *Endre Tuset*, truleg ein tenestkar, ilagt ½ dalar i mulkt for eitt Øxehamirslag.

Encken var siste oppsittar på den udelte garden, for neste gong ein støyter på garden, i skattelistingene i 1611, er han delt. Dei to brukarane heiter *Jon* og *Esten*. I 1632 er *Esten* avløyst av *Niels Tuset*. Gardpartane var like store, men i rekneskapen for 1640, blir *Niels* kalla for ødegardsmann, medan *Jon* står oppført som fullgardsmann. Av det kan ein kanskje slutte at *Jon* sin gard er den opphavlege, og at *Niels* sin er den nybygde. Av rekkefølga gardane er nemnde i, går det fram at *Jon* sin gard var den vestre. Den vestre garden skulle etter det vera den eldste av dei to.

I Koppskatten 1646 har Enchen teki over etter *Niels* og driv garden med hjelp av 3 søner og 2 tenest jenter. *Jon Tuset* sitt den same på sitt bruk med hustru og 1 tenestjente utan søner og døtter.

Følgjer me så gardane lenger framover til kvegskatten, 1657, så har me framleis *Jon* på sitt bruk med 1 hest, 12 kyr og kviger, 7 geiter og 5 sauer. På den andre garden residerte da ein *Ener Tuset*. Og han hadde 2 hestar, 12 kyr og kviger, 7 geiter og 8 sauer.

Ved manntala 1664-66 sitt enda *Jon* på sin gardpart. Hans fulle namn er *Joen Olsen*, og ein blir ikkje forundra om alderen er ført med talet 90. I manntalet for siste året er alderen minka litt til 80 år. I dette manntalet er det oppført fire søner: *østen*, *Oluf*, *Jens* og *Joen*, - alle Joenssøner og i alderen 26 til 16 år. Dei var truleg sønesøner til gubben. Far deira har vel falli frå.

Ener Tuset hadde hjelp av 2 tenestkarar: *Joen*, 54 år og *Gunder Joensen*, 46 år. Ein son av *Ener* finst og: *Joen Einarson*, 10 år gl. *Ener Tuset* var 50-55 år. I jordboka for 1668 sit framleis *Jon* og *Ener* som oppsittarar på gardane.

Den gamle ledingen på Tuset var på 8 mark smør og 1;2pund mjøl.

I 1650 er ledingen ført med 2 ½ dalar, i 1661 1 ½ dalar på kvart av bruka. I 1668 er bruka ført under eitt med berre ½ dalar i leding samanlagt.

Andre utreidsler er skatt for engslætte, som er ført med 8 skilling på kvart bruk. Kvernskatt har det derimot vori berre på *Jon* sitt bruk. ført med 6 skilling som fortel at han åtte halvdel i bekkvern. Tienden var og ei fast utreidsle og er i 1668 ført med 1 tynne bygg og 2 tynner havre samla for bruka. I 1684 var tienden på vestre garden 3 skjeeper bygg, 1 tynne 1 skjeppe havre, og på austre garden 2 1;2skjeppe bygg 1 tynne havre.

Da er det nye brukarar på gardane. *østen Joensen* har bytta med gamle *Joen*, og broren, *Jens Joensen* har bytta med *Ener*. Desse to driv no gardane til fram mot hundreårsskiftet.

I 1701 er gardane slegne i hop og brukes under eitt, står det. Oppsittaren heitte *Erich Joensen* og var 40 år gammal. Han har ikkje andre karfolk med seg enn to gutar: *Esten* og *Bersvend Jenssøner*, 10 og 7 år gamle.

Namnet på den nye oppsittaren dukkar opp alt 1695 som brukar på Tuset ved sida av *Jens*, så *Erich* har frå først av stigi inn i rommet etter *østen Tuset*, og har kanskje teki over enkja etter han og. Kona til *Erich* var 17 år eldre enn mannen sin, så *Erich* kan ha kommi til gards som tenestkar og vorti gift med enkja. Korkje *østen* eller *Jens* vart gamle menn. *østen* hadde ikkje arvingar det ein kan sjå, men etter *Jens* veit ein i alle høve at han hadde ein son, *Jon Jensen*. Han fekk bygsel på Uthus vestre og er omtale under den garden. Det er og mogeleg at dei to tenestgutane hos *Erich Tuset* var sønene til *Jens*. Stadnamnet *Jenskammen* er sikkert eit minne om *Jens Tuset*. Det har vori åker oppi dei to brattkammane oppfor gardane. Åkerreinene er enno synlege. I *Jenskammen* som er den austre, har sikkert *Jens* hatt si åkerreit. Kanskje han har fari ei eller anna skeivferd oppe i den bratte kammen og såleis fått festa namnet sitt til han.

Så tilbake til *Erich*. Kona hans heitte *Beret*. Dei hadde ei dotter.

Ho heitte *Kari*. Ho var fødd kring 1685 og vart gift i 1715 med *Gunder Jonsen Bierchen*. Ei skatteliste frå 1711 .fører 5 personar på Tuset:

Erich, hans hustru, fader og moder og 1 tøs, som heitte *Kiersten*. Løna hennar var 2 dalar 2 art og skatten 1 art og 16 skilling. Schoeskatten som var ein ekstraskatt pr. hovud, utgjorde 1 art og 16 skilling.

I 1718 vart garden gjesta av *Armfeldts* karoliner, og hos *Erich* har

dei øydelagt og fare med krøtter og varer for i alt 189 ½ riksdalar. Tapslista ser slik ut:

Brent bordkledning og skigard	15	-	«	-	«	
3 tynnerbygg		6	-	3	-	«
5 t. i halmen	11	-	1	-	«	
35 t. havre		52	-	2	-	«
28 lass halm	14	-	«	-	«	
56 lass høy		28	-	«	-	«
12 stykker småfe		6	-	«	-	«
Gardsreidskap		11	-	2	-	«
Seng - og gangklede	29	-	«	-	«	
2 båtar sund slegne		6	-	«	-	«
Matvarer		9	-	2	-	«
Tilsaman		189	-	2	-	«

Av tapslista ser me at *Erich* har greidd å gjømme kyrne og hestane.

Etter segner nedksrevne av lærar *J.P. Sand* skal svenskane ha teki med kona som han kallar *Brynhild*, og som laut følgje som underpant under marsjen over grensefjella, men både ho og ei kone frå Østby vart gjevi fri da stormen ikkje gav seg. Kona må ha vori *Kari Erichsdotter*.

Prøvematrikkelen i 1723 gjev opp høyaviinga på Tuset til 60 lass og krøtterhaldet til 2 hestar, 6 kyr, 3 ungnaut, 3 sauer og 4 geiter. Utsådet er oppgjevi til 1 tynne bygg og 5 tynner havre. Det var *Gunder* som hadde bygsel på garden da matrikkelen vart teken. Svigermora, *Berit*, døydde i 1717, 78 år gammal. *Erich* døydde i 1737, 81 år.

Gunder og *Kari* hadde berre 1 barn, ei jente, *Beret*, f. 1725. *Gunder Jonsen* døydde i 1741, 61 år gammal. Under arveskiftet vart alt som høyrde buet til seld på auksjon, og enkja kjøpte att alt saman. Auksjonspengane kom opp i nær 85 riksdalar. Hertil kom pengar buet hadde til gode, så sluttsummen nådde 114 dalar. Da skuld og kostnader var dregne frå, stod det att nær 69 dalar til deling.

For å gje ein gløtt av tilhøva på ein bondegard i Flora i den tida skal ein her rekne opp litt av det som gjekk under hammaren. Først krøttera: 2 hestar, 9 naut, 16 geiter og 7 sauer. Buet åtte 2 leigkyr og, baa hos *Thomas Qvelle*. Det var langt unna, så verda var ikkje stor i den tida heller. Dei var ikkje næraste grannar debitorane heller. Både lens-

mannen i Tydalen og mannen i Rennen er mellom dei. Båe to heitte *Jon Bjørnsen*, lensmannen med ÅS til etternamn.

Kreditorane er for det meste tenarar som har til gode på løn. Ein *Peder Pedersen* hadde 9 dalar til gode i løn for eitt år, og 1 dalar for ei tynne sild, og *Ole Pedersen* hadde til gode 6 dalar for 112 år på gruva, og *Ranni Christensdatter* 5 dalar i løn for siste året.

Frå stugu vart det seld matskåp, kråskåp og ferdaskrin, koparkjel på 1 ½ tynne, gryter, steikepanne og vaffeljarn. Av reidskap er m.a. opprekna plog med jarnristel, horv med jarnindar, slede med jarnstenger, 2 par skjæker med jarnrottar, arbeidsboggreie med lintømmar og jambeisel, alt saman vitnemål om at «jarnalderen» var på innmarsj.

Av gangklede etter *Gunder* er opprekna 1 grå vadmelsjakke, 1 kvit vadmelskufte, og 1 skinnrøye, alle tre plagg med hekter. Her er og nemnt 2 skinnbukser, den eine av geitskinn, den andre av bukkeskinn.

Av sengklede: 1 forloden sauskinnsfeld med Væst-Kytt åklede, 1 stemningsskinnsfeld, 1 reinsskinn og ei randet hovuddyne med fjør.

Baro Uthus var laverje for enkja, *Halvor Bjørken* møtte for dottera, *Povel Flachne* og *Ole Uthus* var vurderingsmenn, og lensmann *Thomas Halvorsen Mølnhus* stod føre det heile.

Dotter til *Gunder* var 16 år da faren døydde, og me får ikkje høyre meir om henne. Garden vert no delt att, og nye folk tek over. Tenestdrengen *Ole Pedersen*, som er nemnt ovafor, fekk bygsel på den austre gardparten, og ein *Ole Joensen* tek over drifta på den vestre, der både *Erich* og *Gunder* truleg hadde budd, for enkja, *Kari Erichsdatter* budde hos *Ole Joensen*. *Kari Erichsdatter* vart 80 år gammal. Ho døydde i 1764.

Det har nok budd fleire på Tuset i denne tida enn dei som er nemnt.

Ei gruvstugu og ein husmannsfamilie vil bli omtale seinare, men her var tenestfolk og inderstar på garden som vart skrivne for Tuset, og ein finn desse namna i kyrkjeboka:

Siur Jonsen Tuset, soldat, gravlagt 1702.

Malene Tuset, trulova med *Torkel Aftret*, 1711.

Marit Tuset, trulova med *Torsten Rolset*, 1712.

Kirsti og *Jens Tuset*, faddrar, 1723.

Ole Jonsen Tuset, trulova med *Beret Estensdatter*, 1735.

Birgitte, *Ole T's* barn, døypt 1736.

Med dette blir avsnittet om Den gamle gard avslutta, og dei to Tuset-gardane, som sidan har vori skilde, vil bli omtala kvar for seg.

TUSET vestre (Nordigar'n) G. nr. 112.

Me hugsar at Tuset vart delt i to bruk att i 1740-åra etter å ha vori drivi under eitt i nær 50 år. Dei to bruka vart kalla Nordigam og Ustigam i dagleg tale. Gardane ligg tett saman med Nordigam vest for den andre. Dei nye brukarane heitte *Ole* båe, *Ole Joensen* på Nordigarda og *Ole Pedersen* på Ustigarda. Det er truleg det stod hus på båe tuna frå den førre garddelinga, men det ser ut som det har vori vestre tunet som vart brukt av *Gunder Joensen* og føremannen hans, for enkja etter *Gunder* budde på vestre garden etter delinga og var i hushald med den nye brukaren.

Dei nye brukarane er ført i matrikkelen for 1746, men har nok teki over drifta før, truleg i 1742. I manntalet frå 1762 er gardane ført kvar for seg.

Kona til *Ole Joensen* heitte *Marit Sivertsdotter*. Dei hadde 4 born:

Joen, Siver, Gunder og Marit. Alle var vaksne.

Ein inderst, *Joen Hansen* budde hos dei, og 2 gammalfolk: *Kari Eriksd.*, enkja etter *Gunder Joensen*, «gammel og fattig», står det. Den andre heitte *Kari Pedersd.*, gammel og fattig, ho og *Kari Eriksd.* d. i 1764,80 år gl. *Kari Pedersd.* d. i 1766,67 år gl.

Ein av sønene, *Siver* eller *Sjur*, som namnet og er skrivi, vart g. i 1765 m. *Ølegård Pedersd.* Ho tente på Hegset i 1762. *Sjur* og *Ølegård* budde på plassen Hågå under Uthus vestre og er omtale der. Eldste son var truleg same person som ein *Joen Olsen* d. ug. i 1785, 49 år. *Gunder* og *Marit* veit ein ikkje meir om.

Det stod ei gruvstugu på Tuset vestre i *Ole* si tid. Ho stod truleg oppå liene. I 1745 budde ein *Peder Pedersen* der. Han døydde dette året og ein *Ole Siursen* flytta inn med kona, *Marit Haldosd.* Dei hadde 3 born: *Kari*, 1746. *Siur*, d. 1749. *Beret*, 1750.

Ole Siursen d. i 1757, 48 år gl. Aret etter vart *Marit* gift att m. ein *Joen Petersen* og hadde 3 born m. han og: *Gulla*, 1759. *Haldor*, 1761 og *Ole*, d. 1765.

Alle desse var grubarbeidarar, og dei har ått stugu sjølv, er det likt til, og alt i *Ole Sjursen* si tid er det hefta gjeld på stugu, til *Baro Pedersen Hegset* som vart slik ein mektig mann i gruv-tida. Da *Joen Petersen* i 1766 reiste i frå Flora, var gjelda komi opp i 12 rdlr. og vart oppgjort ved at fordringshavaren tok over «hans stugu, seng og bord», rett nok verdsett berre til 11 Rd 2 art 12 sk.



Skei og brennevinstomme av sølv, myntar og klokke.

Ole Joensen og *Marit Sivertsd.* dreiv Tuset kring 20 år. *Ole* d. i 1770, 67 år gammal. Han hadde da flytta frå garden og budde truleg i stugu etter *Joen Petersen*. Han hadde eit jordstykke og «Ol-Jonsækra» som ligg øvst i liene.

Ein veit ikkje kvifor *Ole* gav opp garden. Det er mogeleg han ikkje greidde å halde på han lenger, men det kan og tenkjast at *Ole Joensen* hadde drivi garden på bygselen til *Kari Eriksd.* og ikkje fått ny bygsel da ho døydde. Nok om det. Det kom nytt folk på garden, og det var ikkje med blide auge at *Marit Sivertsd.* såg nykjerringa på garden.

Ein gong dei treftest, ville nykona på garden vita kva *Marit* gav borna sine (truleg barnebarn) når dei var så raulette og friske. «Det skal eg fortelje deg,» svara *Marit*, «borna mine fostres betre tå vasskoppa dei, enn dine gjer tå rømskåln.»

Ole Joensen og *Marit* hadde nok sett betre tider. Ei sølvskei frå den tid som finst framleis på Tuset, vitnar i alle høve om god råd.

Den nye bygselmannen på Tuset vestre heitte *Knut Knutsen* og var frå Bakken. Kona heitte *Ingeborg Eriksdotter*. Mor hennar skal etter segna ha seti og losjert på Langsmoen og *Erik J ocumsen Ørås* skal ha vori far til *Ingeborg*. *Knut* og *Ingeborg* vart g. i 1761 og hadde 2 born:

Sakarias, 1763 og *Jon*, 1766, båd f. i Bakken.

Knut og *Ingeborg* var komne til Tuset i 1768 eller kanskje året før, men det var først i 1783 *Knut* fekk tinglyst bygselsetel på Tuset vestre og halvparten av Ørås, utstedd av enkjefru *Schøller*.

Både *Knut* og *Ingeborg* var iherdige folk, arbeidsomme og sparsomme. *Ingeborg* gjorde våronna på Tuset åleine første året dei var der. *Baro Pedersen Hegset*, som var gudfar hennar, skal ha lyfta av ein kornpose av kløva og gjevi henne, han kom att frå bytur.

Men *Knut*, som truleg hadde fast arbeid på smelthytta, var ikkje ringare han heller. Han tømra opp seterskjøle i Hesjedalen på ein rypskrott og ein brødsleiv til niste. Sparsomme og redde for sitt var dei og. *Knut* skal ha kløyvd nistbrødsleiven ein gong han følgde ein stakar til buret, men det tykte folk gjekk for vidt.

Knut og *Ingeborg* kom seg opp or møda og vart velstående folk.

Det var som alt ville lykkast for *Knut* med å dra til gards, og det var mest så folk mistenkte han for å ha Dragdokka.

I 1782 sette *Knut* opp ny stugu. Det var furu tømmer i stugu, hoggi på Gullbrandsegginn. Stugu som stod i hundre år var sperrestugu med blyglas, eitt mot tunet, to på austre endevegg - mot stugurommet og loftet, og eit mindre glas på nordveggen mot koven. Da stugu vart rivi, vart tømmeret nytta i sagbrygge, og kring 50 år seinare fekk Selbu bygdemuseum prøver av mønsåsen og laftetømmeret som viser dei svære dimensjonar dei har nytta til hustømmer.

Den eldste av sønene, *Sakarias*, vart ikkje gammal kar. Han d. i 1793, 30 år gammal etter å ha legi til sengs i 7 år. Han var uheldig og fekk ein furustokk over seg oppi Seterbrennom, vart liggjande lenge før det kom hjelp og fekk så stor skade at han ikkje kom på føtene meir.

Sakarias hadde ei jente da ulykka hende, og det gjorde nok sitt til at hendinga har vorti hugsa.

Det var tausa på garden *Sakarias* ville gifte seg med, men mor hans sa nei, ho ville heller ha ei steinrøyse i stugu enn ho *Kari* til sonekone, sa ho. Og jenta måtte ta sitt og gå. Ikkje så lenge etter hende ulykka med *Sakarias*, så det vart alltid steimøyse god nok, tykte folk.

Sakarias hadde senga si i kråa bak skorsteinen. Dei laga fiol til han som han trøytt tida med. Presten var og innom han mange gonger.

Tenestjenta, *Kari Olsdotter*, fekk ei jente f. 1786 *Ingeborg*, som i si tid vart g. m. *Ingebrigt Ingebrigtsen* som bureiste Melan. *Kari Olsd.* vart og gift og kom att på Sørflakne som andre kona til *Jens Estensen*.

Jon Knutsen Tuset fekk kona si frå Almås i Alen. Ho heitte *Ingeborg Jonsd.* Ho tente på Neset da dei vart gift i 1788.

Jon og *Ingeborg* hadde 5 born:

1. *Knut*, f. 1790, tok over garden.
2. *Ingeborg*, f. 1792, g. m. *Ole J. Flakne*.
3. *Sakarias*, f. 1794 bureiste Nordistugu.
4. *Jon*, d. 1798.
5. *Jon*, f. 1805, busette Viengtrøa.

I manntalet 1801 er *Jon Knutsen* ført i fellesskap med faren som er kalla bonde og gårdbeoer. *Jon* kom ikkje til å få bygsel på garden, han døydde før faren som i namnet stod for garden til han døydde.

Knut og *Ingeborg* d. same år, i 1818. *Knut* 82 år, *Ingeborg* 87 år. Eit sølvangst som følgde sonedottera til Flaknan har initialane til *Ingeborg Eriksd.* skore inn under botnen på øskja med årstalet 1777.

John Knutsen d. i 1810, 43 år gl. *Ingeborg Jonsd.* som vart sikra kår da sonen *Knut* tok over, d. i 1834, 72 år gl.

Knut Jonsen Tuset vart g. i 1816 m. *Marit Jonsd.* Uthus v., f. 1794. Dei hadde 12 born:

1. *Jon*, d. 1816.
2. *John*, f. 1817.
3. *Ingeborg*, d. 1820.
4. *Ingeborg*, f. 1821, g. m. *Peder Estensen Kulsetås*.
5. *Guri*, f. 1823, g. m. *Ole Torkelsen Flakne*, Klevan.
6. *John*, f. 1825.
7. *Ingeborg*, f. 1826, g. m. *Petter O. Bakken*, Smeplassen.
8. *Marit*, f. 1829, g. m. *Peder Hansen Rønsberg*, Pe-Hansjare.
9. *Halvor*, f. 1831, for til Am.
10. *Anne*, d. 1833.
11. *Anne*, f. 1835, vanfør, d. 1884.
12. *Knut*, f. 1828, d. 1840.

Knut Jonsen fekk bygsel~på garden i 1818. Ved matrikuleringa vart Tusetgardane sett likt med eit krøtortal på 1 hest, 9 kyr og 24 småfe på kvar, og 4 t. korn og 1 t. potet i utsåd. Den nye skylda vart på 2 dalar 2 skilling på kvar.

I 1828 gav *Knut* seg med i gardkjøpa i *Krogh-buet* og fekk skøyte på sin part av Tuset og likeins av Ørås i november s. år. Kjøpesummen var 350 spd. for Tuset og 100 spd. for Ørås.

Knut hadde no vorti sjølveigar, men skulle snart merke at det ikkje var så like til å rente for alle pengane og betala avdrag attåt. Alt i 1832 har *Knut* overlatt halvparten av heimgarden til broren *Sakarias*. Men det stoppa ikkje med det. Eit par år etter slepte han frå seg andre halvparten og. Den siste handelen gjorde han med *Jon Jonsen Flakne*. Han hadde vorti eigar av andre halvparten av Ørås som han no overlet til *Knut*. Dermed hadde *Knut* heile Øråsgarden og meinte det skulle vera vilkår for å berge seg der. Han sette opp stugu og flytta dit.

Men *Knut* berga seg ikkje på Øråsen heller. Han flytta til dals og bureiste plassen Øråsvoll.

Ingen kunne tru det skulle gå såleis med dei, slik rikdom det var på Tuset da dei tok til der. Ho oja reint over seg ho *Guri Uthus* i bryllaupet da ho følgde kjerringane opp i buret og såg all maten. «Du kjem aldri innåt veggen, Marit.» Desse orda vart hugsa oppatt no da dei måtte fara frå garden, og folk ville liksom legge skyld på *Marit*. No er det mogleg at *Marit* var litt romhendt, men dei kunne liksågodt ha teki *Knut* med og, som var alt for godsleg og hadde vondt for å seie nei til nokon. Tenk og på den store barneflokken! Ein skal og hugs,e på at *Knut* ikkje vart rettelig helsesterk meir etter bjørnen beit og klora han. (Les om dette i avsnittet «Bjørn og anna udyr».) Men største orsaka ~til at det gjekk ille var nok gardprisane som etter tida var alt for høge, og *Knut* var nok ikkje alleine om å måtte sleppe garden frå seg, så høg landsskatten var og så strengt Norges Ba'nk kravde inn rente og avdrag.

Når det gjeld salet av Tuset, så er det tinglyst kjøpkontrakt for *Sakarias* sin part, men ikkje for byttehandelen med *Jon*. Først i 1846 vart garden skylddelt «midt i to», og *Sakarias* fekk skøyte.

Jon fekk skøyte på sin part først i 1850. Med denne part følgde alle hus, og *Jon* betalte 180 spd., medan *Sakarias* betalte 150 for sin.

Sakarias bygde ny gard vest for den gamle. Garden vart kalla Nordistugu i dagleg tale og blir omtala serskild. Her held me fram med det gamle tunet Nordigarn, som hadde fått ny brukar.

Jon Jonsen Flakne, som flytta inn i Norigar'n, var g. m. *Gunhild Gundersd. Tuset austre*, halvsøster til *Ole Olsen*. *Jon* kjøpte hans part av Ør åsen i 1831, og overlet den til *Knut Tuset*, som me har sett. *Jon* og *Gunhild* hadde 2 born:

Anne, 1825 og *Brynhild*, 1829.

Desse jentene skulle vera uvanleg vakre. Det var riktig så det skein i andleta deira, og folk meinte at dei i det minste måtte vaske seg i mjølk. For *Gunhild* var det nok ikkje så lett vint. Det var slikt voldsomt arbeidstempo på grannegardane at det var ikkje så greitt å følge med berre med hjelp av dei unge jentene, og folk herma etter *Gunhild* korleis ho vekte dei ein morgon: «No må di opp! Det trykse ustant og båkå nordant».

Anne vart g. i 1847 m. Nils Torstensen Berge, f. 1820.

For *Jon* vart det no hjelp å få på garden, men for *Gunhild* vart det ikkje lettare. *Nils* og *Anne* fekk 4 born:

1. *John*, f. og d. 1849.
2. *Gunhild*, f. 1855.
3. *John*, f. 1859.
4. *Torsten*, f. 1863.

Gunhild Gundersd. Tuset d. i 1863, 67 år gl.

Same året vart dottera, *Brynhild*, gift. Ho fekk *Bersvend Olsen Slind* og flytta til Vikvarvet.

Året etter overlet *Jon Jonsen* garden til *Nils Torsteinsen* og tok kår.

Bersvend Olsen fekk samtidig bruksrett eller pakting som det står, på Langsetenget. Han flytta seinare oppover og busette seg der.

Me hugsar at *Jon Jonsen* betalte 180 spd. for Norigar'n da han kjøpte. No vart det anna pris. 315 spd. laut *Nils* binde seg til, truleg pantegjeld alt i hop. Attåt kom eit drygt kår: for og stell til 2 kyr, 2 sauer og 2 geiter. Og *Jon* «steg tll» frå første stund, er det likt til og flytta til nystugu, for i manntalet 1865 står det at det var «2 bebodde huse og 2 husholdninger».

ystugu som *Jon* tok i bruk, hadde han truleg sett opp sjølv. Det var trerammer i glasa på den. I daglegstugu som *Nils* budde i, stugu etter Gammal-Knut Tuset, var de blyvindauge.

Krøterhaldet på Nordigarda Tuset var i 1865 7 naut, 7 småfe og 1 hest. Utsådet på 3/4 t. bygg og 3 t. potet. Ei samanlikning med vestre gardpart som hadde langt større buskap vil ikkje vera rett, for vestre gardpart hadde framleis både Trøa og sin part av Langsetenget. Og så dreiv dei halve Ørås-garden og, som *Sakarias* hadde kjøpt. Pantegjelda på garden til *Nils* var nok for stor til at han kunne makte den. Da så kona fall frå, var det opplagt at *Nils* måtte gjeva opp garden, og i 1874 selde *Nils Torstensen* gardparten sin til *John Sakariassen Tuset* som året før hadde teki over heimgarden. Dermed var Tuset vestre samla

att under Nordistugu, så no blir namna i dagleg tale Ustigarn og Nordistugu på dei to Tusetgardane.

Kjøpkontrakten på Nordigarden er ikkje tinglyst, og gardhandelen vart først ordna ved skøyte i 1893 etter at Langsetenget same år vart utskild og seld til *Bersvend Olsen*.

Ved folketeljinga 1875 losjerte *Nils Torstensen* på garden, og ernærte seg med dagarbeid. Han hadde borna hos seg. *Gunhild* som var 20 år, *John* 16 og *Torstein* 12 år. Dei laut ut på dagarbeid eller teneste, og i 20-årsalderen drog sønene til Amerika. *John* d. i ung alder. *Torstein* kom att, og tok til med handel i nystugu i Ustigarda Tuset. Det var første handelen i Flora.

Torstein Nilsen vart g. i 1892 m. *Brynhild G. Haugan*_ Meir om dei i omtalen av Haugan.

Gunhild Nilsd. vart g. j 1887 m. *John Barosen Uthus*.

Mora, Anne Jonsd. Tuset d. i 1870, 55 år gl. og faren, *Nils Torstensen* d. i 1894, 74 år gl.

Kårgubben, *Jon Jonsen*, budde framleis i stugu si. Han hadde brordottera, *Beret Torkelsd.* til tyende. *Jon* døydde i 1878, 82 år gl. Han gjekk vanleg i sikofte.

T U S E T vestre, (Nordistugu) G. nr. 112, br. nr. 2.

I 1832 vart Tuset vestre delt. *Knut Jonsen T.* som fire år før hadde kjøpt både heimgarden og halvparten av Ørås til odel og eige, delte dette året heimgarden med broren *Sakarias Johnsen*, som betalte 150 spd. for sin halvpart. Men garden vart ikkje skylddelt før i 1846.

Sakarias, som ikkje fekk noko hus med sin part, bygde ny gard vest for den gamle, og sette opp eigne hus på setervollane. Garden, som frå gammalt låg i teigskifte med Tuset austre, og for mesteparten av utmarka også med Uthus-gardane, vart no delt ved at kvart rem og kvar teig som høyrde garden til, vart halvert.

Sakarias J. Tuset f. 1794, v. g. i 1826 m. *Beret Jonsd. Flakne*, f. 1800.

Dei hadde 2 born: *John*, 1827, tok over garden og *Brynhild*, 1829, m. *John Olsen Uthus vestre*.

I unge år hadde *Sakarias* drivi hesthandel og skinnhandel. Han for på marknadene mellom Levanger, Trondheim og Røros og kom att med



Putvar etter Guri Uthus, Brudgomsklede etter Sakarias ruset.

fjør og lin, og greidde å matte ihop pengar, som var så sjeldan ei vare i den tida. Han hadde såleis råd til å koste på husa måling på kledningar, dører og vinduskarmar. Loftet i nystugu og klaven var og måla, og det siste rommet var panelt. Eit skatoll etter han er og utom det vanlege.

Sakarias var liten, som brudgomsbuksa hans vitnar om. Det er ei kvit knebukse av skinn, som enno er til.

Sakarias var ein ivrig arbeidskar som dreiv slåttonna langt utover hausten. Han hadde og syn for det som var nytt, og skal vera den første som tørka høyt i hesje i Flora. Det var no inga langhesje, berre ei stanglengd med stengene stukki inn i fjøsnova på eine enden. Men folk

tykte ikkje om dette. Ata opp med Vår-Herre om høyberginga, syntes dei han ikkje skulle ha gjort.

Sakarias kom og med første kaffekjelen til Flora, kjøpt på St. Hansmarknaden ein gong i fellesskap med svogeren på Flaknan. Det var ikkje meir bruk for kaffelars enda, enn att heile grenda berga seg lenge med den eine kjelen.

I 1873 overlet *Sakarias Tuset* gardparten sin til sonen *John Sakariassen*. I handelen følgde og *Sakarias* sin part av Ørås som han hadde kjøpt på auksjonen i 1837. Kjøpesummen på denne gardpart var no sett til 300 spd. og kår.

Sakarias Tuset d. i 1891, 97 år gl., høgste alder ein veit om i bygda.

Kona, *Ingeborg Johnsd.* d. i 1873, 73 år gl.

Sonen, *John~ Sakariassen* var litt av ein gardsamlar. Same år som han tok over dei to gardpartane av faren, har han kjøpt andre halvparten av Tuset vestre og, løpenr. 142 a, og dermed samla garden att.

John Sakariassen Tuset vart g. i 1855 m. *Ingeborg Pedersd. Hegset*, f. 1833.

Dei hadde 9 born:

1. *Sakarias*, f. 1857, g. 1885 111. *Gurine O. Rolset*, Moen, kjøpte Auran på Skatval, born: *John, Ole, Ivar, Sofie* og *Sigvart*.
2. *Peder*, f. 1859, g. 1885 m. *Marit Johnsd. Uthus* (Skogan), kjøpte gard i Meråker, 5 born: *Ingeborg, Kristine, John, John, Peder* og *Petrine*.
3. *John*, f. 1863, tok over garden.
4. *Beret*, f. 1863, tvilling, g. 1884 m. *Tomas Johnsen Lien*, 4 born: *Peder, Ingeborg Dorte*a, *John* og *Ole*.
5. *Beret*, f. 1866, g. m. *Johan J. Bjerken*.
6. *Johannes*, f. 1870, .reiste til Am., farm ved Otter Tail Co, seinare Lithfield, Minn., g. m. *Marie Barrows*, dotter til *Peder Rolset*, ei dotter, *Jessie Pearl*.
7. *Torstein*, og
8. *Kristen*, tvilling båd. like etter fødsla.
9. *Torstein*, f. 1876, politi i Trondheim, g. 1903 m. *Ingeborg Larsen, Øksnes*, 14 born: *John, Ingeborg, Sakarias, Lilly, Ivar, Nelly, Peder, Helge, Karl, Solveig, Ingar, Tolger, Bodil* og *Magnhild*.

Det vart som ein ser ein stor huslyd på Tuset, og mange om brødet, men så hadde dei litt å berge seg med og. Av jordbrukstelinga 1875 går det fram at dei på Tuset vestre hadde 2 hestar, 12 kyr, 7 ungnaut,



Ingeborg og John S. Tuset.

13 sauer, 18 geiter og 3 griser, og dei sådde 3 1/4 t. korn og sette 7 t. potet.

Men *John* åtte ikkje heile buskapen. Det var to kår på garden hans, ei t til faren som hadde 3 kyr og 4 geiter på kåret, og det andre til kårugubben på andre gardparten, som hadde 2 kyr, 2 sauer og 3 geiter på sitt kår.

Men *John* berga seg. Han var ein hardkar til å arbeide, brydde seg ikkje om kværnfjellet, men dreiv på i skogen, seint og tidleg.

Ein vår for han med to handsagarar utpå Vollenn, utmed elva. I staden for å senda karane til skogs på tømmerhogging først, sette han dei til å laga til sagstelling. Sjølv tok han øksa og for til skogs. Sida såg dei han ikkje meir om dagen. Dei høyrde det hogg, men karen såg dei ikkje noko til, han kom ikkje ned til kvelds heller. Om morgonen var tømmeret kommi på sleipene, og *John* hadde fari heim.

I 1874 selde *John* saman med *Ole Tuset* og *John P. Uthus* skog til herrane *Erikson* og *Hedmann* for 275 spd., og same året selde *John* og *Ole Tuset* eit anna skogstykke, Holåsen for 400 spd. til same kjøparane, alt galdt uthogstrett på 25 år.

Det var inga sirkelsag i Selbu enda, men i 1883 sette *John Sakariassen* opp sirkelsag i Sagbekken på Næssmelen. Tomta som er kjøpt av Neset vart skyldsett 22. og 26. mai d.å. Han hadde byggmeister frå Singsås. Det var storhjulssag med tannhjulsutvikling. Tusetsaga, som ho vart kalla, var i bruk kring 50 år på same tuft, og skal ha vori første sirkelsaga i Selbu. Saga er i bruk framleis, som motorsag på tomt ved garden.

John Sakariassen flytta garden til den gamle gardstufta, - flytta stugu og stallen, og sette opp

nytt fjøs med fraukjellar. Det var i 1890. Sønene var heime enda, så han hadde god hjelp.

På Ørås vart det sett opp vinterfjøs med tanke på å vera der med krøtera til foret var oppstilt, det siste vart det no elles t ikkje noko av. Heime vart det lagt springvatn, men berre til fjøset. Slik over alt der dei la springvatn. Til stugene bar dei vatn som før.

I 1901 overlet *John Sakariassen* garden Tuset vestre og bruksnr. 2 av Ørås til sonen *John Johnsen*, for ein kjøpesum på 4000 kroner og kår til seljar og kone.

Det er fortalt før korleis det gjekk med landskyldretten til Hemne kyrkje på 1 øre av den gamle skylda. Seint om si vart det fastsett ved lov at slik «laus landskyld» kunne løysast inn, og i 1906 vart denne landskyldretten innløyyst for både Tuset-gardane.

John Sakariassen Tuset var den første i Flora som kjøpte tryskmaskin.

Han kjøpte køyrdon og, og for i gardane og tryska. Før hadde *Ole Barosen Rolset* vori i grenda på trysking, og han var truleg av dei første i Selbu som for i kring med tryskmaskin. *John S. Tuset* hadde kastemaskin og, og den maskinen var ikkje kallane så snare til å råda seg med, så den gamle krom rygga Tusetgubben for rundt i bygda med kastmaskina i mange år etter han gav frå seg garden.

John Sakariassen d. i 1914, 87 år gl. Kona, *Ingeborg Pedersd.* vart 94 år. Ho d. i 1927.

John Johnsen Tuset, v'arg. i 1890 m. *Ragnhild Johnsd.* Flakne. Dei hadde 7 born:

1. *Ingeborg Petrine*, f. 1890, d. 1917.
2. *Beret*, f. 1892, g. m. *Jalm P. Hegset*, Solli.
3. *Johanna*, f. 1896, d. same år.
4. *John*, f. 1897, tok over garden.
5. *Johanna*, f. 1900, g. 1941 m. *Ingebrigt Fuglem*, Velve, 2 born: *Guri Randi* og *Inga Marie*.
6. *Sakarias*, f. 1903, kjøpte garden Velve, g. 1929 m. *Olga Trondset*, 2 born: *John Ragnar* og *Ole Martin*.
7. *Inga*, f. 1907, g. 1942 m. *Klaus Haugen*, Trondheim, 2 born: *Laila* og *Karl John*.

John Tuset gjekk fars te amtsskulekurset i Selbu og var den første ungdom i Flora som fekk reise på skule. Han ekserte ved saniteten og vart korporal, og lærdommen hans kom grenda mykje til nytte. Han vart mest som ein dokter i grenda, som folk gjekk til og spurte til råds og fekk hjelp når det var eitkvart ilt som blodforgiftning, hoggsår, verksvullar *Ø.I.* Han koppa mot gikt og. Det var koppmaskin med moderne utstyr frå før på garden. Mor hans hadde hjelpt folk med den.

Alt slikt arbeid var lønlaust, sjølvsagt, og hefta bort ein og, men *John* hadde god tid i slike høve, kor ansamt han elles t hadde det.

John sette opp ny låve, men nøgde seg med gammalstugu som han

bordkledde og panelte. I Rotlbjørga sette han opp nytt fjøs. Med setringa vart det drivi som før, med vårsetring annakvart år på Åsvollen og Grønlivollen og sommarsetring i Rotlbjørga no, mot på Gardalen før utskiftinga. Frå Rotlbjørga flytta dei til Øråsen og derifrå ned på Vollann, ei seter ved Øråsvollen.

John leigde slåttkar og raktspige om somrane og hjelpte seg med det til borna vaks til. Og det var utruleg kor mykje han vann over. Kona var på setra. Ferdig med jordet heime, skilde onnafolka lag. Slåttkaren (*Johan Bierken* i mange år) slo Åsvollen, Starvallen og markaslåtten på Dalen. Sjølv fora han i Ro tlbjørga, Øråsen og utmed elva. Både på Øråsen og Vollann brukte dei slåmaskin.

Både *John* og *Ragnhild* var helsuge og strevsame folk som vannpå mykje arbeid. I 1940 overlet dei garden til eldste sonen, *John*.

John Tuset d. i 1952, 89 år gl. *Ragnhild Johnsd.* d. i 1960, 95 år.

John Tuset, jun. vart g. i 1935 m. *Ingeborg Emilie Lien*, Selbu, f. 1907.

Dei fekk 3 born:

Jon Ragnvald, f. 1936, *Peder Ingar*, f. 1939 og *Inge Johan*, f. 1941.

Alle er heime. *Jon* arbeider på garden. *Peder* og *Inge* driv med anleggsarbeid, *Peder* som verkstedarbeidar.

John Tuset kom tidleg med i arbeidet på garden ved sida av faren, både i slåttonna og i tømmerkogen. Han var hendig, snekra og tømra og greidde smedkunsten og. Han laga takspionhovel og vedkløyvar, og han mekaniserte fraukøyringa. Han let bensinmotoren ta over det slitet, og fullførte dermed draumen til farbroren, *Sakarias*, som tenkte å føra over krafta frå storhjulet på saga ved hjelp av streng eller vire.

Det vart ikkje så lite ombytte med den nye fraukøyringa: Før var det all snøsmokinga i kross og krok oppover liene, og så slitet med køyringa. Men no kunne karane stå med hendene i lomma og endatil stiga på lasset med det for beinstrekes opp etter lia. Det vara ikkje lenge før det var motorkøyring på alle gardar som hadde bratte lier folk skulle ha frauen opp i.

Det vart ei overgangstid frå gammalt til nytt på mest alle omkverve.

Gammaltida var ikkje lenger unna enn at *John* mintes bestefar sin brende tjøra dei trong på tjøreflåkkån på Brynnåhammaren. Garden hadde tjøreflåkkån sin der. Og kvernhuset var i bruk til langt fram i tjuet-åra. Den gamle inntakstraa, ein uthola furustokk, hadde ramla ned og roki sund ein vår, men *John* køyrd ned ein ny furukabbe, og han og faren hola han ut på den gamle måten med øks og teksel.

Men ny tida var på innmarsj. Tjøreflåkkane gjekk or bruk, og med bygdemølnene og den nye kornordninga vart kvernshusa til overs, og med traktorane vart både fraukøyringa og anna nytt gammaldags. Og folk følgde med. *John* flytta saga i 1935, gjorde henne om til motorsag og sette henne opp attmed garden. Saga var den eldste i Selbu, har me sett, og er nok den bondesaga som har vori mest brukt og truleg. Bortsett frå nokre år i den seinare tid, har saga vori i bruk kvar år sida ho vart oppsett. Ny tida gjorde og sitt inntog i skogsarbeidet. No køyrer dei tømmeret frå Øråsmarka på pendelbane, teki i bruk 1958.

I slutten av 50-åra sette *John* opp nye stugulån. Sønene var vaksne da og dei gjorde mesteparten av arbeidet sjølv. Stugu vart ferdig så dei flytta inn til jul 1958.

Med seterstellet vart det innskrenka noko, så dei setra berre på Øråsen etter *John* tok over, men skrinnslåttene attmed elva vart drivi heilt til 1953. Storisdammet det året, som forda stein og all slags rask innpå slåttfættene var den direkte orsak til at det vart slutt.

Under utgravinga til kjellar under nystugu på Tuset, kom dei ned på ei steinrøyse som kanskje hadde vori fyrstad eller skorstein. Ved røysa fann dei mange heinar (blåheinar). Dei var tilslipa på ymse skap, var grå på farge og svært harde. Eit lite hjul av grøt fann dei og i ei grøft over tunet. Det har sikkert høyrd til ein handrokk. Brandlaget, som ligg 70-80 cm Nedl jorda støytt dei på her og, men det er det foralt om før.

John Tuset d. i 1965, 68 år gammal.

VIENGTRØA **G. nr. 112, br. nr. 12.**

Viengtrøa vart bureist plass under Tuset vestre kring 1830. Bruket som ligg på søre side Nea vart bureist i eit inngjerda slåtteng som høyrde garden til. Bureisaren var yngste son på garden.

Han heitte *Jon Jonsen Tuset*, var f. i 1805 og vart g. 1830 m.

Brynhild Torkelsd. Flakne, Klevan, f. 1810.

Dei hadde 5 born:

1. *Ingeborg*.
2. *Jon*, båd d. som born.
3. *Torkel*, f. 1837, tok over plassen.

4. *John*, f. 1839, til Am. 1869.
5. *Ole*, f. 1843, g. 1872 m. *Ragnhild Johnsd. Drivvoll*.

Dei losjerte på Drivvoll, hadde både ku og småfe, reiste til Am. 1881, kom att og kjøpte garden Geving i Lånke der *Ole* døydde.

Enkja for attende til Am. med borna, og busette seg i Beltrami,

Minn. 8 born: *John, John, Ole, Theodor, Gunerius, Ingeborg Johanne, Marit og Berntine*. Alle gift så nær som *Berntine. Ingeborg* m. *Simen Havdal*.
John Tuset d. i 1847, 42 år gl. *Brynhild Torkelsd.* i 1877, 67 år.

Torkel Tuset vart g. i 1860 m. *Kari Bersvendsd. Aftret*, f. 1837. Dei hadde 7 born:

1. *Ingeborg*, f. 1860.
2. *John*, f. 1862, for til Am.
3. *Bersvend*, f. 1865, skinnfeldmakar, d. 1895.
4. *Brynhild*, f. 1868, g. 1894 m. *John O. Bakken*.
5. *Ole*, f. 1871, tok over plassen.
6. *Kari*, f. 1875, d. 1891.
7. *Johannes*, f. 1877, g. 1908 m. *Kari Pettersd. Uthus*, reiste til Skogn, ein son, *Torstein*, g. m. *Odney Rølien*.
Torstine Tuset, dotter til *Ingeborg*, f. 1885, gift på Stjørdal, ei dotter, *Ingrid*, g. *Røkke*, s. stad.
Torkel Tuset d. i 1884, 47 år gl. *Kari Bersvendsd.* i 1889, 52 år.

Viengtrøa er på 10 mål innmark. I 1865 var buskapen på 3 kyr og 5 sauer. Husa stod oppi bakken, men vart flytta ned på flata av *Ole Torkelsen*.

Ole Torkelsen Tuset vart g. 1893 m. *Johanna Haldor-sd. Lilleevjen*,

1865.

Dei hadde 2 born: 1. *Karen*, f. 1893, d. 1908, 2. *Torstein*, f. 1896, d. 1927.

Torstein var snikkar og tømrrar. *Johanna Haldorsd.* d. i 1918, 53 år gl.

Ole Torkelsen vart gift att i 1921 m. *Ingeborg Ingebrigtsd. Melan*, f. 1870.

I 1939 vart egedomen skyldsett og kjøpt.

Ole Torkelsen d. i 1947, 75 år gl. Han selde egedomen til *Olav Bjerken. Ingeborg Ingebrigtsd.* d. i 1951, 81 år gl.

Dei hadde da ein pen heim med bordkledd og måla stugubygning. *Olav G. Bjerken*, f. 1913 av foreldra *Gunder* og *Ingeborg Bjerken*, vart g. i 1946 m. *Ragnhild Pedersd. Flakne*, f. 1919.

Dei har 2 born.

1. *Gunnar Ingar*, f. 1948, elektrikar.
2. *Karen Petrine*, f. 1954, realskule.
3. *Olav Bjerken* har restaurert og modernisert stugu.

LANGSETENGET G. nr. 112, b. nr. 4.

Langsetenget ligg på søre sida Nea eit par kilometer nord for Drivvoll.

Dette bruket vart bureist kring 1870 av *Bersvend Olsen Slind*. *Bersvend* var frå Vikvarvet, var f. i 1826 og g. i 1863 m. *Brynhild Johnsd. Tuset*, f. 1829.

Dei hadde 2 born:

1. *Ole*, f. 1864.
2. *John*, f. 1868.

Båe var fødd i Vikvarvet der *Bersvend* dreiv ein plass.

Brynhild var dotter til *John Johnsen Tuset*. Han hadde to døtre, og *Brynhild* som var yngst, fekk truleg utlagt Langsetenget som arvefeste. Tuset var delt i to gardar i den tida, og Langsetenget som var eit viktig engslætte, var og delt, og *Bersvend* og *Brynhild* fekk søre parten som høyrde til *John Johnsen*.

Langsetenget var ikkje serleg skikka for bureising. Dalsida går like i elva, med lite høve til jorddyrking og mest ikkje skikkeleg hustuft. *Bersvend* drygde da og i fleire år før han busette seg.

Husa vart oppsett på den smale flata ved elva med stugu, ei lågstugu langs denne, og fjøset vart sett mot sør, og låven truva inn under bakken beint mot stugu. Potetkjellar med ei lita matbu var gravi inn i bakken sør for garden. Båthuset stod nordafor. Var elva lita, hadde dei fin rostad over hølen like ved garden. Under flom laut dei til ein høl nedanfor, men det båra stygt der og. Landveges oppover til Drivvoll var det ein stig utan bru over Råna, så det var ikkje så flott med kommunikasjonane, men Langsetenget hadde eitt gode. Her var vidt slåtteng og tidleg utgang for geit og sau. Ved jordbruksteljinga 1875 hadde *Bersvend Tuset*, som han no skreiv seg for, 3 naut attåt køyr-

oksen, 4 sauer og 9 geiter. Det vart sådd 1/4 t. bygg og sett ei tynne potet.

I 1893 kjøpte *Bersvend O. Tuset* Langsetenget. Kjøpesummen var 720 kr. Ikkje lenge etter sette han opp nytt stugulån, ei tohøgda bygning med gang, stugu og kammers. Stugu vart oppsett mot nord. Gammalstugu vart standande og brukt til eldhus. Ho for elles t i isdammet i 1953.

Sønene var vaksne da nystugu vart oppsett, og *Ole* som hadde arbeid innved byen, kjøpte brukte vindu til nystugu, i Buvika, og broren *John* bar dei på rygg opp til Selbusjøen, tok dei på båten og så på rygg att bil han hadde dei heime. Kven ville ha gjort det no tru?

I 1906 overdrog *Bersvend Olsen* eigedomen til eldste sonen, *Ole B.*

Tuset for 700 kroner og kår å seg sjølv og kona.

Brynhild Johnsd. døydde dette året og fekk såleis lite bruk for kåret. Ho vart 77 år gl.

Bersvend Olsen d. i 1912, 86 år.

Bersvend var ein stor og kraftig kar og gjekk under namnet *StorBersvend*. Han skodde oxen sin ein gong heilt åleine.

Eit kjempeløft gjorde han oppi Langsetengbjørga og ein gong. Han hadde hoggi ei stor vedgran som han heldt på draga langs bjørga, mot ei tømmerrenne da grana brått tok velde frå han og rulla inn over knea hans. Det var djup snø og *Bersvend* heldt på å gi opp, da det lykkast for han å stane grana, og med å byde opp sine siste krefter, greidde han å løfte henne av seg.

Ole B. Tuset dreiv Langsetenget berre to-tre år, og let så broren bruka jorda. I 1916 overdrog han Langsetenget til broren.

Ole var gift. Kona, *Seri*, var frå Buvik. Ho syntes nok det var litt einsamt på Langsetenget. Dei var ovafor regnsommaren 1909, og denne sommaren skulle ikkje hjelpa på humøret. Da dei lei på sommaren vart det retteleg regnskjøl med jordskred all stad, så det tok etter kven det skulle vera. Elva vaks og vaks og på Langsetenget kom ho nærare husa dag for dag. Ein morgon *Ole* kom ut på dørhella, rann ho stri gjennom garden. Det hadde gått jordskred både ovafor og nedafor garden. På andre sida hadde det og vori mindre utlauf. Best som *Ole* stod og såg på flommen og veret, losna eit stort jordlaup høgt oppi bjørga på andre sida, rett over for Langsetenget. Skredet for med bulder og brak mot elva, og slo så voldsomt mot den at vassbølgja rakk over og slo over dørhella der *Ola* stod.

Natta etter våga ikkje *Ole* og *Seri* ligge heime, men flytta til ei høyløe lenger oppved elva. Men gubben var ikkje til å rikke. Han hadde

sett opp husa og visste han kunne vera trygg. Men *Ole* og *Seri* tapte lysten på jordbruket og busette seg på Munkvoll på Byåsen, og greidde seg godt med det *Ola* tente. Dei hadde ikkje born.

Broren *John Langsetenget*, som han skreiv seg for, var ugift og laut ha hushaldar. *Anne Johnsd. Bjerken*, f. 1859 var hushaldar i fleire år på Langsetenget til ho sjølv trong hjelp. Ho døydde på Aldersheimen i 1936 etter fleire års pleie.

Det vart innskrenka med krøterhaldet etter *Anne* flytta frå garden, men *John* hadde ku og geiter framleis. Killingane var heime om somrane, og dei fekk gå som dei ville, glad som *John* var i krøttera. Ein kunne ofte sjå *John* med killingflokken kring seg oppi bakkane når han gjekk og slo.

John var litt av ein original, og einvis nok når han fekk ein ide.

Han hadde stor tru på at det skulle finnast malmleier i fjella og bar mang ei steinbøre til dals. Litt att for dette arbeidet fekk han da han la seg etter å skjerpe gamle gruvhoL Gressli-gruva som han skjerpa fekk han seld, og det endatil to gonger, og til same person. Det var ingeniør *Marlov* som ofra pengar på denne gruva og dreiv diamantboring der ein sommar, og om ikkje utbyttet vart meir enn 1000 kroner til *John*, så kom pengane vel med.

John sette opp nytt fjøs og tekte opp stugu. Han grov brunn og, så dei slapp å kava med isen og bekkvegen om vintrane.

I 1930 selde *John Langsetenget* eigedommen sin til *Peder B. Hegset* som same år overdrog han til *Ole J. Uthus*. *John*, som skulle ha bustadrett, kom til å flytte til Haldal etter eit par år. Han var først på onnearbeid der, og sia vart han om vintrane og i nokre år på ein gard.

John likte seg i Haldal, og kjøpte ei stugu på Brubakk i Aunegrenda. Bygdefolka tok vel i mot han og folk såg gjerne om han og *John*, som hadde lært å vera sjølvhjelp, hadde alltid eitkv. art å gje dei som såg inn til han, ein lime eller eitkvart anna, og folk sette pris på slikt. *John* var og hendig og kunne falska ihop ei omnsrøyr eller anna, om det kneip. *John* døydde i Haldal i 1944, 72 år gl.

Den nye oppsittaren på Langsetenget, *Ole Johnsen Uthus*, var son til *John* og *Ragnhild Uthus*, f. i 1908 og g. i 1936 m. *Kristine Marie Øråsvoll*, f. 1900. Dei har 1 ba'rn, *John*, f. 1938. Bestemora, *Ragnhild O. Uthus*, følgde og med til Langsetenget da *Ole* flytta dit.

Ole Uthus betalte 3400 kroner for bruket. Eit stykke av engslåtten

Fossen, Rånflata, følgde med i handelen. Der hadde *Ole* dyrkingsland og tok fatt på arbeidet frå første stund.

Ole vart verande på Langsetenget i 10 år til 1941 da han flytta til Øråsvollen. Da hadde han 20 mål ækerjord på Langsetenget. Av det var 17 mål nydyrka på Rånflata. Buskapen var på 3-4 naut og 5-6 småfe.

Langsetenget vart lagt øyde da *Ole* reiste, etter å ha vori busett i 70 år. *Ole* som eig bruket framleis dreiv og fora av ækrene i fleire år, men no er det ikkje slæge der på mange år, og skrinnslåttan er for lenge sidan attgrodd, ækerjorda står for tur.

Me har sett at elva kunne vera nærgåande på Langsetenget, som *Ole* og fekk røynd. Det var i 1934. Da var vårfloa kanskje vel'så høg som regnfloa i 1909. På Langsetenget gjekk elva gjennom tunet da og, og det som verre var, ho tok hol på jordet like sør for husa, Råsa kom nærar og nærar og det truga med å grava ut tufta da floa gjekk attende.

Under isdamma i 1953 og 1957 gjekk elva inn over Rånflata, braut ned høyløene, for med gammalstugu på Langsetenget og pakka den andre full av is og skudde henne av syldmurane. No er det berre fjøset som står att på det gamle tunet.

TUSET austre (Ustigar'n) G. nr. 112, br. nr. 3.

Det er fortalt før om Tuset, den gamle gard, som vart delt alt på 1500-talet, men som seinare vart drivi under eitt att. Kring 1745 vart garden atter delt, og her følgjer saga om Tuset austre.

Dei to gardane var jamnstore med 1 øre 12 marklag i skyld på kvar.

Landskylda var og likt fordelt på dei to eigarane, *Schøller* og *Hemne* kyrkje med 2/3 til den første og 1/3 til den andre.

Siste oppsittar på den samla Tusetgarden døydde i 1741, og i 1746 fører matrikkelen opp nye brukarar. Kva tid dei tok over kan ein ikkje sjå så nøye, men kanskje alt i 1742.

Ved same tid har dei nye brukarane truleg og fått bygsel på Ørås, som og vart delt. *Schøller* hadde da atter vorti eigar av denne garden som hadde vori sjølveigarbruk ei tid.

Oppsittaren på Tuset austre heitte *Ole Pedersen*. Han var frå Hegset og var f. i 1709. Alt i 1738 finn me han som tenestdreng på Tuset, og ved arveskiftet etter *Gunder Tuset*, gjer han krav på løn han har

til gode, både for onnearbeid og arbeid på gruva. (Tenestdrene arbeidde ofte på gruva om vintrane og hadde da litt høgere lon enn for vanleg gardsarbeid). I 1739 eller 40 har *Ole Pedersen* vorti gift og har så losjert på Tuset til han fekk bygsel på austre garden. Det er truleg at den rike broren hans på Hegset har hjelpt han med bygselen, for rekneskapsboka til broren viser at *Ole* har vorti skuldig han vel 40 rdlr. ved denne tid.

Kona til *Ole Pedersen* heitte *Marit Jonsdotter*. Dei hadde 6 born:

1. *Peder*, f. og d. 1740.
2. *Jon*, f. 1741, d. 1785.
3. *Peder*, f. 1744, g. 1775 m. Karen Larsdtr. Bårdsgård.
4. *Ole*, f. 1745, tok over garden.
5. *Baro*, d. 1749.
6. *Helge*, f. 1750, g. 1773 m. *Tomas Larsen Kallar*.

Marit Jonsd. var kanskje syster til *Ole Jonsen* som bygsla vestre Tuset-garden utan at ein kan seia meir om det. Ho d. i 1759. Presten var innom henne fleire gong.

I 1761 vart *Ole Pedersen* gift att med ei *Magnhild Jensdotter*. *Ola* er ved det høve kalla korporal.

Båe er ført i manntalet 1762 med barna og ei tenestjente, *Brynhild Haldosdotter*. Manntalet fører og ein husmann, *Peder Olsen*, son *Halvor Pedersen* med kone *Margret Pålsdotter* og ein gut, *Pål Halvorsen*, 12 år, og gammal og blind, *Ingri Halvorsdotter*.

Ingri var frå Neset og kom til Tuset-plassen da ho vart gift. *Ole Pedersen* var kjent både vidt og breitt som bjørneskyttar og har nok vori stormeisteren her i dalføret når det gjeld bjørnejakt. Folk kom langveges unna for å få hjelp mot bjørneplagen. Like inn på Namndalseidet skal *Ola* ha vori etter bjørn. *Ola* vart 82 år og skal etter segna ha skote like mange bjørnar som han vart år gammal. Han baska med bjørnen seint og tidleg, og sogene om bjørnejakta hans har levd på folkemunne hittil. To soger er nedskrivi kring hundrårsskiftet av redaktør *Ole Aas* og trykt i Selbyggen og er attgjevi her i avsnittet *Bjørn* og anna udyr.

Når det gjeld talet på bjørnar *Ole* skal ha skoti kan ein nok rekne med at folkefantasia har leika litt med det. Men ei anna segn at *Ole* Persen hadde skoti 72 bjørnar da han var 72 år gammal, viser seg å vera rett, for det året fekk *Ole Pedersen Tuset* 20 riksd. av Viten-skapsselskapet for udrydding av rovdyr. Han hadde da vori med og felt 72 bjørnar, og halvparten av dei hadde falli for hans eiga hand.

Siste bjørnejakta hans *Ola* var ganske original. Han var så giktsett

da at han greidde ikkje å gå. Men dei som hadde vori så heldige å finne bjørnehj, laut få med seg *Ola* om dei skulle vera sikra for fangst. For *Ola* var det og triveleg med ein bjørn til på toppen av alle han hadde skoti, iser om det galdt den 72. Og så tok karana og sette bjørneskyttam på ein langsele og drog han til skogs, og sittande på sleden, skaut Ol-Persen siste bjørnen sin.

Men det var ikkje berre bjørnar han *Ola* skaut. Han dreiv anna jakt og. Han rente opp elg, og *ingen* veit tal på all fuglen han skaut.

o var ikkje *Ola* berre god skyttar, han var god arbeidskar og, stor og for som han var, og så kunne han bia på eit matmål eller to og om det kneip.

Det var slikt ståk av kvinnfolka at dei ville ha seterskjøle i Hesjedalen, så dei kunne fare dit med krøtera. *Ola* tykte ikkje meir enn passeleg om det, men da dei ikkje ville gje seg med gnålet, kom *Ola* bort ein morgon, og ingen *visste* kvar han hadde fari. Han vart borte heile dagen og natta med. Først om kvelden dagen etter kom han att, og da kunne han fortelje at dei kunne fara til Hesjedalen, han hadde kasta i hop skjøle åt dei. I halvtanna døgn hadde han vori borte og ikkje så mykje som matflussu hadde han hatt med.

Litt av ein gauk må Ol-Persen ha vori og. Han «gjekk i kvernfjellet» (arbeidde der) og da kjerringa ein haust pakka sekken hans, bad ho han om å vera redd for smøret (spara på det) . Ja, han skulle da vera det, svara han *Ola*. Da han etter 14-dagsturen kom heim att, ville kjerringa vita om han trong smør. «Va-det-så-lik», svara han *Ola*, han hadde smør. Og slik var det kvar heimtur. Kjerringa spurde og *Ola* hadde smør. Om våren da han kom heim og var ferdig, sette han smørøskja på bordet til kjerringa i same stand som da ho la den ned i sekken hausten før. *Ola* hadde ikkje tatt av lokket ein gong, langt mindre spretta smøret.

Ola var ein strevar all sin dag. Han låg i det både seint og tidleg for å samle i hus. Men kor mykje han streva, så var det berre mødsamt for han. Det var som det ikkje ville botne.

Ole Pedersen d. i 1791, 82 år gl. *Magnhild Jensd.* d. tre år før.

Han som tok over garden etter han, *Ole Olsen Tuset* var og gift to gonger som .faren. Første kona heitte *Ingeborg Olsd.*, var frå Uthus austre, dotter til *Ole Barosen* og *Siri Apsalonsdotter*. Dei vart g. i 1775 og hadde 6 born:

1. *Ole*, d.1775.
2. *Ole*, d.1776.

3. *Sigrid*, f. 1778, konf. 1795.
4. *Ole*, f. 1781, d.7 år gl.
5. *Magnhild*, f. 1784, g. m. *Torkel Flakne* og bureiste Klevan.
6. *Ole*, f. 1788, d. 1802 etter langvarig sjukdom.

Ingeborg Olsd. d. i 1788,36 år gl.

Ole Olsen vart gift att med *Anne Estensd.*, Gullset. Dei vart g. i 1789 og hadde 2 born:

1. *Ole*, f. 1790, tok over garden.
2. *Esten*, f. 1794, busette Hammaren.

Ole Olsen f. 1745 d. i 1795,50 år gl.

Anne Estensd. vart gift att i 1796 med *Gunder Jonsen Nesmo*, f. 1763 og hadde 2 born i dette ekteskapet:

1. *Gunhild*, f. 1797, g. m. *Jon Jonsen Flakne*, budde på Nordigarda Tuset.
2. *Marit*, f. 1800, g. 1825 m. *Ole Tomassen Stokke*.

I 1801 finn ein sjølvfolka, *Gunder* og *Anne* og ei tenestjente, *Marit Estensd.* som einaste vaksne på garden. *Magnhild Tuset*, dotter av *Ole* i første ekteskap, tente på Uthus austre. *Gunhild Gundersd.*, som da var 4 år, var og fråverande, medan 2 *Ola-er*, *Esten* og *Marit* var heime.

Gunder Jonsen d. i 1831,68 år gl. *Anne Estensd.* d. j 1847,89 år.

Dei dreiv garden til 1828 da den ved gardkjøpa gjekk over til sjølveigarbruk.

Neste oppsittar, *Ole O. Tuset*, f. 1790 vart g. i 1815 m. *Ragnhild Jonsd. Flakne*, f. 1789. Dei hadde 5 born:

1. *Ole*, f. 1816, tok over garden.
2. *Brynhild*, f. 1818, drukna i Us ma 1829.
3. *Anne*, f. 1823, g. m. *John O. Flakne*, busette Ørås vestre.
4. *John*, f. 1826, g. m. *Marit Gundersd. Eidem*, bureiste Drivvoll vestre.
5. *Gunder*, f. 1831, g. m. *Ingeborg Olsd. Flakne*, bureiste Drivvoll austre.

Ulykka med *Brynhild* var ei sørgeleg hending. Tuset austre setra med geitene på Drivvoll om vårane, og det var på veg dit med geitflokken at *Brynhild* drukna. Det var i slutten av mai og elvane gjekk flygstore i vårflokken. Brua over Usma stod ikkje der ho er no, men lenger inn, eit stykke innafor Drivvoll. Det er ein berghammar der på vestre side som elva fossar i mot. Halvmidt oppi den er det ein sett eller hylle som brustokkane låg i mot. På andre sida svingar elva kring ei øyr, og der låg nok brua over ein bukk, truleg. Det er eit nifst brusted, og der inne har nok ulykka bari til. Geitene må ha truva jenta

utfor på eit vis, anten på brua eller på berghylla, trudde dei. Ingen såg ulykkeshendinga.

Mannen på Sørflakne, *Erik Jensen* var den første som ana at noko hadde henda_ Han heldt på med litt arbeid ute da han fekk sjå eitkvart raudt kom etter elva. Han tenkte straks på veslejenta si som hadde rakla etter *Brynhild* og geitene, tok ein båtshake og var ute ved elva i eit sett. Men her var ingen ting å gjera. Jenta, som ikkje var hans eiga, men *Brynhild*, kom midt etter elvstraumen, og ingen båtshake kunne nå henne. Det var berre å sjå at det arme barnet vart skyssa langt ut på Storelva av den strie tverr-elvstraumen. Jenta hadde raudt evliv. Det var det han hadde sett.

Det vart leita og sokna etter *Brynhild* heile vegen nedover alt ned til Sålåsjøen, men utan resultat, så ho hadde nok fari rett ut i det store vatnet. Men sjøen skjuler ikkje det elva drep, er det sagt, og slik var det no og. Ein månad etter ulykka vart *Brynhild* funni på øyrane i sjøen. Ho hadde bari ein mjøkbunk på beltesreima si, og reima var alt som var att av det ho hadde hatt på seg.

Gardhandlane i 1828 vart ordna ved lån i Norges bank for dei fleste sitt vedkomande. Slik og med Tuset austre. Kjøpesummen var lik på dei to Tuset-gardane, 350 spd. på kvar. Likeins for dei to Ørås-partane og, som det var 100 spd. for.

Ola Tuset heldt ikkje lenge på sin halvpart av Ørås, men overlet denne gardparten tre år seinare til svogeren *Jon Jonsen Flakne*_ Handelen vart ordna ved skøyte 10. mars 1831. Om den vidare saga til Ørås er det fortalt i stykket om Nordigarden Tuset.

Ola Tuset hadde no elles t nok i å berge heimgarden_ Han låg i med kolbrenning og malm køyring. Eit minne frå den tida skal malmsteinen ova Nekåa vera. Han ligg like ved den gamle køyrvegen over myrane og skal vera køyrd frå Gressligruva av *Ola Tuset*. Køyrdaningen skal ha gått sund for han, og steinen vart liggjande.

Det var dårlege tider. Koparverket la ned siste gruva si her i dalføret i 1835, og det var lite arbeid å få. Men folk trudde det var malm nok i gruvhola og ville prøve på eiga hand. *Ola*, saman med brørne på Flaknan, kosta på mykje på eit gruvhold på Rotldalen, utan det kom noko ut av det.

Ola var skimakar. Ein gong laga han 50 par til det militære. Han vart aldri beit for skitre. Laga ofte berre eitt ski av treet, og trong da ikkje kvistfri legg.

Han var spellmann og, riktig gauvspellmann som var borti søre dalen og, og spelai bryllaup. Det varså underleg med han bestfar, fortal des onesonen, han laut ta i fela når han kom inn om kveldane, same kor trøytt han var.

Ole Olsen d. i 1854, 64 år gl. *Ragnhild Jonsd.* d. i 1876, 87 år. *Ragnhild* overlet garden til eldste sonen da mannen døydde og tok seg kår. Samtidig fekk dei to yngre sønene arvefeste på Drivvoll mot ei årleg avgift på 6 spd.

Ole Olsen Tuset, d.y., som no hadde teki over garden, vart g. 1844 m. *Ingeborg Gundersd. Alsethaug*. Dei hadde 5 born:

1. *Ragnhild*, f. 1845, g. m. *Ingebrigt P. Melan*.
2. *Ingeborg*, f. 1847, g. m. *Peder Bersvendsen Tronksaune*, i Haldal.
3. *Brynhild*, f. 1850, g. m. *Ole P. Hegset-Brautan*.
4. *Ole*, f. 1854, tok over garden.
5. *Gunder*, f. 1858, dreiv garden i lag med broren.

I 1865 var det 1 hest, 12 storfe, 15 sauer og 11 geiter på garden, og dei sådde 2 ½ tynne bygg og sette 5 t. potet. I 1875 var både krotortal og utsåd på lag det same, men dei hadde køyrokse attåt hesten da. Dei var 7 personar i huslyden: Bestemora, sjølvfolka, dei to sønene og *Brynhild* og dotter hennar, *Ingeborg Jonsd. Tuset*, f. 1872.

Ingeborg voks opp på Tuset, tente i mange år hos godsforvaltar Meisterlin, g. i 1910 m. *Sivert O. Kjøsnes*, i Vikvarvet.

Før er fortalt om skoghandelen Tuset-mennene gjorde med dei svenske herrane *Erikson* og *Hedman*. Ellest var det kvernfjellet som var vinterbruket til Ustigardskarane. *Ola Tuset* var med og dreiv på Floane der dei fann trekilar i berget i det gamle brotet dei tok i bruk. Sidan bar det på Roltmælen att. Den eldste av sønene vart fjellkaren av dei. Og han dreiv kvernfjellet nestan til hundreårsskiftet. Mange av steinane vart køyrd over Bukkhammaren til jarnvegsstasjonen i Haldal.

Gamle *Ole Olsen Tuset* døydde 1898, 82 år gammal. *Ingeborg Gundersd.* d. i 1909, 89 år.

Ingeborg hadde uvanleg god helse, hadde aldri vori sjuk, og var med i fjøset etter ho var åtti år. Sterk hadde ho vori og. Ho bar ei skjepp salt ein gong, kring 30 kg, frå Kvello, der første handelsbua i bygda var, og heim, ei veglengd på 2 112 mil med lange brauter og bratte bakkar.



Kristine og Gunder Tuset.



Ingeborg G. Tuset.

Den *Ole Olsen Tuset* som no tok over garden var den femte *Olaen* og den sjette oppsittaren på Tuset austre sidan bjørneskyttaren *Ole Pedersen* bygsla garden i 1745.

Ole O. Tuset, som han skreiv seg for, fekk skøyte på garden i 1892 og betalte 1600 kroner og kår til foreldra. *Ola* var ugift og dreiv garden i lag med broren.

Gunder O. Tuset vart g. i 1886 m. *Kristine Pedersd.*, Hårstad, f. 1859.

Dei hadde ikkje born, men 2 pleiebarn vaks opp hos dei:

1. *John G. Tuset Berge*, f. 1888, underoffiserssk., for til Am., budde i Mnpl., gift og hadde 3 born: *John Gunnar*, *Emili Kristine*, *Harald Stenl.*
2. *Anna T. Tuset Eidem*, f. 1899, g. 1921 m. *Olaus I. Melan*.

Ved utskiftinga i 1901 vart skogen på Tuset utskifta, og dei på Tuset austre laut byggje ny seter på Åsane, sør for Nea. Av den felles setermarka Tuset og Uthus hadde hatt ilag, hadde Tuset austre fått Grossvollen og eit stykke på Gardalen som no vart brukt berre til markaslætte. Til dette høyrde og Holåsen, innste skogbjørga mot Usma på vestre side.

I 1906 vart Hemneskylda innløyst. I 1910 var «Tusetskogen», skogen på Åsane og Holåsen utskild og seld til ein skogkjøpar, *Ingebrigt Brovold*, for 20000 kroner. Det utskilde stykke fekk ei skyld på 2.00 mark og bnr. 5. Seinare kjøpt av kommunen.

13

193

Brørne heldt fram med gardsbruket. I 1922 vart garden seld til *Tomas A. Aune*, Tydal for 15000 kroner og noko kår til *Ola* og *Kristine Tuset*. *Gunder* var da død. Han døydde i året 1922, 64 år gl.

Ola Tuset kjøpte seinare Sagplassen som fekk namnet Fremo og sette opp hus som dei to gamle flytta til.

Tomas Aune, f. 1888 vart g. i 1916 m. *Inga Olsd. Græsli*, f. 1893. Dei har 5 born:

1. *Guri*, f. 1917 d. 1970.
2. *Anders*, f. 1918, har teki over garden.
3. *Ola*, f. 1920, teknikar, g. 1950 m. *Aslaug Beistad*, Stjørdal, bur i Oslo. Barn: *Inger Grete*.
4. *Marvin*, f. 1925, teknikar.
5. *Gunnar*, f. 1931, anleggsarbeidar.

Einskilde tomter og parsellar er seld av garden i seinare tid: Setra As vollen, seld til *Petter Metan* i 1929. Arvefestet på Drivvoll-gardane innløyst i 1930, og parsellen Branden samtidig seld til *John O. Drivvoll*. I 1933 fekk Handelsforeninga utvida tomte si, og i 1939 vart tomte Fridheim frådelt og seld til *Kristian Evjen*. Ho fekk bruksnr. 11.

I 1949 overlet *Tomas Aune* garden til eldste sonen, *Anders Aune*, og tok kår til seg og kona.

Tomas var ein ivrig gardbrukar som dreiv opp jorda og rydda nyland. Han sette opp nytt fjøs og ny låve.

Anders Aune vart g. i 1946 m. *Anna I. Kallar*, f. 1921. 2 born:

1. *Terje*, f. 1946, g. 1969 m. *Anne-Lise Sten*, Trondheim, f. 1945. Barn: *Wenche*.
2. *Gunvor*, f. 1948, g. 1967 m. *Harald Jensås*, Alen. Barn: *Toril*.

Anders Aune har lagt om drifta og har berre sauer. Han har bygd ny stugu på vestsida tunet der stallen og sommarstugu stod før.

HAMMÅR'N Nedl. plass

Håmmår'n som det blir sagt i dagleg tale, låg aust for Brynnåa. Ein bergrygg som stikk ut i Nea her og kalles t Brynnåhammaren er opphavet til namnet. Plassen var liten, men det er djuplendt her og god jord og, men litt bratt når det ber oppi jordet. Plassen vart bureist i

1820-åra av Esten Olsen Tuset, den yngste av sønene til Anne Estensd. og Ole0_Tuset.

Esten Olsen som var f. i 1794 vart g. 1823 m. *Ingeborg Torgersd.*

Rolset, 30 år gl.

Dei hadde 3 born:

1. *Kari*, f. 1823.
2. *Ole*, f. 1826.
3. *Anne*, f. 1832.

Kari vart g. 1845 m. *Peder Larsen* og hadde ein son, *Lars*, før dei for frå grenda. *Ole* tok over plassen. Han var ugift. *Anne* vart g. i 1856 m. *Ole Bersvendsen Af tret*, og har stor slekt etter seg.

Jentene lærte å spela på fele av farbroren på Tuset, som laga fele åt dei og. Dei to jentene vart bae flinkare til å spela, og det var vanleg at ungdomen møttest i Håmmåra til dans om laurdagskveldane.

Esten Olsen omkom ved eit ulykkestilfelle i 1842. Det var i midten av april, han hadde vori oppi fjellet etter eit moselass. Han køyrde med okse og var komen nestan ned til Bjørken da ulykka hende.

Dei såg han frå Bjørken da han kom over åsen aust for garden, men da han ikkje kom lenger laut dei i veg å sjå etter han, og fann han død under moselasset som hadde velta. Det er ei skeivfonn i vegleia der, og der hadde ulykka henda. *Esten* gjekk i sikofte, og dei trudde kofteflaka hadde kommi under slåmeien og rivi han overende med han gjekk og styrte. Oksen hadde stana.

Det var svært som ulykka tok på dei som var att. *Ole* var reint frå seg, fekk slik sjelekval for faren, - la seg over han og bad Herren om å forbarme seg over sjela hans.

I 1865 var *Ole Estensen* att åleine. Mora var død, og *Ole* stelte huset for seg sjølv. Men det var to hushald på plassen. *Beret Severinsd. Bakken* budde der som losjerande, 41 år gammal.

Ole hadde 2 kyr og 4 småfe, 3 geiter og 1 sau. Og han sådde 1/4 t. bygg og sette 1 t. potet.

I 1875 var buskapen minka til 1 ku, 2 sauer og 1 geit, men utsåden var like eins som før.

Ola Håmmåra vart noko eigen og strid på sitt og litt rar på sine gamle dagar. I manntalet 1875 står tilføgd «sindsvak», men det var han ikkje. Han var svært religiøs og tala reint ut til folk. Sjølv var han trygg og urokkeleg og var ikkje lett å bøye heller.

Han kom i pleie på Tuset og døydde deL Så lenge han gjekk oppe, måtte han absolutt ta turar heim, og helst om kveldane. Vertsfolka var ikkje glad for desse turane, og nokre ungdommar prøvde å skræme

han, og gjekk han i møte med laken over seg. Men «Håmmårn» let seg ikkje skræme, han rette fram staven og ville prøve spøkelset. «Erdu en ånd,» hørde dei han sa, «går staven i gjennom, men er du et menneske, støter det i mot.» Han tala etter boka når han var høgtideleg.

Han ville liggje i fjøset og ville aldri høyre tale om å flytte inn om så presten skulle sjå om han og. «Kan ikkje presten komme i fjøset, så skal ikkje eg ha noko av han,» sa han.

Ole Estensen d. i 1901, 75 år gammal. Plassen vart nedlagt og husa rivne.

BRYNNÅ **G. nr. 112, br. nr. 6 og 10.**

Brynnå er forretningsgarden til Floren Handelsforening. Tomta ligg ved tverelva Brynnåa på Tuset austre og har namn etter denne.


Floren Handelsforening kom i gang i 1919. Forretninga løyste handelsbrev den 8. desember og åpna butikk på Skogan med *John Fr. Røssset* som handelsstyrar. *Røssset* slutta etter eit halvt års tid og *Olaus Melan* kom i staden.

Forretninga heldt til på Skagan i halvtanna år til våren 1921 da ho flytta til eige lokale på Brynnå. Forretningslokalet var ei vanleg stugubygning. Den var delt med to mellomvegger. Midtrommet vart teki til butikk, det største av dei andre to vart lagerrom med loftet oppfor som mjølbu. Det mindre rommet vart kontor og smørbu, og lofta over desse og butikken vart innreidd til styrarbustad med serskild utgang. *Olaus Melan* styrte forretninga i 11 år til 1931 da han overtok styrarstillinga på Innbygdens Handelsforening.

Olaus Melan, f. 1891 vart g. 1921 m. *Anna T. Tuset*, f. 1899. Dei har 2 born:

1. *Ragnhild*, f. 1922, g. m. ingeniør *Magnus Haugen*, Lånke, bur i Trondheim, 2 born: *Grete* og *Atle Olav*.
2. *Inge*, f. 1926, reisande, g. m. *Ingrid Moholdt*, Tr.heim, bur s.stad, 3 born: *Olav Andre*, *Anne Marie* og *Arne Nikolai*.

Etter Melan kom *Ola Øra*, Verran. Han styrte forretninga i 2 år, reiste da heim for å ta over privat handelsforretning, vart seinare lensmann i heimbygda.



Flaren Handelsforening.

Ola Øra, f. 1906 vart g. 1931 m. *Ingebjørg Aftret*, Verran. Dei har 2 born: *Jostein* og *Gunnar*.

Etter Øra kom *Anton Kristian Kvennås*, Selbu som styrar. Han vart og berre i 2 år til 1935 han tok over styrarstillinga på Selbu Husflidssentral, seinare disponent på Husfliden, Trondheim.

Kvennås f. i 1907 vart g. m. *Randi Syrstad*, Meldal, f. 1905. Dei hadde 2 born: *Astri* og *Andreas*.

Etter *Kvennås* følgde *Halfdan Kvam* som handelsstyrar.

Det gamle forretningslokale var framleis i bruk, men i 1937 vedtok generalforsamlinga at det skulle byggjast nytt butikklokale, og året etter vart det oppsett. Huset er reist av plank. Arbeidslønene var framleis låge, og bygget vart oppsett for 475 kroner av *Jakob Næss* og *Peder P. Bjerken* som tok arbeidet på akkord. Dei hengsla vinduer og dører og la inn golva og. Bygget som har steintak fekk ein stor og romsleg bustad i andre høgda.

Det vart no ganske romsleg med kjellar under nybygget attåt gammalkjellaren, og heile gammalbutikken. I den vart det ellest leigd bort eit loft til postkontor etter at dette i 1939 vart flytta til forretninga. *Halvdan Kvam*, f. 1910 vart g. 1942 m. *Kari Ørås*, f. 1922.

Dei har 3 born: Aud, Astrid og Harald.

Kvam slutta som bestyrar i 1941 etter 6 års arbeid her, reiste da til

Vikvarvet som bestyrar på samvirkelaget, og derifrå til Soknedal Samvirkelag.

Krigsutbrotet og enda meir invasjonen innvarsla eit tidsskifte på det økonomiske område som på så mykje anna.

Første halvpart av dei 20 åra forretninga hadde vori i gang, kan vel best karakteriserast som ei stille tid med nedgang i vareprisane år for år, stor varsemd både hos forretningsmann og kjøpar, og som følgje av det svært liten avanse. Det var ei vanskeleg tid for dei som skulle drive forretning, og mange handelsforretningar laut søkje akkord. Mange laut og slutte.

Dei neste 10 åra tok det til å svinge andre leia og dette gav utslag i stigande omsetning, større overskott og større tillit til forretninga. Omsetninga, som første året forretninga var i gang, var på 70000 kr. minka år for år til omsetninga i 1932 var under 40000 kranet. Sida gjekk det andre leia og i 1939 gjorde den eit lite hopp og kom over 100 000, truleg gjennom bureisinga. Krigstida og den næraste tida etter sermerkte seg med stor kjøpelyst, men lite og mest ikkje noko varer utom dei som var rasjonerte. Heller ikkje dei var så få. Sko og klede vart mangelvare, og mange hushaldningsvarer som ikkje var å få vart erstatta av suragat. Varemangelen heldt seg i mange år etter krigen og. Så seint som i 1949 har foreninga vedteki at blåty og flanell skulle haldast unna ope sal til fordel for dei som hadde born.

Løner og vareprisar vart haldne nede gjennom heile krigen, medan svartebørshandelen florerte.

Kvam var handelsstyrar her den hektiske tida da invasjonen kom.

Han greidde å fylle bua med mat- og andre forbruksvarer som var av stor verdi i den oppskaka tida.

Etter *Kvam* kom *Per Nordgård*, Tydal, som handelsstyrar, og han vart verande i 17 år til 1958.

Det vart ikkje lite omskifte i denne tida. Med bureisingsfeltet på Nekåbjørga og arbeidsleiren som vart bygd i krigsåra, trongst det meir folk på butikken, og i 1941 var det fast butikkhjelp, mot daghjelp før.

Etter krigstida vart det eit kapplauv mellom prisar og løner som mest tok pusten frå folk. Store anleggsarbeid kom i gang med arbeid og fortene og større krav til all slags service. Det kravdest kjøleskåp og fryseanlegg, og i 1955 monterte handelsforeninga fryseanlegg i kjellaren.

Det var andre tal no enn da forretninga sette opp nybutikken. Fryseanlegget kom på 20000 kroner, og det vart lånt 3/4 av summen.

Nordgård, som var f. i 1901, slutta som bestyrar i 1958 for å fara heim og hjelpe broren med gardsbruket.

Som ny bestyrar kom *Ole Kjøsnæs*, Selbu, tidlegare betjent på Tydal Samvirkeleg. Han kom midt opp i ståket med å bygge nytt lagerrom. Gamlelageret var framleis i bruk, og nybygg hadde vori diskutert på fleire årsmøte til spørsmålet endeleg vart avklåra.

Det nye lagerrommet som er bygd i same breidd og høgd som butikken, kom på 25 000 kroner og vart finansiert ved lån. Her og vart det innreidd rom i andre høgda til posthus. Anlegget ved Hegset-dammen vart no sett i gang, og forretninga innreidde familiebusstad og i andreetasjen som var bortleigd i heile anleggstida.

Omsetninga som hadde nådd 200 000 kroner etter krigen, hadde auka til 342 000 kroner siste året *Nordgård* var her. Dei store anleggsarbeida ved Hegsetdammen, tunnelen og kraftstasjonen i Hestspranget sette ny kveik i oppgangen og omsetninga nådde mest det doble på tre år. Seinare og har den halde seg høg, kring 550 000 kroner.

Den store stigninga kom sjølvsagt mykje av den veldige prisstigninga, men og auke i varehandelen, da forbruket er langt større no enn før. Arbeidet har og auka, og frå 1960 har det vori både betjent og butikkdame attåt bestyraren. Forretninga har følgd opp med nye investeringar. I 1965 fekk butikken nytt inventar for sjølvbetjening, ei affære som kom på 30000 kroner, men som kunne finansierast utan lån.

Ved 50-årsjubileet stod handelsforeninga med moderne lokale og ei formue som nærmar seg 100000 kroner.

Ole Kjøsnæs, f. 1918, vart g. 1959 m. *Elisabet As*, Tydal, f. 1927. Dei har 1 barn: *Anne Lise*, f. 1961.

TUSETASEN **Nedl. plass**

Tusetåsen eller Asarommet som dei kallar plassen, ligg i Ustigardstrøa på søre side Nea. Plassen var bygsla i 1859 av *Ole Ingebrigtsen Tuset*. *Ole* var innflyttar. Han kom til Flora i 1846 i følgje med broren *Ansten*, mora, *Marit Rasmusd.* og fleire av huslyden. *Ansten* hadde fått feste på Bjørken. Huslyden skreiv seg for Bråten og var frå Tyldal.

Ole Ingebrigtsen, f. 1813, vart g. i 1856 m. *Marit Arentsd. Næss*,

f. 1831. Foreldra hennar, *Magnhild Olsd. Neset*, f. 1805 og *Arent Johnsen*, losjerte på Neset.

Ole og *Marit* hadde 4 born, alle gutar:

1. *Ingebrigt*, f. 1856, bygsla plass under Neset, noverande Fremo.
2. *Ole*, f. 1860, g. 1887 m. *Ingeborg Johnsd. Evjen* og kjøpte småbruket Bergemo, og tok dette namnet. Dei hadde 8 born: *John, Marit, Ane, Ole, Peder, Inga, Olaf* og *Magne*.
3. *Ansten*, 1863, for til Am., ug., budde i Mpls.
4. *Arent*, f. 1870, g. 1893 m. *Mali Barosd. Uthus*, budde på Stortrøa under Flaknan.

Tusetåsen er på kring 3 mål jord. Her sette *Ole Ingebrigtsen* opp ei lita einhøgda stugu og budde her. Mor hans, *Marit Rasmusd. Bråten*, budde og hos dei. Ho døydde i 1862, 82 år gammal.

Ole rudde opp plassen, men noko større jordsbruk hadde han ikkje.

Plassen er ført i folketeljinga både i 1865 og 1875. Dei har både sådd og sett potet, krøter er ikkje oppført. *Ole* gjekk idagleige, hogg tømmer og dreiv med handsaging, var på onnearbeid og tok på seg jorddyrking og anna tilfelleleg arbeid, og hadde det ikkje så lett. *Ole* hadde brote av fot ein gong og var halt, og gjekk under namnet Halt-Ola.

Ole Ingebrigtsen døydde i 1887, 74 år gammal. Kona, *Marit Arentsd.* fire år før, i 1883, 54 år.

Plassen vart da nedlagt, og stugu flytta ned på elvmelen ved Sagbekken på tomt under Neset.

DRIVVOLLEN

Drivvoll ligg på søre side Nea, vest for Usma. Det er to gardar, Ustistugu og Nordigar'n. Gardane vart bureist kring 1850 av to brør frå Tuset austre. Drivvoll hørde Tuset til og var brukt til seter. Dei kom med geitene her tidleg om vårane. Det blir tidleg geithamn i den bratte elvbjørga her, og fleire gardar hadde geitsetrar. Uthus vestre setra i Branden, nord for Drivvoll, og Tuset vestre hadde geitsetra si på Langsetenget som grensar mot Langsmoen. Mellom denne setra og Branden ligg Fossen, som høyrer til Hegset og har vori brukt som haustseter. Setervalda går til elvbrettet, og Drivvoll grensar i vest og sør mot Flaknan, som har hatt geistseter på den for lang tid sidan



Drivvoll med Klevan og Moen på andre sida elva.

nedlagte setra, Litl-vollen, i bjørga oppfor Drivvoll. Fleire av gardane hadde engslætte på setervalda, og Uthusgardane åtte kvar si av øyane i Nea.

Rekstervegen til Drivvoll og dei andre setrane gjekk langs Nea på søre sida med bru over Usma straks innafor Drivvoll i ei, t nifst brustelle der ulykka med vesle *Brynhild Tuset* hende, som det er fortalt om framfor, i stykket om Tuset austre.

Det var ikkje rudd noko på Drivvoll før bureisinga. Setra som låg under bakkane bak gardane var så innestengd av skog, at seterhusa ikkje var synleg frå allmannvegen på andre sida elva. Dei såg berre røyken stiga opp mellom tretoppene.

Gardane vart ikkje bureiste samtidig. Bureisaren på austre garden kom 10 år etter broren som var eldre og hadde bureist Nordigar'n.

Dei to brørne, *John* og *Gunder Olssøner*, fekk Drivvoll som arvefeste mot ei årleg leige på 3 spd. på kvar.

Brørne fekk «Gammal-skulinn», *Ole Kirkvoll* til å hjelpe seg med delinga, som han gjorde grundig. Han delte til slutt ein snip mindre enn 1 mål. Jorda låg i teigblanding til 1930 det

vaN haldi utskiftning.

Tolkinga av namnet synest å vera uklår da tverelva som renn her heiter Usma, og ingen tradisjon veit å fortelje om noko anna namn. Likvel må ein gå ut frå at første namnlekken kjem av elvnamnet Driva,

som Usma må ha vori kalla ein gong i tida. På Rotldalen har ein same *namnet* pti *ein setervoll*. *Drivvollen der ligg og ved ei fossande elv*, og denne heiter Driva.

DRIVVOLL vestre (Nordigar'n)
G. nr. 112, br. nr. 9.

Som alt fortalt, så var det den eldste av dei to brørne som bureiste Nordigar'n Drivvoll. Han heitte *John Olsen*, og flytta til Drivvoll i 1848, truleg. Broren kom ti år seinare.

Det var meininga at *Jalm* skulle ha Drivvollen aleine, og *Gunder* plassen Hammaren, når den vart ledig. Men *John* syntes det var nok jord til dei baa på Drivvollen, og slik gjekk det til at *Gunder* kom etter.

John Olsen Tuset vlar f. i 1826 og vart g. i 1847 m. *Marit Gundersd.*

Eidem, Brennan, f. 1824.

Dei hadde 4 born:


1. *Ragnhild*, f. 1847, g. 1872 m. *Ole Johnsen Tuset*, Viengtrøa, losjerte ei tid på Drivvoll før dei for til Am., farma ved Beltrani, Minn.
2. *Ole*, f. 1851, tok over garden.
3. *Gunder*, f. 1856, for til Am. i 1879, farma ved Osseo, Minn., gift og hadde 3 born: *Sina*, *Mathilde* og *Johannes*. Kona, *Julia* d. og *Gunder* g. att i 1900 m. *Marit Johnsd. Ørås*, Røssethaug.
4. *John*, f. 1857, g. 1888 m. *Beret Gundersd. Uthus*, Haugan, for same år til Am., farma ved Beltrani, Minn., 3 born: *John Martin*, *Gunnerius* og *Rudolf*.

John Johnsen var ein morosam kar, full av påfunn, og det gjekk mange historier om han.

Ein gong sette han opp knadetrauet til skyteskive for ein kamerat, berre på spit. Men kameraten skaut godt denne gongen, enda han stod på andre sida av storelva og *John* fekk hol i trauet.

Ein gong kom han med så fin ei treskei til sjølvkona på Flaknan, da han var ved Kvernbekken og mol. Seinare på dagen kom han med ei like så fin skei som han gav dottera. Da dei så skulle samanlikne gåvene, kunne ikkje mora finne skeia si, og no skyna dei at det måtte vera same skeia baa to hadde fått i gåve.

Reint vidspurt vart ei historie han fortalde om da han skulle hjelpe ein med å lesa eit kjærlichetsbrev. Karen ville naudleg at nokon skulle



Ingeborg og Ole J. Drivvoll.

få vita kva som stod i brevet. Det var det ikkje farleg med, meinte *John*. Det var berre å halde for øyra hans, så hørde han ingen ting av det som vart lesi. Så las *John* brevet høgt, medan den andre stod med eit finger djupt inne i kvart av øyra hans.

Om krøterhald og utsåd på bureisingsbruket opplyser folketeljinga frå 1865 at *John Olsen* hadde 1 hest, 5 naut, 5 sauer og 2 geiter, og sådde ½ t. bygg og sette 1 ½ t. potet. Ti år seinare var geithaldet auka til 9 og utsådet til ¾ t. bygg og 3 t. potet. Ellest som før.

Borna for til Am. den eine etter den andre. Eldste son, *Ola*, var og over dammen ein tur, men

kom att og tok over heimgarden.

John Olsen d. i 1885, 60 år gl. *Marit Gundersd.* d. i 1899, 75 år.

Ole Johnsen Drivvoll vart g. i 1896 m. Ingeborg Olsd. Sesseng.

Ho var enkje etter *Eirik Sesseng* på Røssetmo. *Eirik* d. i Bindal. Han og *Ola Kyllø* var der på arbeid, bygging av ei kyrkje. Ei dotter etter *Eirik* og *Ingeborg*, *Sigrid* d. som barn, 4 år gl.

Ingeborg, f. 1856, var frå Rønsberg, Bønsbakken. Ho var dotter til *Ole Olsen Rønsberg* og *Ingeborg Johnsd. Bjerken*.

Ola og *Ingeborg* hadde 2 born:

John, f. 1897, tok over garden, og *Emilie Serine*, f. 1898, g. 1921

lærer O. B. Flakne.

Ola Drivvoll vølte alle hus så nær som buret. Han flytta stugu som stod lenger ute på bakken, tømra til nystugu og sette opp glasveranda

som da var på mote. Nyfjøsset vart tømra på mura kjellar. Det står på vestre side tunet, beint mot låven som han òssette opp.

I 1905 kjøpte *Ola Drivvoll* *Granøya* i Gressli for 1000 kroner. Attåt skogen på øya, var det skrinnslått, og *Ola* rydda åkerland og køyrde heim mange lass høy og grønfor og fleire famn bjørkved om vintrane.

Ingeborg Drivvoll var helsesterk og eit ivrig arbeidsmenneske. Ho hadde fleire gamle i pleie. Ein av dei var «Gammal-Jakob». Han var så takksam for å få vera rein og velkledd og lika seg så godt på *Drivvoll*.

Jakob Jakobsell var rette namnet hans, og han hadde nok ikkje hatt den beste lagnad. Han var svensk og hadde i unge dagar fari heimafrå etter ei syrgjeleg hending med faren, og hadde sidan freista tilveret her i landet. Hadde til slutt drivi som lervhandlar. Ha-n var godsleg og ville gjerne hjelpe til der han var. Han hogg ved 08 rådde til ved i skogen og, braut opp stubbar i *Drivvollbakkane*, og drog *Saman kvist* i store haugar, enda fingrane var heilt samankrøkte av gikt.

Jakob Jakobsen var f. i 1819 og d. i 1907.

Ola J. Drivvoll d. i 1922, 71 år gl. *Ingeborg Drivvoll* d. i 1942, 86 år.

John Olsen Drivvoll vart g. i 1925 m. *Gjertrud Olsd. Østbyhaug*,

1899.

Dei hadde 4 born:

1. *Ola*, f. 1926, befallsskulen, g. i 1952 m. *Nelly Pauline Sandvik*, Osen i *Bjømør*, bur på *Røa* i *Bærum*. Born: *Jan Gunnar*, *Morten Arve* og *Svein Ola*.
2. *Ingeborg Sofie*, f. 1928, g. 1953 m. *Peder Ragnar Krogstadmo*.
3. *Oddmund*, f. 1930, g. 1956 m. *Gerd Langørgen*, *Trondheim*, f. 1935, ymse slag arb., fleire år på *Vestres orgelfabrikk*, men mest anleggsarb., bur i *Trondh*. Born: *Bjørn Jostein* og *Geir Jomar*.
4. *Gunnar Jarle*, f. 1942, har teki over eigedommen.
John O. Drivvoll kjøpte bruket i 1927 da arvefestet vart innløyst.

Samtidig kjøpte han *Branden* som ved skylddelinga vart slegi i hop med *Drivvoll vestre*, med ei samla skyld på 0.52 mark.

John fekk tidleg ein smertefull augesjukdom, betennelse, som førte til at han til slutt vart nesten blind. Han var og mykje plaga av gikt. Han las mykje og følgde med i radio og aviser og visste meir enn dei fleste, og hadde alt fått tillitsverv da sjukdomen melde seg og sette stengje.

Han støypte ny kjellar under vestre stugurommet og innreidde det til kjøken.

John O. Drivvoll d. i 1959, 62 år gl.

I 1961 overdrog *Gjertrud Drivvoll* bruket til yngste sonen, *Gunnar Jarle* for 2000 kroner og kår~ Samtidig vart *Granøya* overdregi til han.

JarIe tok seg av heimgarden med liv og lyst, støypte ny kjellar under resten av stugu, og pussa opp innvendig.

Han går no på lærarskulen på Levanger. Jorda er bortleigd~

DRIVVOLL austre (Ustistugu)
G. nr. 112, br. nr. 8.

Bureisaren på Drivvoll austre, *Gunder Olsen Tuset*, var f. i 1831 og vart g. i 1856 m. *Ingeborg Olsd. Flakne*, f. 1834.

Dei hadde 5 born:

1. *Ole*, f. 1857, for til Am. 1887, kom att i 1892, d. 1899.
2. *Ole*, f. 1860, tok over bruket.
3. *Ragnhild*, f. 1863, g. 1891 m. *Ole Johnsen Uthus*, budde på Meium, Selbustranda.
4. *John*, f. 1869, dreiv garden saman med broren.
5. *Ingeborg*, f. 1873, g. 1895 m. *John B. Hegset*, på Hegset øvre.

Gunder Drivvoll losjerte først hos broren til han fekk opp hus. Han dreiv Hoem øvre nokre år, men våga ikkje kjøpe garden og flytta til Drivvollatt.

Om jordsbruket opplyser teljinga i 1865 at han hadde 1 hest, 3 naut, 6 sauer og 2 geiter, og sådde 1/4 t. bygg og sette 1 1/4 t. potet. Ti år etter hadde han forutan hesten, 5 naut, 4 sauer og 11 geiter.

Det var ikkje alltid lett å få endane til å møtast på det nyreiste bruket. Akeren ville ikkje alltid bli mogen, og det hende dei leigde åkerland oppe i bygda (Tuset, Bjørken) for å sikre seg avling. Ikkje v,ar det pengar å kjøpe for heller alltid. *Ole Drivvoll*, den nesteldste, fortalde mykje om korleis dei streva.

Ein gong dei slapp opp for mjøl, kørde far deira til hytta på Mølnå, det var både korn og mjøl å få der. Borna var små enda og venta trutt på faren. Da dei fekk sjå han kom nede ved Engmoen, hengde mor deira grautgryta over elden. Og så god graut som dei fekk den kvelden, trudde *Ole* han aldri hadde smaka sidan.

Ein gong vart dei mjøllause i markaslåtten. Dei slo i Hesjedalen.

Ole, og den eldre broren, *Ola*, var med faren og skulle hjelpe til med

raksteren. Så ein dag var dei i beit for mjøl. Heime var det nok ikkje betre mjølforrådet, men det var svært fløtt det året, og det tok alt til å broke på kornåkeren. Faren sette att gutane, for heim, plukka dei mognaste aksa, tørka kornet, mol og kom att med grautmjøl.

Gunder og Ingeborg Drivvoll vart ikkje gamle folk. *Gunder* døydde i 1877, berre 46 år gl. *Ingeborg Olsd.* d. i 1886, 52 år.

Eldste son deira, *Ola Gundersen* som han vart kalla, vart ikkje gamal, han heller. Han d. i 1899, berre 42 år. Han hadde lungebrann.

Ola var ein tur til Am., reiste i 1887 og var borte li 5 år. Han kjøpte Drivvolløya som vart ein god tilvekst til bruket. *Ola* var ugift.

Nummer to av gutane, *Ole G. Drivvoll*, dreiv jorda i lag med broren *John*. *Ole* var ugift. Han var religiøs, heldt misjons-møte, takka ut i likferder, og introduserte tilreisande lekpreikarar og prestane når dei heldt bibellesningar. Han hadde god songstemme og leidde songen. Han såg om dei sjuke og var den sjølvskrevne sjelesørgjaren i grenda.

Ole G. Drivvoll d. påskedagen 1940, 80 år gammal.

Han overlet både øya og plassen til broren, da arvefestet vart innløyst i 1927.

John G. Drivvoll vart g. 1901 m. *Anne Jensd. Liahaugen*, f. 1876. Dei hadde 2 born:

1. *Ingeborg*, f. 1902, g. 1934 m. *Olaus Hansen Rønsberg*, f. 1895, d. 1945.
2. *Marianne*, f. 1910, ug., heime og hjelpte foreldra, styrarinne på aldersheimen på Skatval frå 1955.

John og *Anne* har og hatt 2 pleiebarn:

Magnar Kolstad, f. 1924, til Drivvoll 1936, g. 1954 m. Bjørg Marta Auran, Skatval, bygd villa på Skatval. Born: Anfrid Ingun, Grete Ø-hanne, Dagfinn Jostein og Bjørn Morten.

1. *Ingrid Meland*, Strinda, f. 1936, kom på Drivvoll i 1942, handelssk., g. 1954 m. *Jørgen Myhr*, Trondheim. Born: *Roar*, *Ann Helen*, *Marianne* og *Jarunn Kristin*.
2. *John G. Drivvoll* var snikkar og tømrar. Han var med på restaureringa av kyrkja i 1888, og han har vori med på dei fleste nybygg i grenda i hans tid.

Heime har han sett opp nytt stugulån og nytt fjøs. Gammalstugu, som står på austre side tunet, vart ikkje rivi, men har vori brukt som sommarstugu, og er no restaurert av noverande eigar. Berre buret og stallen står urørt av gammalhusa.

John var ivrig jordbrukar, grøfta og rydda nyland. I 1934 kjøpte han Smedplassenn, bnr. 6 under Bakken, som sidan har vori drivi som underbruk til garden.

I 1919 fekk dei eiga seter. Setra ligg på Rotldalen og har høyrd Evjen til. Her var *Anne Drivvoll* budeie i over 30 år. Ho trivdest på setra med kyrne og den store geithoppen. Her hadde ho vori budeie før og, for dei på Evjen.

Setra ligg midt i turistvegen til Stormoen, og Evjevollen vart ein kjær kvilestad for fjellturistane.

Dei setra på Drivvoll til 1961 og var dei siste som setra i Flora.

John G. Drivvoll d. i 1947, 78 år gammal.



Oie G. Drivvoll.

Ingeborg Rønsberg, som hadde vorti enkje, flytta no heim. *Olaus* og *Ingeborg* hadde 3 born:

1. *Hans*, f. 1935.
2. *Solveig Kristine*, f. 1938, g. m. *Per O. Flakne*.
3. *Anne Jorunn*, f. 1943, hjelpepleierske, g. 1968 m. *Jan Varmdal*, bur i Trondheim.
Barn: *Mona*.

I 1963 overtok *Hans Rønsberg* eigedomen med øya og Smedplassen for 10 000 kroner og kår til seljar.

G. nr. 113.

Bjørken høyrer med mellom dei gamle gardane i Flora. Han er for første gong funnen nemnt i ei skriftleg kjelde frå 1590. Gardsnamnet er da skrivi «Bierekenn».

Den forma gardsnamnet her har fått, tyder ikkje på serleg høg alder, meiner dei lærde. Men her som over alt gjeld det at dei eldste gardane vart bureiste lenge før namna deira kom i bøkene.

Av andre eldre skriftformer har ein Biørckenn og Bierchenn i 1626, og Bierehen 1723.

Uttalen er: Børkja, dat. Børkjinn, einstavings tonelag. Preposjonsrekka er: åt - i - frå.

Gardsnamnet kjem av gn. bjork (namn på dette treslaget), her beint fram brukt som gardsnamn, skriv O. Rygh i N. G. og samanliknar med gardsnamnet Bjørka i Verdal. Dette gardsnamnet, som står i

Bolts jordebok, er der skrivi Biorko.

Den eldst kjente landskylda på Bjørken var 1 øre. Da me fekk dalar-skyld, vart den gamle skylda omgjort til 1 dalar 22 skilling. No utgjer ho samanlagt 4.07 skyldmark.

Som dei fleste gamle gardane i Flora har Bjørken vori kyrkje- eller klostergods før reformasjonen. I 1590 er halvparten av garden ført som Kronens gods og har sikkert legi under erkebispestolen. Andre halvparten som berre stutt tid seinare også er dregi inn under Kongen, har truleg vori klostergods.

Første oppsittar på garden ein veit om, er *Haldor Bircken*, ført i skatteliste frå 1611. Men namnet har nok vori *Halvor*, for det er seinare skrivi *Halfuer* og *Halduor*. *Halduor* er ført som oppsittar til 1650. Av koppskatten (1645) går det fram at han var gift og hadde 2 søner og 3 døtrer.

Etter han kjem *Biørn Halvorsen Bierchen*, ført med fullt namn i matrikkelen 1668. Han var nok ein av sønene til *Halduor*. Han stod for gardsdrifta i 1657 og laut da punge ut med 1 dalar 8 skilling i ekstraskatt for buskapen sin som etter oppgåva var på 1 hest, 9 kyr og kviger, 8 geiter, 7 sauer og 1 gris.

Alderen på *Biørn* er oppgjevi til 50-56 år i manntala i 1660-åra.

Berre ein person til er ført, ein *Guner* j 40-50 åra som var tenestdreng.

Biørn er ført som oppsittar til 1684, da stig *Jens Bierchen* inn i rommet hans.

Av faste utreidsler på garden i denne tida hadde ein først og fremst ledingen som var på 3 merker smør og 5 merker mjøl. I 1650 vart den betalt med 2 *ll* riksdalar - sju år seinare med 1 rd. lort og 1 skilling. Jordboka for 1661 der ledingen utgjorde 1 dalar, fører opp 8 skilling engslætte, men garden har ikkje svara skatt for «Qvernsted.» Ein annan skatt, småtiende, er ført med 16 skilling i jordboka for 1668. Der har ein og oppgave over komtienden som det året er svara med 2 skjeppe bygg og 4 skjeppe havre.

Garden hadde da vorti privat eige, kjøpt av *Christopher Caspersen*

Schøller og gjekk så den vanlege vegen frå *Schøller* til *Brix* også til *Schøller* att. Vidare til *Weinigel* og *Schøller* på nytt, og så til *Kroghane* til garden i 1828 vart kjøpt av brukaren.

Om *Jens Bierchen* er det ikkje meir ein veit enn at han var oppsittar på garden i slutten av 1600-talet og.

Etter hundreårsskiftet møter me nytt folk på garden. Dei skriftlege kjelder vert no rikare og gjev fyldigare bilete av garden si soge. Men først litt om sjølve garden.

Bjørken ligg mellom gardane Tuset og Hegset og er avgrensa mot den siste ved Hegsetbekken. Mot Tuset følgjer grenselina høgdedraget nærast mellom dei to utmarkene. Dette gjeld den næraste utmarka. Den smitar ut ved Oddane som ligg på høgda mot Rotldalen like ved Grossvollen der Hegset støyter i hop med Tuset si utmark. Her låg Oddvollen, ei seter garden brukte heilt ril utskiftinga 1901. Nord for høgda, mellom denne og Rotla har garden sitt største utmarksområde, Rotlbjørga, eller Bjørkamarka som det og er kalla. Den grensar mot ålmenningen i aust og mot Flaknan seter i vest.

Her hadde garden 3 setervollar. Rotlvollen og Nyvollen i vest, og Svarttjønnvollen i aust. Rotlvollen ligg like ved Rotla og er mest så stor som ein gard. Her setra dei på ettersomaren medan dei to andre var vårsetrar.

Garden hadde ,rikeleg med markasløtte, og ein nemner her nokre av dei viktigaste. Dei ligg alle i vegleia til Rotlvollen. I rekkefølge kom Rytmyra og Oddane i heimemarka. Vidare: Vassdalen, Hestkåsen, Nyvollmyrane og Buåsen.

Bjørken har ikkje eigedomsvald på sørsida Nea. Garden rekk heller ikkje ned til elva, men er avgrensa mot sør ved eit stup dalsida gjer mot elva. Garden vert soleis liggjande høgre enn dei andre (frårekna den gamle Øråsgarden). Men jordsmonnet er ideelt, djup matjord med leirjord. Nedste parten av jordet ligg i ei bratt li, Bjørkaliene. Her låg den gamle åkerjorda som var rekna for å vera årviss. - «Vart det ikkje årveg i Bjørkafota, vart det ingen stad», vart det sagt.

I 1701 sat *Jon Olsen*, 60 år gammal, som leiglending og husfar på garden, med 4 søner: *Halvor*, *Gunder*, *Tommis* og *Ole*. Alderen var 17-15-13 og 8 år. Av kyrkjeboka går det fram at mora heitte *Eli*. Kvar ho og *Jon* var i frå er ukjent. «*Eli Birchen*, *Jon Birchens* qvinde i Frolen d. i 1717, 68 år gl.», står det. *Jon Birchen* d. i 1727, 80 år g.

Av sønene vart den eldste heime, *Gunder* kom til Tuset. *Tommis* og *Ole* veit ein ikkje meir om.

Det vert som ein ser atter *Halvor Bjørken*, og det kan tenkjast den

nye *Halvor* var i slekt med den eldre. Det må i så fall ha vori på morsida så *Jon Olsen* var gift til gards, som ein seier. At eldste son har fått namnet *Halvor* og ikkje *Ole*, tyder og på det. Namneskikken var slik.

Halvor Jansen vart gift i 1713. Kona heitte *Berit Hemingsdotter* og var frå Greislie (Gressli). Dei hadde 2 små born da garden vart vitja av general *Armfeldts* karar i 1718. *Halvor* hadde da teki over gardsdrifta og er ført som oppsittar i takstprotokollen over skaden, og den var ikkje liten.

Vanleg lykkast det å gøyme unna krøter, først og fremst hestar og kyr. På Bjørken er det likt til at framandkarane fann fullt hus. Berre hesten har dei ikkje fått tak i. Skadetaksten nådde over hundre riksdalar og er sett opp slik:

Bordkledning og skigard, brent 2	-	«	-	«
16 tynner bygg	30	-	«	- «
12 lass halm	6	-	«	- «
22 ½lass høy	11	-	1	- «
7 kyr	24	-	2	- «
1 kvige	2	-	«	- «
7 småfe	3	-	2	- «
Gardsredskap	13	-	«	- «
Klede og innbu	5	-	«	- «
Matvarer	7	-	1	- «
Heile skaden	104	-	2	- «

I 1723 er utsæden på Bjørken oppgjevi til 1 ½ .t. og foraviinga til 27 lass, og krøterhaldet til 1 hest, 3 kyr, 2 ungnaut, 2 sauer og 3 geiter. Om garden heiter det at han er tungvunden, frostlendt, uviss til korn, men god til eng, og kunne stå for si skyld.

Halvor Jonsen og Berit Hemingsd. hadde 7 born:

Eli f. 1715 - *Heming* 1718 - *Kirsti* 1721 - *Jon* 1724 - *Magli* 1727 - *Anders* 1731 og *Peder* 1734. Ein saknar odels guten som etter skikken skulle ha heita *Jon*, men som truleg var død.

Av desse borna får me høyre meir om *Heming* og *Jon, Kirsti* vart

m. *Peder Olsen Kyllø*. Dei andre veit ein ikkje meir om.

Halvor er ført som oppsittar på garden så seint som i 1746. Han døydde i 1752, 68 år gl. *Berit Hemingsdotter* vart 87 år. Ho d. i 1772.

I manntalet 1762 er det ført opp 6 personar på Bjørken. Det er brørne *Heming* og *Joen*, båe gift, ei 13 år gamal dotter av *Heming* og bestemora, *Beret Hemingsdotter*, «sengeliggende», står det. *Heming* var oppsittar og kona hans heitte *Ane Joensdotter*. *Joen* er ført som inderst, og kona hans heitte *Ane Hansdotter*. Ho var frå Hilmo. *Jon* var heime så seint som i 1765, men i 1767 var han komen på Stormoen, og vart buande der heile si tid. Eldste son hans kom attende til Bjørken att, så me får høyre meir om huslyden til *Jon*.

Heming og *Beret* hadde 4 born:

Beret 1750 - Joen 1753 - Marit 1755 og Halvor 1759.

Her er og odelsguten borte, dei må ha hatt ein son før *Beret*. *Beret* vart g. m. *Lars Jonsen Mebust*, Uststu, og *Marit* m. *Ole Peder-*

sen Øråsplassen. *Joen* vart verande heime og *Halvor* veit ein ikkje meir om. Ein veit heller ikkje kvar mora, *Ane Jonsdotter* var frå.

Ho døydde i 1765 (?) Tre år seinare gifte *Heming* seg att. Andre kona heitte *Marit Barosdotter* og var truleg frå Uthus austre.

Heming døydde i 1775, 57 år. Han var kanskje «Bjørkamannen» som miste livet i «Bjørkmannsvåen» i Usmbjörga, om hendinga skriv seg frå «historisk» tid. *Heming* hadde kona si frå Uthus, og kan ha hatt både markaslått og mosetak i Vora, enda Bjørka ikkje hadde eigedom der. *Heming* døydde og på den tida dei køyrde markaforet.

Marit Barosdotter hadde ikkje eigne born, men stedsonen, *Jon Hemingsen*, var heime og hjelpte henne.

Neste oppsitjar på Bjørken var *Jon Hemingsen*. Han vart g. i 1782 m. *Beret T øresdotter Enbakken*, enkje etter *Peder Knutsen*. Dei hadde ikkje born, men *Beret* kom med 2 born frå første ekteskap: *Beret*, f. 1754 og *Knut*, f. 1768. Båe to døydde i ei fæl sott som gjekk over bygda i 1788.

Beret Tøresd. d. i 1796, 70 år gl.

Ikkje lenge etter vart *Jon Hemingsen* gift med ei enkje på Vølset i Innbygda og flytta frå Bjørken, og da kom det enda ein gong ein *Halvor Jonsen* til Bjørken, denne gong frå Stormoen. *Joen Hemingsen*, eller Vølset'n, som dei kalla han no, var fadder til odelsguten, *Jon Halvorsen*.

Me lyt no gjera eit hopp attende til inderstfolka på Bjørken i 1762, som flytta til Stormoen, *Jon Halvorsen* og *Ane Hansd.*, heitte dei. Dei hadde 6 born; *Beret* 1759 - *Kari* 1761 - *Halvor* 17,65 - *Marit* 1767 - *Hans* 1771 og *Jon* 1774.

Beret d. i 1791, *Marit* g. m. *Baro Henningsen Hegset*. Ho følgde ellest *Halvor* til Bjørken, var ugift. *Jon* var og i følge med *Halvor*. Dei hadde flytta til Bjørken 1801, og står i manntalet.

Gammalfolka budde på Stormoen enda. Likeeins *Hans* som var ug.

Jon Halvorsen d. truleg på Stormoen. Kona, *Ane Hansd.* flytta da til Bjørken. Ho d. i 1813.

Jon Jonsen vart ikkje gift. Han sette opp ei stugu at seg på Bjørken, ved gjerdesgarden mot Tuset. Han vart heitande Gammal-Jo til skildnad frå den yngre *Jon*, som voks opp på garden. *Jon* d. i 1848, og stugu som dei kalla Gammal-Jo-stugu, vart seld og kom att på plassen «Byåsen».

Halvor Jonsen Bjørken vart g. i 1800 m. *Ingeborg Pedersd. Aunbakka* n i Vikvarvet. Ho tente på Gullset da *Halvor* vart kjend med henne, så *Halvor* hadde lang friarveg, tykte folk, frå Stormoen til Gullset.

Halvor og *Ingeborg* hadde 2 born: *Jon*, f. 1801 - *Anne*, d. 1807, 2 år gl.

Halvor gjorde som dei andre bøndene i Flora og kjøpte garden sin i 1828. Kjøpesummen var 300 spesiedalar, ein sum som viste seg å bli i drygaste laget å løyse. Andre ting spela og inn og gjorde sitt til at garden ikkje vart berga for ætta.

Her låg ellest alt vel til rette da garden vart kjøpt. *Jon* var nett gift, så dei var 4 vaksne på garden, og alle i sine beste år kan ein vel seie.

Jon Halvorsen vart g. i 1826 m. *Sofie Larsd. Mebust*, Uststu, og hadde to born, båe var jenter: *Ingeborg*, f. 1827 og *Ingeborg*, f. 1830. Dei hadde no nokre lykkelege år. Men så kom motgangen.

Halvor fall frå om sommaren 1834, rett nok 69 år gammal, men likevel umissande. Verre vart det året etter. Da døydde både ung-kona og bestemora, og *Jon* vart att med dei to småjentene. Det gjekk no og så fort med *Sofie*. Ho var i setra, på Nyvollen, da ho vart sjuk og laut sende gjetaren heim med bod. *Jon* kom med hest og slede, og tenkte å køyre *Sofie* heim, men ho var så sjuk at ho kom ingen stad og døydde på Nyvollen, 34 år gl. Mora, *Ingeborg Pedersd.* hadde og vorti sjuk om sommaren og døydde vel 14 dagar etter *Sofie*, berre 57 år gammal.

For *Jon* vart tapet av kona for hard påkjenning, det vart berre tufs med han etter den tid, sa folk.

Men livet laut gå sin gang. *Jon Halvorsen* fekk ho Stor-Beret til taus, og ho gjorde seg voner om å bli kjerring og, trudde folk, men det

vart ho ikkje. *Jon* gifte seg med syster til «Ny-mannen» på Neset, *Guri Olsd. Ysetmo*, frå Haldal, og ho Stor-Beret kom att på Enbakken.

Gjelda på garden auka i staden for å minke, og da buet etter *Sofie Larsdotter* vart oppgjort, var det klårt at *Jon Halvorsen* ikkje kom til å greie seg, men det hangla og gjekk enda i to år, til 1840. Da gjekk garden til auksjons.

Småjentene kom da til morsfolket sitt, Stor-Ingeborg til Mebust, og vart g. m. *Ole Olsen Rønsberg*, Bønsbakken, Litl-Ingeborg til Langli og vart g. m. *Ole Olsen Langlitrø*.

Jon flytta til Stormoen med den nye kona si, men kom att og bureiste plassen Brattåsen under Bjørken.

Jon Halvorsen hadde ikkje skøyte på garden da foreldra døydde, men han vart som einearving tildelt garden av skifteretten som vart avslutta 20. aug. 1838. *Jon* laut da gå god for denne gjelda:

1. Til Norges bank	195	spd.		
2. Til <i>Jon Monsen</i> , Hoem øvre	60	«		
3. Til <i>Ole Nordaune</i>	50	«		
4. Til ymse kreditorar ..	232	«	9 sk.	
Samla gjeld	537	«	9	

« Som alt fortalt, gav *Jon* opp garden som gjekk til auksjons i 1840, og vart seld for 500 spd.

Det var ein haldalingsom kjøpte garden og flytta inn med kone og 3 born. *Eisten Nordaune* heitte han, og var ein bror av *Ole Nordaune*.

Eisten var g. m. *Beret Engan*, Alen. Borna, 3 gutar, heitte *Ingebrigt*, *Hans* og *Jon*. Ein fjerde son dei hadde her, *Børe*, d. 1 ½ år gammal.

Desse folka vart ikkje gamle på Bjørken. *Eisten* døydde nokre år etter dei kom her, og enkja flytta da attende til Haldal.

Da *Einstein* vart sjuk og skjøna det bar mot enden med seg, sende han bod etter broren, men han nådde han ikkje i live. Det er fortalt at medan *Eisten* låg og venta på broren, sa han brått: - «No ser eg han *Ola*. Han er midt oppå feli no.» Og det skulle svare. Både *Eisten* og broren var sterkt religiøse, og det gjorde nok sitt til at folk tykte dette var så underleg.

Det vart no aktuelt med sal av garden, og om våren 1846 kom ein ny huslyd til Bjørken. Dei

kom sørafrå, skreiv seg for Bråten. Dei var

213

frå Tyllidal, men kom frå Røros der dei hadde vori i 3 år. Dei var 6 i talet: *Marit Rasmusd*, enkje etter *Ingebrigt Bråten*, sønene *Ansten*, *Rasmus* og *Ole*, ei dotter, *Guri*, og ei tenestjente, *Eli Olsd. Thorud*.

Ole kom elles t året etter. Dette året vart *Rasmus* gift med ei sørafrå, *Magnhild Estensd. Steien*, Elvdalen. Aret etter flytta dei til Tynset. *Ansten* som var hovudperson i huslyden, døydde om våren 1851, 42 år gammal. Dei hadde nok alt da gjevi opp garden som dei heller ikkje har hatt noko skøyte på. Dei to jentene reiste sørover. Dei hadde kvar sitt barn her: *Matis Thorud*, f. 1849, *Rasmus Bråten*, f. 1850. *Ole* vart verande i Flora, vart gift og budde på Tusetåsen, ein plass under Tuset, og mora, *Marit Rasmusdotter* budde hos han. Ho d. i 1862, 82 år gl.

Bjørken vart såleis ledig på ny, og om våren 1850 kom det atter nytt folk til gards, og dei vart verande. Det var eit nygift par, *John Gundersen Grøt* og *Kari Johnsd. Gåre*, båe frå Haltdal.

Ein morbror av *John*, *Hans Jonsen Grøt*, «Gorosen» dei kalla, var i lag med dei. Han var g. m. *Beret Johnsd. Nesmo*, men ingen av borna deira var med til Bjørken. Om han skulle vera med i gardhandelen er uvisst. Han kom i alle høve til å fara frå Bjørken att. Likte seg visst ikkje heller. - «Her er ikkje noko, korkje å gjera eller å eta,» svara han Ustigardsmannen ein gong han spurde kva dei dreiv med på Bjørken.

Korleis det var med gardhandelen er ellest uvisst. Nokon heimel på garden hadde ikkje *John Gundersen*, det ein kan sjå av kjeldene. Det ser ut til at lensmann *Svend Olsen* i Haltdal først har ått garden, og seld eller overdregi han til *John*. Det må vera skjedd i 1850-åra.

For å skaffe pengar vart det nå gått til sal av skog, og konsul *Huitfeldt* stod ferdig til å kjøpe. All skog som hørde garden til i Rotladalføret vart utskild ved skylddeling i 1857, og 3 år seinare formelt seld og skøyta til konsul *Huitfeldt* for 200 spd. Skøyte er utstedd av *Einar Pedersen Trondsaune*, som hadde vorti gift med enkja etter *Eisten Nordaune*.

Det nye bruket fekk løpenr. 144 b, og ei skyld på 22 skilling. Garden fekk bruksrett til 3 setervollar med hus- ved og gjerdefang.

Denne skogstrekningen gjekk i 1898 over til *A. Huitfeldt & Co.* og i 1936 frå firmaet sitt konkursbu til *Ingebrigt Kjeldstad*, Selbu.

For den nye gardbrukaren hadde ikkje tapet av skogstrekningen så mykje å seie. For han galdt det meir om beite og slåttland. «Gørtella

vil eg ikkje vita av,» sa han og reiv opp med rot. Og han hakka og svidde unna, så han fekk både beite og engslætte kring garden. Rotlvollen flidde han og opp, så han hadde 25 vinterlass der.

Men så vart det og stor buskap. Teljinga 1875 fører opp 1 hest, 10 kyr, 4 ungnaut, 5 sauer og 3 geiter. Om gardsbruket ellest er det opplyst at dei sådde 1 1/2 t. bygg og sette 6. t. potet.

All åker var nede i liene, og dit flytta *John* låven, og tryska kornet der. Folk brukte ofte å ha potetkjellar frå husa. Slik her og *John Gundersen* hadde potetkjellaren sin på kammen oppfor Håmmårrommet. Staden ligg utafør gjerdesgarden, men *John* hadde fått grevi ein god kjellar her, for det var så måtsamt eit jordsmonn. Her var tør blåleire, så kjellarveggene stod like fine år etter år. Hit bar dei potetbyttene i hendene opp frå åkeren, og herifrå bar dei poteten på same måte til gards i vinterhalvåret att.

John Bjørken, som han no skreiv seg for, ordna mykje med husa.

Han flytta ikkje berre låven. Han reiv det gamle stugulånet, nøyde seg med ei stugu som han sette opp på nersida av tunet. Den andre vart til ny låve på den gamle låvetufta. Stallen flytta han og til denne side av tunet. På vestre side, der stallen hadde stått før, vart det no rom til fjøsa.

Stugu han tok i bruk, hadde vori ei gamal lågstugu med påtømra loft. Stugurommet vart no delt i to, og med desse romma greidde *John* seg si tid. Buret stod mellom stugu og låven. To store eldhus vart selde. Gammellåven og stallen var oppsette av *Jon Halvorsen*.

Både *John* og *Kari Bjørken* var helsuge folk. *Kari* var åleine på setra med veslebarnt sitt første sommaren dei var på *Bjørken*. Dei fekk ein stor barnhop og laut fara varsamt med maten. «Du må ikkje måla opp årvegen din om hausten.» sa han til ein av sambygdingane. «Du må heller kjøpe litt, og svelte litt.» Om ikkje *John* akkurat svalt, 'så kunne han i alle høve bie over eit mål eller to om det kneip. Ein sommar på Rotlvollen, dreiv han på med slåtten mest veka til endes utan å eige grandet av grjon. - «Men eg vart fotmaug av det,» sa han.

John Gundersen Bjørken, f. 1819, g. m. *Kari Johnsd. Gåre*, f. 1827. *John* d. 1911, 91 år og *Kari* d. 1907, 80 år gl.

Dei hadde 9 born:

1. *Gunder*, f. 1850, bygsla plassen Brattåsen.
2. *Alet*, f. 1852, g. m. Baro Didriksen Hegset.
3. *Anne*, f. 1854, g. m. *Peder P. Bjerken*, Byåsen, reiste til Am.

4. *John*, f. 1856, reiste til Am.
5. *Anne*, f. 1859, ug. d. 1936.
6. *Ole*, f. 1861, g. m. *Gunhild Størset*, kjøpte Langlihaugen, Born: *John, Johan, Karl, Sigurd* og *Marie*.
7. *Beret*, f. 1863, reistetil Am.
8. *Johan*, f. 1866, g. m. *Beret J.Tuset*.
9. *Anders*, f. 1869, g. m. *Beret P. Bjerken*.

Johan og *Anders* budde heime, *Johan* i hushald med foreldra, *Anders* med eige hushald. Jordvegen delte dei minneleg, slik at *Anders* brukte ein part av jordet. Tanken var at dei to skulle dele garden mellom seg. Slik vart det likevel ikkje. Som odelsarving, gjorde *Gunder* krav på part i garden som i 1908 vart delt mellom han og *Anders*. Garden vart delt med omlag ei rett line frå sør til nord. *Gunder* tok over austre parten med det gamle tunet, og som no vart hovudbruket. *Anders* fekk den andre som fekk bruksnamnet *Bjørken* vestre og bruksnr. 3. For å få skøyte på gardpartane sine, let dei nye eigarane gardane gå til auksjons for skuldig skatt og tiende, eit par år etter fekk dei auksjonsskøyte.

Husa på det gamle tunet var gamle og forfalne. Det eine av fjøsa, som *Anders* hadde vori med og sett opp, fekk han med i handelen, og flytta til sitt tun.

Gunder som alt var langt opp i åra komen, brydde seg ikkje om å rette opp husa på det gamle tunet. Han vart buande i Brattåsen som før. Han slutta med markaforinga, slo berre jordet og parten sin av Rotlvollen. Den vart og delt, og baa partane setra her på ettersommaren. Dei andre to setrane brukte dei kvar sin av. *Gunder* brukte Nyvollen, og *Anders* Svarttjønnvollen.

I 1924 selde *Gunder* garden til broren *Johan Bjerken*. Kjøpesummen lydde da på 4500 kroner og kår til seljaren.

Johan som hadde losjert sidan han reiste heimifrå, flytta no til Brattåsen. Heller ikkje han bygde oppatt det gamle tunet, men vart buande i Brattåsen, og vil bli omtala i stykket om dette bruket. Likeeins huslyden til *Gunder*.

I 1961 vart hovudbruket kjøpt av *Einar P. Bjerken*. Han driv og jorda frå det bruket han hadde frå før, og tunet på den gamle *Bjørkagarden* ligg framleis øyde.



Brattåsen, til høgre «Velta», i bakgrunnen, Asheim og Bjørkhaug.

BRATTASEN

Nedl. plass

Brattåsen vart bureist i 1840-åra av *Jon Halvorsen Bjørken*, hugsar me. Plassen ligg i svært bratt lende aust for Bjørkajordet. Verhardt er det og, og bureisaren laut flytte stugu frå første tufta han valde til ei daulp like ved grenselina mot Hegset der det er litt ly for vinden. Av husa *Jon* sette opp, står enno stugu og låven, som baa vart opptøymra av nytt vyrke. Fjøset som er teki vekk, var ei gammal stugu han flytta frå Bjørken.

Jordvegen var ikkje berre bratt, men grunnlendt og. Berget stikk fram fleire stader, så det var rart at folk kunne livnære seg der. Men poteten voks mellom rabbane, og kornet og, og det foret dei ikkje avla på plassen, vart teki på myrane i utmarka. Og det var utruleg kor mykje krøter dei hadde. Teljinga i 1865 fører opp 5 naut, 6 sauer og 1 geit, og utsæden var på 4 t. potet. I 1875 er det ført ei kvart tynne bygg i utsæd og.

Jon Halvorsen f. 1801 vart g. andre gongen i 1838 m. *Guri Olsd.*

Ysetmo, f. 1804.

Guri var syster til *Ole Olsen Gilsetstøen* og kom i følgje med han til Neset. Ho hadde eit barn, *Anne Jonsdotter*, f. i Haldal 1828. *Guri*

og *Jon Halvorsen* hadde ikkje born. *Anne* vart g. m. ein *Johan Jonsen*, f. 1828 på Byåsen, Strinda, og han dreiv Brattåsen i lag med svigerforeldra. *John Halvorsen* fall frå i 1870. *Johan* flytta så til nybygd plass «Velta» like ved, men under Hegset.

Som ny brukar på Brattåsen kom *Gunder Johnsen Bjerken*, f. 1850,

1871 m. *Gidsken Hansdotter Fossan*, Håvollsegen, Tydal, f. 1843.


Det var 8 born:

1. *Kari*, f. 1868, voks opp på Neset, g. m. *Johannes Uthus*.
2. *Kari*, f. 1872, g. m. *Tobias Hegra, Stuberg, Hegra. Born: Hans, Gunnar, John og Tordis*.
3. *John*, f. 1875, reiste til Godrike, Minn., g. m. dotter til *Jon og Ane Bjerken*.
4. *Hans*, f. 1877, reiste til Godrike, budde seinare i Spokanc, Wass.
5. *Oline*, f. 1880, tente i byen i mange år, flytta til stugu på Enbakken.
6. *Johanna*, f. 1882, d. i 1910.
7. *Gunder*, f. 1884, g. m. *Ingeborg Alsethaug*, kjøpte gard i Lånke.
8. *Ole*, f. 1886, til Am. i 1905, budde i Spokane.
9. *Arnt*, f. 1888, til Spokane i 1910.

Eit barnebarn, *Gustav Julius Bjerken*, f. 1899, son til *Kari*, og *Tobias*, voks opp hos besteforeldra. *Gustav* døydde i 1918 i spanskesjuka.

Hans og *Ole* var på gjesting her i 1914.

Gunder J. Bjerken var ein sterkbygd og kraftig kar. Han hadde ikkje hest, men bar og drog til gards mykje av det dei trong. Som døme på styrken hans er det fortalt at han bar ein hundrekilos mjølsekk eingong frå vegen ved Brynnåhammaren og opp i Bjørka utan å kvile. Han bar sekken i eit bakgreie. Tyngre bør var ein potetsekk han bar frå vegen i Litlenget, opp berga til potetåkeren sin nede i jordet. Det var ein frøpotetsekk, minst hundre kilo, og han bar den etter ima opp den hengbrate stigen. Ein gong drog han på kjelke ein hundre kilos mjølsekk frå Haverneset til Hegset. Det var lettført, han heldt kjelketauet med hendene bak seg utan å leggje det over aksla, og kjelken kroka og svinga så ledugt etter han. Liksom far sin, kunne *Gunder* godt bie over eit matmål eller to, men tobakk laut han ha. Ein gong gjekk han eins ærend til Evjegerdet etter tobakk, han dreiv som hardast med slåtten da i Rotlbjørga, og høyver vart det og, men tobakken laut vera først.



Gunder J. Bjerken.

Om vintrane var han i tømmerkogen, tok helst handsaging, enda dette var tyngre arbeid, men ein tente litt meir med handsaging. Om vårane dreiv han som flåtelos. Knappt nokon har rodd ut så mange plankeflåtar som *Gunder*. Han var fast flåteloos til *Ola Skogan* dei åra han fløtte ned plankene til bandene på Aune frå Gresslifossen.

Ingen var meir kjend på elva enn *Gunder*. Ein gong han stod ferdig til å leggje ut med ein flåte, fekk han melding om at det hadde stana ein flåte midt i leia ved Engberget. - «Det trur eg ikkje noko på - at det kan stå nokon flåte midt i leia der,» sa han. Flåten stod på ein stein litt til sides for leia. «Men 'eg laut halde så nær at flåtane skura mot kvarander,» fortalde han.

Ja, det var anna det enn første gongen han var med og «gjorde ut» flåtå. Det var ein vedflåte far hans gjorde. Men slikt var uvant arbeid for han som var frå Haldal, og no råka det slik at elva vart styggestor. Då dei nett hadde svinga ut med flåten høyrde *Gunder* at far hans ropa på han. Faren hadde vorti livredd og hoppa i land. Guten laut no gjere det same og fløygde seg i elva. Han hoppa mot ein skog og fekk tak i ein kvist og var berga, men matsekken, reipet, øksa og navaren for med flåten, og det spurtes ikkje meir etter noko av det.

Med ein stor barnehop som *Gunder* hadde, sa det seg sjølv at det ikkje var lett å berge seg. Men *Gunder* var viljesterk og slepte ikkje handelsgjeld innpå seg. -«Eg vart skuldig 50 kroner ein gong uti Mebonda, og det heldt på å øydeleggje meg, for da kom lensmannen og ville ha pant i likaste kua mi. Hadde ikkje gode grendefolk hjelpt meg da, veit ikkje eg korleis det hadde enda,» fortalde han.

I 1908 tok *Gunder* over halvparten av heimgarden. Fleire av borna var heime enda, og no vart det både hest og slåmaskine. *Oline* stod for huset og var på setra om somrane. *Gunder* var nøgje om sitt, og let ikkje noko gå til spille. Det var vanleg å bruke vogn til Rotlbjørga, men

Gunder brukte slede. Han syntes seternaten berga betre da. Nokor flytting opp på det gamle tunet, brydde han seg ,ikkje om. Det ville

kreve store kostnader med nye hus, så han nøyde seg med den heimen han hadde, og slutta med markaføringa.

I 1924 selde han både Brattåsen og heimgarden til broren, *Johan Bjerken* for 4500 kroner og kår og budde hos broren til 1938. Da flytta han til Enbakken. Han hadde kjøpt stugu etter *John* o. *Hegset* på Øvermo og sette opp bustad åt seg der. Det vart berre han og *Oline* att av huslyden etter at *Gustav Julius* døydde.

Gidsken Bjerken d. i 1900, 57 år gammal. *Gunder Bjerken* d. i 1942, 91 år.

Johan J. Bjerken, f. 1866 vart g. 1897 m. *Beret J. Tuset*, f. 1866. Dei hadde 2 born:

1. *John*, f. 1897, var heime.

John, f. og d. 1899.

Johan hadde vori heimefrå i 16 år da han kjøpte garden av *Gunder*.

Losjerte det meste av tida på Hegsetbrauta og leigde jorda av *Kari Johnsdotter*.

Johan tok seg av garden med stor iver, tok til med nydyrking og rydda opp heile dalen oppover aust for bekken. Husa derimot kom han ikkje til å gjera noko med, men vart buande i Brattåsen som føremannen.

Driftsmåten var og på gammalviset. Han hadde ikkje slåmaskine ein gong, men handslo alt. Slo Rotlvollen og dei første åra, men hadde etter kvart nok i jordet, i ser etter sonen vart invalid.

John tok til å veikne på synet alt i 30-årsalderen og vart til slutt mest blind og kunne lite hjelpe til med arbeidet på jordet, men følgde krøtera i skogen når mor hans var med. Han var godt kjend på vegane og kunne gå ærend og. Dei setra til i midten av 30-åra. Sidan hadde dei krøtera heime og *Beret* og *John* følgde dei i skogen kvar dag.

Det hadde vori rimeleg om dei gamle folka hadde seld gar-den no, men *Beret* var seig, og heldt fram med krøterhaldet også etter mannen fall frå. Først ein 5-6 år etter gav ho opp og reiste til aldersheimen. *John* som da hadde full blindetrygd, følgde og med. Med garden vart det ikkje gjort noko anna enn at avføringa vart bortsett år for år.

Johan Bjerken d. i 1945, 78 år gammal. *Beret Johnsdotter* vart over 90 år. Ho døydde i 1957. *John Bjerken* vart 69 år. Han d. i 1966.

John skunda seg heller ikkje med å kvitte seg med garden. Først i 1961 vart den seld. Husa i Brattåsen med 4 mål tomtegrunn vart seld til ingeniør *Arne Espelund*, Trondheim for 5000 kroner, og resten av



Bjørken vestre.

garden til *Einar P. Bjerken* for 8000 kroner. *Espelund* har innreidd det gamle tunet til hytte. *Einar Bjerken*, som nettopp hadde sett opp nye hus på småbruket sitt, driv Bjørkajordet attåt heimjordet.

BJØRKEN, vestre
G. nr. 113, br. nr. 3.

Bjørken vestre vart utskilt frå den gamle Bjørken-garden ved skylddelingsforretning i 1908. Gammalgarden vart da delt midt i to mellom brørne *Gunder* og *Anders Bjerken* med ei skyld på 1,66 mark på kvar. Det var lagt bein merkesline mellom bruka frå sør til nord. *Anders* fekk vestre bruket, som var utan hus, så dei er nybygde. Seter-retten og markaforinga i Rotlbjørge vart og delt likt. Hovudbruket setra på Nyvollen og vestre bruket brukte Svarttjønnvollen, og så var dei baa om Rotlvollen som dei flytta til på ettersommaren.

Rotlvollen er ein vid setervoll, og *Anders Bjerken* hadde jamnt over 10 lass for året her. Vegleia til Rotlvollen gjekk frå Sommarfjøschaugen opp Litl-bekkdalen og opp Rytmyra mot Oddane, så ned Vassdalen til Hestkåsen, Nyvollmyrane og Buåsen. Her var det myrslætte heile vegen.

Dei på Asen slo fram ma høgda, Rytmyra og Oddane, medan dei sjølve tok det meste av markaforet i Rotlbjørga. Kring midten av 1930-åra vart det slutt med myrforinga, og Rotlvollen vart slegen for siste gong i 1940. Det var da 10 år sia dei hadde setra på Rotlvollen. Dei hadde berre vori på Svarttjønnvollen denne tida og i 1940 slutta dei for godt med setringa og gjette krøtera i heimmarka.

Heimjordet var knapt 40 mål etter garddelinga, men *Anders* og sønene dreiv på med nydyrking så det no er kring 60 mål.

Anders Bjerken, f. 1869 vart gift med *Beret Pedersdr. Bjerken (Asen)*, f. 1868.

Dei hadde 8 born:

1. *Karen*, f. 1895, g. 1944 m. *Artur Jakobsen*, Trondheim.
2. *John*, f. 1897, ug. driv garden saman med broren.
3. *Marit*, f. 1901, g. 1930 m. *Kornelius Lien*, Tydal. Born: *Bjørg Inger* og *Arvid*.
4. *Peder*, f. 1903, ug. driv garden saman med broren.
5. *Ane*, f. 1905, ug. er heime.
6. *Borghild*, f. 1910, g. 1952 m. *Johan Alfred Mebust*.
7. *Johanna*, f. 1914, g. 1937 m. *Per Olav Dalø, Tømra*. Born: *Oddmund, Birgit, Olga, Anders* og *Jan Olav*.
8. *Olga*, f. 1916, d. 1936.

Anders Bjerken døydde 1951,82 år gammal. *Beret Pedersdr.* døydde 1958, nær 90 år.

Brørne, John og *Peder* tok over garden i 1952 for ein kjøpesum på 2800 kroner og kår til mora.


BJØRKHAUG **G. nr. 113, br. nr. 4.**

Småbruket *Bjørkhaug* vart bureist som husm.plass kring 1830. Det ligg på åsen aust for *Bjørken* og hadde frå først av namnet *Haugen*, men har vori kalla *Asen*.

Bureisaren *Anders Pedersen Af tret*, var frå *Masmoen* i *Vikvarvet*. *Anders Pedersen*, f. 1809 vart g. i 1830 m. *Ingeborg Einersd. Hegset*, *Brautan*, f. 1802.

Dei hadde 4 born:

1. *Einar*, f. 1834, g. m. *Brynhild P. Uthusplass*, bygsla pl. *Moen*.



Bjørkhaug, Solbakken i forgrunnen.

2. *Peder*, f. 1837, var heime.
3. *Mali*, f. 1841, ug., tente i Klæbu der ho og døydde.
4. *Peder*, f. 1846, g. m. *Kari I Overvik*, bygsla pl. Hegsetbrauta.

I 1865 var dei 4 i huslyden, *Anders* og kona og nesteidste son som var gift. Opplysning om utsæd og krøterhald er utegløymt.

I 1875 hadde dei køyrokse, 2 kyr, 2 ungnaut og 3 sauer, og dei sådde 1/4 t. bygg og sette 2 t. potet.

Anders Pedersen døydde i 1871, og det er sonen *Peder* som står for plassen.

Peder Andersen Bjerken f. 1837 vart g. 1865 m. *Marit Olsd. Uthus*, *Selbu*, f. 1843.

Marit var f. på *Uthuslien*, *Mosletta*. Foreldra var frå *Singsås*, mora frå *Hus* og faren frå ein plass under same garden. Dei kjøpte ein part av *Uthus* på *Mosletta*, flytta' seinare til *Uthuslia*.

Peder og *Marit* hadde 7 born:

1. *Ingeborg*, f. 1866, g. m. *Ole Andersen Græsli*, *Tydal*. Born: *Ole*, *Hans* og *Anne*.
2. *Beret*, f. 1868, g. m. *Anders J. Bjerken*.
3. *Anders*, f. 1871, g. m. *Gjertrud Ingebrigtsd. Rønsberg*, kjøpte *Nyheim*, *Mebust*. Born: *Peder*, *Gjertine*, *Marie*, *Esten*, *Asgrim*, *Ingvald* og *Matilde*.

4. *Mali*, f. 1874, g. m. *Bersvend As*, Tydal, budde på Løkken. Born: *Marit*, *Borghild*, *Olga*, *Gusta*, *Sverre* og *Einar*.
5. *Ole*, f. 1878, reiste til T.heim, gift, ikkje born.
6. *Peder*, f. 1881, tok over bruket.
7. *Einar*, f. 1885, til N. Dakota, Am. 1909, ug.

Peder Andersen fall tidleg i frå, d. 1896, men *Marit Olsdotter* dreiv plassen ved hjelp av borna. *Ole* var heime lengste tida, heilt til 1917. Da kom den yngre broren, *Peder* heim og tok over bruket. *Ole* som var ugift, reiste til Trondheim og fekk fast arbeid, vart gift, men har ikkje born.

Peder Andersen d. i 1896. *Marit Olsd.* levde til 1940 og vart 97 år gl. *Marit* låg til sengs i 13 år.

Peder P. Bjerken, f. 1881 vart g. 1906 m. *Hanna Jørginc Skjærvoll*,

1878 i Bjørnør.

Dei har 6born:

1. *Johan Olai*, f. 1907, g. m. *Magda Rønsberg*, villa på Bårdsgård. Born: *Jim* og *Odd*.
2. *Petter Margido*, f. 1911, g. m. *Inga Øvermo*.
3. *Einar*, f. 1913, har teki over bruket.
4. *Hjørdis Petrine*, f. 1916, g. m. *Johan o. Rønsberg*, Lis,tu. 1 barn: *Per*.

Eilif, f. 1918, g. m. *Liv Rønning*, Hegra, villa i Hegra. Born: *Per Helge* og *Magnar*.

Otto, f. 1923, g. m. *Anna Petrine Sundal*, Hegra, har eigen villa, Asheim, b. nr. 5 under *Bjørken*.

Peder P. Bjerken arbeidde i byen i fleire år før han flytta heim, hadde vori bygningsnikkar det meste av tida. Heime tok han fatt på husa, flytta og restaurerte stugu. Gammalstugu var lågstugu med to sengrom og kvistloft. Galrdstufta ligg høgt, og stugu som stod Øvst og på den mest verharde plassen, vaN no flytta og oppsett i 2 høgder med daglegstugu, kjøken og sengkammer i første høgda. Der fekk gamle *Marit* senga si.

Da mora døydde, kjøpte *Peder Bjerken* bruket som fekk attåtlagt den nedlagte plassen *Byåsen*. Bruket fekk namnet *Bjørkhaug* og b. nr.

Kjøpesummen var 1000 kroner.

I 1951 overlet *Peder* bruket vil sonen *Einar* for same kjøpesum og kår åt seg og kona.

Einar P. Bjerken vart g. i 1950 m. *Mali Mikaline Sundal*, f. 1926 i Hegra.

Dei har 3 born: *Per Jostein*, f. 1951, *Marit Helene*, f. 1952 og *Kjell Åge*, f. 1963.

Marit er butikkjente på Floren Handelsf.

Einar sette opp nye hus på ny tuft i 1954. Gammalhusa er rivne, men stugu på det gamle tunet er selt med tomt til *I var Larsen* i Trondheim til feriestad. Tomta fekk b. nr. 7 og namnet Bjørkåsen.

I 1961 kjøpte *Einar Bjerken* hovudbruket Bjørken, b. nr. 1 som han driv attåt småbruket.

Hanna Jørgine Bjerken d. i 1968, Peder P. Bjerken d. i 1970.

BYÅSEN **Nedl. plass**

Denne plassen låg aust for pl. Asen, eller Bjørkhaug som jordet no er lagt attåt.

Plassen vart bureist i midten av 1850-åra av *Peder Pedersen*, Nes, f. 1827. Foreldra var *Marit Olsd. Nes* og ungd. *Peder Pedersen Uthus*. *Marit* var truleg frå Haltdal, tente hos *Ole Olsen* på Neset i 1811 og var kanskje syster hans. *Marit* arbeidde på Byåsen i Strinda den tida *Peder* voks opp, og derav namnet på plassen. Sjølv tok han *Bjerken* til etternamn.

Peder P. Bjerken vart g. m. *Olava Evensdatter*, f. 1828 i Haltdal. Dei hadde 5 born:

1. *Marit*, f. 1855.
2. *Peder*, f. 1858,
3. *Marit*, f. 1861.
4. *Einar*, f. 1864.
5. *Brynhild*, f. 1866.

Jordbruksteljinga i 1865 gjev opp krøterhaldet på plassen hans til 3 naut, 4 geiter og 1 sau, og utsæden til 1/4 t. bygg og 3 1/2 t. potet.

Peder Pedersen braut ut ljåheinar i «Heinberget» om vårane og selde på St. Hansmarknaden i byen. Heinberget ligg i Hegsetbekken eit lite stykke oppe i marka. Her dreiv seinare i mange, mange år ein annan *Peder Pedersen*, «Kong-Pe-en» dei kalla, med å bryte ut ljåheinar.

Peder Pedersen reiste med heile huslyden til Amerika, truleg i 1868, og ein ny *Peder Bjerken* flytta inn på plassen.

Dei nye folka er ført i manntalet for 1875 og var 5 personar i talet.

Mannen heitte *Peder Larsen Engesrønning*, f. 1822 i Singsås. Han var

m. Ingeborg Pettersd. Næs, Mælan, f. 1837.

Dei hadde 3 born:

1. *John*, f. 1860.
2. *Lars*, f. 1865.
3. *Petter*, f. 1868.

Krøterhaldet og utsåd var litt større enn i føremannen si tid: 4 naut og 5 sauer - 1/4 t. bygg, 1/2 t. havre og 4 t. potet.

Peder Larsen skreiv seg og for Bjerken. Han reiste til Amerika i 1888, farma i Godrik, Minn. Aret etter kom eldste son, *John Pedersen* att, gifte seg m. *Anne Jolhnsd. Bjerken*, reiste over igjen same år og kom til å dra fleire av Bjerken-folka etter seg til Amerika.


Plassen vart nedlagt da *Peder* reiste, og husa fråflytta.

ASHEIM **G. nr. 113, b. nr. 5.**

ASHEIM, villatomt, utskild I 1951 frå Bjørkhaug. Eigar: *Otto Bjerken*, g. m. *Anna Petrine Sundal*, Hegra, f. 1923. 2 born: *Håkon*, f. 1957, og *Peder*, f. 1960. *Otto Bjerken* er bygningssnikkar. I 1966 flytta han til Trondheim. Dei bur I sjølvbygd villa I Tiller.

BRATTASEN **G. nr. 113, b. nr. 6**

BRATTASEN, hyttetomt, utskilt frå Bjerken i 1961. Eigar: ingeniør *Arne Espelund*, Trondheim.



Hegset, Hegstad, Solbakken på toppen, Hegli og Solli aust for bekken.

BJØRKASEN
G. nr. 113, b. nr. 7

BJØRKASEN, hyttetomt, utskild frå Bjerkhaug i 1966, og seld til *Ivar Larsen*, Trondheim.

HEGSET
G.nr.114

Omlag ein kilometer oppover dalen frå Tuset ligg Hegset. Det er to gardar, Hegset og Hegset øvre. Den siste er eit småbruk. Der låg Hegset-garden frå først av. Gardane ligg vakkert til med hovudbruket på flata ved elva og den andre i lia ovafor. Det er kring halvtanna hundre år sia garden vart flytta og den gamle tufta og jordet i kring vart utlagt til husmannsplass. I lia der har ein såleis eldste dyrkajorda på garden.

Ved den tid garden vart flytta vart det bygd vognveg til gards langs elva. Den gamle kløvvegen gjekk over Bjørka-liene.

Hegset er største garden i Flora med ei samla skyld på 11,61 mark.

Mesteparten av utmarka ligg på nordre side av dalen. Den grensar

mot nabogarden Bjørken i vest, og mot Tydal herad i aust. Mot nord grensar garden til Rotldal statsallmenning og garden Bjørken si utmark. Her går merket etter høgdedraget mellom dei to dalføra. Lengst vest går Hegsetmarka over vass-skilet mot Rotla og ned i Liåsane. Her låg s,etra Livollen. Renshrsvollen og Bjørgavollen låg i Hegsetbjørga, den lange skogvaksne dalsida oppover mot Tydal.

På sørsida av dalen har garden to område: Fossen og Hegsetdalen.

Fossen Jigg i dalsida nord for Drivvoll der Råna fossar utfor elvbjørga og har gjevi området namn. Her hadde garden engslætte og haustseter. Hegsetdalen ligg inst i Gardalen. Her hadde garden vide marka slætte og to setervollar: Hegsetdalen og Storlia.

Noko skriftleg om busetting finst ikkje, men gardsnamnet fortel at den går langt attende.

Om namnetydinga skriv *Rygh* at første namnelekkjen kan vera mannsnamnet *Hegg* eller namnet på dette treslaget, dier og eit elvnamn, Heggja som bekken ved garden da i tilfelle må ha hatt til namn. Det første, mannsnamnet Hegg, synest vera mest rimelig.

Gardsnamnet har tostavings tonelag og stemt g i uttalen. Det brukest berre i ei form som gardsnamna Uthus og Tuset, og får same preposisjonsrekkja som dei: «til Hegset» og «å Hegset». Av eldre skriftformer har ein Hogsetter 1520, Heggsetther 1548 og Hegsetther 1557 og Hexsetther 1759. Seinare er skrivemåten Hegset, ofte med dobbel t.

Den første oppsittar ein veit om, er kalla *Pædher*, ført i skattemanntalet for Trondh. erkebispedøme 1520. Garden svara ½ mark sølv i skatt. Neste oppsittar var *Asbiiørnm paa Heggsetther*, som ein finn iledingsmannntalet 1548. Ledingen er ført med 11 mark smør, 18 mark mjøl. Seinare register har 17 mark mjøl.

Som tredje mann i rekkja, kjem *Raualdt (=Ravald) paa Hegsetther*, ført i skipsskatten 1557/59.

Raualdt er siste oppsittar ein finn nemnt på dette hundreåret, og det er først i lensrekneskapen for 1613 / 14 ein støyter på ny brukar. Han heitte *Jon Ingebrettsen* og er ført som odelsbonde med 16 marklag i skyld. Ein seinare lensrekneskap, den for 1650 fører opp skylda som var på 4 øre. Av den var 3 øre eller 1 spann benefisert Selbu prestebete, medan resten, 1 øre var bondeodel. *Jon Ingebrettsen* har så leis ått 2/3 av bondeodelen. Resten har nok vori på andre hender. Presten i bygda var bygselrådige og stедde ut festebrev på garden, I 1650 var *Hr. Poffuell* prest i Selbu.

Oppsittaran som kom etter *Jon Ingebrettsen* heitte *Olle (Oluff)*.

Han er ført i skatterregistra frå 1640. I kopperskatten er han ført opp

med hustru og to tenarar, taus og dreng. Søner eller døtre er ikkje nemnt, så dei var truleg barnlause. I lens rekneskapan for 1650 er *Olle* og ført som oppsittar, 4 dalar i skatt. Ein *Rogier Slinden*, «Hielper han», står det, er oppført med 1 dalar i skatt. I ei sers skatteliste for «Drenger med Fuld schatt» finn ein *Gunder* og *Olle Hegset* med 1 darlar i skatt på kvar. Av same lens rekneskap går det fram at *Olle Hegset* også var odelsbonde og åtte heile bondeodelen.

Neste oppsittar, *Povel Hegset* er ført i skattregisteret for Selboe Prestegjeld 1657. Skatten var 5 dalar, 1 art og 7 skilling. Namnet på oppsittaren er skrivi både *Paue* og *Proffuel*. I manntalet 1664/66 har ein fullt namn: *Poffuel Thorchelsen*. Garden hadde 1 hest, 14 kyr og kviger, 6 geiter, 7 sauer og 1 gris ved husdyrteljinga 1657.

Poffuel eller *Paul Hegset* var 50 år gl. ved manntala og hadde 2 søner, *Torchel*, 7 år og *Joen*, 5 år gl. Ein tenestkar, *Oluf* var 30 år gl. og er ført som knekt. I jordboka for 1668 er *Erich Røesset* ført som eigar av odelparten og det er uvisst om *Paul*, og ettermannen hans *Torchel*, i det heile var eigarar av oddsparten.

Jordboka for 1668 gjev opp tienden til 1 t. bygg 2 ½t. havre. I 1684 var tienden 1 t. 2 skjep. havre og 3 skjep. bygg. Små tiende er ført med ½dalar og garden svara 6 sk. for kvernstad, men har ikkje betalt skatt for engslætte som var så vanleg.

I 1683 er *Paul* avløyst av sonen *Torchel*. *Torchel* vart ikkje gammal kar. Han d. om våren 1701 og vart gravlagt Kristi himmelfartsdag. Han hadde ei dotter, *Marit Hegset*, g. 1713 m. *Jon Halvorsen Rolset*. Men det var nok fleire søsken. *Paul Torkelsen Flakne* var truleg ein av dei.

Ei ny kraftig slekt kom no til gards og vart verande på garden og har nådd 9. ættledd. Mennene har heita *Peder* og *Baro* om kvarandre. Ættefaren *Peder Barosen* fekk bygsel på Hegset den 7. juni 1701. Han var 32 år gl. og ug. er det opplyst i manntalet, der han er ført som oppsittar på garden. Til hjelp hadde han broren, *Torkild Barosen*, 22 år gl. og ein tenestegut, *Peder Gundersen*, 16 år. Både *Peder* og broren var soldatar. *Peder Barosen* var frå Langsmoen og er oppført i manntalet for heimgarden og.

I 1702 vart *Peder Barosen* g. m. *Beret Jonsdotter*. Ho var frå Uthus vestre, og fødd kring 1678. Ho møtte som vitne i ei rettsak på

Neset og fortel at ho var 11 år gl. da ho fór heimafrå for å tene. Ho var først 4 år i Tydal, så 5 år på Hegset, deretter 4 år på Stokke til ho vart gift og kom til Hegset att.

Med liv og lyst må dei to ha teki fatt på den store garden, og det var mykje å bale med. *Peder* bygsla heimgarden og, så det vart to gardar å drive. Og han har ikkje nøgd seg berre med desse gardane. Men bygde to nye setrar, dei på Gardalen, og var sikkert første Hegset-mann som setra der.

Peder og *Beret* hadde 11 born: *Baro*, døydde 1702 - *Baro*, f. 1702, *Anne* - *Ole* - *Karen* - *Brynhild* og *Johanne* (tvillingar) - *Beret* - eit d. f. barn i 1719 - *Marit* - og *Jon*, f. og d. 1723. Av dei to sønene følgde *Baro* etter faren på Hegset, og *Ole* fekk bygsel på Tuset austre. Om jentene er ikkje meir å finne.

Hegset var ein av dei gardane fienden fann mest å forsyne seg på da svenskane kom der i 1718, enda gardsfolket berga unna ikkje så lite heller. Kyrne stod i skogen og vart passa av eldste guten og ei finntøkje som tente hos dei. *Beret* hadde skjult vegen etter kyrne ved å dra ei telle over spora. Sjølvmannen hadde køyrd til Livollen med maten eg likaste hesten. Dei andre karfolka hadde og fari dit, så *Beret* var åleine med borna. Svenskane kom grytidleg, banka på døra og ropte: «Upp Gumma och mak upp fyren.» *Beret* laut følgje borna ned i kjellaren så dei ikkje skulLe bli <medtrampade>, som offiseren uttrykte seg, og der tok ho farvel med dei. Ho trudde ho aldri fek sjå dei meir.

Stugu var snart full av herkledde karar, men berre offiserar. Soldatane heldt til ute, og der loga leirbåla opp så det var eit guds under dei ikkje sette varme på husa. Og no vart krøtera leidde ut og slakta, og lem og binge tømde for fôr og korn. Stugu og reidskapshus like eins. Kott og kove vart sopa for alt som brukande var, og krik og krå gjennomleita. Ein ny vadmelskjole som eldste guten hadde fått til jul, hadde dei og funni. Guten hadde gjømt han under hoggestabben i vedbua. Eit kuslakt fekk dei og, bjøllekua hadde sprungi til gards att.

Skadetaksten nådde nær 232 dalar og fordelte seg slik:

Oppbrent gjerdefang, konrstaur, hommelst. og eit hus 19 - « - «

1 ^½ t. blandkorn	3	-	«	-	«
25 t. havre	37	2	«	-	«
20 lass halm	10	-	«	-	«
132 lass høy	66	-	«	-	«
2 hestar	8	-	«	-	«

1 ku 18 småfe	12	-	2	-	«
Gards~reidskap	22	-	3	-	«
Klede og husgeråd	39	-	2	-	«
Matvarer	13	-	2	-	«

I prøvematrikkelen 1723 er krøtterhaldet på Hegset oppgjevi til 2 hestar, 12 naut og 10 småfe og utsådet til 7 t. havre og 1 1/4 t. bygg. Langsmoen er vurdert for seg. Den vart dreven som slåtteland, og det var ikkje åker der. Om hausten var *Peder Hegset* på Langsmoen med sin store buskap, fortel han i ei rettssak han dreiv om Langsmoen.

Langsmoen var krongods og vart kjøpt av Rolsetmennene i 1729, og etter ei lang rettssak laut *Peder* vike bruksretten på garden.

Av rettssaka går det fram at *Peder* ikkje har vori så lett å hanskas med. Han var visst både skrivefør og kunna litt av kvart ut over det vanlege mål på bønder i samtida.

Om setrane han bygde på Gardalen er å fortelje at han tok til i Storlia som ligg innst. Det var allmenning der og fritt for å slå seg ned. På seterskjølet han sette opp, står årstalet 1703. Men Storlivollen låg langt til fjells og hausten kom tidleg, så *Peder* såg seg om etter vollstød lenger framme i dalen, og bygde «Hegsetdalen» som setra vart kalla. Seterskjølet der vart sett opp i 1725.

Peder skal ha sett seg ut vollstød lenger framme, på Bangsetlia, men der skal dei som åtte setrane frammafor ha rivi ned for han. Hegsetdalen ligg og frammafor allmenningsmerket, men det var truleg ikkje oppteki der enda, så dei let han vera i fred der.

Seterskjølet på Dalvollen var bygd etter vanleg mønster med opphaldsrom og matstu i same bygning, skilde med ein vegg. I Storlia derimot var skjøle og matstu, tømra kvar for seg og sette mot kvarandre, slik at det vart eit rom eller ei sval imellom. Matstu som har årstalet er eldst, skjølet vart oppsett hundre år seinare. Matstu var tømra av kløyvde furustokkar.

Fjøs i setrane var nok ikkje i bruk enda, og i Storlia, der dei setra på forsommaren, vart det ikkje sett opp fjøs seinare heller. På fremmer vollen gjekk det og hundre år før det vart fjøs. Gardalen vart eit verdifullt lunnende til garden, ikkje berre ved den gode hamninga, men og ved dei gilde markaslætta, som det her var slik nøgd av.

Selbu koparverk vart sett i gang i *Peder Hegset* si tid med drift på Gammalgruva. Hegset, som vart liggjande midt i farleia til gruva, kom no i fare. Verket gjorde krav på garden til husvære for teneste-

karar og arbeidsfolk, og partisipantane i verket sende søknad til kongen om å få garden avstått. Men det førte ikkje fram. Kongen resolverte at det laut ordnast på friviljug veg, eller at verket skaffa oppsittaren ein like stor og god gard i staden. Dette var kring 1720, og det vart truleg ei friviljug ordning. To gruvstuguer vart opptømra, ei i Litlenget og ei aust for garden. Det vart og oppsett ei stugu åt gruvherrane «Skrivarstugm», som ho vart kalla. Ho stod på reina mot bekken. Ho vart seinare brukt som daglegstugu på Hegset øvre, og enno finst reklingar av henne i den vesle stugu på Enbakken, som er oppsett i vår tid.

Peder Barosen døydde i 1733, og *Beret Jonsdotter* i 1755. Eldste son fekk bygsel på garden da faren døydde, men skøyte på odelsparten som foreldra åtte, fekk han først i 1751. Kjøpesummen for denne var sett til 24 rdlr. som skulle vega jamnt med forsyting av mora i hennar høge alderdom - «til min dødsdag», som det står i skøytet. Dette er medunderskreivi av nesteldste son, *Ole Tuset* som verje, med *Paul Flachne* og *Halvor Bierchen* som vitne.

Baro Pedersen tok fatt på gardsdrifta med like stor energi som faren. «Det første hus jeg har bygget», stod det på gammalskjølet på Livollen som han sette opp i 1733. I hans tid gjekk Koparverket på det likaste, og ivrig som den unge bygselsmannen var, kom han til å gjera mykje ut av det gode høve han hadde til å tene pengar på Verket. Han la seg hardt borti malmkøytinga og skal ha drivi med 8 hestar ein vinter. Han hadde ikkje stallrom til dei alle, men laga barstall som dei stod i. Dei lagra truleg malm på elvmelen. Det kallest enno Ertsækra her. Rænskarsvollen ligg i vegleia til gruva. Dette namnet skriv seg nok og frå denne tida, truleg etter malmreinskaren som kan ha hatt bustaden sin der. *Baro* kjøpte opp matvarer, som han selde til gruvearbeidarane, slikt som korn, mjøl, flatbrød, smør, fleisk, sild og ikkje å glømme - tobakk og brennevin; og det var sikkert mang ein munter kveld i stuguom hans. Enno lever orda etter ein finn: «Paro, Paro Hegset. Ha levd den fyst daginn, men itt den sist. Tunt prennevin og smal topak».

Som handelsmann laut *Baro* ha rekneskapsprotokoll, og den er på garden enno og har interessante opplysningar å gje. Kornet har han kjøpt hos Klæbupresten. Eit år har han kjøpt 5 lester havre, 19 tynner bygg. Han har seld anna enn matvarer og. Her er opprekna all slags skinnklede, vadmål og lin, jarn, krut og jamvel skytevåpen.

Gjeld er betalt med krøtter og anna, jamvel brennevin, og *Baro* har teki mot varer for sal i byen. Og kundekrinsen var vid. *Ole Halvorsen* i Funnesdalen har senda eit åklede med broren, og ein finn har kommi med bevergeil som *Baro* leverte på apoteket. Protokollen fortel og om levering av kol til hyttene og bord og plankar og settved til gruvene. Han har drivi i kvernfjellet og. I 1769 hadde han 10 par kvernar standande på «gaten hos *Jon Halstensen* på Røros og 1 par i gården» samtidig som han køyrde 6 nye par dit: 2 tikvart, 1 to-alen, 1 sjukvart og 2 sekskvart. Han trong mykje køyrreidskap og hadde standande fleire sledar, kolkorger og skjæker. Av dei siste har han eit år notert 19 par med jermtuer. Som døme på kor lødd det var i husom hos han, har det vorti fortalt at han drog fram fire nye sledar med kolkorger og fullt utstyr ein gong reidskapen brann opp for han. Karane hadde vori til kolmilene om morgonen og var inn til føredugur da det tok fyr i kollassa og alt brann opp.

Det vanta, ikkje på arbeidshjelp i onnene, og ikkje trong karane hans gå gjerdanslause om vintrane heller. Trong han dei ikkje sjølv om vintrane, kunne han berre sende dei til gruva. Unge gruvearbeidarar stedde seg ofte som drengjer på gardane for å få kost og losji og fekk da ekstra løn for den tida dei arbeidde på verket.

Gammal-Baro som seinare generasjonar har kalla han, satt i Skrivarstugu med reknskapsboka og hadde god hjelp i dotter si «SkrivarInnbær», som dei kalla henne. Stugu fiffa han opp med måling og all stelling. Her er eit par døme på rekneskapsoppgjjer frå protokollen:

«Jon Pettersen mig skyldig	12	Rd			
«Betalt med sin stue, seng og bord	11	«	2 ort	12	sk

Det gjaldt sikkert ein gruvkar som skulle fara frå bygda.

Eit oppgjjer med tenestejenta er slik:

«Katrine Andersen, været hos mig 20 uger	5	Rd			
«På det bekommet 7 alen lerret	0	«	3 ort	12	sk
«2 alen vendmøl	0	«	2	«	6«
«1 par voter	0	«	0	«	20 «
«fått penger (to ganger) i alt	0	«	1	«	18 «
«Anders Mortski (far til jenta) det minste	1	«	3	«	0«

Karakteristisk for tida, men uvant for oss lyder siste post i rekneskapen med ein gardsdreng: «Brød og brendevin til hans begravelse.» I protokollen finn ein og notat over skinn som han har sett inn til

reiings hos Mesteren Nils Møen i byen. Kring 40 skinn var det, mest geitskinn.

Gammal-Baro var rik og kunne rade seg med ting som ikkje var vanleg på gardane. Han låg i himmelseng. Sengskåpet er til enno. Det er eit underleg skåp, fint snekra, men uhøvla på den side som vende mot veggjen. Skåpet har mange løynde rom, til og med i døra. Det har dobbel rygg, og løyndromma der var berre tilgjengeleg frå baksida. Skåpet står i bygdemuseet. *Baro* leigde sølvsmed heim åt seg, og skeier, staup og andre ting han gjorde finst spreidde vidt utover bygdene. Tingane er merkte med førebokstavane til *Baro* og kona: P. S. - K. O. D. og oftast årstalet 1739.

Eit par gamle bøker finst og etter han. Det er Christian V's norske lov og Jesper Brochmands Huspostill, første boka truleg frå faren si tid. Postillen hadde *Baro* kjøpt, og i den har han ført ættetavla si.

Baro og kona hadde vori uheldig med dei mange borna dei fekk.

Borna døydde mest alle, berre det siste var liv laga. I 1764, over 60 år gammal har så Gammal-Baro skrivi ned ættetavla i hospostillen, «til en avmindelse», skriv han. Ættetavla er svært så omstendeleg skrivi og i den sterkt religiøse tone som var karakteristisk for tida. Ættetavla tek til med giftarmålet, og blir attgjevi i utdrag her:

Jeg, *Baro Pedersen Hegset* ble g. 1727 m. *Kristi Olsd. Røsset*, f. 1706. Ekteskapet har Gud velsigna med 13 born, 6 søner og 7 døtre, «hvor af di fleste er hjemkaldt ved en salig død».

Første barnet var dødf. Men i 1736 hadde dei fire kjekke og friske born. Da ramma sorga dei så hardt som ho kan ramme unge foreldre. Ei sott som gjekk over bygda, sopa borna med seg, alle innan 14 dagar, og dei kom i jorda på tre sundagar etter kvarandre, «*Peder* først, *Ingeborg* og *Beret* anden, og *Kirsten* den tredie som var den 23. november», fortel faren.

Tradisjonen fortel om den arme mora at ho i sår gråt gjekk og leita opp spor etter borna ute på garden om våren att når snøen bråna bort.

Ingen av borna som følgde etter nådde lenger enn til 2-årsalderen unnateki ei jente, *Ingeborg*. Ho vart vaksen og vart gift, men døydde berre 20 år gammal.

Dei same namna går att på borna. Fire av jentene var døypt *Beret*, to *Ingeborg*, og ei *Kirsten*. To gutar var dødfødte, dei andre fire var døypt *Peder*, alle. Den siste *Peder*, han som levde opp, var f. 1750. Og så sluttar ættetavla med dei vakre orda: «Gud lade os kjærliken leve og saligen dø i Herrens Jesu navn.

Jenta som vart tjue år gammal, heitte *Ingeborg* og var f. i 1739.

Ho lærte skrivekunsten og vart kalla «Skrivar-Innbær». Atten år gammal vart ho gift m. *Ole Bjørnsen* frå Saurom på Evjen. Dei losjerte på Hegset og hadde 2 born: *Baro* og *Brynhild*. *Ingeborg* døydde to år etter ho vart gift, og dei laut ha amme til veslejenta, som vart berre 1 år gammal. Vesleguten, *Baro*, døydde samtidig. Jenta var angrut og låg og sutra utover nettene, men tagna i 12-tida. Slik kvar natt. Dei trudde det var mora som kom og tegda barnet, og meinte så greitt dei høyrde det gjekk i døra og.

Ole Bjørnsen vart gift igjen og kom att på Yset i Haldal. Men for Gammal-Baro var *Ole* framleis svigeronen, og venskapet mellom gardane vart hugsa hundre år seinare da Yset-garden brann. Hegsetmannen køyrde da fullt lass over fjellet til Yset og kom att med lausreipa hest.

Gammal-Baro Hegset døydde i 1780, 78 år gammal. Det gjekk svært så fort. Ein ferdamann, som fOr mykje på handel aust i Sverige, *Håvar Hovslien* hadde vori innom garden og kvilt, og *Baro* følgde han ut på stugubrua med ein avskildram. Vel komen inn, kjende han seg uvel og la seg nedpå senga, og dermed var det gjort. Kona, *Kirsti Olsdotter* levde i 13 år enda, døydde i 1793, 87 år gammal.

Så følgjer generasjon etter generasjon med *Pe* og *Baro*, om ein annan.

Odelsguten og einearving etter *Gammal-Baro*, *Peder Barosen*, fekk tilnamnet «Novi-Pe-en» i slektstradisjonen, for han var nomen, eller vissen, i eine armen. Dette var sjølvsagt eit lyte og ikkje så bra når han skulle finne seg ein «leidstågår». Jenta han såg seg ut, skulle da heller ikkje vera så huga på han, er det fortalt, ei garddotter frå Nedl bygda, men da dei fekk lurt henne oppover og synt henne alt sølvet, retta det seg. Dei var elles t tidleg ute båe to med giftarmålet, *Peder* 19 år og ho 18. Ho var frå Kallar, truleg Nordigarden og heitte *Ingeborg Pedersdotter*.

Dei fekk 10 born. Dei fire eldste - to døypt *Ingeborg*, ei *Beret* og ein gut, døypt *Baro*, døydde alle som born. Så følgde: *Kirsten*, f. 1770, g. m. *Tørres Pedersen Neset*, - *Baro*, f. 1772, tok over garden, - *Mali*, f. 1774, g. m. *Peder Einersen Uthus* på Brautan, - *Ingeborg*, f. 1783, g. m. *Paul Didriksen Bakken*, og *Beret*, f. 1790, g. m. *Erik Jensen Neset*, Sørflakne, og *Peder*, f. 1794, ug. og var heime.

Først i 1793, da *Kirsti Olsd.* døydde, fekk *Peder sitt* bygselbrev på garden, utstedd av presten *Hans Frugaard*. Odelsparten har han

nok teki over som arv. *Peder* var 43 år da, og hadde nok stått føre gardsdrefta i tjuë år og truleg lenger da han fekk bygsel på garden.

Ved folketeljinga 1801 budde det i alt 21 menneske på Hegset, fordelt med 12 på dei to huslydane på garden, og tilsaman 9 på to husmannsplassar.

Peder dreiv garden til våren 1809. Selbupresten *Jacob Andreas Hersleb* har da gjevi sonen, *Baro Pedersen*, bygselbrev på garden, samtidig som foreldra overlet bruket til sonen og tok kår. Kåret var ikkje så reint lite. Det utgjorde m. a. eit 16 mål stort dyrka jordstykke aust for bekkene og myrslåttar til 30 lass høy. Når foreldra døydde, skulle yngste sonen *Peder Pedersen* ha ein av plassane som snart ville bli ledig, og eit stykke av kårjorda.

Peder Barosen døydde i 1826 og *Ingeborg Pedersd.* i 1838.

Da gammal-gubben døydde, sprang alt fjerde generasjon på golvet. Eldste oldebarnet hugsa oldefaren så vidt. Han gjekk i raud vest og ei lyddi skinnbukse, fortalde ho. Ein gong hugsa ho han i svaltroppa, han satt og kus a i ei kollhuve. Han gjekk med krokstav som han hamla etter ungane med, når dei ståka og leika kring han.

Yngstesonen, *Peder Pedersen*, fekk ikkje bruk for plassen han skulle ha. Han døydde i 1841, 48 år gammal. Han såg fegda si, han. Han dreiv med kverarbeid på Kjerringberget. Ein kveld han gjekk heim, kom to «skikkelsi» og følgde han eit godt stykke Nedl Storbauta. Ikkje lenge etter vart *Peder* sjuk og døydde.

Odelsguten, *Baro Pedersen* vart g. i 1794 m. *Beret Didriksd. Bakken*, f. 1763. Dei hadde 4 born:

1. *Ingeborg*, f. 1794, g. m. *Jon Olsen Uthus*, Skogan. 2. *Peder*,

1797, tok over garden. 3. *Didrik*, f. 1800, g. m. *Dordi Ellevsd. Neset*, bygsla Hegset øvre. 4. *Baro*, f. 1808, g. m. *Marit Gundersd. Rolset*, tok over heimgarden hennar.

Om Storklenåret, 1812 er det sagt at det vart ikkje grønt lenger enn til medlies. Det vart svartår for folk. I Selbu skal det ha vorti moge korn berre på 3 plassar; Solem, Berge og Velva. Det leita da på - både med såkornet og brødkornet året etter. På Hegset vart det og tomt i bingane, og *Baro* laut kjøpe korn. Men det var kostbare saker og vanskeleg å få tak i. *Baro* fekk laus ein sekk såkorn på Enbakken, som han bytta åt seg mot ei kvige. Da det lei ut på somma-



Mali og Torsten Hegset med borna Mallie, Peder, Christine, Nils og Petrine, rekna fråå venstre.

ren, vart dei mjøllause. Da for sjølvkona, ho *Beret*, heim frå Gardalen der ho var og setra, skar dei likaste flekkene i åkeren, tørka kornet ho gnudde tu, mol det på handkverna og kom att med mjøl til onnefolka. Dei hadde da levd på fleisk og kjøtt og mjølk i vekevis.

Matrikelrevisjonen fall i *Baro* si tid. Garden fekk nytt matriknr. 111 (gl. 694), løpenr. 115, og 4 dalar 4 skilling i skyld. Bortsett frå Prestegarden, var det berre 5 gardar i prestgjeldet som fekk større dalarskyld.

Da det i 1821 vart høve til å løyse inn benefisert gods, tenkte dei to eldste sønene til *Baro Hegset* på å kjøpe garden og dele han mellom seg. Noko kjøp vart det ikkje, men garden vart delt på ei vis lell. Faren flytta garden ned på flata og overlet den gamle tufta og lia ovafor og meir til, til Didrik, som fekk Skrivarstugu og. Eldste son, *Peder*, vart verande i brød med foreldra og dreiv hovudbruket på deira bygsel.

Faren *Baro Pedersen* sette opp fjøset på Hegsetdalen. Han grov og tuft til fjøs i Storlia, men det vart ikkje gjort meir der. I Liåsen bygde han ny seter, men laut leggje ho ned att, for bjørnen vart så nærgåande at det var ikkje folk å få til å vera der.

Baro Pedersen døydde i 1864, 92 år gammal. Han må ha hatt god helse. Han kørde til kyrkje i jula siste året han levde.

Beret Didriksdotter d. 1840, 77 år gl.

Av ning som er att etter dei, er veggklokka som framleis er i bruk på garden.

Eldste son deira, *Peder Barosen Hegset* vart g. i 1824 m. *Beret Torsteinsd. Lilleevjen*, f. 1803. Dei har truleg alt i 1830-åra teki over gardsdrifta, men *Peder* dreiv garden på bygsla til faren til han i 1852 kjøpte garden.

Peder og *Beret* hadde 7 born: 1. *Beret*, f. 1824, g. m. *John O. Flakne*.

Beret, f. 1826, g. m. *Paul P. Punde*. 3. *Baro*, f. og d. 1829. 4. *Baro*, f. 1830, tok over garden. 5. *Ingeborg*, f. 1833, g. m. *John Sakariassen Tuset*. 6. *Ragnhild*, f. 1837, g. m. *Gunder O. Haugan*. 7. *Torstein*, f. 1842, g. 1866 m. *Mali Kristensd. Evjen*, fór til Am. same år og tok farm ved Fergus Falls, Minn. Både *Torsten* og fl. av borna hans har vori her på vitjing.

Peder Hegset skal ha rydda lia mellom gardane. Det stod tell skog der da garden vart flytta. Han skal ha vori den første i Flora som pløygde nyland og la att gammalåker. Folk spådde han kom til å gjera seg både fórlaus og matlaus ved det, men det skal ikkje ha vanta han noko, korkje i buret eller på lemmen. *Peder* var sterk, og arbeidet steig godt for han. Han brukte alltid to hestar når han kørde høy frå Gardalen, og det skulle vera vaksen kar til å greie det: køyre til Gardalen, reipbinde to lass og kome att til kvelds. Men så hefta han seg ikkje bort heller. Han la aldri reip attom seg, når han batt høylassa, drog berre åt med hendene. Kvernsteinsarbeidet tok seg svært opp i hans tid, og floringane søkte nordom Rotla etter kvernbrott i gamle nedlagde vasshytter, har me sett. *Peder Hegset* dreiv «Trettarbeidet» i fleire år i lag med «Saurinn» på Evjen og fleire. Det var her han kappast med motparten om kven som kunne halde flest hoggarar, og hakka i største kjøttstykk i kålgryta.

Det var mykje arbeid til kvermane var komne på markeds plassane.

Borna laut og hjelpe til. Eldste dotter til *Peder* hugsa dei kørde med tre hestar og oksen attåt til Trondheim ein gong. Karane kørde føre med kvernlass på sledane, ho etter med oksen som drog tyriet.

I 1852 gjekk heile Hegset-garden over til sjølveigarbruk. *Peder Hegset* kjøpte da garden og fekk konges køyte på han den 24. novbr. Kjøpesummen var 1200 spd. Pengane vart lånt i Opplysningsvesenets fond, og dermed skulle alt vera greitt.

Men lånet laut sjølvsagt forrentast, og det vart ikkje så lita tyngsle på garden attåt det som kvilte på garden frå før. Jordavgifta utgjorde 3 tynner 2 skjeppar 2/3 fjerdingkar sædebygg. For den nybakte sjølveigaren tok det seg slik ut at den store gjeldsbøra attåt det andre ville bli for mykje i lengda. *Peder* valde derfor å lette på gjeldspresset ved å selje skogen, og det var det høve til no.

Konjunkturane skapte kjøparar. Konsul *Huitfeldt* stod parat til å kjøpe, og ved skyldsetting 6. september 1853 vart skogen i «Kobjørgen, Rotldalen og flere steder» skild frå Hegset-garden. Skogen fekk ei skyld på 1 dalar lort og 17 skilling. *Huitfeldt* skulle betale 800 spd. som vart avgjort ved at han tok over ein tilsvarande part av pantgjelda. Denne gjelda utgjorde opphaveleg 1200 spd., hugsar me. Ved skogsalet hadde *Peder* kvitta seg med 2/3 av gjelda, og var for så vidt heldig, men garden vart sjølvsagt redusert mykje, enda hovudbruket hadde att ei skyld på 2 dalar 3 ort og 11 skilling.

Den gamle kløvvegen som gjekk over Bjørkaliene var i bruk til fram mot 1830 da vognvegen kom. Den vart lagt over elva i Flora med rostad på Skogan slik det hadde vori før. Men Hegset fekk og vognveg til gards da, langs elva som fortald før.

I 1850-åra vart det bygd ny veg mellom Flora og Tydal. Nyvegen vart da lagt på nordre side Nea, gjennom Kubjørga. Dalsida går bratt til vers her, iser ved Hegset, og den nye veglina kom høgt opp i dalsida med lange og tunge brauter og bratte bakkar. For dei på Hegset vart det gildt med den nye veglina som kom nesten opp til setra deira. Men for tydølene som skulle slite seg opp bakkane med ferdalassa, vart nyvegen ei plage, og *Peder Hegset* fekk mange fantord for den nye veglina. Tydølene meinte han hadde hatt eit ord med i laget når lina vart oppstukki, og det vart sagt det måtte vera storoksen hans *Per Hegset* som hadde gått opp veglina.

Peder Hegset døydde brått i 1860, 63 år gammal. Han kom sjuk heim frå marka slåtten ein laurdag, hadde svære smerter i magen, hadde fått sprang, som dei kalla det. Doktor vart ikkje henta, men yngste sonen vart senda ned til presten etter kyrkjevin som dei sjuke tykte det var slik lise å få. Presten baud guten å gå til doktoren på timen, og vart ikkje lite forundre da guten stod der på same flekken da han kom ut frå kyrkja. Guten fekk no fortalt at far hans ikkje ville ha nokon doktor og fekk vinflaska og gjekk heim.

Enkja, *Beret Torsteinsd.* vart g. att fire år seinare med enkjemann, *John Johnsen Lien*. Men *Beret* vart enkje for andre gong og flytta da heim att. *Beret Torsteinsd.* d. i 1890, 87 år.

Neste oppsittar var *Baro Pedersen Hegset*. Han fekk tildelt garden av skifteretten, etter ein skiftetakst på 800 spd. som skulle tilsvare:

Kår til mora og dessutan vel 182 spd. i pengar i arv til henne.

Arvelottar til dei 5 søskena med 32 spd. 2 art og 18 skil. på kvar.

Skiftet vart avslutta 16/11-1867.

Fem år seinare kjøpte *Baro Hegset* att skogen og det gjekk slik til:

A. Huitfeldt gjekk konkurs i 1867. Firmaet kom seg på føter att, men laut av ein eller annan grunn gje slepp på Hegset-skogen som vart tilbodi arvingane etter *Peder Hegset* for 390 spd. Ingen av søskena eller svograne til *Baro* ville leggje seg borti skoghandel og skreiv frå seg rettane til broren, som fekk skøyte på skogen 22. februar 1872.

Baro P. Hegset vart g. 1861 m. *Anne Johnsd. Sæter*, f. 1833. Dei fekk 8 born:

1. *Beret*, f. 1862, g. 1881 m. *Kristen J. Evjen*. Born: *John, Baro, Petrine, Ane, Beret-Marta, Ingeborg* og *Kristine*.
2. *Peder*, f. 1863, tok over garden.
3. og
4. *John* og *John*, f. og d. 1865 og 68.
5. *John*, f. 1869, g. m. *Ingeborg G. Drivold* bygsla Hegset øvre.
6. og 7. *Baro* og *Baro*, f. og d. 1872 og 73.
7. *Ane*, f. 1875, g. 1903 m. *Halda Langset*. Born: *Mikal, Baro, Anna* og *Milda*.
8. *Ane Johnsd. Hegset*, f. 1885, voks opp på Hegset, g. m. *Peder O. Hegset Brautan*.

Jordsbruket vart drivi på gammalviset med mykje onnefolk og arbeidshjelp, og ingen av Hegset-mennene har hatt så mykje markafór som *Baro*. Han skal ha hatt opp til hundre lass. Attåt kom så all skrinn slåtten utmed elva. Uta Råna var det slåtteland heilt oppå elvbjørga, og dette store engslætte leigde *Baro Hegset* bort til *Peder P. Krogstad* som bygsla det på to mannsaldrar og svara onnveke. Garden sitt eige slætte her langs elva var enda stort så det rakk i tre - fire veker åt to mann. Mot slutten av hundreåret vart det minka av med markafóringa, men mindre enn 50 - 60 lass var det nok ikkje i *Baro* si tid. Seinare vart det mindre, men det vart slegi i marka til langt fram i 30-åra.

Hegset hadde fine markaslætte både ved Livollen og Måltoppen, men Gardalen var no likevel gjevast. Denne seterdalen hadde dei største og beste markaslætte i grenda. Her tok meir enn halve grenda - 5 gardar og mange småbrukarar mesteparten av markafóret sitt, og Hegset hadde ikkje minst av desse viktige lunnende.



Anne og Baro Hegset.

Når det gjeld seterstellet vart det og drivi som før med vårestring med geitene på «Geitsetra» i Kubjörga som i *Baro* si ltid vart flytta nedom nyvegen. Om hausten setra dei på Fossen, til etter hundreårsskiftet.

net gald om å ha stor buskap.

Etter jordbruksteljinga i 1875 hadde dei på Hegset 3 hestar, 20 naut og 49 småfe. Av småfeet var det mest geiter, 27. Talet vart auka seinare, og med framandrkrøter dei tok på seg, setra dei eit par år med 80 geiter, og hadde da 2 budeier og laga 2 geitmatpar for dagen.

Av same teljing går det fram at dei sådde 4 og 1/16 tynne korn og sette 10 tynner potet. Dei sådde både bygg og haver, og halvskjeppa var rug, som det og vart freista med.

Det trongst mykje arbeidshjelp på gardane. På Hegset hadde dei to tenest jenter og ein tenestgut, (20 år gl. i 1875) og det var vanleg tenarskap etter hundreårsskiftet og.

Etter lønstariffane no for tida ville det bli store utteljingar, men lønssatsane var nok ikkje så høge i den tida. Naturhushallet var enda i bruk. Tenarane skulle ha mat og klede og litt pengar attåt, og det var ikkje mykje, i alle høve for dei unge. Ei kone har fortalt at ho 16 år gammal stødde seg som tenestjente på ein gard. Dette var i 80- åra, og ho fekk 10 alen vadmél, 20 alen lerret og 2 par sko. I pengar fekk ho 10 kroner. Og så fekk ho potetland til 1 bytte potet. Ho fekk att 1 tynne som ho selde for 5 kroner, og for dei pengane kjøpte ho silketørkleidet sitt, og hadde framleis tikroningen.

Det var lite om pengar og det ville vera omtanke med det andre og, fóret og maten, om det skulle rekke til. Det vart rasjonert både på det eine og det andre. Kjøttet vart alltid pålagt på

brødsflaket, og graut og kål suppe (suppe kokt på kjøttkraft) var dagleg kost i slåttonna og i skogen og kvernfjellet.

Fóret vart og rasjonert. Alt frå hausten vart meishøyet og anna til serskild bruk lagt til side, og beste høyet vart alltid køyrt på stallkjellen. Hestane som stodfor det meste på høy og vatn, trong og skik-

16

241

keleg fór, for det var utruleg mykje køyring. Tenk berre på alt markahøyet som skulle til dals.

Så litt om vinterbruket. *Baro Hegset* slutta tidleg med kvernsteindrifta. - Han syntes vel han hadde nok med skogen, som rett nok var uthoggen, men det var nok av jurkvistgraner som var attsett, som *Baro* med stort tolmod tok seg av. «Ein får vera glad at ein har arbeid», er det herma at han sa til lags karen sin som tykte det vart lite att for desse kvistknulane. Han grein ikkje til grauten heller. «Eg skjønner ,ikkje dette, eg tykkjer det smakar riktig feitgraut eg», skal han ha sagt til folka sine ein gong, grautmjølet var i grovaste laget.

Og skogen gav inntekt. Ungskogen voks til og det vart nok å ta av både åt han sjølv og dei mange, ma'nge som hogg til leige og saga plankar, og til alle vedflåtane som vart laga i Hegsetbjørga. Dei rekna at det vart rodd ned minst 70 vedflåtar for året frå Hegsetbjørga.

Og det var nok av tørgran. Hegsetbjørga skal ha stått grå av tørgran etter skog tørken i 60-åra er det fortalt.

Det vart brent kolmiler enda, og kola levert til hytta ved Seteråa.

Det vart og levert slipers. Slipersen vart frakta ned til Selbusjøen med flåtar som planken, men var i kortaste laget til flåtevyrke. Det var no ellest eit bal med flåtane og, og ikkje heilt ufarleg. *Baro* og karane han hadde med seg køyrde seg fast på eit berg med ein slipersflåte ein gong. Det var ved Øråsvollen. Elva var flygstor. Flåten var og stor og mest ikkje til å styre lenger etter den medfart han hadde fått i elvestryka ovafor. Karana hadde da heller ikkje større lyst på Eidet nedanfor, og let flåten gå på berget. Det vart ei snåa stund. Flåten vart slegen til botnen og karane mista nistesekken. Men dei vart ikkje opprådde. Dei kom seg i land på nokre plankar og tok straks til med elvreinsk'ing. Mesteparten vart samla att nede ved sjøen.

Det var 3 husmenn under Hegset ved folketeljinga 1875. Ikkje lenge etter vart det festa tre til, så det vart 6 i talet. Hertil kom ein skrinnslått som *Peder Krogstad* hadde bygsla, så det var ikkje så reint lite pliktarbeid å få i sommarhalvåret.

Til slutt eit par ord om Litl-skreddaren. Han heitte *Ole Johnsen Velve*, var ugift og var skreddar som tilnamnet hans fortel. Han var frå Øverbygd a , men heldt til i Flora. Han losjerte på Hegset både i 1865, og i 1875. Han var født i 1829. Han handsydd alle plagg han laga og var rekna for å vera flink i faget sitt. Ein brukkjole av fint kjøpty som han sydde i slutten av 50-åra var svært så fint forseggjort. Han var læremeister til *Peder P. Hegset-Brautan* som tok opp yrket etter *Ole Johnsen Velve*.



Gravferda til Baro Hegset. 1911.

I 1891 vart vegen gjennom Kubjørga omlagt, og oppstigninga frå Hegset vart mykje lettare. Same året tok *Baro Hegset* skyss-stasjonen, og den vart verande på Hegset til stasjonshaldet rundt 40 år seinare vart nedlagt. Ny tida med landbruksmaskinar, separator m. m. var no kommi. Og yngre krefter på gården hadde alt i fleire år stått føre leiinga av gardsdrifta da *Baro Pedersen* i 1900 overgav eigedommen til eldste sonen.

Baro Hegset d. i 1911, 81 år gammal. *Anne Johnsd.* d. 1891, 58 år gammal.

Neste oppslittar, *Peder B. Hegset* vart g. i 1886 m. *Mali Pedersd. Trondset*, f. 1866.

Dei hadde 10 born:

1. *Baro*, f. og d. 1886.
2. *Baro*, f. 1887, d. 1892.
3. *Brynchild*, f. 1890, d. 1891.
4. *Baro*, f. 1892, d. 1927, ug. arbeidde heime på garden.
5. *Peder*, f. 1895, tok over garden.
6. *Anton*, f. 1898, reiste til Canada, farm ved Watsonn, Sask., kom att, g. 1952 m. *Solveig Forbord*, Stjørdal, f. 1911, har kjøpt villa i Innbygda.

1. *Julie*, f. 1900, d. 1904.
2. *Birger Olaus*, f. 1903, d. 1957, ug., var skomakar og budde heime.

Julie, f.1908, g. 1938 m. *Peder Alsethaug*, f. 1912, kjøpte småbruket Asheim på Mosletta, 2 born: *Per Gunnar* og *Anne Mari*.

Torstein, f. 1911, g. 1943 m. *Ingeborg I. Moslet*, f. 1921, kjøpte garden Bakken, reiste seinare til Watson, Canada, driv bygningssnekking, har 3 born: *Mali*, *Ola Ivar* og *Selma*. Vori heim fl. g.

Peder B. Hegset var ein ivrig gardbrukar, dyrka nyland og dreiv opp jordet med kunsteng og kjøpfrau og hadde kring 20 naut, derav 14 mjølkekyr. Dreiv og med mykje geiter, men hadde mindre småfe enn faren.

Han slutta med vårsetringa, hadde krøtera på Storbrauta til han flytta dei på Gardalen og var der heile sommaren. Sauene hadde han i trø heime. Slutta og med haustsetringa. Det vart minka på markafóringa, men han slo mellom 30 og 40 lass, fordelt med kring 12 ved kvar av dei tre setrane i heimmarka. Setervollen på Gardalen slo han og. Han pløygde opp eit stykke her og hadde 6 - 7 lass timotei. På Fossen dyrka han og ein 13 - 14 mål.

I 1908 brann Hegset-garden. Det var ein av dei største brannane i bygda. Alle husa strauk med så nær som buret, eldhuset og smia. Ulykka hende den 25. mars, og det fata i i middagstida. Nokre born hadde fått tak i fyrstikker. Det fanst ikkje anna karhjelp på garden enn bestefaren. Mannen sjølv var på Gardalen etter høy og dei eldste gutane var på skulen. Ei lykke var det at broren, *John B. Hegset* var heime. Han og Barogubben sprang til stallen og fjøset og fekk redda ut krøtera så nær som sauene og grisane. Ei kvige gjekk og med. Ho hadde sprunge opp i fóringsgangen som var for trong til å vende i. Det kunne nær ha gått gale med karane og. Gubben helt på og hamla etter ein killing i geitfjøset da *John* kom og tok både han og killingen og sprang ut. Da logebrann fjøslemmen oppfor dei.

Skuleborna var mellom dei første nede i grenda som vart var brannen. Dei hadde middagsfri og vart var røyken og la av stad. Samtidig med dei kom *Jon* o. *Bakken* springande over elva og ropte: Brann! Brann! så det høyrdest lang lei. Han fór inn i stugu, og no vart det arbeid åt skuleborna å dra unna innbu og klede som kom ut vindauga. Fjøset og låven stod alt i ljós loge da borna nådde fram, men det var stilt ver, og dei mange, mange som samla seg på brannstaden kunne kanskje ha berga stugu om dei hadde hatt noko å hjelpe seg med. No var det berre å stå og sjå på at elden herja.

Ein av skuleungane råka til å sjå da stugu fata eld. Han hadde truva seg ned i gardsleiet da ei forferdeleg eldtunge stakk ut frå kråa mellom fjøset og låven, råka stugutroppa og slikka oppetteretter veggen, følgde taktroa og stod som ein kost ut i veret oppfor hovudet på han. Da eldtunga drog seg attende, logebrann både veggen og taktroa.

Mykje innbu og reidskap gjekk med i brannen. Men poteten berga.

Det var mura kvelv over potetkjellaren, og det berga han, enda stugu brann ned til grunnen.

Husa vart oppsett på same rom så nær som stugu som vart sett på vestre side. Stallen som hadde stått der før, vart tømra i ende med fjøset, og sommarstugu, som og hadde hatt plassen sin der, kom på den gamle stugutomta ved sida av buret, som no vart flytta dit.

I 1914 kjøpte *Peder B. Hegset* garden Hjelset i Lånke og flytta nedover sjølv med ein av dei vaksne sønene, men selde garden att etter ein tre års tid. Heimegarden hadde i mellomtida vori drivi av eldste sonen.

No blinka *Peder Barosen* ut Hegsetbjørga aust for Halvdagsåa.

Det var ein blink på over 11 000 tre. *Peder* hadde drivi som vanleg i skogen før og hadde sirkelsag som han sette opp straks han tok over garden, men denne skogsdrifta talde inga samanlikning mot salet av den store blinken.

Skogen vart seld til Sagtun bruk, men vart ikkje hoggen før året etter og da av Trondheim kommune som skulle bruke kvantumet til ved, men sagtømmeret skulle byttast i anna vyrke. Prisane hadde halde seg stabile under krigen, men tok no til å flyge til vers, så det vart sagt at det vart mest dobbelt opp for tømmeret for den siste kjøparen.

I 1930 kjøpte *Peder B. Hegset* eit oljeaggregat og la inn elektrisk lys, og nokre år seinare bygde han elektrisitetsverk i bekken attmed garden og leverte straum til fleire av grannane. I 1937 reiste han ein tur over til Amerika og såg om son sin, *Anton* og slektningar i Minnesota og Minneapolis. Han hadde da overlate garden til sonen *Peder* som fekk alt saman for 25 000 kroner.

Peder B. Hegset d. i 1941, 78 år gammal. *Mali Pedersd.* d. året etter 76 år.

Peder P. Hegset vart g. i 1930 m. *Bergitte Johnsd. Slind*, f. 1907.

Dei hadde 3 born:

1. *Baro*, f. 1930 skogskule, er heime.

Sverre, f. 1936, lærar, g. m. *Helga Bjorøy*, Fjell i Hordaland. Barn: *Peder Ole*.

Målfrid, f. 1938, sjukesøster, g. m. siviling. *Olav Sølverud*, Gvarv, born: *Peder* og *Matis*. Dei bur i Bergen, men flyttar no til Oslo.

Med den nye brukaren vart det slutt med all ljåslått, men dei setra til 1946.

Med skogsbruket vart det og omskifte til snauhogst og planting, og der dei eldre streva med hest og doning for å få tømmeret fram, der durar no traktoren fram etter skogsvegar og vinsjar tømmeret til seg frå alle leier.

Garden Hegset er som kjent største garden i grenda, og ved den plass garden har midt i ferdelsvegen, har han hatt ei dominerande stilling i grenda. Slik no og, i anleggstida, som tok til med bygginga av nyvegen mellom Flora og Gressli.

Vegen vart lagt på sørsida dalen om Hilmo, vegliner stukke over fleire brustelle i Flora, men den om Hegset sigra og den flotte Hegset bru vart oppsett.

Elvreguleringa og kraftutbygginga kom garden svært mykje borti, først og fremst gjennom si lange strandline. Damfestet på nordsida dalen med anleggsveg fram i bygda og strandline mot den nye sjøen ligg på Hegsets grunn så langt eigedomen rekk oppover dalen. Garden skaffa og grunn til anleggsbrakka r og bustadhus for administrasjon.

Alle ulemper vart sjølvsagt erstatta og' garden fekk stor erstatning, men for sjølve jordsbruket på garden, er mykje tapt.

Peder Hegset restaurerte og moderniserte husa og pussa opp garden så han vart ein av dei vakraste i grenda. Det gamle sagbruket, som stod like ved garden, måtte rivast da nyve gen vart bygd, men moderne motordrivi sag kom i staden.

Peder P. Hegset d. i 1966, 71 år gammal.

H E G S T A D (Hegset øvre) G. nr. 114, b. nr. 8 og 9.

Hegset eller Hegset øvre som bruket blås i dagleg tale, ligg i lia rett opp for garden Hegset, der «Gammalgarden» stod frå først av. I 1830-åra da garden vart flytta, vart den gamle tufta og jordet ovafor utlagt til plass åt nesteldste son på garden, *Didrik Barosen Heg-*



Ole Didriksen Hegset med familie.
1. rad frå venstre: John, Ole og Kari,
2. rad: Herman, Hannah og Axel.
3. rad: Oluf, Hille, Johan og Emma.

set. Det var høve til å kjøpe benefisert gods da, og dei to brørne *Peder* og *Didrik Hegset* tenkte å kjøpe garden og dele han. Det vart ikkje noko av kjøpet, men garden vart delt likevel. *Didrik* fekk jord aust for Hegsetbakken, seterrett og vide markaslætte og skog og, så plassen hans vart mest som ein gard å rekne for. Den gamle «Skrivarstugu» stod att på tufta, og den vart no daglegstugu i hovudlånet.

Didrik Hegset var f. i 1801 og g. 1834 m. Dordi Ellevsd. Neset,

1813.

Dei hadde 7 born:

1. *Baro*, f. 1835, var heime.
2. *Beret*, f. 1837, g. 1860 m. *Sivert Bårdsgård*, Mølnarøya, reiste til Baldwin, Wisconsin.
3. *Anne*, f. 1840, g. m. *John O. Uthus*, dreiv plassen i fl. år.
4. *Ole*, f. 1841, g. 1869 m. *Kari Johnsd. Gresli*, reiste til Baldwin, 9 born, eldste dotter, *Beret*, g. m. *Bernt O Hilma*, Twin Valley, Minn.
5. *Ingeborg*, f. 1844, g. 1864 m. *Peder P. Punde*, reiste til Baldwin, ei dotter g. m. *Lars O. Hilma*.

6. *Ragnhild*, f. 1846, g. m. *John Jørgensen Slind*, kjøpte Neset.
7. *Brynhild*, f. 1849, g. m. *Tomas T. Slind*, bygsla pl. Solbakken.

Hegset øvre hadde både skog og seter og større markasløtte enn som vanleg var på husmannsplassane. Dei hadde og buskap der etter. Teljinga i 1865 reknar opp 1 hest, 9 naut, 12 sauer og 6 geiter. Og dei sādde 3/4 tynne bygg og sette 2 ½ tynne potet.

Baro Didriksen vart g. 1877 m. *Alet Johnsd. Bjerken*, f. 1852. Dei hadde 2 born, som døydde som små bāe to: *John*, f. og d. 1875, *Dorthea*, f. 1877, d. 1879.

Baro Didriksen døydde på same tid som dottera, 44 år gammal. Det var midt på vinteren, i februar. Det gjekk skarlaksfeber i bygda, og jenta låg sjuk. *Baro* gjekk heime og hadde gått bort i vedbua, da han brått kjente seg uvel og gjekk inn og laut leggje seg, og før dagen var omme, var det slutt med han. Seks dagar etter døydde dottera, og dei to følgdest åt grava.

Mora, Alet Johnsdotter, flytta no heimatt til Bjørken og vart gift att med *Peder P. SveIma*, Tydal.

Da *Baro* døydde, tok svogeren *John Olsen Uthus* over gardsdrifta. *Didrik Barosen Hegset* d. i 1873, 72 år gammal, *Dordi Ellefsd.* vart 83 år. Ho d. i 1896.

John O. Uthus, f. 1846, vart g. 1868 m. *Anne Didriksd. Hegset*.

Dei hadde 6 born:

1. *Ole*, f. 1868, refste til Am., var heim ein tur i 1894, ug.
2. *Dortea*, f. 1870, g. m. *Peder E. Flakne*.
3. *Marit*, f. 1873, g. 1913 m. *Kristoffer Risholt*, Asen, ikkje born.
4. *John*, f. 1876, d. 1879.
5. *Johanna*, f. 1880, ug. hjelpte foreldra.
6. *Beret*, f. 1883, g. 1914 m. *Ole S. Fardal*, Stjørdal, dreiv pres.tegarden i Meråker, 2 born: *Anna*, g. Østerås, og *Sverre*.

John O. Uthus dreiv Hegset øvre kring 20 år, og tok namnet *Hegset*. Han flytta frå garden i 1901, losjerte nokre år til han bygsla plassen Øvermo under Neset.

Som ny brukar på Hegset øvre kom no *John B. Hegset*, den yngste av sønene på hovudbruket.

I ung alder reiste *John* til Am. til farbroren, *Torstein Hegset*. Han

kom att i 1893, vart gift og dreiv prestegarden i 5 år før han tok over Hegset øvre.

John Hegset var ein svært snåen kar. Det var huva føre han det, inn på ein krakk når me gjekk inn til måls, og så satt han ved bordet med ein gong, har ein av husmennene på prestegarden fortalt.

På Hegset øvre var det mykje arbeid som venta på han. *John* måtte byggje nye hus. Steinrøysene kring ækrene, som var så karakteristisk i det gammaldagse jordsbruket, låg til enda, men fekk no skyss. På toppen av lia oppfor garden, var det nokre lange steinhuller reiste på ende som bautasteinar, som og vart køyrde vekk. Ikkje så lite av jordet var udyrka, og *John* rydda opp alt som kunne ryddast.

John B. Hegset f. 1869 vart g. i 1895 m. Ingeborg Gundersd. Drivold, f. 1873.

Dei hadde 12 born:

1. *Anna*, f. 1895, g. m. *Einar P. Flakne*.
2. *Baro*, f. 1897, dreiv handelsforretning på Selbustranda, g. 1924 m. *Oline Langset*, f. *Punde*. Born: *Ingeborg, Olga, Jenny og John*.
3. *Gunnar*, f. 1898, ug. bur ved Tønsberg, er bygningssnikkar.
4. *Ingeborg*, f. 1899, g. 1926 m. *Gustav Julset*, kjøpte Sandgrinda i Lånke. Born: *Nils, Arne, John, Ivar, Gudmun, Kjell og Torleif*.
5. *Torstein*, f. 1902, g. 1938 m. *Karen T. Rønsberg*, bureisar på Nekåbjørga, kjøpte seinare gard i Haltdal.
6. *Petrine*, f. 1903, g. 1926 m. *Olaf Berg*, Klæbu. Born: *Alma og Bjarne*.
7. *Ole*, f. 1905, reiste til Canada i 1927, ug., bygningssnikkar, bm ved Camros, Alta.
8. *Inga Johanna*, f. 1906, g. 1932 m. *Einar Eggen*, Skaun.
9. *Kristine*, f. 1907, g. 1949 m. *Ole Sæter*, Leksvik.
10. *John*, f. 1911, g. 1939 m. *Mathilde Uglen*, tok over plassen.
11. og 12. to gutar, bår døypt *Peder*, f. 1914 og 1917, bår d. som speborn.

I 1904 starta *John B. Hegset* handelsforretning. Han dreiv handelen i 20 år og hadde mykje å fortelje frå den tida, iser om alt maset og møda med å få opp varene. Mest alt kom om Hell og vart køyrd med hest, og det var ikkje alltid folk var så villige til å reise etter lass, iser i førefallet. Det var no ei underleg køyring og med lån av vogner Nedl Leksdalen, og omkøyring og kroking etter snøfonnene der vegen var berr. Likast var isvegane som vart nytta til det yttarste. Dei

køyrd etter Innervika, Setsås - Eidemslandet til vatnet båra i sprekkane, og etter elva køyrd dei til straumåsene skar igjennom veglina. Handelsmannen laut mang ein gong dra iveg sjølv for å få varene opp, og han vart ikkje så snart opprådd. Ein gong, det var enda våren 1914, køyrd han til Innbygda etter eit mjøllass, kom tidleg til P. U *glan* og venta på lasset som skulle kome fram i Eidemslandet, køyrd av ein strandbygg. *John* hadde køyrd opp ved Rønsberg og over Holtet og skulle same veg attende, men måtte da mest opp til Hærsljøen for å komme over Mølnådalen. Frå Rolset hadde han fin isveg like heim.

Det vart køyrd t varer over Bukkhammaren og, frå stasjonen i Haltdal, og det kunne vera fint å køyre over fjellet når det klaffa med ver og føre. Ein gong vart det så godt skareføre at ingen hadde tid til å følgje handelsmannen. Alle skulle nytte det gode føret til å få høyet sitt heim frå markene, og *John* laut fara aleine. Borti dalen fekk han med seg eit par køyrrarar opp på fjellet. Der lesste *John* det heile, 1400 kg på sleden sin og køyrd lasset til dals. Skaren var så sterk at det bar på trøgen kvar ein køyrd, og *John* heldt seg oppi lia på austsida Usmsjøen så han slapp stigninga framanfor.

Jordvegen dreiv *John* opp til eit mønsterbruk, rydda opp alt som kunne ryddast. Han rydda skrinnetget Branden, og avla frauhøy der det før hadde vori berre skrinnfør. Han slo mykje i marka, og hadde stor buskap.

John sto føre bruket til 1948 og overlet det da til yngste sonen, *John*.

John B. Hegset d. i 1958, 89 år gl. *Ingeborg Gundersd.* d. i 1945, 72 år.

John J. Hegset vart gift i 1939 m. *Mathilde Ingebrigtd. Uglem*, f. 1918.

Dei har ei dotter, *Ingeborg*, f. 1939.

John Hegset kjøpte eigedomen i 1948. Den er på 430 da, derav 400 da produktiv skog og vart betalt med 15 000 kr.

John sette opp sagbruk og saga tømmeret han dreiv fram. Stugu vart modernisert. Men anleggsarbeidet som *John* var godt kjent med frå før, kom til å liggje nærast for som før. Jordbruket vart innskrenka meir og meir, for til slutt å bli heilt nedlagt. Etter faren døydde flytta *John* med fam. til Gevingåsen i Lånke der han hadde sett opp villa.

John er forskalingssnikkar. Dottera, *Ingeborg*, vart g. i 1960 m. anleggsarb. *Oddvar Eidem*, Vega. Dei har 2 born: *Jon Magne* og *Stig Håvard*. Dei bur på Stjørdal, i sjølvbygd villa.

HEGLI G. nr. 114, br. nr. 6.

Hegli ligg aust for Hegset. Namnet er nytt. Bruket, som er gammal husmannsplass, hadde namnet Brautan før, og er ein av dei eldste plassane i Flora.

Alt i 1723 er det nemnt husmenn under Hegset. Dei var «av Verkets folk og Saar iche», står det, så det var nok berre gruvstuguer, og stod truleg nærare elva. Men i manntalet for 1762 er det ført 2 husmenn under garden. Den eine av dei der heitte *Sjur Helgesen*, f. 1719, og g. m. *Marit Svendsd.*, og han må ha sete på Brautan.

Dei hadde 3 born, alle fødde på Hegset: *Brynhild*, 1751, *Anne*, 1759 og *Helge*, 1763. I manntalet er oppført ei gammal, fattig enkje, *Dørði Larsdotter*. Ho døydde på Uthus i 1765, 96 år gammal.

Sjur Helgesen d. året etter. Han hadde da fari frå plassen og losjerte på Tuset. Ein bror av han, *Lars Helgesen* budde på Stormoen. Far deira heitte *Helge Sjursen*, men det er tvilsamt om han har budd på Braut-plassen. Noko meir om desse folka veit ein ikkje. *Marit* og borna har vel fari ut or grenda.

I 1764 flytta ein *Peder Pedersen* med kona *Anne Larsdotter* til plassen. Dei hadde 5 born: *Peder*, 1761, *Lars*, f. og d. 1763, *Lars*, 1764, *Ingeborg*, 1766 og *Olle*, 1767.

Anne Larsdotter d. i 1767 35 år gammal, og har da Tuset som ettermamn. Siste barnet hennar var tødd på Uthus. Dette skulle tyde på at dei hadde flytta frå plassen, men tjue år seinare sit nest yngste son deira, *Lars Pedersen* som husmann på plassen.

Lars Pedersen vart g. i 1785 med ei *Marit Andersdotter*. Dei hadde 5 born: *Peder*, 1787, *Anders*, 1790, *Anne* 1792, *Kirsten*, 1794 og *Marite*, 1796.

Det var dårlege tider med arbeidsløyse og svolt. Dei tok så smått til å grava til nokre potetsenger i den tida, og det er fortald om *Lars* at han skal ha sagt: Om potetbera er aldri så lita, så vil handa til munnen med henne.

Det var slutt med gruvedrifta, og etter smelthytta vart nedlagt vart det reint fælt for dei som hadde berre gruvealbeidet å stø seg til.

Lars greidde til slutt ikkje påkjenninga. Han fall i frå i 1797, 32 år gammal.

Tre år etter vart *Marit* gift att med ern *Anders Christensen* som var frå Lauvøyen i Tydal, og hadde 1 barn: *Lars* f. 1802. *Anders* var 45 år gammal i 1801, og *Marit* 38 år. Alle borna var heime, så nær som *Anders*. Ei gammal enkje, *Kirsten Fastesdotter* budde hos dei og.

Desse folka flytta frå plassen kring 1807 og fór truleg til Meråker.

Koparverket hadde rigga opp med smelthytte der, og mange gruvfolk tok vegen dit. Berre eit av borna etter *Marit Andersdotter* har ein støytt på i Flora seinar, *Kirsten* som tente på Hegset i 1827.

Han som no fekk bygsel på Brautan ætta og frå innflytta gruvarbeidarar. Det var *Einar Pedersen Uthus*, f. 1779, og g. 1802 m. *Mali Pedersd. Hegset*, dotter til *Peder Barosen* Hegset.

Foreldra til *Einar* bureiste truleg Uthusplassen, og ein vil finne meir om ætta under dette bruket. Da *Einar* flytta til Brautan, tok han mor si, *Gjertrud Einersdotter*, med seg. Faren var da død, og syskena hadde fari or bygda.

Einar og *Mali* hadde 4 born:

1. *Peder*, f. 1802, bygsla plassen etter foreldra.
2. *Ingeborg*, f. 1805, g. m. *Anders Pedersen Aftretåsen*, bygsla pl. Haugen (Åsen) under Bjørken.
3. *Gjertrud*, f. 1808, d. 1818.
4. *Anne*, f. 1812, g. m. *Peder P. Uthusplassen*.

Eit bar.nebarn, *Gjertrud Larsdotter*, f. 1826, dotter til *Ingeborg*, tok teneste i Klæbu og vart verande der. Ho var ugift.

Gjertrud Einersd. d. i 1818, 75 år gammal.

Einar Pedersen døydde 6 år etter mor si, 47 år. Kona, *Mali Pedersd.* vart 85 år gammal. Ho d. i 1848.

Einar Brautan var soldat.

Peder Einersd. fekk bygselsestel på plassen «Brauten» av sokneprest *Sandberg* i 1847.

Peder vart g. 1846 m. *Ragnhild Olsd. Neset*, f. 1818. Dei hadde 3 born:

1. *Ole*, f. 1842, g. m. *Brynhild Olsd. Tuset*, bureiste pl. Brautbakken.
2. *Peder*, f. 1854, tok over plassen etter foreldra.
3. *Mali*, f. 1855, g. m. *Knut J.Ørås*.

Om jordsbruket på plassen opplyser tellinga i 1865 at dei hadde 3 naut og 6 sauer. I 1875 var

tala auka til 4 naut og 9 sauer. Og dette året sådde *Peder* 1/4 tynne bygg og sette 1 tynne potet.

Peder Einersen Hegset d. 1884, 82 år gl. *Ragnhild Olsd.* d. i 1907, 89 år.

Plassen vart no delt mellom dei to brørne. *Ole* overtok austre parten av jordet og sette opp hus åt seg på bakken oppfor den gamle plassen og *Peder* fekk vestre part og det gamle tunet og hadde mor si hos seg.

Peder P. Hegset vart g. i 1886 m. Anne Johnsd. Ørås, f. 1856.

Dei hadde 2 born:

1. *Peder*, f. 1887, tok over plassen.
2. *John*, f. 1891, kjøpte plassen etter farbroren.



Anne og Peder P. Hegset.

Peder P. Hegset var skreddar og skinnfellmakar. Skreddaryrket hadde han lært at Litl-skreddaren, *Ole Johnsen Vel ve*, som losjerte på Hegset og er omtala der.

Anne og Peder var stillfarande folk. Dei heldt på den gamle skikk med å gå til kyrkje. Dei gjekk regelmessig til alters vår og haust og gjekk da som regel ned i hovudbygda dagen før til folket sitt på Røsethaugen. Sundagen gjekk dei beinast heim frå kyrkja.

Peder P. Hegset d. i 1931, 77 år gl. *Anne Johnsd.* d. i. 1934, 78 år.

Peder P. Hegset, eldste sonen, tok over plassen og kjøpte egedomen da foreldra fall frå. Eit stort utmarkstykk vart tillagt, så bruket fekk ei skyld på 0,55 mark. Det fekk no namnet Hegli og *Peder* skreiv seg sidan for Hegli.

Peder hadde lært yrket til faren, men hugen stod til meir robust arbeid. Han dreiv opp jorda, dyrka nyland, slo 14 - 15 lass markahøy, og hadde hest attåt ein vakker buskap. Han sette opp nytt fjøs. Det gamle var både falleferdig og for lite. Stugulånet vart og utvida med eit tilbygg til koven. Faren hadde sett opp nystugu.

Peder Hegli vart g. i 1917 m. *Oline Gundersd. Moslet*, f. 1893.

Oline døydde i spanskesjuka to år etter dei vart gift og let etter seg ei jente, *Anna*, f. 1918.

Peder Hegli fekk no *Ane Johnsdotter Hegset* som hushaldar. Ho hadde ei dotter, *Petrine*) f. 1920, og dei *ta* jentene voks opp i lag. *Anna Hegli* gjekk handelssk. og vart buti-kkjente. Ho vart g. i 1945 m. *Halbjørn Velve*, kjøpte småbr. Kyllobekken og har 2 born: *Per Olav* og *Brit Helen*.

Petrine Hegli utdanna seg til sjukepleierske og er styrarinne på Klæbu aldersheim. Ho er ugift.

To jenter til har vaksi opp på Hegli:

Laila Hjelting, f. 1931 i Trondh., tre år på Hegli til 1946, ho vart konfirmert.

Kari Skjetne, f. 1940 i Tiller, kom 7 år gammal til Hegli og heldt heimatt der til ho vart gift. *Kari* gjekk handelsskulen og fekk kontorarbeid i Trondh., gift 1965 m. ingeniør *Gunnar Lein*, Trondh., bur på Lillestrøm. Born: *Torbjørn* og *Steinar*.

Peder Hegli d. i 1964, 77 år gammal.

Ane J. Hegset budde no aleine nokre år til ho i 1967 flytta til Helseheimen. Sidan har bruket legi øyde. *Halbjørn Velve* som eig bruket leiger bort avføringa.

SOLLI G. nr. 114, br. nr. 3.

Småbruket Solli ligg like ved Hegli. Bruket vart bureist som husmannsplass kring 1880 av *Ole Pedersen Hegset*, Brautan. Jorda vart utlagt av den gamle plassen Brautan. *Ole* kjøpte stugu på plassen Byåsen og bygde tunet sitt på lia oppfor den gamle plassen, og plassen vart kalle Brautbakken.

Ole P. Hegset, f. 1842 vart g. 1877 m. *Brynhild Olsd. Tuset*, f. 1850. Dei hadde 4 born:

1. *Ragnhild*, f. 1877, g. m. *John Sakariassen Uthus*.
2. *Ole* f. 1879, var ein tur til Amerika, kom att og vart g. m. *Brynhild J. Uthus*, Haugen, og tok over heiffrommet hennar.
3. *Peder*, f. 1883, g. og var heime.
4. *Ingeborg*, f. 1890, g. I m. *Ole Pedersen Tronsaunet*, Nygård Haltdal, ein son. *Peder*, sjef for Tydal eLverk - g. II m. *Olav Fastesen Aas*, ei dotter *Kristine*.

Peder O. Hegset vart g. i 1907 m. *Ane Johnsd. Hegset*, f.1885. Dei hadde ei dotter: *Brynhild*, f. 1907, g. m. agent *Henry Tande*, Trondheim, Ein son, *Gunnar*, f. 1905, voks opp på Hegset, reiste til Følling i Kvam, g. m. *Gunbjørg Aunan*, Kvam, d. 1962.

Peder O. Hegset døydde om våren i 1911, 28 år gammal. Fjorten dagar etter døydde faren, *Ole P. Hegset*, 69 år.

Plassen vart no bortleigd til *Peder P. Hegset*, bror til *Ole Pedersen*.

Ane Johnsd. tok teneste på Hegset. Veslejent *Brynhild Pedersd.* vart verande hos bestemora.

I 1920 vart plassen kjøpt av *John P. Hegset*, yngste son til *Peder*

Hegset, Brautan. Bruket fekk namnet Solli, eit namn som eigaren tok i bruk som etternamn.

John flytta husa nedunder bakken, bygde til ei stugu til *Brynhild*, som fekk føderåd.

Brynhild Olsd. d. i 1936,86 år gammal.

John Solli, f. 1891 vart g. 1924 m. *Beret Johnsd. Tuset*, f. 1892.

Dei hadde 2 pleiebarn:

1. *Nils Andersen*, f. i Trondh. 1923, g. 1947 m. *Pauline Overvik*, har villa på Overvik. Born: *Bjørn Ove*, *Wenche* og *Pauline*. N. A. arbeider som sementpussar.
2. *Gerd Langørgen*, f. i Trondh. 1935, g. 1956 m. anleggsarb. *Oddmund Drivvoll*.

John Solli var skreddar. Hadde lært yrket av faren og teki utdanning hos skreddarmeister *Hestnes* i Hommelvik. *John Solli* var kasserar for Flaren Spareforening i omlag 20 år frå 1918 til foreninga vart nedlagt, og revisor i handelsforeninga i fleire år.

John Solli d. i 1967, 76 år gammal. Egedomen er no overdregi til *Nils Andersen*, men ligg øyde. *Beret Solli* har flytta til Helseheimen.

SOLBAKKEN **G. nr. 114, br. nr. 7.**

Solbakken ligg rett opp for Hegset øvre, oppe på elvbrettet. Bruket vart festa som husmannsplass i 1876 av *Tomas Tomassen Slind* og fekk namnet Solbakken, men vart kalla *Tomas-Trøa* etter bureisaren.



Brynhild og Tomas Hegset.

Det er verhardt her, og bureisaren laut flytte husa frå første plassen han valde til tun.

Tomas T. Hegset, som han skreiv seg for, var f. på Slind i Vikvarvet i 1851 og gift i 1873 m. *Brynhild Didriksd. Hegset*, f. 1849.

Dei hadde 5 born:

1. *Didrik*, f. 1873, d. 1879.
2. *Ingeborg*, f. 1879, døv, ug., gjekk døvesk. var heime.
3. *Didrik*, f. 1882, d. 1904.
4. *Ane*, f. 1888, g. m. *John J. Skogan*, øvre.
5. *Tomas*, f. 1890, tok over bruket.

Første stugu på Solbakken, var ei lågstugu som *Tomas* kjøpte i Bjørken. Den står framleis på garden og har vori brukt til eldhus sidan stugulånet kom opp. Dette tømra *Tomas* opp heilt aleine, og nærast på fyraben, så det tok litt tid før det kom opp.

Plassen var ikkje stor nok til å føde hest, og *Tomas* drog mykje, både ved og høy til gards. Det var dyrt å leie køyring, og folk var ikkje alltid så lettbedd heller. «Eg har sleti ut mang ei bukserev på stabben i gardane eg når eg har vori i veg og tinga høykøyrar», sa



På setra. Ingeborg og Tomas Hegset med borna, Gunelie, Olav og Gurine.

Til høgre: Martin Bårdsgård, Anna og Olaus Melan.

Tomas, han var lentug og spøkefull så det var ikkje langsamt å vera i lag med han.

Tomas rydda opp den vesle jordvegen som har fin leirjord, men hengande bratt Nedl lia. Oppå er det grunnlendt, og for det meste myr.

Det var ikkje veg til gards, men *Tomas* grov gardsveg på eigen kostnad.

Tomas Hegset d. i 1935, 84 år, *Brynhild Didriksd.* d. i 1927, 78 år. Bruket var da teki over av sonen.

Tomas T. Hegset, d.y., vart g. i 1916 m. enkje *Ingeborg Pedersd.*

Bjerken, f. *Alsethaug* 1888. Ho hadde vori gift med *Gunder G. Bjerken*. Dei hadde gardsbruk i Elvran i Lånke og hadde 2 born:

1. *Gunelie Bjerken*, f. 1912, d. 1927.
2. *Olav Bjerken*, f. 1913, g. m. *Ragnhild P. Flakne*, kjøpte Viengtrøa.

Tomas og *Ingeborg* hadde 5 born.

1. *Gurine*, f. 1916, reiste til Jemtland, g. m. *Simon Asen*, Hallen, Jemtland, 1 barn, *Anita*, kontord. i Stockholm.

17

257

2. *Brynhild*, f. 1918, ug., tente i 5 år, så husmor heime til 1954, sidan i teneste på Hågåbakken i Selbu.
3. *Johanne Petrine*, f. 1922, g. 1942 m. *Olaf Moslet*, bureisingsbruk, Nekåbjørga.
4. *Tora Ingebjørg*, f. 1926, g. 1954 m. *Anders Tjern voll*, Innbygda, flytta til Mostadmarka, 1 barn, *Eirik*.
5. *Tomas*, f. 1928, tok over bruket.

Tomas og *Ingeborg* flytta til Flora og tok over drifta på heimerommet Solbakken i 1922. Garden i Lånke hadde dei seld. Både *Tomas* og *Ingeborg* var sterkt .religiøse. *Tomas* deltok i forkynninga, .reiste litt og som .emissær.

Tomas hadde hest, og leigde seter på Rotldalen til i 1928. Kona hans, *Ingeborg*, døydde da, 40 år gammal. *Olav* begynte no .som tenestgut. Dei andre var heime, og *Ingeborg*, syster til *Tomas*, stod føre huset.

Tomas dreiv bruket på bygselen til foreldra til 1940 det vart ordna med kjøp. Han fekk 100 mål utmark attåt plassen som er på 20 mål. Bruket vart kalla Solbakken, og borna tok namnet som etternamn.

Tomas Hegset vart berre 58 år gammal. Det gjekk svært fort med han. Dei hadde vori oppi Hegsetbjørga etter ein vedflåte han og sønen. Så hadde flåten stana på ein stein, og *Tomas* laut ut i elva og freiste løfte han av, som lykkast og. På vegen opp bakkane heim, kjende han seg noko uvel og sa til sonen at han tok vel i litt for hardt da han var uti elva. Komen heim, bytta han klede og stelte seg, men kjende seg framleis uvel. Borna ville vake om natta, men det trongs ikkje, meinte han og gjekk og la seg. Ikkje lenge etter hørde dei så rar ein lyd frå rommet hans og sprang inn til han, og nådde han så vidt i live.

Tomas Hegset d. i 1949. Det var da 21 år sidan kona, *Ingeborg Pedersdotter* døydde.

Brynhild stod illa føre huset saman med fastera, *Ingeborg*. *Tomas* laut på eksis og tok seinare arbeid ymse stader, sist i Jemtland. I 1954 kom han heim og tok over bruket, og var da gift.

Tomas Solbakken vart g. 1952 m. *Hanna Danielsen*, Stjørna, f. 1925. Dei har 3 born:

2. *Brit Unni Danielsen*, f. 1945, butikkdame, først i Flora, sidan i Trondheim.

3. *Ingeborg Elin Solbakken*, f. 1952, realsk.
4. *Tomas Charles*, f. 1956.

Tomas Solbakken fekk no arbeid i heimbygda og det tungvindt e jordsbruket fekk mindre og mindre å seie. Da anleggstida her var slutt, valde *Tomas* å flytte til Trondheim der han har fast arbeid.

Dei flytta i 1967, og Solbakken vart da lagt øyde, men jordet blir avfóra.

Fastera, *Ingeborg T. Hegset*, budde den siste tida hos *Anders* og *Tora Tjernvoll*. *Ingeborg T. Hegset* døydde på Døves aldersheim 1966, 87 år gammal.

BRAUTA **Nedl. plass**

Brauta låg ova vegen aust for dei andre Brauta-plassane. Det var ein liten jordveg festa og bureist kring 1880 av *Peder Andersen Bjerken*, *Litl-Pe Andersa* som han var kalla.

Peder Andersen, var f. 1846 og vart g. 1872 m. *Kari Johnsd. Overvik*, f. 1839. Dei hadde ikkje born. *Peder* rydda opp plassen som vart skori av da vegen vart omlagt.

Peder Andersen d. i 1907, 61 år gammal. *Johan Bjerken* dreiv no plassen i fleire år mot kårtyting.

Kari døydde i 1925, 86 år. Plassen er nedlagt.

VELTA **Nedl. plass**

Denne plassen låg på toppen av dalsida mellom *Bjørken* og *Hegset*. Plassen vart bureist i 1871 av *Johan Johnsen Bjerken*. *Johan* var f. på *Strinda* i 1828, var gift med dotter til *Guri Bjerken*, *Anne Johnsdotter*. *Johan* budde saman med svigerfaren, *Jon Halvorsen Bjerken* og dreiv *Brattåsen* i lag med han til svigerfaren døydde.

Guri Bjerken døydde i 1877, 77 år gammal, i pleie hos dottera. *Johan* var ein hardkar til å arbeide. Ved teljinga i 1875 hadde han 4 kyr og 8 sauer, og dei sådde 1/4 t. bygg og sette 2 t. potet, noko som

synest utruleg på den vesle plassen. Men *Johan* fóra i mark og skog og drog både fóret og veden til gards.

Johan Johnsen d. i 1892, 76 år gammal. *Anne Johnsdotter* d. i 1904, 76 år. Dei hadde ikkje born, og plassen vart nedlagt.

BAROMARITPLASSEN

Nedl. plass

Denne plassen låg på Hegsethaugen og hadde namn etter henne som sist dreiv plassen. Som fortalt før, så var det 2 husmannsplassar på Hegset i 1762. Den eine, som utan tvil var Brautan er alt omtala. På den andre, som må ha vori Baro-Marit-plassen, budde ein *Esten Olsen Stokke* med kona *Gunil Christensdatter* og ein 12 år gammal s-on, *Ole Estensen*. Her har nok og svigerfaren *Christen Neset* budd. I midten av 70-åra flytta *Esten* til Sørflakne og blir omtale nærare under den garden.

Til Baro-Maritplassen flytta no ein som heitte *Henning Erichsen* som er nemnt før som husmann under Uthus austre. Kona heitte *Marit Pedersd.* og dei hadde 5 born:


1. *Erich*, f. 1765, g. 1789 m. *Gjertrud Pedersd. Prestegaarden*. Dei bygsla plass under Neset.
2. *Mali*, f. 1765, g. 1792 m. gruvearb. *Peter Pedersen*, hm. under Tuset.
3. *Dorethe*, f. 1768, d. 1788, tente på Tuset.
4. *Peder*, f. 1771, d. 1778.
5. *Baro*, f. 1776, budde heime.

Marit Pedersd. d. i 1783, 49 år gammal. Fire år etter gifta *Henning Eriksen* seg att med ei *Marit Erichsd.*, men dei hadde ikkje born.

Henning d. i 1812 og *Marit* i 1816.

Baro Henningsen vart g. i 1801 m. *Marit Johnsd. Bjørken*. Dei hadde ikkje born. *Baro* d. i 1824, 48 år gammal. Kona overlevde nok mannen med fleire år, og det er etter henne plassen har fått namn. Dødsåret hennar er ikkje funni.

I 1809 lova Hegset-mannen plassen til sin yngste son, når plassen vart ledig. Men yngstesonen kom ikkje til å sette bu, så *Baro* og *Marit* var dei siste som budde på plassen.



Bakken med Hegset til venstre, brua og handelsforeninga i forgrunnen.

BAKKEN **G. nr. 115.**

Bakken ligg på søre side Nea og er øvst av gamlegardane her. Bakken er halvgard mot Neset og er bureist på 1600-talet. Av skriftlege kjelder går det fram at garden vart delt kring 1615 mellom ein *Halvor* og ein *Gunder Nes*. *Halvor* vart sittjande på det gamle tunet som stod på flata ved brua over Nea, medan *Gunder* bygde ny gard åt seg på bakken oppfor gamlegarden, og namnet Bakken gav seg sjølv.

Halvparten av den gamle garden var bondeadel, og som utgjorde 1 øre, kom til å høyre *Halvor* til, medan *Gunder* sin part var leilendingsgods delt på to eigarar med ½ øre i skyld på kvar. Kranens gods åtte 12 øre, og Bjelke pantegods like mykje.

I 1668 var det nye eigarar. *Christopher Caspersen Schøller* hadde da vorti eigar av Kranens part, og Hemne kyrkje av andre halvpart. Schøller åtte bygselsretten. Proprietærparten kom til å følgje lina:

Schøller - Brix - Schøller - Weinigel - Schøller - Krogh.

Gardsnamnet er skrivi *Bache*, men etter 1723 er den bundne forma *Bachen* mest brukt.

I dagleg tale blir det sagt Bakkinn, dat. Bakka, og gardsnamnet får preposisjonane «åt» og «i» i tilstad- og påstadnemning.

Så litt om folka på garden.

Bureisaren heitte *Gunder Einersen* og har nok ikkje vori son til føremannen, *Iffuer Nees*. *Gunder*, som dreiv garden enda i 1645, er ført i Koppskatten med høstrue og 2 døtre, men har nok hatt ein son og, *Joen Gundersen*.

Kvegskatten gjev opp krøterhaldet til 1 hest, 9 naut, 3 geiter og 3 sauer. Etter manntalet i 1660-åra var *Gunder* mellom 70 og 80 år da, og sonen, *Joen Gundersen* var 40. Ein husmann, *Biørn Bache* er og oppført og var 50 år. Han hadde 3 kyr, 3 geiter og 2 sauer.

I jordboka for 1661 er ledings-skatten oppført med 1 Rdlr., og skatt for engslætte er ført med 8 skilling. Småtienden, som og var ei årleg avgift, er i ein seinare matrikkel oppgjevi til 20 skilling.

Biørn husmann har og betalt leding med ein ½daler.

Tienden er i 1668 oppført med 2 skjepper bygg og 4 skj. havre. I 1684 har han dumpa ned i 2 ½ skjepper, samla, men garden var årviss, så dei har levert 1 skjeppe i froståret 1687 og.

Joen Bache er ført i ledingsmanntalet til 1695, men i 1701 er han avløyst av *Gunder Joensen*, 44 år gammal og einaste mannsperson på garden etter det manntalet fortel. Av kyrkjeboka går det fram at han har hatt ein bror, *Oluf Bache*. I 1699 er ei *Ingeborg Bache* gravlagt, 60 år gl. - «fattig og elendig», står det, truleg mor til *Gunder* og *Oluf*.

Gunder Bache vart g. i 1700 m. *Marit Joensd.*, truleg frå Gressli.

Året etter fekk dei trillingar: «De 2de døde i fødselen - det 3die levede og hiemmedøpt, kalde t *Jon.*» *Oluf Næss*, *Oluf Bache*, *Tosten Stoeche*, *Kari Hegset* og *Anne Uthus*, var fadrar.

Marit og *Gunder* fekk 3 born til: *Ingeborg*, 1702, *Jon* 1705 og *Einer* 1707. Nummer to av *Jon*-ane har sikkert namn etter morfaren, og *Einer Greislie* er ein av fadrane. *Oluf Bache* var fadder, denne gongen. *Einer Greislie*, var truleg bror til *Marit Bache*.

Desse folka var det som fekk ta imot karolinerne i 1718. Skaden dei leid ved vitjinga, er i takstprotokollen sett opp slik:

Oppbrent innreiding i hus, dertil gjerder og 7 tylter

tømmer	18	-	1	-	«
8 ½tønne bygg	19	-	«	-	12

5 lass halm	2	-	2	-	«	
12 lass høy	6	-	«	-	«	
1 hest		14	-	«	-	«

262

1 ku	3	-	2	-	«
4 småfe	2	-	«	-	«
Gardsreidskap	8	-	2	-	12
Innbu	2	-	2	-	«
Matv-arer	5	-	3	-	«
Takstsum	82	-	1	-	«

Det var kanskje ikke 'stort meir åf111ne, for dei må ha gjøffit unna ikkje så lite. Det er greitt dei har hatt meir enn 1 ku, og hest har dei nok og hatt oppe i utmarka kalles det Buåsdalen ein stad. Den ligg på Neset sitt vald no. Da låg utmarka i teigbytte og dei to gardane har heilt sikkert vori i lag om buret i skogen. Buret låg såavgjæmt at ingen 'visste om noko bur der før ein gjetargut gjekk seg på restane av eit Lite hus der i slutten av 1880-åra. Dei par omfara som var att, var heilt nedgrodd av mose.

Svenskane skal etter segna ha kommi ned i Flora om julkvelden, gamal rekning, og det svarar til dei notat soknepresten, *Christen Bloch* har gjort i kyrkjeboka:

«Festa Nativit Servatoris Xti blef ingen tjeneste fordi Svenschen gjorde allarm, og kom med sine fortropper i Frolen, som dog strax tog sin mars till Tydalen.»

Dette var første juledag, men det skulle bli meir uro: Sondag 28.

desember vart det heller inga preike.

«Dom Ima post Epiph: blef i~ngen tjeneste thi Svenschen kom da med ald sin krigsmact over Buchhammaren og tog sin Mars igienem Tydalen till Sveg belagde Frolen med et stercht parti til hest saa i nogle dager var ingen kundskab at faa herom. Vi ventede ViSnoch udi Selbo, men kom allene med et stercht parti til hest till den østre gaard Rolset, blef bange og pachede sig samme øyeblik op till Frolen igjen og derfra till Tydalen og saa ofer fjeldet till Sveg. Gud være ævig ære og tach.»

Etter segna skal Armfeldt ha kommi over Usmsjøen med heren og ned til Flora. Men soldaten fekk ikkje gå ned i grenda, dei kom ikkje lenger enn til «Svenskbakken», rett opp for garden Bakken.

Kva soldatene som hersette Flora tok føre seg, er det fortalt om under dei einskilde gardane dei vitja. På turen nedover til Rolset, skal mannhusingen i Selbu etter segna ha prøvd å stoppe svenskane ved Hestspranget, og under den trefning a skal *Ola (Oluf) Bakken* ha mist livet. Alt karfolk hadde stukke seg vekk for ikkje å bli tekne som vegvisarar eller gislar, og det var lite det som spurtes mellom gardane.

Da sven,skane hadde gjort frå s,eg plyndringa, og fari sin veg som dei trudde, skulle *Ola Bakken* lyde over til Hegset, og han gjekk seg rett på dei og laut følgje som vegvis.ar.

Om jordsbruket på Bakken i denne tid opplyser Prøvematrikkelen at krøterhaldet var på 1 hest, 3 kyr, 3 ungnaut, 3 sauer og 5 geiter. Fóravlinga er oppgjevi til 27 lass, og dei sådde 1 112 t. bygg. Garden er rekna for frostlendt og «uvis til korn».

Gunder Jonsen er ført som bygselmann enda i 1727 da han alt må «ha nådd aldersgrensa». Men det var nær sagt regel at bygselmennene figurerte i matriklane som brukarar av gardane så lenge dei levde.

Ingen av borna til *Marit* og *Gunder Bakken* fekk bygsel på garden så vidt ein kan sjå. Dottera, *Ingeborg* vart g. i 1723 m. *Jon Rønsberg*. Aret etter vart *Jon Bache*, (truleg den eldste) g. m. ei *Mali Guldbrandsdotter* og har truleg budd heime. Dei hadde eit barn i 1728, døypt *Guldbrand*. Det er siste spm ein har etter dei.

Soldat *Einar Bachen* i Frolen vart g. 1733 m. ei *Maglie Ellefsdotter*, og dei budde på Bakken heilt til 1742, men hadde truleg ikkje bygsel på garden.

Mora, *Marite Bache* d. i 1732, 66 år gammal. Faren, *Gunder Bache* veit ein ikkje dødsåret til, så det må ha falle i tida mellom 37 og 40 da ein vantar kyrkjebok for desse åra. *Gunder* er nemnt ved eit høve i 1737, så han vart over 80 år. I 1742 kjem det så nytt folk til gards.

Det kan ha vore fleire grunnar for at *Einar* ikkje heldt fram med garden, soleis økonomiske, og kanskje helst dei.

Einar, som truleg hadde kona si frå Tronsaune i Haltdal, flytta no dit, men kom seinare att til Flora og losjerte på Flaknan, der dei budde så seint som i 1773. Dei hadde 3 born før dei flytta frå Bakken:

Gunder, *Ragnel* og *Marite*. Ved manntalet 1762 hadde dei berre 1 barn hos seg, ei dotter, *Siri*, 17 år gammal.

I 1742 melder matrikkelen som alt fortalt om ny mann på Bakken.

Han er rett nok kalla *Svend*, men munnen som kom til gards heitte *Sakarias Nilsen*, og var frå Hærdal i Sverige. Han var komen til Tydal som verksarbeidar og vorti gift med ei enkje på Lauvøya. Ho heitte *Beret Olsdotter* og hadde før vori gift med ein som heitte *Knut Fossum*, og hadde 3 born.

Knut Fossum som var verkstedarbeidar, var frå Kv-ikne, hadde vorti gift kring 1723 og hadde budd på Lauvøy. Kvar *Beret Olsdotter* var

frå veit ein ikkje. Av ein merknad i kyrkjeboka der *Beret* er nemnt, er det likt til at ho hadde vaksi opp på Røros. Det ligg da nær å tru ho har vori i slekt med dei tidlegare folka på Bakken etter som ho kom att der. Ho må i så fall ha vori dotter til den før omtala *Oluf Bache*, så han har budd på Røros. *Beret* var fødd i 1700, så det høver for alderen.

Beret hadde 3 born, alle i første ekteskap: *Peder*, f. 1724, *Didrik*,

1734 og *Knut*, f. 1736.

Sakarias skal etter segna ha budd på Sakrismoen som skal ha fått namnet etter han. Kring 1742 har *Sakarias* flytta til Bakken med huslyden, 5 i talet.

Sakarias døydde i 1754, og buet etter han vart da skift mellom enkja og dei to syskena hans: *Jens Nilsen Bakmann* og *Kirsti*, gift med *Peder Jonsen* i Hansgarden, båe i Hærdal.

Buet dekka ikkje krava som med kostnader kom opp i 140 riksdalar, derav kring 80 rdlr. i lånte pengar og varer. Det vart så halde auksjon og enkja kjøpte att så å seie alt saman. Mannen på Hegset, *Baro Pedersen* kausjonerte for henne.

Av dei varer som vart opprapte og oppgjeret elles t og, går det fram at bøndene i grenda var sterkt bundne til Koparverket, først og fremst gjennom køyring. *Sakarias Bakken* hadde 2 hestar, båe raue, står det, eg han hadde seler med tilbehør til dei båe. Det eine med ringar (?) og bakgreie. Det fanst slede med jamstenger, og skjæker med jarndrottar (tuguer). Grime med jarntaum, var vel og utom det vanlege. Og for å gjera eit hopp frå lasskøyringa til jordbruket, så hadde *Sakarias* plog og horv med 36 tindar av jarn.

I by vegen ser me han i vadmelskjole med hekker, kvit trøye, bukkeskinnsbukser og hatt. Lasset er bunde med or - reip, og oppå lasset har han festa ferdaskrinet med beslag og lås, verd sine 3 art.

Til det faste innbuet i stugu hørde det vesle kråskåpet i høgseteskråa med lås og nøkkel for øvste rom. Matskåpet var truleg «framskåp» dei kallar. Det var ikkje på mote med dei store kråskåpa enda til å gjømme mat og koppar i.

Koppar og kar var for det meste av tre, mykje uthola ting, såleis 8 mjølketrog, men berre 2 bunkar. Men her var då ting av metall og, verdifulle ting som er opprekna først. Det var tinnkanne med lokk, verd 2 art, 1 tinnfat, verd 20 skilling rekna etter 10 skilling skålpundet. Og så var det lysestake av massing og ikkje å gløyme storkjelen som var på ei halv tynne. Det var 3 gryter, steikepanne og 1 steinkjel. Krusty fanst og om ikkje så mykje: 3 fat og 2 skåler.

Sengklede var sjølvsagt av skinn, sauskinnsfel dar og reinsskinn.

Men ikkje nok med det, det var skinn i framstykka på hodeputene og, så dei vart ikkje så snart utslitne.

Auksjonen nådde nær 87 riksdalar. Til dette kom 10 rd. av *Morten Morset* i Hærdal for ein hest, og 3 rd av *Eirik Toråsen*, same stad, også for ein hest. Størst verdi var det i kyrne. For dei 4 kyrne; Jomfrukinn, Febod, Løvros og Dokke vart det vel 28 rd. Han hadde i alt 14 storfe og like mykje småfe.

Småfeet kom opp i kring 6 rd. For hestane som var 7 og 12 år gamle, vart det betalt 7 og 6 rd.

Gjeld og kostnader utgjorde over 140 rd., derav kring 59 rd. i lån og 70 i anna gjeld.

Største fordringshavar var *Baro Hegset* med over 35 rd. i lån. Dernest landdrotten med rundt 30 rd. og rådmann *Hans Hornemann* etter *Sakarias* si «grubebog» som synte skyld på 19 rd. - 3 - 12 sk. *Simon Cold* (forretningsmann i byen) kravde 12 rd. *Thomas Angell* leverte og ei lita rekning på i alt 2 rd. - 3 - 16. Av det 1 art i restanse etter hans (*Zakarias'*) formann, *Knud Fossum*, overdregi av General Major *Mangelsen* i 1742.

Beret Olsdotter kjøpte att alt i hop så å seie med *Baro Hegset* som kaveringsmann. Prisane kom litt over taksten enda det er ikkje likt til at bygdefolk brau seg om å by opp varene. Dei kjøpte i alle høve ikkje noko. *Simen Cold* fór med ei kvige og lensmannen med ei huggøks (bile). Ein *Ole Bakken*, truleg drengen, kjøpte klede etter *Sakarias* og harva med jantindane.

I 1762 sit *Beret Olsdotter* framleis som oppsittar, men i hushald med eldste sonen, *Didrik Bakken* og kona *Gunhild Pålsson*.

Yngste son, *Knud Knudsen* og kona *Ingeborg Eriksdotter* hadde eige hushald og er ført som inderstar. Dei flytta seinare til Tuset. Eldste son, *Peder Knudsen* hadde flytta ut, og var gift med *Berit Tørisdotter Nes*. Dei hadde set seg ned som husmannsfolk på Enbakken.

Beret Olsd. Bakken døydd i 1782, 82 år gammal.

Didrik hadde hatt bygsel på garden i 14 år da mor hans døydd.

Bygselbrevet er utstedd av Geheimeraadinne Schøller i 1768.

Didrik Bakken, som var gift med *Gunhild Pålsson* Flakne hadde 5 born:

1. *Brynhild*, f.1755, g. 1805 m. enkjemann *Baro Olsen Uthus, Haugen*.
2. *Ole*, f. 1756, tok over gardsdrifta etter foreldra.

3. *Beret*, f. 1765, g. 1794 m. *Baro Pedersen Hegset ...*
4. *Pål*, f. 1768, d. 1 år gl.
5. *Pål*, f. 1769, g. 1814 m. *Ingeborg Pedersd. Hegset*, bygsla pl. Næsmælen.

Ved folketeljinga 1801 var *Didrik Knudsen* 70 år gammel, stod framleis som brukar av garden med dei to ugifte borna, *Brynhild* og *Pål* som heimeverande. Han var da enkjemann.

Som huslyd nr. 2 har ein *Ole Didriksen* med kone og ei 5 år gammel dotter. Han er ført som husfar og brukar av garden i fellesskap med faren.

Me har her eit døme på det nokså vanlege sambruket av far og son på same gard. Dei forhasta seg ikkje med å krevje ny bygsel. *Didrik* som fekk sitt bygselbrev i 1768 stod faktisk som brukar av garden til 2 år etter han var død, 49 år i alt.

Didrik Knudsen Bakken døydde i 1815, 84 år. *Gunhild Pålsson* døydde i 1790, 60 år gammel.

Den nye brukaren, *Ole Didriksen Bakken* vart gift i 1791 m. *Beret Olsdotter Græslie*. Ho var frå Jensgarden. Ei syster, *Guri* vart gift til Uthus vestre.

Ole og *Beret* hadde berre 1 barn som voks opp, ei dotter, *Gunhild*,

1796 gift med *Severin Olsen Uthus*, (Skogan). To born, bår gutar og eldre enn *Gunhild*, og døypt *Didrik*, levde berre nokre veker.

Ole Didriksen var smeltar ved Tydal hytte da han vart gift. I 1817 fekk han bygsel på garden, men han hadde nok da drevi garden i lang tid.

Ole Didriksen Bakken døydde 1824, 68 år gammel. *Beret Olsdotter* døydde 1834, 77 år.

Severin Olsen, som tok namnet *Bakken*, var f. 1793 og g. 1817 m.

Gunhild Olsd. Bakken.

Dei hadde 7 born:

1. *Malene*, f.og d. 1818.
2. *Ole*, f. 1819, tok over garden.
3. *Magdalene*, f. 1820, d. 1834.
4. *Beret*, f. 1825, ug., hushaldar på Bakkhaugen hos broen.
5. *Sigrid*, f. 1828, g. 1855 m. *Ole G. Uglem*, Grindhaugen.
6. *Ole*, f. 1831, gift og bureiste Bakkhaugen.
7. *Malene*, f. 1837, g. 1863 m. *Sivert Olsen Langset*. *Severin* fikk bygsel på Bakken i 1826, og to år etter kjøpte han

garden på auksjon og fekk eigedomsskøyte 27. novbr. 1828. Han betalte 300 spd. for garden. Her må ein hugse at det framleis kvilte laus landskyld på garden, og denne avgifta gjekk til Hemne kyrkje som før.

At det vart hefta gjeld på garden ved kjøpet, segjer seg sjølv. *Severin* tok opp eit lån i 1835 på 200 spd. i Norges bank. Det gjekk smått med avbetalinga. Ved skiftet etter *Severin*, slutta 7. april 1848, kvilte det attåt ei gjeld på 80 spd. på garden. Det var *John Moslet* som hadde lånt *Severin Bakken* desse pengane.

Kona, *Gunhild Olsd.* heldt fram li namnet å bruke garden til 1856 da ho overdrog eigedomen til eldste sonen, *Ole Severinsen* for 400 spd. og kår.

Severin Bakken og naboen, *Ole Gilsetstøen*, sette opp første sagbruket i Flora. Det var ei oppstandarsag som vart oppsett i Sagbekken, som for det høve vart grøfta opp mot elvemeien. Seinare vart saga flytta til Nekåa. Det har nok vori enkle greier. Når det kleip, vart stokkane løfta til vers av sagbladet og smikka mot benken att så det small som børseskott.

Severin Bakken d. i 1847,54 år gl., *Gunhild Olsd.* d. i 1872, 76 år.

Ole Severinsen Bakken vart g. 1846 m. Ingeborg Johnsd. Rolset, 1826.

Dei hadde 9 born: Fire av dei døydde som småbarn, - tre av dei,

i tida 1849-54 var døypt *Severin*. Den fjerde, døypt *John*, døydde i 1866,2 år gl. Dei 5 som levde opp var:

1. *Gunhild*, f. 1846, g. 1865 m. *Ole Hansen Næss*.
2. *Mali*, f. 1859, g. 1884 m. *Bersvend Pedersen Stavnesbakken*, bygsla *Bakkhaugen*.
3. *Ole*, f. 1861, reiste til Amerika, var ugift.
4. *John*, f. 1868, tok over garden.
5. *Serine*, f. 1871, g. 1900 m. *Ole Barosen Uthus*, bureiste pl. øvermo.

I åra 1863 - 1870 vart hopehavet mellom Bakken og Neset utskifta. Gardane hadde frå gammalt hatt eigne setervollar i heimmarka, men låg i teigbytte, og dei setra i lag. Etter utskiftinga fekk Neset Åsvollen og Bakken fekk Litlvollen, Myrvollen og Brattåsvollen. Dei to siste vart nedlagde, men Bakken bygde ei ny seter på Damåsen.

På Dalen vart Gammalvollen nedlagt. Den var framma Usma, og området fall på Bakken. Ei onnor gammal seter her som og vart ned-



Brynhild og John O. Bakken.

lagt, var setra inni Kinna ved Usmsjøen, som vart høyrande til Neset. Det var brukt digert tømmer i seterhusa her. Fjøset på Nesvollen var tømra av kløyvd furu og hadde berre 3 omfar, og i døraholet var berre ein stokk heilt avteken. Dalvollane ved Usma, vart liggjande på kvar si side av grenselina. Nes-marka ligg i samanhengande eigedomsvald, medan Bakken sitt er avskore på Kjølén bramma Usma og held ham på vestre sida innafor.

I gammal tid skal gardane ha hatt seter aust for Nekåa. Myrane austafør kallest Tusetmyrane, og der hadde Tusetgardane slætte. Dei skal ha setra der og. Desse rettane vart utskifte i vederlag på Dalen.

Jordbruksteljinga i 1865 fortel at dei på Bakken hadde 1 hest, 9 kyr, 8 sauer og 5 geiter, - sådde 1 t. bygg og sette 2 t. potet.

Da det i 1870-åra forandre gong i dette hundreåret vart stordrift i skogen, kom Bakken og med i dansen. *Ole Severinsen* slutta 1. oktober 1874 ein kontrakt med dei svenske herrane *Erikson* og *Hedmann* om sal til uthogst av skogen nedanfor gammalvegen aust for Nekåa. Det vart noei frisk arbeidstid i skogen, for dei svenske herrane kjøpte uthogstrettar over ah i dalføret. På Aune i Tydal kjøpte dei svært mykje, og dit kom det svenske skogsfolk og. Dei brukte bakkjelke, ein doning som var ukjent i dalføret. Her var det nok berre sleipkøyring enda.

I 1887 overdrog herrane *Erikson* og *Hedmann* hogstrettane sine til

Huitfeldt & Co. Det førte til at *Huitfeldt* fekk tak i fleire av desse

skogstykket til odal og eige. Soleis med *Bakken*. Uthogststykket her vart frådelt i 1895 som bruksnr. 2 og seld til *Huitfeldt* for 3000 kroner. Parsellen fekk bruksnamnet *Nekåbjørgen* og ei skyld på 0,69 mark.

Ole Severinsen hadde gjevi frå seg garden da. Han skøyta frå seg den til sonen *John* i 1891 for 800 kroner i nominell kjøpesum og kår til seg sjølv og kona. Kåret måtte ellest vike prioritet for eit lån til Hypotekbanken *Ole Severinsen* hadde teki opp tidlegare på året. Lånet var på 1400 kroner og vart truleg teki for å kvitte ut gjelda til Norges bank.

Ole Severinsen Bakken d. i 1901, 82 år gl., og kona *Ingeborg Johnsd.*

same året, 75 år.

John O. Bakken vart g. 1894 m. *Brynhild Torkelsd. Tuset*, Viengtjø, f. 1868.

Dei hadde 8 born:

1. *Ingeborg*, f. 1895, ug., arbeidde i Oslo i mange år, bur no i Skogn.
2. *Ole*, f. 1897, g. 1940 m. *Oline Hove*, Skogn. Born: *Birgit*, *Einar* og *Inger*.
3. *Karen*, f. 1899, g. 1931 m. *Arne Engvik*, Foldfjorden, Nordmøre. Born: *Birger Jarle*, *Gunnvor* og *Asbjørg*.
4. *Gurine*, f. 1900, g. 1925 m. *Ove Sletnes*, Skogn. Born: *Synnøve*, *Jorulf*, *Borghild* og *Odvar*.
5. *Torstein*, f. 1903, g. I li 1934 m. *Anna Grav*, Ure i Lofoten, g. II med *Brynhild Rasmussen*, T.heim, bur i Skogn. Born: *Bjørg Marie*, *Astrid*, *John Annar*, *Linda Helen* og *Per Robert*.
6. *Johanna*, f. 1905, ug., har dreve saum og bur i Skogn.
7. *Oluf*, f. 1908, g. 1939 m. *Tordis Todal*, Tromsø, bur i Tromsø. Barn: *Britt*.
8. *John Birger*, f. 1912, d. 1914.

Ved salet av *Nekåbjørga* vart *Bakken* redusert ikkje så lite. Men garden var enda på nær 3 mark i skyld (2,74), og hadde meir enn nøgda skog å gruse med. Den nye eigaren, *John O. Bakken* dreiv da og i skogen kvar vinter, og han sette opp sag i *Nekåa* og leverte plankar og merkingstømmer. I 1906 selde *John Bakken* og kona *Brynhild* garden til *Huitfeldt & Co* for 29 000 kroner. Seljaren heldt unna bruksretten i 5 år frå salsdagen, også med rett til brennefang.



Tømmervåle i Nekåa.

I 1908 flytta *John O Bakken* frå Flora og busette seg på Marienborg i Skogn som han i mellomtida hadde kjøpt.

John Bakken d. i 1960, 93 år gammal. *Brynhild Torkelsd.* d. i 1949, 81 år.

Huitfeldt, som ved kjøpet i 1906 hadde vorti eigar av heile garden, selde no sjølve jordsbruket, Bakken vestre, bruksnr. 3 med ei skyld på 0,91 mark til *Ole J. Næss* for 2500 kroner.

Huitfeldt som åtte granne-eigedommen Åsvollskogen og dreiv i fleire år til skogen var hoggen att. Tømmeret vart køyrd på veltene. I 1920- åra tok *Huitfeldt* opp ny tømmerdrift, men gjorde først Nekåa til fløtingselv ved å bygge skådammar og skyte vekk bergnabbar som ville hindre fri fart for tømmeret. Elva fekk og nytt laup ved elvosen. Dammen for Evsjøen vart retta opp med tømmerluse, så no kunne

dei fløte tømmeret frå myrane inna sjøen. Når dammen vart full om vårane, flaut det opp. Men det var ei ublid fløtingselv, og stygge tømmerknutar batt seg i det tronge elvelaupet, så berre dynamitt og damvatn kunne løyse dei. Likevel lønte det seg å bruke elva, og det vart fløtt i Nekåa til 1955, da skogsvegar og bilar tok over transporten.

I 1927 gjekk firmaet *Huitfeldt* konkurs og Nordenfjellske kreditbank tok over *Huitfeldt-skogane* i Flora som brukeleg pant.

Banken heldt fram med skrogsdrifta, men alt same året tok dei til å parselere ut eigedomen.

Først vart strandlina langs Nea seld til Trondheim e-verk for 1500 kroner. Den fekk bruksnamnet Nea nedre, bruksnr. 4 og ei skyld på 4 øre. Neste handel galdt plassane Bakkhaugen og Smeplassen, baa skyldsett i 1931, og den første seldt til *Ole Barosen Uthus* for 2700 kroner, og den andre tre år seinare til *John G. Drivold* for 2000. Skogen på dette stykket var da hoggen.

Hilmalia fekk og skyld og nummer i 1931 og seldt til *Didrik Næss* for 600 kroner, og i 1932 vart setra Bakkdalen seldt til *Ole Næss*, Bakken, for 2500 kroner. I 1932 vart Hanstrøa utskild og selt til *Jakob Næss* for 100 kroner.

I 1935 vart Nekåbjørgen II utskild, og saman med Nekåbjørgen, bruksnr. 2 av Bakken, selt til Sør-Trøndelag landbruksselskap som skulle leggje ut eigedomen til bureisingsfelt. For bruksnr. 2 betalte landbruksselskapet 35 000 kroner. Dei to parsellane vart slegi i hop med ei samla skyld på 0,78 mark. Nekåmyren, bruksnr. 9 vart utskilt frå Nekåbjørgen, bruksnr. 2 i 1931 med ei skylda på 3 øre og >selt til *Torstein P. Hegset* som rydda opp myra.

Hovudbruket på Bakken, som omfattar mesteparten av skogen, hadde enda att ei skyld på 1,10 mark av den opphavlege skylda på garden som var på 3,4 3 mark.

Denne eigedomen, Bakken, bruksnr. 1 vart selt til brukseigar Langset, Selbu.

Bakken vestre, bruksnr. 3, som omfattar den gamle garden med jorde og tillegg av eit lite utmarksstykkje, vart som me hugsar selt av *Huitfeldt* til *Ole J. Næss*, som tok over eigedomen i 1908.

Jordet som var på ca. 40 mål, fekk no Enbakken og Nedregjerdet i tillegg, baa parsellar av Neset. Jordet vart da på rundt 70 mål.

Seinare kjøpte *Ole Næss* setra Bakkdalen har me set, og i 1939 fekk han ved makeskifte med broren, *Didrik Næss* markasløtte Ellevsdalen øvre og Hilmolia.

Ole Næss dreiv garden i 35 år. Han sette opp ny hovudbygning, ny låve og ny fjøslem.

Ole J. Næss, f. 1878 vart g. i 1914 m. *Ingeborg Larsd. Uglem*, f. 1887.

Dei hadde 2 pleiebarn: *Ragnar L. Bårdsgård*, f. 1913, d. 1934.

Kåre Nilsen, f. i Trondheim 1923, på Bakken i 11 år frå 1925.

Ole og *Ingeborg Bakken* selde garden i 1942 til *Torstein P. Hegset* for 16 000 kroner, bustadrett og delvis kår. Sommarstugu vart innreidd til kårstugu.

Ole J. Næss d. i 1966, 88 år gammal.

Torstein P. Hegset dreiv garden i 10 år. Han var snikkar og mekanikar og sette opp verkstad. Han flytta hovudlånet ei stugubreidd ut frå tunet. I 1952 selde han garden til *Gunnar Dullum*, Lånke og reiste til Canada, til Wattson, Alta og har drevi som bygningssnikkar.

Torstein P. Hegset, f. 1911 vart g. 1943 m. *Ingeborg Ingvarsd.*

Moslet, f. 1921. Dei har 3 born:

Mali, f. 1944, *Ola Ivar*, f. 1947 og *Selma*, f. i Amerika.

Gunnar Dullum, f. 1909, vart g. 1937 m. *Sylva Hoven*, f. 1913. Born:

1. *Eldbjørg Bjerkli* (pleiebarn) f. 1938, g. m. *Torstein Kvello*, Selbu. Bur på Enbakken.
2. *Odd Morten*, f. 1945.
3. *Rigmor Sofie*, f. 1949.

Av Bureisingsfeltet, Nekåbjørga, bruksnr. 2 av Bakken vart i 1937 utskild 12 parsellar til burisingsbruk. Bruka er mellom 300 og 400 mål med opp til 150 mål produktiv skog og kring 100 mål dyrkingsland. Alle parsellar vart selde, dei fleste i 1938. Og no er det ei vakker bureisingsgrend der. Bruka har numra 13 til 24.

Landbruksselskapet heldt att eit lite stykke ved Nekåa og sette opp ei hytte der. Den er selt til lærar Kvål, Trondheim.

Bureisingsvegen vart bygd etter den gamle allmannvegen stort sett.

No er det ny veg frå hovudvegen.

BAKKHAUGEN **bruksnr. 7 under Bakken.**

Bakkhaugen ligg aust for Smeplassen, og vart bureist i 1850-åra av *Ole Severinsen Bakken*.

Ole Severinsen var f. i 1831 og g. 1853 m. *Beret Johnsd. Uthus*, austre, f. 1831. Dei hadde ikkje born.

I 1865 hadde *Ola* og *Beret Bakkhaugen* 4 naut, 4 sauer og 4 geiter, og sådde 1/2 t. bygg og haver og sette 2 tynner potet. I 1875 hadde dei køyrokse, hadde auka sauholdet til 6 og sette 3 tynner potet. Attåt skogsarbeid og køyring, putla *Ola* litt med kalkbrenning.

Kona, *Beret Johnsd.* d. i 1870, 39 år. *Ola* overlevde henne med vel tjue år. Han fekk syster si, *Beret Severinsd. Bakken* til hushaldar. Ho døydde i 1881, 57 år gammal. *Beret*, som var 6 år eldre enn *Ola* hadde ein son, *Severin Johnsen Bakken*, f. 1855, Stor-Severin, som han vart kaUa. Han var stor og sterk og ein flink arbeidskaJ:. Han var ug., dreiv med gardsarbeid, først i Flora, seinare på Uglem. Han på Aldersheimen i 1938, 83 år gammal.

Etter *Ola*, vart Bakkhaugen bygsla av *Bersvend Pedersen Stamnesbakken*, som sette opp ny stugu på plassen.

Bersvend, som tok namnet Bakken, hadde vori råds dreng på Neset, hos *Gunhild Nes*, og dreiv seinare Enbakken for henne.

Bersvend Pedersen, f. 1839 vart g. 1884 m. Mali Olsd. Bakken,

1859. Det var 3 born:

1. *Oline*, f. 1881, voks opp på Bakken hos besteforeldra, g. 1902 m. smed *Arne Stokke*, Stjørdal. Born: *Helga*, *Margot*, *Artur*, *Rudolf*, *Olaf*, *Hagbart*, *Oddvar*, *Hervor* og *Sverre*.
2. *Ane* f. 1885, g. 1913 m. Hans Petter Dalsauve, Stjørdal, 1 barn, Gjertrud.
3. *Ingeborg* f. 1894, g. 1916 m. *John Dalsnes*, *Hegra*, kjøpte *Kvittem*, 5 born: *Magda*, *Gunnar*, *Gyda*, *Borghild* og *Emil Alfred*. *Bersvend Bakkhaugen* d. i 1903, 64 år gammal.

Mali heldt fram med gardsdrifta. I 1921 selde ho husa og gav opp plassen og flytta til dottera *Ingeborg*.

Mali d. i 1949, 90 år gammal.

Plassen vart no pakta av *Ole Barosen Uthus*, som har drivi jorda attåt hovudbruket sitt, og i 1931 vart han utskild og selt til *Ole Barosen* for 2700 kroner.

SMEDPLASSEN bruks nr . 6 under Bakken

Smedplassen ligg aust for Bakken. Plassen vart bureist i 1820-åra av ein *Oluf Johnsen*. *Oluf* var fødd i Sverige. Han vart g. i 1826 m. *Sigrd Pettersd. Nes*. Ho var f. i 1793 og var kanskje frå Øråsplassen, dotter til *Petter Pedersen* og *Maglie Henningsdtr.*, men ein veit ikkje noko visst om det. At ho har Nes til etternamn, fortel berre at ho har tent der.

Oluf og *Sigrd* hadde 2 born: *Karen*, f. 1824 og *Petter*, f. 1826.

Karen vart g. m. *Ole O. Kirkvoll*, omgangsskulelærer i Selbu, seinare handelsstyrar. Dei bygsla plass under Røsset, og hadde 2 born: *Sigrd* og *Ole*. *Sigrd* vart g. m. *Hans T. Rønsberg*.

Petter Olsen v. g. m. *Ingeborg Knutsd. Tuset*, f. 1826. Dei hadde ikkje born.

I 1865 hadde dei teki over drifta på Smedplassen. Faren, *Oluf Johnsen* var da død, *Sigrd* var 72 år gammal.

Det var 4 naut på Smedplassen da, og dei sådde 1/4 t. bygg og sette like mykje potet. I 1875 hadde potetåkeren aukatil 3 tynner i utsåd, og *Petter* hadde køyrokse, like mange kyr og 7 småfe. Mora, *Sigrd Pettersd.* levde enda, og plassen vart driven på den gamle bygselsetelen.

Sigrd d. i 1883, 89 år gammal.

Petter Olsen døydde tre år før mor si, i 1880.

Ingeborg Knutsd., Litj-smea, dei kalla, trong no hjelp, og *Knut Ørås* flytta dit og dreiv Smeplassen nokre år. Seinare kom *Ingeborg* i pleie hos *Knut* på Øråsvollen. Ho hadde eit lyst sinn og var alltid opplagt. «Er det itte nå lever ti då, ungar?» sa ho og slo seg på hælen, når ungane s,tod og hang med fingrane.

Ingeborg Knutsdotter d. i 1917,91 år gammal.

Plassen vart no nedlagt og jorda lagt under garden. I 1908 da firmaet *Huitfeldt* tok over egedomen, vart Smeplassen bortpakta til *Peder E. Flakne*. I 1931 vart plassen utskild som eige bruk og selt 3 år seinare til *John G. Drivold*.

INGØLMOEN **Nedl. bustad.**

Ingølmoen ligg aust for Nekåa og har namn etter ein som budde her i 1830-åra. Mannen heitte *Ingvald (Ingøl) Ingvaldsen*, og kona heitte *Kirsten Ingebrigtsdotter*. Dei var frå Vingelen.

Ingøl sette opp ei koie åt seg, som dei budde i. Dei var unge folk og 'hadde to horn medan dei vm i Flora; *John* f. 1836 lOg *Ingeborg* f. 1841. Ein son, truleg den eldste, *Ingvald Ingvaldsen* vart gift i 1857 m. *Kirsten Johnsdotter Hilmo*. *Ingebrigt Ingvaldsen Bjørgen*, Tydal, g. m. *Johanna Pedersd. Hårstad*, Skulbakken, var 'Og son deira.

Ingøl Ingvaldsen døydde i 1841. *Kirsten* har Stå flytta frå FJora, truleg til Tydal. *Ingvald* og *Kirsten Johnsdotter* flytta til Skjølstadmarkja i Hegra. *Johanna* og *Ingebrigt Bjørgen* hadde 4 born: *Sivert*, *Ingebrigt*, *Kristian* og *Marie*.

NEKÅBJØRGA **G. nr. 115, br. nr. 2.**

Nekåbjørga var opphaveleg ein skogteig, utskildt frå Bakken og selt til *A. Huitfeldt & Co.* i 1895. Dette området som omfattar store område med myr, vart kjøpt i 1935 av Sør-Trøndelag landbrukselskap for 35 000 kroner til bureisingsfelt. *Huitfeldt* hadde gått konkurs og buet vart realisert. Som tillegg til Nekåbjørgen, kjøpte Landbrukselskapet eit stykke av hovudbruket på Bakken, som også hadde vorti *Huitfeldts* eigedom. Dei to områda vart slegne saman med ei samla skyld på 0,78 mark under namnet Nekåbjørgen. Skøyte vart utstedd av Trondheim skifterett 16/11 1936.

Same året, 11/9 vart det utskild 12 bureisingsbruk av feltet med bruksnumra 13 til 24, med ei samla skyld på 0,75 mark. Bruka er mellom 3 og 400 da med 100 til 150 mål produktiv skog. Alle vart selde.

Landbrukselskapet hadde no att eit mindre område med 0,03 øre i skyld av bruksnr. 2 av Bakken. Her vart det oppført administrasjonsbrakke eller hytte, rettare sagt. Både hytte og grunn og enda meir til



Parti frå bureisingsfeltet. Myrli, Skogvoll, Bakkli, Bakkmyr og Tjønli langs vegen, Skjettenås til venstre.

vart under krigen teki i bruk til AT-leir som vart bygd her. Etter krigen vart leiren riven, og alle hus flytta vekk så nær som hytta. Den med grunn er kjøpt av lærar *Kvål*, Trondheim.

**MYRVOLL
nr. 115, br. nr. 13.**

Dette bruket er bureist av *Ingmar Bakken* som fekk skøyte i 1938.

Aret etter sette han opp stugu og flytta inn. Fjøset vart oppsett tre år seinare.

Ingmar Bakken er f. i 1912 og vart g. 1938 m. *Gurine Johnsd. Evjen*, Selbu, f. 1915.

Dei har 3 born:

1. *Anna*, f. 1940, g. 1960 m. *Johan S. Dyrdal*, Tangåsen, f. 1930. Born: *Steinar*, *Ingulf* og *Oddbjørn*.
2. *John*, f. 1943, g. 1967 m. *Eva Gunharda Jakobsen*, f. i Rissa. Born: *Oddny Marianne* og *Anne Grete*.
3. *Magnar Jarle*, f. 1952, realskulen.



«Brøyte seg rydning» - Ingmar Bakken på gardstufta.

Bruket er no på 50 - 60 mål dyrka jord og før 4 kyr med ungyr og småfe. Ingmar hadde hest frå først av og dreiv med skogskøyring. Sidan vart det anleggsarbeid. I 1959 vart hesten bytta i traktor.

Under jorddyrking kom dei over ein bergskolt med kvittinte. Steinen var brukbar forsmelting og vart drivi ut og levert til Smelthytta i Kopperå. Arbeidet rakk over 2 vintrar.

John Bakken er anleggsarbeidar.

EVSJØ

G. nr. 115, br. nr. 14.

Evsjø er bureist av *Peder H. Nervik*, Vikvarvet. Han fekk skøyte på bruket i 1938. Året etter tømra han opp stugu og i 1941 kom turen til fjøset. Seinare har det vorti stabbur og tilbygg til stugubygninga.

Peder Nervik er f. 1905 og vart g. 1935 m. *Margit Nikolaisd. Sæter*, f. 1912.

Dei har 4born:

1. *Odd Norvald*, f. 1935, g. 1960 m. *Ragnhild Eidem*, f. 1938.



Evsjø med Myrvoll i forgrunnen.

2. *Gerd Halfrid*, f. 1937, g. 1962 m. *Leif Lund*. Dei har eigen villa i Buvik. 1 barn: *Bjørn*.
3. *Aud Elin*, f. 1948 g. 1970 m. *Kåre Steinar Skare*, Ålesund. Bur i Oslo.
4. *Per Magnar*, f. 1950.

Evsjø er no ein gard på 50-60 mål jord som før 5-6 naut og 7-8 småfe. *Nervik* starta opp med hest og dreiv skogskøyning første åra han var her. Han har og vori med på anleggsarbeid. Han er tømmerfløtar, har vori fløtarbas i Nea kvart år sidan han kom til Flora.

Odd og *Ragnhild* budde heime i fleire år. Dei har 3 born: *Randi Oddveig*, f. 1961, *Per Morten*, f. 1962 og *Ove Ragnar*, f. 1966.

Odd Nervik har sett opp kalkmølne i lag med *Kristian Lindset*. Han har kjøpt utstyr for grøfting og planering og driv med det arbeidet. Han har no Hytta ut frå grenda og bur på Klegset der han har kjøpt ein villa.



På vegarbeid. frå venstre: Peder Nervik og Karl Lindset, i bårene.

Attanfor: John Mogård, Johan Næssmo og Ingmar Bakken.

NEKA
G. nr. 115, br. nr. 15.

Bruket vart kjøpt av *Johan Næssmo* som fekk skøyte i 1938. Kjøparen har sett opp uthusbygning og har rydda ern del jord, men har ikkje flytta til bruket. Han er ugift og bur heime hos broren.

Johan Næssmo er fødd 1903. I unge år var han ein tur over til Canada. *Johan Næssmo* er kyrkjetenar.

TJØNNLI
nr. 115, br. nr. 16.

Tjønqli er bureist av *Gunnar P. Aune* frå Vikvarvet. Han fekk skøyte i 1939, sette opp stugu om hausten same år og flytta til gards i januar 1940. I 1942 sette dei opp fjøs. Dei hadde hest og ku og eit par killingar da dei kom oppover. Dei har dyrka ca. 50 mål jord og har ein buskap på 4 kyr og like mange ungnaut. Hesten vart bytta i traktoralt i 1949.



Tjønnli

I krigstida vart det bygd arbeidsleir på Bakkmyrane og mesteparten av brakkene vart oppsette på grunn som høyrer til dette bruket. Dette arealet er sidan rydda, så nesten ingen ting minner lenger om leiern.

Gunnar P. Aune f. 1912 g. m. *Kristine Haldorsdr. Mogård*, f. 1909.

Dei har 2 born:

1. *Peder Kristian*, f. 1931 g. 1958 m. *Eli Pedersdr. Hilmo* f. 1939. Born: *Geir Petter*, *Edvin*, *Kolbjørn* og *Wenche*.
2. *Kjell Georg*, f. 1945, maskinkjørar, g. 1969 m. *Solveig Helen Eriksen*, Bratsberg, Trondheim, f. 1946. Barn: *Karita*. *Peder Aune* gjekk teknikarskule og er maskinist på *Nea kraftstasjon*, Tydal, bur no i Tydal.

BAKKMYR nr. 115, br. nr. 17.

Bruket er bureist av *Torstein J. Hegset* som fekk skøyte i 1938. Han flytta til bruket i 1940. Han hadde da sett opp både *Stugu* og *fjøs*.

Torstein Hegset, f. 1902 vart g. 1938 m. *Karen Tomasd. Rønsberg*,

1915. Dei har 2 born:

1. *Ingeborg*, f. 1938, g. 1959 m. *Torvald Kvernes*, Røros. Born: *Rune* og *Eli Kristin*.
2. *Jan*, f. 1944, g. 1966 m. *Liv Sivertsgård*, Alen. Barn: *Torstein*.

Torstein H. selde bruket i 1955 og kjøpte gard i Haltdal. Bruket var da på vel 40 mål og fødde 3-4 kyr med ungnaut, småfe og hest.

Den nye eigar, *Olav I. Moslet*, Selbu er f. 1912 vart g. 1942 m. *Johanna Petrine Tomasd. Hegset*, Solbakken, f. 1922.

Dei har 4 born:

1. *Sigrid Ingeborg*, f. 1942, g. 1963 m. *Peder Johannes Dyrdal*, Tangåsen, f. 1936. Born: *Svend Ove* og *Jorid*.
2. *Jenny Irene*, f. 1946, arb. på Strinda sjukehus.
3. *Ingvar*, f. 1955.
4. *Turid*, f. 1958.

Far til *Olav, Ingvard Moslet*, flytta til Flora i lag med ungfolka.

Ingvard Moslet d. i 1966,85 år gammal.

Olav Moslet pakta ein gard på Byneset og flytta frå bruket da faren døydde, og sida har bruket legi øyde. Dei bur no i Trondheim.

BAKKLI

G. nr. 115, br. nr. 18.

Bruket er bureist av *Ingvald Krogstadmo*. Han fekk skøyte i 1940 og flytta oppover to år seinare. Han hadde da sett opp stugu. Fjøset vart oppsett seinare. Krøtera stod i mellomtida i koie, her som på dei fleste bureisingsbruka den første tida.

Ingvald var skomakar og heldt fram med yrket nokre år etter han kom til bureisingsfeltet. Seinare vart det anleggsarbeid attåt jordsbruket.

Ingvald har rydda kring 30 mål jord og har hatt 5-6 naut og eit liknande tal sauer. Hesten er for lenge sida bytta i traktor.

Ingvald Martin Krogstadmo, f. 1902 vart g. 1928 m. *Beret Oline Sivertsd. Brudal*, f. 1907.

Dei har hatt 5 born:

1. *Peder Ragnar*, f. 1928, g. 1953 m. *Ingeborg Sofie Drivvoll*, f. 1928, Dei har eigen villa i Flora.
2. *Solbjørg*, f. 1930, d. s. å.



Bakli.

3. *Beret*, f. 1932, g. 1955 m. *John Megård*, Hegra, har gardsbruk. Born: Ingeborg Oddrun, Brit Janne, Odd Ivar og Per Olav.
4. *Ragnhild*, f. 1935, g. 1957 m. *Nils Nessimo*, Hegra, f. 1925, bygd villa på Stjørdal. Born: *Ingrid*, *Petter*, *Inge Bjarne* og *Ragnar*.
5. *Signe*, f. 1937, g. 1959 m. *Halvor Bernhard Øverkil*, Hegra, f. 1936. Born: *Grete Julie*, *Brit Irene* og *Hilde Synøve*.

Ingvald Krogstadmo er medhjelpar ved kapellet. *Beret* har hatt fleire tillitsverv, har vori med i skulestyret og i soknerådet. Ho dreiv ei barneforening i fleire år og har arbeidd for menighetssjukepleien.

MYRLI
G. nr. 115, br. nr. 19.

Myrli vart kjøpt av *Haldor Bersvendsen Hoem* f. 1897. Hoem var ugift. Han dreiv bruket til fram i 50-åra, og var ivrig jordbrukar. Han hadde sauer og griser og dreiv med grønsaker og potetdyrking. Seinare bar det av stad på skogsarbeid. Etter å hatt bruket i 15-16 år, selde han og reiste frå grenda. Som dei fleste av bureisarane sette han opp koie åt krøtera frå først av, budde i koie sjølv og nokre år. Han sette opp stugu, men fjøset fekk han ikkje gjort ferdig, sette beDre opp råbygget.



Furumo.

Den nye eigar, *Kåre Breistrand*, er f. i Eid i Romsdal 1919. Han vart gift 1956 med *Øli Halvorsdotter Sisjord*, Hjartdal, f. 1923.

Dei har 3 born:

1. *Anne*, f. 1957. 2. *Karsten*, f. 1959 og 3. *Olaug*, f. 1961.

Breistrand er anleggsarbeidar. Han flytta til Flora i 1957 etter først å ha sett husa i full stand. Eigedomen er no på kring 50 mål dyrka jord. Dei har hatt hest og 4-5 naut, og eit liknande tal med sauer.

FURUMO **G. nr. 115, br. nr. 20.**

Furumo vart bureist av *Ole L. Voldseth*, Selbu. Han kjøpte bruket i 1938 og flytta oppover året etter. Stugu var da opptømra. Fjøset vart oppsett seinare.

Ole Voldseth var f. 1904 vart g. 1933 m. *Marie Brudal*, f. 1904. Dei hadde 5 born:

1. *Leif*, f. 1934, bilmekanikar, arb. i Trondheim.
2. *Sverre*, f. 1935, er heime, hær drivi anleggsarbeid.
3. *Bjarne*, f. 1937, anleggsarb., g. 1967 m. *Birgit Løyland*, Valle i Setesdal og bur der.
Barn: *Marianne*.



Leikmyr.

4. *Harald*, f. 1944, artium 1965, stud ved Lærarhøgskulen.
5. *Oddmund*, f. 1949, bilmekanikar, arb. i Trondheim.

Ole Voldseth dreiv tømmerkøyring dei første åra. Sidan vart det anleggsarbeid. *Voldseth* døydde i 1965, 61 år gammal. *Marie* held fram med jordsbruket. Jordvegen er kring 20 mål, før hest, 3-4 naut og 2-3 sauer.

LEIKMYR nr. 115, br. nr. 21.

Dette bruket vart kjøpt av *Peder K. U glem*, Innbygda. Han fekk skøyte i 1938. *Peder* var gift og hadde to born og mor si med seg. Dei losjerte eit par år på Bakken til dei fekk sett opp ei brakke eller sommarstugu. Seinare vart det hovudlån og fjøs, det siste vart bygd i 1947.

Peder Uglem, f. 1900 vart g. 1930 m. *Ragna Oline Voldset*, f. 1906.

Dei har 2 born:

1. *Bernt Ingvar*, f. 1930, handelssk., g. 1950 m. *Gina Nyhus*, Trysil. Born: *Brit Grete* og *Eva Johanne*.
2. *Gunnar Edmund*, f. 1933, g. 1959 m. *Bjørg Torild Bråten*, Jon-

dal, Kongsberg. Born: *Per Steinar, Torgeir, Rune Morten*, f. og d. 1965.

Bernt Ingvar U glem var først handels styrar i Trysil, seinare i Jondal og har no i fleire år drivi eiga forretning i Ski herad, Akershus.

Gunnar Edmund bur i Jondal og driv som lastebilsjåfør.

Peder U glem har rydda kring 35 mål, hadde hest, 3 kyr og eit par sauer. I 1959 flytta dei til Jondal og bur no i Ski hos *Bernt*. Bruket har legi øyde sidan dei reiste, og avføringa har vori bortleigd.

Gurine Pedersdotter Uglem, mor til *Peder*, var f. 1871. Ho d. i 1947,76 år gammal.

**SKJETTENLI G.
nr. 115, br. nr. 22.**

Skjettenli er bureist av *John H. Mogård*, Vikvarvet. *Mogård* som fekk skøyte på bruket i 1938 sette opp ,stugu året etter. I 1941 sette han opp uthuset, fjøs, stall og låve.

John Haldorsen Mogård er f. 1904. Han er ugift. Han har rydda kring 25 mål, og dreiv med hest, kyr og sauer i fleire år. Seinare slutta han med krøterhald og har i fleire år drevi med anna arbeid.

**SKJETTENÅS G.
nr. 115, br. nr. 23.**

Bruket er bureist av *Karl Lindset*, Innstranda. Han fekk skøyte i 1938 og flytta hit same år, var den første som flytte til feltet. Dei budde i ei brakke første sommaren og hadde ei lita potetreit. Året etter fekk dei opp stugu og flytta inn til jul. Uthuset vart oppsett i åra 44 og 45. Til da stod krøtera i koie. *Lindset* har rydda kring 40 mål jord, har ein buskap på 4-5 naut og 5-6 sauer.

Karl Julius Lindset er f. 1904 og vart g. 1924 m. *Ane Olsd. Moen*, Mobakkan, f. 1898.

Dei har 3 born:

1. *Signe*, f. 1925, er sjukepleierske på Strinda sjukehus.
2. *Kristian*, f. 1926 g. 1956 m. *Lina M. Guldset*, f. 1924. Barn: *Kjell Lennart*, f. 1966.



Skjettenås med Skjettenli til venstre.

1. *Bergljot*, f. 1930, g. 1958 m. *Torleif Slind*, f. 1927. Born: *Anne Kristin* og *Egil Steinar*.

Kristian Lindset har maskinelt utstyr for grøfting og planering. Saman med *Odd Nervik* sette han igang ei kalkmølne ved Næssåsvollen som var i drift i fleire år. *Kristian Lindset* har vori medlem av heradstyret og har hatt fleire tillitsverv.

SKOGVOLL G. nr. 115, br. nr. 24.

Bruket Skogvoll vart bureist av *Edvard Eidem*, Selbu, som fekk skøyte i 1938. Han sette opp stugu og låve og rydda eit fint jordstykke på rundt 6 mål. *Eidem* som var ugift, tok seinare arbeid som bygningsnikkar i Trondheim. I 1954 selde han bruket.

Som ny ma'n'n kom *John Arvid Aunebak*, Mosvik, f. 1922. *Aunebak* var g. m. *Lovise Fagerli*, Sundalsøra, f. 1918.

Dei har 5 born:

2. *Liv Oddrun*, f. 1940, g. m. stuert *Jan Helmersen*, Trondheim.

3. *Anny Synøve*, f. 1944.
4. *Lillian Irene*, f. 1945.
5. *Arvid*, f. 1948.
6. *John*, f. 1950.

Fire år etter dei kom her, pakta *Aunebak* gard ved Steinkjer og var borte eit par år. Seinare bar det atter ut av bygda med huslyden. Men *Aunebak*, haT halde på eigedomen. Han har modernisert stugu, sett opp fjøs og rydda mykje nyland.

GRANMO **nr. 115, br. nr. 28.**

Granmo er ei villa tomt ved Hegsetbrua. Villaen er oppsett i 1958 av *Einar Uthus*. *Einar Uthus*, f. 1917 vart g. 1956 m. *Borghild O. Haugen*, f. 1933. Dei har 2 born:

1. *Björg*, f. 1956.
 2. *Britt Elin*, f. 1963.
- Einar* er vegvaktar.

HØGTUN **nr. 115, br. nr. 29.**

Høgtun er og villatomt. Denne villaen er oppsett av *Peder Ragnar Krogstadmo*.

Peder Ragnar Krogstadmo, f. i Selbu 1928 vart g. 1953 m. *Ingeborg Sofie Johnsd. Drivvoll*, f. 1928.

Dei har 3 born:

1. *Bjørn Ivar*, f. 1954.
2. *Jan Gaute*, f. 1956.
3. *Solbjørg Marie*, f. 1961.

Peder Krogstadmo er anleggsarbeider, har drivi tunnelboring og gruvarbeid.

NESET G. nr. 116.

Me har alt sett at Bakken og Neset har vori ein gard, og at gammalgarden heitte Nes. Likeeins korleis dei to gardane ligg i høve til kvarandre.

Gardsnamnet blir uttala Næsse, dat. Næssi, og ein reiser «åt Næssi» og bur «i Næssi». Av eldre skriftformer har ein Nes 1559, Ness 1590, Nes 1626, Næss 1668 og Næss 1723. Gardsnamnet treng inga tolking, for ein talar like ofte om nes ved elv som ved hav og fjord. Men der garden står no, leitar ein fåfengd etter nes. Garden har da heller ikkje stått der han no står kå først av. Garden er flytta, 'Og det to gonger. Garden skal etter segna ha stått nærare elvmelen, omlag der kapellet står. Der føre skal den ha stått på «Tøftene», ei ækre på det lågare plataet aust for garden, der brua over elva er. Og her halr ein «neset» som garden har namn etter. Sjå bilete s. 261.

Garden skal ha vorti flytta etter vådeild frå baa stelle. På Tøftene er branntomta enno synleg når jorda blir venda. Her har vori mykje stein i jorda, og det er funni blåheinar, vevsteinar og anna reidskap. På det andre stelle garden skal ha stått, har det og vori merke etter bureising. Ei lita grøbbe i ækra fortalde kvar husa hadde stått, og bekkvegen i elvmelen er synleg den dag i dag.

Gardflyttinga er nemnt i rettssaka på Neset i 1750 og *Kirsten Rolset* som voks opp på Neset i slutten av 1600-talet og *Christen Neset* frå same tid, fortel at garden for uminnelige år attende to gong skal ha vori flytta etter å ha brunni ned, og at garden skal ha stått både «østen og vesten» for der han no står. Siste stelle vart påvist og låg i ei inngjerda trø like ved garden der det og var nokre steinrøyser.

Etter segna skal Neset ha sokki to gonger og, både i Loken og i Storgrøbba. På baa stelle er det djupe søkk eller dulper i lendet. Loken er ei grøbbe i jorda like vest for Tøftene. Her er lendet så lågt at vårfloa som regel fyll te Loken. Her skal det ha sokki ein gard, seier segna. Storgrøbba ligg like ved garden, og der skal og garden ha sokki.

Neset og Bakken låg i teigblanding og felles hamning i utmarka ril utskiftinga 1870.

Gardane har vid utmark som rekk like til Bukkhammaren i sør der den støyter mot Haltdal kommune. Mot aust grensar gardane til Hil-

mo og i vest mot Tuset og Uthus si utmark. Mot Hilma går merkeslina omlag beint. Mot Tuset-Uthus følgjer ho to bekker: Lauvbekken sør for Usma og Fjoromsbekken nordafor. Nedl dalen kallest bekken no for Sagbekken etter eit nytt bekkedar som har ført bekken mot eit sagbruk. Merkesbekken som renn i elva ved Melan, er nemnt i ,rettssaka og er kalla Krokbekken .

Ved utskiftinga fekk Neset vestre halvpart framanfor Usma og austre halvpart innafor. Plassen Sørflakne som frå gammalt hadde vori brukt som seter av Neset, var rekna for å høyre denne garden til og vart halden utanfor utskiftinga.

Neset er nemnt første gong i rekneskapan for Steinvikholms len 1548/49. Oppsittaren er kalla *Oden paa Nes*. Han er ført med 6 merker smør 9 merker mjøl i leding. Seinare skattelister har 8 merker smør 12 merker eller ½ pund mjøl.

Det var fleire eigarar om garden. Stigtens gods, seinare ført som kronens gods åtte 1/4 part eller ½øre av skylda. Bielche pantgods åtte og ½øre, medan resten, som utgjorde halvparten av eiegenomen med 1 øre i skyld var odelsjord eller bondeodel.

I 1557 er *Oden paa Neesetterfølgd av Biørn paa Nes* som lik dei andre bønder var ilagt 1 dalar i skipsskatt.

Fleire brukarar er ikkje nemt før i 1611. Da satt *Iffuer Nes* som brukar, og han er s,iste brukaren som dreiv den samla garden. Garden har stutt tid etter vorti delt i to bruk.

Dei nye brukarane heitte *Halduor (Haldvor)* og *Gunder Nes*. *Gunder* bygde den nye garden (Bakken) og han var leilending medan *Halduor* (namnet også skrevi *Halffuor*) *Nes* vart sitjande på den gamle garden, og garden hans er ført i odelsjorboka. Ein finn han i rekneskapane for 1624/25. Men garden vart delt før, for *Gunder Nes* er ført som leiglending alt i 1619.

Ledingen vart delt med 5 merker smør 7 merker mjøl på Neset og 3 merker smør 5 merker mjøl på Bakken. Skatten var lik, 5 *art* på kvar i 1650 og 1 dalar i 1661. Skatten for engslætte like eins, 6 skilling på kvar. Småtienden, som ein finn oppført i jordboka for 1668, er derimot ført med 20 sk. på Bakken mot 12 på Neset. Korntienden derimot, var større på Bakken enn på Neset: 2 skjeppe bygg 4 skj. havre i 1668 mot berre 3 skj. havre på Neset for same år. *Gunder* hadde nok fari med likaste åkerjorda, som Bakkliia skal vera rekna for Det var meir frostnemnt og på Neset. I 1687 var åkeren «affrøsen» der, men dei på Bakken har levert 1 skjepe havre i tidende dette året og. Året etter har dei nok ikkje hatt såkom heller i Neset, for dette

året låg garden «gandcke usaaid». Ingen av gardane har svara skatt for «Qvernsted», så kvernhuset i Fjoromsbekken må ha vori godt skjult om det har vori kvernhus der i den tida. Garden hadde i alle høve kvernhus der under rettssaka.

I koppskatten 1645 er *Haldor Nees* ført med Høstrue, men utan søner og døtter. Han må nok likevel ha hatt born, for ettermannen hans på garden heitte *Anders Halffuorson* og hadde ein bror som heitte *Paaffl Halffuorson*. Båe er ført i manntala 1664/66, *Anders* 49 år og *Paaffl* 36 år.

Anders er ført som brukar på Neset i 1657 og har da svara 1 Rd. 1 art og 8 skilling i ileidingsskatt. I 1650 var skatten på 5 art og i 1661 på 1 Rd. Men i 1668 var denne skatten nede i 16skilling.

Krøterhaldet på garden var i 1657, på 1 hest, 6 kyr og kviger, 2 geiter og 3 sauer.

Anders Halffuorson er ført som brukar på garden enda i 1680, men i 1684 .er han avløyst, og da har me atter ein *Halvor Nes* på garden.

I mellomtida, i matrikkelen for 1683 er nemnt ein *Peder Tommesen* som brukar og eigar av garden, så oldelsarvingen har kanskje ikkje seti så lett i det. Det var ellest ikkje så godt for dei som åtte gardane å halde på odelen ,i denne tida, og ved neste generasjonsskifte går og garden for ei kort tid over på rikmannshender, nemleg *Schøller*. Det er i 1695. *Halvor* er enda ført som brukar, men *Schøller* er eigar da. Men *Halvor Nes* må ha falli frå før, for det var nok alt kommi nytt folk til gards da. Ellest er det lite det ein veit om *Halvor*. Han hadde ei dotter, *Ingrid*, som møtte som vitne i rettssaka, 60 år gammal og skulle etter det vere fødd i 1690. Etter det ho opplyser, var ho kring 10 år da ho reiste ut, truleg som gjetar og kom ikkje heim meir før etter ho vart gift, da losjerte ho heime eit par år, og vart så buande på ein plass under Tuset austre.

I 1701 har ein namnet på den nye brukaren. Han heitte *Ole Jonsen*, og var 50 år gammal. Han var frå Rønsberg. Han hadde berre døtrer, ser det ut for. Den eldste av dei, *Kirsten Rolset* møtte og som vitne i rettssaka, 63 år gammal, og ho fortel at ho var 7 år gammal da dei kom til Neset. Det skulle da bli ti 1694. I matrikkelen for året etter var *Schøller* ført som eigar av garden, har me set, men den nye brukaren har nok på eit eller anna vis fått tak i garden og var odelsbonde heile si tid. Kva kona til *Ole* heitte eller kvar ho var i frå veit ein ikkje. Men det ligg nær å tru at ho har vori frå Neset, av folka til *Halvor*, enten dotter eller syster hans etter som *Ole* skulle koma

att på garden. Namnet hennar er og ukjent, men ho må ha heita *Gunhild* etter namna på barneborna.

Ole Jonsen og «Gunhild» hadde 3 jenter:

Kirsten, f. 1687, g. 1712 m. Peder Estensen Rolset.

Marit, f. 1690, g. 1718 m. bergknekt *Christen Jensen* f. på Innset hytteplass.

Ingeborg, f. 1697, g. 1725 m. *Tørris Tarvaldsen* frå Verehet.

Christen og *Tørris* kom til å drive Neset etter tur.

Oluf (Olle) Næs d. i 1718 og vatt gravlagt s. 6. trin. 65 år.

Christen Jensen og *Marit Olsdotter* var gift da, så det fall på dei og «Enchen» å ta i mot *Armfeldts* karar i jula da dei kom over Bukkhamaren. Neset var kanskje første garden dei kom tll, og karane har nok vori frosne etter fjellturen, no gjekk det først og fremst ut over kornstaur og skigard som vart rivi opp og kasta på båla. 5 små hus har og gått same vegen. Så bar det til å ta for seg. Skadetaksten kom opp i 95 riksdalar og 3 art og er oppsett slik:

5 hus, skigard og kornstaur	16	-	1	-	«	
17 ½ tynne bygg		39	-	1	-	12
12 lass halm	6	-	«	-	«	
1 7 ½ lass høy		8	-	3	-	«
2 småfe		1	-	«	-	«
Gardsreidskap		4	-	1	-	«
Klede og innbu		8	-	2	-	12
Matvarer		11	-	2	-	«

Her som ov'er alt i Flora har svenskane raska med seg gardsreidskap. Det ligg nær å tenkje seg at dei tok sledane først og fremst. Marsjen over Bukkhamaren har vel kosta *Armfeldt* mykje av trenet hans. Skulle han komme seg over til Sverige, måtte han skaffe seg transportmidlar. At dei tok maten ut av bura, kan me ikkje undrast så mykje over. Dei gjorde snautt i fjøsa og, er det likt til. Men folk gjømte unna det dei var god for, og me har sett at dei berga kyme på fleire gardar. Mat vart og bari vekk til setrar eller bur på løynde plassar i skog og mark. Neset og Bakken har hatt slike bur på ein sers avsides plass i Buåsdalen.

Som fortald før, så var Neset oddsgard, og enda i 1720 da skadetakst etter svenskane vart teken, er Neset odelsgard. Men to år seinare

er pres'ident *Brix* vorti eigar av garden, og derffied er det slutt med den siste reine odelsgarden i Flora i gammaltida. Garden kom seinare under *Schøller* og til slutt *Krogh-ane* og var leiglendingsgard heilt til 1828 han vart kjøpt av oppsittaren.

Olle Jonsen d. i 1718. Dødsåret til kona er ukjend. I 1721 fører matrikkelen svigeronen *Christen Neset* som brukar og året etter har Neset vorti leiglendingsbruk.

Om garden seier prøvematrikkelen 1723 at han er tungvunden og frostlendt og uviss ti,1 korn, men god til eng. Det vart sådd 1 1/2 tynne og fóravlinga var på 27 lass. GaDden fødde 1 hest, 5 naut, 2 sauer og 4 geiter.

Christen Neset møtte som vitne i rettssaka 58 år gammal. Han var f. på Innset hytteplass fortel han. Var 22 år gammal da han kom til Selbu koparverk - stedde seg som dreng på Hegset i 3 år, var sidan for seg sjølv i eit års tid til han vart gift og flytta til Neset.

Christen og *Marit Olsdotter* vart g. i 1718. Dei hadde 6 born:

1. *Kari*, f. 1718, g. 1751 m. ein *Ole Paulsen*, losjerte i Flora, hadde ei dotter, *Gjertrud*, f. 1752.
2. *Gunhild*, f. 1720, g. m. *Esten Olsen Stokke* på Hegsetplassen.
3. *Oluf*, f. 1722, g. m. *Valborg Haldorsd. Balstad*, ei dotter: *Marit*, f. 1749.
4. *Berite*, f. 1725, g. m. *Einer Flakne*.
5. og 6. *Charen* og *Anne*, tvillingar, f. 1729. *Anne* g. m. *Torchel Pedersen Hegset*, born: *Peder*, 1750, *Marit*, 1751.
Marit Olsd. d. i 1736, 46 år gammal.

Arveskifte etter *Marit* viser ei inngjeld på rundt 25 riksdalair medan utgjelden kom over 50 dalar. Det vart halde åbotstakst som kravde ny stugu som ville koste 8 Rd. Den gamle var «forrådnert og uden tag»: Bork og arbeidsløn til nytt låvetak ville koste 4 Rd. Likeeins med stallen. Dei andre husa greidde seg. Jorddroten hadde 30 Rd. til gode for skattar, landskyld og forstrekning.

Dei som hadde krav, fekk sitt utlagt i krøter, innbu og reidskap så langt det rakk, og for resten kunne dei krevje enkjemannen.

Christen hangla enno med garden nokre år, men i 1742 fortel matrikkelen at svogeren *Tørris Tarvalsen* har teki over bruket.

Christen Neset flytta ,til ein plass under Hegset og ernærte seg ved dagarbeid. Han d. i 1762, 70 år gammal.

Tørres og *Ingeborg Olsdotter* vart g. 1725, har me set. Dei losjerte, først på Neset, seinare på Ørås der dei budde så seint som i 1740.

Dei har nok fóra i utmarka og hatt krøter. Ei slåttmyr på Flakne kalles Tørresmyra og har nok vori brukt av *Tørres*.

Tørres og *Ingeborg* hadde 4 born:

1. *Beret*, f. 1726, g. m. *Peder Knutsen Bakken*, som bureiste plassen Enbakken.
2. *Ingeborg*, d. som barn.
3. *Ole*, f. 1733, tok over garden.
4. *Gunhild*, f. 1735, g. m. ein *Jon Gundersen*, som bureiste plassen Næsmoen.

Tørres Neset d. i 1767,74 år, og *Ingeborg Olsdotter* i 1769, 71 år. I *Tørres'* si tid vart den før nemnte rettssaka på Neset haldi. Ho galdt ein tvist med mennene på Uthus som hadde sett gjerde kring Simaplassen (Uthusvollen) vest for Melan og dermed hindra Nesmannen i hans fedrift nedover til Sørflakne som da var brukt som seter under Neset. Ein liknande tvist som enda med forlik (1738) hadde oppstått etter at plassen hadde vori busett og seinare brukt som seter. Synfaringa følgde Krokbecken som var grenseline for Neset frå utspring (?) til sitt «udløb i Elven, Nea eller Nia kaldet», står det. Og vidare: «fra dens nedløb fra Aasene eller Bakkerne, hvor Næssets qvæmehus er bestaaende. På sletta på austre sida vistes stubbane efter nedfelde tre. Nokre tre låg att i skogen. - Såg ogsaa ein kjøreveg gjennom moen vestover mot «den saa kaldede Ytteraas - eller Gammel - Broe over Krogbechen.» Her vart det påvist ei kolmile og tuft etter ei onnor på vestre side bekken, og som hørde Uthus til. Gjekk så til «Veides,tædet eller det saakaldede Tiestæd» ved bekkosen, og som var brukt av Nes-mennene, medan Uthus hadde sin tiestad på nordre side øya som her Jigg i elva. Herifrå heldt dei fram bil Sørtlakne der vitna påviste merker etter ei tidlegare busetting som hadde gått ut frå Neset. Etter plassen vart fråflytta hadde han vori brukt SOMseter av dei på Neset.

Synfaringa har sikkert vori eit høgtideleg følgje. Ei gammal kone, til hest, *Beret Hegset*, kunne ikkje følgje lenger enn til Simonsplassen «formedelst Elvens Storhed som gjorde det umulig med Hæst at fremkomme, og hun ey formådte at gaae», heiter det.

Neste oppsittar på Neset var *Ole Tørresen* som fekk sitt bygsel brev av enkjefru *Schøller* 1776.

I 1762 var det fire menneske på Neset. Det var *Ole Tørresen* og foreldra som enda reknast som brukarar, og så hadde dei ei tenestjente, *Marit Hansdotter*. Søstrene, *Beret* og *Gunhild* var gifte og satt på kvar sin husmannsplass under garden. Dei to plassane var så vidt ein veit dei første under garden. Seinare vart det fleire plassar: Sørflakne og dei to plassane på Langmelen, så det var i alt 5 husmannsplassar under Neset da hundreåret gjekk ut.

Ole Tørresen var ugift. Ved folketeljinga 1801 hadde han *Maglie Jonsdotter* som hushaldar. Ho var 35 år gammal, var frå Nesmoen og systerdotter til husbonden.

Attåt desse budde det ein inderst på garden ved folketeljinga, ei *Ane Halvorsdotter*, 80 år gammal. Ho ernærte seg ved handarbeid.

Ole Tørresen døydde 1807, 74 år gammal. Han hadde da ein værson, *Ole Olsen Evenmo* frå Haldal, som hadde teki over garden.

Ole Olsen Evenmo var f. 1781 av foreldra klokkar *Ole Kristophersen* og *Maren Olsdotter Evenmo*.

Ole Olsen vart gift i 1802 med *Mali Jonsdotter Neset*, søsterdatter til *Ole Tørresen*. Dei hadde ikkje born. *Mali Jonsdotter* døydde i 1813, 47 år gammal.

Fire år seinare vart *Ole Olsen* gift att, med ei *Ane Hansdotter* frå Singsås, f.1786.

I dette ekteskapet var det to born, båe jenter, og så hadde *Ane Hansdotter* to born utanom ekteskap som voks opp på Neset. I manntalet for Selbu (1825) er alle fire oppført:

1. *Hans Jakobsen*, f. i Singsås, 1808.
2. *Dordi Ellevsdotter*, f. same stad 1813.
3. *Ragnhild Olsdotter*, f. i Selbu 1818.
4. *Beret Olsdotter*, f. i Selbu 1820.

Alle vart gift:

Hans Jakobsen, g. 1837 m. *Mali Olsdotter Nesset*. Dei bureiste smbr. Hansheim.

Dordi, g. 1834 m. *Didrik Barosen Hegset*. *Ragnhild*, g. 1846 m. *Peder Einersen Hegset*.

Beret, g. same år m. *John Torkelsen Flakne*. Dei budde på Sandmo.

Ole Olsen hadde to born utanom ekteskap, og med same kvinne *Agnize Erichsdotter Neset*, dotter til *Erich Pedersen Neset*.

Dei to borna var jenter:

1. *Magnhild Neset*, f. 1805, g. 1831 m. *Arnt Johnsen*, som losjerte på Neset.
2. *Maglie (Mali) Neset*, f. 1814, g. m. *Hans Jakobsen Neset*.

Magnhild voks opp på Neset hos *Mali Jonsdotter* som ikkje hadde born sjølv. *Mali* var god med barnet, men det kunne leita på tolmodet somtid.

«Gakk unda meg Agnisunge», skal ho ha sagt ein gong dei var på veg til setra og jentungen fór og slong attfor føtene hennar. Jenta ana ikkje noko vondt i orda og svara truskuldig: «Godt er det. Kiståt (kvistut) e de, å bløtt (blautt)>>.

Magnhild var hos mor si seinare. Dei losjerte på Hegset-plassen ved manntala både i 1825 og 1827.

Ole Olsen Neset, som den nye brukaren no skreiv seg for, fekk bygselbrevet sitt av *Krogh* i 1821. Til da hadde han drive garden på den gamle bygselen.

I 1828 kjøpte *Ole Olsen* garden av oberst *Kroghs* dødsbu. Kjøpesummen var på 400 spd1r. Halvparten vart lånt i Norges bank. Resten vart ytt som lån av *Ole Nordaune* i Haldal. For baa låna vart det stedd ut pantobligasjon.

400 spd1r. synest ikkje så avskrekkande målt med det verd pengane har no, men den gongen var det ingen spøk å sette seg i gjeld for så mykje. Dei fleste som kjøpte gardane sine av *Krogh*-buet fekk slite hardt for å koma seg igjennom. Mange laut selje att, og denne utvegen laut *Ole* ty til og.

I 1832 selde *Ole Olsen* d. e., som me no får kalla han, 3/4 av garden til *Ole Olsen Gildsetstøen*. Han var haldtaling han og. Garden vart skylddelt same år. Da var det 7 husmannsplassar under garden, og 5 av dei skulle følgje parten til *Ole Gildsetstøen*, medan dei andre to, som var Enbakken og den austre plassen på Langmelen, noverande småbr. *Sandmo*, skulle høyre *Ole Olsen* d. e. til.

Både seljar og kjøpar skulle bu på den gamle garden, så noko nytt tun vart ikkje bygd.

Ole Olsen d. e. dreiv sin fjerdepart i ti år, og selde da til *Ole Johnsen Flakne* d. y. Skjøte er skrivi i 1842. Same dag fekk *Ole Olsen Neset* d. e. husmannsfeste av kjøparen på den austre plassen på Langmælen, som da hadde vorti ledig.

Ole Olsen var 61 år gammal da. Han var mykje plåga av gikt og gjekk med ein krakk under eine kneet da han flytta frå garden, er det

fortalt, og skal ved det høve ha sagt: «E tenkt å legg me på væla e, men væla ho la seg på meg ho».

Ole Olsen levde enda i 28 år. Han døydde i 1870, 89 år gammal. *Ane Hansdotter* døydde 1872, 87 år.

Den nye eigaren av gardparten etter gamle *Ole Olsen* d. e., *Ole Johnsen Flakne*, vart ikkje gammal kar på garden. Fire år etter han hadde kjøpt, skjøta han bort gardparten til *Ole Olsen Nessel* d. y. som dermed samla garden att. Dette skjøtet er skriv~i i 1846, og kjøpesummen var 200 spdlr. Sjølv hadde *Ole Johnsen* betalt 250 spdlr. for gardparten.

Ole Johnsen Flakne, f. 1804 vart gift 1841 med *Ingeborg Grimsdotter Rønsberg*, f. 1815.

Dei hadde 1 barn: *John*, f. 1842, d. same år.

Mora, *Ingeborg Grimsdotter* døydde og dette året. Ho drukna i Garåa, ei elv som renn i Usma ved Næss-setra. Ho var der med krøtera. «Drukne~d i Usma elv da hun vilde redde en deel Kreature i den indtrufne Vandflom», står det i kyrkjeboka. Ingen såg ulykka, men dei trudde geitene hadde truva henne utfor brua. Ho vart funni i Usma 10 dagar etter ulykka.

Hendinga gjekk så hardt ~inn på mannen at han vart liggjande. Han heldt fram med gardsbruket til 1846 som fortalt.

Ole Johnsen sette no opp ei stugu åt seg på Enbakken. Stugu stod isøraustre hjørnet av jordet. Han livnærte seg ved å gå idagleie. Han arbeidde og på Kjøljøn gruve. I 1854 vart han gift att m. *Marit Larsdotter Nessel*, f. 1826.

Dei hadde 2 born:

1. *Ingeborg*, f. 1855. Ho hadde ei d., *Olina* f. 1879, både mor og dotter reiste til Amerika.
2. *Lars*, f. 1860, g. 1879 m. *Dordi Johnsd. Moslet*, Brugommoen. Dei reiste og til Amerika og tok farm i Duluth, Minn.

Ole Johnsen Flakne døydde på Kjøljøn i 1864. *Marit* budde heime på Mælen (Larsrommet) hos foreldra. Ho reiste til Amerika i 1879 i tølge med sonen *Lars* og verdottera.

Nymannen på Neset, *Ole Olsen Gildsetstøen* var frå Ysetmoen (Gladhaugen) i Haldal. Han var fødd i 1794.

Han skreiv seg for Moan til han kjøpte Gildsetstøa. Sidan brukte han det namnet. I Flora vart han kalla «Nymannen».

Ole var enkjemann for andre gong da han kom til Flora. Han hadde hatt fleire bom,men dei var døde alle. Til Flora kom han i følge med syster si, *Guri Olsdotter*, og ei eldre kvinne, *Anne Pedersdotter*, f. 1763, truleg mor hans. Ein ungdom, *Ole Olsen Stuedal* var og i følge med han. *Ole Stuedal* var f. 1809 av foreldre: landvern *Ole Olsen Evensmoen* og jente *Anne Persdotter Stuedal*, truleg samme kvinne som mor til *Ole Gildsetstøen*.

Ole Stuedal var på Neset til 1841. Han reiste da til Trondsauene i Haltdal som dreng, og skal ha fari snapp og snau frå garden. Han hadde alt sitt i eit knyte, er det fortald. I Haltdal vart han gift, bygsla ein nedlagt plass, Selbyggrommet, og var ein drivande arbeidskar.

Guri, syster til Nymannen vart gift i 1838 med enkjemann *John Halvorsen Bjerken*. *Anne Persdotter*, døydde 1844, 81 år gammal. *Ole* hadde stedd ut kårbrev til henne på Neset, tinglyst 24/2 1840.

Ole Gildsetstøen vart gift for tredje gong i 1838 med *Gunhild Jensdotter Nesmoen*, f. 1811.

Dei hadde 2 born:

1. *Ole*, f. og d. 1840.
2. *Ole*, f. 1844, d. 1866.

Det stod ikkje så frakt til med jordsbruket på Neset da Nymannen kom. Bartella stod tett inn til jordet på alle leier, og *Ole* fekk ikkje meir enn 13 såter hø på sin part av jordet første året han var her. Men Nymannen fekk det til å vekse han. Han hakka unna tella for svortes, og brukte dei til geit og sau og til strøels. Han stod i stallsvala og hakka bar langt utover kveldane. Han kjøpte frau og frå andre gardar. «Nymannen» utvida skrinnslåttan så han hadde 7 lœeng til slutt i Nonshaugen. Men han tvilte på om dei 'som kom etter han ville greie å halde slåtten ved like. Det blir Nonshaugen græt når eg dør, er det herma han skal ha sagt.

Ja, Nymannen spara seg ikkje, men så vistes det etter han og. I 1865 hadde dei 19 naut og 10 sauer på Neset. Men det var berre 1 hest. Utsådet var på 1 ½ t. bygg og 1 t. potet.

Det skulle sjå ut som denne store buskapan skulle gje nok til inntekt til huslyden, men det vart lite pengar av krøterhaldet, og *Ole* laut drive «bruk» utanom, skogsarbeid og alt som føre fall. I 1845, da dei bygde Rotlbrua, tok han på seg å levere tjøra dei trong og laga ein riktig stor tjøreflåkkå på Flåkkåmyra. Da dei dreiv og bren-

de flåkkån, var han svært så spent på korleis det ville gå, skar ein kjepp og stakk ned i flåkkån. Da han drog opp kjeppen, fanst det ikkje teikn til at han hadde vori nær noko tjøre. Han var like blank som før han stakk han Nedl. Da vart han mest som frå seg - la seg ned og rulla seg bort over tuvane og ynka seg. Han trudde han hadde brent opp tjøra for seg og at han no kom til å gå frå garden. Men det vart anna av. Dei auste opp tjue tynner tjøre av flåkkån.

Ola Gildsetstøen d. i 1861, 67 år gammal.

Sonen, *Ole Olsen Neset* d. 5 år etter faren, 22 år gammal. Han skulle vere så vakker og brusen ein kar.

Enkja, *Gunhild Neset* var beDre 50 år enda da mannen døydde, og ho heldt fram med gardsdrifta. Det vart påstemt utskifting i 1863 og den vart ferdig i 1870 og gjorde slutt på alt sambruk mellom dei to gardane.

Gunhild Neset var eit skjefta kvinnfolk som heldt i taumane og styrte garden likså godt som nokon kar. Ho leigde tauser og drenger og var aldri i beit for arbeidshjelp. Ho fekk *Bersvend Pedersen Stammesbakken*, eller *Bersvend Bakkhaugen* til rådsdrenge, og kvar ho tok alle tausene frå, kunne ingen veta. Ho hadde jamnt 2 tauser. *Bersvend* vart i teneste hos henne så lenge ho dreiv garden, og seinare på Enbakken.

Ho hadde 6 karar i slåttonna og fóra 60 lass i marka attåt jordet og all skrinnslåttan. Det vart da heller ikkje minka på buskapen som teljinga frå 1875 viser, og potetåkeren auka frå 1 tynne i utsåd til 7 på desse ti åra.

Gunhild var lur, og fekk karane til å nøyte seg. Ho tok dei til side ein for ein og skjenka dei dram og skrytte av dei at dei var likaste slåttekaranne alle. Og med *Bersvend* føre, han som var slik ein røvar til å slå, kan det vel hende det gjekk for seg ute på jordet. Det var likså dampen stod av karane når dei kom inn til måls.

I 1876 gav *Gunhild Jensdotter* retten til kalksteinsutvinning på Neset sin grunn til handelsmann *Fr. Birch*, utan vederlag, eit døme på kor sterk innverknad *Fr. Birch* hadde på den økonomiske utvikling i Flora og.

I 1879 selde *Gunhild Neset* plassen Sørflakne til *Peder Pedersen Næs* for 1600 kroner.

I 1883 vart det haldi ny delingsforretning på garden. Den gamle plassen, Enbakken vart da skilt ut med ei skyld på 18 skilling og teki over av eigaren, *Gunhild Jensdotter* «til brug og beboelse» står Jet.

Hovudbruket hadde *Gunhild* seld året før, til *John Jørgensen Slind* for 3600 kroner og kår.

Gunhild flytta no til Enbakken og vart no kalla «Enbakkbesta».

Ho hadde teki unna nystugu på Neset og flytta den til den nye garden sin. Attåt Enbakken som ho hadde til odel og eige, skulle ho drive Nedregjerdet og, som ho hadde teki unna som kårjord. Myrsløtte hadde ho og teki unna. Likeeins Enbakksetra på Dalen, så Enbakken var som ein liten gard. Den gamle rådsdrengen, *Bersvend Bakkhaugen*, var framleis i hennar teneste. Tenestjente hadde ho og.

Gunhild Neset d. i 1896, 85 år gammal.

Den nye husbonden på Neset, *John Jørgensen Slind* var f. 1844 og vart gift 1869 med *Ragnhild Didriksd. Hegset*, f. 1846.

Dei hadde 6 born:

1. *Ragnhild*, f. 1869, g. m. *John Johnsen Uthus*, Næssmo.
2. *Jørgen*, f. 1872, g. 1895 m. *Ingeborg Pedersd.* Berge, budde på Berge. Born: *Helga, John, Peder. Ragnhild, Haldo og Marit.*
3. *Didrik*, f. 1874, tok over garden.
4. *Ole*, f. 1878, g. 1914 m. *Ingeborg L. Uglem*, kjøpte garden Bakken.
5. *Ane*, f. 1882, g. 1904 m. *Lars H. Bårdsgård*. Born: *Hans, John, Ingvald, Ragnar, Magne, Ingeborg og Ragnhild.*
6. *Beret*, f. 1887, g. 1913 m. *Ole J. Kyllotrø*. Born: *John, Johan, og Ingemann.*

For å greie kjøpesummen for garden laut den nye eigaren gå til sal av skog. Han gjorde akkord med *Huitfeldt* om ein uthogstrett i Åsvollskogen på 25 år, rekna frå 1881. Handelen vart avgjort i 1885, og salssummen tilsvara det *John* skulle betale for garden.

Denne skoghandelen førte ikkje til oppdeling av garden i første omgang, men ein kan seie det var innleiing til oppdelinga. Ti år seinare, i 1895 vart dette skogstykket utskilt og seld til *Huitfeldt*. Skogen fekk bruksnamnet Åsvollskogen, bruksm. 7 med 0,78 mark i skyld. Skjøtet som er dagsett september 1895 nemner ein kjøpesum på 2100 kroner. *John* heldt unna retten til elgjakta. Før hadde *John* seld plassane Næsmelen og Næsmoen, den første til *Ingebrigt Pettersen Næss*, (Melan) og den andre til *John Johnsen Uthus*. Kjøparane skulle betale henholdsvis 800 kroner og 600 kroner.

Husa på garden var gamle og trong vøling. *John* sette først opp ny stall i ende med sommarstugu, og da kårbesta fór med halve stugulånet, valde *John* å selje gammalstugu og sette opp nytt stugulån. Dette



Ragnhild og John J. Næss.

sette han i fullt stand med bordkledning og måling. Stugu vart oppsett i 1890 og var den andre kvitmåla stugu i Flora etter stugu på Enbakken. Same året sette *John* opp ny låve, og i 1897 kom turen til fjøs'et.

Her kunne *John* nytte mykje av gammaltømmeret. Gammalfjøset var tømra av rundtømmer, og sjølve fjøskassen av furu som no vart øksa til 6" vegg. Gammalfjøset som hadde portrom mellom ku- og smefjøset var smalt og brattrysta med bordtak, likna på husa i Haldal, og var truleg sett opp av *Ole Gildsetstøen*. Mellom fjøset og stallen

stod mosehuset, som det no ikkje var bruk for lenger.

John som hadde mura kjellar under nyfjøset, hogg golv åsane i Kinna innmed Usmsjøen. Dei var 8 m lange og 14-15 tommar i topp. Men så var det og solide saker. Golvåsane var like ferske etter 60-års bruk, da dei vart skifta ut.

Tunet stod no nybygd, og den gamle springvassleidninga av bora stokkar vart bytta i malmrøyser.

Men det trongst meir nytt. *John* sette opp nytt bur og sommarfjøs.

Det siste ved LitI-bekken. Det gamle stod på Enbakkrøa. På den nye fjøstomta hadde tjøreflåkkån til dei på Næsmoen vori. Tjøreflåkkån som hørde garden til, stod bak husa attmed smia.

Med gardsdrifta heldt den nye eigar fram første året som føremannen, hadde 6 slåttkarar med

tilsvarande raksterhjelp og fora 60 lass i marka. Men det vart fort minka av med markaforinga. *John* nøyde seg med bere 20 lass i marka. Dei slo Tortlia, Felsslåttinn i heimmarka, og Gamalvollhaugen og litt kring setra på Dalen.

Kårbesta slo Felstugudalen, Hestvollen og Viskomyra på Dalen, og Bretta og Øllevsdalen framma Kjølén.

John Næss, som han no skreiv seg for, hadde 2 hestar, 10-12 mjølkkyr og 7-8 ungnaut attåt småfeet. Han slutta tidleg med geiter.

Setringa vart drivi som før. Først 6-7 veker på Åsvollen, så ein

månad på Dalen. Derifrå flytta del heim, som regel 4 veker før mikkjelsmess. Mjølkkyrne vart sette på jordet, og ugangsnauta og smet slept i Nonshaugen. Der var det «uthågå» kring ei stor beitetrø.

John kjøpte første slåmaskina i Flora, ei tohestes Woodsmaskin. Det var i 1893. Åkeren var ikkje årvisst som i seinare tid med kunstfrau og tidlege kornsortar. Poteten var det ikkje stort likare med. Det ville ikkje slagen bli potet annan stad enn i «Badstubakken», aust for garden, der potetåkeren hadde vori frå gammalt av. Der hadde Enbakkbesta og poteten sin. Ho hadde teki unna halvparten av bakken til potetåker åt seg.

John Næss dreiv skogsbruk om vintrane, men enda så seint som i 90-åra sleipkøyrdede dei tømmeret. Bakkjelken som vart kjent i dalføret i 1870-åra, trong si tid for å «slå 'igjennom». Det skulle helst vera fast veg til bakkjelken, og hadde dei bruk for nokor doning bak, brukte dei langslende. Dei køyrdede plankar ned til hovudbygda med slik doning.

John Jørgensen dreiv kvernfjellet og nokre lår, men slutta tidleg. Han tok opp ein annen industri i staden. Han brende kalk. Det hadde vori brent litt før og, av *Ola Bakkhaugen* og andre, men berre tilfeldig. *John* leverte 25-40 tynner kvart år.

Kalkberget ligg i dagen ved Limtjønna og *John* brente eit år der.

Seinare berre i Øllevsdalen. Dei mura som regel 3 omnar i breidda og helst i ei krå. Omnane var 1 alen i firkant og 4 alen djupe. Dei dekte med hyller med smøl og smått oppå. Dei skaut ut steinen og mura omnane om hausten. Seinare rådde dei til fyringsved, 14-15 styttinglass. Førarbeidet tok 14 dagar til 2 mann. Sjølve brenninga gjekk fort unna.

Kalken vart pakka i tynner og køyrd til dals på vogner. Det var Ikkje nokon skort på tynner. Det var nok av dei hos handelsmennene, så folk åt nok meir sild i den tida enn dei gjer no. Dei fekk tynnetrea for 25 øre stykket. Kalken, som for det meste vart frakta på plankeflåtar, vart levert i Geilbakken, ved kyrkja, for 4 kroner tynna. Det vart brent kalk til etter hundreårsskiftet.

John Næss var ein kraftig og uthaldande arbeidskar, og kona på si side var ikkje kleinare. Ein gong skal dei ha sett opp 40 høysåter på jordet på ein dag, og det skal vera det meste som er høya på dagen av to menneske.

Året etter at *John* kom til Neset, døydde den siste av mennene på Næsnoen, og plassen fall da attåt garden. Det var ikkje så lite tilleggt til jordet. Plassen var på nær 60 mål, men jorda var så utskrinna



Ein sommardag på Neset 1910. Ragnhild og John til høgre, døtrene Ane og Beret i midten, Gurine og Didrik med borna til venstre,

at det var ikkje meir enn at det så vidt «rima» etter ljåen på sine stelle. Det skulle vera klein are enn på ei myr, er det sagt.

Da kårbesta døydde i 1896, tok *John Jørgensen* over Enbakken, for ein kjøpesum av 700 kroner. Skjøtet på Enbakken vart utstedd først i 1909, og da til *OleJ. Næss*, yngste son til *John*, som og fekk Nerjordet attåt. Året etter overlet *John* garden til nesteldste son, *Didrik*, for 4000 kroner og kår.

John Jørgensen Næss døydde 1938,94 år gammal. *Ragnhild Didriksdatter* døydde 1935, 88 år.

Didrik Næss, f. 1874 vart gift i 1900 med *Gurine G. Haugan*, f. 1874.

Dei hadde 4 born:

1. *Ragnhild*, f. 1901, lærarinne, g. m. lærar *Bernt Landrø*, bur på Levanger, 2 born: *Gunvor* og *Åshild*.
2. *John*, f. 1903, tekniskar, reiste til Am. og budde i Libby, Mont., d. 1966. g. m. *Signe Jansen*, 1 barn: *Glenice Gurine*.
3. *Gunnar*, f. 1905, landbruksskule, har teki over garden.
4. *Ragnar*, f. 1909, lærar, g. m. *Margit Rolfsjord*, Levanger, bur Oslo, 1 barn: *Ole Didrik*.

Didrik Næss var underoffiser. *Gurine* var småskulelærarinne. Dei budde i Trondheim før dei tok over ættegarden. *Didrik* var tilsett i firmaet til *Ingebrigt Krogstad*, gjorde fleire turar til Sverige som reisande.

I *Didrik* si tid vart fleire plassar og tomter under garden selde:

Sandmo i 1914, Nedregjerdet i 1918, skuletomta «Florheim» i 1921, Hansheim, Fremo og Øvermo i 1932 og Kirketomten i 1933. Same år vart slått- og beitretten til Enbakken ordna med makeskifte i Ellevsdalen øvre, som fekk br. nr. 15.

Didrik kosta på husa, sette opp ny stall, reiv sommarstugu og bygde kårstugu i staden, og bygde ny lem over fjøset. Han slutta heilt med markaføringa, men setra som før, og fekk bygd køyrveg til setra på Dalen.

Didrik avanserte til sltykjunker. Han var medlem både av skulestyret, heradsstyret og formannsskap, og var domsmann og lagrette. I grenda vart han den sjølvsgde leiar, formann i byggenemnda for Flora bru som vart oppsett i 1916, fekk bygd ny skulestove, var med og skipa Handelsforeninga, og med i byggenemnda for Flora kapell.

Didrik Næss døydde 1942, 68 år gammal.

Gunnar Næss, nesteldste son, hadde teke over gardsdrifta da faren døydde og dreiv på same vis som faren. I 1947 kjøpte han eigedommen for 10000 kroner og kår til mora, *Gurine Næss*. *Gunnar* hadde kjøpt skogstykket Storåsen før. Det er ein part av Åsvollskogen som vert seld til *Huitfeldt* i 1895. Skogstykket vart kjøpt i 1942 av *Huitfeldts* konkursbu. Parsellen fekk bruksnr. 18 og ei skyld på 0,28 mark og vart betalt med 9500 kroner.

Gunnar Næss vart g. 1942 m. *Dagrun E. Flakne*, f. 1921. Dei har hatt 4 born:

1. *Dagfinn*, f. 1943, landbr.skule, er heime.
2. *Gerd* (tvilling), f. ogd. 1943.
3. *Gerd Astrid*, f. 1947, g. 1967 m. Gudmund Arnljot Sandvik, bur i Trondh., barn: *Eva Grete*.
4. *Eldbjørg*, f. 1953, realsk.

Gunnar Næss har sett opp sag og saga tømmeret sjølv i fleire år.

No blir det levert, og det er bygd bilveg gjennom skogen. Han hal bygd ny låve og modernisert stugu. Han var av dei første som kjøpte traktor i grenda og kjøpte første sjølvbindaren. Dei slutta med set-

ringa i 1948 og var dei første i grenda som braut med den eldgamle tradisjonen.

Gunnar Næss har vori poståpnar frå 1939. Han har hatt fleire tillitsverv.

«Næssmark Trekull» var eit tjørebrenneri som var i drift under krigen. Fabrikken stod i Sagbekken på den gamle sagtomta. Den vart oppsett hausten 1943 av *Ragnar Næss*. Den stod ferdig etter 1h års byggetid. Men eit tjørebrenneri er brennbare saker, iser i dette tilfelle der gassen vart ført inn under kjelen og brukt som fyringsved. Fabrikken brann ned berre kort tid etter at han kom i gang, men vart oppsett att, og stod ferdig til påske. Fabrikken gjekk med rundfyring med 3 mann delt på 3 skift. Det vart brent RV fleire slag ved: furu, bjørk og gran. Attåt tjøra fekk dei fin trekol.

Fabrikken gjekk i 1 ½ år med opphald berte midt på sommaren. Ut på hausten 1945 vart det stans, mykje for di det var vanskeleg å få tak i arbeidshjelp, da arbeidet ikkje var serleg ettertrakta grunna alt støvet.

ENBAKKEN G. nr. 116, br. nr. 5.

Enbakken ligg aust for Neset. Eigeodomen var frå først av husmannsplass under Neset og vart bureist alt i 1750-åra. Bureisingsfolka var *Peder Knutsen Bakken*, f. 1724, g. 1753 m. *Beret Tørresdotter Neset*, f. 1726. Dei hadde 4 born: *Beret*, f. 1754, *Tørris*, f. 1760, *Knut*,

1765 d. 1766 og *Knut*, f. 1768.

Peder Knutsen vart ikkje gammal kar. Han arbeidde på gruva og døydde på Stormoen 1777, 53 år.

Fem år seinare vart *Beret Tørresd.* gift att med *John Hemingsen Bierehen*. *Knut* døydde i den fæle farsotta som gjekk over bygda i 1788. Systema, *Beret Pedersdotter* fór i same sotta. Båe hadde vori på Bjørken da. *Knut* d. den 6. oktober og *Beret* 2 dager etter, 34 år gammal.

Tørres Enbakken vart g. 1789 m. *Kirsti Pedersd. Hegset*, f. 1770. Dei hadde 2 born, og båe heitte Peder.

Stor-Pe Enbakken, f. 1791 vart verande heime og tok over plassen.

Litl-Pe, f. 1793 vart g. 1825 m. *Kirsti Pedersd. Hilmo* og bureiste plassen Gullbrekken i Hilmo.

Kirsti og *Tørres Enbakken* stod seg godt og hadde meir enn nøgda både av mat og klede. *Tørres* var så rik at han kunne øyre seg ned med talg om han ville, va'rt ,det sagt. ~Dei hadde såkorn i 1813 og på Enbakken. Dei på Hegset fekk ein sek,k (100 kg), men kornet vart dyN da, Hegsetmannen laut til med ei kvige fm kornsekken enda dei var svograr.

Tørres Enbakken d. i 1815, berre 54 år gammal. *Kirsti Pedersd.* levde til 1834 og vart 64 år.

Stor-Pe Tørressen vart g. 1818 m. Gunhild Jensd. Neset, Sørflakne,

1785. Dei hadde 2 born: *Beret*, f. 1818 og *Ingeborg* f. 1823.

Ingeborg døydde tidleg. Det va~rt ,eit sorgsamt død,sfall. *Ingeborg* tente i Haltdal, hadde vorti trulova og dreiv .og stelte seg til bryllaups da ho brått vart sjuk, i blødning. Det var ikkje doktor i bygda enda, og ingen kunne hjelpe henne. Festarmannen hennar som det var senda bod etter, satt ved senga hennar til det vart slutt. Han var så harm over at han ikkje skulle ta mor si med seg, som kunne ha redda henne, trudde han. *Ingeborg* d. i 1848,25 år gammal.

Systema, *Beret Enbakken* var ugift. Ho hadde ei dotter, *Ingeborg Pedersdotter*, f. 1840. *Ingeborg* voks opp på Hegset-Brauten hos *Ragnhild Olsd.* og *Peder Einersen*. Ho vart g. 1860 m. *John Johnsen Moslet*, Kvitlen og fekk ei stor ætt.

Gunhild Jensd. Enbakken døydde i 1843, 57 år gammal.

Stor-Pe Enbakken vart gift att i jula s.å. m. *Beret Ericksd. Neset*, dotter til *Erich Pedersen*, f. 1793. Dei hadde ikkje born.

Stor-Pe vart litt av ein original på sine gamle dagar. Dei var no og så svære desse Pe-brødrene på Enbakken med slike handlovar at det var reint utruleg.

Enbakken var ein stor husmannsplass og dei stod seg framleis godt der. Ved teljinga i 1865 hadde dei 3 naut og 10 sauer, sådde 1 skjeppe korn og sette ½ t. potet. Ikkje fleire menneske dei var, trong ikkje StorPe liggje borti forteneasta heller. Det vart elles t ikkje dårleg om arbeid etter hyttene kom i gang att. Det vart spurnad etter kol, og bøndene brende miler kvart år, og husmennene og, som leigde skog og hogg inn miler. Og eit året gav Stor-Pe Enbakken seg og med på leiken, men forteneasta vart nok så som så, enda kolmila hans Pe kom opp om haugsten som dei andre. På etterjulsvinteren da milene skulle brennast, gjekk det diverre ikkje så bra. Tuset-karane som had-

de mile i,kkje langt unna, f,ekkk brått sjå at det rauk så fælt frå mila hans *Peog* la på sprang oOm noko kunne vera på far. Da dei kom fram, stod mila i ljøs loge, men han *Pestod* nokså roleg og såg på, heldt dei store handloOvane sine mot logane og varmte seg. «Hærsj,» sa han og slekte seg kring munnen, «det har villa vori mykje arbeid på det der enno.»

I 1866 vart *Stor-Pe* enkjemann for andre gong. *Beret Erichsd.* døydde dette året, 72 år gammal. Fem år seinare døydde *Stor-Pe*. Han vart 79 år.

Dottera *Beret Pedersdotter* hadde da vori hos dei i fleire år. Ho er rett noOk ført som IQsjerande i foOlketeljinga, men foreldra trong noOk alt da hjelp i huset.

Enbakken vart no nedlagt som husmannsplass, og *John Kvitlen* kom og for med stugu. *Beret* flytta heim til dei.

I 1883 vart Enbakken ut skild frå Neset «til brug oOg beboelse» for eigaren, *Gunhild Neset*. Ho sette opp ny stugu og flytta til Enbakken etter å ha seld garden. Attåt Enbakken hadde ho teki unna Nerjaret til kårjord. Ho hadde markaslætte og seter og, så Enbakken vart som ein liten gard. Rådsdrenge, *Bersvend Bakkhaugen* som han no vart kalla etter han gifte seg, sytte for alt kararbeid på garden, og hjelp i huset vanta det ikkje. *Ingeborg Smeplassen*, *Jens-Ingeborg* og *Magnhild Jarlsenget (Gressli)* var hos henne, og *Kari Bjerken* som hadde vaksi opp hos henne.

Gunhild Neset fekk stugu si bordkledd og måla, og stugu på Enbakken skal ha vori første målahuset i Flora.

Gunhild Neset d. i 1896, 85 år gammal.

Husa på Enbakken vart no selde og flytta vekk og joOrdvegen overla ti til bruk for den nye husbonden på Neset. I 1909 skøyta skifteretten i buet etter *Gunhild Neset* dette bruket til *Ole J. Næss (Bakken)* for 700 kroner. Bruket valrt lagt attåt Bakken som *Ole Næss* hadde kjøpt før.

I slu Hen av 1930-åra, vart det sett opp ei stugu på Enbakken att, nord for den gamle gards,tomta som Låg oppe ved bekken.

Denne stugu er oppsett av *Gunder Bjerken* som kjøpte stugulånet etter *John O. Hegset* på Øvermo. *Gunder Bjerken* og dottera, *Oline*, flytta hit i 1939.

Gunder d. i 1942, 90 år gammal. *Oline* vart buande her enda ein 10 års tid. Ho døydde på Selbu helseheim i 1965, 86 år.

Stugu hadde ho da seld til husbonden på Bakken. No bur *Torstein Kvello* der.

Torstein Kvello er f. i Selbu 1928, g. m. Eldbjørg Bjerkli, Lånke. f 1938.

Dei har 3 born:

1. *Turid Elinor*, f. 1958.
2. *Sølvi Irene*, f. 1959.
3. *Jens Arne*, f. 1965.

NESMOEN Nedl. plass

Nesmoen eller Mo'n som det til vanleg vart sagt, låg vest for Neset, omlag midt på jordet. Plassen vart bureist på same tid som Enbakken, kring 1750.

Det var urydd mark der enda, og skogen stod tett. Hustømmeret vart hoggi mellom plassen og garden, seiast det.

Bureisaren heitte *John Gundersen*, var truleg frå Nedl bygda ein stad. Han vart gift med ei av døtrene til *Tørres Neset, Gunhild*. f. 1735.

John og *Gunhild* hadde 7 born:

1. *Gunder*, f. 1763, vart g. m. *Anne Estensdtr.* Tuset.
2. *Magnhild*, f. 1765, gift 1802 m. *Ole Olsen Nessel* d. e.
3. *Siri*, f. 1766.
4. *Tørres*, f. 1768, konf. 1784.
5. *Ole*, f. 1769.
6. *Jens*, f. 1775, tok over plassen.
7. *Beret*, f. 1778, g. 1811 m. *Hans Johnsen Grøt*, Haldtal, budde i Bjørken ei tid.

John Gundersen døydde 1808, 79 år gammal. *Gunhild Tørresdtr.* døydde 1813,76 <år.

Jens Johnsen Neset var gift med *Maren Olsdtr. Evenmo*, Haldtal, f. 1776.

Dei hadde 5 born:

1. *Gunhild*, fog d. 1803.
2. *John*, f. 1805, tok over plassen.
3. *Magnhild*, f. 1807, g. 1827 m. *John Pettersen Hilmo*.
4. *Gunhild*, f. 1811, g. 1838 m. *Ole Olsen Neset* d. y.
5. *Olava*, f. 1818, g. m. smed *Peder P. Krogstad*.

Jens Johnsen døydde 1859, 85 år gammal, og *Maren Olsdtr.* døydde 1864, 88 år.

Jens Moen hadde den første tinglyste festesetel på Nesmoen, skrevi den ½ 1821.

Den neste festsetel er frå 1830 til einaste sonen, *John Jensen*.

John Jensen vart gift 1834 med *Sigrid Sivertsdotter Uthus*, f. 1801. *Sigrid* var dotter til *Sivert* eller *Sjur Olsen Uthus* som budde på

plassen *Hågån* under *Uthus* vestre.

John og *Sigrid* hadde 3 born:

1. *John*, f. 1835.
2. *Berit*, f. 1837, døydde 1857, 21 år gammal.
3. *Maren*, f. 1841.

Ingen av borna vart gift.

John Jensen, Moinn, dei kalla han, var låssmed han. Smia stod oppe ved bekken. Der stod *tjøreflåkkån* og som høyrde plassen til.

Mo'n var ein stor plass, nesten som ein gard. Det var store hus og til ein plass å vera. *Fjøset* stod mot sør og hadde to rom, *kufjøs* og *smefjøs* med ein åpen port i mellom. Det var *køyrveg* i den tida frå *elvmælen* til *Nonshaugen* og den gjekk gjennom garden i *Moa* og gjennom *fjøsporten*.

Stugu stod på nodre side, hadde gang og klave (kammers) attåt stugurommet. *Loftshøgda* hadde *vindaug* på endeveggen og eit lite eit oppfor inngangsdøra.

Låven stod mot aust, og *buret* og *vedbua* mot vest.

Ved folketeljninga i 1865 var dei fire personar i talet: *sjølfolka*, *John* og *Maren*.

Buskapan var på 5 naut og 8 sauer, og så hadde dei hest. *Utsæden* var ½ t. bygg, 1/4 t. havre og 1 t. potet.

Ti ,år seinare, ved teljinga i 1875 var hesten bytta i køyrokse. Ellest var storleiken på buskapen den same, men utseden var auka litt, til 2 t. potet og 7/8 tynne såkorn.

Sigrd Sivertsdtr. døydde i 1867, 66 år gammal. Men dei var ±ramleis fire personar i huslyden.

Anne Moa, dei kalla, var kommi der i pleie. Rette namnet hennar var *Anne Knutsdtr. Tuset* (Ørås). Ho var f. i 1834 og døydde i Moa i 1884.

Anne er ført som tenestjente i folketeljinga, men ho var no ikkje slik at ho forsørgde seg sjølv. Men ho hadde ikkje fattighjelp. Ei rik gammaltante i byen, hadde sett av pengar til forsørging for henne.

John Jensen Nesmoen døydde 1882, 77 år gammal.

Det gjekk så fort med han. Dokteren var til *Nesmoen (Jensenn) John* hadde gått dit for å Itrefte han, og døydde brått der, ramma av slag, med han satt på låvebrua og venta på å komme inn til dokteren.

John Johnsen Nesmoen, Litl-Moinn dei kalla, var snikkar. Han for i gardane og panela, som regel berre klaven (kammerset). Han brukte liggjande brystpanel med spegelpanel ovafor, alt av sletthøvla og pløg~ de bord. *John* snekra vevle in ar eller vevstolar og, gode saker som har vori ibruk hittil.

Litl-Jo Moa, som han og vart kalla, vart ikkje langliva kar. Han døydde ~i 1884, 50 år gammal.


John Johnsen Nesmoen skulle vere ein spretten kar i sine unge dagar. Ingen kunne sjå på han om måndagsmorgonen at han hadde vori oppe bae helganettene. Ein flygar på ski var han og. All ungdom skulle til kyrkja i jula i den tida, i alle høve andredagen. Ein julmorgon rente *Litl-Moinn* og *Mæla-karane* åt Haltdalskyrkja, og andredagen var dei ved Selbu-kyrkja.

Han *Litl-Jo Moa* dreiv mykje med køyring og hadde mykje å fortelja om alt han var borti, men dei rekna han ikkje for nokon arbeidskar, akkurat.

Då *John Johnsen* døydde, vart plassen nedlagt. Fjøset og låven vart seld og flytta vekk, men dei andre husa, stugu, vedbua og buret stod på den gamle tufta så lenge *Maren* levde.

Det var god råd (godt utkomme) i Moa, så *Maren* kunne leve av pengane på sine gamle dagar. Ikkje så lite arv vart det på henne etter fastera på Nesset heller. Ho hadde mange fine gamle ting som vart selde på auksjon etter henne: dragkister, klæaskar, krusfat og liknande. Eit f-int sauma brurplag, kring 200 år *gl.*, vart mønster for skautet i Trønderbunaden.

Maren Nesmo døydde på Selbu pleieheim 1921, 80 år gammal.



Skulestugu med ungdomslokalet til venstre.

FLORHEIM
G. nr. 116, br. nr. 10.

Florheim er namnet på skulehustomta. Flora skulekrins hadde ikkje eige skulehus før i 1888. Før den tid vart skulen halden i leigd rom på Tuset austre. I 1888 fekk så krinsen eige skulehus på Uthus, (Skogan). Skulestugu var av den vanlege type, eit klasserom (6,25 x 6,25m), gang og kammers og skorstein i kammerset for oppvarming av vaskevatt.

I 1921 fekk grenda nytt skulehus på Næsmelen, på søre side elva.

Den nye skulestugu, som har to skulesalar og lærarbustad er teikna av skuledirektør *Thommassen Overvik*.

Bardo Flakne var lærar i grenda da og var den første lærar som brukte bustaden. Han var lærar i grenda til våren 1962, da han slutta etter 45 ½års arbeid på skulen. Han flytta til Øverbygda der han har bygd seg villa.

Bardo Flakne, f. 1894 vart g. 1933 m. *Ingeborg J. Rolset*, f. 1903. Dei har 7 born:

1. *Ola*, f. 1934, mekanikar, g. 1965 m. *Tone Sisjord*, Hjartdal, Telemark, f. 1937.
Born: *Bjørnar*, *Hanne* og *Inghild*.

2. *Beret*, f. 1936, g. 1956 m. *Peder Korgstadmo*, f. 1932. Born: *Borghild, Bård, Ingebjørg* og *Borgar*.
3. *Ane Jorunn*, f. 1938, g. 1961 m. *Olav Trondsethås*, f. 1938, bur i Trondh. Born: *Grete, Liv* og *Steinar*.
4. *Ingebjørg Petrine*, f. 1940, g. 1962 m. *Terje Solvang*, Sømna i Nordland, f. 1936, bur i Trondh. Born: *Ingrid, Turid* og *Ståle*.
5. *Tora Gurine*, f. 1941, g. 1963 m. *Jens Hilmo*, Tydal, f. 1937. Born: *Rita, Gunn* og *Siv*.

Marit Audhild, f. 1944, g. 1966 m. *Anders Gynnild*, Soknedal, f. 1942, bur i Lillestrøm. Barn: *Gøran Flakne*.

Bjørg Jofrid, f. 1946, g. 1968 m. *Signar Kulset*, f. 1946, bur i Trondh. Barn: *Petter*.

Etter Flakne kom *John Bjarne Lien* som lærar til grenda og hadde pos ten i 5 år til våren 1967 da han fikk lærarpos t på realskulen i Selbu.

John Bjarne Lien, Selbu, f. 1926 vart g. 1959 m. Målfrid Eidem,

1936. Born: *Bård Einar*, f. 1959, *Jomar* f. 1960, *Steinar*, f. 1962, d. 1963. *Marit Johanne*, f. 1964 og *Sissel Hanne*, f. 1966.

FREDMO G. nr. 116, br. nr. 11.

Fredmo har vori husmannsplass. Sagplassen dei kalla. Eigedomen som er på 4 mål, ligg på elvmelen aust for Sagbekken. Plassen vart bygsla i 1890 av *Ingebrigt O. Tuset*. Husa han sette opp hadde før stått på Åsarammet (Tusetåsen) som vart nedlagt. Det var ei lita einhøgda stugu med kvistloft.


Ingebrigt O. Tuset f. 1856 var g. m. Ingeborg Johnsd. Øråsvoll,

1863.

Dei hadde 2 born:

1. *Ingeborg*, f. 1884, d. 1911.
2. *Marit*, f. 1894, g. 1929 m. Jørgen Næssmo,

Ingebrigt var skomakar og for rundt i bygda på skaarbeid i vinterhalvåret. *Ingeborg* tok tilfeldig arbeid, var seterdeie på Hegset i mange somrar, - dreiv ellest med handarbeid og var audkjend for selbu vottane sine. Ho spann garnet sjølv og brukte kråkefotmønsteret i loven på vottane, eit vanskeleg strikkemønster.



Parti mot vest. I forgrunnen, frå høgre: Fabrikken, Fredmo, Øvermo og Viengtrøa.

Langs melen: Hansheim, Sandmo, Næssmo, Melan og Uthustrøa.

Ingeborg var interessert i misjonen og stod føre kvinneforeninga mange år.

Ingebrigt døydde i 1908, 52 år gammal. *Ingeborg* d. i 1922, 56 år.

I 1924 vart Sagplassen kjøpt av kårmann *Ole O, Tuset* for 500 kroner. Han kjøpte husa og, men sette opp ,nye hus både stugu og fjøs på ny tuft. Stugu kjøpte han på Hegsetbrauta etter *Litj-Pe Andersen*. Den vart no utvida med nystugu som vart oppsett av sperrverk. *Ola Tuset* pynta opp med måling, flaggstong og tre han planta, så det vart ein triveleg bustad.

Ola fora i utmarka attåt heimejordet og hadde både ku og sauer, og han og brorkona, *Kristine Tuset* budde i den nybygde heimen i over 10 år.

Ole Tuset fekk slag i 1933 og vart liggjande. Dei budde heime enda nokre år, og *Kristine* stelte den sjuke, men hadde da hjelp i huset. Dei siste åra *Ola* levde, leigde dei seg inn på aldersheimen. *Kristine* budde seinare heime att, og sist hos pleiedottera *Anna Melan*.

Ole Tuset d. i 1939, 85 år gammal. *Kristine Tuset* d. i 1947, 88 år. Som ny eigar på Fredmo, kom no *Ole I. Melan*, systerson til *Ola Tuset*. *Ole Melan* var f. i 1878. Han var ugift, arbeidde i mange år på gruve. Han slutta på gruva og tok til som skinnhandlar etter første

verdskrigen. Han budde i Lånke og hadde distriktet sitt innover til Verdal. I 1942 kjøpte han Fredmo og flytta inn eit par år seinare. *Ole Melan* var spenstig kar enda, og var med og gjekk fredsmarsjen, som eldste deltakar i grenda.

Ole J. Melan d. i 1962, 84 år gammal.

Eigedomen vart da kjøpt av *Ingebrigt Flakne*. Han har bygd om og modernisert stugu og sett opp garasje. Har leigevogn og driv lasskøyering.

Ingebrigt Flakne, f. 1917 vart g. 1967 m. Kari Gellein, Stjørna, f. 1938. Barn: Ingunn, f. 1967.

ØVERMO Nedl. plass

Denne plassen låg .like ved småbruket Øvermo. Plassen vart bureist i 1904 av *John O. Uthus*, Skogan. *John* som var f. i 1846 og g. m. *Anne Didriksd. Hegset*, var heime på Skogan til først på 80-åra, flytta så til Hegset øvre som han dreiv kring 20 år. Etter å ha losjert i 3-4 år, flytta dei til Øvermo. *John* åtte husa på Hegset øvre og flytta dei til den nye heimstaden sin som vart inngjerda og oppdyrka.

John og *Anne* hadde 6 born, som fortald i s~tykket om Hegset. Tre av dei, *Marit*, *Johanna* og *Beret* var heime enda da dei flytta til Øvermo. *Beret* vart gift i 1914 m. *Ole Sivertsen Fordal*, flytta til Meråker og hadde 2 born: *Anna* og *Sverre*. *Marit* vart g. 1918 m. *Kristofer Risholt*, Åsen. Dei hadde ikkje born. *Johanna* var ugift og var heime. Eit barnebarn, *John Didrik Jensen Næss*, son ,til *Marit*, f. 1904 voks opp hos besteforeldra. Huslyden hadde som skikken var, teki namn etter staden der dei budde og skreiv seg for Hegset, *John Jensen* fikk av same grunn etternamnet *Næss* som han har brukt.

John O. Uthus d. i 1929, 85 år gammal. *Anne Didriksd.* d. i 1921, 81 år. *Johanna Johnsd.* d. i 1933, 52 år.

John Jensen Næss, som hadde vore heime, heile tida, gav no opp plassen som fall attende til garden. Husa var, selde og flytta vekk. Stugu, som vart kjøpt av *Gunder J. Bjerken*, vart oppsett att på Enbakken, der halvparten av det store stugulånet, den vel kjente «Skrivarstugu», framleis står.

John Jensen Næss som hadde teki seg av den vesle jordvegen med stor interesse, reiste no ut or bygda og slo inn på anleggsarbeid. Han



Ole B. Uthus, 85 år, kjem frå markaslåtten.

har drivi med forskalingsarbeid og arbeidd for same firma i mange år.

John Næss vart g. 1939 m. *Signe Kviberg*, Abelvær. Dei bnr i Trondheim.

ØVERMO
G. nr. 116, br. nr. 16.

Småbruket Øvermo ligg vest for Sagbekken og vart bureist som husmannsplass i 1904. *Ole Barosen Uthus*, som bygsla plass her, hadde kjøpt gammalstugu på Bakkhaugen og sette opp åt seg, fekk og tak i gammalhus til fjøs, og fekk opp dei husa han trong, gjorde det meste av arbeidet sjølv, sette og opp eldhus.

Ole Barosen var frå Haugen, var f. 1864 og g. 1900 m. *Serine Olsd. Bakken*, f. 1871. *Serine* hadde ei dotter, *Ingeborg Olsd. Bakken*,

1893 som var einaste barnet deira.

Ole Barosen dyrka opp plassen. I 1931 kjøpte han småbruket Bakkhaugen, br. nr. 7 av *Bakken*.

Kjøpesummen var på 2700 kroner som var mange pengar den tida, men ved å hogge ut skogen som følgde med, dekkja han det meste av kjøpesummen.

Ola kjøpte likevel ikkje hest om jordvegen auka, men dreiv på gammalmåten og brukte ljàen heime som i utmarka. Han drog mykje, både høy og ved. Han var liten, men helsug og iherdig, lagga koppar om vinterkveldane og var sjølvhjelp i mest alt dei trong til huset.

Ole Barosen Uthus vart 95 år gammal. Han d. i 1959. *Serine Olsd*, d. i 1946, 75 år.

Ingeborg Olsdotter hadde to born: *Ole*, f. 1915 og *Inga Serine*, f. 1924. Dei tok namn etter plassen.

Ole tok over bruka i 1939 og kjøpte samtidig heimrommet som fekk bruksnamnet Øvermo. *Ole*, som er bygningsssnikkar har sett opp ny uthusbygning, stabbur, restaurert stugu og bygd nytt stort kjøken.

Søstera, *Inga Serine* vart g. i 1943 m. *Petter Margido Bjerken* f. 1911.

Petter Bjerken har drivi skogsarbeid, husbygging og anna tilfeldig arbeid.

Dei bur på Øvermo ager i hushald med *Ole*. Dei har 2 born:

1. *Per Håvard*, f. 1944, handelsbetjent på Flaren Handelsforening.
2. *Inge*, f. 1945, hjelper morbroren.
Ingeborg Øvermo d. i 1965, 72 år gammal.

HØGMO **G. nr. 116, br. nr. 22.**

Høgmo er ei villatomt på reina vest for Sagbekken. Tomta er kjøpt av *Ole J. Bakken* som sette opp villa åt seg her i 1962.

Ole Bakken er f. i 1914 av foreldra *Ane* og *John P. Uthus*. *Ole* er skogsarbeidar. Han er ugift.

HANSHEIM
G. nr. 116, br. nr. 12.

Hansheim ligg vest for Øvermo. Småbruket vart bureist som husmannsplass i 1838 av *Hans Jakobsen Nesset*. Festesetlen er utstedd 7. juni. Plassen er kalla Hansmelen, men namnet vart unnatrent av namnet *Hansenn* som bruket framleis blir kalla i dagleg tale. Sitt noverande namn fekk bruket da det vart skyldsett.

Det stod tett tellskog her da plassen vart bureist.

Hans Jakobsen Nesset, f. i Singsås 1808 vart g. 1837 m. Mali Olsdotter Nesset, f. 1814.

Hans og *Mali* hadde 2 born:

1. *Ole*, f. 1841 tok over plassen etter foreldra.
2. *Jakob*, f. 1845 g. m. *Magnhild Hilmo*, dotter til *John Pettersen* og *Magnhild Jensdtr.* f. *Næsnoen*. Dei hadde ei dotter, *Mali* som døydde i 1866 3veker gammal.

Jakob og *Magnhild* reiste til Amerika året etter, men *Magnhild* nådde ikkje fram. Ho døydde på båten. *Jakob* busette seg som farmar, ein av dei første kvite, i Red-River Valley, Minn., vart gift og hadde eitt barn og mange barnebarn. Han var flittig til å skrive heim. Brevva var skrevne på maskin. *Jakob Hansen* var sikkert første floring som brukte skrivemaskin.

Hans Jakobsen, Gammal-Hans, var skomakar og skal ha vori den første som laga pluggas'ko i grenda. Han var ivrig fiskar, kom alltid att med fisk når han gjekk med stonga. Han brukte vad(snøre) av heste tagl. Han var tolmodig og kunne sitte ut og bort og vente på napp. «Det kjem vel snart en hob», brukte han å seie.


Hans Jakobsen døydde 1891,83 år gammal. *Mali Olsdotter* døydde s. å., 77 år.

Om jordsbruket i *Hans* og *Mali* si tid opplyser teljinga i 1865 at dei sådde 1/8 t. bygg og sette 1 t. potet, og at buskapen var på 3 naut, 4 sauer og 3 geiter.

I 1875 hadde dei ikkje geiter, men 4 naut, 12 sauer og køyrokse, og utsæden var da 1 kvarter bygg, 1/8 t. blandkorn og 2 1/2 t. potet.

Ole Hansen Næss vart gift 1865 med Gunhild Olsdotter Bakken,

1846.



Ole H. Næss,

Dei hadde 9 born:

1. *Ole*, f. 1865, d. 8 mnd. gammal.
2. *Hans*, f. 1866, d. 1879.
3. *Ole*, f. 1869, d. 1879.
4. *Mali*, f. 1872, d. 1879. (Desse tte borna døydde i skarlaksfeber) .
5. *Ingeborg*, f. 1875, var heime.
6. *Jakob*, f. 1878, tok over plassen.
7. *Ole*, f. 1881, g. m. *Brynhild Uthus*, reiste til Amerika
8. *Mali*, f. 1884, d. 1891.
9. *Hanna*, f. 1887, d. 1888.

Ole Hansen Næss dreiv skomakaryrket i unge år. Sidan vart det

skogsarbeid. Han var tømrrar og var med og sette opp mange hus.

Ole Hansen Næss døydde 1931, 90 år gammal. *Gunhild Olsdotter* døydde 1906,60 år.

Ingeborg Olsdtr. var heime. Ho døydde 1920. Ho hadde ei dotter, *Hanna Marie Næss*, f. 1895.

Jakob O,Næss vart g. 1907 m. *Gurine Olsdtr. Flakne*, f. 1884. Dei hadde 2 born:

1. *Ole*, f. 1907.
2. *Olav*, f. 1909, d. 1914.

Gurine Olsdtr. døydde i 1909.

Ingeborg Næss, søster til *Jakob*, tok da over som husmor, og etter henne, *Hanna Næss*.

Ole Jakobsen Næss gjekk landbruksskulen og landbrukshøgskulen.

Han tok da namnet *Olav Hogna*. Tilsett i Statens kornforretning. Var i Sverige og England under verdenskrigen og vart i 1947 administrerande diltektør i Statens Kornforretning.

Olav Hogna vart gift 1937 m. *Maren Bolstad*, Ø. Rendal. Dei har 1 barn:

1. *Håvard*, f. 1937, sivilingeniør.

Jakob Næss og likeeins broren, *Ole O. Næss* arbeidde ei tid på gruve. Båe lærte målaryrket, og *Jakob* dreiv yrket og utførte mesteparten av målararbeidet i heimbygda. Han var og tømrrar og tok elles t alt .slags arbeid.

Jakob Næss døydde 1967.

Bruket er bortleigd til naboen, *Ole Øvermo*.

SANDMO
nr. 116, br. nr. 8.

Sandmo ligg vest for småbruket Hansheim og har vori husmannsplass som dei andre bruka her. Det er truleg at det budde folk her alt i 1790-åra. I manntalet for 1801 er det ført ein husmann utan jord under Neset, og det er truleg at han budde her. Husmannen heitte *Erik Pedersen*, var 61 år, g. 1775 m. *Ane Andersdotter*, 52 år *gammal*.

Dei hadde 7 born:

1. *Beret*, f. 1775, truleg d. som barn.
2. *Agnis*, f. 1777, tente på Gresli i 1795 da ho vart konfirmert, budde
3. seinare i Flora.
4. *Beret*, f. 1778, d. 1788.
5. *Peder*, f. 1780, konf. 1796.
6. *Anders*, f. 1785, d. 1788.
7. *Erik*, f. 1789, konf. 1806.
8. *Beret*, f. 1793, kon f. 1809, g. 1843 m. enkjemann *Peder Tørresen Neset*.

Dei to gutane veit ein ikkje meir om.

Erich Pedersen d. i 1803, 77 år svarar ikkje til den oppgjevne alderen ovafor.

Huslyden' .flytta frå Neset, men budde der enda da yngste barnet vart konfirmert. I 1811 losjerte *Ane Andersd.* på Uthusplassen saman med *Agnis* som da hadde ei dotter, *Beret*, m. *Einar Pedersen Uthus*. *Beret* vart f. 1800 og g. 1824 m. hm. *Peder Halvorsen Hilmo*. *Agnis* hadde to born til, båe m. *Ole Olsen Neset* d. e.: *Magnhild* og *Mali* voks opp på Neset, og er omtale der. Likeeins *Agnis*, som tente der.

Folka som no kom til Sandrno, var frå Haldal. Mannen heitte *Tarald Ellevsen* og kona heitte *Beret*. Ho var dotter til *Ole Jørgensen Ramlo* og *Marit Pedersd. Flatbergeng* på Gåre. *Tarald* var og frå

Gåre, men budde på Grøtlihaugen i Aungrenda. To born fylgde dei til Flora: *Ellev Taraldsen*, konf. her i 1809, og *Tarald Taraldsen*, f. 1802.

I manntalet 1825 er sonen *Ellev Taraldsen* ført som husmann, 35 år gammal og g. m. *Magnhild Olsdotter*, søster av *Ole Olsen Neset* d. e. *Tarald Ellevsen* var da død. Mora, *Beret Olsd.* var 78 år og er ført som kårnkje. Dødsåret hennar er ukjent. Broren, *Tarald T araldsen* hadde truleg fare attende til Haltdal.

Ellev og Magnhild hadde 5 born:

1. *Beret* f. 1820(?).
2. *Ole*, f. 1826.
3. *Tarald*, f. 1829.
4. *Gerhard Busk*, f. 1835, d. ½ år gammal.

Magnhild, f. 1839, heimedøypt av *John Tuset*, Viengtrøa. Barnet døydde.

Mora, *Magnhild Olsdotter* døydde ein månad etter ho fekk barnet, 46 år gammal. *Ellev* gav no opp plassen og for attende til Haltdal.

I 1842 flytta husbonden, *Ole Olsen Neset* d. e. til plassen. Dette året selde han sin part av Neset, som han hadde drivi dei siste 10 år, og fekk festesetel av kjøparen same dag (24/2) på plassen «Mælen».

Ole Olsen var 61 år da, og kona, *Ane Hansdotter* var 57. Dei hadde to ugifte døtrer som følgde dei. Den eldste, *Ragnhild*, f. 1818 vart g. 1846 m. *Peder Einersen Hegset*. Den yngre, *Beret* f. 1820 vart g. same år og vart buande heime. Mannen hennar var *John Torkelsen Flakne*, Klevan, f. 1816.

I 1865 hadde dei 3 kyr og 3 sauer og sådde ⅞ t. bygg og sette 1/4 t. potet. I 1875 var krøterhaldet auka til 1 køyrokse, 5 naut og 7 småfe (sauer), og dei sådde ½ t. korn. og sette 2 t. potet.

Ole Olsen Neset d. e. d. i 1870, 89 år gammal. *Ane Hansd.* d. i. 1872, 87 år.

John Torkelsen og *Beret Olsdotter* hadde 1 barn: *Magnhild*, f. 1852. *John Torkelsen* bygde til ei stugu eller langkammers til den gamle. Plassen, i dagleg tale kalla «Tarallenn», fekk no namnet «Joenn» *John Torkelsen* d. i 1877, 61 år gammal.

Beret Olsdotter vart 84 år. Ho d. i 1904.

Magnhild Johnsd., f. 1852 vart g. 1874 m. Ole Pedersen Uthusplass,

1847. Han hadde vori ein tur til Amerika, og skal ha hatt 200 kroner i pengar da han kom att, etter 2-3 år.

Ola og *Magnhild* hadde 9 born:

Dei tre første, *John*, *Jonetta* og *Ane* d. kort tid etter fødsla.

4. *Johanna*, f. i 1877, g. 1901 m. *Ole Renaldsen Kulset*, f. 1876.
5. *Ane*, f. 1880, d. 1891.
6. *Beret*, f. og d. 1883.
7. *Peder*, f. 1884, d. 1906.
8. *Ole*, f. 1887, r. til Am. 1910, farm ved Midle River, bur no i Roseau, Homalka, Minn., g. 1919 m. *Anna M. Nordling*, Molung i Dalane, Sverige.
9. *Beret*, f. 1890, g. 1918 m. *Gunder O. Hoåsaunet*, Lånke, f. 1892.

Ole Pedersen Næss d. i 1911, 64 år gl., *Magnhild Johnsd.* d. i 1909, 57 år.

Ola var tømrrar og gråsteinsmurar, arb. i kvernfjellet, dreiv tømmerhogging og handsaging, og var med i onnearbeid på Strinda om vårane.

I 1910 tok svigersonen *Ole R. Kulset* over plassen. Kona, *Johanna Olsd.* døydde om våren same år 33 år gammal.

Dei hadde 2 born:

Rikard Birger, f. 1904, g. 1928 m. Julie Moslet. Born: John, Ole, Johan, Baro, Per Jarle, Ragnhild Johanna, Magnar, Jan Bjarne og Reidar.

Olaf Petter Kolset, f. 1907, lærar, g. 1930 m Brynhild Eline Uthus.

Born: Oskar Bjarne, d., Ole, Einar, Johanna og Kolbjørn.

I 1913 vart *Ole R. Kulset* g. att m. *Mali J. Stokmo*, f. 1881 og hadde 5 born:

1. *Johan Magne*, f. 1913, ug.
2. *Bergljot Regine*, f. 1915, g. m. Håkon Rolset. Born: Målfrid, Thomas og Brit.
3. *John Olav*, f. 1915, (tvilling) d.
4. *John Olav*, f. 1917, bur heime, g. m. *Petra Tørrisdal*, Røros. Born: *Odd Idar*, *Per Olav*, *Morten Malvin*.
5. *Martin Ingvald*, f. 1919, bur på Moen, Mosletta, g. m. *Marit Fjellgård*. Born: *Inger Margrete* og *Ole Magnar*.

21

321

Ole R.Kulset dreiv Sandmo til om våren 1914. Han tok da over heimrommet, gav opp plassen i Flora og flytta til Kolset.

Plassen Sandmo vart no utskilt 12. juni 1914 og seld til *Ole Pettersen Uthus*. Han tok sidan namnet Sandmo.

Ole P. Sandmo, f. 1879 vart g. 1916 m. Ragnhild Gundersd. Uthus Haugan, f. 1876.

Dei hadde 2 born:

1. *Peder Ingvald*, f. 1918, d. 1919.
2. *Ingeborg Petrine*, f. 1919, g. 1943 m. *Bernhard Fjeset*, Singsås, tok over bruket.

Ole og *Ragnhild* ofra seg heilt for jordsbruket som er på mellom 25 og 30 mål. *Ole* dreiv skogsarbeid, og dei hadde reinhaldet i skulstugu i mange år. *Ole* laga ljåorv og river som det var stor spurnad etter. Det var langt til vasskjelda på Sandmo, og *Ola* fekk lagt springvatn.

I 1946 overlet dei bruket til svigersonen og tok føderåd.

Ole Sandmo d. 1963, 84 år gammal. Han var medlem av skulestyret og med i byggenemnda for Flora kapell.

Ingeborg og Bernhard Fjeset har 5 born:

1. *Reidun Karin*, f. 1943, real- og postskulen, tilsett på postgiro- kontoret, g. 1968 m. *Niels Rasch-Olsen*, Oslo.
2. *Kari*, f. 1944, g. 1964 m. *Arne Åsen*, Mesna.
3. *Ola*, f. 1947, yrkessjåfør, Lillehammer.
4. *Jan*, f. 1952, realsk.
5. *Bjørn Inge*, f. 1958.

Bernhard Fjeset har drivi ymse slags arbeid attåt jordsbruket, skogs- bygnings- og anleggsal'beid. Han har restaurert og modernisert hovudlånet.

NÆSSMO G. rn. 116, br. nr. 2.

Næssmo ligg som nummer tre av småbruka på Næssmælen rekna frå aust. I dagleg tale blir bruket kalla Jensenn etter ein brukar som heitte *Jens*.

Bruket som har vori plass under Neset er ført i folketeljinga for

1801. Det er ført ein husmann med jord, *Erik Henningsen*, 39 år gammal. Kona heitte *Gjertrud Pedersdotter*, og var 47 år. To born er ført opp: *Marit Eriksdtr.* 11 år og *Peder Eriksen*, 6 år.

Desse folka har nok vori dei første her og må reknast for å ha bureist plassen.

Av kyrkjeboka går det fram at *Erik* var son til *Henning Eriksen* på Baro-Marit-plassen under Hegset. *Erik* var f. i 1762 og g. i 1789 m. *Gjertrud Pedersdtr. Præstegaard*. Kvar ho var frå veit ein ikkje. Dei hadde 3 born i alt. Attåt dei to som er nemnt, fekk dei ein gut som vart kalla *Henning*, f. 1801.

Erik Henningsen var sikkert gruvarbeidar og har fari frå bygda da hytta vart nedlagt, men budde på Næsmo enda i 1811. I 1825 er det kommi nytt folk på plassen.

Etter *Erik*, kom *Paul Didriksen Bakken* og kona *Ingeborg Pedersdtr.* Ho var frå Hegset, f. i 1784. Han var fødd i 1768, og dei vart i 1814.

Paul fekk festesetel på plassen 1821, og den er det første tinglyste dokument for dette bruket.

Paul og *Ingeborg* hadde ikkje born. *Paul* døydde i 1835, 68 år gammal. Han skal ha vori litt av ein original, gjekk i ei blåfarga, lødda sauskinnsbrok, er det fortald.

Ingeborg heldt fram med det vesle jordsbruket og er ført som husmann med jord i folketeljinga 1865. Ho var 84 år da, men budde åleine på plassen og hadde 2 kyr og 4 sauer.

I 1875 låg plassen øyde. *Ingeborg* budde hos søs'tersonen, *Baro Eriksen Uthus* dei siste åra.

Ingeborg Pedersdtr. døydde 1874, 96 ½ år gammal. *Ingeborg* hadde godt utkomme og kunne råde ,seg med ting som ellest ikkje var vanleg på gardane. Finaste tingen var ein gyldenlærs lenestol, utskoren med løvelabbar og all stelling. *Baro Eriksen* fekk stolen, men den hamna diverre på lasset til ein antikvitethandlar.

Folka som no kom til Næssmo, var *Jens Eriksen Sørflakne* og kona, *Ingeborg Johndtr.* Dei kom her i 1879 og var da komne opp i åra, *Jens* 62 år gammal og *Ingeborg* 52. Dei hadde ikkje born, hadde berre seg sjølve å syte for no etter dei kom til Næssmo.

Jens tok mykje av fóret i marka, slo på Gardalen attåt markaslættet

som hørde plassen til. Han hadde køyrøkse, så han trong ikkje på hjelp for å få foret heim. Noko seig i snuen var han, alltid sein heimafråom morgnane, så det vart kolmørk kveld før han kom att. Og *Ingeborg* nervøs og redd det kunne ha henda han noko, og kunne ikkje vera heime, men laut finne folk og gjekk til grannegardane.

Jens Eriksen døydde i 1891, 74 år gammal. *Ingeborg* laut no ha hjelp, og *Torstein Nilsen Tuset* flytte til Næssmo, men vart verande berre eit par år.

Næssmo hadde i medan vorti utskilt som eige bruk og seld til *John Johnsen Uthus*, som no flytta dit.

Ingeborg Johnsdtr. fekk føderåd og levde i mange år. Kom til slutt i pleie og døydde på Hilma.

I *Jens* si tid vart plassen kalla Jensenn, og namnet blir framleis brukt i dagleg tale.

I *Paul* si tid var plassen kalla «Pålenn». Men dette namnet følgde *Ingeborg Pedersdtr. (Påla)* da ho flytta til Uthustrøa, som så vart kalla Pålenn.

I 1891 vart Næssmoen matrikulert eigedom vedskylddelingsforret ning av 5. juni og seld til *John Johnsen Uthus* for 600 kroner. *John* var svigerson til seljaren.

John J Næsno, som han frå da av ,skreiv seg for, var f. i 1862, og g. 1889 med *Ragnhild Johnsdatter Slind (Næss)*, f. 1869.

Dei hadde 14 born:

1. *John*, f. 1890, ugift, gårdsarb. lengste tida på Evjegjerdet, d. 1966.
2. *John*, f. 1893, d. 1911, arbeidde på Løkken.
3. *Ragnhild* f. 1893, tvilling, ugift.
4. *Ole*, f. 1895, d. 1963, gift, ikkje barn, var sjømann.
5. *Jørgen*, f. 1896, tok over bruket som han dreiv ei tid.
6. *Brynhild*, f. 1900, handelssk., g. 1926 m. *Håkon Vinge*, Skatval, to born: John og Helge.
7. *Regine Johanna*, f. 1901, d. s. år.
8. *Johan Rikard*, f. 1903, ug. kyrkjetenar, bur heime.
9. *Ane*, f. 1905, g. 1937 m. *Paul Oskar Molund*, Mostadmark, eitt barn, *Marta*.
10. *Gunnar*, f. 1906, utv., bur i Many Berrie, Alta, Canada, gift, born: *Anne Elisabeth, Gunnar, John Ragnar, Artur* og *Marie*.
11. *Ingeborg*, f. 1908, d. 1909.
12. *Håkon*, f. 1910, har heimgarden, ugift.

13. *Inga Johanna*, f. 1912, sjukesøster, ugift.

14. *Birger*, f. 1913, g. 1939 m. *Borghild Petrine Solem*, har villa på Grøtem, Selbustranda. 3 born: *Ragnar*, *Gundbjørg* og *Brit*.

John Næssmo hadde hest og dreiv mykje med køyring, tok på seg skogsbruk, dreiv og valrekøyring frå Hell. Han var tømmerfløtar, var med heilt opp i 60-årsalderen. Han retta opp stugu og sette opp nye uthus, fjøs, låve og bur. I 1922 overlet han garden til nes, tel dste son, *Jørgen Næssmo* for 6000 kroner og kår til seg sjølv og kona.

John Næssmo døydde i 1949, 87 år gammal. *Ragnhild Johnsdr.* døydde i 1954, 85 år.

Jørgen Næssmo vart gift 1929 med *Marit Ingebrigtsdr. Næss*, f. 1894. Dei hadde 1 barn: *John Ragnar*, f. 1929.

I 1930, om våren, brann garden ned. Det var stilt ver med solskin.

Mykje folk strøymde til for å hjelpe Itil med å slökkje og redde ut tu husa det som kunne reddast. Krøtera var i skogen. Mykje av innbuet vart berga, men med husa var det ingen ting å gjera. Vatnet måtte berast frå elva, og det hadde truleg ikkje hjelpt om det hadde vori vatn nærare heller.

Jørgen sette opp nye hus. Fjøsset vart mura av tiglstein og var første mursteinsfjøsset i Flora. Stugu vart lafta av tre-toms plank som brukeleg var da.

I 1932 vart *Jørgen* sjuk. Han selde da garden til broren, *Håkon Næssmo*. Skjøtet er skrivi i 1933, og kjøpesummen vart den same som seljaren gav da han kjøpte.

Jørgen losjerte i fleire år, først heime på Næssmo, seinare andre stader i grenda til han kjøpte tomt, og sette opp villa, Rønning på Uthus vestre.

Håkon Næssmo driv bruket i lag med søskena *Johan* og *Ragnhild*.

Ingen av dei er gift.

Ragnhild arbeidde i mange år, 20 i alt, på Selbu tuberkuloseheim.

Sidan har ho vori heime og hjelpt broren. Dei har setra på Nedalen i 17 år, og *Ragnhild* har vori både seterdeie, og kokke på turisthytta attåt.

Johan Næssmo har vori til Amerika. Arbeidde hos *Laurits Løvøen* som dreiv krøterfarm i Canada. Da bureisingsfeltet på Nekåbjørga vart teki opp, kjøpte han bruket Nekå, sette opp fjøs og tok til å rydde nyland, men har ikkje busett seg der, da broren trong hjelp heime. Sidan 1941 ha'r *Johan Næssmo* vori kyrkjetenar ved Flora kapell.

MÆLEN (LARSROMMET) Nedl. plass

Mælen eller Larsrommet som plassen vart kalla, låg på jordet sør for Næsmo. Plassen vart bureist av *Lars Ingvaldsen Neset* i 1831. Han fekk bygsel av *Ole Olsen Neset* d. e.

Lars Ingvaldsen var frå Singsås. Kona heitte *Ingrid Ingulsd.* og var

frå Gauldal ho og.

Dei hadde 3 born:

Ingebrigt og *Beret*, fødd i Singsås, og *Marit*, f. her i 1826.

Ingebrigt fór til Am., men kom att og busette seg på Einan (Berge) der han hadde ei svært fin stugu. Han var gift to gonger, men hadde ikkje born. *Ingebrigt* var snikkar, laga fleire skåp som han måla og pynta med bilete og anna under glas på skuffer og dører.

Beret vart g. m. *Tomas Johnsen Rolsetbakk*. *Marit* var g. m. *Ole Johnsen Flakne* på Enbakken. Dei hadde 2 born. *Ingeborg* f. 1854, *Lars* f. 1860.

Larsrommet var ikkje så stor ein plass, nettopp, men *Lars* fora i marka og hadde 2 kyr og 5 sauer og sette ½tynne potet og sådde ¼ t. korn, etter det manntalet for 1865 opplyser.

Lars var 75 år da, og *Ingrid* 80. *Marit*, dotter deira var enkje, I 1875 var det berre to personar att på plassen: *Lars Olsen*, og mora, *Marit Larsdotter*.

Besteforeldra var døde. *Lars Ingvaldsen* d. i 1870, 82 år gl., og *Ingrid Ingulsd.* d. i 1872, 86 år.

Ingeborg, tente på Moslet. Ho hadde ei dotter, *Marit* f. 1878. Både mor og dotter fór til Am., og *Ingeborg* vart gift der.

Lars Olsen Næs vart g. 1879 m. *Dordi Johnsd. Moslet.* (Brudgommon), dotter til *John O. Moslet* og *Sofie Johnsd. f. Hårstad*. Dei reiste til Am. same år, og mora, *Marit Larsd.* følgde dei.

Plassen vart nedlagt.

Lars O. Ness tok hommested ved Ada, Minn. Hadde ein son: *Albert O. Ness*, f. 1879, g. 1902 m. *Augusta Benson*, 5 born.

Lars Ness sende pengar til kapellet, da det vart bygd.

MELAN
G. nr. 116, br. nr. 3.

Melan ligg lengst vest av småbruka her, like ved merkesbekken.

Bruket vart bureist kring 1810 av ein *Ingebrigt Ingebrigtsen*. Han var innflytter, var frå Singsås og kom til Flora som skomakar, vart gift og vart buande her. Kona heitte *Ingeborg Sakariasdotter*. Ho var fødd i 1786. Foreldra var *Kari Olsdotter* og *Sakarias Knutsen Tuset*. *Kari* vart seinare gift med *Jens Estensen Sørflakne* og er omtala både der og i stykket om Tuset vestre.

Ingebrigt fekk festesetel på Melan i 1817, for seg og si kones livstid, men dei må ha bureist plassen før. På Melan stod tellskogen så tett at dei laut blinke vegleid ned til elva, er det fortald.

Ingeborg og *Ingebrigt* hadde 2 born:

1. *Kari*, f. 1813, g. m. *Petter Pettersen Uthus*,
2. *Ingebrigt*, f. 1825.

Ingebrigt jr., var ein tettbygd og velvaksen kar. Han var så tung i vatnet at han kunne vade til han drakk av elva. Og så var han sterk og. Når han køyrde høy frå marka, leidde han aldri oxen i skjækene medan lasset stod i snøgropa, men rykte det fram sjølv med hendene. «Dreg ikkje eg lasset tu snøgropa, så dreg ikkje oxen det til dals,» sa han.

Ingebrigt vart berre 40 år gammal. Han d. i april 1865, ein månad før mor si. Han var ingen stor kar, berre så ~alminneleg, men gjekk under namnet *Stor-Ingebrigt* for di det var kommi ein yngre *Ingebrigt* til gards då han døydde, systemson hans. *Stor-Ingebrigt* var ikkje gift.

Faren, *Ingebrigt Ingebrigtsen Næss* d. i 1857, 76 år gammal. *Ingeborg Sakariasdotter* d. i 1865, 79 år.

Svigersonen var død da, men *Kari* tok over bruket.

Petter Pettersen Uthus, f. 1798 vart Ig,i 1834 med *Kari Ingebrigtsd.*

Næs. Dei vart gift i Haltdal. *Petter Pettersen* var haltdaling, men tente på *Uthus austre* i Flora før han vart gift. *Petter* var son til *Petter Pettersen* og *Agnes Olsdr. Grøt*. Fa'ren skal ha vori frå Hilmo i Tydal opplyser Haltdals-boka. *Petter* og *Kari* losjerte på fleire plassar i FLora m. a. i Bjørken. I midten av 40-åra kom dei ,attende til

Melan og losjerte da i lag med bestemora, *Kari Olsdotter Sørflakne* som på sine gamle dagar flytta heim til dotter si på Melan.

Kari Olsdotter vart enkje alt i 1818. Ved arve skriftet fekk ho rett til ein part av jordet heime på *Sørflakne*, og *Petter* og *Kari* dreiv denne jorda med ho levde.

Kari Olsdotter d. i 1854, 91 år gammal.

Petter Pettersen og *Kari Ingebrigtsd.* hadde 6 born:

1. *Siri*, f. 1834, d. som barn, truleg.
2. *Ingeborg*, f. 1837, g. m. *Peder Larsen Engesrønning*. Han dreiv plassen *Byåsen* under *Bjørken*. For til *Amerika*.
3. *Ingebrigt*, f. 1840, tok over plassen.
4. *Petter*, f. 1844, g. m. *Ingeborg Olsd.* Uthus austre, bygsla småbr. *Bakken*.
5. *Sakarias*, f. 1847.
6. *Ole*, f. 1850.

Både *Sakarias* og *Ole* reiste til *Herjedalen*, til *Longå skanse*, og *Sakarias* vart verande i *Sverige* og har slekt etter seg. *Ole* kom att i 1909, på veg til *Amerika*, til *Beltrami*, *Minn.* og hadde sin «gumma» med seg.

Petter Pettersen fekk feste på *Melan* same år som han vart gift, men oppnådde ikkje å bli husmann. Han døydde i 1861, 63 år gammal. Det vart såleis enkja, *Kari Ingebrigtsdotter* som tok over plassen da broren og mora døydde. Det var i 1865, hugsar me.


Manntalet fører opp desse 5 medlemmer i huslyden:

Kari Ingebrigtsd. husmann m. jord, sønene *Ingebrigt*, 26 år, *Sakarias* 19 og *Ole* 16 år, og datters onen *John Pedersen*, 6 år.

Av krøtertiljinga går det fram at dei hadde hest, 5 naut, 6 sauer og 3 geiter. Dei sådde 1/4 t. bygg og 3 skjegger havre og sette 2 t. potet.

Ved teljinga 1875 var utsådet praktisk tala likeeins. Hesten var bytta i køyrokse. Ellers hadde dei 4 kyr, 1 ungnaut, 8 sauer og 2 geiter. No var dei 6 menneske i huslyden. Eldste son var gift og hadde teki over drifta av plassen og hadde 3 born. Berre bestemora, *Kari Ingebrigtsd.*, var att av den gamle huslyden. *Kari Ingebrigtsd.* døydde i 1891, 78 år gammal.

Året før vart plassen utskilt og fekk ei skyld på 0,21 mark og seld til *Ingebrigt Pettersen Metan* for 800 kroner.



Ragnhild og Ingebrigt Metan,

Ingebrigt Pettersen vart g. i 1868 m. Ragnhild Olsd. Tuset, aus'tre, f. 1845.

Dei hadde 10 born:

1. *Petter*, f. 1868, ug. var heime.
2. *Ingeborg*, f. 1870, g. m. *Ole T. Tuset*, Viengtrøa.
3. *Kari*, f. 1872, d. 1874.
4. *Ola*, f. 1874, ug., gruvearb., d. 1912.
5. *Ingebrigt*, f. 1876, tok over bruket.
6. *Ole*, f. 1878, ug. gruvearb., og skinnhandlar, kjøpte eigedame Fredmo.
7. *Kristian*, f. 1882, skomakar, g. 1915 m. *Beret Olsd. Stokke*, tok over heimgarden til kona, 4 born: *Gurine*, *Ragnhild*, *Inga* og *Ole*.
8. *Gunder*, f. 1883, ug. gruvearbeidar, d. 1932.
9. *Karen*, f. 1886, g. m. *Peder O. Flakne*.
10. *Olaus*, f. 1891, handelsstyrar på Floren Handelsforening, g. m. *Anna T. Tuset*.

Det ville vera både omtanke og arbeid til for å føde fram ein så stor barneflokk på eit lite bruk, og *Ingebrigt* strevde seint og tidleg med å dra til husar. *Ragnhild* hadde meir enn nok med barneflokken og husstellet. Borna laut sjølvsgt hjelpe til først dei greidde det.

For sønene vart det arbeid nok å få på gruvane i grannedalføra.

Petter var ein tur 'Over til Amerika, men kom att, og gruvane vart arbeidsplassen hans og.

Ingebrigt Pettersen Melan d. i 1928, 82 år gammal. *Ragnhild Olsdotter* døydde 10 år før, 73 år.

Bruket hadde dei overdregi til sønene *Petter* og *Ingebrigt*.

Ingebrigt I. Metan vart g. 1911 m. Beret Bersvendsd. Krogstad, f. 1884.

Dei hadde 4 born:

1. *Bernhard*, f. 1909, d. 1951.
2. *Ragna*, f. 1912, driv bruket saman med broen. *Ivar*.

3. *Ivar*, f. 1915.
4. *Ole*, f. 1919, g. 1945 m. *Ingeborg T. Rønsberg*, Kråkå, teki over bureisingsbruket Trygstad, 3 born: *Tomas*, *Birgit* og *Inge*. *Ingebrigt I. Melan* arbeidde i mange år på Løkken-gruva i Meldal, hadde jobb som elektrikar. Slutta etter han vart gift for å hjelpe til

heime. Han og *Petter* dreiv bruket i lag. I 1929 kjøpte dei setra ÅSvollen og setra i mange år. Dei på Melan hadde setra før og, medan *Ingeborg* var heime. *Ingeborg* og *Ragnhild Haugan* setra på Storlivollen på Hegsetdalen etter hundreårsskiftet. Seinare på Hilmavollen sør for Usmsjøen.

Petter Melan d. i 1951, 83 år gammal.

Ingebrigt og *Beret Melan* døydde i 1965 med ein månads mellomrom. *Ingebrigt* d. 29/11 og *Beret* 31/12, han 89 år gammal, og *Beret*, 81 år.

Systema *Ragna* og *Ivar Metan* har teki over bruket.

SØRFLAKNE G. nr. 116, br. nr. 6.

Sørflakne som har vori plass under Neset vart bureist i slutten av 1770-åra. Bruket ligg på søre side av Nea rett over for Flaknan og har fått namn etter denne garden. I dagleg tale blir garden kalla Aunet. Det tyder på at bruket har lege øyde etter ei tidlegare busetjing, som har vori tilfelle og.

I rettsaka på Neset 1750 fOrtel eit vitne at det var to brør på Nes, etein gong, den eine budde på garden og den andre på Sørflakne, og at Neset sidan hadde setra på Sørflakne. Retten var på åstaden. og vitna peika ut 3-4 steinrøyser der det hadde vori åker. I rettsprotokollen har dei brukt namna Flakne og Sørflakne seter om kvart anna. I dagleg tale halr det alltid VOrt s,agt Aunet. Først da bruket vaN kjøpt, vart Sørflakne teki som bruksnamn og har sidan vori brukt som familienamn. Til garden høyrer elvbjørga langs Nea oppover til ein stad dei bUar Storvelta og eit s,tykke innover langs Usma'.

Plassen Aunet med skogstykket vart bortbygsla som plass av general *Krogh* til *Jens Estensen*. Far hans som arbeidde på gruva, *Esten Olsen Stokke*, budde på ein plasse under Hegset. Heile huslyden flytta no til Sørflakne. Esten døydde i 1786, 67 år gammal.

Jens Estensen Næs, som han frå da av skreiv seg for, vart g. 1784 m. *Ingeborg Eriksdotter Uthus*, Haugen (?), f. 1750.

Dei hadde 3 born:

1. *Gunhild*, f. 1785, g. m. *Peder Tørresen Enbakken*.
2. *Esten*, f. 1788, g. m. *Brynhild Ingebrigtsd. Krogstadmo*, dreiv heimrommet hennar.
3. *Erik*, f. 1790, tok over plassen.

Ingeborg Eriksdotter vart vel 58 år gammal. Ho døydde i september 1808. *Jens Estensen* valde å gifte seg att, og året etter vart han gift med «pigen *Karen Olsdotter Græslie*», står det i kyrkjeboka. Men ho har nok berre vori tenestjente der. *Karen Olsdotter* var frå Flora og skreiv seg for Uthus. Ho er omtale under Tuset vestre. Like eins under Melan der *Karen*, eller *Kari*, som ho eigentleg heitte, var da ho døydde. *Kari* hadde ei dotter *Ingeborg* som var gift dit. *Kari* tente hos *Peder Hansen Græslie* som og var forlovaen hennar. *Karen* og *Jens* vart vigde i Tydal, og *Peder Olsen Aunet* var forlovar til *Jens*.

Jens Estensen Sørflakne døydde i 1818,62 år.

Arveskiftet etter han byd på litt av kvart av interesse. Buet vart verdsett til 33 Spd. 3 ort og 4 ,skil.

Størst verdi var det i krøtera: Ein 4 år gammal køyrokse, 6 spd., to kyr, Fargås og Brandgås, 10 spd. og Lilcoe, 4 spd., ein bagge og to vinterkalvar, 2 spd. to geiter og ein sau med avkom, 1 lh dalar. Dinest kjem buret, som var nytt og verd 2 dalar, medan stugu «,med vinduer» og «fæhuset med lem over» bae gamle, kom berre opp i 1 dalar kvar. Ei gammal badstu og eit gammalt sommarfehus vart verdsett til lort for kvart, og ein gammal forlade til 12 skilling. Dette tyder på at desse hus har stått der frå før, kanskje frå den førre busetjinga. Berre ein ting til har nådd dalaren i verdi, og det er ein jarnstangsslede med skjæker. Ei gryte, og ein sauskindsfell er verdsett til ein halv dalar kvar, medan jarnstaurane (2 av dei), ei ny jarnstang, reipa, vevstol m. 5 vevskeier, 2 vadmeststrøyer og ei bukse med brystduk kom berre opp i ei art for kvar ting.

Dødsfallet var proklamert i de trondhjemske aviser, og fogden var spurt om buet skyldte noko til statskassen, som tilfelle var. *Jens* hadde fått både mat (tørfisk) og pengar. I 1813 hadde han fått 1 skålpund sædehavre og i 1814 ei halv våg fisk. Alt i alt med varer og pengar utgjorde summen 38 ort 8 sk. D. C. lik 6 Rbd. 33 1/3 skil. ny verdi.

Arveskifte vart ,slutta i mars 1819 med pant i varer for samtlige.

Stervbuenkja, *Kari Olsd.* fekk rett til eit jordstykke, som ho dreiv med ho levde. Ho flytta til Melan, til dottera *Ingeborg, Kari Olsdotter*, d. i 1854, 91 år gammal.

Erik Jensen vart g. 1817 m. *Beret Pedersd. Hegset*, f. 1791. Dei hadde 8 born:

1. *Jens*, f. 1817, dreiv plassen med foreldra levde.
2. *Ingeborg*, (Stor-Ingeborg) f. 1818, ug.
3. *Peder*, f. 1821, døv frå det fjerde år, i pleie, først heime, sem are på Stortrøa hos søstera *Stor-Ingeborg*.
4. *Baro*, f. 1823, bureiste pl. Uthustrøa.
5. *Ingeborg (Littl-Ingeborg)* f. 1825, ug., sette opp stugu på Stortrøa.
6. *Kirsti*, f. 1827, g. i Klæbu.
7. *Karen*, f. 1830, g. 1853 m. *Josias Pedersen Hegre*, Stjørdal.
8. *Mali*, f. 1834, g. 1858 m. *Rolf Johnsen Moslet*.

Om dei økonomiske tilhøve den tid søskenflokken vaks opp, har ein av sønene *Baro Eriksen* fortald litt. Dei laut sjølvsagt ut å tene etter kvart som dei vaks til. Han var gjetar, og gjekk berrføtt i skogen. (Heime på gardane var det nok vanleg at borna gjekk berrføtt om somrane). No gjekk det ikkje betre til enn at guten vart såføtt og laut heim. Men mor hans grødde att føtene. Ho brukte heimelaga råder som drog ut uterta tu såra så dei grodde og han kunne fara til setra att.

Mjølet ville som regel ikkje rekke til. Ein vår hadde dei ikkje anna enn furuborkmjøl da dei skulle bake. Men leivane ville ikkje halde. Da for far deira borti Kvernbecken og mol bein, og med beinmjølet som rennmjøl, kjevla dei ut leivane.

Da hytta ved Mølnåa kom i gang, vart det høve til å tene nokre skillingar, og det som kanskje var enda likare, det vart høve til å kjøpe korn. Bruket tok opp både korn og salt som vart levert ut til arbeidsfolk og andre som leverte kol og anna til verket. *Eirik Sørflakne*, nytta seg og av dette høve. *Baro* vart senda i veg for å borge korn. Guten var så vidt konfirmert, og gjekk berrføtt denne gongen og. Vel komen fram, vart han standande litt likvis. Bryggemannen, ei kjempe av ein kar, heldt nett på å kaste ut to karar som var komne i same ærend som han, men sóm ikkje fekk noko. Dei var fulle og brukte seg gjorde dei og. *Baro*, kom seg ikkje til å seie ordet, før kjempa kom bort til han og spurte med det blidaste mæle: «Va er

det du skal ha da, gutten min?» «Eg skal spørje frå han far om eg kan få ei våg ~korn, helvta bygg og helvta rug», ramsa guten i veg, «han skal hogge inn ei kolmile til vinters.» «Bygg og rug, ja, det holder jeg med dem i. Selbyggene roper på havre de, de vil ha hamsen og ikke marven,» svara han.

Så fekk guten komet og gjekk heim.

Da *Baro* vart konfirmert, var det liksom det letna litt. Faren og eldstebroren fekk arbeid i kvemfjellet og *Baro* vart drenggut på Tuset, hos *John Nordigarda*.

Erik Aune skulle vera svært så sterk ein kar. Ein gong han hadde vori aust i grenda, etter ein potetsekk, vart han påteken av ein som hadde lagt seg på lur for å gje han juling, men *Eirik* greidde å knuvsle karen under seg utan så mykje som å range av seg potetsekken ein gong.

Eirik Jensen Næs d. i 1862, 72 år gammal. *Beret Pedersd.* 'vart 88 år.

Ho døydde i 1879.

Ved folketeljinga 1865, sat bestemora, *Beret Pedersd.* framleis med bygselsetelen, men det var eldste son, *Jens Eriksen* som var husfar og dreiv jorda.

Jens Eriksen Næs vart g. 1853 m. *Ingeborg Johnsd.* Hilmo, f. 1827.

Ein fosterson, systersonen, *Peder Pedersen Næs*, f. 1853, son til *LitlIngeborg*, var hos dei.

Utanom bestemora, dei sjølv og *Peder Pedersen*, var det enda tre personar til på garden. Det var den døve broren, *Peder Eriksen*, 45 år, ført som skomakar og losjerande, systera, *Stor-Ingeborg*, ført som losjerande ho og. Endeleg var det ei tenestjente, *Beret Johnsd.*, 17 år, truleg syster til kona.

Buskapen var på 6 naut, 8 sauer og 5 geiter, og utsådet på ½tynne korn og 1 tynne potet.

Dei på Sørflakne hadde eit stort markaslætte på Gardalen, Aunslåtten dei kallar, som *Eirik* fekk til slætte av svigerfaren. Dette slætte ligg på sørsida av Garåa og vart brukt til kring 1890, dei fekk eit anna slætte i staden.

Slåttbua «Aun-bua», var bygd under ei rotvelte, ei furu som hadde vorti liggjande på ei grein i høveleg høgd til å bli mønsås i bua.

Ved teljinga i 1875 var dei berre fire personar i huslyden; *Jens* og *Ingeborg*, bestemora og *Peder Eriksen*. *Stor-Ingeborg* losjerte på Flaknan, gjekk idagleie, og *Peder Pedersen* budde hos mor si på Stortrøa.

Krøterhaldet var omlag det same som ved førre teljinga. Men no hadde dei køyrokse, 4 kyr, 1 ungnaut, 6 sauer og 7 geiter. Utsådet var på 1/4 t. bygg og 1 t. potet.

Beret Pedersd. d. i 1879, 88 år gammal. Plassen vart no utskilt som matrikulert bruk og seld til dottersonen, *Peder Pedersen Næs*. *Jens* og *Ingeborg* fekk ein annan plass, Næsmælen, eller Næsmoen, der mostera, *Ingeborg Pedersdotter* budde.

Jens hadde sett opp ny stugu på Sørflakne, med to stuguroom og gang og kove. Fjøset og låven var han nok og med og sette opp. Gammalstugu på Sørflakne vart sidan brukt som smie. Ho var 7-8 alen i firkant med eit smalt langkammers attåt. Stugu hadde hatt mørkloft og inngangsdør på langveggen og truleg svaltak mot tunet.

I 1879 vart Sørflakne kjøpt av *Peder Pedersen*, som frå da av skreiv seg for *Sørflakne*, kjøpesummen var 1600 kroner.

Peder hadde vore borte på arbeid i fleire år og hadde lagt opp litt pengar. Han hadde jamvel vore til Nordland. No åtte han både jord og skog. Med plassen følgde elvbjørga. Bruket, som vart kalla Sørflakne, fekk ei skyld på 0,65 mark.

Peder P. Sørflakne vart g. 1879 m. *Petra Jonasd. Østbyhaug*, f. 1858, dotter til *Jonas Olsen Ramlo*, Haltdal og *Anne Johnsd. Østbyhaug*. Mor til *Peder*, *Ingeborg Eriksd.* flytta heim saman med sonen. Stugu på Stortrøa vart overlati til systera *Stor-Ingeborg* og broren *Peder Eriksen* som no vart i pleie hos henne. Meir om dei i stykket om «Domrommet».

Ingeborg Eriksd. Næs, mor til *Peder*, vart berre 57 år gammal. Ho døydde i 1882.

Petra og *Peder Sørflakne* hadde 6 born:

1. *Ingeborg*, f. 1879, g.m. *Bjørn Geving*, Lånke. Born: *Olga Marie*, *Peder*, *Ingvald*, *Petra Julianne* og *Inga*. G.m. *Albert Tessem*, Sparbu. Barn: *Alfred*, f. 1922.
2. *Ane*, f. 1881, g. m. *John Pettersen* Uthus, Bakken.
3. *Jonas*, f. 1883, tok over bruket.
4. *Peder*, f. 1887, fór til Amerika, ug. d. 1960.
5. *Ole*, f. 1891 for til Amerika, farm. v. Homolka, Minn., skreiv seg for *Aune*, g. m. *Eli Moslet*. Born: *Petra*, *Peder*, *Ragna*, *Emma* og *Evelyn*.
6. *Edvard*, f. 1899, underoffiser, g. m. *Ågot Pettersen*, frå Helgeland, f.



Petra og Peder P. Sørflakne.

1903, budde på Heimdal. Born: *Birger Paul* og *Per Olav*.

Eit barnebarn: *Peder Estensen Sørflakne*, f. 1903, vaks opp på Sørflakne, gjekk underoffisers,sk.,reiste ,til Amerika 1926.

Peder Sørflakne restaurerte stugu og sette opp ny låve. Stugu vart dregi ut på midten og kammerset teki til kjøkken. Stugu vart bordkledd og måla og romma vart panela. Det var steinhylle i skåpkråa i daglegstugu, ei firkanta ei, og så stor at ho vart høveleg til golv i verandaen som no vart sett opp. *Peder* rydda bakken ova garden og fleire ækrer på flata. Han la

springvatn og bygde vognveg på eigen kostnad langs elva til Simaplassen. Han dreiv garden i 35 år til 1915, da han overlet han til eldste sonen.

Peder P. Sørflakne d. i 1929, 76 år gl. *Petra Sørflakne* d. i 1919, 61 år.

Jonas Sørflakne vart g. 1912 m. *Sigrid Larsd. Lien*, Selbu, f. 1889. Dei fekk 9 born:

1. *Peder*, f. 1912, landbr.sk., gardsstyrar på ymse plassar, seinare reisande for Geilo fabr. ug.
2. *Petra Julianne*, f. 1914, handels'sk. dreiv butikk i Trondh. g. 1953 m. *Ragnvald Dahl*, lensmann i Salangen, f. 1916 d. 1957.
3. *Bjarne*, f. 1916, befalssk. g. 1946 m. *Anlaug Skogan*, bilverkstad i Mebond, Selbu. Born: *Jarle*, *Eugen*, *Ingebjørg* og *Sigrid*.

4. *Ingeborg Bergliot*, f. 1919, g. 1947 m. verkstedarb. *Hjalmar Moan*, Hommelvik, bur på Leinstrand. Born: *Harald, Jostein og Svein*.
5. *Leif*, f. 1921, har teke over garden.
6. *Jenny Sofie*, f. 1924, g. 1946 m. *Kristen N. Hårstad*, Sjøvoll, Selbu. Born: *Nils, Jonas, Guri Sissel, Kirsten Jorun og Per Jarle*.
7. *Inga Bergitte*, f. 1926, g. 1949 m. sjåfør Arne Elverum, bur i Mebond. Born: *Maren, Sigrid og Berit*.
8. *Solveig Pauline*, f. 1929, real- og handelssk., dreiv butikk i Trondh. saman med yngste systra, g. 1959 m. politi i Trondh. *Sigurd Sæther*, Melhus. Born: *Sturta, Snorre og Ståle*.
9. *Klara Jorun*, f. 1932, real- og handelssk., g. 1957 m. elektrikar *Magne Balstad*, Selbu, bur i Trondh. Born: *Jarle og Randi*.

Jonas Sørflakne arbeidde i mange år som minerar på Løkken 0B andre gruver, var ivrig gardbrukar og rydda mykje nyland. Han fekk bygd grendevegen Tuset-Drivvoll, som no er fylkesveg. Han var medlem av heradsstyret i mange periodar og hadde fleire tillitsverv. I 1954 overlet han garden til yngste sonen *Leif Sørflakne*.

Jonas Sørflakne d. i 1961, 78 år gammal.

Leif Sørflakne vart g. i 1955 m. *Ingeborg Tomasd. Velve*, f. 1929.

Dei har 1 barn, *Signy Karin*, f. 1957.

Leif har bygd mykje; driftsbygning (fjøs og låve) i 1960 og ny hovudbygning i 1969. På den gamle låvetufta har han sett opp reidskapshus. Av det gamle tun står no berre buret og kårstugu att, den siste er oppsett av faren. Traktor og anna moderne maskineri er teki i bruk.

Leif Sørflakne har hatt fleire tillitsverv.

LANGSMOEN

G. nr. 117.

Langsmoen ligg på søre side av Nea omlag midt over for Øråsvollen og er etter matrikkelen siste garden i Flora.

Om namnet på garden skriv professor *Rygh* at det kan vera ei sa mandraging av Langsetmoen og at garden har vori seter under Lang-

set, g. nr. 38. Namnet blir uttale Langsmon, dat. Langsmoa, og ein reiser på Langsmon og bur på Langsmoa.

Når det gjeld busetjinga, så er det likt til at den skriv seg frå midten av 1600-talet. I ei retts sak (1726) er det opplyst at garden er nyryddet, og i midten av 1650-åra har fauten skreivi ut festesetel på Langsmoen til ein *Baroe Johnsen*. Men Langsmoen er ført i matrikkelen alt i 1646/47 som kranens gods og med ei skyld på 2 øre.

Korleis det kan vera med denne skylda er det vanskeleg å ha nokor meining om. Seinare matriklar fører skylda på Langsmoen med 8 marklag. Langsmoen låg i Kongens Almenning da han vart festa av *Baroe Johnsen*. Seinare står det at bygselen følgde kongl. «Maytz: Gods», og Langsmoen vart, som me seinare skal 'sjå mellom dei gardane som vart pantsatte til offiserane.

Når det gjeld busetjinga, så kan det tenkjast at den kan vera eldre, men da knytt til ein annen stad enn der garden til *Baroe Johnsen* stod. Eit engslætte under garden lenger vest, kalles nemleg for Gammalgarden, og det namnet fortel at bureisartunet har stått der, anten det no var *Baroe Johnsen* sitt eller høyrde til ein eldre generasjon. Det siste skulle vere mest rimeleg.

Ledingen på Langsmoen vm på 1 112 merker smør og 2 merker mjøl.

Baroe Johnsen Langsmoe er i manntalet for 1701 oppført med ein alder på 70 år som ikkje kan vere rett. *Baroe Langsmoe* døydde i 1709. Alderen er da oppgjevi til 85 år som nok er meir rimeleg. Ei *Kiersten Langsmoe* som døydde i 1707, 74 år gammal var kanskje kona til *Baroe Johnsen*, Ei litt yngre kvinne, *Kari Langsmoe* d. i 1702, 62 år gammal.

Manntalet .fører opp 3 mannspersonar attåt *Baroe Johnsen*, alle søner på garden. 1. *Jon Barosen*, reservekorporal under kaptein *Vensels* kompani og er på Inderøen, 35 år. 2. *Peder*, bur på Hegset, 32 år. 3. *Torkild*, reservesoldat, bur på Hegset. *Torkild* vart g. 1715 m. *Gunnel Rønsberg* og hadde ei dotter same år, *Kari*. Vart truleg buande på Rønsberg. *Jon Barosen* veit ein ikkje meir om. *Peder* fekk bygsel på Hegset og vaN stamfar for folka der. Langsmoen vart no liggjande øyde, men *Peder Barosen* fekk bygsel på garden i 1703, men etter faren døydde, vart garden lagt øyde og drivi som underbruk under Hegset av *Peder Barosen* i heile hans tid.

I prøvematrikkelen 1723 er foravlinga på Langsmoen oppgjeve til 36 lass og krøterhaldet til 4 naut og 3 sauer. Garden vart brukt til forland da. Det vart ikkje sådd, «formedelst frost», står det.

At garden var frostnem er det opplyst om seinare og i ei rettssak, men åker har det nok vori på garden heiLe tida med *Baro Jonsen* dreiv.

I 1686 var åkeren «affrøsen», står det, men i 1688 har *Baro Jonsen* svara 4 skjepper bygg i tiende.

Dei fleste gardar hadde kvernhus og svara skatt for det. *Baro Langsmo* svara ikkje slik avgift, men han hadde kvernhus. Det stod i Råna oppå elvbjørga. Det kallest enno Råndammen der kvernhuset skal ha stått, og små kvernsteinar har legi i elva til kring hundreårsskiftet. Den eine vart dregi ned på Langsetenget, den andre har nok fari i elva.

I 1687 er Langsmoen nemnt millom dei «til Militien udlagde Jordegøeds», det vil nærast seie pantsett av staten til offiserane. Under alle krigane hadde ikkje staten makta å betale løna til offiserane, og til trygd for dei var denne ordninga komi i stand.

I 1728 vart det halde auksjon i Trondheim over slikt krongods.

Forretninga varte i fleire dagar i tida mellom 20. januar og 6 mars.

På denne auksjonen vart Langsmoen seld til major *Johan Mangelsen* for 170 riksdalar. Han kan ikkje ha tenkt å ha garden sjølv, for alt året etter, selde han den til mennene på Rolset for same pris som han sjølv hadde betalt, med tillegg av renter og kostnader. Mangelsen heldt att engslætta i Råndalen som det hadde vori ,tvist om. Eignedomen kom no på 190 riksdaler som *Jon Halvorsen* og *Peder Estensen Rolset* betalte. Skøyte frå *Mangelsen* er underskrivi den 30. august 1729.

Prisen var nok i drygaste laget, og ellest og er det likt til at Rolset-mennene kjøpte katta i sekken. Dei hadde hatt ein grensetvist med brukaren på Langsmoen og meinte nok å verta kvitt den brysame grannen no dei hadde vorti jordherrar. Men *Peder Barosen* hadde lovleg bygsel på garden, og var ikkje utan vidare viljug til å gi opp retten sin, sjølvom garden hadde skifta eigar. Etter å ha freista å drive *Peder* vekk frå garden ved å halde synfaring og åbottakst, overlet dei garden til ein tredje-mann, *Ole Estensen Rolset* under påskot av at dei ikkje var formuande til å innlate seg i ein vidløftig prosess om bruksretten på garden. Og det kunne vel vere slik, men det ligg nærare å tru at salet var ein manøver, fordi *Ole Estemen* var jordlaus mann og kunne som eigar lettare drive leigendingen i frå enn dei to som satt på kvar sin gard og hadde jord før.

Tvistemålet mellom Rolset-mennene og *Peder Hegset* tok til 1724 og galdt da ei regulær grensetrette mellom Rolset og Langsmo, spesielt

Råndalen som *Peder Barosen* meinte høyrde til Langsmoen. Saka vart pådømt året etter og enda med stadfesting eller oppfrisking av eldre merke mellom gardane. Dommen vart anka til lagtingretten av Rolsetmennene. Føremålet med anken var å få dom for at Råndalen høyrde Rolset til. Under rettsaka vart det lagt fram eldre dokument og ymse opplysningar om Langsmoen. Rolset-mennene la fram dommar frå 1661 og 1672 som dei meinte gav dei eigedomsrett til engslætta tvistemålet galdt. Desse prosessane hadde vore ført mellom Stokke og Rolset. Om Langsmoen er det opplyst i retten at han var ein nyrøydda og «øde kongens gård».

Lagtingsretten viste saka til åstedet, og dermed dunsta den vel bort førebels.

Neste steg i kampen tok til med kjøpet av Langsmoen i 1729. Da *Peder Hegset*, som alt nemnt ikkje var viljug til å gje opp bruksretten til garden, laut dei prøve å manøvrere han ut på anna vis. Dei kravde synfaring med åbotstakst, som var eit probat middel til å få ein leilending vekk frå bruket. Åbottaksten kunne enten presses opp til ein sum leiglendingen ikkje makta å betale, eller at det som vanta på at hus og jord var i den stand dei skulle, vart fastsett så høgt at bygselsmannen såg det rådløst for seg å råde bot på det.

Rolsetmennene nytta no dette kampmidlet etter først å ha sagt ut *Peder Hegset* frå Langsmoen til faredag i 1729. Men *Peder* som vende seg til stiftsbefalingsmannen i Trondheim og truleg oppnådde stønad frå han, vart sitjande. Synfar,inga vart halden om våren 1730 og åbota vart sett til 30 rd. 16 shilling.

Her er det opplyst at *Peder* budde på garden frå først av, og det da var åker på garden, men at den ofte haus bort. No var det over 20 år sidan han flytta frå Langsmoen til Hegset og Uthus, står det. På den tida hadde han berre i 2-3 år dyrka korn på Langsmoen. Han hadde slegi høyet og ført det bort frå staden, men om hausten hadde *Peder* hatt buskapen sin på Langsmoen, så gjødsel hadde vori spreidd over enga. Det var 9 hus i alt på garden. Berre «fjøsa var nye og døktige», dei andre meir eller mindre forfalne.

Stuehuset vanta tervåer og telner og åser var rotne og det trongst ny syld og bordkledning på vestveggen og 5 nye vinduer.

Ildhuset og Sengestuen var «ganske nedrådnet». Laden, Badstuen og Smidien likeeins, medan Staburet og Stalden trong mindre reparasjon. Stalden skulle m. a. tettes med mose. Men det kunne gjerast mykje for pengane. Ein ny låve var verdsett til 8 rd., eldhus til 5, badstu 4, medan 2 rd. greidde seg til ei ny smie.

Når Rolset-mennene valde å selje Langsmoen i 1730, kan *Peaer Hegset* ikkje ha vorti skremt av åbota.

Etter at *Peder Hegset* på ny vart utsagt frå garden, vart han stevna for retten og saka avgjort på bygdetinget i juni 1731.

Som «boeslidsmand», som sanna at han ville bu på garden, fekk *Ole* medhald av retten endå *Peder Hegset* lova å flytte til garden. Når det galdt Råndalen, meinte *Peder* han framleis hadde rett til å bruke den, da Rolset-mennene ikkje hadde kunna selje den til den nye eigaren, men fekk ikkje medhald, da lovboka gav jorddrott som berre åtte halv bygsel rett til å bruka alt som låg til garden, så mykje meir som at *Ole Estensen* åtte heile bygselen på garden som Råndalens engslætte og mark sorterte under.

Det er uvisst om salet av Langsmoen til *Ole Estensen* vart effektivt. Visse ting tyder på at *Jon* og *Peder Rolset* vart sitjande med eigedomen. Ein kan såleis nemne at *Peder Estensen Rolset* i 1752 ved gavebrev overdrog til dottera *Ingeborg*, g. m. *Gunder Tomassen Rønsberg*, halvparten av Langsmoen, og henviser i dette dokument til major *Mangelsens* skjøte som heimel. Det finst heller ikkje noko skriftleg om at Rolset-mennene kjøpte att eigedomen av *Ole*. *Peder Estensen* må i medan ha vorti eigar av heile garden, for i arveskriftet etter han i 1767 mellom borna *Esten* og *Ingeborg* vart det bestemt at heile Langsmoen skulle høyre til enkja, *Kirsti Olsdotter*, og etter hennar død, skulle sonen, *Esten Pedersen*, få eigedomsrett over heile garden, så *Ingeborg* må ha gjevi avkall på sin halvpart.

Når *Esten Rolset* er nemnt som eigar under synfaring av denne garden i 1757, så kan ikkje det vera heilt rett. I 1778 fører matrikkelen opp *Esten Rolset* som eigar. Ved dødsbuauksjonen etter han vart halvparten av Langsmoen kjøpt av sonen *Peder Estensen Rolset* for 115 riksdalar, den andre halvpart har han vel teki over som arv.

Ved skøyte av 2/5 1818 vart sonen hans att, *Esten Pedersen Rolset* eigar av Langsmoen.

Ved matrikuleringa i 1820-åra vart Langsmoen tildelt ei ny skyld på 3 art 13 skilling. *Eisten Pedersen* var eigar. Skylda vart ved ny matrikelrevrsjon sett til 2,40 mark.

Langsmoen si historie som bustad slutta ved *Peder Hegset* si fråflytting kring 1710. Frå 1731 har garden lege under Rolset som underbruk eller avlsgard. Folk har ikkje budd fast der seinare.

Langsmoen si nye personalsoge fell saman med RolsetS. Her skal nemnast at *Ole Pedersen Rolset* i 1874 gav *Joha'nnes Middelfart* tilsagn om forkjøpsrett over skogen på Langsmoen.

Arvingane etter *Esten Pedersen* og *Ingeborg Estensdotter Rolset* stedde i juni ut skjøte til medarvingen *Ole Pedersen Rolset*. Kjøpesummen var 1600 kroner.

Ole Pedersen overdrog så garden til stedsonen, *Lars Larsen Rolset* ved skøyte av 16/6 1882 for 400 !kroner og bruksrett for seljaren i hans levetid.

Endeleg skal nemnast skøyte frå *Lars Larsen Rolset* til sonen av same namn, dagsett 30/6 1919. Kjøpesummen vart då sett til 3000 kroner, ei bra stigning frå 1882.

Bumerke

Bumerka var eigarmerka som folk før i tida brukte å skjera eller svi inn i allslags reidskap og koppar og kar av tre. Ting av jarn ellet anna metall merkte dei med stemplar eller med meislar.

Bumerket hørde garden til og vart brukt mann etter mann, om det kom nytt folk til gards og. I gammal tid vart bumerket brukt i underskrift på dokument.

Bumerka tok til å gå or bruk på førre hundreåret, men her 1 dalføret var bumerka jamnt over i bruk enda etter hundreårsskiftet og.


Dei gamle bumerka hadde rette liner og var lette å skjera i tre som runeteikna. I bumerke som er kommi i bruk seinare, finn ein ofte bøygde liner. Frå midten av førre hundreåret tok bokstavmerke til å koma i bruk og trengde unna dei gamle merka som da lett gjekk or minne og. Det var tilfelle for fleire gardar i Flora. For Bakken veit ein ikkje om anna bumerke enn det som er oppført her. For Tuset austre veit ein heller ikkje om anna bumerke enn bokstavane O T med T-en skrivi inni O-en. På Hegset gjekk og det gamle bumerket or bruk for bokstavmerka HP og HB, bokstavane skrevne saman. Det gamle bumerket, som skulle likne eit tre, er i medan funni på eit par gamle ting og er attgjevi her, og har tre greiner. På ting frå Hegset øvre, no på bygdemuseet, er same bumerket å finne, men her med ei fjerde grein merkt med eit lite hakk, som ein ser, sikkert sett til for å skilje bumerket frå hovudbruket sitt. Det var ikkje uvanleg at husmannen brukte merket til hovudbruket. Ein ser det same for Uthusplassen og Myra som var plassar under Uthus vestre og austre.

Bumerket for Ørås er frå Jocum Erichsen si tid og er funni på dokument. Bumerket for Langsmoen har både gjennom bruk og tradisjon haldi seg den lange tida sidan garden vart lagt øyde og vori brukt som avlsgard. Bumerket for Sørflakne, er funni på gamle ting på garden, og må ha vori i bruk om her ikkje finst nokon tradisjon om det lenger.

BUMERKE




Uthus vestre




Hegset




Uthusplassen




Uthus austre



Ørás




Myra




Tuset vestre




Neset



Hegset øvre



Flaknan



Nesmoen



Sørflakne



Bjørken



Langsmoen



Bakken

Stadnamnregister

Nedteikninga ,a'v desse stadnamna ,tok til alt ,i 1920. Dels vart det gjort ved at sku~lebonna med hjeLp heimanfrå skreiv ned dei namna som var i dagleg bruk på kvar gard. Desse listene har seinare vorti kontrollerte og utfylte gjennom samtaler med dei mest lokalkjende i Flor,a.

FlOr kvart namn er det gjevi opp kva slags naturdetalj det gjeld og kva for eigedom som stadnamnet høyrer innunder. Her er berre dei gamle gardane tekne med. Vidare er bokstaven i nytta for ,stadar som ligg på i~nnmark lOg u for dei i utmarka.

Talkoden på i alt 6 siffer gjer det mogleg å stadfeste namnet på det kartet som følgjer med. Dei tæ første sifra står for den austvestlege posis,j,cnen og dei 'tre 'sis,te for den nord-sørlege.

Bruksmåten kjem klårast fram ved hjelp av eit døme:

FLORA KAPELL 166001

På kartet slOm har målestokken 1 :50000 ser vi at det er teikna inn eit rutenett med liner for kvar kilometer. Dei to første tala (16) viser til kilomet,erlina og dettredje talet (6) viser at kapeLlet ligg s'eks hundre meter auSt for denne lina. På kartet utgjer 100 meter 2 mm, og vi finn alts,å kapeLlet 1,2 cm aust Lor 16-kilometerlina. På same måten finn ein nord-sør-osis~jonen. Dei tre 'siste tala (001) fortel at FLORA KAPELL ligg hundre meter :nolld for lina 00 som påkar,tet aLtså blir 2 mm nOrd for OO-kilometerlina.

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Andershåmmåren	Bergknaus	Flakne u	148 998
Annevelta	Tømmervelte	Hegset i	171 007
Aunbua	Slåttbu	Hegset u	115 918
Aunbubekken		Hegset u	114 922
Aunet = SørAaknan	Gard		142002
Aunslåtten = Jensslåtten	Slått	Hegset u	115 918
Avundsholet	Slått	Uthus og Skogan	125951
Bakkdalen	Seter	Bakken u	155 941
Bakkdammyra	Slått	Bakken u	181 987
Bakkli	Gard		182 999
Bakkmyr	Gard		183 996
Bakken	Gard		158003
Bakken	Gard		168002
Bakkhaugbekken		Bakken u	173 003
Bakkhaugen	Nedlagt plass	Bakken	174001
Bakolbakken	Ekre	Tuset vest i	163 004
Bangan	Slått	Flakne u	141 018
Bangsetlia	Slått	Skogan u	123 948
Bangsetlia	Slått	Hegset u	180025
Baroan	Gard		156996
Baromaritplassen	Nedlagt plass	Hegset i	174004
Baromyra	Slått	Flakne u	129 993
Baromyran	Slått	Hegset u	198009
Bastubakken		Bakken	170002
Bekkvegen	Vassveg	Flakne u	146024
Belingsjøen			130880
Berget	Slått	Uthus i	129966
Berget	Slått	Bjørka u	165 016
Bergslåtten	Slått	Flakne u	134 011
Bergvollen	Nedlagt seter	Orås u	136046
Bjørgavollbekken		Hegset u	212998
Bjørgvollen	Seter	Hegset u	213 002
Bjørka	Gard		167008
Bjørkabekken		Bjørka	16800S
Bjørkhaug = Asen	Gard		172 008
Bjørkmannsvåden	Vegs tad i bekk	Flakne u	135 001
Bjørkmannsvåbekken	Bekk	Flakne u	137001
Bjørnbrauta	Braut i vegen	• Flakne u	140006
Bjørnhiåsen		Uthus u	140975
Bjørnholet		Aunet u	138 998
Bjørnmyra		Uthus u	131 979
Bjørnmyrbakkan	Slått	Uthus u	129 979
Bjørnmyråsen		Langsmoen u	128030
Bjørnsyndet	Slått	Orås u	140040
Blektjønnin		Skogan u	134914
Blektjønnfjellet		Hegset u	128 908

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Blisteråsen	Seter	Flakne u	146024
Blisteråsen	Skogås	Neset u	168 981
Blisteråsmyra	Slått	Neset u	166981
Blisteråsnynda	Slått	Neset u	166983
Bogen	Vegsving i bakke	Bakken u	171 003
Borkdalen		Bjørka u	184074
Brannbekken		Hegset u	196003
Brannbekken		Drivvoll u	138 008
Brannbekken		Drivvoll u	138 010
Brannbjørga		Drivvoll u	136008
Brannen	ÅS	Ørås u	140038
Brannen	Engsløtte	Drivvoll i	138009
Brannsteinen	Langflat stein i Elva	Drivvoll u	138009
Brannvelta	Tømmervefte	Drivvoll u	137009
Brattkammen		Tuset i	163 004
Brattkneppet	Skogås	Tuset u	159970
Brattmyrhaugen	Skog	Hegset u	180012
Brattåsbrauta	Skog	Skogan u	159005
Brattåsbrautmyra	Slått	Skogan u	159006
Brattåsen	Nedlagt plass	Bjørka i	169007
Brauta	Engesløtte	Flakne u	142020
Drautan	Gard		174008
Brautbakken	Nedlagt plass	Hegset i	175 009
Brautslåtten		Hegset u	106993
Bredmyra	Myr	Neset u	168 989
Brennslåtten		Hegset u	119937
Bretta	Dratt stigning	Skogan & Tuset 0	159020
Bretta	Høydedrag	Neset u	165952
Brettet	Dalbrott	Flakne u	146000
Bringen	Fjell		086947
Bruinn	Bruer ved svaberg	Langsmoen u	134034
Brutjønnyra	Myr	Bakken u	182993
Brutjønna		Bakken u	182993
Brynnåa	Bekk	Tuset u	166003
Brynnådalen		Tuset u	166005
Brynnåmyra		Tuset u	164009
Bua	Slåttbu	Flakne u	129004
Bukkfætta	• Flate ved elva hvor Flakne u de saga planker		141009
Bukkhåmmåren	Fjell		151 882
Bukkhåmmårvegen	Vegstig		160883
Bursdalen	Bur i krigstid	Neset u	165977
Burslia	Ekre (like fløt som Solemslia)	Langsmoen i	135 035
Bursåsen	Skogås	Langsmoen u	130025
Buåsan	Skogås	Bjørka u	172 063

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Buåsdalen	Bur i krigstid	Flakne u	142034
Buåsdalsbrettet		Flakne u	141 032
Buåsdalsmyra	Slått	Orås u	141 038
Buåsdalsvelta	Tømmervelte	Flakne u	141030
Buåsmyran	Slått	Bjørka u	170060
Byåsen	Nedlagt plass	Bjørka i	172 008
Båtstofætta	Slått	Orås u	137037
Båtstofættbakken		Orås u	138037
Båtstofættløa		Orås u	137037
Dalin		Drivvoll i	138005
Dalvollen	Seter	Hegset u	121 937
Dalvollen	Seter	Bakken u	155 941
Dammen		Flakne u	148034
Dammen		Bakken u	180988
Damrya		Flakne u	145032
Damrya = Ellevsrya		Neset u	171 945
Damåsen	Seter	Bakken u	179988
Didrikhøgghaugen		Hegset u	135 934
Didrikslåtten	Slått i Høgghaugen	Hegset u	134935
Digerfurua	Slått	Flakne u	135 007
Djupdalen		Neset u	163 966
Djupdalsmyran	Slått	Neset u	161 965
Domrommet	Nedlagt plass	Flakne u	146000
Drivvollekra	Ekre	Tuset øst u	165 005
Drivvollen	Gard		139004
Drivøya		Drivvoll i	138008
Drøytjønna		Hegset	233 020
Egga		Tuset vest u	161 984
Egga		Orås u	127057
Egga = Gullbrandsegga		Bakken u	197967
Eidet	Elvestryk	Orås u	122054
Elsgrova		Neset u	164972
Elgslåttin		Flakne u	135 016
Elgstjønna		Tuset vest u	152059
Elgstjønnbekken		Tuset vest u	150068
Elgstjønnhaugen		Tuset vest u	151 063
Ellevsdalen	Slått	Bakken u	170957
Ellevsdalsbekken		Bakken u	165 967
Ellevdalsmyran		Bakken u	169960
Ellevsrya = Damrya		Neset u	171 945
Elva=Nea			160999
Enbakken	Nedlagt plass	Neset i	167001
Enbakksetra	Nedlagt seter	Neset u	157944
Enbakktrøa	Slåtteng	Neset u	167000
Endammen	Nedlagt delingsdam	Flakne u	146013
Endamkjølen		Flakne u	147013

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Engan	Slåtteng	Flakne i	141017
Engbekken		Flakne u	140016
Engberget	Svaberg	Flakne u	143 019
Engberget	Bergknaus i Nea	Flakne u	140009
Engbergåsen	Skogås	Flakne u	144020
Engbjørga	Sbgbjørg	Flakne u	144014
Engmodalen	Slått	Flakne u	142017
Engrnoen	Slått	Flakne u	141 017
Engmoodden		Flakne u	141 017
Ensyndet		Aunet u	140997
Ersåkeren		Hegset i	172 004
Evsjø	Gard		183 988
Fagerlibekken		Skogan u	127 943
Fagerbakkan	Slåtter	Uthus u	132984
Fagerbakksten	Stor stein i Usma		134983
Fagerlia	Slått	Skogan u	130940
Finnhamna	Beitestrekning	Uthus & Tuset	118 960
Finnkojelia			179914
Fit jen fremre	Engeslætte	Flakne u	137000
Fit jen indre	Engeslætte	Flakne u	136 996
Fjellmyran	Slått	Skogan u	116952
Fjellslått	Slått	Neset u	157 958
Fjellstuedalen		Neset u	162937
Fjellstuevollen	Seter	Neset u	162937
Fjellstuedalsmyra		Neset u	161 936
Fjordomsbekken			162996
Fjordomsmyra		Neset u	164979
Fjøsli	Ekre	Hegset i	172 005
Flaknan	Gard		144001
Flakneengan	Slåtteng	Flakne u	141 017
Flaknevollen	Seter	Flakne u	165 062
Flora kapell	Kirke		166001
Flåtten	Ekre	Flakne i	146998
Flågådalen		Bakken u	158 938
Flåkåmyra		Neset u	164987
Flåkåmyråsen		Neset u	165 987
Folkvang	Ungdomshus		164000
Folldalen		Hegset u	177 007
Fonnfjellet= Lille Lurberget		Hegset u	097 911
Foreninga	Forretning		166003
Forslåttin	Slått	Hegset u	188020
Fosbjørga	Skog	Hegset u	137017
Fossen	Slåtteng	Hegset u	138018
Fossjordet	Dyrka eng	Hegset u	138018
Foten	Ekre	Bjørka i	167007
Fredmo	Villa		162999

	Merknad	Gard	Koordinatar
		Bakken u	192988
	Gard		188998
		Skogan u	160005
		Skogan u	159004
	Slått	Orås & Tuset vest	138 050
		Hegset i	176006
	Ekre	Uthus i	159001
n			138002
= Oppigarden =	Hegstad		173 005
	Engeslætte	Langsmoen	123 048
			214 044
llet			226038
elta			144997
en		Bjørka i	166008
		Aunet u	139986
	Løe ved Nyvollen	Bjørka u	170058
	Løe i slåtte n g	Flakne u	141 020
en	Seter	Bjørka u	165 073
ngu			162002
	Nedlagt veg	Flakne & Uthus u	150000
	Seter	Flakne u	142026
	Seter	Orås u	138036
	Seter	Flakne u	162067
gen	Slått og Nedl. seter	Neset u	157949
	Slått	Langsmoen u	132028
	Dalføre	Hegset u	121 938
	Seter	Hegset u	121 938
	Elv	Hegset u	134960
	Elv	Neset u	158944
	Slått	Skogan u	123940
		Bakken u	154937
			095903
		Hegset	119 932
		Hegset	123 939
		Bakken u	154937
	Reksterveg	Uthus u	158 002
	Tidl. namn no gard		158003
	Reksterveg	Tuset i	165002
	Svaberg	Orås u	138038
		Bjørka u	
	Berg isetervegen	Flakne u	131 994
		Hegset u	213002
		Neset u	159916
nn Hilmo		Bakken u	
groenn		Neset u	158 913
n		Tuset øst	158072

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Grossvollen	Seter	Tuset øst u	162039
Grossvollhøgda		Tuset øst u	155 031
Grossvollknippen			156039
Grossvollia	Slått	Tuset ø & Hegset	164038
Grossvollrya			156039
Grossvolltjønna			160042
Grubbslåttan øver og ner	Slått	Orås u	143049
Gruvestuguekra		Skogan i	163 001
Gruvevegen		Orås u	150045
Grøbbba		Hegset u	102902
Grøbbbslåttan	Slått	Hegset u	118937
Grønnlia	Slått	Orås u	143 061
Grønnlia	Slått	Bakken u	154920
Grønneibekken		Orås u	146071
Grønneivollen	Seter	Orås u	144049
Grønneivollåsen		Orås u	143050
Gråberget		Orås u	135065
Grårya	Mosery	Bakken u	154916
Gråstenginn	Slått	Skogan u	120953
Gråsteinslåttinn		Orås u	135065
Gullbrandsegga		Bakken u	197967
Gullbrandsåsen		Skogan u	140962
Gullhaugen		Bakken u	183 980
Gunnarhaugkjølin = Hogkjølen		Uthus u	152012
Gurikåsa	Myrstrupe	Bakken u	179987
Gurikåsa	Slått	Orås u	138 051
Haldomyran	Slått	Flakne u	130995
Halla	Del av veg	Neset u	158949
Hallan	Skråning	Uthus u	155 006
Hallan	Myrer	Tuset vest u	165 022
Hallfuruslåttan		Hegset u	117931
Hallmyran	Slåttmyr	Bjørka u	167024
Hallmyran	Slåttmyr	Flakne u	145 010
Hallmyråsen	Skog	Bjørka u	164024
Halvdagsåa		Hegset u	201002
Halvdagsåbakken	Tømmerveg	Hegset u	202002
Halvdagsåfætta	Slått	Hegset u	200002
Halvdagsåmyra		Hegset u	202004
Hampkjeldalen		Aunet i	140001
Hampkjellhaugen		Flakne u	144008
Hansbua = Langmyrbua	Slåttbu	Neset u	162962
Hansheim	Gard		160998
Hanstrøa	Beitetrø	Bakken u	171 002
Hattlitjønna		Hegset	224011
Haugan	Gard		157002
Haugan	Gard		158001

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Haugaslåtten	Slått	Skogan u	123944
Hegli = Brautan			174008
Hegset	Gard		173 004
Hegsetbekken			173 003
Hegsethuset	Nedlagt kvernhus	Flakne u	143003
Hegsetøya	Slåttfætt	Skogan u	177 007
Hegstad = Oppigarden = Gammelgarden			173 005
Hemmesmyran	Slått	Neset u	167969
Hellbekken (e)		Hegset u	189011
Hellbekktjøna		Hegset u	185 028
Hellbekkåsan		Hegset u	189025
Helvetesdalen		Uthus u	110977
Henberget	Heinbrudd	Hegset u	169023
Henberget	Heinbrudd	Bakken u	176957
Henbergnyra		Hegset u	170024
Hesjedalen		Orås u	141 071
Hesjedalsbekken		Orås u	142075
Hestkåsa	Slått	Bjørka u	169059
Hestmyra	Slått	Orås u	139 053
Hestmyra		Bakken	173 003
Hestmyrbekken		Bakken	173 004
Hestspranget	Engeslætte	Rolset u	125064
Hestsåttån	Beite og slått	Rolset Orås	125063
Hesttrøa	Beite	Flakne u	149999
Hestvollan		Neset u	157 945
Hilmolia	Slått	Bakken u	173 953
Hitre Styggdalsrya		Tuset vest u	156059
Hogkjølen		Uthus u	152012
Hogsteren	Ekre	Drivvoll i	138 004
Hogsterhaugen	Skoghaug	Hegset u	211 001
Hogstret = Gunnahogstret	Skogstykke	Tuset vest u	159 977
Hola	To slåttar	Orås u	125 055
Holet	Slått	Tuset øst u	161 045
Holåsen		Tuset øst u	132960
Humblebrauta	Bakke i gamlevegen	Orås u	136041
Humblebrautbakken	Engeslætte	Orås u	136041
Humblebrautvelta	Tømmervefte	Orås u	137041
Hundryna	Slått	Neset u	164 974
Hundrya		Hegset u	206039
Husmannshusa	Tuft etter seterhus	Flakne u	147024
Husmannshusa	Tuft etter seterhus	Flakne u	128 993
Høgda	Gruvvegen gikk her	Tuset øst u	159033
Høgda		Flakne u	126 996
Høgshaugen		Skogan u	135936
Høgglia	Slått og beitemark	Flakne u	127005
Høglistrupen	Slått	Flakne u	127004

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Høgåsen	Skogås	Hegset u	178013
Høgåsen	Skogås	Flakne u	144034
Høgåsvollen		Hegset u	178012
Høgåsvollmyran	Slått	Hegset u	178013
Hågåekra		Skogan	161 001
Hågåån	Nedlagt plass	Skogan i	163 003
Hågåråa	Hjørne på gjerde	Aunet u	140003
Håmmårbrannen		Drivvoll	138008
Håmmåren	Slått	Flakne u	139035
Håmmåren	Plass nedlagt	Tuset øst i	166005
Håmmårfjellet	Fjellslått	Uthus u	120983
Håmmårholet	Slått	Uthus u	129966
Håmmårdjordet	Nedlagt plass	Tuset øst i	166005
Håmmårkammen		Tuset vest u	166008
Håmmårslåtten	Slått	Uthus u	126966
Hårålia	Slått	Orås	142058
Håråmyra	Slått	Tuset øst u	131964
Håråmyra	Slått	Uthus u	131 965
Håråmyrbrettet	Slått	Tuset u	130964
Hårråslåtten		Langsmoen u	130028
Ilenfætta	Engeslætte	Flakne u	141 027
Ilenfættbakken	Engeslætte	Flakne u	142027
Ilenfæthølen	Kulp i Nea	Flakne u	140027
Ingelibrikmyra	Lita myr	Skog an u	162006
Ingølmoen	Nedlagt bustad	Bakken u	177 003
Innleggjet	Myr ved jordet	Bjørka u	165 010
Ivarlia	Slått	Flakne u	130011
Jensan = N æssmo	Gard		157998
Jensskammen	Kammen ova jordet	Tuset øst i	165 005
Jensslåtten = Aunslåtten		Hegset u	115 918
J oan = Sandrnoen	Gard		159998
Johanåsan		Hegset u	170030
Johanåsmyra		Hegset u	170030
Jomoagroen		Hegset u	110938
J omoaslåtten		Hegset u	113 938
Jomyra	Slått	Tuset u	142046
Joslåtten	Engeslætte	Langsmoen u	132042
Julsetjøna		Langsmoen u	127 027
Julsetvollen	Nedlagt seter	Langsmoen u	128040
Kaldkjølen	Slått	Tuset u	119955
Kaldrnyra	Slått	Tuset u	119955
Kalkberget= Limberget		Neset u	161 943
Kalvskinnnet	Ekre på jordet	Uthus i	157000
Kalvtrøa		Skogan u	158 003
Kalvtrøa		Flakne i	148999
Kalvtrøa		Hegset	171 006

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Ralvtrøbakken		Hegset	171 005
Kamman	Kammane oppfør jordet	Tuset i	164005
Karibrautplassen	Nedlagt plass	Hegset u	178009
Karirya		Flakne u	150030
Karisbekken	Hegset u	Hegset u	115 926
Kattrya		Skogan u	148968
Kitilbjørge		Flakne u	146005
Kinna	Dalføre	Neset u	167924
Kinna	Slått beite	Flakne u	150026
Kinnbekken		Neset u	168927
Kinnvollen		Neset u	167924
Kinoosen		Flakne u	153 026
Kjerringberget	Kvernbrudd	Hegset u	179010
Kjerringtjønnbekken		Bjørka u	166075
Kjerringtjønnin	Tri tjern	Hegset & Bjørka	183 044
Kjølen	Høydedrag myr		150960
Kjølfonna		Uthus u	148970
Kjølhauget		Skogan u	143 964
Kleivan	Gard		141 007
Kleivbrauta	Bakke i veg	Flakne	141007
Kleivbrettet	Bjørgbrott v. jordet		142007
Kleivfætta	Engeslette	Flakne u	141 020
Kleivvegen	Markaveg	Flakne u	135000
Kløfta	Elvekløft	Skogan u	134960
Kløftvollen	Seter	Skogan u	137954
Knippen			165928
Koiebekken		Uthus i	156 999
Koiedalen		Bjørka u	173 073
Koiedalsbekken		Bjørka u	169073
Koiernyra	Slått	Tuset vest u	128957
Koieplassen	Nedlagt plass	Uthus i	156000
Kolbelian	Engeslette	Flakne u	142022
Kolbotnen	Gammal kolbotn på jorde	Flakne u	142014
Kolhogstret	Skog	Tuset øst	154980
Kolmilebotnen = Kolbotnen		Flakne u	133 996
Kolåsen	Skog	Flakne u	145012
Kongpeholet	Slåtteng	Skogan	130965
Kongperommet	Nedlagt plass	Skogan i	160004
Kongpeslåttan		Tuset øst u	165 041
Korsberget	Berg m. nat. kors	Bjørka u	170050
Kringelåslia	Slått	Tuset øst u	127960
Krokbekken = Mælabekken			155 966
Kubjørga	Skogbjørg mellom Hegset og Gresli		

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Kumyra = Høgåsvollmyra		Hegset u	178013
Kverna = Kvernhuset		Flakne u	144004
Kvernbekken		Flakne u	143 003
Kvernfallat		Hegset	173 010
Kvernhusbakk		Flakne u	144005
Kvernhusbakknyra		Flakne u	143007
Kvernhusråa		Tuset vest i	162996
Kvernhuset		Flakne u	144004
Kvernhusfætta	Slåtten g	Tuset øst u	166004
Kvitsteinbekken		Bakken u	197003
Kåsa	Slått	Tuset vest u	164073
Langfjellet	Fjell	Flakne u	120992
Langfonna	I vegleia	Skogan u	137953
Langlian		Bakken u	149946
Langrnyra	Slått	Neset u	162961
Langrnyra			138984
Langrnyra	Slått	Skogan u	159025
Langmyrbekken	Bekk over L.myra	Neset u	163 973
Langmyrbekken	Bekk over L.myra	Skogan u	159025
Langmyrbrettet	Slått	Skogan u	156023
Langremmet		Skogan i	162003
Langsetenget	Nedlagt småbruk		140025
Langsmoen	N edlagt gard		136035
Langsyndet	Slått	Bjørka u	163 020
Langsyndkroken		Neset u	171 994
Langsyndåsen	Skog	Tuset	161 020
Langtjønna		Hegset u	192037
Langtjønndalen	Bekkdal	Hegset u	194055
Langvadet	Vad i Nea fra Mælan til	Flakne	
Larsjordet = Larsrommet		Neset	158998
Lauvbekken		Skogan u	142952
Lauvet	Slått og skog	Hegset u	168038
Lauvåsen	Skogås	Tuset vest u	165 014
Lauvåstrøa	Skog tidl. slått	Bjørka u	166014
Leikmyr	Gard		189994
Leirgrava		Skogan i	163 004
Leirgravdalen		Drivvoll u	138004
Leirgravkammen		Hegset i	173007
Lia	Ekre	Flakne i	144000
Lia	Slått	Flakne u	128 998
Lia	Slått	Hegset i	174006
Lia	Slått	Uthus i	160003
Lian		Skogan i	162003
Lian		Tuset i	164 003
Limtjønna		Neset u	163 943
Litlbekken		Flakne u	141 021

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Litlbekkvelta		Flakne u	141 021
Litlbursåsen	Gjømmest. for mat	Skogan u	159013
Litlenget	Engslætte v. jordet	Tuset i	169006
Litlenget	Engeslætte v. jordet	Flakne u	150998
Li tigrønnlægda		Hegset u	127932
Litknippen	Fjell	Orås ø u	146054
Litllia	Slått	Tuset vest u	132957
Litlitiønna		Orås u	133 067
Litllivadet	Vad i Garåa	Skogan u	133 957
Litlliåsen	Skog	Tuset vest	130 955
Litllurberget	Fjell	Hegset u	097912
Litlmyra		Flakne u	132993
Litlmøllesteinen	Berg i elva	Hegset	179007
Litlmåltoppdalen		Hegset u	208028
Litlpåldalen	Slått	Flakne u	133 019
Litlpåslættet	Slått	Flakne u	132019
Litlsvarttjønna		Bjørka u	184054
Litlisyndet			139999
Litlvollbekken		Bakken u	179983
Litlvollen	N edlagt seter	Flakne u	137003
Litlvollen	Nedlagt seter	Bakken u	179978
Litlvollhola	Slått	Orås ø u	137043
Litlvollia= Litllia	Slått	Tuset vest u	132957
Li tvollåsen = Li tlliåsen	Skog	Tuset vest u	130955
Litløya	Slått	Neset u	158946
Livollen	Seter	Hegset u	165048
Liåsen	Skog	Hegset u	166043
Loken = Næssloken		Neset i	166001
Loken = Mælaloken		Neset i	156 996
Lomtjønna			171 948
Lomtjønna		Bjørka u	164032
Lortgrubba	Slått	Flakne u	133 008
Lusoladalen		Hegset u	181 010
Løa	Engeslætte	Flakne u	142019
Løberghamran		Hegset u	170005
Løpet	J ords kred omkring		
	1901	Flakne u	143025
Låvllia		Bjørka i	168007
Låvllia	Ekre mellom Heg-		
	setgårdene		173 005
Matåsen	Skogås	Bakken u	178 975
Melaslåtten		Tuset	124957
Melshogna	Fjell		255006
Mentsmyran	Slått	Skogan u	156024
Mentsllia	Slått	Skogan u	153 024
Merkesbekken			123 942

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Merkesfætta	Engeslått	Flakne u	139030
Merkeslølen	Kulp i Nea	Flakne u	138031
Merkeslia	Slått	Orås u	133068
Merkeslibekken			134084
Merkesvelta	Tømmervelte	Flakne u	140032
Merkesvelta	Tømmervelte	Aunet i	146996
Merkesøra	Or i Nea	Flakne u	140029
Merrarnyra		Neset u	172 977
Midtimyra	Slått	Skogan u	118952
Midiåssynda	Myrer	Tuset øst u	160994
Mikkelmýran	Slått	Hegaet u	186023
Mjølkhaugen	Har vært beitetrø	Tuset u	167006
Moabrauta	Braut i alm. vegen	Flakne u	141 008
Moabrettet		Flakne u	142007
Moan	Slått	Uthus u	154996
Mobekkdalen		Aunet u	139000
Mobekken		Aunet u	139002
Mobrauta		Aunet u	139000
Moen	Gard		141 008
Mosemyra	Myr	Bjørka u	171 011
Mosemyra	Lita myr	Hegset u	174010
Mosemyran		Neset u	175 984
Murmannsplassen=Oråsplassen	Gard	Orås i	122051
Myra	Nedlagt plass	Uthus i	157001
Myrabakkan	Slått	Flakne u	132993
Myrabakken		Uthus	158002
Myrabekken		Uthus u	137992
Myrli	Gard		185 999
Myrvoll	Gard		181 986
Myrvollbekken		Bakken u	180986
Myrvollen	Seter	Bakken u	187986
Mælan	Gard		156997
Mælingen	Har vært rydd	Bjørka u	167008
Måltoppen	Seter	Hegset	212015
Måltoppdalen	Dalføre	Hegset u	220019
Måltoppia	Slått	Hegset u	220010
Måltoppmyran	Slått	Hegset u	214 009
Nea	Elv		163 000
Nedre Bjørgavollen		Tuset vest u	161 069
Nedre Buåsdalen		Flakne u	143028
N edre Hola = Lillevollhola		Tuset u	137043
Nedre Måltopptjønn		Hegset u	213 022
Nedre Nonshaugen		Neset u	165 996
Nedstmyran	Slått	Skogan u	119953
Nekå	Gard		183 990
Nekåa	Elv	Bakken u	175 003

Namn	Melknad	Gard	Koordinatar
Nekåbjørga		Bakken u	178000
Nekådalen		Bakken u	175 998
Nekåmyra		Bakken u	176004
Nekåsjøen=Ævsjø en		Bakken u	180985
N erigarden = Hegset	Gard		173004
Nerjordet	Utskilt innmark	Neset i	168003
Nerkløftin		Bakken u	150930
Nertjønna=Nedre Støyttjønna			183 935
Nesdalen	Seter	Neset u	156943
Neset	Gard		166000
Nesdammyra		Bakken u	177 986
Nesmoen	Gard		157998
Nesmyran	Slått	Bakken u	182998
Nilshølen		Skogan u	138956
Nilsvollen		Skogan u	138955
Nonshaugbekken		Neset-Tuset vest	162997
Nonshaugen		Neset u	165 990
Nonshaugsynda		Neset u	164984
Nordigarden	Gard		139004
Nordigarden = Nordistuggu	Eldre gardsnavn	Tuset vest	163 002
Nordigardslia	Ekre	Tuset vest i	164 003
Nordigardsvollen =	Asvol len Seter	Tuset u	160982
Nordistuggu	Gardsnavn	Tuset vest i	163 002
Nordistuhuset	Kvernhus	Tuset vest u	165004
N ordre Lia = Nordgardslia		Tuset vest i	164003
Nylandet		Bjørka i	167006
Nylandet		Flakne i	146000
Nylandreinin = Reininn		Bjørka i	167005
Nyvollen		Bjørka u	170058
Oddan	Bergodder	Bjørka u	166036
Oddvollen	Seter	Bjørka u	166036
Olasvollen	Seter	Skogan u	137954
Olbakken	Bratt bakke i vegen	Hegset u	218 998
Oldertrøa		Skogan	158003
Oletrøslåtten		Tuset vest u	124960
Oljonsekra		Tuset vest i	164004
Olvelta	Tømmervelte	Hegset u	220995
Omgangsrynra		Skogan u	125 951
Oppigarden	Gard		173 005
Otte dalinn = Otte-Egga	Nedlagt bustad	Bjørka i	172 014
Ova-Rønningen	Skog	Uthus u	155 002
Pallan	Slått	Neset u	157943
Pallen	Slått	Tuset vest u	124960
Peolsslåtten		Tuset vest u	142057
Peolsøyen		Bakken u	181 971

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Petterbakken	Gard		158003
Plassekra			152999
Plassen	Gard		152999
Prekestolen	Sten	Oråsplassen	
Presthåmmåren		Orås u	123 055
Prinsvelta	Tømmervelte	Flakne u	144027
Pålbakken	Stad i vegen	Uthus u	156 995
Pålan= Uthustrøa	Gard		156996
Ratøyen		Bakken u	181 976
Ratøybekken = Lillevollbekken		Bakken u	179983
Ratåsen		Uthus u	152 018
Reina	Slått	Flakne u	131 993
Reinin = Nylandreinin		Bjørka i	167005
Reinin		Orås u	135048
Renskarsvollen	Seter	Hegset u	197020
Renskarsvollbekken		Hegset u	196011
Renskarsvollmyran	Slått	Hegset u	195019
Revdalen		Tuset u	142062
Revdalsmyra	Slått	Tuset u	139063
Ristbakkberget	Bratt veg	Aunet u	139001
Rotla	Elv		200070
Rotbjørga	Setermark	Tuset u	163 067
Rotdalen	Almenning		
Rotvollen	Seter	Bjørka u	166073
Rundhaugen			178926
Rundnyra	Slått		139989
Rundåsen	Skogstykke	Orås u	142044
Ruskli	Slått	Flakne u	129019
Ruskli	Slått	Neset u	159960
Rusklian	Slått	Uthus u	128972
Rusklibjørga	Skogli	Flakne u	130019
Rusklivollen	Nedlagt seter	Flakne u	129019
Rytmyra	Slått	Bjørka u	171 020
Rytmyrbekken		Bjørka u	172 013
Ryggen	Berg i Nedl. almannveg		145000
Rysta	Bergrygg med skogsнар	Hilmou	167915
Rødberga		Tuset u	138 038
Rød berghammeren	Svaberg	Tuset	138038
Rødbergvelta	Tømmervelte	Tuset	138038
Rødmoldbakken	Stad på seterveg	Tuset vest u	136043
Rønlimyra = Rønnimyra		Hegset u	166055
Rønningen	Skrinnslått	Uthus i	154001
Råna	Elv	Hegset u	139019
Rånbjørga	Skogbjørg	Hegset u	137 015

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Råndammen = Råndammet	Gam.dam for		
	kvernhus	Langsmoen li	134020
Rånflata	Skrinnslått	Hegset u	139020
Rånfossen	Foss i Råna	Hegset u	137020
Råsa	Elvebrudd på Flakne-Engene		141 012
Saga	Bekksag	Tuset u	162999
Sagbekken			162999
Sagplassen	Nedlagt plass		162998
Sandekra	Ekre	Bjørka i	167006
Sanden	Ekre	Flakne i	145000
Sandgroen	Hamning	Neset u	155918
Sandrnoen	Gard		159998
Sandromrnet	Nedlagt plass	Flakne i	145000
Sandslåtten	Skrinnslått	Flakne u	141 030
Saufloen		Skogan u	129943
Saustakkstoa	Slått	Skogan u	125 942
Setemna	Slått	Flakne u	142025
Seterbrennan	Skogås	Tuset øst u	165 020
Seterbrenndalen			164030
Seterbrennhaugen		Tuset øst	161 028
Simamyra	Slått	Tuset vest u	155 968
Simamyrholet	Slått		158968
Simamyråsen	Skog	Tuset øst u	155 966
Simaplassen	Bustad ca. 10 år kring 1740	Uthus u	152997
Sinkkjølen	Kjøøl	Hegset u	169030
Skarslette	To slåtter	Uthus u	139969
Skinbroka	Slått	Uthus u	127987
Sjediket= Skeivdiket	Dike i vegen	Tuset øst i	166006
Skjeftesmyra	Slått	Orås	136059
Skjeftesåsen		Orås u	138063
Skjetneås	Gard		187993
Skjettenli	Gard		188993
Skjetnåsen	Skog	Bakken	187993
Skjevfonna	Sted i vegen	Skogan u	131 945
Skogan	Gard		162001
Skog bakken	Skrinnslått	Skogan i	162003
Skogbakkan	Gard		161 005
Skoghuset	Kvernhus	Flakne u	144004
Skoglia	Slått	Skogan u	123 945
Skoglian	Ekre	Skogan i	162003
Skogslåtten		Hegset	117935
Skogvoll	Gard		184997
Skogvollen	Seter	Skogan u	153 987
Skogøya	Øy i Nea	Skogan u	154997

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Skrabbkjølen		Flakne u	130 991
Skreddarmyra	Lita slåttmyr	Hegset u	188016
Skulstugu			164000
Skåp bekken		Uthus u	136989
Skåp hølen		Uthus	136989
Sløipbakken	Slått	Flakne u	133 007
Sløbekken			172 924
Sløgda	Slått	Tuset u	136044
Smedjordet	Nedlagt plass	Bakken	172 002
Smedplassen = Smedjordet			172 002
Smihaugen		Flakne i	145 001
Smørfjellet			096925
Smørli	Hamnstrekning	Hegset u	102925
Småmyran	Slått	Tuset u	164014
Snøfondalin		Hegset u	112 896
Solbakken	Gard		172 007
Solli	Gard		176008
Sommerfjøsbakken		Drivvoll i	138004
Sommerfjøshaugen		Bjørka u	169008
Stamphuset		Flakne u	143003
Starrnyra	Starkjøel på Hemmesmyra	Neset u	167969
Steinslåttin		Neset u	173972
Stenuran		Uthus	132988
Stigmyra		Bakken u	170999
Storbakken		Flakne i	143 000
Storbekkdalen		Hegset u	110934
Storbekkdalen		Uthus u	115974
Storbekken		Uthus u	135979
Storbekken		Hegset u	118931
Storbekkøya		Uthus	133 978
Storbrauta	Seter	Hegset u	177 009
Stordalen		Hegset u	177 008
Storekra		Drivvoll i	139005
Storelva=Nea			160999
Store Måltoppdalen = Måltoppdalen		Hegset u	220019
Storfurumyra		Tuset øst u	161 025
Storfætta		Ørås u	126048
Storgroen	Godt beite	Bjørka u	180050
Storgroen		Ørås u	155045
Storgroen	Slått	Bakken u	151 933
Storgroenlægda		Hegset	125928
Storhogstret	Skog	Tuset øst u	156978
Storjødret	Nedlagt plass		163 998
Storkjølen			150960
Storknippen	Fjelltopp	Ørås	149047

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Storlivollen	Seter	Hegset li	107911
Storlia	Slått og hamning	Hegset u	107911
Storlia	Ækre	Bjørka i	167 006
Storlia		Uthus u	128972
Storlurberget		Hegset u	097926
Stormyra	Slått	Tuset vest u	165 066
Stormyra	Slått	Tusett øst u	155965
Stormyråsen			160965
Stormølnesteinen	Løst berg i elva	Hegset u	179007
Storpebjørga	Engeslått	Hegset u	138 022
Storrya	Ry	Bjørka u	172 056
Storslåttan	Slått	Hegset u	117934
Storstrøhaugen	Nedlagt plass	Uthus u	153 001
Storstrøstykket	Dyrka stykke i ut- mark	Skogan u	153 000
Storvelta	Tømmervelte	Uthus u	148997
Storvollen	Seter	Tuset vest	127953
Storvollfjellet		Skogan u	114 960
Storvollian	Slått	Tuset vest u	123 953
Storvollvadet	Vad i Garåa	Tuset	128951
Storøya	Slått	Neset u	159945
Storåsen	Skog	Hegset u	182018
Storåsen		Bakken u	173 957
Storåsmyra		Bakken u	177 962
Storåssteinen			173 954
Stubbhussun	Slått	Uthus u	128986
Stuguvoldalen		Hilmo Bakken	186984
Stuguvollåsen		Hilmo Bakken	184963
Styggbakken		Flakne u	141004
Styggbekken			172 923
Styggdalen		Tuset	157063
Styggdalsryin		Tuset u	156064
Stågåmyran	Slått	Skogan u	157016'
Stågåmyrstrupen		Skogan u	153 020
Svartbekkbakken		Uthus	153 986
Svartbekkdalen		Uthus u	154984
Svartbekken		Uthus u	154997
Svartbekkreina		Uthus u	154986
Svarthåmmåren		Orås u	
Svarttjønna		Bjørka u	188065
Svarttjønnvollen		Bjørka u	183 066
Svartvika		Neset u	166932
Svartåsen		Uthus u	150990
Svea	Bratt li	Hegset i	175006
Svea		Bakken i	168999
Svea		Neset i	167998

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Svenseirnyra		Neset u	168 985
Svenskbakken	Skal være begravd svenske soldater		170998
Svenskbakken	Skal være begravd to svenske soldater		168007
Synda	Trø	Tuset øst	161 995
Sørflaknan	Gard		142002
Syndinn	Myrer	Tuset vest u	161 990
Tangen	Tange i tjønn	Orås u	145037
Terva	Stad på vejen til Orås		135043
Tidbekken		Orås u	144042
Tidbekkmyran	Slått	Orås u	145 045
Tidbekktjønnna		Orås u	148050
Tidstadvætta		Bakken	179007
Tidstadhåmmåren		Bakken	178007
Tippen	Elveforbygg	Flakne i	141014
Tjæreveden	Myr	Uthus u	140990
Tjukkøyen	Beitemark	Flakne u	147020
Tjyvstakkstoa	Slått	Hegset u	119 931
Tjønnkjølen		Skogan	122952
Tjønnli	Gard		183 993
Tjønnmyra	Slått	Neset u	167966
Tjønnvollen	N edlagt seter	Tuset vest u	141 039
Tjønnvollmyra		Tuset vest u	142039
Tolasseмна	Slått	Flakne u	131 996
Tolasseмnet	Slått	Tuset vest u	160067
Tomastrøa = Sol bakken	Gard		172 007
Torkillbakken	Ekre	Flakne i	148998
Torkillmyra	Slått	Flakne u	146021
Tortlia	Nedlagt seter, slått	Neset u	158961
Trångdalen	Skogdal	Bjørka u	170065
Trångdalsbekken		Bjørka u	168072
Trånget	Slått	Bjørka u	172 063
Trettholet		Uthus u	136994
Trilasstanga	Slått	Bjørka u	168009
Tristangfjellet		Flakne u	129017
Tristangslættet	Slått	Flakne u	130017
Trondvelta		Hegset u	204004
Tuftin	Gam. gards tuft	Bjørka i	167003
Tullmoen	Ekre	Skogan i	161 004
Tuset	Gard		163 002
Tusetmyran	Slått	Bakken u	186998
Tusetskogen	Utskilt skogstrekn.	Tuset vest u	160990
Tusettrøa		Tuset øst i	160996
Tuva	Slått	Hegset u	
Tvillingsteinan		Bakken u	156923
Tys bergkammen	Skog		144989
Tørrismyra		Flakne u	145022

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
Uddu		Flakne	142004
Usma	Elv		141004
Usmabakken	Iseterveg	Skogan u	138954
Usmajbørga		Uthus u	136985
Usmabrua		Skogan u	138954
Usmabrua			140003
Usmadammen		Neset u	167938
Usmalia	Slått	Skogan u	138957
Usmaosen		Aunet	141004
Usmasjøen			169932
Ustigarden (Tuset)	Gard		164002
Ustigardshuset	Nedlagt kvernhus	Flakne u	144004
Ustigardsslåtten			125 953
Ustistuggu	Gard		139004
Uta-Råsa	Ekre	Flakne	141 014
Uthus	Gard		160001
Uthusbekken		Uthus	159000
Uthushuset	Nedlagt kvernhus	Flakne u	144005
Uthuslia	Slått	Skogan u	124953
Uthusmila	Kolmile	Uthus	142996
Uthusmyran	Slått	Skogan u	118 953
Uthustrøa=Pålan	Gard		156996
Uthusvelta		Uthus	142999
Uthusvollen	Seter	Uthus u	152983
Uthusøya	Oy i Nea	Uthus u	139010
Uthusøya	Slått	Skogan u	123 939
Vassdalen		Bjørka &Hegset	169048
Vassdalen		Tuset vest U	125 956
Vassdalen		Flakne u	125 987
Vassdallia		Tuset vest u	124958
Vekta	Stad ved veg	Orås u	132054
Velta = Annevelta	Nedlagt plass	Hegset	172 007
Viengtrøa	Gard	Tuset i	161 997
Viengtrøslåtten		Flakne u	137011
Vieskogrnyra	Slått	Flakne u	129991
Vieskogslåttet	Slått	Orås u	143054
Vindholet	Slåttmyr	Bjørka u	166031
Vingelmyran		Bakken u	175 977
Vista	Slått	Flakne u	131 011
Vollan	Seter	Orås i	135 043
Vollbekken		Flakne u	127992
Vollen = Oråsvoll	Gard		133 044
Vollhaugen		Bakken u	153 942
Vollhaugen		Flakne u	128992
Vollmyra	Slått	Flakne u	148023
Vollåsen	Skogås	Flakne u	147024

Nanbl	Merknad	Gard	Koordinatar
Vollåsen	Skogås	Flakne u	129992
Vora	Setermark	Flakne u	129935
Vorfjellet	Fjell	Flakne u	118994
Vorvollen	Seter	Flakne u	128992
Vågåskilet	Stad ved vegskil	Flakne u	132994
Våttån	Veteplass	Orås u	132057
Våttåkjølen	Veteplass	Flakne u	154017
Ysterlia		Bjørka i	168007
Ytre Brauta	Stad ved veg	Flakne u	141 030
Ytre Styggdalsrya		Tuset vest u	158060
Ytterjordet		Drivvoll i	138006
Yttervollen	Seter	Uthus u	130972
Yttervollia		Uthus	127971
Ævsjøen = Nekkåsjøen		Bakken u	180985
Ævsjøåsen		Bakken u	178982
Ævsjøåsmyrn		Bakken u	178980
Ornkjellen	Høgt område	Skogan u	129 947
Oråsbekken		Orås u	133 043
Oråsberget	Stad ved veg	Orås u	136042
Oråsdalen		Orås u	137053
Oråsen		Orås i	137048
Oråsmoen		Tuset u	161 010
Oråsmovegen		Tuset u	161 010
Oråsmyra	Slått	Orås u	138049
Oråsplassen	Gard		122052
Oråstjønna		Orås u	144040
Oråsvollen	Gard		133 048
Oråsvåttån	Vete	Orås u	132057
Ostre Brauta	Stad ved veg	Flakne u	141 018
Overkløftin		Bakken u	149922
Overmo	Gard		162998
Overtjønna= Øvre Støyttjønna		Hilmou	185 942
Øvre Bjørgavollen	Seter	Hegset u	213 002
Øvre Buåsdalen		Flakne u	142034
Øvre Hegset	Gard		173 005
Øvre Hola = Litlvollhola		Orås u	138041
Øvre Måltopptjønna		Hegset u	230007
Øvstmyran		Skogan u	116952
Øya	Skrinnslå tt	Hegset u	177 007
Øyan	Slått og beite	Flakne u	148018
Øybekken		Hegset u	178007
Øymyra		Hegset u	178011
Asan	Seter	Uthus u	152983
Asen	Gard		172 008
Asarommet	Nedlagt bustad	Tuset øst i	158996
Asvollen	Seter	Neset u	170972

Namn	Merknad	Gard	Koordinatar
A~vollen ~ver	Seter	Tuset vest u	160992
Asvollen ner	Seter	Tuset vest u	163 988
Asvollåsen	Skog	Neset u	170972
Asvollåsen	Skog	Tuset vest u	160982

Innhald	Side
Føreord	5
GREندا	11
Naturtilhøve	11
Oldfunn	15
Eldste garden i grenda	16
Næringsveggar gjennom tidene	20
Vegar og andre kommunikasjonar	26
Sjøregulering og elvutbygging	30
Bjørn og anna udyr	33
Namngjetne bjørneskyttarar	39
Skulen og lærarane	45
Lagsverksemd	49
Religiøst liv - Kyrkja	55
Flora kapell	60
GARD OG ÆTT	67
Eigedomstilhøve	67
Landskyld og skattar	72
DEI EINSKILDE BRUK	74
Ørås	74
Øråsplassen	84
Øråsvoll	85
Flaknan	90
Klevan	108
Moen	111
Stortrøa (Sandrommet)	113
Stortrøa (Domrommet)	114
Uthus vestre	119
Uthusplassen	130
Uthushaugan (Haugan)	135
Uthustrøa	138
Rønning	139
Hågånn	139
Koieplassen	140
Stortrøhaugen	141
Uthus austre (Skogan)	141
Skogan øvre	154
Haugen	155
Myra	158
Bakken	160
Ulset	162

Bakken (Kong-Pe-rommet)	162
Simaplassen	163
Tuset (Den gamle gard)	163
Tuset vestre (Nordigar'n)	170
Tuset vestre (Nordistugu)	176
Viengtrøa	182
Langsetenget	184
Tuset austre (Ustigar'n)	187
Håmmår'n	194
Brynnå	196
Tusetåsen	199
Drivvollen	200
Drivvoll vestre (Nordigar'n)	202
Drivvoll austre (Ustistugu)	205
Uthus (Den gamle gard)	116
Bjørken	207

Brattåsen	217
Bjørken vestre	221
Bjørkhaug	222
Byåsen	225
Asheim	226
Brattåsen	226
Bjørkåsen	227
Hegset	227
Hegstad (Hegset øvre)	246
Hegli	251
Solli	254
Solbakken	255
Brauta	259
Velta	259
Baromaritplassen	260
Bakken	261
Bakkhaugen	274
Smedplassen	275
Ingølmoen	276
Furumo	284
Leikmyr	285
Skjettenli	286
Skjettenås	286
Skogvoll	287
Granrno	288
Høgtun	288
Neset	289
Enbakken	305
Nesmoen	308
Florheim	311
Fredmo	312
Overmo (Nedl. plass)	314
Overmo	315
Høgrno	316
Hansheim	317
Sandmo	319
Næssmo	322
Mælen (Larsrommet)	326
Melan	327
Sørflakne	330
Nekåbjørga	276
Myrvoll	277
Langsmoen	336
Evstjø	278
Nekå	280

Tjønnli	280
BUMERKE	342
Bakkmyr	281
Bakkli	282
Myrli	283
STADNAMNREGISTER	345

VIDAREFØRING AV EIGA SLEKT

